HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 17.03.2015
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 11.03.15

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 46/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/15	Protokoll frå førre møte
PS 48/15	Delegerte saker
PS 49/15	Referatsaker
PS 50/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 51/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 52/15	Ny søknad om utlysing av stilling PPT
PS 53/15	Utlysing av stilling innen barnevern
PS 54/15	Mission Possible 2015 - betre samordning av tenester for barn i risiko på Sunnmøre - vidareføring av partnarskapet
PS 55/15	Detaljreguleringsplan for Stokksund gnr. 5 bnr. 1 mfl. - oppstart av planarbeid
PS 56/15	Hovudplan vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur
PS 57/15	Prioritering av samferdselsprosjekt 2015
PS 58/15	Overtaking av forvaltningsansvar for verneområda i Herøy kommune
PS 59/15	Områdereguleringsplan Fosnavåg hamn - handsaming etter avgrensa høyring
PS 60/15	Detaljregulering for Eggesbøjorda område F/K/O - Slutthandsaming.
PS 61/15	Detaljregulering for Huldal aust - slutthandsaming
PS 62/15	Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Slutthandsaming
PS 63/15	Skatterekneskapen 2014
PS 64/15	Ny brannstasjon i indre Herøy - ombygging av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2
	Referatsaker
RS 10/15	Jubileumsåret 2015 - markeringer knytta til andre verdenskrig.
RS 11/15	FV 654 Skarabakken - strakstiltak - budsjettvedtak
RS 12/15	Forskottering av undergang

PS 46/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 47/15 Protokoll frå førre møte

PS 48/15 Delegerte saker

PS 49/15 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2014/1991
		Arkiv:	410

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/15	Formannskapet	17.03.2015

NY SØKNAD OM UTLYSING AV STILLING PPT

Tilråding frå rådmannen:

Skuleavdelinga får løyve til å tilsetje rådgivar i 50% stilling ved PPT.

Særutskrift:

Saksopplysningar:

Viser til F-sak 40/15 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Formannsskapet ser at det er uheldig at det står ledig ei 0,5 stilling i PPT, sett i forhold til den satsinga kommunen har på tidleg innsats. Formannsskapet oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, ber formannsskapet om at saka vert lagt fram på nytt.*
2. *Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer saka.*

Viser til saksutgreiingane som låg til grunn for saka, basert på faktisk tal på stillingar i PPT (4,5), samt behov for kapasitet og kompetanse.

Når skuleleiar ber om at saka vert lagt fram på nytt allereie no, har det bakgrunn i den totale situasjonen på PPT.
Ein tilsett i 100% stilling har vore sjukmeld sidan oktober 2014; først 100% i oktober og november, deretter 60% i desember til medio januar, deretter 100% førebels til medio april. Prognosene er usikre.
Ein tilsett har fått auka opp si stilling frå 75% til 100% så lenge vedkomande er sjukmeld, men fortsatt står 75% (sjukmelding) + 50% (vakant etter oppseiing) ledig.

Den høge samla vakansen har store negative konsekvensar for det arbeidet PPT kan yte. Ein vakanse på 1,25 stilling er mykje i ei så lita avdeling. Å definere omgrepet er <u>forsvarleg</u> i denne samanheng er svært vanskeleg. Det som derimot er klart, er at

- ventetid på å få nye saker utgreidde, vert vesentleg auka
- fleire tilrådingar om spesialundervisning vert berre vidareført for neste skuleår utan ny sakkunnig utgreiing
- oppfølgjing av barn med rett til spesialundervisning ute i skular og barnehagar, samt rettleiing og dialog med tilsette ute, vert vesentleg redusert

I ein slik situasjon vil det hjelpe litt å få tilsett ein rådgivar i 50% stilling. Den usikre langtidssjukmeldinga må ein leve med inntil vidare.

Vurdering og konklusjon:

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Kan redusere slitasje og førebygge sjukdom mellom resten av dei tilsette.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Tidleg innsats, for å førebygge seinare større utfordringar.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Som nemnt i saksutgreiinga.

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>
Lønnsutgifter for stillinga er allereie budsjettert. Ein får refundert sjukepengar for tilsett i langtidssjukmelding.

Fosnavåg, 09.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Skuleleiar

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy

HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/392
		Arkiv:	411

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/15	Formannskapet	17.03.2015

UTLYSING AV STILLING INNEN BARNEVERN

Tilråding frå rådmannen:

1. Stillinga som barnevernkonsulent ved avdelinga Barn-, familie- og helse vert utlyst snarast råd.

2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

Særutskrift: Personal og organisasjonsavdelinga
Komité for helse og omsorg
Seksjonsleiar barnevern
Avdeling Barn-, familie- og helse
Økonomiavdelinga

Vedlegg: Ingen

Saksopplysningar:
Ein av barnevernkonsulentane ved barnevernsseksjonen har sagt opp stillinga si og vil verte pensjonist. Ho sluttar i stillinga rundt 17. mai i år. Barn-, familie- og helseleiar ber om å få lyse ut stillinga snarast råd slik at ein kan få på plass ny barnevernkonsulent så raskt som mogleg.

Det er sett tilsettingsstopp på stillingar, og rådmannen set krav om a ein må vurdere alternative løysningar som ein del av saken dersom ein ber om unntak frå denne regelen.

Barnevernseksjonen har i dag sju stillingar, kor ein er ei prosjektstilling oppretta med midlar får Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Stillinga som nå vert ledig er ei fast stilling som og har vore tillagt rolla som stedfortredar i seksjonen. Barnevernet har dei siste åra hatt mange og utfordrande saker dei har arbeida med. Det har og vore ein stor fokus på barnevern generelt i samfunnet, noko som til tider har vore utfordrande. Barnevernkonsulenten og avdelingsleiar orienterte formannskapet om barnevernet i kommunen i februar i år. Rådmannen ser det såleis slik at formannskapet er godt kjent med dei utfordringane barnevernet står overfor.

Det siste året har det og vore nokre sjukmeldingar i seksjonen, men seksjonen har vist stor vilje til å ta i eit ekstra tak slik at dette har vore minst mogleg skadeleg for brukarane. Seksjonen er organisert i tre team, undersøkelse, tiltak og omsorg. Dette er effektivt, men sjølvsagt og sårbart ved at det er berre sju tilsette i seksjonen inkludert barnevernleiar.

Vurdering og konklusjon:
Barneverntenesta i kommunen har mange og kompliserte saker dei til einkvan tid arbeidar med. Det er difor særs viktig å ha stabile og godt kvalifisert medarbeidarar med relevant utdanning i denne seksjonen. Seksjonen har vore stabil og det har nok og vore særs viktig når vi ser på dei utfordringane seksjonen har hatt dei siste åra. Det er også nå viktig å få tilset ein ny barnevernkonsulent så raskt som mogleg slik at seksjonen ikkje over tid vert for dårleg bemanna, særleg i forhold til å oppretthalde dei tre teama.

Det vil truleg uansett på kort sikt verte noko vakanse innan barnevern då det vil ta noko tid før ein tilsetting er gjennomført og ein ny person vil verte på plass. Det er viktig at denne perioden ikkje vert for lang.

Etter at ein fekk prosjektstillinga frå Fylkesmannen har ein sett det slik at sju stillingar i seksjonen er ein bemanning som er forsvarleg.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Det vil kunne få store konsekvensar for folkehelsa over tid dersom bekymringsmeldingar og oppfølging av konkrete saker innan barnevernet ikkje får ein forsvarleg oppfølging. Sakar som kunne vore sjekka ut eller følgt opp på eit tidleg tidspunkt kan få vekse seg store og føre til ekstra store skader og ulemper for sårbare barn.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særlege konsekvensar.

Konsekvensar for drift:
Vakanse over tid vil kunne føre til at ein ikkje vil kunne levere ei forsvarleg teneste innan barnevern. Dette vil både kunne føre til store konsekvensar for det einskilde barn og også for kommunen på sikt.

Konsekvensar for økonomi:
Utlysning av stillinga vil ikkje føre til ekstra kostnader for kommunen i forhold til det vedtekne budsjettet for 2015.

Rådmannen ber på denne bakgrunnen om at stillinga som barnevernkonsulent vert utlyst snarast råd.

Fosnavåg, 10.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Inger Marie Tofthagen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/354 F40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for Helse og omsorg	19.03.2015
54/15	Formannskapet	17.03.2015

MISSION POSSIBLE 2015 - BETRE SAMORDNING AV TENESTER FOR BARN I RISIKO PÅ SUNNMØRE - VIDAREFØRING AV PARTNARSKAPET

Tilråding frå rådmannen:

1) Herøy kommune vidareførar partnerskapet *Mission Possible* med sikte på betre samordning av tenester for barn i risiko.
2) Rådmannen oppnemnar kommunal kontaktperson for nettverket – frå einingsleiarnivå.
3) Eigenandelen på kr 35 736,- (kr 4,- pr innbyggar og 8.934 innbyggarar) vert finansiert frå konto 14900 reserverte bevilgningar/avsetningar ansvar 1011 funksjon 100. Denne kontoen vil då ha ein restsaldo på kr. 4 264,-.
4) Finansiering frå 2016 vert å kome tilbake til.
5) Kommunen føreset at øvrige aktørar i partnarskapet forpliktar seg til medfinansiering av satsinga.

Særutskrift: Barnehageleiar
Skuleleiar
Barn-, familie- og helseleiar

Vedlegg: ingen

Saksopplysningar:

Sunnmøre Regionråd har laga ei saksframstilling til bruk i dei 18 kommunane som har vore deltakar i Mission Possible. Det er her gjort nokre ytterst få korrigeringar i den. Fagfolk frå ulike einingar i kommunen har delteke på ulike samlingar i regi av Mission Possible. Samlingane har vore prega av gode forelesarar og gode prosessar for samarbeid på tvers av fagprofesjonar og nivå i forvaltninga.

Samandrag av saka:
Mission Possible er eit samhandlingsprosjekt mellom 18 kommunar på Sunnmøre, Helse Møre og Romsdal, Politiet og Bufetat, og er langt på veg unikt i nasjonal samanheng når det gjeld felles ledelsesprosessar og kompetanseutvikling på tvers av fag og nivå for å styrke samhandling, kvalitet og praksis for barn i risiko. Prosjektet har i sine forskjellige fasar fått støtte frå Helsedirektoratet, Bufdir, Helse Midt og Fylkesmannen. Prosjektet er mellom dei største samhandlingsprosjekta i Norge og er det største som Helse Midt Norge deltar i.

Det overordna målet med Mission Possible er å sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko, og styrke evna til samhandling hos aktørane som saman har ansvar for å hjelpe. For å klare dette må leiinga på tvers av fag og nivå vere samkøyrt, og ha felles forståing av felles oppdrag gjennom felles sentrale politiske styringssignal. Dette arbeider ein med gjennom felles utviklingsprosessar og kompetansehevande tiltak som skal bidra kvalitet i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt meir effektiv bruk av offentlege ressursar. Felles opplæring i nettverksledelse / samhandlingsledelse som metode skal vere gjennomført for leiarar på ulike nivå i kommunar, helseforetak, bufetat og politiet, og konkrete tiltak som styrker tidleg, rett og koordinert innsats til barn i risiko skal utviklast i fellesskap, evaluerast og implementerast. Vidare skal fleire relevante fagspesifikke og felles kompetansetiltak gjennomførast på tvers av fag og nivå.

Mission Possible har arrangert ei rekke fagdagar og samlingar for fagfolk og leiarar frå alle fag og nivå med ansvar for tenester til barn og unge – med utgangspunkt i uttrykt kompetansebehov i gruppene. Døme på tema: Teieplikt versus opplysingsplikt, Nettverksledelse, Samhandling internt i eigen organisasjon, samhandling med eksterne aktørar, Tidleg intervensjon og samhandling, Psykisk helse barn og unge, Skole som beskyttelsesfaktor for utsette barn, Trening i å handtere vald, overgrep og omsorgssvikt. Fagdagane har hatt frå 250 deltakarar til 100 deltakarar. Pr 1.1.2015 er det registrert 288 leiarar som deltakarar i prosjektet. I tillegg har fleire av fagdagane vore opne for tilsette på fagnivå. Eksterne forelesarar har vore henta frå bla: Universitetet i Stockholm, NTNU, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Bufdir, Barneombudet, Nasjonalt senter for vold og traumatisk stress, advokatkontoret Reiss-Andersen & co, Universitetet i Oslo.

Organisering

Mission Possible er basert på nettverk som organisasjonsform og nettverksleiing / samhandlingsleiing som metode. Arbeidet rundt barn i risiko er krevande, komplekst og mange aktørar har ansvar inn mot barnet/familien. Dette krev at leiing på tvers er samkøyrt, og at dei ulike aktørane arbeidar mot same mål for å løyse felles oppdrag (mission). Organiseringa i Mission Possible skal sikre både god styring og kvalitet, og må sikre medverknad frå alle involverte partar.

Styringsnettverket har møte om lag ein gong pr.månad, og har ansvar for å gi rammer, retning og ta felles overordna beslutningar for Mission Possible. Styringsnettverket er sett saman av utnemnde representantar frå overordna leiing hos aktørane. Deltakarane i styringsnettverket skal syte for forankring og medverknad frå instansane dei representerer.

Koordineringa av Mission Possible er fordelt på to personar i om lag 20% stilling kvar, og blir utført i nært samarbeid med styringsnettverk og referansenettverk.

Referansenettverket har møte ca ein gong pr. månad, og er sett saman av ein representant frå kvart fagområde med ansvar for tenester til barn, unge og familiar i hhv kommunar, helseforetak, bufetat og politi. Medlemmane kjem med faglege vurderingar og tilrådingar, og har ansvar for å syte for medverknad frå fagfelta dei representerer. I referansenettverket blir ulike problemstillingar drøfta – av personar med ulike fagblikk – noko som bidrar til meir heilskapleg fokus. Medlemmane i referansenettverket, med si forankring i ulike fagfelt, bidreg også til kvalitetssikring av den faglege aktiviteten i Mission Possible og samordning av ulike satsingar som kjem som styringssignal frå ulike departement og direktorat.

Aktivitet 2014

- Rapportar viser at barn i barnevernet ofte slit i skulen. 12.februar sette professor Bo Vinnerjung frå Universitetet i Stockholm fokus på korleis vi kan styrke opplæringstilbodet til barn i barnevernet – 100 deltakarar

- Felles rutinar ift teieplikt/opplysningsplikt og klare linjer ift handtering av problemstillingar rundt vald, overgrep og omsorgssvikt har vore etterspurt. Dette var tema for samlinga «Just do it» - frå ord til handling 13.-14.mai, i samarbeid med Nasjonalt senter for vald og traumatisk stress, Drammen kommune og Justisdepartementet. 150 deltakarar i 2 dagar

- Psykiske vanskar og lidingar er ei stor utfordring for enkeltindivid og samfunn. Assisterande direktør Arne Holte ved folkehelseinstituttet la fram forskningsresultat og gav gode råd gjennom si forelesning 11.sept: Korleis styrke psykisk helse og få meir fornuftig samfunnsøkonomi. 100 deltakarar.

- Styrking av psykisk helse er ei nasjonal satsing. 6.nov var det ny samling med Arne Holte – for å bidra til ytterlegare mobilisering ift samhandling psykisk helse – 100 deltakarar.

Høgare deltakaravgift – færre deltakarar

Det har vore stor aktivitet i styringsnettverk, referansenettverk og koordinatorteam i 2014, ikkje minst grunna omfattande arbeid med å sikre ekstern finansiering framover. Deltakartalet på fellessamlingane har gått ned, noko ein ser som ein klar konsekvens av at deltakaravgifta for samlingane vart sett opp. Det viser seg då å vere vanskeleg for fleire

kommunar å prioritere brei deltaking på samlingane. Dette er igjen uheldig for effekten av Mission Possible, då brei deltaking der fleire, med ulik fagbakgrunn, frå same kommune høyrer det same og kan dra arbeidet vidare lokalt.

Aktivitet 2015
Fagdagar gjennom Mission Possible skal vere relevante og opplevast nyttige sett i forhold til felles utfordringar. Førebels plan for 2015 legg opp til felles arbeid med følgjande – både gjennom felles fagdagar, men også lokalt.

- Organisatorisk forpliktande samhandlingsmodell psykisk helse – inkl.fellesrutinar, samhandlingsforløp, utprøving, evaluering, opplæring og implementering.
- Skjerpa krav til heilskapleg oppfølging og tilsyn med barn i barnevernet – fortsettelse frå 2014 etter mandat frå rådmennene.
- Intern samhandling i kommunene – leiing, organisering, kompetanse og tiltak
- Organisering av kjerneoppgåver i interkommunale samarbeid i lys av kommunereforma.

Mission Possible – nytteverdi for Sunnmøre?

- Unge uføre

En ung ufør har ein estimert kostnad på ca 450.000 pr år. Med dagens pensjonsalder vil det seie at talet kan multipliserast med 42. Vidare vil det offentlege tape skatteinngang frå den enkelte. Ein eventuell gevinst for å få ein ungdom tilbake på sporet vil altså minst kunne gi ei samfunnsmessig innsparing på 19 million pr ungdom. (kjelde: Høgskulen i Hedmark). Derfor arbeidar Mission Possible for å få ned fråfallet mest mogleg blant ungdom.

- Tidlig forebygging barn

Innsats mot ungdom har ein effekt på mellom 15 og 20% ved ungdomsskulealder.
Innsats mot barn 1-2 klasse har ein effekt på mellom 70 og 80 %, vidare er dei fleste tiltaka av kortare varigheit enn for ungdomsgruppa.
Derfor arbeidar Mission Possible for å stimulere tiltak så tidlig som mogleg i barnehage/skule.

- Institusjonsplassering.

Institusjonsplassering har ein varierande kostnad på mellom 3.500 – 5000 pr døgn.
Kommunen sin eigenandel er maks 75.000 pr mnd. I tillegg kjem utlegg til familiebesøk etc.
Snittkostnad for ei fosterheimsplassering er ca. 25.000 pr mnd, og varierar etter behovet for frikjøp av fosterforeldre, familiebesøk (eks avstand fosterheim/biologiske foreldre), kor ofte ein skal ha av besøk pr år etc.
Derfor arbeidar Mission Possible for å finne effektive tiltak som kan forebygge problem og styrke heimane til barna for å søke å unngå plasseringar i fosterheimar og institusjonar.

- Folkehelse/psykisk helse

40% av sjukefraveret i Norge skuldast psykiske lidingar. Halvparten av dette sjukefråveret er

knytt til lettare psykiske plager, som med tidleg innsats ofte kan kurerast. Dei fleste som får desse plagane får dei i ung alder og blir gjerne uføretrygda i mange år, med store offentlege kostnader. Det finst ulike tiltak som kan bryte uheldig utvikling tidleg. Til dømes mestringskurs viser seg å ha god effekt, og kan på sikt bidra til reduksjon i sjukefråvær. 40% av uførheit skuldast psykiske lidingar, og for psykiske lidingar er tapet av arbeidsår heilt oppe i 21 år. Ei rekke forsøk dokumenterar at ein kan få målbar effekt med enkle grep i skule, samt satsing på folkehelse. Det er eit mål å kunne senke andelen av befolkninga som har psykiske plager frå 8 % til 4,5 %. Dei 8% har ein årleg kostnad på nærmare 70 milliarder kroner. Ein senking til 4,5 % vil altså kunne sørge for ein besparelse opp mot 45% , dvs. mellom 28 og 31 milliarder årleg. (kilde: folkehelseinstituttet). Dette er grunnen til at Mission Possible vrir prosjektet over mot psykisk helse i 2015.

- Marginalisering, polarisering og radikalisering

Komplekse og dels nye utfordringar relatert til barn og unge krev intensivering av samhandling på eit heilt nytt nivå, og er eit satsingsområde innan dei fleste profesjonar. Ikkje minst gjeld dette signal frå justisdepartementet. Kommunane på Sunnmøre er relativt små i nasjonal målestokk, og det er pr. i dag ikkje gode nok samarbeidsrutinar på tvers av kommunegrenser og profesjonar for å kunne fange opp og hjelpe på individnivå – ikkje minst i eit forebyggande perspektiv. Barn og unge kan bu i ein kommune, gå på skule i ein anna og ha fritid/ sosialt nettverk i ei anna kommune. Ein viktig grunn til aktiv deltaking frå politiet si side er at Mission Possible vil avklare og forhindre rollekonfliktar, dobbeltarbeid, fragmentering og pulverisering av ansvar.

VEGEN VIDARE FOR MISSION POSSIBLE

Mission Possible har pr. i dag til drift ut januar. Rådmannsgruppa har i fellesmøte tydeleg uttalt at den felles satsinga gjennom Mission Possible er for viktig til å forvitre, og at kommunane bør gå inn med ein eigenandel dersom eksterne midlar uteblir. Satsinga på psykisk helse vart trekt fram av fleire rådmenn som nødvendig fellesarbeid der organiseringa på tvers av kommunane ville gi betre effekt enn satsing enkeltvis i kvar kommune.

Mission Possible si framtid har ei stund vore usikker grunna sviktande finansiering, og oppslutninga i 2014 har variert frå kommune til kommune. Ein står no ved eit skilje. Så langt har det vore ope for alle kommunar å delta med så mange deltakarar dei ynskjer. Nokre kommunar har sendt mange deltakarar på kvar samling, og arbeidd saman i eiga kommune med problemstillingane mellom samlingane. Andre kommunar har prioritert mange deltakarar på samlingar som høver godt ift eigne satsingar, men delteke mindre på andre samlingar. Nokre få kommunar har delteke lite.

Utvikling av forpliktande samhandlingsmodell for å styrke barn og unge si psykiske helse vil vere satsingsområde for Mission Possible i 2015. Dette både fordi sentrale styringssignal er sterke på dette feltet, men også fordi fleire kommunar har satsingar på området. Haram kommune har motteke midlar til å utvikle ein samhandlingsmodell mellom kommunen og helseforetaket for å styrke psykisk helse hos barn og unge. Modellen vil bli utvida til også å gjelde Bufetat og Politiet. Helse Møre og Romsdal har på si side fått midlar frå Helse Midt-Norge til å implementere samhandlingsmodellen i fleire kommunar. Det er ynskjeleg at andre kommunar medverkar i utvikling av modellen saman med Haram, slik at produktet som blir utvikla kan ha mest muleg nytteverdi for fleire kommunar på Sunnmøre. I modellen ligg også implementering av samhandlingsmodellen «Kvalitet i alle ledd» som er utvikla mellom kommunar på Nordmøre og i Romsdal i samarbeid med Helse Møre og Romsdal. Denne modellen inneber mellom anna at BUP deltek meir i arbeidet ute i kommunane, blant anna

gjennom familiemøte før tilvisning, hjelp til kompetanseheving og konkret bistand i vanskelege saker på eit tidlegare tidspunkt.

Referansenettverket er eit nettverk med brei fagleg kompetanse, men sikrar ikkje medverknad frå kvar kommune. Det har vore eit sakn så langt i prosessen. Intern samhandling hos kvar av aktørane er berande for samhandlinga ein får til på tvers. Det er grunn til å tru at effekten av Mission Possible vil bli endå betre ved at kvar kommune utnemner sin representant i eit nettverk, som i nært samarbeid med koordinatorane kan bidra til å løfte felles utfordringar inn i Mission Possible og finne gode løysingar. Det er forventa at arbeidet gjennom Mission Possible kan bli endå meir treffsikkert og nyttig ved ei kobling på tvers av einingsleiar / kommunalsjefnivået i dei ulike kommunane. Eit slikt nettverk vil venteleg også kunne bidra til ei proaktiv tilnærming til utfordringar i kommunereforma.

Mission Possible starta som eit prosjekt, men har utvikla seg til å bli ei arbeidsform som kan nyttast på tvers av fag og nivå, som kan bidra til gjennomføring av sentrale styringssignal og samordning og implementering av nye ordningar og legge fram oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser og offentlege aktørar. Styringsnettverket tilrår at det blir inngått formell partnerskapsavtale mellom partane som vel å vere med i Mission Possible vidare.

Det er den einskilde kommunen som sjølv avgjer om det er aktuelt å delta i Mission Possible vidare, og som syter for administrativt og/eller politisk vedtak på dette, og kommunane er oppmoda om avklaring innan 1.mars 2015. Saka blir også lagt fram som sak i styret i Sunnmøre regionråd.

Styringsnettverket (styringsgruppa) i Mission Possible er opptatt av at dette partnarskapet bør kunne ha ei enkel organisering og likevel ha legitimitet gjennom forankring i kommunestyra, på leiarnivå og gjennom kommunen sin kontaktperson. Prosjektet tek opp i seg ein del utfordringar kommunane uansett vil kome til å handtere som ein del av den førestående kommunereforma. Ved å vere så vidt godt i gong på fagnivå, vil kunne gjere arbeidet med tett integrerte tenester for barn i risiko noko lettare. Dette er særskilt relevant for våre mange relativt små kommunar i vår region.

Referansenettverket har vore ein stor ressurs i Mission Possible. Kvar faggruppe som har ansvar for tenester for barn og unge vel kontaktperson. Det betyr at det er ei jordmor, ein psykolog, ein barnevernskurator etc. som representerer eige fagområde i nettverket. Denne gruppa er sentral i utforming av fagleg prioritering og er grunnlag for tema og vinkling på fagdagane som er planlagt. Dette har i hovudsak fungert svært godt i nettverket sidan starten i 2010. Profesjonsgrensene viser seg å bli viska ut i desse nettverka når ein set fokus på felles utfordringar, og tek brukarperspektivet på alvor.

ØKONOMI

Kostnader:	
20% prosjektkoordinator	200.000
Kjøp av rådgjevingstenester	200.000
Adm.kostnader	50.000
Lokal rettleiing i kommunane	150.000
Fem dagsamlingar i nettverket	150.000
Crosswall kommunikasjonsverktøy	50.000
SUM 2015	800.000
Inntekter	
Kommunal eigenandel kr 4,- pr innb.	600.000
Tilskotsmidlar Helse Midt	200.000

SUM 2015	800.000

Arbeidstid for alle deltakande aktørar er ikkje medrekna.
Helse Midt Norge har i tillegg løyvd kr 1,5 million til kompetanseheving og implementering av samhandlingsmodellen i kommunane i Møre og Romsdal.

Vurdering og konklusjon:
Kommunane har sidan starten i 2010 i aukande grad sett verdien av dette partnarskapet som Mission Possible er, kort sagt fordi det offentlege Norge ikkje er gode nok på tidleg intervensjon og samhandling for barn i risiko. Klassisk organisering og leiing av fag fungerer generelt bra i horisontale linjer, men det viser seg gong på gong, i eigen kommune og andre stader i det offentlege Norge, at vertikal integrasjon er svak og ustrukturert, profesjonsstyrt og utan borna våre og borgarane i fokus.

Dei fleste kommunane på Sunnmøre har delteke breitt – og ikkje nok med det – dette har blitt eit styrt nettverk som Buf-etat, Helse M&R og politiet omfamnar. Dette er arenaen andre regionar ikkje har fått til, der alliansar vert bygde. Dette har blitt eit kompetansenettverk som også rådmenn og folkevalde etter kvart no forstår rekkevidda av.

Konklusjonen er klar: Nettverket er langt på veg unikt i nasjonal samanheng når det gjeld ledelsesutvikling og kompetanseutvikling på tvers av fag og nivå for å styrke samhandling, kvalitet og praksis for barn i risiko. Kommunane vil sjølve bidra til ei vidareføring og vidareutvikling av nettverket, og samarbeidspartnarane bør ikkje la sjansen gå frå seg.

Konsekvensar for folkehelse:
Ein aktiv deltaking i nettverket kan på sikt ha stor verknad for folkehelsa i Herøy.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for drift:
Kan få store konsekvensar på sikt.

Konsekvensar for økonomi:
Ikkje vesentlege utanom det som løyvast i eigenandel**.** Utgiftar til deltaking i samlingar dekkjast innanfor vedteke budsjett.

Fosnavåg, 04.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/172
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/15	Formannskapet	17.03.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND GNR. 58 BNR. 1 MFL. - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding frå rådmannen:
Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Stokksund.

Særutskrift:
AG Plan og Arkitektur AS Webjørn Svendsen gate 12 6150 ØRSTA

Vedlegg
1 Søknad om oppstart av planarbeid datert 23.2.2015
2 Spørsmål til drøfting i oppstartsmøte 6.3.2015
3 Referat frå oppstartsmøte 6.3.2015
4 Forslag til planavgrensing

Saksopplysningar:

BAKGRUNN FOR FORMÅL MED PROSJEKTET

AG Plan og Arkitektur AS har på vegne av grunneigarane i det aktuelle området søkt om løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Stokksund. Formålet med tiltaket er å legge til rette området for bustadar med tilhøyrande infrastruktur. Søknaden er motteken/journalført den 23.02.2015.

PLANSTATUS OG PLANPROSESS

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 6.3.2015 for å avklare bla. planavgrensing og kommunale krav til planarbeidet.

Avgrensinga av planområdet er nærare vist i program for planarbeidet, som følgjer vedlagt. I sør-vest grensar planområde til detaljreguleringsplan for FV 654 Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua. Omsøkt areal er i samsvar med ny kommuneplan.

Til spørsmål om avkøyrsle frå Fv.654 til B33 har Statens vegvesen har gitt fylgjande uttale til kommuneplanen sin arealdel knytt til tilkomst til B33: *Vi føreset at tilkomst vert knytt til det lokale vegnettet, utan ny avkøyrsle/avkøyring frå fylkesvegen. Tilkomst til TJ18 og B33 bør vurderast og sjåast i samanheng med reguleringsplanen som er under utarbeiding for fylkesvegstrekninga Indre Herøy kyrkje — Stokksundbrua.*
Kommunen legg såleis opp til at tilkomst til B33 skal vere via det eksisterande vegnettet utan ny avkøyrsle frå fylkesvegen. Forslag til planavgrensing er derfor utvida til å ta med Grøndalsvegen slik at planen går i grensa til *detaljreguleringsplan for Indre Herøy – Stokksundbrua.*

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket er ei detaljregulering i medhald av PBL § 12-3. Rådmannen viser elles til at det skisserte planformålet er i samsvar med arealbruken i kommuneplanen og rår på dette grunnlag til at det vert gjeve løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid i medhald av PBL § 12-8.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha konsekvensar for folkehelsa.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Tiltaket har ingen beredskapsmessige konsekvensar.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Tiltaket vil heller ikkje ha driftsmessige konsekvensar.

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>

Tiltaket vil ikkje få noko form for økonomiske konsekvensar for kommunen.

Fosnavåg, 06.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivande ingeniørers forening RIF

23.2.2015

Herøy kommune
Formannskapet
Pb. 274
6099 Fosnavåg

Søknad om oppstart av planarbeid – detaljplan for B33 – Stokksund i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for formannskapet i Herøy kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsplan for B33 på Stokksund i Herøy gnr. 5 bnr. 1 mfl.

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar m/ tilhøyrande infrastruktur. I tillegg finn tiltakshavar det tenleg å ta med kommuneplanen sitt viste utvidingsareal til skulen.


Tiltakshavar: Opplysningsvesenets Fond (OVF) Jan-Fredrik Wasmuth.



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Telefon: 70 06 16 00
firmapost@agplan.no
www.agplan.no
Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

Kommuneplan:



Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel 2013-2025

Areal Ovf ønskje skal inngå

Ev areal for Grøndalsvegen

Nytt bustadfelt B33

Nytt offentleg/privat område for tenesteyting


Kommuneplanen sin arealdel 2013-20125 vart vedteken i kommunestyre i K-sak 137/14 i møte 24.11.2014. Området B33 er vist som framtidig bustadareal med krav om reguleringsplan. Arealet sin størrelse er 79,9 daa. Vest for B33 ligg TJ18 som er eit areal for offentleg/privat tenesteyting som utgjer 23,4 daa.


Plangrense:

Vi legg til grunn at plangrensene følgjer grensene fastsett i kommuneplanen for bustadområdet B33.Ovf ser det føremålstenleg at også det nye arealet tilhøyrande TJ18 vert teken med m.a. for å vurdere felles/samanhengande løysing på ev. støytiltak langs FV654. Tiltakshavar (som er grunneigar) ser det elles som tenleg å få arealet regulert med sikte på overdraging/sal av «skule»-arealet til kommunen.

I innleiande drøftingar med kommunen er det peika på at det kan vere aktuelt å krevje planområdet utvida frå vegen Prestegardsmyrane til vegen Prestegardsvegen. Dette slik at planen for B33/TJ18 vert sydd saman med pågåande planarbeid der Prestegardsvegen inngår.

Vi ber såleis avklara kva plangrense som vert kravd i denne saka.






Oversikt namn vegar *Pågåande reguleringsarbeid*

Bakgrunn for saka:

Tiltakshavar har våre aktiv i prosessen som Herøy kommune har hatt med forminga av kommuneplanen. Opplysningsvesenets Fond (Ovf) leverte innspel 14.5.2012 med planskisse og planomtale for eit aktuelt bustadområde i Stokksund - Prestegardsmyrane. Kommunestyret kom innspelet langt på veg i møte slik kommuneplanen 2013 – 2025 no er forma.

OVF ønskjer å gå vidare med neste steg, detaljregulering av arealet tilhøyrande prestegarden; området B33 og nytt skuleområde.



Planskisse henta frå innspelet i 2012.

Oppstartsmøte:

Saka har våre drøfta med utviklingsleiar Jarl Martin Møller i Herøy kommune som opplyser at søknad om oppstart av planarbeidet må leggjast fram for formannskapet for behandling før ein kan gå i gang med reguleringsarbeidet. Oppstartsmøte er fastsett til 6.3.2015 og vil vere avvikla til formannskapet sitt møte.

Vi ber med bakgrunn i dette brevet om formannskapet si handsaming av saka.

Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):

Tiltaket er etter vår vurdering ikkje av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2. Vi viser til kommuneplanen sine materielle og prinsipielle avklaringar.

Kommuneplanen sin KU har likevel nokre forhold som er kravd avklara i detaljreguleringsplan:

a) Støy og ev støydempande tiltak
b) tilkomst
c) teknisk infrastruktur
d) raudlistearter i område

Vi kan ikkje sjå at desse utgreiingane medfører ny KU, men at utgreiing kring forholda kan gå fram av planomtalen og ved eigne temarapportar som følgjer planframlegget.

- For å avklare støysituasjonen og ev tiltak vil tiltakshavar dokumentere dette gjennom eigen støyrapport (registrert døgntrafikk i dag er ÅDT 3 500.
- Tilkomst vil bli avklara i den grad og det omfang kommunen krev.
- Teknisk infrastruktur vert vist med detaljerte løysingar for vegar, stiar mv. Løysing for leidningsanlegg vert vist som prinsippskisse med tilknytingspunkt og hovudleidningar/-trasear
- Det er registrert eitt punkt innan B33 registrert som raudlistart. Vi kjenner ikkje til «omfang/potensiale», men tiltakshavar vil rette seg etter fylkesmannen sitt pålegg om utgreiing av spørsmålet. Vi legg til grunn at fylkesmannen vil klargjere dette forholdet i tilknyting til innspel/merknad til forvarslinga. Det vil bli utarbeid eigen fagrapport med bakgrunn i naturmangfaldslova som følgjer planframlegget.

Tenkt arealbruk:

I planskissa som vart spela inn til kommunen i tilknyting til kommuneplanarbeidet vart det vist areal til ulike typar bustader. Det er eit viktig poeng at bustadområdet skal nå tak i den kvaliteten som nærheit til sjø gir. Det er lagt til grunn tomtestorleikar på 0,7-1 daa. Ein tenkjer å legge til rette for ulike buformer:

- for nyetablerarar: 2-mannsbustader, ev. rekkjehus med 3-5 bueiningar og 4-manns bustader

- for familiefolk: frittliggjande einebustader og 2-mannsbustader

- og ev for einslege/1. gongs etablerarar/seniorar: leilegheiter i blokk.

I tillegg til bustadarealet kjem leikeplassar, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg, annan veggrunn, parkeringsplassar), grøntstruktur (friområde) og ulike omsynssoner. Fleire føremål kan kome til undervegs i reguleringsprosessen.

Tilkomst – vegtilknyting offentleg veg:

Tilknyting til offentleg veg er tenkt via vegane – Prestemyrane - Grøndalsvegen – Prestegardsvegen til fylkesveg 654. Vi viser til omtale lenger framme og ber avklara plangrense.

Særskilde moment:

Viser til kommuneplanen sin KU-del. Støy, naturmangfald, kulturminne, osv. vert sentrale punkt, men hovudsaka gjeld å få til ein plan som gjev eit godt bustadtilbod. Dette betyr både eit variert butilbod og god disponering av arealet slik at det vert grunnlag for eit godt bumiljø. For realiseringa av utbygginga må planen gjevast ei form som gjer stegvis utbygging av arealet realistisk og at vilkåra elles gjer utbygging økonomisk forsvarleg.

Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.

Framdrift:

Tiltakshavar ønskjer å setje i verk planarbeidet snarast samt seinare kunne setje i verk utbygging straks reguleringsplanen er stadfest. Tiltakshavar torer difor å be om snarleg tilbakemelding på denne førespurnaden.

For tiltakshavar

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF.

(kaare.gjengedal@agplan.no)

Kopi til tiltakshavar:
- Jan Fredrik Wasmuth (jan-fredrik.wasmuth@ovf.no)
- Morten O. Kildahl (MortenO.Kildahl@kruse-smith.no)

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •Arkitektbedriftene * Rådgivande ingeniørers forening

OPPSTARTSMØTE **Side 1**	PROSJEKTNAMN: DETALJREGULERINGSPLAN B33 M.M - PRESTEGARDSMYRANE - HERØY KOMMUNE PROSJEKTNR : 2230	MOMENT TIL DRØFTING/ AVKLARING DATO: 6.3.2015

Viser til avtala oppstartsmøte 6.3.2015 der spørsmål om oppstart av detaljregulering av områda B33, TJ18 og ev vegtilkomst skal drøftast.
Momentlista nedanfor er moment tiltakshavar ønskjer avklara på møtet. I tillegg til dette notatet er notat stila til Herøy kommune v/ Formannskapet dat. 17.2.2015 utarbeidd og vert sett på som eit supplement for drøftingane. *Tekst forma som spørsmål/saker ein ønskjer svar på er i kursiv skrift.*

Sak		Omtale
1	Status kommuneplan	Viser til at kommunestyret vedtok planen i november 2014. Så langt vi kan sjå er det ikkje knytt motsegn til dei aktuelle planområda B33 og TJ18. *Ber stadfest at planabeid i prinsippet kan startast opp.*
2	Type reguleringsplan	Tiltakshavar legg til grunn omtale i KU-skjema for B33 og at det skal utarbeidast detaljreguleringsplan.
3	Målet med planen	Å utvikle eit bustadområde med vilkår for gode bumiljø og vilkår for realistisk delutbygging av området. Å regulere «det nye skuleområdet» samtidig med B33 for å kunne få til ei heilskapleg løysing for støyskjerming av områda. Skuleområdet er føresett regulert som «flateplan» der støysikring, byggegrense og bygningsvolum (gesims og mønehøgd) vert fastsett. Anna detaljeringsgrad vil medføre tunge prosessar innan kommunen i høve detaljbruk av området der etatar og brukargrupper og er ikkje føresett. *Har kommunen anna syn vedkomande skulearealet?*
4	Planføremål	Vi oppfattar bustadføremålet i K-planen som «romsleg». Vi legg difor til grunn at bustadføremålet både kan innehalde frittståande bustader, konsentrerte småhus og ev bustadblokk i inntil 3 etg. I tillegg kjem arealbruk som leikeareal, friareal, vegar mv som høyrer til i eit bustadområde. Skuleområdet er tenkt regulert til «undervisning». *Har kommunen anna syn ?*
5	Planprogram, KU. Nærmare utgreiingar.	Kommuneplanen sin KU- viser til tema som må nærmare utgreiast: a) Støy og ev støydempande tiltak b) tilkomst c) teknisk infrastruktur d) raudlistearter i område *Ber avklara at kommunen er samd i at desse utgreiingane ikkje medfører ny planprogram/KU-utgreiing, men at utgreiingane kan gjerast tematisk (i eigne rapportar) og takast med i planomtalen.*
6	Plangrense	Ovf har som grunneigar interesser knytt til områda B33 og TJ18. *Med bakgrunn i KU-en for B33 m. fl. (jf tilkomst) ber vi avklara plangrense*
7	Pågåande planarbeid	*Ber avklara om det pågår planarbeid av betydning for saka?*
8	Felles handsaming av reguleringsplan og byggjesak	Ikkje aktuelt
9	Kommunale retningslinjer	*Ber påpeika/avklara om det ligg føre kommunale retningslinjer som har konsekvens for planarbeidet*
10	Bestemmingar i kommuneplanen	*Ber påpeika/avklara om der er bestemmingar i kommuneplanen av betydning for plansaka*
11	Viktige vurderingar	Vi legg til grunn at planprosess/planomtalen skal utgreie og ta omsyn til vurderingar som (jf elles pkt 5):

		- Bustadformer og tilhøyrande utnyttingsgrad, møne- og gesimshøgde - Vegstandard i hht kommunal rettleiar, trafikksikkerheit - Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS) - Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser - Miljøvernfaglege vurderingar, jf naturmangfald - Kulturlandskap og kulturminne - Økonomiske konsekvensar for kommunen Vi legg til grunn at kommuneplanen har avklara forhold knytt til jordvern- og landbruksfaglege forhold. *Andre aktuelle tema som må inngå grunna vilkår i kommuneplanen?*
12	Ev konkrete føringar for arealbruken gitt i kommuneplanen	*Er det fastsett konkrete føringar for arealbruken for B33 og TJ18 i kommuneplanen enn som går fram ovanfor?*
13	Eksisterande infrastruktur - VA	*M.o.t utgreiinga vedkomande infrastruktur ber vi dokumentert eksisterande VA-anlegg og tilknytingspunkt*
14	Tilkomst	- *Ber kommunen avklare om Grøndalsvegen må inngå i reguleringsplanen* - *Ber avklara om Grøndalsvegen har standard som er tilfredstillande for tilknyting av B33 eller om det vert sett krav om utbetring av vegen før/samtidig med utbygging av B33.* - *Skal det «nye skuleområdet» ha tilkomst gjennom B33*?
15	Utbyggingsavtale	*Ber avklara om kommunen, ut frå kommunen sine retningslinjer for utbyggingsavtaler, vil setje krav til slik avtale knytt til B33.* *Kva innhald må avtalen ha?*
16	Rekkjefølgjekrav	*Kva type rekkjefølgjekrav vil kommunen ev krevje?*
17	Illustrasjonsplan	*Vil kommunen setje krav om illustrasjonsplan for planområdet? (dvs utover plankart, diverse profil vegar)*
18	Handsamingstid i kommunen	*Kva handsamingstid (ca)må forventast gjennom dei ulike fasane i kommunen:* - *Avklare spørsmål om oppstart* - *Tilbakemeldingar i høve forvarsling (jf ulike høyringsorgan i kommunen)* - *Handsaming av planframlegget: off. ettersyn og vidare til kommunestyret: vedtak*
19	Innløysing av skuleareal	*Korleis bør Ovf gå fram for å avklare tidspunkt og vilkår for overtaking/kjøp av grunn til skuleføremålet?*

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar RIF

Utsendt: xx.xx.2015

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Referat frå oppstartsmøte med tiltakshavar for Stokksund B33

Stad: Formannskapssalen
Dato og tidspunkt: 6.3.2015 12:30-14:00

Deltakarar frå administrasjonen:
Jarl Martin Møller og Ole Magne Rotevatn

Tiltakshavar med konsulent:
Opplysningsvesenets fond ved Jan-Fredrik Wasmuth og Morten O. Kildahl og konsulent, AG Plan og Arkitektur, ved Kåre Gjengedal,.

Referat:

Utviklingsleiaren starta møtet med å orientere kort om bakgrunnen for møte og oppstartsarbeidet. Kommunen tek sikte på å handsame spørsmål om oppstart i Formannskapsmøte 17.3.2015.


I møtet vidare vart det gått gjennom innsendt materiale frå konsulent med særleg vekt på «moment til drøfting». Det vart gjort slik vurdering i spørsmåla:

1. Ok. Planarbeidet kan startast opp etter Formannskap har gjort vedtak.
2. Planarbeidet skal vere ein detaljplan. TJ18 vert haldt utanfor planområde, men ein må behalde ein stykke langs Fv.654 for å kunne regulere inn støyskjerming.
3. Ok. Kommunen vil leggje fram forslag til ny planavgrensing til Formannskapsmøte 17.3.2015. Konsulent og tiltakshavar vil få tilsendt endeleg vedtak og møteprotokoll. Kommunen vil foreslå eit nytt namn på planarbeidet basert på lokale stadnamn.
4. TJ18 vert haldt utanfor planområde.
5. Ok. Kommunen skal oversende kart over eksisterande avlaupsleidningar og eventuelle vassleidningar. Fylkeskommunen må uttale seg i planarbeidet ift. kulturminne.
   Statens vegvesen har gitt fylgjande uttale til kommuneplanen sin arealdel knytt til tilkomst til B33: *Vi føreset at tilkomst vert knytt til det lokale vegnettet, utan ny avkøyrsle/avkøyring frå fylkesvegen. Tilkomst til TJ18 og B33 bør vurderast og sjåast i samanheng med reguleringsplanen som er under utarbeiding for fylkesvegstrekninga Indre Herøy kyrkje — Stokksundbrua.*
6. Kommunen forslår ny planavgrensing i sak til Formannskapet.

7. Detaljreguleringsplan for indre Herøy – stokksundbrua.
8. Ikkje aktuelt.
9. Utbyggingsavtale: Kommunen kan ikkje krevje at det vert inngått utbyggingsavtale, men det vil truleg vere i tiltakshavar si interesse at ein slik avtale vert inngått.
10. Det vart gått gjennom føresegna til kommuneplanen sin arealdel og vurdert dei punkta som var relevante for planarbeidet. Kommunen var samd i konsulent sine forslag, men ynskjer i tillegg at det vert teke omsyn til tilgang til friluftsliv i planarbeidet.
11. Ok.
12. Viser til tidlegare punkt om føringar for arbeidet.
13. Kart vert oversendt til konsulent.
14. Spørsmåla er diskutert tidlegare. Med bakgrunn i uttale frå STV må Grøndalsvegen inngå i reguleringsplanen.
15. Spørsmålet er diskutert tidlegare.
16. Spørsmålet er diskutert tidlegare.
17. Kommunen vil ikkje stille krav til illustrasjonar ut over det som konsulent har foreslått, men ein må vurdere om det kan vere føremålsteneleg å utarbeide skisser seinare i planarbeidet.
18. Kommunen overheld sine fristar for handsaming av planar, men kan ikkje seie noko om sakshandsamingstid då det kan dukke opp problemstillingar som ikkje er kjende i dag. Td. krav frå Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
19. Ikkje aktuelt. Utviklingsleiaren viser til at OVF kan sende ein førespurnad til kommunen der dette spørsmålet vert teke opp. OVF kan avvente til kommunen har konkrete planar for utviding av skuleområde og ynskjer å kjøpe grunnen.

Ref.

Ole Magne Rotevatn


LNF
B33
RP
RP
B34
18

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/467
		Arkiv:	M11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/15	Formannskapet	17.03.2015

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR

Tilråding frå rådmannen:
Formannskapet tek førebels det utarbeidde framlegget til ny hovudplan for vassforsyninga, sist endra 20.02.2015, til vitande og vedtek at det med grunnlag i denne planen vert starta opp ein prosess med sikte på samanslåing av dagens vasslag/-verk til eitt felles vassverk.

Før det vert gjort endeleg vedtak om mål og prosess skal planframlegget sendast på høyring til involverte partar med sikte på å få innspel/merknader i høve den forestående prosessen.

Særutskrift:
Herøy Vasslag, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg
Stemmedal Vasslag v/Arild Moldskred, 6070 Tjørvåg
Moltustranda Vassverk v/Fred Hansen, 6076 Moltustranda
Nerlandsøy Vasslag v/Aksel Kvalsvik, Øvre Plassegjerdet 6, 6098 Nerlandsøy
Kvalsvikøy Vassverk v/Trond Kvalsvik, Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
Runde Vassverk v/Rocco Torsten Schwalm, 6096 Runde
Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:
Hovudplan for vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur, sist revidert 20.02.2015.
Protokoll og saksutgreiing F-sak 118/14.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN

I handlingsdelen til samfunnsdelen i kommuneplanen 2013-2025 er det under satsingsområdet **Infrastruktur** teke med eit punkt/tiltak om at kommunen skal ***vurdere organisatorisk overtaking av vassverka.***

Som førebuing for dette oppdraget vart det halde eit møte med vasslaga/-verka den 13.05.2014. Møtet hadde som formål å orientere vasslaga/-verka om det forestående arbeidet og å få tilbakemeldingar om dagens status og deira synspunkt på ein slik mogleg organisasjonsendringsprosess.

Ei sak om oppstart av nemnde planarbeid vart lagt fram for formannskapet i møte den 06.07.2014, der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal innvolverast aktivt under heile planprossen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

Det ligg no føre eit framlegg til ny hovudplan, sist revidert 20.02.2015. Undervegs i prosessen har det vore halde enkelvise møte med representantar for alle vasslaga/-verka med formål å få best mogleg oversikt over status og utfordringar samt synspunkt på framtidig organisering av vassforsyninga.

FRAMLEGG TIL NY HOVUDPLAN

Som det går fram av teksten i hovudplanen så er aktuelle tema og fordjupinga i desse avgrensa til det som er naudsynt som grunnlag for å vurdere den framtidige organiseringa av vassforsyninga. Planen gir imidlertid ein grovoversikt over gjeldande status for vassforsyninga generelt og for dei ulike vasslaga/-verka spesielt, noko som ein vonar kan gi eit tilstrekkeleg grunnlag for dei organisatoriske vurderingane som må gjerast.

Planen (planframlegget), som i heilskap ligg ved saka, har elles følgjande hovudinnhald:

1. Innleiing
2. Mål og hovudutfordringar
3. Vasskjelder og vassbehandling
4. Transportsystem
5. Kapasitet, forbruk og lekasjar
6. Avgifter
7. Organisering av vassforsyninga
8. Vurdering og konklusjon

I ***Innleiinga*** vert det gjeve eit lite historisk tilbakeblikk på vassforsyninga i Herøy og ein seier litt om rammevilkår for denne type verksemd. Det vert vidare gitt ein kortfatta status for dagens vassforsyning samt ei klargjering av kva avgrensingar som er gjort når det gjeld dei tema som vert belyst i hovudplanen.

Under kapitlet om ***Mål og hovudutfordringar*** er det lista opp generelle hovudmål for ei god og sikker vassforsyning og samtidig gitt nokre korte kommentarar når det gjeld status og utfordringar i høve til desse måla. Med dagens organisering av vassforsyninga vil evt. delmål utover dette heilt naturleg høyre heime innanfor dei einskilde vasslaga/-verka sine ansvarsområde.

Kapitla som omhandlar ***Vasskjelder og vassbehandling*** samt ***Transportsystem*** gir på tilsvarande måte ein grovoversikt over kjelder, vasskvalitet, rensetiltak og eksisterande infrastruktur med hovudleidningsnett, høgdebasseng m.v. Dei opplista tiltaksvurderingane er basert på vasslaga/-verka sine eigne vurderingar av kva som må påreknast av utbyggingar/investeringar dei nærast åra.

Kapitlet om ***Kapasitet, forbruk og lekasjar*** gir ein oversikt over berekna/vurdert kapasitet hos dei ulike vasslaga/-verka, dagens forbruk og pårekna lekasjar. Med tilvising til manglande tilbakemelde opplysningar så er ikkje tabell 1 på side 19 heilt komplett. Under ***Avgifter*** vert det tilsvarande gjeve ein status når det gjeld vassavgifter i dei ulike vasslaga/-verka.

Med basis i dei faktiske forholda, slik desse er skissert i kapitla 1-6, er så hovudvekta i utgreiinga/planen lagt på kapitla 7 (***Organisering av vassforsyninga***) og 8 (***Vurdering og konklusjon***). Det vert her gjort ei vurdering av ulike framtidige organisasjonsalternativ og avslutningsvis konkludert med moglege framtidige løysingar og kva veg ein bør velje for den vidare prosessen.

OPPSUMMERING/VEGEN VIDARE

Hovudplanen vert fremja som ein temaplan der ein sjølve har definert omfang av og innhald i planen. Dette er inga hindring for å kunne gjennomføre tilstrekkelege og tilfredsstillande høyringsrundar der relevante høyringspartar vert involvert. Ein temaplan er naturleg nok ikkje juridisk bindande, men gjennomføringa av ulike organisatoriske grep som måtte følgje av planen, vil uannsett plantype vere avhengig av eit nært og konstruktivt samarbeid med vasslaga/-verka.

Målet med hovudplanen, slik dette er formulert i mandatet, er å få eit grunnlag for vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga i kommunen. Det øvrige innhaldet i planen er avgrensa til det som er naudsynt for å kunne gi ein tilfredsstillande oversikt over status og utfordringar og som kan danne basis for dei vurderingar som skal gjerast omkring organisasjonsstrukturen.

Som det går fram av planen (oppsummert i kap. 8.1) stiller nokre av vasslaga/-verka seg positive til å drøfte moglege organisatoriske endringar av vassforsyninga medan andre gir klart uttrykk for at dei er godt nøgde med situasjonen slik den er i dag.

Med basis i dei utfordringar vassforsyninga generelt og dei einskilde vasslaga/-verka spesielt står framfor er følgjande 4 organisasjonsmodellar vurdert:

1. Vidareføring av dagens organisering av vassforsyninga
2. Etablering av privat foretak (samvirkeforetak) for vassforsyninga
3. Etablering av kommunalt foretak for vassforsyninga
4. Etablering av kommunalt vassverk

Med unntak av første alternativet, som ein reknar som lite aktuelt ut frå mandatformuleringa, er det sett nærare på fordelar og ulemper ved dei øvrige 3 alternativa. Det vert konkludert med å tilrå at ein førebels går vidare med alternativ 2 og 4 og at planen vert sendt vasslaga/-verka til uttale før endeleg realitetsbehandling. Vegen vidare, under føresetnad av at ny organisering er målet, vil vere ein omfattande prosess og ein har i denne samanheng sett 2020 som mål for når eit «nytt» vassverk skal vere etablert og i drift.

Konklusjon/tilråding:

Rådmannen tilrår at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på samanslåing til eitt felles vassverk og at ein førebels held alternativa **kommunalt vassverk** og **privat fellesvassverk** opne. Før endeleg vedtak om mål og prosess vert det vidare tilrådd å be vasslaga/-verka samt Anleggs- og driftsavdelinga om å kome med synspunkt/innspel til framlegget til hovudplan og konklusjonane i denne.

Konsekvensar for folkehelse:
Ei velfungerande vassforsyning med vektlegging av kvalitet og leveringssikkerheit vil heilt klart ha positiv innverknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:
Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn og enkle og lett tilgjengelege tilkoplings-mulegheiter er ein viktig føresetnad for ein god beredskap.

Konsekvensar for drift:
Med tilvising til at vassforsyning skal vere sjølvfinansierande så har det i prinsippet ingen økonomiske driftskonsekvensar uansett organisasjonsform.

Fosnavåg, 24.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE

med hovuvekt på:

FRAMTIDIG ORGANISASJONSSTRUKTUR

Sist revidert 20.02.2015

Forord

Dette dokumentet utgjer Hovudplan for vassforsyninga i Herøy kommune for planperioden 2015 -2025. Formålet med planen er primært å avklare framtidig organisering av vassforsyninga i kommunen. Øvrige tema som til dømes dagens vassverkstatus, satsingsområde eller evt. konkrete utbyggingstiltak vil verte behandla på eit overordna nivå og i høve til den interesse dette har for organisasjonsspørsmålet.

Som grunnlag og rammer for planarbeidet har formannskapet i møte den 01.07.2014 gjort slikt vedtak:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal involverast aktivt under heile planprosessen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal for øvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

Med tilvising til at all vassforsyning fram til no har vore privat organisert i ulike andelslag har det vore lagt spesiell vekt på å halde seg på eit svært overordna nivå og ikkje gå inn på forhold som går for tett inn på driftsliknande ansvarsområde. Ei anna viktig forutsetning for hovudplanarbeidet, slik dette også går fram av formannskapsvedtaket, har vore å bidra til ei grundig drøfting og avklaring omkring framtidas organisering av vassforsyninga i kommunen.

Som temaplan i det kommunale plansystemet vil Hovudplan for vassforsyning vere underordna kommuneplanen og kommuneplanen sin arealdel og har såleis ikkje nokon sjølvstendig status/verknad i forhold til arealbruk.

Hovudplanen er utarbeidd av Utviklingsavdelinga. I startfasen av planarbeidet vart det halde eit fellesmøte der vasslaga/-verka var invitert og der formålet var å orientere om og få innspel på den forestående prosessen. Etter dette er det halde enkeltvise møte med kvart vasslag/-verk for å få innblikk i status og utfordringar slik dei sjølve vurderar det.

Innhald:

1 INNLEIING 5
1.1 Bakgrunn 5
1.2 Rammevilkår 7
1.3 Dagens vassverkstatus 9
1.4 Avgrensing av tema for hovudplanen 10

2 MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR 11
2.1 Hovudmål 1: Nok vatn 11
2.2 Hovudmål 2: Godt vatn 11
2.3 Hovudmål 3: Sikker forsyning 12
2.4 Hovudmål 4: Økonomisk forsvarlege rammer 12
2.5 Hovudmål 5: Optimal bruk av vassressursane 12
2.6 Hovudmål 6: Vatn til alle delar av kommunen 12

3 VASSKJELDER OG VASSBEHANDLING 13
3.1 Vasskjelder 13
3.2 Vassbehandling 15
3.3 Krisevassforsyning 15

4 TRANSPORTSYSTEM 16
4.1 Herøy Vasslag SA 16
4.2 Moltustranda Vassverk SA 16
4.3 Stemmedal Vasslag SA 17
4.4 Nerlandsøy Vasslag SA 17
4.5 Kvalsvikøy Vassverk SA 17
4.6 Runde Vassverk BA 18

5 KAPASITET, FORBRUK OG LEKASJAR 19

6 AVGIFTER 21

7 ORGANISERING AV VASSFORSYNINGA 22
7.1 Dagens organisering 22
7.2 Samarbeid kommune – vasslag/vassverk 22
7.3 Utfordringar 23
7.4 Alternative organisasjonsmodellar 24

8 VURDERING OG KONKLUSJON 27
8.1 Vasslaga/-verka sine vurderingar 27
8.2 Kommunen sine vurderingar 27
8.3 Konklusjon/tilråding 31

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Vassforsyninga i Herøy har frå den første starten på 50-talet vore etablert som private andelsvassverk og situasjonen er vel i prinsippet den same i dag sjølv om det har skjedd ein del organisasoriske endringar. Det første initiativet til å sjå samla på vassforsyninga i Herøy skjedde etter det ein kan sjå i samband med førebuande arbeid for ein generalplan for Herøy for perioden 1983-1993. Arbeidet med generalplanen vart ikkje ført til vegs ende, men det vart utarbeidd sektorprogram for ein del ulike område, her under for vassforsyninga.

«Vassforsyningskartet» såg på dette tidspunkt ut som følgjer (vasskjelde eller nedslagsfelt i parantes):

- Leikanger Vassverk (Trangedalen)
- Stemmedal Vasslag (Stemmedalsvatnet)
- Moltustranda Vassverk (Mørkevatnet)
- Svartevatn Vassverk (Svartevatnet)
- Sævik Vassverk (Sævikvatnet)
- Bergsøy Vasslag (Mørkevatnet/Vikevatnet)
- Nerlandsøy Vasslag (Børdalen)
- Kvalsvikøy Vassverk (Fossedalen)
- Runde Vassverk (oppkome med mindre magasin)

Når det galdt organiseringa av vassforsyninga vart det den gong konkludert med at organisasjonsforma til vassverka hadde vore tilfredsstillande fram til i dag, men at nye utfordringar ville krevje eit samarbeid og ei koordinering som vassverka i si noverande form ikkje var bygt for å takle.

Utbygginga av dei ulike element innan vassforsyninga hadde nokså konsekvent vorte delfinansiert gjennom statlege og kommunale tilskot. Etter kvart vart det eit stadig strengare krav om at statlege tilskot berre kunne gjevast under forutsetning av at utbyggingstiltaka hadde basis i ein samla og forpliktande plan for vassforsyninga.

Arbeidet med ein Hovudplan for vassforsyninga i Herøy vart starta opp i 1987 med basis i formannskapsvedtak i F-sak 116/87. Østlandskonsult AS vart vald som konsulent for arbeidet og planrapport låg føre i november 1990. I denne rapporten vart det mellom anna tilrådd at den framtidige vassforsyninga i Herøy skulle baserast på 1 hovudvassverk med forsyning frå 2 kjelder, Mørkevatn og Stemmedalsvatn og at det dessutan skulle gjerast nærare vurderingar om bruk av grunnvatn for ein del utvalde delar av kommunen.

Etter ein høyringsrunde lokalt, regionalt og statleg (Statens institutt for folkehelse) sluttbehandla kommunestyret hovudplanen den 29.11.91 (K-sak 107/91). Som del

av hovudplanen var det også utarbeidd ein kostnadsoversikt for pårekna vassforsyningsinvesteringar og med ein tilhøyrande prioritert handlingsplan.

I godkjenningsvedtaket gjorde kommunestyret det klart at kommunen ikkje hadde teke stilling til den endelege organisasjonsforma for den framtidige vassforsyninga i Herøy, men at tilskotspolitikken skulle nyttast som eit aktivt styringsmiddel for gjennomføring av hovudplanen og intensjonane i denne.

Som ein del av arbeidet med hovudplanen gjorde NGU (Norges Geologiske Undersøkelse) på slutten av 80-talet hydrogeologiske undersøkjingar med sikte på å få vurdert mulegheitene for grunnvatn som forsyning i nokre utvalde deler av kommunen. Dette resulterte i at det tidleg på 90-talet vart etablert komplette vassforsyningsanlegg basert på grunnvatn både for Nerlandsøy Vasslag og Kvalsvikøy Vassverk.

I 2003 vart Svartevatn Vasslag slått saman med Bergsøy Vasslag som samstundes endra namn til Herøy Vasslag BA. Etter dette har også Sævik Vassverk gått saman med og vorte ein del av Herøy Vasslag. No nyleg har for øvrig Stemmedal Vasslag og Leikanger Vassverk gått saman til ei organisatorisk eining. Namnet på det nye vassverket er framleis Stemmedal Vasslag SA.

På dei vel 30 åra som er omfatta av dette historiske tilbakeblikket, er talet på vassverk redusert frå 9 til 6, men organisasjonsforma (privat) er framleis den same. Samstundes er tidlegare opne vasskjelder som Trangedalen (Leikanger), Svartevatnet (Svartevatn), Sævikvatnet (Sævik), Børdalen (Nerlandsøy) og Fossedalen (Kvalsvikøy) tekne ut av bruk. Som ein følgje av denne prosessen framstår no Herøy Vasslag SA og Stemmedal Vasslag SA i stadig større grad som «hovudvassverka» i kommunen.

Sjølv om det har skjedd svært mykje positivt på vassforsyningssektoren i løpet av desse åra så er på mange måtar dei prinsipielle utfordringane dei same i dag. Samanslåinga av vasslag/-verk kan vel sjåast på som ein følgje av desse utfordringane. Vassforsyning inngår som del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytta til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. Dette inneber mellom anna fortløpande krav til planlegging og gjennomføring av nye utbyggingstiltak. Med bakgrunn i mandatet for utgreiinga vil imidlertid det alt vesentlege av dei konklusjonane som må trekkast i samband med rulleringa av hovudplanen gå på spørsmål knytta til kva for framtidig organisering av vassforsyninga som må på plass for å møte dei ovannemnde utfordringane.

1.2 Rammevilkår

Forskrift om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevassforskrifta), sist endra 05.03.2012, er det viktigaste dokumentet for ein vassverkeigar. Forskrifta gjer vassverkeigaren ansvarleg for sikker leveranse av eit hygienisk trygt og bruksmessig godt vatn i tilstrekkelege mengder og regulerar mellom anna følgjande forhold:

- Forbod mot forureining av vassforsyningssystem og vassverkeigar si plikt til å verne drikkevasskjelder mot forureining.
- Godkjenning av vassverk der både godkjenninga og løpande tilsyn er tillagt Mattilsynet.
- Tryggleik og beredskap der vassverkeigar er pålagt å gjennomføre naudsynte tiltak for å kunne levere tiltrekkelege mengder vatn både ved normal drift og under kriser.
- Vasskvalitet med krav til parametrar. Forskrifta set grenseverdiar for meir enn 50 ulike parametrar og klargjer korleis vasskvaliteten skal kontrollerast ved jamnleg prøvetaking og analyser. Det er sett konkrete krav til vasskvaliteten som vert levert forbrukar.
- Vassbehandling og bruk av kjemikalie.
- Internkontroll. Vassverkeigar skal etablere og føre internkontroll for å kunne etterleve drikkevassforskrifta.
- Opplysningsplikt der vassverkseigar uoppfordra pliktar å gi informasjon til mottakarane av vatnet ved endringar eller når det oppstår helsemessig risiko ved vasskvaliteten.

I tillegg til dette er det også ei rekkje andre lover, forskrifter og direktiv som har betydning for vassforsyninga. Nedanfor er nokre av dei viktigaste opplista og kommentert nærare.

Vassressurslova
Denne lova omhandlar mellom anna konsesjonspliktige tiltak, vassuttak, minstevassføringar, erstatningsansvar og ekspropriasjon.

Damsikkerheitsforskrifta
Denne forskrifta er heimla i Vassressurslova. Forskrifta inneheld ei rekkje reglar knytta til klassifisering, sikkerheit, planlegging, dimensjonering, bygging og drift av damanlegg.

EU`s vassressursdirektiv
Direktivet har som formål å verne og forbetre vasskvaliteten i vassdrag og grunnvatn. Når det gjeld vassforsyninga er det særleg kjelda og uttak frå denne som vert direkte berørt av dette direktivet.

EU`s drikkevassdirektiv
Direktivet set konkrete krav til kvaliteten på drikkevatnet og er for øvrig implementert i den norske drikkevassforskrifta.

Brann- og eksplosjonsvernlova
Lova gir grunnlaget for mellom anna vassverkeigar sine plikter i forhold til sløkkevatn frå vassleidningsnettet. Tilhøyrande forskrift og rettleiar gir nærare omtale om dette temaet.

Vass- og avløpsanleggslova
Vassforsyningsgebyr vert fastsett etter reglane i denne lova samt del 4A i forureiningsforskrifta. Eit anna forhold som kan vere verdt å merke seg er at § 1 i lova slår fast at nye vassforsyningsanlegg skal vere eigd av kommunar. Eksisterande anlegg kan berre seljast eller evt. overdragast til kommunar og etter § 2 i lova skal vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg berre kunne skje etter godkjenning frå kommunen.

Teknisk forskrift (TEK) og rettleiar til PBL
Forskrifta og rettleiaren inneheld funksjonskrav og tekniske krav til vassforsyningsanlegg.

IK-MAT forskrift
Forskrifta skal sikre ein systematisert internkontroll for verksemder som kjem inn under bestemmelsane i næringsmiddellovgivinga. I dette inngår naturleg nok produksjon av drikkevatn.

HMS-forskrifta
Forskrifta gjeld gjennomføring av internkontroll for å sikre at reglane i Arbeidsmiljølova vert haldne.

Helseberedskapslova
Forskrifta set krav til vassverkeigar om å utarbeide beredskapsplanar for å kunne handtere uønska hendingar. Beredskapsplanane skal utarbeidast på grunnlag av gjennomført ROS-analyse for vassverket.

1.3 Dagens vassverkstatus

Som følgje av strukturendringane med reduksjon frå 9 til 6 vassverk som er omtala tidlegare i innleiinga, kan dagens organisatoriske status med tilhøyrande kjelde og forsyningsområde kort oppsummerast som følgjer:

- **Herøy Vasslag SA** med Mørkevatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Bergsøya, Leinøya (utanom Bø/Sande), Remøya og Notøy.
- **Stemmedal Vasslag SA** med Stemmedalsvatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Leikong (utanom Jøsok/Voldnes), Myrvåg og Tjørvåg til og med Sandvika. Sistnemnde har grunnvassanlegg.
- **Moltustranda Vassverk SA** med Mørkevatnet som kjelde og Moltustranda som forsyningsområde.
- **Nerlandsøy Vasslag SA** med grunnvassanlegg i fjell og Kvalsund, Koparstad og Teige som forsyningsområde.
- **Kvalsvikøy Vassverk SA** med grunnvassanlegg i fjell og med Kvalsvika som forsyningsområde.
- **Runde Vassverk BA** med vatn frå brønn med tilsig frå ura ovanfor Rundegardane og med ein avgrensa del av busetnaden omkring hamna som forsyningsområde.

1.4 Avgrensinga av tema for hovudplanen

For ein kommune der all vassforsyning er privat, vil det frå kommunen si side måtte verte ei anna tilnærming til kva tema som skal utgreiast og detaljeringsgraden av dei ulike tema samanlikna med at kommunen også hadde det heile og fulle driftsansvaret for vassforsyninga. Kommunen har det overordna ansvaret, men i det daglege er det vassverkeigaren som har ansvaret for at vassverket har naudsynte godkjenningar og vert drifta i samsvar med drikkevassforskrifta.

Ovannemnde inneber mellom anna at målsetjingskapitlet vil måtte innehalde relativt generelle og overordna mål og at detaljmål utover dette i tilfelle må kome på plass gjennom innspel frå dei ulike vassverka. Kapitla om ***Vasskjelder og vassbehandling*** samt ***Transportsystem*** gir ein grovoversikt over hovudsystema. Under tiltaksvurderingane er det ført opp prosjekt som etter vasslaga/-verka sine vurderingar er naudsynte eller ønskjelege å få gjennomført dei næraste åra. Frå kommunen si side er det ikkje teke stilling til dei vurderingane som her kjem fram og det er heller ikkje gjennomført kostnadskalkyler for dei ulike prosjekta/tiltaka.

Kap. 5 om ***Kapasitet, forbruk og lekasjar*** viser status på dei respektive områda basert på opplysningar frå vasslaga/-verka og det er ikkje gjort berekningar ut over dette for evt. å kvalitetssikre dei opplysningane som er vanskelegast målbare. Når det gjeld kap. 6 om ***Avgifter*** så er dette i all hovudsak ein samanliknande statusoversikt over gjeldande avgiftsnivå for dei ulike vasslaga/-verka.

Dei seinare års stadig aukande krav til vassforsyninga har i høgste grad aktualisert spørsmål knytta til organisering og drift av vassverka. Sjølv om temaet frå tid til anna har vore drøfta i kommunale fora, har det så langt ikkje vore nokon konkret og reell tilnærming til organisasjonsspørsmålet. Dei siste års gjennomførte strukturendringar er imidlertid eit klart teikn på at utviklinga går i retning av større einingar som på ein betre måte kan møte utfordringane knytta til planlegging og drift av vassverk. Ved rulleringa av hovudplanen er det framtidas organisering av vassforsyninga som vil vere hovudtema, noko som er i samsvar med oppdraget formannskapet har gitt som grunnlag for hovuplanrulleringa.

2 MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR

For kommunen vil det vere eit overordna mål å legge til rette for/medverke til ei organisering og drift av vassforsyninga som sikrar at befolkning og næringsliv har sikre leveransar av godt og nok vatn og som gir tilfredsstillande beredskap for uttak av brannvatn.

I kommuneplanen 2013 – 2025 er det i handlingsplanen til samfunnsdelen uttalt at kommunen skal vurdere ei organisatorisk overtaking av vassverka. Det overordna målet ovanfor vil imidlertid gjelde uavhengig av om drifta fortsatt vert å basere på private vasslag/-verk eller om dei skal overtakast av kommunen og driftast i kommunal regi.

For å kunne nå det overordna målet er ein avhengig av å spesifisere ein del hovudmål med tilhøyrande delmål. Nedanfor er det opplista nokre viktige hovudmål. Med bakgrunn i dagens organisering vil imidlertid dei tilhøyrande delmåla måtte verte dei einskilde vassverka sin arbeidsreiskap.

2.1 Hovudmål 1: Nok vatn

All busetnad, industri, handel/service og andre verksemder innanfor eit vasslag/-verk sitt definerte forsyningsområde skal kunne knyte seg til vasslaget/-verket og få levert nok vatn. Tilsvarande gjeld for planlagt bustadbygging, industriutbygging og anna utbygging i samsvar med kommuneplanen.

Hovudutfordring(ar): Einskilde deler av kommunen har ikkje tilgang på vatn frå organiserte vasslag/-verk. For større samanhengande område gjeld dette i hovudsak Jøsok/Voldnes på Gurskøya, Bø/Sande på Leinøya og store deler av Runde. Dette inneber også ei utfordring i beredskapssamanheng.

2.2 Hovudmål 2: Godt vatn

Alle vasslaga/-verka i kommunen skal til ei kvar tid levere vatn av tilfredsstillande kjemisk/fysikalsk og bakteriologisk kvalitet.

Hovudutfordring(ar): Sett frå ein helsemessig synsstad leverer vel alle vasslaga/-verka vatn av tilfredsstillande kvalitet, men Stemmedal Vasslag har i fleire år slite med for høge fargetal. Gjennom den pågåande utbygginga av nytt renseanlegg forutset ein at også den sistnemnde utfordringa kan løysast.

2.3 Hovudmål 3: Sikker forsyning

Alle abonnentar skal i alle situasjonar vere rimeleg godt sikra tilførsel av både nok og godt vatn. Sikker vassforsyning omfattar i denne samanheng både sikring av tilførselen og sikring av hygienisk tilfredsstillande vatn.

Hovudutfordring(ar): Som følgje av mykje gamalt leidningsnett (eternittleidningar frå 60- og 70-talet) med gjentakande leidningsbrot har leveringssikkerheita tidvis vore eit problem. Også her er det Stemmedal Vasslag (inkl. tidlegare Leikanger Vassverk) som dei seinare år har hatt dei største utfordringane. Pågåande utskiftingar av store deler av leidningsnettet vil venteleg betre også desse forholda. Vidare framover vil det ligge ei ytterlegare utfordring for leveringsberedskapen gjennom å sikre alternative leveransemulegheiter ved ringleidningar, samanknyting av dei ulike vassverka sine leidningsnett m.v.

2.4 Hovumål 4: Økonomisk forsvarlege rammer

Vassforsyninga skal vere sjølvfinansierande gjennom at inntektene frå tilknytings- og vassavgifter over tid skal dekke årlege driftsutgifter inkl. kapitalkostnader.

Hovudutfordring(ar): For nokre av vasslag/-verka har avgiftsnivået over tid lege for lavt. Dette har resultert i manglande mulegheiter for sikker drift, utsetjing av naudsynte utbyggings-/utbetringstiltak og gjort det naudsynt for kommunen å bidra gjennom tilskot og garantiar for at større prioriterte «løft» skulle kunne takast.

2.5 Hovudmål 5: Optimal bruk av vassressursane

Dei opne vasskjeldene skal vere sikra på ein slik måte at det ikkje oppstår bruksmessige konflikter korkje til bruken av sjølve vatnet eller til aktivitetar i nedslagsfeltet.

Hovudutfordring(ar): Dei viktigaste vasskjeldene må sikrast gjennom klausulering av nedslagsfelta og om naudsynt ved gjerding kring inntaksområda.

2.6 Hovudmål 6: Vatn til alle delar av kommunen

Alle deler av kommunen skal i prinsippet ha tilgang på god og sikker vassforsyning enten dette skjer via vasslag/-verka eller gjennom tenlege alternative løysingar.

Hovudutfordring(ar): Det må vere eit langsiktig mål at alle deler av kommunen skal ha sikker vassforsyning. Der kost/nytte-vurderingar tilseier at ein fortsatt skal nytte alternative forsyningsmåtar i lang tid framover, vil tiltak som sikrar tilfredsstillande brannberedskap (tankbil m.v.) ha høg prioritet.

3 VASSKJELDER OG VASSBEHANDLING

3.1 Vasskjelder

Innleiingsvis kan nemnast at utanom hovudkjeldene vert det i planen lagt følgjande definisjonar til grunn når det gjeld andre/alternative kjelder:

- **Reservekjelde** er ei vasskjelde som oppfyller alle krava i drikkevassforskrifta og som kan nyttast som alternativ til/supplering av vassverket si hovudkjelde.
- **Krisevasskjelde** er ei vasskjelde som kan nyttast når den ordinære vassforsyninga sviktar og alternativet er at heile eller deler av forsyninga sviktar. Krisevatn skal vere hygienisk eller helsemessig trygt, men treng for øvrig ikkje oppfylle alle andre kvalitetskrav.

Mørkevatnet

Mørkevatnet på Gurskøya er vasskjelde for Herøy Vasslag SA og Moltustranda Vassverk SA. Vatnet ligg på kote 310 moh, har ei utstrekning/overflate på 285 da og eit nedslagsfelt på 2,3 km2. Nedslagsfeltet er eigentleg noko større enn dette sidan ein mindre og ikkje medrekna del av tilrenningsområdet ligg i Sande kommune. Største målte djupne i vatnet er på 26 m, 60-70 % av vatnet er djupare enn 10 m medan om lag 40 % er djupare enn 15 m.

Nedslagsfeltet er definert som fjell-/naturområde, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde og det ligg føre underteikna klausuleringsavtale med grunneigarane når det gjeld bruken av vatnet og nedslagsfeltet. Det er ein viss turaktivitet i området og det vert også til ein viss grad nytta som beiteområde for sau.

Den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Mørkevatnet (råvatnet) har vore vurdert som god, men vatnet kan tidvis har noko høgt fargetal. I samband med dei utrekningar som vart gjort ved utarbeiding av tidlegare hovudplan vart kapasiteten vurdert som tilstrekkeleg til forsyning av heile kommunen.

Moltustranda Vassverk SA rår ikkje over reservekjelde medan Herøy Vasslag SA har definert Stemmedal Vasslag som si reservekjelde. Vikevatnet på Bergsøya er krisevasskjelde for Herøy Vasslag SA.

Stemmedalsvatnet

Stemmedalsvatnet, som også ligg på Gurskøya, er vasskjelde for Stemmedal Vasslag SA. Etter nyleg samanslåing inkluderar dette også tidlegare Leikanger Vassverk.

Vatnet ligg på kote 92,5 moh, har ei utstrekning/overflate på 150 da og eit nedslagsfelt på 2,3 km2. Gjennomsnittsdjupna i vatnet er anslått til mellom 10 og 15 meter og om lag 50 % er vurdert som djupare enn 10 m.

Nedslagsfeltet består hovudsakleg av lyngkledd utmark og fjell i dagen, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde, men vatn og nedslagsfelt er ikkje formelt klausulert. På tilsvarande måte som for Mørkevatnet er det også her ein viss lokal turaktivitet samt at området i noko grad vert nytta i beitesamanheng.

Den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Stemmedalsvatnet (råvatnet) er vurdert som rimeleg god, men vatnet har mellom anna for høgt fargetal og for lav PH. I samband med dei utrekningar som vart gjort ved utarbeiding av tidlegare hovudplan vart kapasiteten vurdert som tilstrekkeleg, også i forhold til sitt no utvida forsyningsområde.

Stemmedal Vasslag SA rår ikkje over krisevasskjelde, men har definert Herøy Vasslag som si reservekjelde.

Vikevatnet

Vikevatnet på Bergsøya er krisevasskjelde for Herøy Vasslag SA. Vatnet ligg på kote 122 moh, har eit magasinvolum på 154000 m2 og eit nedslagsfelt på 0,37 km2.

Nedslagsfeltet består hovudsakleg av lyngkledd utmark og fjell i dagen, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde. Området vert svært mykje nytta i tursamanheng. Det foreligg avtale med grunneigarane om uttak av vatn, men vatn og nedbørsfelt er ikkje formelt klausulert.

Både den bakteriologiske og den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Vikevatnet (råvatnet) er variabel og ofte utilfredsstillande.

Grunnvassforsyning

Det er ei rekkje verksemder og husstandar i kommunen, åleine eller i fellesskap, som har grunnvatn som vassforsyningskjelde. I vassverkregi har ein imidlertid berre 3 anlegg. Dette gjeld Nerlandsøy Vasslag SA, Kvalsvikøy Vassverk SA samt eit anlegg på Sandvikskaret på Gurskøya. Sistnemnde ligg innanfor Stemmedal Vasslag SA sitt forsyningsområde.

Nerlandsøy Vasslag SA får forsyninga frå i alt 9 brønnar i fjellsida oppover mot og langs vegen til Teigetua. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 109 moh (normal vasstand) før det via UV-rensing går vidare til forsyningsområda på Kvalsund, Teige og Koparstad.

Kvalsvikøy Vassverk SA får forsyninga frå i alt 8 brønnar i fjellsida nordvest for bygda. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 125 moh (normal vasstand) før det via UV-rensing går vidare til forsyningsområdet i Kvalsvika.

Stemmedal Vasslag SA sitt grunnvassanlegg på Sandvikskaret får forsyninga frå 2 brønnar i området ovanfor skaret. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 95 moh (normal vasstand) før det går vidare til forsyningsområdet i Sandvika.

3.2 Vassbehandling

Samtlege vasslag/-verk har UV-rensing på råvatnet før det går ut på nettet til forbrukarane. Herøy Vasslag har i tillegg kloring (barriere nr. 2) før UV-rensinga. Ved bruk av Vikevatnet (krisevasskjelde for Herøy Vasslag) går vatnet via UV-anlegget. Ein viser forøvrig her til definisjonane under kap. 3.1 når det gjeld kvaliteten på vatn frå krisevasskjelde.

3.3 Krisevassforsyning

Herøy Vasslag er einaste vasslaget/-verket i kommunen med permanent krisevassforsyning. Nokre av dei andre vasslaga/-verka har avtale om bruk av brannvernet sin tankbil for forsyning i naudsituasjonar.

4 TRANSPORTSYSTEM

4.1 HERØY VASSLAG SA

Frå kjelda i Mørkevatnet går det hovudleidning via trykkutjamningskum (Bergsøykummen, 400 m3) i Moltubakkane til Herøyfjorden. Over Herøyfjorden går det 2 leidningar fram til UV-renseanlegg og trykkregulering i Grønhaug. Frå anlegget i Grønhaug fordeler hovud- og greinleidningsnettet seg til dei ulike delane av Bergsøya. Ei rekkje pumpestasjonar syter for tilfredsstillande trykk til dei høgareliggande delane av busetnaden.

Frå Berge/Flusund vert så hovudleidninga vidareført over til Leinøya og opp Frøystadskaret til Frøystad, Torvik og Røyra. Hovudleidning frå Røyra til Jensholmen knyter Herøy Vasslag saman med leidningsnettet til Stemmedal Vasslag.

I området ovanfor Frøystadskaret (ved Svartevatnet) er det etablert høgdebasseng på 2250 m3 og der kotehøgda på topp vasstand ligg på 95 moh. Vidare går det også hovudleidning frå Nærøya via Leinebygda og Voldsund til Remøya.

Herøy Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 2335.

Tiltaksvurdering: Dei fleste av vasslaget sine utbyggingstiltak er retta mot å tilrettelegge for infrastruktur i kommunen sine utbyggingsområde.

Når det gjeld planar og øvrige tiltak har vasslaget til vurdering ei ny sjøleidning Fosnavåg – Sævik (evt. via Kvalsund), høgdebasseng i Myklebustdalen samt fortløpande arbeid med utskifting og standardheving av kummar.

4.2 MOLTUSTRANDA VASSVERK SA

Moltustranda vassverk har hovudleidninga frå Mørkevatnet til trykkutjamnings-kummen i Moltubakkane i fellesskap med Herøy Vasslag. Via UV-renseanlegg etter kummen går så hovudleidninga ned til bygda og fordeler seg der både i vestleg og austleg retning.

Moltustranda Vassverk SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 180.

Tiltaksvurdering: Av nært forestående tiltak arbeider vassverket for tida med mellom anna fornying, oppgradering og supplering av brannkummar samt planar for ny hovudleidning frå samlekummen i Moltubakkane og til Øyralaks. Sistnemnde tiltak har samanheng med at Øyralaks er avhengig av vasstilførsel før dette går innom renseanlegget.

4.3 STEMMEDAL VASSLAG SA

Frå kjelda i Stemmedalsvatnet går hovudleidning ned til UV-renseanlegg ved Aspevikvatnet. Hovudleidningsnettet fordeler seg der ifrå innover via Myrvåg og Dragsund til Leikong. I området ovanfor Feirelia på Leikong er det etablert høgdebasseng på 120 m3 og der kotehøgda på topp vasstand ligg på 115 moh.

Utover går det tilsvarande hovudleidning via Tjørvåg og Stoksund til Jenshomen. Hovudleidning frå Jensholmen til Røyra knyter Stemmedal Vasslag saman med leidningsnettet til Herøy Vasslag.

Stemmedal Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 740. 20 av desse er tilknytt grunnvassanlegget m/høgdebasseng (50 m3) på Sandvikskaret.

Tiltaksvurdering: Vasslaget arbeider for tida med eit prosjekt som omfattar både nytt renseanlegg og utskifting/fornying av leidningsnettet. Når det gjeld øvrige tiltak for dei næraste åra kan elles nemnast ny leidning rundt Myrvågneset og for ei strekning i Djupvika samt auke av bassengkapasiteten i Feirelia/Leikong.

4.4 NERLANDSØY VASSLAG SA

Frå høgdebassenget (225 m3) vest for vegen opp til Teigetua går hovudleidninga via UV-renseanlegg ned til bygda og fordeler seg mot Kvalsund og Koparstad.

Nerlandsøy Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 270.

Tiltaksvurdering: Vasslaget har på kort sikt ikkje behov for store og omfattande tiltak. Av aktuelle mindre tiltak kan nemnast innkjøp av aggregat for betring av leveringstryggleik og beredskap og investering i kalkreduserande utstyr. Utover dette har også vasslaget fokus på fornying/oppgradering av brannkummar og fortsatt arbeid med lekasjereduksjon.

På litt lenger sikt ser vasslaget føre seg eit behov for auke av bassengkapasiteten samt å ta del i Herøy Vasslag sine planar for strekninga Fosnavåg – Sævik (evt. via Kvalsund) for på denne måten å styrke leveringskapasiteten til vasslaget sitt dekningsområde.

4.5 KVALSVIKØY VASSVERK SA

Frå høgdebassenget (314 m3) i fjellsida nord for bygda går hovudleidninga via UV-renseanlegg og sandfilter (kalkfjerning) ned til bygda og fordeler seg til busetnaden i Kvalsvika.

Kvalsvikøy Vassverk SA hadde pr. januar 2015 eit abonnenttal på 91.

Tiltaksvurdering: Vassverket har på kort sikt planar om å styrke døgnkapasiteten med 10-15 m3 gjennom etablering av minimum 1 ekstra borhol tilknytt bassenget. Dette behovet har si årsak både i ønskje om å auke bufferen mellom dagens kapasitet og forbruk og å kompensere for ein gradvis redusert kapasitet i dei eksisterande borhola.

4.6 RUNDE VASSVERK BA

Frå brønnen/kummen (60 m3) ovanfor Rundegardane går hovudleidninga austover mot hamna og forsyner busetnad og øvrige aktivitetar i hamneområdet.

Runde Vassverk BA hadde pr. januar 2015 eit abonnenttal på 35.

Tiltaksvurdering: Vassverket har på kort sikt ingen konkrete utbyggingsplanar.

5 KAPASITET, FORBRUK OG LEKASJAR

Tabellen nedanfor gir ein oversikt over kapasitet, forbruk og lekasjar for dei einskilde vasslaga/-verka. Tala baserar seg på målingar/vurderingar gjort i 2013 og 2014. For dei 2 største vasslaga er kapasitet og forbruk oppgitt i liter pr. sekund medan det for dei øvrige er oppgitt i m3 pr. døgn.

Vasslag/ vassverk	Kapasitet (l/sek)	Kapasitet (m3/døgn)	Forbruk (l/sek)	Forbruk (m3/døgn)	Lekasjar (i %)
Herøy Vasslag	90 1)		53,1		40
Stemmedal Vasslag	52 2)		11-13		50
Moltustranda Vassverk		3)		3)	4)
Nerlandsøy Vasslag		300		150	30
Kvalsvikøy Vassverk		60		42-50	4)
Runde Vassverk		23		17	4)

Tabell 1: Kapasitet, vassforbruk og lekasjar for vasslaga/-verka.

1) **Kapasiteten til kjelda (Mørkevatnet) er oppgitt til 165 l/sek og der Herøy Vasslag har avtale om uttak av inntil 90 l/sek.**
2) **Maks. kapasitet når nytt anlegg er teke i bruk.**
3) **Kapasitet og forbruk er ikkje oppgitt.**
4) **Lekasjetal er ikkje oppgitt.**

Frå Moltustranda Vassverk har ein så langt ikkje fått noko informasjon om kapasitet og forbruk. Dersom ein imidlertid forutset at deira forbruk ligg på om lag same nivå som Nerlandsøy Vasslag, er det samla gjennomsnittlege forbruket for alle vassverka på om lag 70 l/sek. Dei 2 største vasslaga står for om lag 94 % av det samla forbruket.

Moltustranda Vassverk, Kvalsvikøy Vassverk og Runde Vassverk opplyser at dei har svært lite eller ikkje påviselege lekasjar på leidningsnettet. Omgrepet lekasje dekkjer imidlertid langt meir enn tydelege/påviselege leidningsbort m.v. så normalt sett er det vel grunn til å pårekne lekasjar i same storleiksorden som for dei 3 andre vasslaga.

Samla sett har Mørkevatnet og Stemmedalsvatnet svært god kapasitet til å dekkje heile forbruket i kommunen i overskueleg framtid, også om ein forutset at ein vesentleg større del av busetnaden enn i dag vert tilknytt felles vassforsyning.

Isolert sett vil imidlertid dei grunnvassbaserte vasslaga/-verka kunne få visse framtidige utfordringar sidan det uannsett vil vere ei grense for kor mykje vatn som kan hentast ut av eit avgrensa fjellmassiv. Det kan i denne samanheng nemnast at Kvalsvikøy Vassverk opplyser å ha registrert ei viss senking av grunnvasstanden. Når det gjeld Nerlandsøy Vasslag så har dei rett nok rimeleg god kapasitet på kort sikt, men ei vidare utvikling i det tempo ein har hatt dei seinare år, vil også kunne få konsekvensar her. Grunnvassbaserte anlegg er dessutan meir sårbare for langvarige tørkeperiodar med redusert tilsig enn tilfellet er for eit stort overflatebasseng.

Runde Vassverk synest også å ha ei klar utfordring dersom ein større del av eksisterande busetnad skal forsynast frå anlegget eller det skal tilretteleggast for forsyning av evt. ny busetnad.

6 AVGIFTER

Tabellen nedanfor viser ein oversikt over abonnenttal og gebyr-/avgiftsnivå i dei ulike vasslaga/-verka. Tilknytingsavgifta (andelsinnskotet) er utan mva. medan dei øvrige avgiftene er inkl. 25 % mva. I tillegg til det som går fram av tabellen, har nokre av vasslaga/-verka reduserte avgifter for einslege/pensjonistar samt eit nærare spesifisert gebyroppsett for nærings- og fritidseigedomar.

Vasslag/ vassverk (avgift pr.)	Abonnent-tal	Tilkn.avg. (Ta)	Årsavg. (Åa)	Hytter/ rorbuer	Naust	Forbruk pr. m3 (målar)
Herøy (2015)	2335	8.500.	3.738. 1)	60% av Åa	½ Ta og 550. i Åa	9,75 + 937,50 i fast avg.
Stemmedal (2015)	740	10.000.	6.250.	½ Åa	½ Ta og ½ Åa	
Moltustranda (2014)	180	10.000.	2.250.	½ Åa	½ Åa 2)	
Nerlandsøy (2015)	270	14.000.	2.600.	½ Åa	½ Ta og ¼ Åa	
Kvalsvikøy (2015)	91	15.000.	4.375.	1/1 Ta 3) og 1/1 Åa 4)	2)	
Runde (2015)	35	15.000.	2.500.	½ Åa		8,35

Tabell 2: Vassavgifter 2015

1) **Avgifta gjeld for hus/leil. mellom 150 og 300 m2. Hus/leil. <150 m2 betalar 2.875. og hus/leil. >300 m2 betalar 5.025.**
2) **For naust, der eigaren har bustadabonnement, er det inga tilleggsavgift.**
3) **Gruppe av rorbuer med same eigar betalar 1 felles tilknytingsavgift.**
4) **Kvar rorbueining betalar heil årsavgift.**

For Moltustranda Vassverk har ein ikkje fått tilbakemeldt evt. endringar i avgiftsnivået etter 2014. Som det går fram av tabellen er det ein viss skilnad i avgiftsnivået. Kvalsviksøy og Runde ligg høgast når det gjeld tilknytingsavgifta medan Stemmedal har den klart høgaste årsavgifta. Sistnemnde har mellom anna samanheng med dei store pågåande utbyggingane innanfor vasslaget sitt forsyningsområde.

Økonomien i dei ulike vasslaga/-verka varierar frå rimeleg god til at ein berre har nok til at «hjula går rundt». For fleire av dei kan det vel seiast at avgiftsnivået over tid har vore for lavt i høve til behovet, noko som har redusert mulegheitene for optimal drift og hindra oppbygging av tilstrekkeleg buffer for naudsynte investeringar og større vedlikehaldstiltak.

7 ORGANISERING AV VASSFORSYNINGA

7.1 DAGENS ORGANISERING

Tradisjonelt har alle vasslaga/-verka vore organisert gjennom ulike former for private andels- eller partslag der årsmøtet v/andelseigarane er vasslaget/-verket sitt høgste organ og der eit styre, vald av årsmøtet, står ansvarleg for den daglege drift av vasslaget/-verket.

I følgje opplysningar frå Brønnøysundregisteret er no alle vasslaga/-verka registrert i medhald av § 3-2 i Foretaksregisterlova, Runde Vassverk som foretak med avgrensa ansvar og dei andre som samvirkeforetak.

Felles for samvirkeforetak og andre foretak med avgrensa ansvar er at deltakande partar ikkje står ansvarleg for foretaket sine økonomiske plikter. Oppsett over organisasjonsopplysningar følgjer av tabell 3 nedanfor.

Namn på foretak	Etablerings-dato	Organisasjonsform	Organisasjons-nummer
Herøy Vasslag SA	01.04.1970	Samvirkeforetak	956668824
Stemmedal Vasslag SA	05.03.1966	Samvirkeforetak	970186085
Moltustranda Vassverk SA	31.12.1970	Samvirkeforetak	870059132
Nerlandsøy Vasslag SA	01.01.1965	Samvirkeforetak	970186581
Kvalsvikøy Vassverk SA	20.04.1974	Samvirkeforetak	970548459
Runde Vassverk BA	02.09.1967	Foretak med avgrensa ansvar	992437243

Tabell 3: Dagens organisasjonsform for vasslaga/-verka

Drifta av det einskilde vasslag/-verk er naturleg nok svært avhengig av storleiken på laget/verket og varierar frå meir eller mindre dugnadsbasert verksemd for dei minste til fleire fast tilsette driftspersonar for det største (Herøy Vasslag SA).

7.2 SAMARBEID KOMMUNE – VASSLAG/VASSVERK

Med unntak av Herøy Vasslag, som har samarbeidsavtale med kommunen, eksisterar i dag ikkje noko formalisert samarbeid mellom kommunen og dei øvrige vasslaga/-verka. Kommunen v/Anleggs- og driftsavdelinga har imidlertid eit godt og nært samarbeid med nokre av vasslaga/-verka medan slikt samarbeid er bortimot fråverande for andre. Det har ei tid vore arbeidd med å få på plass ein formell samarbeidsavtale for samtlege vasslag/-verk. Av hovudpunkta i det førebelse avtaleforslaget kan ein oppsummere følgjande:

- Det vert slått fast at kommunen har det overordna ansvaret for all vassforsyning og at vasslaga/-verka skal legge kommunen sine arealplanar til grunn i si planlegging og utbygging.
- Dei einskilde vasslaga/-verka har ansvaret for utbygging og dagleg drift innanfor sine respektive forsyningsområde og er høyringspartar ved utarbeiding av nye kommunale planar.
- Vasslaga/-verka skal sikre etablering av tilfredsstillande branndekning medan brannvernet kontrollerar at brannkummar m.v. er funksjonelle og tilgjengelege.
- Kommunen og vasslaga/-verka skal samarbeide om innkjøp av varer og tenester og om registrering og kartlegging av nye anlegg.
- Tilfredsstillande vassforsyning skal vere godkjent av vasslaga/-verka før nye byggeløyve vert gjevne.
- Det skal haldast faste møte (minimum årleg) mellom kommunen og vasslaga/-verka for samordning av drifts- og utbyggingstiltak.
- Vasslaga/-verka skal uoppfordra informere kommunen om hendingar/tiltak m.v. som har betydning/interesse for abonnentane.

7.3 UTFORDRINGAR

Sjølv om det har skjedd svært mykje positivt på vassforsyningssektoren dei siste 10-åra så kan det vel seiast at dei prinsipielle utfordringane i stor grad er dei same i dag. Vassforsyning inngår som del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytta til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. Leveranse av nok vatn til dei ulike delar av kommunen er dessutan ei viktig forutsetning for ein tilfredsstillande brannberedskap.

Det må påreknast at kompetansebehovet på vassforsyningssektoren vil presse fram ytterlegare krav til organisering og drift som i alle høve dei mindre vasslaga/-verka vil kunne få problem med å dekke.

Dei fysiske utbyggingstiltaka på vassforsyningssektoren må prioriterast i høve til kommunale arealplanar og inngår som ein integrert del av øvrig infrastruktur som skal samordnast og styrast av kommunen. Dette stiller store krav til samhandling mellom aktørane når ansvaret for dei ulike infrastrukturelementa er delt som i dag.

Sjølv om ein ofte snakkar om samordning på VA-sektoren vil ein i dei fleste samanhengar måtte sjå dette som del av ein meir omfattande infrastruktur der også veg, straum, tele/fiber m.v. inngår. Med unntak av ein del hovudelement som sjøleidningar og andre reine samanbindingsleidningar skjer dei aller fleste tiltaka i og i tilknyting til bygging av offentleg veg.

Når det gjeld samordna utbyggingar som nemnt ovanfor, deltek ofte vasslaga/-verka i følgje Anleggs- og driftsavdelinga som ein subsidiert part. Dette vert forklart ved at kommunen i praksis tek alle kostnader med prosjektering og grunnundersøkjingar, grunnkjøp og andre erstatningar, arkeologiske undersøkjingar m.v. medan vasslaga/-verka betalar for den reine anleggskostnaden ved å ta del i felles grøft.

I samband med den aktuelle problemstillinga som no er oppe til drøfting, vil spørsmålet truleg ikkje vere om framtidas vassforsyning skal baserast på dagens organisasjonsform, men om kva for organisasjon(ar) som må etablerast for å møte framtidas utfordringar. Dei siste års gjennomførte strukturendringar er vel i så måte eit klart teikn på at utviklinga går i retning av større og meir fagleg og økonomisk robuste einingar.

7.4 ALTERNATIVE ORGANISASJONSMODELLAR

Dersom ein samanliknar seg med andre kommunar, både i nærområdet og for øvrig også på landsplan, så er det svært uvanleg at ein kommune på Herøy sin storleik ikkje har ei eller anna form for kommunal organisering av vassforsyninga. Dette betyr nødvendigvis ikkje at eit kommunalt vassverk er det einaste rette for Herøy. Målet må vere å få på plass ei organisasjonsform som på beste måte kan møte framtidas krav til utbygging, vedlikehald og drift innan vassforsyningssektoren.

I det som følgjer har ein peika på 4 ulike organisasjonsmodellar. Innanfor kvar av desse modellane kan det sjølvsagt vere ein del variantar avhengig mellom anna av lokaliseringa av dei ulike vasslaga/-verka, mulegheitene for dekning av behovet innan sitt område og av behovet for fysisk samordning av til dømes leidningsnettet.

Vidareføring av dagens organisering av vassforsyninga

Dette alternativet inneber, i alle høve på kort sikt, status quo når det gjeld vassforsyninga i kommunen. På noko lenger sikt og med tilvising til det som har skjedd av organisasjonsmessige endringar dei siste åra, så er det nok derimot svært sannsynleg at det vil skje endringar også i tida som kjem. Dette vil imidlertid vere avhengig av at dei einskilde vassverka ser behovet for og ikkje minst har vilje til å ta steg i retning av ei organisatorisk og fagleg meir robust vassforsyning.

Utan endringar vil konsekvensen lett verte at dei største vasslaga/-verka vil kunne makte å møte utfordringane medan dei små truleg vil slite meir i høve til stadig aukande krav. Ein vil nok også heilt klart måtte pårekne aukande utfordringar når det gjeld framtidig samordning av infrastrukturen i kommunen.

Etablering av privat foretak (samvirkeforetak) for all vassforsyning

Dette alternativet inneber at vassforsyninga fortsatt er privat, men basert på ein felles organisasjon. Ei slik organisering vert vurdert til å ha klare fordelar samanlikna med dagens modell. Ein får samla ressursane, noko som naturleg nok gir klart betre forutsetningar for å bygge opp ein vassverkorganisasjon med tilstrekkeleg fagleg og økonomisk tyngde. Det gir også betre høve til å sjå vassverkutbyggingar i samanheng og til samkøyring og samordning av drift og vedlikehald i heile kommunen. Sett frå ein kommunal synsstad vil det sjølvsagt også vere ein klar fordel å kunne samhandle med ein organisasjon.

Innanfor organisasjonsforma samvirkeforetak er det naturleg nok også mogleg med alternative løysingar basert på dei forutsetningar og utfordringar dei ulike vasslaga/-verka i dag har. Ser ein på Herøy Vasslag og Moltustranda Vassverk så har desse felles kjelde (Mørkevatnet) og felles hovudleidning ned til samlekum. Stemmedal Vasslag er samanknytt med Herøy Vasslag sitt leidningsnett gjennom hovudleidning over Røyrasundet. Ved til dømes å binde saman leidningsnettet til Stemmedal Vasslag og Moltustranda Vassverk frå Stokksund til Moltu (langs FV 10) vil dei 3 her nemnde vasslaga/-verka ha svært gode forutsetningar for ei optimal og samordna vassverkdrift.

Utfordringane for Nerlandsøy Vasslag og Kvalsvikøy Vassverk vil vel mellom anna vere i kva grad dei i framtida maktar å sikre tilstrekkeleg vatn til sine respektive forsyningsområde. Med dei omfattande utbyggingane som skjer innanfor Nerlandsøy Vasslag sitt dekningsområde vil nok ei slik problemstilling kunne verte særleg aktuell her. For Runde vil det neppe vere aktuelt med vasstilførsel utanfrå. Fordelane her vil ligge i å verte ein del av ein felles vassverkorganisasjon.

Som det går fram av vurderingane ovanfor er det fleire forhold som talar for ei samla vassforsyning i kommunen. Det avgjerande spørsmålet vil vel verte om det er tilstrekkeleg vilje til å samordne interessene på tvers av dagens vassverkstruktur og i kva grad kommunen ønskjer å vere pådrivar i ein slik prosess.

Etablering av kommunalt foretak for vassforsyninga

Vurderingane omkring dette alternativet vil på mange område vere samanfallande med eit privat samvirkeforetak. Ein får imidlertid ein organisasjon som vert sterkare knytta til og styrt av kommunen sjølv om eit kommunalt foretak vil operere som ei sjølvstendig eining innanfor sitt ansvarsområde. Den noko nærare tilknytinga til kommunen må kunne sjåast på som ein fordel når ein vurderar det i høve til framtidige utfordringar med samordning på infrastruktursida.

Med utgangspunkt i det som går fram av kap. 6 om ***Avgifter***, der einskilde vasslag/-verk har redusert avgift for til dømes einslege minstepensjonistar, kan det opplysast at her er reglane klare når det er tale om kommunale foretak og naturleg nok også reine kommunale vassverk. Etter *Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr* kan det ikkje fastsetjast reduserte avgifter for abonnentane med basis i sosial status og/eller pårekna redusert betalingsevne.

Når det gjeld iverksetjing av ein evt. samlande vassverkorganisasjon så er det vel også forhold som talar for at eit kommunalt foretak vil vere lettare å få på plass samanlikna med eit samlande privat samvirkeforetak. Ei slik vurdering inneber ikkje noko nedvurdering av vassverka si samarbeidsevne. Det har kort og godt sin basis i at om kommunen ønskjer ei slik utvikling og set seg i «førarsetet» så vil det vere ein enklare prosess enn om 6 vassverk med ulik ståstad og ulike forutsetningar skal samordne sine interesser.

Etablering av kommunalt vassverk

Med utgangspunkt i dagens drift er dette det mest ytterleggåande av dei 4 alternative modellane. Samstundes er imidlertid dette den mest vanlege organisasjonsform for kommunar som er samanliknbare med Herøy. Utfordringar og fordelar for eit kommunalt vassverk vil vel på mange område vere samanfallande med eit samvirkeforetak eller eit kommunalt foretak. Gjennom eit kommunalt vassverk vil ein imidlertid få full samordning og samkøyring på VA-delen av infrastruktursektoren.

Etablering av eit kommunalt vassverk inneber at organisasjonen må byggast opp som ein del av den kommunale administrasjonen. Dette vil også ha gjensidig positiv effekt. Vassverkorganisasjonen kjem til eit miljø med samanliknbar kompetanse og og det eksisterande fagmiljøet i kommunen får eit betre grunnlag for å utvikle både breidde- og spisskompetanse.

I kap. 7.3 er det vist til eksempel på dagens erfaringar når det gjeld kostnadsdeling mellom kommune og vasslag/-verk i tilknyting til utbyggingstiltak. Dersom ein tek utgangspunkt i føresetnaden om at prinsippa om sjølvkost vert følgd vil det imidlertid ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen uannsett kva organisasjonsform ein legg seg på.

8 VURDERING OG KONKLUSJON

8.1 VASSLAGA/-VERKA SINE VURDERINGAR

Under enkeltvise møte/samtalar med representantar for dei respektive vasslaga/-verka har ein også bede om deira syn på den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I det som følgjer er dette oppsummert i svært forenkla og stikkordsmessig form:

- **Herøy Vasslag** ser ikkje noko problem med å halde fram som eiga eining, men kan gjerne tenkje seg eit samanslått vassverk bestående av Herøy, Stemmedal, Moltu og Nerlandsøy. Dette med tilvising til at dei her nemnde vasslaga/-verka alt i dag har ulike tilknytingar som til dømes felles kjelde, samanknytt/felles leidningsnett, driftssamarbeid m.v.
- **Stemmedal Vasslag** er innforstått med at dei vil kunne møte store organisatoriske og driftsmessige utfordringar i åra som kjem ved framhald av dagens driftsform. Ved evt. endringar prioriterar vasslaget kommunalt vassverk framfor ei samanslått privat eining.
- **Moltustranda Vassverk** meinar at dei fungerar godt som sjølvstendig organisatorisk eining og har korkje behov for eller ønskje om å inngå i ei samanslått driftseining.
- **Nerlandsøy Vasslag** har ikkje problem med å halde fram som eiga eining, men ser då kanskje dette føre seg som ei rein organisatorisk eining med innleige av den praktiske driftskompetansen (som delvis er tilfelle i dag). Vasslaget har for øvrig ingen prinsipielle motforestillingar mot å inngå i eit evt. kommunalt vassverk, men ser ikkje behovet for dette på kort sikt.
- **Kvalsvikøy Vassverk** meinar at dei fungerar godt som eiga organisatorisk eining, men ser at aukande krav til drift og driftsoppfølgjing tilseier at vassverket på sikt bør inngå som del av ein større organisajon, privat eller kommunal.
- **Runde Vassverk** meinar at dei fungerar rimeleg godt som eiga organisatorisk eining og har ingen ønskje om inngå som del av ein større organisasjon.

Av dei 6 vasslaga/-verka i kommunen er det berre Moltustranda og Runde som er konsekvent på at dei ikkje ønskjer organisatoriske endringar. Dei andre 4 er opne for å drøfte framtidig ny organisering av vassforsyninga, men med litt ulike syn på om målet er ei større privat eining, eit kommunal vassverk og om dette skal omfatte alle eller berre nokre av dagens vasslag/-verk.

8.2 KOMMUNEN SINE VURDERINGAR

Med tilvising til at det så langt berre er gjort politisk vedtak om å vurdere organisasjonsstrukturen vil dei vurderingar og konklusjonar som no følgjer under overskrifta **Kommunen sine vurderingar**, vere basert på administrasjonen sitt syn.

Når ein skal vurdere og konkludere i ei sak som dette må ein ta utgangspunkt i at kommunen har det overordna ansvaret for vassforsyninga. Dette betyr ikkje at kommunen har plikt til å drifte vassverk, men det inneber at kommunen har plikt til å påsjå at verksemda er organisert og drifta på ein slik måte at innbyggjarar og næringsliv er sikra ei god og sikker vassforsyning.

Det kan for øvrig nemnast at endringane i *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg,* som vart iverksett i 2012, slår fast at nye vassverk skal vere kommunale, at eksisterande vassverk berre kan overdragast/seljast til kommunen og at samanslåing av vassverk er avhengig av godkjenning frå kommunen. Lova inneber såleis ei klar dreiing i retning av kommunal vassverkdrift.

Vassverkstrukturen

Når ein skal legge planar for den framtidige vassforsyninga i Herøy så ser ein det som eit lite aktuelt tema å gå inn i vurderingar med formål å halde fast på dagens organisasjonsstruktur. For det første tilseier den historiske utviklinga fram til no at slik vert det uannsett ikkje og dessutan så ligg det i mandatet for utgreiinga at ein skal vurdere «ny struktur».

Resultatet av å ikkje planlegge «si eiga» framtid vil då lett kunne verte, slik ein har tidlegare erfaringar frå, at behov dukkar opp og må løysast som følgje av kortsiktige økonomiske og/eller driftsmessige utfordringar. Naudsynte prosessar vert då gjerne meir kompliserte enn om ein nyttar litt «føre var»-tenking.

Omsynet til å kunne bygge opp ein organisasjon med tilstrekkeleg breidde- og spisskompetanse talar klart for at ein samlar seg i ei større eining. Av dagens vasslag/-verk er det berre Herøy Vasslag som er store nok til å kunne forsvare fast tilsett driftspersonell og sjølv dei er ikkje store nok til å kunne gi grunnlag for ei tilfredsstillande vaktordning.

Det er all grunn til å pårekne at krava til kvalitet og sikre leveransar av drikkevatn fortsatt vil auke, noko som ytterlegare understrekar behovet for ein organisasjon som gir tilstrekkeleg fundament for nok og rett fagkompetanse.

Det ligg mykje engasjement og innsats bak den vassforsyninga ein i dag har rundt om i dei ulike bygdelaga og denne utgreiinga har på ingen måte til hensikt å underkjenne dette arbeidet.

Basert på vasslaga/-verka sine eigne erfaringar er det imidlertid ikkje lenger like lett å rekruttere nye generasjonar som er villig til å bruke nok tid og krefter på vassverkarbeid. I mange tilfelle vil såleis vassforsyninga vere avhengig av engasjerte einskildpersonar og dess mindre vasslaget/-verket er, dess meir sårbart vert det. Vassforsyningsdrift etter dagens og framtidas krav er avhengig av kontinuitet over tid i alle ledd.

Dersom ein ser på den fysiske infrastrukturen innan vassforsyninga så er i dag 3 av vasslaga/-verka samanbundne på ulik vis. Moltustranda Vassverk og Herøy Vasslag har felles kjelde og felles hovudleidning ned frå kjelda og Stemmedal Vasslag og Herøy vasslag er samanbundne med leidning over Herøyfjorden og kan såleis gjensidig forsyne kvarandre, i alle høve innanfor deler av sine respektive dekningsområde.

Med ei framtidig leidning frå Moltustranda til Stokksund, noko som mellom anna var tema i den forrige hovudplanen, vil forsyningsfleksibiliteten verte ytterlegare styrka. Nemnast kan også at Herøy Vasslag har til vurdering ny sjøleidning frå Fosnavåg til Sævik og at det i denne samanheng vil kunne vere aktuelt å knyte seg på og styrke forsyninga til Nerlandsøy Vasslag. Sett på bakgrunn av ovannemnde status og mulegheiter er det såleis rimeleg naturleg å tenkje seg desse 4 vasslaga/-verka som grunnstamma i eit nytt fellesvassverk.

For Kvalsvikøy og Runde Vassverk ligg det ikkje til rette for noko fysisk samanknyting med dei øvrige vasslaga/-verka. Samstundes er desse dei minste og kanskje dei som vil ha ekstra behov for å ta del i kompetansen som eit nytt fellesvassverk vil representere. Det vil sjølvsagt også vere argument som talar for at desse vassverka held fram som eigne einingar, men om ein ser utviklinga og behova på noko sikt, er ein frå kommunen si side rimeleg klar på at eit samla fellesvassverk vil vere den rette måten å møte framtida på også for desse.

Privat eller kommunalt vassverk

Dersom ein tek utgangspunkt i eit framtidig vassverk bestående av samtlege eller evt. fleirtalet av dagens vasslag/-verk vil neste tema dreie seg om organisasjonsform, privat, kommunalt foretak eller reint kommunalt vassverk. Alle dei her nemnde organisasjonsformene vil isolert sett vere likeverdige med tanke på oppbygging av tilfredsstillande fagkompetanse. Eit pluss vil det likevel vere for eit kommunalt vassverk sidan det kan dra vekslar på og få samordningsvinst i høve til den eksisterande og samanliknbare VA-kompetansen som alt er i kommunen.

Ved etablering av eit privat fellesvassverk vil sjølvsagt alle vasslaga/-verka gå inn i drøftingane/forhandlingane som likeverdige partnarar, men det synest likevel naturleg at Herøy Vasslag må vere basis og hovuddrivkrafta bak ein slik samordningsprosess. Eit privat fellesvassverk bør primært omfatte samtlege vasslag/-verk, men må i alle høve som eit minimum omfatte den grunnstamma på 4 vasslag/-verk som vist til tidlegare.

I samanlikninga mellom kommunalt foretak og reint kommunalt vassverk vel ein å sjå bort frå det førstnemnde alternativet. Isolert sett er alternativa likeverdige med omsyn til grunnlaget for oppbygging av fagkompetanse, men eit kommunalt vassverk vil i tillegg gi grunnlag for ei endå betre samordning av infrastrukturkompetansen innan VA-sektoren i kommunen.

Nemnast bør også at det i ei tid der det vert stilt spørsmål ved det «demokratiske underskotet» i interkommunale, men også kommunale foretak, kan det kanskje verke uheldig å opprette nye. Eit kommunalt foretak vil trass alt vere ein organisasjon «på sida av systemet», men der kommunen framleis sit med det økonomiske ansvaret.

Til slutt kan ein peike på eit moment som kanskje ikkje bør tilleggast altfor stor vekt, men som likevel kan nemnast. I den forestående kommunesamanslåingsprosessen vil det på eitt eller anna tidspunkt verte tale om samling/fordeling av arbeidsplassar innan dei ulike kommunale tenesteområda. Det vil i ein slik samanheng vere rimeleg naturleg at dei ulike kommunane sine sterke og svake sider vert tillagt ein del vekt. Eit veldrive og fagleg kompetent vassverk vil i alle høve ikkje vere negativt i høve til det ein her gjerne kallar for posisjonering.

Når det gjeld spørsmålet om evt. endring av vassverkstrukturen står ein såleis etter administrasjonen si vurdering att med følgjande 2 alternativ:

1. Etablering av eit privat fellesvassverk basert på alle eller evt. eit fleirtal av dagens vasslag/-verk.
2. Etablering av eit samlande kommunalt vassverk, organisert som del av den øvrige kommunale verksemda på VA-sektoren.

Samanslåings-/samordningsprosessen

Ein prosess fram mot samanslåing av dei private vasslaga/-verka eller etablering av eit kommunalt vassverk vil uansett måtte ta noko tid sidan det er mange ulike forhold som må førebuast, avklarast og samordnast. Det vil også i høgste grad vere avhengig av vasslaga/-verka sin vilje til og ønskje om endringar. Dersom eitt eller fleire av vasslaga/-verka ikkje har ønskje om endringar eller om viljen til evt. samanslåing/samordning er gjort avhengig av ei konkret løysing, vil prosessen kunne verte ekstra krevjande. Basert på samtalane ein har hatt med vasslaga/-verka veit ein at dette truleg vil vere dagens realitet.

Dette betyr naturlegvis ikkje at ein skal avstå frå å starte prosessen dersom ein har tiltru til at målet er rett og meinar at det er betre å førebu framtida enn å vente på framtida.

I den førebuande prosessen vil det vere naturleg at vasslaga/-verka gjennom høyring/uttale får høve til å kome med synspunkt til framlegget til hovudplan og konklusjonane i planen før den endelege politiske behandlinga. Det er rimeleg å pårekne at slik behandling vil måtte skje på dei respektive vasslaga/-verka sine årsmøte. Realistisk sett må ein nok sjå fram mot 2020 før ein evt. ny organisasjon er på plass.

8.3 KONKLUSJON/TILRÅDING

Frå administrasjonen si side vil ein konkludere med at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på samanslåing til eitt felles vassverk og at ein førebels held begge dei 2 alternativa **kommunalt vassverk** og **privat fellesvassverk** opne. Det bør vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift innan 2020. Før det vert gjort endeleg vedtak om mål og prosess vert det tilrådd å be vasslaga/-verka om å kome med synspunkt/merknader til framlegget til hovudplan og konklusjonane i denne.

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Herøy vasslag. Ho gjekk frå i handsaming av habilitet.
Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl §6, 2. ledd.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 01.07.2014

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal innvolverast aktivt under heile planprossen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/467
		Arkiv:	M11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA I HERØY

Tilråding frå rådmannen:
Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal innvolverast aktivt under heile planprossen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

Særutskrift:
Herøy Vasslag, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg
Stemmedal Vasslag v/Arild Moldskred, 6070 Tjørvåg
Moltustranda Vassverk v/Fred Hansen, 6076 Moltustranda
Nerlandsøy Vasslag v/Aksel Kvalsvik, Øvre Plassegjerdet 6, 6098 Nerlandsøy
Kvalsvikøy Vassverk v/Trond Kvalsvik, Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
Runde Vassverk v/Rocco Torsten Schwalm, 6096 Runde

Vedlegg:
Kopi av referat/oppsummering frå møte mellom vasslaga/-verka og Herøy kommune den 13.05.2014.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN

I handlingsdelen til samfunnsdelen i kommuneplanen 2013-2025 er det under satsingsområdet **Infrastruktur** teke med eit punkt/tiltak om at kommunen skal ***vurdere organisatorisk overtaking av vassverka.*** Frå administrasjonen si side har ein teke sikte på å tilnærme seg dette oppdraget gjennom ei revidering av gjeldande hovudplan for vassforsyninga. Det har så langt berre vore gjort ein del førebuande arbeid, her under halde eit møte med vasslaga/-verka. Det nemnde møtet hadde som formål å orientere vasslaga/-verka om det forestående arbeidet og å få tilbakemeldingar om dagens status og synspunkt på ein slik mogleg organisasjonsendringsprosess. Saka no gjeld om og i tilfelle i kva omfang ein skal førebu og gjennomføre ein slik prosess.

HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA AV 1991

Arbeidet med ein **Hovudplan for vassforsyninga i Herøy** vart starta opp i 1987 med basis i vedtak i F-sak 116/87. Østlandskonsult AS vart den gong valt som konsulent for arbeidet og ein planrapport låg føre i november 1990. I denne rapporten vart det mellom anna tilrådd at den framtidige vassforsyninga i Herøy skulle baserast på 1 hovudvassverk med forsyning frå 2 kjelder, Mørkevatnet og Stemmedalsvatnet, og at det dessutan skulle gjerast nærare vurderingar om bruk av grunnvatn for nokre utvalde delar av kommunen. Etter ein høyringsrunde lokalt, regionalt og statleg (Statens institutt for folkehelse) sluttbehandla kommunestyret hovudplanen den 29.11.91 (K-sak 107/91). Vedtaket lydde som følgjer:

1. ***Hovudplanen for vassforsyninga vert godkjent med dei tillegg og presiseringar som kjem fram av kommentarane frå Østlandskonsult AS samt teknisk sjef si utgreiing. Kostnadsoversikten for vassforsynings-investeringane, utarbeidd av teknisk sjef og datert 10.10.91, vert lagt til grunn som ei samla ramme for utbyggingstiltaka i hovudplanen.***

2. ***Handlingsprogrammet for utbyggingstiltaka dei næraste åra vert godkjent i samsvar med det justerte prioriteringsforslaget, slik dette går fram av kommentarane til høyringsuttalen frå Østlandskonsult AS.***

   Ein har med dette ikkje teke stilling til den endelege organisasjonsformen for den framtidige vassforsyninga i Herøy.

3. ***Det vert lagt til grunn at det kan påreknast minst 16 % statleg tilskot til utbyggingstiltak som er i samsvar med godkjent hovudplan, og kommunen vil på tilsvarande grunnlag yte 10 % tilskot til dei ulike investeringstiltaka. Tilskotspolitikken må nyttast som eit aktivt styringsmiddel for gjennomføring av hovudplanen og intensjonane i denne.***

Ein går i denne samanheng ikkje noko nærare inn på innhaldet i hovudplanvedtaket bortsett frå å konstatere at kommunen på dette tidspunkt ikkje ville legge føringar på organiseringa av vassforsyninga.

KORT OM HISTORIKK OG STATUS FOR VASSFORSYNINGA

Som følgje av avdekte behov og prioriterte tiltak vart det som del av hovudplanen skissert utbyggingar til ein samla kostnad på 74 mill. kr. Svært mange av desse prosjekta er i ettertid gjennomførte og dei viktigaste/mest omfattande tiltaka kan oppsummerast som følgjer:

- UV-rensing av hovudkjeldene.
- Omfattande utskiftingar, omleggingar og oppdimensjonering av hovudleidningsnettet.
- Grunnvassanlegg på Nerlandsøy og Kvalsvik.
- Ny overføringsleidning Moltu – Bergsøy.
- Samanbinding Frøystad – Bergsøy via Mjølstadneset.
- Høgdebasseng på Leinøy (v/Svartevatnet).

Også på det organisatoriske plan har det skjedd ein del endringar. Svartevatn Vasslag og Sævik Vassverk har gått inn i Herøy Vasslag og dei tilhøyrande vasskjeldene (Svartevatnet og Sævikvatnet) er avvikla. Leikanger Vassverk har gått saman med Stemmedal Vasslag. Den tidlegare vasskjelda til Leikanger (Trangedalen) vart avvikla lang tid i forvegen for dette gjennom ei samankopling av dei respektive vasslaga sine leidningsnett. Som følgje av etablering av grunnvassanlegg er også dei tidlegare kjeldene til Nerlandsøy Vasslag (Børdalen) og Kvalsvikøy Vassverk (Fossedalen) avvikla. Dagens organisatoriske status med tilhøyrande kjelde og forsyningsområde kan såleis kort oppsummerast som følgjer:

- **Herøy Vasslag SA** med Mørkevatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Bergsøya, Leinøya (utanom Bø/Sande) og Remøya.
- **Stemmedal Vasslag SA** med Stemmedalsvatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Leikong (utanom Jøsok/Voldnes), Myrvåg og Tjørvåg til og med Notøy og Sandvika. Sistnemnde har grunnvassanlegg.
- **Moltustranda Vassverk SA** med Mørkevatnet som kjelde og Moltustranda som forsyningsområde.
- **Nerlandsøy Vasslag SA** med grunnvassanlegg i fjell og Kvalsund, Koparstad og Teige som forsyningsområde.
- **Kvalsvikøy Vassverk SA** med grunnvassanlegg i fjell og med Kvalsvika som forsyningsområde.
- **Runde Vassverk BA** med vatn frå brønn med tilsig frå ura ovanfor Rundegardane og med ein avgrensa del av busetnaden omkring hamna som forsyningsområde.

MØTE MED VASSLAGA/-VERKA DEN 13.05.2014

Med unntak av Kvalsvikøy Vasslag var alle vasslaga/-verka representerte på møtet. Frå kommunen si side vart det innleiingsvis gjeve ei orientering om det planarbeidet ein ville tilrå å igangsetje. Kvar av dei frammøtte vasslaga/-verka fekk der etter høve

til å orientere om sin status samt om utfordringar og ambisjonar for framtida. Møtet vart avslutta med ei drøfting av ulike forhold knytta til det evt. forestående planarbeidet.

Som det går fram av det vedlagde møtereferatet så stilte nokre av vasslaga/-verka seg positive til å drøfte moglege organisatoriske endringar av vassforsyninga medan andre ga klart uttrykk for at dei var godt nøgd med situasjonen som den var.

Vurdering og konklusjon:

Sjølv om det har skjedd mykje positivt på vassforsyningssektoren dei siste åra så er dei prinispielle utfordringane på mange måtar dei same i dag. Vassforsyning inngår som ein del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytt til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. I tillegg er leveranse av nok vatn til dei ulike deler av kommunen ein viktig føresetnad for ein tilfredsstillande brannberedskap.

Dei fysiske utbyggingstiltaka på vassforsyningssektoren må prioriterast i høve til kommunale arealplanar og inngår som ein integrert del av øvrig infrastruktur som skal samordnast og styrast av kommunen. Dette stiller stadig større krav til samhandling mellom aktørane når ansvaret for dei ulike infrastrukturelementa er delt som i dag. Det må vidare påreknast at kompetansebehovet på vassforsynings-sektoren vil presse fram ytterlegare krav til organisering og drift som i alle høve dei mindre vasslaga/-verka vil kunne få problem med å følgje opp.

Det er svært uvanleg at ein kommune på Herøy sin storleik ikkje har offentleg vassforsyning. Dette i seg sjølv er naturleg nok ikkje noko argument for endringar. Dei organisatoriske endringane som har skjedd dei seinare år må imidlertid kunne oppfattast som eit uttrykk for eit behov for å tilpasse seg den utviklinga som er skissert ovanfor. Det er også eit faktum at 2 av dei 3 gjennomførte vassverk-samanslåingane har skjedd etter langvarige og til dels tunge prosessar med kommunal involvering både praktisk og økonomisk. Sett frå kommunen sin synsstad burde dette vere eit greitt signal om at ein no med ope sinn drøftar kva for vassforsyning ein vil møte framtida med og ikkje på ny ventar til neste gong det oppstår ein situasjon der ein må gjere noko.

Ein komplett hovudplan i si tradisjonelle form vil krevje til dels omfattande utgreiingar av teknisk/økonomisk karakter og med det innleige av konsulenthjelp. Forutan kommunale utgifter vil dette også kunne innebere både praktisk og økonomisk medverknad frå vasslaga/-verka. I ein slik situasjon vil det truleg vere fornuftig at ein i forkant gjer ei vurdering av kva tema som skal utgreiast og detaljeringsgraden av dei ulike tema. På generelt grunnlag kan det vel også seiast at det for ein kommune der all vassforsyning er privat, vil ein uannsett måtte ha ei anna og meir overordna tilnærming til temaet samanlikna med at kommunen hadde det heile og fulle ansvaret også på driftssida.

Frå administrasjonen si side er det viktig å understreke at det primære er å ha eit godt nok grunnlag for å vurdere den framtidige organiseringa av vassforsyninga og at avgrensinga av tema som skal utgreiiast, vert gjort i lys av dette. Dette tilseier at ein legg vekt på overordna mål, status og utfordringar og her under ikkje minst samordnings- og samhandlingsutfordringar mellom dei ulike vasslaga/-verka og mellom kommunen og vasslaga/-verka. Utan å foregripe konklusjonane i ein

komande hovudplan vil nok ikkje spørsmålet vere om framtidas vassforsyning skal baserast på dagens organisasjonsform, men kva for organisasjon(ar) som må etablerast for å møte framtidas utfordringar.

Ei anna avgjerd som må takast i forkant av planarbeidet, gjeld val av plantype. For ein komplett og altomfattande hovudplan ville det nok ha vore rettast å køyre saka som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Ein slik plantype inneber imidlertid behandlingsprosedyrer på lik line med ein kommuneplan (jfr. PBL §§ 11-12 til 11-15), noko som kan synest unødig i høve til det som tidlegare er nemnt om avgrensing av tema og detaljeringsgrad i hovudplanen.

Administrasjonen vil tilrå at hovudplanen vert fremja som ein temaplan der ein sjølve definerar omfang av og innhald i planen. Ein kan likevel gjennomføre tilstrekkelege og tilfredsstillande høyringsrundar der relevante høyringspartar vert involvert. Ein temaplan vil naturleg nok ikkje vere juridisk bindande, men gjennomføringa av ulike organisatoriske grep som måtte følgje av planen, vil uannsett plantype vere avhengig av eit nært og konstruktivt samarbeid med vasslaga/-verka.

Konsekvensar for folkehelse:
Ei velfungerande vassforsyning med vektlegging av kvalitet og leveringssikkerheit vil heilt klart ha positiv innverknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:
Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn og enkle og lett tilgjengelege tilkoplings-mulegheiter er ei viktig føresetnad for ein god beredskap.

Konsekvensar for drift:
Med tilvising til at vassforsyning skal vere sjølvfinansierande så har det i prinsippet ingen økonomiske driftskonsekvensar uansett organisasjonsform.

Fosnavåg, 10.06.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/48
		Arkiv:	N00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

PRIORITERING AV SAMFERDSELSPROSJEKT 2015

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei einskilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesvegar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband
2. Rovdefjordsambandet

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua

3. Rundebrua
4. Remøybrua
5. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)
1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg til Sandvika

Gang og sykkelvegar (G/S)

1.Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
2.Frøystad- Torvik
3.Sandvika – Raftenes
4.Moltustranda
5.Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

Særutskrift: Møre og Romsdal fylke

Vedlegg:
Sak T 38-14 Fylkestinget, Investeringsprogram 2015-2023
F-sak 221/13. Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal.

Saksopplysningar:

Saksframlegget er meint å sammenfatte det Herøy kommune prioriterer av viktige samferdselsoppgåver knytt til vegsektoren. Dokumentet vil og gi føringar for prioritering av kommunale plansaker.

Det er viktig med eit samspel med andre regionale instansar og då særskildt Møre og Romsdal Fylke som er ein stor vegeigar i kommunen. Det er eit krav frå fylkeskommunen at for å kome i posisjon om samferdselsmidlar må ein vere inne på prioriteringslistene og investeringsprogrammet til fylkeskommunen.

Kommunen skal gjennom denne prioriteringa av samferdselsprosjekt **synleggjere sine målsetjingar og prioriteringar knytt til samferdselsprosjekt i kommunen**.

Ved at prioriteringa vert årleg vil dette vere å rekne som eit innspel til fylkeskommunen i samband med revidering av det løpande investeringsprogrammet knytt til fylkesvegar. Det skal prioriterast innanfor same programområde som MR fylke legg til grunn.

Der er ei rekkje førande dokumenter der kommunen tidlegare har gjeve prioriteringar av viktige samferdselsaker i kommunen. Følgjande kan m.a nemnast:

K-sak 19/07 Kystveg Ålesund – Florø (Bergen)
K-sak 6/08 der kommunestyret gav innspel til nasjonal transportplan.
F-sak 266/10 Sunnmøre veginvest.
K-sak 169/14 Kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018
Kystvegen Måløy –Florø AS

Kommunen gjennomfører regelmessige møter med fylkeskommune og Statens vegvesen med omsyn til realisering av ulike samferdselsprosjekt i kommunen.

Av større saker kan nemnast kryssing av Vaulane, Frøystadtoppen, Skarabakken, FV 654 Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua .

Investeringsprogram Møre og Romsdal fylke 2014-2023.

Nedanfor er der ei opplisting av prioriterte tiltak i investeringsprogrammet/planramme for fylkesvegar i perioden 2014-2023 som vedkjem Herøy kommune. Beløp i mill. 2014 kroner inkl.mva.

Mindre utbetringar (bruer)

Førre pri.	Ny pri.	Prosjekt	2015	2016	2017	2018-23	Sum
5	2	Herøybrua	13,0	4,0			17,0
12	8	Sætrebrua				8,0	8,0
14	10	Rundebrua				50,0	50,0
15	11	Nerlandsøybrua				225,0	225,0
18	14	Remøybrua					
27	23	Dragsundbrua					

Mindre utbetringar (tunnellar)

Førre pri.	Ny pri.	Prosjekt	2015	2016	2017	2018-23	Sum
10	13	Sæviktunnelen					

Mindre utbetringar (andre investeringar)

Førre pri.	Ny pri.	Prosjekt	2015	2016	2017	2018-23	Sum
6	4	Skarabakken			10,0	8,7	18,7
7	5	Indre Herøy – Stokksund					
11	9	Leinebygda					

Gang og sykkelvegar

Førre pri.	Ny pri.	Prosjekt	2015	2016	2017	2018-23	Sum
6	4	Torsethøgda-Kalveneset	6,1				6,1
18	15	Djupvika-Nykrem og Leikongbakken				29,5	29,5

Trafikktryggingstiltak

Førre pri.	Ny pri.	Prosjekt	2015	2016	2017	2018-23	Sum
5	5	Frøystadtoppen			4,7	17,7	22,3

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune gav si siste samferdselsprioritering i K-sak 170/13, innspel og prioritering av samferdselstiltak til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Trafikktryggingsplan for perioden 2015-2018 har og prioriteringar knytt til ei rekkje fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar. Tiltaksplanen for trafikktryggingsplan vert å implementere i prioritering av samferdselsprosjekt framover.

Alle dokument til trafikktryggingsplanen kan lesast her - http://www.heroy.kommune.no/kunngjeringar/kommunedelplan-for-trafikktrygging-2015-2018-kunngjering-av-godkjent-plan.13790.aspx

Formannskapet har og i sak 221/13 handsama sak om funksjonsinndeling av fylkesvegnettet. Saka kom på bakgrunn av at politiske og administrative organ på fylkesnivå hadde trong for ei funksjonsinndeling av fylkesvegane med omsyn til styringstiltak og prioriteringsspørsmål. Saka ligg vedlagt.

Kommunen har og med budsjettvedtaket for 2015 og økonomiplan 2015-2019 lagt føringar for realisering av planfri kryssing Frøystadtoppen og utbedring av Skarabakken. Dialog om vidare framdrift for desse prosjekta er på plass.

Oppdatert prioriteringsliste mot dei ulike programområda.

På bakgrunn av tidlegare innspel og prioriteringar vil rådmannen leggje fram slikt forslag til kommunal prioritering sett opp imot dei ulike programområda.

Stamvegar

- Ferjefritt samband sørover , Kystvegen, langs ytre linje mellom Ålesund og Bergen (Kystvegutvikling AS)
- Opprustning av E136 Ålesund – Oppland Grense, her under delprosjekta fullføring innfartsveg Ålesund

Store regionale prosjekt (SRP)

E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykreim – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua
5. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik

8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg

Gang og sykkelvegar (G/S)

1. Kalveneset – Torsethøgda
2. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
3. Frøystad- Torvik
4. Sandvika – Raftenes
5. Moltustranda
6. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 13.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.04.2014	25789/2014	Maria Bolstad Dale

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	07.05.2014
	Fylkesrådmannens tilråding	15.05.2014
	Fylkesutvalet	27.05.2014
	Fylkestinget	16.06.2014

Investeringsprogram 2015 - 2023

Innleiing

Det er Fylkestinget som vedtek investeringsprogram for fylkesvegar. Dette er ein tiårig rullerande plan over kva vegprosjekt som skal realiserast på fylkesveg. I 2013 vart investeringsprogrammet grundig gjennomarbeidd. I tråd med det som vart skissert i førre investeringsprogram, er det gjort ein mindre omfattande gjennomgang i år. Ein har ikkje sett på vilkår for prioriteringar, og det er kun i dei tilfella der det har komme vesentleg ny informasjon om prosjekt at det er gjort omprioriteringar. Investeringsprogrammet er med bakgrunn i det oppdatert, men det er ikkje lagt eit nytt år på slutten av perioden, slik det har blitt gjort tidlegare.

Investeringsprogrammet legg føringar for kva prosjekt som skal inn i økonomiplanen til fylkeskommunen, det gjev kommunar rett til å forskotere prosjekt, og det er grunnlag for Statens vegvesen sitt plan- og byggeprogram for fylkesvegar.

Investeringsprogrammet er først og fremst ei liste over vegprosjekt i prioritert rekkefølgje. Det inneheld òg ventelege prosjektkostnader, men særleg for prosjekta som ikkje ligg inne i økonomiplanperioden er desse svært usikre. For ei rekke prosjekt er gjennomføring naudsynt for at veglenkjer ikkje skal verte stengde. Dersom det vert oppdaga nye problemområder, eller forfallet på nokre av dei kjende akselererer, kan det vere behov for å gjere omprioriteringar, også innafor gjeldande økonomiplanperiode.

Nytt av året er at prosjekta er merkt med fargekode ut frå kor sikker kostnaden på prosjektet er; altså kor langt planlegginga på prosjektet har komme. Dette inneber at jo nærare realisering prosjektet er, dess sikrare er kostnaden. For alle prosjekt inne i framlegg til investeringsprogram er prioriteringa i gjeldande investeringsprogram tatt med for å lette samanlikninga. Namn på kommunen prosjektet ligg i er også teke inn for å gjere informasjonen lettare tilgjengeleg for andre interessentar.


Det vart i sak T-61/13 vedteke at det skal opprettast eit nytt programområde: «mellomstore prosjekt». Administrasjonen vil på eit seinare tidspunkt - etter at saka om *prioriteringskriterier* er handsama – leggje fram konkrete forslag til prosjekt innafor dette programområdet.

Administrasjonen sitt framlegg til investeringsprogram tek mellom anna omsyn til:

- Politiske vedtak som er gjort sidan sist investeringsprogram vart vedteke
- Økonomiplan for perioden 2014 - 2017
- Endringar i lokalsamfunnet som gjer prosjekt meir eller mindre aktuelle, som til dømes skulestruktur
- Nødvendige tiltak (der alternativet er å stenge brua, tunnelen eller ferjekaia)
- Nye krav knytt til naudnett i tunnelar
- Ulykkesanalyse for Møre og Romsdal
- Handlingsplan samferdsel 2013 – 2022
- Relevante strategiar på ulike områder, til dømes kollektivstrategien, strategi for gåande og syklande, trafikktryggingsstrategien
- Innspel frå kommunar i 2010 – 2013 gjennom regionale møter
- Detaljkunnskap om vegnettet i Statens vegvesen
- Oppdaterte kostnadsanslag på prosjekt gjort av Statens vegvesen

Investeringsprogrammet sin funksjon
Investeringsprogrammet vart sist vedteke 15.10.2013. Dette er seint i høve til den normale årlege rulleringa. Dette skuldast mellom anna at det var (og framleis er) noko usikkerheit knytt til midlar disponible til både Nordøyvegen og andre prosjekt inne i investeringsprogrammet, og ein del prosjekt er flytta utover i tid grunna tilpassing til økonomiske rammer.

Økonomiske rammer
Gjeldande Økonomiplan 2014 – 2017 gir rammer for fylkesveginvesteringane inneverande år og tre år fram i tid.



Figuren under viser dei årlege økonomiske rammene i høve til dei årlege investeringane.

Refusjonar til kommunar (for gjennomførte prosjekt kommunane har forskottert) er tatt med i dette investeringsprogrammet, i og med at tilbakebetalinga skal dekkjast av investeringsrammene. Dei årlege rammene til fylkesveg må seinare korrigerast for slike refusjonar.

Rammene i økonomiplanen tek ikkje omsyn til at ein del prosjekt også får eksterne midlar. Desse midlane, som til dømes bompengar og tilskot frå stat eller kommunar, kjem i tillegg til dei ordinære fylkeskommunale midlane. Rammene må difor aukast tilsvarande venta innbetalingar. Dette er synleggjort i forklaringa av ramma på side 6 i investeringsprogrammet.

I dette investeringsprogrammet er løyvingane til prosjekt spreidd over fleire år. Det er hensiktsmessig at ein sett av ei lita løyving til oppstart av prosjektet det første året, deretter ei "hovudløyving" i året med størst byggeaktivitet, og deretter ei lita løyving i året etter til pussarbeid og sluttoppgjer. På denne måten reduserer ein sjansen for mindreforbruk som i realiteten gjeld omperiodisering av midlar.

Investeringsprogrammet dekker dei neste ni åra, men investeringar dei siste 6 år er teke med som ein sum (altså ikkje fordelt pr. år). Det er ikkje gjort vedtak om økonomiske rammer for åra etter 2017. Alle beløp er i 2014-kroner.

Fylkestinget har vedteke at Nordøyvegen skal realiserast, seinast gjennom sak T-90/13. Nordøyvegen er difor også lagt inn i investeringsprogrammet.

Prosjektkostnader
Statens vegvesen har sett nærare på kostnadsoverslaga for prosjekta i investeringsprogrammet. Dei nye kostnadene er lagt inn i tabellen. For ein del prosjekt som først kjem inn lengre ute i planperioden, og der planlegginga ikkje er kome særleg langt, vil investeringsbeløpa likevel vere særs usikre. Ein må difor vere budd på at det kan bli store justeringar etter kvart som planlegginga kjem lengre. Nytt av året er at usikkerheita knytt til kvart einskild prosjekt er synleggjort med fargekodar. I kolonna behov/prioritering ved større rammer er det lagt inn grøn/gul/raud farge. Dette speglar kor sikker kostnaden er.

For prosjekt merkt med grønt er det gjort anslag eller byggherreoverslag. For prosjekta merkt med gult er det gjennomført forenkla anslag, eller det er nytta snittprisar (f.eks. løpemeterprisar). For prosjekt merkt med raudt (gjeld stort sett prosjekt som er føresett gjennomført etter økonomiplanperioden), er kostnaden svært usikker, og det er kun gjort grove estimat.

Det vil naturlegvis bli gjennomført anslag/byggherreoverslag på alle prosjekt når dei kjem nærare realisering.

Medverknad frå involverte partar
Det vart gjennomført regionale møte hausten 2010, 2011, 2012 og 2013, og det er laga ei oppsummering av innspela frå kommunane. Innspela frå 2012 er politisk handsama av avsendarkommunen. Dette er i tråd med sak T-17/12, rettleiar for realisering av nye vegprosjekt. Gjennom prosessen med Handlingsprogram samferdsel er medverknad frå involverte partar ivareteke. Oppsummeringa av innspela frå kommunane er lagt ved dette saksframlegget.

Spesielt om store prosjekt og «etterslepsprosjekt»

Opprusting av bruer, ferjekaier og tunnelar representerer samla sett ein stor investering for fylkeskommunen. Denne investeringa må gjerast snarleg for å unngå stenging av veglenker. Gjennom Nasjonal Transportplan 2014 – 2023 og seinare gjennom kommuneproposisjonen som vart lagt fram 8.5.2013, vart det lova ekstramidlar til vedlikehaldstiltak. Ekstramidlane medfører at vi har 51 mill. kroner/år (prisjustering til 2014-kroner medfører auke frå 50 mill. kroner til 51 mill. kroner) til investeringstiltak dei første fire åra. Løyvingar ut over 51 mill. kroner foreslår vi vert nytta til drift (mellom anna dekkelegging). Denne utrekninga føresett at midlane vert fordelte mellom fylka etter kor store behov det er i kvart einskild fylke. For perioden 2018 – 2023 er det føresett ein årleg løyving på 100 mill. kroner. Alle prosjekta som er merka med grått er definerte som etterslepsprosjekt. Dei same prosjekta føresett ei løyving frå staten som minst er på nivå med det som er beskrive over. For tunnelar er rekkefølgja på prioriteringane endra som ein konsekvens av at Statens vegvesen har hatt ein ny gjennomgang av tunnelane i fylket, jamfør sak T-16/14.

Realisering av Nordøyvegen medfører ei stor økonomisk utfordring for fylkeskommunen. Fylkestinget har imidlertid vore tydelege på at Nordøyvegen skal realiserast med dei føresetnader som vart lagt til grunn i T-47/12, samt T-90/13.

Prosjektkostnaden på Nordøyvegen som er lagt inn i investeringsprogrammet er knytt til det sist oppdaterte kostnadsanslaget frå Statens vegvesen, med eit tillegg på 10 prosent avsetjing for usikkerheit. Anleggsarbeid på Nordøyvegen kan tidlegast starte i 2015. I investeringsprogrammet er det difor lagt til grunn at arbeidet vert starta då.

Når det gjeld store prosjekt etter Nordøyvegen, er Trollheimstunnelen/Todalsfjordkryssinga lagt inn på plass nummer 2. Etter dette ligg fleire fjordkryssingsprosjekt i uprioritert rekkefølgje, i samsvar med sak T-61/13.

Det vert arbeidd med bypakkar i Kristiansund, Molde og Ålesund. Byane har vedteke prinsippsak for bompengeinnkrevjing, og i vedtaka føreset dei alle fylkeskommunal medfinansiering. Kva prosjekt som skal gjennomførast som ein del av desse pakkane er ikkje avklart. Det er ein føresetnad og ei forventning om ei kostnadsdeling der fylkeskommunale midlar skal dekkje om lag 5 prosent av dei totale investeringane. Bypakkar i Møre om Romsdal kjem opp som ei eiga sak for Fylkestinget. Fylkeskommunen kan oppfylle sin finansieringsandel ved å gå inn med investeringsmidlar og/eller driftsmidlar. Nokre av fylkesvegprosjekta som er aktuelle som ein del av bypakkane, er allereie prioriterte i investeringsprogrammet. I tillegg bør det vere rom for at delar av fylkeskommunen sitt bidrag kan kome som eit forsterka kollektivtilbod. Kva profil bypakkane får frå kommunane si side, bør leggje føringar for kor mykje midlar fylkeskommunen skal bidra med. Bypakkane ligg under store prosjekt.

Andelen på 5 prosent kan delvis finansierast gjennom allereie prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet fram til og med 2023.

Eksempel på prosjekt som kan vere ein del av bypakkane:

Ålesund; TS-tiltak Blindheimshallen – Hatlehol	50 mill. kr
Molde; Knausenlinja	77 mill. kr
Molde; TS-tiltak Årødalen	69 mill. kr
Kristiansund;	0 mill. kr
Totalt:	**196 mill. kr**

Dette er ein modell alle partane i bypakkearbeidet legg seg på for å klare å fylle finansieringspakka. Utfordringa med dette er at det finansierar investeringar i Kristiansund. Det er eit behov for 90 mill. kroner til investeringar i kollektivinfrastruktur i Kristiansund som det må bli teke høgde for i investeringsprogrammet. Investeringsmidlane utgjer då 286 mill. kroner, som utgjer om lag 2,5 prosent av investeringsmidlane i bypakkane.

I tillegg ligg det inne ein del prosjekt i investeringsprogrammet i Molde og Ålesund. Statens vegvesen definerer bypakkar som alt som ligg innafor ei gitt geografisk avgrensing. Ut frå denne tolkinga føreset fylkesrådmannen at desse prosjekta også vert definert som ein del av det fylkeskommunale bidraget til finansiering av bypakkar.

Investeringsprogram 2015 – 2023 og følgjer for enkeltprosjekt
I investeringsprogram for 2012 – 2021 låg det inne ein del prosjekt som no er flytta til etter 2023. Dette er uheldig fordi mange gode prosjekt ikkje vert realisert. Det er også uheldig fordi det at prosjekta er flytta til etter investeringsprogramperioden gjer at kommunane ikkje kan forskotere prosjekta.

Prosjekt som allereie er gitt løyve til forskotering, og/eller som er realiserte, er lagt inn i investeringsprogrammet. Dette på bakgrunn av at fylkesrådmannen ser dette som ei binding til den gitte kommunen. Dette gjeld rundkøyringa i Elnesvågen sentrum og gang- og sykkelvegen Amdam – Giskemo.

Programområde mindre utbetringar
Alle prosjekta knytt til fjerning av forfall på fylkesvegnettet ligg under dette programområdet. For å kunne skilje mellom dei ulike typane utbetringar har vi i det følgjande delt opp programområdet i ferjekaier, bruer, tunnelar og andre investeringar.

Programområde mindre utbetringar (ferjekaier)

Hundeidvik ferjekai
Ferjekaia på Hundeidvik er i dårleg forfatning. Det er i dag ikkje planlagt nokon tiltak for opprusting. Administrasjonen ønskjer å gjennomføre ei trafikkanalyse for å sjå på trafikken på ferjestrekninga Hundeidvik – Festøya. Vi vil etter dette kome tilbake til ei anbefaling av tiltak/løysing.

Øvrige ferjekaier som ligg inne i investeringsprogrammet 2015 - 2023
Prioritering av ferjekaier er basert på vurdering av tilstanden på ferjekaiene og venta restlevetid, samt vurdering av mest mogleg effektiv utnytting av ressursar i utbyggingsfasen.

I perioden etter 2023 er det dessutan lagt inn opprusting av ferjekaier som er vurdert som spesielt sårbare, jf. investeringsprogram 2014 – 2023, sak T-61/13.

Programområde mindre utbetringar (bruer)
Som for ferjekaier er det også mange bruer som forfell, og som må stengast heilt eller delvis for trafikk (nedsett tillatt akseltrykk) om få år om ikkje tiltak vert gjort.

Driva bru
Bygging av ny Driva bru startar i 2014. Midlar til ferdigstilling av prosjektet er lagt inn i investeringsprogrammet i 2015 og 2016. Driva bru er ikkje definert som eit etterslepsprosjekt, i og med at prosjekteringa kom i gang før det vart klart at det kom midlar frå staten.

For alle prosjekta elles gjeld at dei er etterslepsprosjekt. I mange tilfelle er vedlikehaldsbehovet så stort at veglenkjer blir kutta om ikkje prosjektet vert realisert. Prosjekta er alle lagt inn etter når dei seinast kan realiserast, ut frå vurderingar om restlevetid. Det er ikkje økonomiske rammer til å få realisert alle prosjekta innafor den tidsramma ein har ut frå venta restlevetid. Fylkesrådmannen viser elles til kommentarar frå Statens vegvesen knytt til kvart einskild prosjekt i sak T-61/13.

Programområde mindre utbetringar (tunnelar)
Fannefjordtunnelen
Fylkestinget har tidlegare vedteke at denne tunnelen skal utbetrast. Tunnelen ligg difor inne i investeringsprogrammet i tråd med tidlegare vedtak, jf. T-79/11. I høve til førre investeringsprogram har kostnaden knytt til dette prosjektet vorte ytterlegare auka. Total prosjektkostnad er no sett til 209 mill. kroner (199 mill. kroner + 5 prosent usikkerhet). Denne auken i kostnad har ikkje ført til auka rammer til samferdselsføremål, og er slik ein av grunnane til at investeringsprogrammet som no vert lagt fram ikkje går i balanse.

Gjennom sak T-16/14 vart det skissert eit svært omfattande behov for opprusting av fylkesvegtunnelar. Prosjekta og prosjektrekkefølgja som her er skissert skil seg frå det som låg inne i sist investeringsprogram, jf. sak T-61/13. Dette skuldast ei ny (meir inngåande) fagleg vurdering gjort av Statens vegvesen. Denne vurderinga vart omtalt i førre investeringsprogram, og er no gjennomført.

Det er blitt kjent at det er eit vesentleg behov for tiltak i Tustentunnelen. Økonomiske verknader av dette vert å komme tilbake til i ei eiga sak.

Programområde mindre utbetringar (andre investeringar)
Om dei ovanfor nemnde utfordringane knytt til forfall på fylkesvegnettet ikkje vert løyst gjennom statlege løyvingar, vil det vere lite midlar igjen som kan nyttast til andre investeringar i heile perioden framlegget til investeringsprogram gjeld for.

I dag ligg følgjande prosjekt inne:
- Knausenlinja, Molde
- Sikring av mur, Stranda
- Kjørsvikbugen, Aure
- Skarabakken, Herøy

Programområde gang- og sykkelvegar
I investeringsprogrammet som vert framlagt no, er det lagt til grunn ei minimumstilnærming til bygging av gang- og sykkelvegar. Sjølv om dette vert gjort, klarer ikkje fylkesrådmannen å legge fram eit investeringsprogram som er i balanse. Vurderingane som ligg bak prioriteringane er dei same som vart gjort ved førre rullering av investeringsprogrammet, då ein gjekk grundig gjennom kvart einskild prosjekt.

Alt som ligg i økonomiplanen for 2014 – 2017 vert gjennomført i 2014 og 2015.

Programområde trafikktryggingstiltak
Det ligg ei binding i at Fræna kommune har forskottert 12 mill. kroner til trafikktryggingstiltak i Elnesvågen sentrum. Elles får ein realisert ei rekkje mindre prosjekt. For investeringsprogramperioden ligg det inne totalt 303,7 mill. koner i perioden 2015 – 2023.

Veglys
Samferdselsutvalet vedtok den 25.04.2012 (SA-38/12) å ta over eigarskapet til veglys. Det må på sikt setjast av midlar til ev. oppgradering av gamle veglysanlegg og til frådeling frå kommunale anlegg. Det vart i saksframlegget lagt opp til overtaking av dei første veglysanlegga frå 1.1.2014. På det noverande tidspunkt kan ikkje administrasjonen tilrå at Fylkestinget prioriterer å ta over veglys, ut over det som kan overførast kostnadsfritt. Statens vegvesen har starta arbeidet med å kartleggje kva tilstand veglys langs veg med årsdøgnstrafikk > 3000 for eventuell overtaking.

Programområde miljø- og servicetiltak
Vanndirektivet gjev bindingar for tiltak i form av til dømes fjerning av oppgangshinder for fisk i elvar. Det er difor lagt inn ei lita årleg løyving til denne typen tiltak. Forureiningslova gjev òg bindingar for tiltak i form av støyreduksjon.

Sjøgata i Ulsteinvik
Prosjektet er fullfinansiert, og er under bygging. Fylkeskommunen si løyving til prosjektet er avgrensa til 20 mill. kroner + mva, og Ulstein kommune har tatt på seg ansvaret for eventuelle overskridingar. Prosjektet vert ferdigstilt i 2015.

Programområde kollektivtiltak
Det er lagt inn 27,6 mill. kroner til opprusting av busslommer og knutepunkt i perioden 2015 – 2023.

Programområde planlegging
Det er i framlegget til investeringsprogram lagt inn til saman 46,1 mill. kroner til planlegging. Statens vegvesen signaliserer at det burde vore sett av 10 mill. kroner i året i planlegging. Det at dette beløpet er redusert, kan igjen føre til at planlegging av ulike prosjekt vert forseinka. Det vil også føre til at Statens vegvesen i mindre grad kan opparbeide ein planreserve.

Grunnerverv
Det er sett av til saman 9,2 mill. kroner til grunnerverv i investeringsprogrammet. Endring av beløp i 2015 og 2016 i høve til vedteken økonomiplan skuldast tilpassing til økonomisk ramme.

Konsekvensar av prioriteringane
Som kommentert i saksframlegget, har fylkeskommunen store utfordringar når det gjeld å finne midlar til prosjekt som ligg inne i investeringsprogrammet.

I tillegg har fylkeskommunen utfordringar på andre områder enn investering. Dette gjeld til dømes driftskontraktar på buss, ferje og veg. Prisauken innanfor desse områda har vore langt høgare enn auken i rammeoverføringa. Dette vert også synleg i investeringsprogrammet, gjennom at det investeringsprogrammet som no vert lagt fram ikkje held seg innafor dei økonomiske rammene som er vedtekne. Fylkesrådmannen meiner etter ei heilskapleg vurdering at det ikkje er forsvarleg/tilrådeleg å kutte ytterlegare. Særleg prosjekta Fannefjordstunnelen, Drivabrua og Årødalen har vorte vesentleg dyrare enn føresett. Dette har imidlertid ikkje ført til at midlane til samferdselstiltak har blitt auka. Ein har difor i størst mogleg grad forsøkt å skubbe andre prosjekt lengre ut i tid (etter 2023).

Nedprioritering av vedlikehald på det noverande tidspunktet vil gjere kostnadene til vedlikehald større på lang sikt. Som ein ansvarleg vegeigar må vi ta vare på det vegnettet vi har. Å fjerne forfall på dagens vegnett er naudsynt for samfunnet. Samtidig er Møre og Romsdal fylkeskommune ein viktig regional utviklingsaktør. Dette inneber at vi må satse på prosjekt som styrkar bu-, arbeids- og serviceregionane våre. Det å vege desse omsyna opp mot kvarandre er ei vanskeleg oppgåve, ikkje minst grunna det store etterslepet vi har på vegnettet i Møre og Romsdal.

Forslag til tilråding
Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det no vert lagt fram.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg
1 Tabell til investeringsprogram 2015 - 2023

Behandling i Fylkestinget - 17.06.2014
Ingrid Opedal (Sv) fremma følgjande forslag som seinare blei trekt på bakgrunn av orientering frå fylkesrådmannen:

> «Fylkestinget viser til følgjande samrøystes vedtak i fylkestinget i sak T 61/13 i oktober 2013, og ber administrasjonen følgje opp dette ved å innarbeide det i investeringsprogrammet for 2015-2023:
>
> Høgebrua på fylkesveg 655 i Ørsta – ny bru med tilstøytande vegar -inn på liste under Mindre utbetringar- bruer, evt. mindre investeringar - under kolonne «prioritering ved større rammer»

Knut Støbakk (Krf) fremma følgjande forslag:

> «I oversikt til fylkestinget om investeringar i perioden 2015-2023 er prioritet nr. 2 tunneler, Godøytunellen flytta ut av perioden, til etter 2023.
> Vi veit om tilstanden på denne tunnelen, og etter hendelsene i vår, fremmar KrF følgjande forslag:
> Godøytunellen blir prioritert rett etter Fannefjordtunellen med oppstart seinast tideleg i perioden 2018 - 2023.
> Finansiering slik: 156,5 mill. til andre tunneler blir overført til prioritet 2 Godøytunellen, og andre tunneler som er prioritet etter skyves ut i tid.»

Votering:
Forslag frå Knut Støbakk fekk 4 røyster og fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 17.06.2014
Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det no vert lagt fram.

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
29.04.2014	28685/2014	Lage Lyche

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	07.05.2014
	Fylkesrådmannens tilråding	
	Fylkesutvalet	26.05.2014
	Fylkestinget	16.06.2014

Funksjonsinndeling av fylkesvegane i Møre og Romsdal

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune vart i 2010, etter forvaltningsreforma, fylket sin største vegeigar med over 3100 kilometer fylkesveg.

Samferdselsutvalet behandla prioriteringskriterier for vegprosjekt i sak SA-53/11, her vart funksjonsinndeling av vegnettet nemnt som eit av fleire grunnlag for slike prioriteringskriterier.

Samferdsleutvalet og fylkesutvalet handsama handlingsprogrammet og handlingsplan for samferdsel i sakene SA-1/13 og U-27/13, der eit av tiltaka for 2013 er å starte arbeidet med funksjonsinndeling av fylkesvegnettet. Prosjektplanen for funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet vart vedteke av samferdselsutvalet i sak SA-13/13. Her vart mellom anna kriteria og funksjonsklassane vedteke. Etter at forslag til funksjonsinndeling av fylkesvegane var utarbeidd vart denne godkjent for utsending til høyring av samferdsleutvalet i sak SA-42/13.

Det kom inn fleire fråsegner gjennom høyringa, sjå vedlegg for detaljar og vurdering av desse.
Etter høyringa vart fleire av fråsegnene tatt til følgje, og forslaget til funksjonsinndeling var omarbeidd i samsvar med dette. Samferdsleutvalet handsama nytt forslag i SA-58/13, saka vart då utsett.

Samferdsleutvalet fekk ei orientering om funksjonsinndelinga i møtet den 15.01.2014. Utvalet gav då ei rekkje styringssignal inn i arbeidet, mellom anna vart det lagt til eit nytt kriterie og bede om særskilt vurdering av enkeltvegar mellom anna dei fylkeskryssegrensande vegane.

Justert forslag etter siste styringssignal blei godkjent av samferdsleutvalet i sak SA-4/14. Saka vert handsama av fylkestinget i sak T 15/14 og vert då utsett på nytt. I behandlinga i fylkestinget vert det peika på at fv 650 Sjøholt-Liabygda, fv 654 Myrvåg-Fosnavåg, fv 680 Kristiansund-Tømmervågen-Trøndelag grense vert endra til funksjonsklasse A og at fv 670 Ålvundfossen-Skei vert flytta opp til klasse B. Det vert også peika på at en bør utsetje framtidig status for dagens stamveg over Stigedalen til endeleg trase for ferjefri E39 er avgjort.

Vurdering

Funksjonsinndelinga har som føremål å medverke til å målrette og effektivisere både investeringar, vedlikehald og drift, gjennom å klassifisere fylkesvegane etter deira funksjon i vegsystemet.

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe samansett av fagfolk frå Statens vegvesen og fleire avdelingar i fylkesadministrasjonen har arbeidd fram forslaga, vurdert fråsegnene og omarbeidd forslaga fram til endeleg utgåve i samsvar med styringssignala frå samferdsleutvalet.

Funksjonsinndelinga er gjort ut frå ti kriterier:

1. Administrative grenser (kommune- og fylkesgrense)
2. Administrative knutepunkt som regionale senter, kommunesenter og grendesenter
3. Trafikkmengde - totalt ÅDT
4. Næringstrafikk – andel lange kjøretøy
5. Persontransport (arbeidspendling)
6. Beredskap (alternative kjøreruter)
7. Regional viktig kollektivtrasé
8. Befolkningsmengde som blir betjent av vegen
9. Fritidstrafikk og turistvegar
10. Næringsstruktur

Fylkesvegnettet er delt inn i fem funksjonsklasser:

Funksjonsklasse	Lengde i km	Prosent
A – Regional veg	518	16,6
B – Viktig veg	350	11,2
C – Øvrig fylkesveg (1)	646	20,7
D – Øvrig fylkesveg (2)	1328	42,7
E – Øvrig fylkesveg (3)	270	8,7

I det vidare vil me gje nokre døme på kva ein kan og ikkje kan nytte funksjonsinndelinga til:

Oversikt og forståing av vegsystemet

Gjennom funksjonsinndelinga kan ein som ikkje er lokalkjent i heile Møre og Romsdal raskt få eit overblikk og forståing av vegsystemet i fylket. For politikarar, tilsette og befolkninga elles kan funksjonsinndelinga vere eit godt verkty for å gjere seg kjent med vegsystemet og gjere vurderingar på eit overordna nivå.

Vinterdrift

Ein kan ikkje legge berre funksjonsinndelinga til grunn når ein skal bestemme nivå for vinterdrift, på same måte som ein ikkje kan legge fylkesplanen åleine til grunn når ein til dømes skal vurdere søknadar om tilskot til ymse føremål. Andre handbøker, rettleiarar, forskrifter, lokale tilhøve og så bortetter må også tilleggas vekt og vurderast. Ein veg eller parsellar av ein veg som er satt i låg funksjonsklasse kan til dømes få ein høgare driftsklasse enn parsellar av veg satt i klasse A. Det vil ikkje vere noko automatikk i kva driftsklasse som vert valt ut frå funksjonsklassane, spesielle lokale tilhøve må framleis verte vurdert.

Eit godt døme på dette kan vere fylkesveg 650 mellom Liabygda og Sjøholt, av somme kalla «den indre snarveg». Dette er ein viktig veg men den er ikkje rekna som ein regional veg. Det er om lag 40 andre fylkesvegar som har høgare trafikk, og om lag 30 fylkesvegar som har fleire lange kjøretøy. Heller ingen av dei andre kriteria gjer at denne vegen kjem høgare enn funksjonsklasse B. På den høgast trafikkerte parsellen av FV650 går det om lag 180 lange kjørety i døgeret (X FV103 – X FV102 ÅDT 2025/9 prosent lange). Samanliknar ein med den lågast trafikkerte delen (Velledalen ÅDT 1500/14 prosent av den regionale vegen FV60 går det 210 lange kjøretøy der, medan det går nærare 700 lange kjørety på dei mest trafikkerte parsellane av FV60 (ÅDT 8700/8 prosent). Det er rodevise vurderingar på fylkesvegane når det gjeld vinterdrifta, dette vil fortsatt gjelde sjølv om vi får på plass funksjonsinndelinga. Funksjonsinndelinga vil til dømes kunne gje ein peikepinn på kvar me ikkje ønskjer brot i standarden.

Drift og vedlikehald
Fylkeskommunen har valt å leggje HB111 til grunn for drift og vedlikehald av fylkesvegane, for å forsøke å stanse kostnadsauka har ein likevel valt å gjere nokon unnatak frå denne. I framtida tenkjer ein seg at fylkeskommunen skal gå meir aktivt inn i kravspesifikasjonen for anboda, og gjere ytterlegare endringar frå HB111 for å stogge kostnadsauka på vegdrifta. Funksjonsinndelinga vil i dette arbeidet vere eit overordna styringsdokument som kan seie noko om retningsval og strategi.

Differensierte standardar
Tiltak langs fylkesveg er i stor grad regulert gjennom sentrale retningslinjer og føresegner, som til dømes Statens vegvesen sine handbøker. Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med eit mangslunge vegnett. Handbøkene til Statens vegvesen er i stor grad tilpassa høgtrafikkerte vegar. Viss til dømes gang- og sykkelvegar, busshaldeplassar, busskur osb skal utformast etter dei same krava over alt i fylket vil kostnadane gjere at mange gode og naudsynte tiltak ikkje vert gjennomførte. Fylkesrådmannen er av den meining at ein i grisgrendte strøk kanskje kan akseptere ein lågare standard, viss ein i det heile får eit tilbod.

Funksjonsinndelinga vert slik eit grunnlag i arbeidet med å utarbeide eigne fylkeskommunale standardar for ulike typar samferdseltiltak, for å kunne gjennomføre fleire og billigare tiltak langs fylkesvegane.

Prioritering av tiltak
Det finnes svært mange uprioriterte veginvesteringsprosjekt i Møre og Romsdal, og det dukkar stadig opp nye. Fylkesrådmannen tilrår prioritet for dei ulike prosjekta innanfor dei økonomiske rammene, men det er polititisk nivå som gjer prioriteringane. I dag er det særleg ÅDT og innspel frå kommunane som vert lagt til grunn i fylkesrådmannen si vurdering. Funksjonsinndelinga vil kunne verte eit godt overordna hjelpemiddel i arbeidet med prioritering av ulike tiltak som til dømes inn i investeringsprogrammet. Andre særlige forhold som til dømes restlevetid, trafikkavvikling, trafikktrygging vil som før vere utslagsgivande i den endelege faglege tilrådinga.

Omklassifisering
Fylkeskommunen overtok i 2010 det øvrige riksvegnettet, og vart med dette den største vegeigaren i fylket. Fylkeskommunen sit no med ansvar for om lag 3100 kilometer med fylkesveg, der me per i dag ikkje har hatt eit godt verkty for å skilje mellom fylkesvegane sin funksjon. Ein ser at fleire av dagens fylkesvegar like godt

kunne/burde vore kommunevegar eller riksvegar. Funksjonsinndelinga vil kunne vere eit godt verkty for ein heilskapleg gjennomgang. Fv64 er til dømes foreslått omklassifisert til riksveg og nokre fylkesvegar har den seinare tida vorte omklassifisert til kommuneveg. For å sikre likebehandling og at me får eit logisk oppbygd vegsystem kan funksjonsinndelinga vere til god hjelp.

Nye vurderingar av særskilte vegstrekningar

Fv 650 Sjøholt – Liabygda
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering av denne strekninga ift dei 10 kriteria som dannar grunnlag for vegens funksjon. Vegen har ein total trafikkmengde på inntil 2050 ådt på den mest trafikkerte parsellen. Det er eit kontinuerleg tellepunktet på fv 650, plassert sør for Dyrkorn, dette er det sikraste talet med ein ÅDT på 1710. Andelen lange kjøretøy på strekninga er på 10 prosent. Fv 60 med ådt på 2770 og med andel lange kjøretøy på 14 prosent går parallelt med fv 650. Iflg førespurnad til ein stor logistikkaktør i Stranda, går ca 80 prosent av transporten til og frå fabrikken, via E136 gjennom Romsdalen og majoriteten av denne transporten vel fv 60 via Sykkylven og Magerholm. Fylkesrådmannen vel difor fortsatt og sette fv 60 i funksjonsklasse A og fv 650 i funksjonsklasse B, dvs at vegen er ein svært viktig veg mellom kommunesentra og den har ein viktig regional funksjon både for næringstrafikk for robuste bu og arbeidsmarknader. Likevel set ikkje fylkesrådmannen fv 650 i klasse A som er definert som regional hovudveg med tilnærma riksveg-/stamvegfunksjon.

Fv 654 Myrvåg – Fosnavåg
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering ift dei 10 kriteria som danner grunnlag for vegens funksjon. Vegen har relativt høg trafikk på 6430 ådt på det mest trafikkerte tellepunktet, men andelen lange kjøretøy er relativt låg, og er på ca 7 prosent. Vegen kryssar ikkje noko fylkesgrense og ender opp i eit kommunesenter utan anna tilknyting. Vegen er viktig i arbeidsmarknadssamanheng, men næringstrafikken er avgrensa. Fylkesrådmannen meiner difor at det framleis er riktig å sette vegstrekninga i funksjonsklasse B, dvs at den har ein viktig regional funksjon men har ikkje tilnærma stamvegfunksjon.

Fv 680 Kristiansund – Tømmervågen – Trøndelag grense
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering ift dei 10 kriteria som dannar grunnlag for vegens funksjon. Trafikkmengden på strekninga varierer frå ca 300 ådt på fylkesgrensa til 1100 ådt gjennom Aure. Elles er det 600-700 ådt på store deler av strekninga. Andelen lange kjøretøy varierer frå 12 prosent på det meste over Tustna til 7 prosent i området rundt Tjeldbergodden. På strekninga mellom Tjeldbergodden og Trøndelag grense er det nesten ikkje registrert lange kjøretøy. Fylkesrådmannen står difor fortsatt på tidlegare vurdering, som tilseier at vegen bør plasserast i funksjonsklasse B, dvs at den har ein viktig regional funksjon men har ikkje tilnærma stamvegfunksjon.

Fv 670 Ålvundfossen – Skei
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering ift dei 10 kriteria som dannar grunnlag for vegens funksjon. Også langs denne strekninga er det stor variasjon i trafikkmengde. På strekninga Ålvundfossen og fram til ferjekaia på Rykkjem er det ein ådt på ca 900 med andel lange kjøretøy på 10 prosent, medan det på ferjestrekninga Rykkjem-Kvanne er omlag 450 i ådt med en andel lange kjøretøy på 10 prosent. Vidare frå Kvanne og til krysset ved fv 671 er det 1450 ådt med 11 prosent lange kjøretøy.

Frå same kryss og inn mot Skei er det 1650 ådt med 10 prosent lange kjøretøy. I Skei sentrum er det ein ådt på 5570. Det fins fleire alternative kjøreruter i området som til dømes E39, Rv 70 og fv 65. Fylkesrådmannen går med dette ikkje bort frå dei opprinnelige vurderingane som tilseier at strekninga bør plasserast i funksjonsklasse C, dvs at vegen bind saman to kommunesentra med kvarandre, men ingen av desse kommunane er definert som regionale sentra og fylkesrådmannen vurderer ikkje vegen som ein overordna veg. Vegen kan vere beredskapveg for vegar med høgare funksjon.

Fv 660 Mittet – Eidsvåg
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering ift dei 10 kriteria som dannar grunnlag for vegens funksjon. Trafikkmengden på strekninga varierer frå ådt på 210 Mittet-Vistdalen til ådt på 960 Eresfjord-Eidsvåg. Andelen lange biler ligg på om lag 10 prosent. Vegen knyt ikkje saman noko kommunesenter, og fører heller ikkje til noko regionalt senter. Fylkesrådmannen definerer at vegen har ein lokal hovudfunksjon. Det går også parallelle vegar av høgare funksjon i området. Fylkesrådmanne vel difor å halde på at vegen skal vere i funksjonsklasse D.

Fv 651 Volda – Straumshamn
Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering ift dei 10 kriteria som danner grunnlag for vegens funksjon. Det er ikkje kome fram noko nytt som tilseier at denne strekninga bør få endra funksjonsklassar ift til det opprinnelige forslaget frå fylkesrådmannen, men strekninga bør få ei ny vurdering når endeleg trase for ferjefri E39 er avgjort.

Oppsummering
Etter at fylkesrådmannen har gjort nye vurderingar ift særskilte prosjekt, er det ikkje kome fram noko nytt som endrar den faglege vurderinga. Funksjonsinndelinga er eit fagleg fundert arbeid i samsvar med samferdselsutvalet sine intensjonar og føresegner. Funksjonsinndelinga slik den ligg føre bygger i størst mogleg grad på dagens situasjon, det bør vere eit jamleg arbeid å halde denne oppdatert i samsvar med kriteria. Det er ikkje naudsynt med politisk handsaming av slik revidering, men ein må vurdere dette ved omfattande endringar i systemet. Funksjonsinndelinga skal ikkje vere til hinder for ei målsetting om å betre trafikktryggleiken langs heile fylkesvegnettet i Møre og Romsdal.

Forslag til tilråding:
Fylkestinget i Møre og Romsdal godkjenner «Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal»

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Behandling i Fylkestinget - 17.06.2014
Oddbjørn Vatne (Sp) fremma følgjande forslag:

> «Fylkestinget i Møre og Romsdal godkjenner «Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal». Plana for funksjonsinndeling av fylkesvegnettet skal rulleres jevnleg, og minst ein gong i valperioden.»

Steinar Reiten (Krf) fremma følgjande forslag:

> «Nytt avsnitt før siste setning i innstillinga:
>
> Fylkestinget legg til grunn for funksjonsinndelinga at trafikktryggleik ikkje er eit gode som kan vektast etter kvar folk bur og kva for fylkesveger dei nyttar til dagleg. Alle har krav på eit vegvedlikehald gjennom året som sikrar at trafikktryggleiken blir oppretthalden minst på dagens nivå. Funksjonsinndelinga skal heller ikkje vere til hinder for ei målsetting om å betre trafikktryggleiken langs heile fylkesvegnettet i Møre og Romsdal.»

Lilly Gunn Nyheim (Ap) fremma på vegner av seg sjølv og Iver Nordseth (V), Steve Runar Kalvøy (Frp), Randi Walderhaug Frisvoll (Krf) og Bergsvein Brøske (Sp) følgjande forslag:

> «Fylkesveg 680 Kristiansund - Tømmervåg - Trøndelag grense skal vera funksjonsklasse A på heile strekninga. Regionale fylkesvegar.
>
> Grunngjeving:
> Fv 680 er 1 av 3 hovedferdselsårer mellom Nordmøre og Trøndelag. (Kristiansund - Trondheim)
> Fv 680 er einaste vegen til industrianlegga på Tjeldbergodden både sørfra og nordfra. På trøndelagssida av grensa finn vi verdas største settefiskanlegg Lerøy Midnor stasjonert, og denne kystregionen er svært sentral i nasjonal samanheng når det gjeld satsing på fornybar og energi på begge sider av fylkesgrense. Her kan nemnast Landets største vindpark på Smøla. Alt tilseier at den naturlege klassifiseringa blir funksjonsklasse A.
>
> Fylkesveg 670 Ålvundfossen i Sunndal kommune til Surnadal sentrum, Skei skal vera funksjonsklasse B. Viktig veg.
>
> Grunngjeving:
> Vegen bind saman ein felles bu- og arbeidsmarkedsregion. Vegen er ein viktig kollektivtrase. Mellom kommunane er det ikkje alternative kjøreruter, då E39, Rv70 og Fv 65 blir alt for lange omvegar. Vegen er høgt prioritert av fylket (NR 2) for fergefritt samband for fylkesvegar. Ei nedklassifisering av denne vegen vil derfor ikkje vera logisk.»

Bjarne Kvalsvik (Uavh.) fremma følgjande forslag:

> «Fylkesveg 654 vert heva til klasse A.»

Votering:

Forslaget frå Oddbjørn Vatne fekk 21 røyster og fall, medan 26 røysta mot.

Forslaget frå Steinar Reiten blei samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Lilly Gunn Nyheim m/fleire første og andre avsnitt fekk 25 røyster og blei vedtatt, medan 22 røysta mot.

Forslaget frå Lilly Gunn Nyheim m/fleire tredje og fjerde avsnitt fekk 28 røyster og blei vedtatt, medan 19 røysta mot.

Andre avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet (Fylkesveg 650) fekk 38 røyster og blei vedtatt, medan 9 røysta mot.

Forslaget frå Bjarne Kvalsvik fekk 11 røyster og fall.

Første avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei samrøystes vedteke.

Siste avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Fylkestinget - 17.06.2014
Fylkestinget i Møre og Romsdal godkjenner «Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Møre og Romsdal med følgjande tillegg:

Fylkesveg 650 Sjøholt-Liabygda fergekai, skal vere funksjonsklasse A. Regionale fylkesvegar med tilnærma riksvegfunksjon.

Grunngjeving: Strekninga fungerer som ein del av ein indre "stamveg" nord-sør pa Vestlandet. Ei plassering lavare enn klasse A vil vere ulogisk, med bakgrunn i den funksjon vegen har. Jf. overordna prinsipp: "strukturen i fylkesvegnettet skal vere forstaeleg og einskapleg"

Fylkesveg 680 Kristiansund - Tømmervåg - Trøndelag grense skal vera funksjonsklasse A på heile strekninga. Regionale fylkesvegar.

Grunngjeving:
Fv 680 er 1 av 3 hovedferdselsårer mellom Nordmøre og Trøndelag. (Kristiansund - Trondheim)
Fv 680 er einaste vegen til industrianlegga på Tjeldbergodden både sørfra og nordfra. På trøndelagssida av grensa finn vi verdas største settefiskanlegg Lerøy Midnor stasjonert, og denne kystregionen er svært sentral i nasjonal samanheng når det gjeld satsing på fornybar og energi på begge sider av fylkesgrense. Her kan nemnast Landets største vindpark på Smøla. Alt tilseier at den naturlege klassifiseringa blir funksjonsklasse A.

Fylkesveg 670 Ålvundfossen i Sunndal kommune til Surnadal sentrum, Skei skal vera funksjonsklasse B. Viktig veg.

Grunngjeving:
Vegen bind saman ein felles bu- og arbeidsmarkedsregion. Vegen er ein viktig kollektivtrase. Mellom kommunane er det ikkje alternative kjøreruter, då E39, Rv70 og Fv 65 blir alt for lange omvegar. Vegen er høgt prioritert av fylket (NR 2) for fergefritt samband for fylkesvegar. Ei nedklassifisering av denne vegen vil derfor ikkje vera logisk.

Fylkestinget legg til grunn for funksjonsinndelinga at trafikktryggleik ikkje er eit gode som kan vektast etter kvar folk bur og kva for fylkesveger dei nyttar til dagleg. Alle har krav på eit vegvedlikehald gjennom året som sikrar at trafikktryggleiken blir oppretthalden minst på dagens nivå. Funksjonsinndelinga skal heller ikkje vere til hinder for ei målsetting om å betre trafikktryggleiken langs heile fylkesvegnettet i Møre og Romsdal.

Plana for funksjonsinndeling av fylkesvegnettet skal rulleres jevnleg, og minst ein gong i valperioden.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Funksjonsinndeling

Funksjonsklasser

- A - Regionale veger
- B - Viktige vegar
- C - Øvrig fylkesveg (1)
- D - Øvrig fylkesveg (2)
- E - Øvrig fylkesveg (3)

Smøla
Aure
Kristiansund
Averøy
Eide
Halsa
Frænа
Aukra
Tingvoll
Sandøy
Gjemnes
Surnadal
Rindal
Molde
Midsund
Haram
Giske
Vestnes
Rauma
Nesset
Sunndal
Skodje
Ørskog
Ålesund
Herøy
Sula
Ulstein
Hareid
Stordal
Sykkylven
Sande
Ørsta
Norddal
Vanylven
Volda
Stranda

0 25 50 Kilometer

N

Tegnforklaring

Andre vegar
- Europaveg
- Riksveg

Ferje
- Bilferjestrekning, E
- Bilferjestrekning, F

Administrative grenser
- Fylkesgrense
- Kommunegrense

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/1970
		Arkiv:	K10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

OVERTAKING AV FORVALTNINGSANSVAR FOR VERNEOMRÅDA I HERØY KOMMUNE - SAK 2014/13895

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret oversender svar til Miljødirektoratet om at kommunen ikkje ynskjer å ta over forvaltningsansvar for verneområda i kommunen, men at dette vert liggande til fylkesmannen.

Særutskrift:

Miljødirektoratet,	Postboks 5672, Sluppen,	7485 TRONDHEIM
Statens naturoppsyn,	Postboks 5672, Sluppen,	7485 TRONDHEIM
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset		6404 MOLDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6		6080 GURSKØY

Vedlegg
1 Tilbod om overtaking forvaltningsansvar for verneområder
2 Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Saksopplysningar:
Miljødirektoratet oversendte 4.12.2014 tilbod til Herøy kommune om å overta forvaltningsansvar for verneområda som i dag vert forvalta av Fylkesmannen. Kommunane kan overta ansvar for sine område på visse vilkår som står i brevet frå Miljødirektoratet.

Tilbodet om å overta forvaltningsmynde omfattar verneområde som ligg innanfor kommunegrensa og som ikkje vert forvalta av nasjonalpark-/ verneområdestyrer. For område som strekk seg over fleire kommunar vil aktuelle kommunar få tilbod om forvaltningsmynde etter det er teke stilling til framtidig kommunestruktur gjennom arbeid med kommunereforma.

Dersom kommune ikkje ynskjer å overta forvaltningsansvar, vil mynde framleis ligge til fylkesmannen.

Ein føresetnad for at kommunen skal kunne overta oppgåva som forvaltningsmynde, er at kommunen har naudsynt kapasitet og kompetanse.

For kommunar som takkar ja til tilbodet og aksepterer vilkåra, tek Miljødirektoratet sikte på å gjennomføre delegering av forvaltningsmynde i løpet av 2015.

Forvaltningsmynde sine oppgåver og kompetanse:
Myndighetsutøvelse
Forvaltningsmyndigheten har ansvar for forvaltningen av verneregler fastsatt i verneforskriften. Myndigheten er begrenset til den rådighet som er direkte hjemlet i verneforskriften.

Skjøtsel og tilrettelegging
Som forvaltningsmyndighet skal kommunene vurdere behov og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging i verneområdene. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging bør inngå i en godkjent forvaltningsplan.

Forvaltningsplan
Kommunen kan utarbeide et utkast til forvaltningsplan for verneområdet/ verneområdene. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Fylkesmannen.

Dispensasjon fra verneforskriften
Kommunene har myndighet tit å treffe vedtak om dispensasjon i henhold til den enkelte verneforskrift eller naturmangfoldloven § 48. Verneforskriftene har egne dispensasjonsbestemmelser som setter rammer for hvilke dispensasjoner som kan gis.

Merking og informasjon
Kommunen skal som forvaltningsmyndighet vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Kommunen har også ansvar for kontakt med grunneiere, rettighetshavere, brukere, aktuelle lag og organisasjoner mv.

Brudd på verneforskriften

Selv om SNO er etablert som kontrollmyndighet i verneområdene, har kommunen som forvaltningsmyndighet likevel et selvstendig ansvar for å påse at brudd på reglene i verneforskriften som kommunen får kjennskap til, blir anmeldt til politiet, eller rapportert til Fylkesmannen og Miljødirektoratet for eventuelle administrative sanksjoner. Kopi av anmeldelse skal sendes til Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Fylkesmannen har delegert myndighet etter naturmangfoldlovens kap. IX om håndheving og sanksjoner. Kommunen må derfor ha dialog med fylkesmannen om oppfølging av ulovlige forhold i verneområdene.

Rapportering om forvaltning
Kommunen har ansvar for å rapportere om forvaltningen av verneområdene til Fylkesmannen. Rapportering skal skje etter fastsatte frister.

Dersom forutsetningene for delegering av forvaltningsmyndighet endres vesentlig, plikter kommunen å informere Fylkesmannen.

Vurdering frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor:
Tilbodet frå Miljødirektoratet gjeld ansvaret for forvaltninga av verneområda som ligg innanfor ei kommune. Område det gjeld er lista opp i vedlegget, og her har vi konkretisert kva kompetanse vi kan bidra med innanfor kvart område. Den generelle fagkompetansen ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er innan fagområda: agronomi, skogbruk, miljøregistrering i skog, viltforvaltning, vassforvaltning, økologi, artskunnskap og biologisk mangfald. Vi har og hatt opplæring i og har kunnskap om naturmangfaldlova.

Vi har god kontakt med gardbrukarar og grunneigarar i verneområda gjennom deira landbruks- og viltforvaltning. I tillegg har vi god lokalkunnskap.

Vi vurderer det slik at det vil vere mogleg å utføre forvaltningsansvaret for verneområda innanfor dei stillingsheimlane som ligg til landbrukskontoret i dag.

Sjå vedlagt uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor der kvart einskild område er vurdert i forhold til kompetanse.

Vurdering og konklusjon:
Områda som er aktuelle for overtaking av forvaltningsansvar for er:
- Goksøyrmyrane, VV 00000705, Naturreservat, verneplan for myr.
- Muleneset, VV 00002908, Naturreservat, verneplan for sjøfugl.
- Svinøya, VV 00002909, Naturreservat, verneplan for sjøfugl.
- Myklebustvatnet, VV 00001580, Naturreservat, verneplan for våtmark.
- Tjørvågosen, VV 00001950, Naturreservat.

Område som ikkje er aktuelle for overtaking då dei er felles for fleire kommunar er:
- Runde, VV 00000554, Dyrelivsfreding.
- Runde, VV 00000690, Dyrefredingsområde.
- Stokksund – Blikkvågane, VV 00000864, Dyrefredingsområde.

For verneområda; Muleneset og Svinøya er kompetansen til Søre Sunnmøre Landbrukskontor avgrensa til å gjelde; oppsetting av gjerde for regulering av beite. Ferdsel på land for fangst av mink. Rydding av vegetasjon på land.

Rådmannen viser til at Herøy kommune har åtte verneområde som ligg heilt eller delvis innanfor kommunegrensen. Miljødirektoratet viser til at område som strekk

seg over kommunegrenser ikkje skal vurderast på dette tidspunktet, men takast opp til vurdering etter ein ser resultatet av arbeid med kommunereforma. Kommunen har då fem område som i si heilskap ligg innanfor kommunegrensa. Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er eit IKS mellom Herøy, Ulstein og Hareid som har kompetanse på landbruk, skogbruk og viltforvaltning og har såleis kompetanse innanfor nokre av verneområda. SSL kan handsame alle saker innanfor tre av verneområda, men for verneområda Muleneset og Svinøya har ikkje SSL tilstrekkeleg kompetanse på sjøfugl til å handsame verneforskrifta på ein forsvarleg måte.

Rådmannen ser ikkje at det skal vere grunnlag for å overta forvaltningsansvar for tre av åtte verneområde og rår til at saka vert vurdert på nytt etter eventuell ny kommunestruktur.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen kjende

Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende

Konsekvensar for drift:
Søre Sunnmøre Landbrukskontor vil få auka arbeidsmengd i form av saksførebuande arbeid av saker etter verneforskrifta.

Konsekvensar for økonomi:
Ingen kjende

Rådmannen rår til at Herøy kommune ikkje tek over forvaltningsansvar for verneområda i kommunen, men at dette vert liggande til fylkesmannen.

Fosnavåg, 05.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

(W)

Utv.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2014/1970 Saksbeh OMR
- 9 DES. 2014
Ark.kode P K10
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 1
Kassasjon

MILJØ-DIREKTORATET

Kommuner etter liste

Trondheim, 04.12.2014

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2014/13895

Saksbehandler:
Tone Lise Alstad Eid

Tilbud om å overta forvaltningsansvar for verneområder

Miljødirektoratet oversender med dette tilbud til kommunene om å overta forvaltningsansvar for verneområder som i dag forvaltes av Fylkesmannen. Miljødirektoratet er i brev av 8.9.2014 fra Klima- og miljødepartementet bedt om å gi kommunene et slikt tilbud. Tilbudet gis på visse vilkår.

Tilbudet om å overta forvaltningsmyndighet omfatter i denne omgang verneområder som ligger innenfor én kommune og som pr. i dag ikke forvaltes av nasjonalpark-/verneområdestyrer. For verneområder som strekker seg over flere kommuner, vil aktuelle kommuner få tilbud om forvaltningsmyndighet når det er tatt stilling til fremtidig kommunestruktur gjennom regjeringens arbeid med kommunereformen.

Tilbudet om forvaltningsmyndighet omfatter heller ikke verneområder som er innmeldt til eller ført opp på den internasjonale våtmarkskonvensjonens liste over spesielt verdifulle våtmarksområder (Ramsarområder). I disse områdene har nasjonalstaten et særlig ansvar for at verneverdiene blir ivaretatt i tråd med internasjonale mål og kriterier.

For verneområder som ligger i tilknytning til verneområder som i dag forvaltes av et nasjonalpark-/verneområdestyre, er det gjort en vurdering av om det er mest hensiktsmessig at også slike verneområder kan forvaltes av styret.

Dersom kommunen ikke ønsker å ha forvaltningsmyndighet, skal myndigheten fortsatt ligge hos Fylkesmannen.

Forutsetningen for at kommunene skal kunne overta oppgaven som forvaltningsmyndighet, er at de har nødvendig kapasitet og kompetanse. For kommuner som i dag ikke har nødvendig kapasitet og kompetanse for å overta en slik oppgave, vil eventuell delegering vurderes på nytt ved eventuell ny kommunestruktur.

For kommuner som takker ja til tilbudet og aksepterer vilkårene, tar Miljødirektoratet sikte på å gjennomføre delegering av forvaltningsmyndighet i løpet av 2015.

Postadresse: Postboks 5672, Sluppen, 7485 Trondheim | **Telefon:** 03400/73 58 05 00 | **Faks:** 73 58 05 01
E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljødirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391
Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Strømsveien 96, 0663 Oslo|

Miljødirektoratet vil, i samarbeid med Fylkesmannen, gjennomføre nødvendig opplæring av kommuner som får delegert forvaltningsmyndighet for verneområder.

Verneområder som omfattes av tilbudet om forvaltningsansvar

Oversikt over verneområder i den enkelte kommune finnes i Miljødirektoratets database for kartfestet informasjon om natur- og friluftslivsområder www.naturbase.no

Verneområder i den enkelte kommune finnes ved å benytte «Enkelt søk i Naturbase». Kommunen vil da få opp en liste verneområder med navn på verneområde, verneform, vernedato og hvem som er forvaltningsmyndighet for verneområdet i dag. Oversikten i Naturbase viser alle verneområder i kommunen.

Tilbudet om forvaltningsmyndighet gjelder:

- Verneområder som i sin helhet ligger innenfor kommunen, og som i dag forvaltes av vedkommende Fylkesmann.

- Tilbudet gjelder ikke Ramsarområder eller verneområder som er innmeldt til Ramsarkonvensjonen liste over internasjonalt viktige våtmarksområder.

- Tilbudet gjelder ikke verneområder hvor tilbud om forvaltningsmyndighet er sendt nasjonalpark-/verneområdestyrer. Dersom nasjonalpark-/verneområdestyrene ikke ønsker forvaltningsmyndighet for tilbudte områder, vil tilbudet til kommunen også gjelde disse områdene.

Områder hvor nasjonalpark-/områdestyrer er gitt tilbud om forvaltningsmyndighet følger av vedlagte oversikt.

Tilbudet om delegering av forvaltningsmyndighet gis under følgende forutsetninger:

- Kommunen må si ja eller nei til å overta forvaltningsmyndighet for alle verneområder som omfattes av dette tilbudet.

- Verneområder opprettet i medhold av naturmangfoldloven og den tidligere naturvernloven har nasjonale verneinteresser, og skal forvaltes i samsvar med verneformålet og statlige retningslinjer for forvaltning av verneområder.

- Miljødirektoratet kan gi nærmere retningslinjer om utøvelse av forvaltningsmyndigheten.

- Kommunene kan ikke overføre/delegere avgjørelsesmyndighet etter verneforskriftene til andre instanser eller organisasjoner.

- Miljødirektoratet kan trekke vedtaket om delegering tilbake. Kommunene kan også si fra seg ansvaret som forvaltningsmyndighet.

- Miljødirektoratet/Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for organiseringen av oppsynsvirksomheten i verneområdene.

- Kommunene skal ha nødvendig kapasitet og kompetanse, og et robust fagmiljø med nødvendig fagkompetanse for å kunne løse oppgavene. Kommunene må også ha god forvaltningskompetanse slik at oppgaver og henvendelser håndteres riktig.

- Kommunen kan be Fylkesmannen om faglige råd og veiledning i forvaltningen.

- Ansvaret som forvaltningsmyndighet innebærer at kommunen må avsette nødvendige ressurser til administrasjon og saksbehandling.

- Kommunen kan søke om økonomiske midler til gjennomføring av skjøtsel og tiltak i verneområder innenfor de rammer som hvert år blir fastsatt av Stortinget. Søknad om midler skal sendes til Fylkesmannen innen nærmere fastsatt frist.

Forvaltningsmyndighetens oppgaver og kompetanse:

- **Myndighetsutøvelse**
  Forvaltningsmyndigheten har ansvar for forvaltningen av verneregler fastsatt i verneforskriften. Myndigheten er begrenset til den rådighet som er direkte hjemlet i verneforskriften.

- **Skjøtsel og tilrettelegging**
  Som forvaltningsmyndighet skal kommunene vurdere behov og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging i verneområdene. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging bør inngå i en godkjent forvaltningsplan.

  Gjennomføring av skjøtsels- og tilretteleggingstiltak avtales med lokalt SNO gjennom den årlige bestillingsdialogen om behov for midler og arbeidskraft i verneområder.

- **Forvaltningsplan**
  Kommunen kan utarbeide et utkast til forvaltningsplan for verneområdet/verneområdene. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Fylkesmannen.

- **Dispensasjon fra verneforskriften**
  Kommunene har myndighet til å treffe vedtak om dispensasjon i henhold til den enkelte verneforskrift eller naturmangfoldloven § 48. Verneforskriftene har egne dispensasjonsbestemmelser som setter rammer for hvilke dispensasjoner som kan gis. Naturmangfoldloven § 48 er en generell dispensasjonsbestemmelse som åpner for å gi dispensasjon dersom vilkårene i bestemmelsen er oppfylt.

  Kopi av alle vedtak som treffes av kommunen skal sendes til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet. I tillegg skal vedtak registreres i Miljøvedtaksregisteret.

Miljødirektoratet er klageinstans for vedtak som treffes av kommunen som forvaltningsmyndighet.

I dispensasjonssaker hvor kommunale instanser selv står som søker/tiltakshaver, skal Fylkesmannen behandle saken som førsteinstans.

- **Merking og informasjon**
  Fylkesmannen har ansvar for gjennomføring av nødvendig grensemerking av verneområdene.

  Kommunen skal som forvaltningsmyndighet vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Kommunen har også ansvar for kontakt med grunneiere, rettighetshavere, brukere, aktuelle lag og organisasjoner mv.

- **Brudd på verneforskriften**
  Selv om SNO er etablert som kontrollmyndighet i verneområdene, har kommunen som forvaltningsmyndighet likevel et selvstendig ansvar for å påse at brudd på reglene i verneforskriften som kommunen får kjennskap til, blir anmeldt til politiet, eller rapportert til Fylkesmannen og Miljødirektoratet for eventuelle administrative sanksjoner. Kopi av anmeldelse skal sendes til Fylkesmannen og Miljødirektoratet.

  Fylkesmannen har delegert myndighet etter naturmangfoldlovens kap. IX om håndheving og sanksjoner. Kommunen må derfor ha dialog med fylkesmannen om oppfølging av ulovlige forhold i verneområdene.

- **Rapportering om forvaltning**
  Kommunen har ansvar for å rapportere om forvaltningen av verneområdene til Fylkesmannen. Rapportering skal skje etter fastsatte frister.

  Dersom forutsetningene for delegering av forvaltningsmyndighet endres vesentlig, plikter kommunen å informere Fylkesmannen.

Særlig om naturoppsyn i verneområder

Statens naturoppsyn (SNO) har det overordnede ansvaret for tilsynet med verneområdene. SNO er statlig myndighet med lovbestemt ansvar for forebygging av miljøkriminalitet og kontroll med at reglene i miljølovverket blir overholdt, jf. naturoppsynsloven §§ 1 og 2. I tillegg har SNO et ansvar for informasjon og veiledning om regelverket og bruken av verneområdene.

For ivaretakelse av verneformålet kan kommunen bestille registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid av SNO. SNO vil prioritere slike oppgaver innen rammen av sine ressurser, og arbeidet som utføres vil være gratis for kommunen.

MILJØ-
DIREKTORATET

Frist for tilbakemelding

Kommuner som ønsker delegert forvaltningsmyndighet, må gi tilbakemelding til Miljødirektoratet. I tilbakemeldingen ber vi om at kommunen konkret omtaler og vurderer hvilken kapasitet og kompetanse kommunen har for å overta forvaltningsansvaret for verneområdene.

Frist for tilbakemelding er **1. april 2015.**

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Berit Lein	Knut Fossum
Direktør naturavdelingen	seksjonsleder

Vedlegg:
Oversikt over Verneområder hvor nasjonalpark-/verneområdestyrer er gitt tilbud om forvaltningsmyndighet

Kopi til:
Alle Fylkesmenn
Klima- og miljødepartementet

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Til
Herøy kommune

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: Vår ref: AKL Dato: 03.03.2015

Angåande tilbod frå Miljødirektoratet til kommunane om å ta over forvaltingsansvaret for verneområda.

Vi viser til Herøy kommune sin førespurnad i e-post den 03.03.15 frå sakshandsamar Ole Magen Rotevatn.

Tilbodet frå Miljødirektoratet gjeld ansvaret for forvaltinga av verneområda som ligg innafor ei kommune. Områda det gjeld er lista opp i vedlegget, og her har vi konkretisert kva kompetanse vi kan bidra med innafor kvart område. Den generelle fagkompetansen ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er innan fagområda: agronomi, skogbruk, miljøregistrering i skog, viltforvalting, vassforvalting, økologi, artskunnskap og biologisk mangfald. Vi har og hatt opplæring i og har kunnskap om naturmangfaldlova.

Vi har god kontakt med gardbrukarane og grunneigarane i verneområda gjennom deira landbruks- og viltforvalting. I tillegg har vi god lokalkunnskap.

Vi vurderar det slik at det vil vere mogleg å utføre forvaltingsansvaret for verneområda innafor dei stillingsheimlane som ligg til landbrukskontoret i dag.

Vi håper de finn initiativet vårt interessant. Ta gjerne kontakt med underteikna for spørsmål eller synspunkt.

Med helsing
Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Oversyn over verneområda og SSL sin kompetanse

Kopi til: Styreleiar i SSL Wenche Osnes Låbakk

Kommune	Verneområde	Områdenamn	Verneform	Spesiell kompetanse SSL
Herøy og Ulstein	VV 00000554	Runde	Dyrelivsfreding	Verneområde i fleire kommunar, ikkje aktuelt.
Herøy og Ulstein	VV 00000690	Runde	Dyrefredingsområde	Verneområde i fleire kommunar, ikkje aktuelt.
Herøy	VV 00000705	Goksøyrmyrane	Naturreservat verneplan for myr	Kunnskap om å sette i verk skjøtselstiltak som beiting og tiltak mot gjengroing/ spreiing av framande treslag. Sakshandsame dispensasjonar og søknadar om midlar.
Herøy og Ulstein	VV 00000864	Stokksund – Blikkvågane	Dyrefredingsområde	Verneområde i fleire kommunar, ikkje aktuelt.
Herøy	VV 00002908	Muleneset	Naturreservat verneplan for sjøfugl	Handsame nokre saker etter føreskrifta for området. Det gjeld: Oppsetting av gjerde for regulering av beite. Ferdsel på land for fangst av mink. Rydding av vegetasjon på land.
Herøy	VV 00002909	Svinøya	Naturreservat verneplan for sjøfugl	Handsame nokre saker etter føreskrifta for området. Det gjeld: Oppsetting av gjerde for regulering av beite. Ferdsel på land for fangst av mink. Rydding av vegetasjon på land.
Herøy	VV 00001580	Myklebustvatnet	Naturreservat verneplan for våtmark	Kunnskap om å sette i verk skjøtselstiltak mot gjengroing og tiltak i forhold til vasskvalitet. Sakshandsame dispensasjonar og søknadar om midlar.
Herøy	VV 00001950	Tjørvågosen	Naturreservat	Kunnskap om å sette i verk skjøtselstiltak som beiting og tiltak mot gjengroing/ spreiing av framande treslag og andre artar. Sakshandsame dispensasjonar og søknadar om midlar.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/33
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOSNAVÅG HAMN - HANDSAMING ETTER AVGRENSA HØYRING -

Tilråding frå rådmannen:
Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 2.3.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kap. VI innan tre veker frå kunngjering.

Særutskrift:
- Anlegg og drift, her.
- Eigedomsavdelinga, her.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no
- Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no
- Kystverket, post@kystverket.no
- Gerd Røren Leine, Lisjeheida 4, 6091 Fosnavåg
- Olav Elias Emdal, Reitane 6, 6091 Fosnavåg

Vedlegg:

1. Områdereguleringsplankart, sist datert 2.3.2015.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 2.3.2015.
3. Planomtale, sist datert 2.3. 2015.
4. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 10.2.2015.
5. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 12.1.2015.
6. Merknad frå Gerd Røren Leine og Olav Emdal (gnr. 33, bnr. 62), datert 10.1.2015.
7. Sak på avgrensa høyring, datert 8.12.2014.
8. Saksprotokoll, F-sak 229/14 (møte 3.12.2014). Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn – oppheva vedtak – avgrensa høyring

Bakgrunn:
Herøy kommunestyre eigengodkjende områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn i møte 27.6.2013 (sak 78/13). Melding om vedtak vart sendt til offentlege instansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar. Klagefrist var sett til 26.8.2014. Klagene vart handsama i kommunestyret og sendt til Fylkesmannen for vurdering.

Fylkesmannen **oppheva** kommunestyret sitt vedtak, i brev datert 2.7.2014. Bakgrunn for opphevinga er at plankartet inneheld eit kvitt felt utan rettsverknad. Fylkesmannen opplyser at det ikkje er heimel for det i plan- og bygningslova. Kommunen må handsame saka på nytt.

Kommunestyret sitt vedtak er oppheva, med bakgrunn i feil på plankartet


Saksopplysningar:
Fylkesmannen har ikkje kommentert/vurdert klagen frå Gudbjørg Nørvåg Dale og Solveig Thonstad. Kommunen legg difor til grunn at klagen frå Dale og Thonstad er godt utgreidd og avklara.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 78/13 er oppheva og kommunen må handsame saka på nytt. Området unntatt rettsverknad på plankartet som vart godkjent i kommunestyret, må takast inn i reguleringsplanen, med reguleringsføremål og tilhøyrande føresegner, for at planen kan godkjennast.



Utsnitt frå områdereguleringsplan for Fosnavåg

Administrasjonen utarbeidde framlegg til utnytting av området på Notaneset. Forslag til plankart og føresegner vart lagt fram for formannskapet i møte 3.12.2014, sak 229/14. Formannskapet gjekk inn for at plankart og føresegner for Notaneset skulle sendast på avgrensa høyring.

 Forslag til utnytting av Notaneset Formål: Sentrumsformål, S1 og S2 (SOSI-kode 1130). Det er lagt til rette for at alle bygningane innanfor sentrumsformåla skal takast vare på (tjukk strekk, jf. SOSI-kode 1210). Det er lagt inn omsynssone – bevaring av kulturmiljø (svart, skråstilt skravur). Det er også lagt inn omsynssone – stormflo (raud skravur) på plankartet. Det er elles lagt til rette for oppføring av to nybygg innanfor området. Desse er markert med byggegrense.	Føresegner «Sentrumsformål (S1 og S2) *Eksisterande bygg innanfor S1 og S2 inngår i planen. Bygga skal takast vare på. Det er ikkje tillate å byggje på bygningane. Restaurering er tillate. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av nye bygg, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg.* *Innanfor område S1 og S2 kan det leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadføremål (leilegheiter).* *Det er lagt til rette for oppføring av nybygg innanfor S1 og S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1. For område S1 og S2 er maksimum BYA 60 %.* *Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor område S2. Ved oppføring av nye bygg innanfor S1 og S2, skal det leggjast vekt på å til ei god tilpassing til dei eldre sjøhusa på Notaneset. Eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil skal leggjast til grunn.* *Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til biloppstillingsplassar følgjer av kommunen sine parkeringsvedtekter til ei kvar tid.* *Det er krav om utarbeiding av detaljplan for S1 og S2.»*

Materiale som vart sendt på avgrensa høyring - forslag til utnytting av området på Notaneset

Forslag til utnytting av området vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle høyringsinstansar, berørte grunneigarar og naboar.

Innan fristen kom det inn følgjande innspel:

<u>Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), datert 12.1.2015</u>
FM har ikkje merknader til planforslaget.

<u>Møre og Romsdal fylkeskommune (FK), datert 10.2.2015</u>
FK meiner det ikkje kjem fram av oversendinga kva funksjon det nye arealformålet skal ha. Kulturavdelinga gir uttrykk for at det er viktig at reguleringsformålet er tilpassa bevaring av dei eksisterande bygga, t.d. næring. Avdelinga presiserer at bruken av gamle og nye bygg ikkje treng å vere den same, men at funksjonane må kunne sameksistere på ein god måte.

FK har ikkje merknader knytt til byggehøgde og utnyttingsgrad (% BYA). Dei rår til at setninga *«Eksisterande uttrykk/stil skal leggjast til grunn»* vert teke ut av føresegna, då dei meiner denne ramma er for streng og vil kunne hindre gode arkitektoniske løysingar.

Kommentar:
I planforslaget som var ute på avgrensa høyring, var området på Notaneset lagt ut til sentrumsformål, S1 og S2. I føresegnene var det presisert at det kan leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadformål (leiligheiter) innanfor S1 og S2. Det går også fram av føresegnene at bygga skal takast vare på. Det er lagt til rette for oppføring av to nye bygg, eitt innanfor område S1 og eitt innanfor S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1. For nybygg innanfor S2, skal gesims-/mønehøgd vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor S2. Eksisterande bygg på 33/14 og eksisterande bygg på 33/127 har mønehøgd ca. 10,5 m.

Reguleringsplanen for Fosnavåg hamn er ein områdereguleringsplan som fastsett arealbruken innanfor området. Det er krav om at det skal utarbeidast detaljplan. I samband med utarbeiding av detaljplan, vil ein få klarlagt meir i detalj kva funksjonar arealformålet skal ha.

Kommunen er samd i at setninga *«Eksisterande uttrykk/stil skal leggjast til grunn»* kan verke uheldig og rår til at setninga vert teken ut.

Gerd Røren Leine og Olav Emdal (gnr. 33, bnr. 62), datert 10.1.2015
Leine og Emdal meiner planlagde veg bak sjøhuset må trekkjast lenger bak slik at det vert nok areal til biloppstilling og parkering på den delen av tomta deira som grensar mot sundet.

Gnr. 33, bnr. 62 protesterer på føringane som er lagt for sjøhuset. Dei meiner det vil vere vanskeleg å få til tenlege funksjonar i bygget. Dei viser til at golvet i første i etasje skal hevast og at romhøgda etter heving ikkje vil tilfredsstille krava for godkjende opphaldsrom.

Kommentar:
I reguleringsplanen er det lagt til rette for busstopp med fortau for påstigning på Notaneset. Siktemålet er tilrettelegging for lokalt bussrutenett og eventuelle turbussar i området. Busslomma er dimensjonert for buss. Busstoppet med inn- og utkøyring er plassert på gunstigaste punkt i forhold til vegen som fører til Vågsholmen (jf. vegen sitt lengdeprofil). Frå busstoppet går det veg ned til sjøhusa (o_V4). Det er ikkje råd å trekkje vegen lenger bak ved gnr. 33, bnr. 62, ettersom vegen skal skal tene alle sjøhusa på Notaneset (33/99, 33/62, 33/14 og 33/127).

Eigedommen til Leine og Emdal inngår i område S1 i forslaget som har vore ute på høyring. Bygga innanfor området skal takast vare på. Det er ikkje tillate å byggje på sjøhusa. Restaurering er tillate. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er sett til 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1.

Sjøhuset til Leine og Emdal har ei mønehøgd på 12.890 m og ei gesimshøgd på ca. 6.2 m. Som nemnt ovanfor er det ikkje tillate å byggje på sjøhuset, medan det er tillate å restaurere sjøhuset innanfor dagens høgder.

Før ev. utbygging innanfor S1 og S2 er det krav om utarbeiding av detaljplan. Eventuelle detaljar knytt til sjøhuset på gnr. 33, bnr. 62 vert å kome attende til i samband med utarbeiding av detaljplan.

Vurdering:
Utviklingsavdelinga har utarbeidd forslag til utnytting av området på Notaneset, som følgje av fylkesmannen si oppheving av tidlegare planvedtak. Planforslag har vore ute på avgrensa høyring. Fylkeskommunen og eigar av gnr. 33, bnr. 62 kom med uttale til forslaget.

Kommunen har vurdert og kommentert uttalane som kom inn i samband med høyringa. Forslaget til utnytting av området på Notaneset tydeleggjer gjennom plankart og tilhøyrande føresegner kva arealet på Notaneset kan nyttast til. Det er her snakk om ein områdereguleringsplan. Nærare detaljar vert å avklare i samband med utarbeiding av detaljplan.

Etter kommunen si vurdering, har ein no avklara problemstillinga som låg til grunn for fylkesmannen si oppheving av planen. Saka kan no leggjast fram for kommunestyret for slutthandsaming.


Det er ikkje gjort endringar på plankart og i føresegner knytt til dei andre områda innanfor områdereguleringsplanen som vart godkjent 27.6.2013 (sak 78/13). Det er berre snakk om tilføying av reguleringsføremål (sentrumsformål) og omsynssoner (faresone – flaumfare, støysone, sone med angitte omsyn – bevaring kulturmiljø) på plankartet og tilføying av bestemmelsar til føresegnene.

Konklusjon:
Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova, forslag til områdereguleringsplan for Fosnavåg med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 2.3.2015.

Fosnavåg, 26.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



REGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
			Herøy kommunestyre

§§ 1-3 GENERELT
§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR
Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)
- Bustader – frittliggjande småhus, FS
- Sentrumsformål, S
- Institusjon – museum, I
- Energianlegg – transformatorstasjon, E
- Andre kommunaltekniske anlegg – pumpestasjon, P
- Småbåtanlegg i sjø, SA
- Næring, NF
- Næring/tenesteyting, N/T
- Anna kombinert område, Kontor/Parkering, K/P

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg, V
- Fortau, F
- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Hamn, H
- Kai, K
- Parkeringsplassar på grunnen, PP

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)
- Turveg, TV
- Friområde, FRI
- Park, P

Landbruks-, natur- og friluftsområde (PBL § 12-5, nr. 5)
- Friluftsføremål, F

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Ferdsel, FE
- Hamneområde i sjø, HA
- Småbåthamn, SH
- Friluftsområde i sjø, FO
- Anna kombinert område, Kai/Promenade, KPR

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Støysone (PBL. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)

- Gul sone i hht. T-1442 (H220)

Faresone (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Ras- og skredfare (H310)
- Flaumfare (H320)
- Høgspenningsanlegg (H370)

Infrastruktursone (PBL § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)

Sone med særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring av kulturmiljø (H570)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. BYA gjev tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

c. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

Alle uteareal til bruk for ålmenta (gater, fortau, gangvegar, parkar, torg mv) skal gjevast universell utforming så langt terrenget tillet det. Ved søknader om løyve til tiltak skal det dokumenterast (for alle relevante prosjekt) korleis universell utforming er planlagt ivareteke.

d. Det skal liggje føre godkjent detaljreguleringsplan for følgjande område før det vert gitt løyve til gjennomføring av tiltak:

S1 - S2 - Sentrumsformål
I – Institusjon, museum
N/T – næring/tenesteyting
NF1 til NF4- næringsformål

Detaljreguleringsplan skal fremjast som tillegg til områdereguleringsplan.

Detaljreguleringsplanen skal vise:

- Plassering av bebyggelse, herunder målsett ved inngangsparti.
- Bebyggelsen si høgde og ev. møneretning.
- Tilkomst til området og parkeringsløysing.

e. Før det vert sett i verk tiltak som rører ved forureina botnsediment må tiltaksplan vere godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

f. Tiltakshavar pliktar å gi melding til Bergens Museum dersom det i samband med mudring eller utfylling i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan kome i konflikt med tiltaket, må arbeid stoppast med det same. Arbeidet kan ikkje takast opp at før museet har granska og eventuelt frigjeve området.

g. Nye bygg og tilbygg skal sikrast mot radon i henhald til gjeldande forskrift TEK, § 8, 33.

h. Ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 skal det, for områda utan plankrav, gjerast greie for aktuelle forhold som viser at intensjonen bak reguleringsplanen blir oppfylt.

I tillegg til ovannemnde skal søknader innehalde følgjande dokumentasjon:

- Illustrasjonsplan
- Planteikningar
- Utomhusplan
- Perspektivteikningar
- 3D-illustrasjonar
- Landskapssnitt som viser høgder

i. Ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 må det dokumenterast at det ligg føre ein godkjent VA-rammeplan for vassforsyning-/overvatn og spillvatn system, samt uttak for brannsløkking. VA-rammeplan skal godkjennast av kommunen i samband med byggjesøknad.

j. Det er ikkje tillate å setje opp lys langs innseglinga til Fosnavåg hamn, som kan vere til hinder eller fare for ferdsla i sundet. Eksisterande navigasjonslys skal vere godt synlege.

Ved lyssetjing av areal ved og i tilknyting til hamna, skal det takast kontakt med Kystverket, for godkjenning.

k. Nye tiltak innanfor hamna, skal leggjast fram for Kystverket, før godkjenning.

§ 6 – AREALBRUK

a. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

b. Byggjehøgder
Gesims- og mønehøgder vert målt ut frå gjennomsnittleg terreng etter TEK § 3-8.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal.

Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

2. Bebyggelse:

a. Frittliggjande småhus (FS1-FS3)
I område merka "FS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgd enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. I område merka "FS" skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 1.etasje. Storleik og utforming skal fastsetjast av kommunen. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

Maksimum tillaten BYA for FS-områda er fastsett til 30 %. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr.3 og 4 i PBL.

b. Sentrumsformål (S)
Eksisterande bygg innanfor S1 og S2 inngår i reguleringsplanen. Bygga skal takast vare på. Det er ikkje tillate å byggje på bygningane. Restaurering er tillate. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Gesims- og mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

Innanfor område S1 og S2 kan det leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadføremål (leiligheiter).

Det er lagt til rette for oppføring av nybygg innanfor S1 og S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1. For område S1 og S2 er maksimum tillaten BYA 60 %. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor område S2. Ved oppføring av nye bygg innanfor S1 og S2, skal det leggjast vekt på å få til ei god tilpassing til dei eldre sjøhusa på Notaneset.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til biloppstillingsplassar følgjer av kommunen sine parkeringsvedtekter til ei kvar tid.

Det er krav om utarbeiding av detaljplan for S1 og S2.

c. Institusjon (I)
I område merka «I» kan det etablerast kystmuseum. Eksisterande bygg (slipp) innanfor området er registrert i SEFRAK-registeret. Det er lagt inn omsynssone – bevaring av kulturmiljø- på slippen.

Slippen skal så langt det let seg gjere, takast vare på, som eit historieforteljande element. Det er ikkje tillate å byggje på slippen. Ny «slipp» kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av ny «slipp», skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

Det kan førast opp nye bygg innanfor området. Eventuelle nye bygg skal ikkje ha større gesimshøgd enn 11 meter og mønehøgd ikkje over 13 meter.

Maksimum tillaten BYA for I-området er fastsett til 50 %. Ferdig golv på eventuelle nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7, jf. elles TEK10 § 7-2.
I område der ein må tilpasse deg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og

sårbarheitsvurdering. Konstruksjonar skal her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve.

Før utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljplan.

d. Energianlegg (E)
Omfattar eksisterande transformatorkioskar innanfor planområdet (3 stk.).
Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

e. Andre kommunaltekniske anlegg – pumpestasjon (P)
I område merka «P» skal det etablerast pumpestasjon. For område P er formålsgrense lik byggjegrense. Området er offentleg.

e. Småbåtanlegg i sjø (SA1)
I område SA1 er det lagt ut flytebryggjer. SA1 er i privat eige.
Det må hentast inn løyve frå Kystverket og kommunen før flytekaier vert lagt ut.

f. Næring (NF1-NF6)
Område merka «NF1», skal nyttast til landbasert foredling/produksjon av fisk- og fiskeprodukt. Herunder inngår også fiskevegn, notbøteri, lager og fryseriverksemd med tilhøyrande kaier. Eksisterande bygg innanfor området inngår i reguleringsplanen. I område NF1 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal for NF1 er sett til 50 %.

I område NF2 og NF3 kan det etablerast industribygg. Aktiviteten innanfor områda skal vere knytt til næringsretta fiskeriverksemd. I område NF2 og NF3 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøg inntil 15 meter i høve til kote 0. Maksimum tillaten BYA for NF2 og NF3 er fasett til 50 %.

Område NF4 kan nyttast til næringsretta fiskeriverksemd i form av produksjonsbedrifter til foredling/produksjon av fisk og fiskeprodukt. Herunder lager/fryseriverksemd med tilhøyrande anlegg og kaier. I område NF4 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal for NF4 er sett til 70 % .

Område NF5 og NF6 er lagt ut til næringsformål, med omsynssone med særlige angitte omsyn – bevaring av kulturmiljø. Eksisterande naust inngår i planområdet. Bygningane skal takast vare på. Det kan oppførast nye bygg innanfor områda. Ved eventuell oppføring av nye naust, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg. Maksimum tillate bebygd areal for områda er sett til 40 %.

Innanfor NF1-NF6 skal ferdig golv på eventuelle nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse deg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarheitsvurdering.

Bygningar og konstruksjonar skal her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve. Ved søknad og før løyve til tiltak kan gjevast, skal søknaden leggjast fram for kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for uttale.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn for område NF1-NF4. Det kan etablerast internvegsystem innanfor formåla. Ubebygde delar av område for næringsformål skal haldast ryddige og reine.

Før bygging innanfor områda NF1-NF4, skal det utarbeidast detaljplan.

g. Næring/tenesteyting (N/T)

I område N/T er det lagt til rette for bygg for næring/tenesteyting. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgde er 11 meter i høve til cote 0. Maksimum tillate bebygd areal er sett til 50 %. Det kan etablerast tenesteyting i 1. etasje og næring i 2.etasje.

Ved val av takform skal bygningar førast opp med flatt tak. Det skal leggast vekt på å gje nye bygningar innanfor formålet eit moderne formspråk med god estetisk kvalitet. Det skal leggast vekt på tilplanting og opparbeiding av uteareal. Fyllingar og skjeringar skal behandlast og tilplantast med stadeigen vegetasjon. Det skal førast opp mur / glidekant mot området o_FE2. Utforming og dimensjon for konstruksjonen skal avklarast med Kystverket og kommunen.

Prinsippa om universell utforming skal gjelde for uteareal, parkering og utforming av bygg. Det skal vere ope for ålmenn ferdsel langs sjøen.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn. Det kan etablerast internvegsystem innanfor formålet. Før bygging innanfor områda N/T, skal det utarbeidast detaljplan.

h. Kontor/parkering (K/P)

Eksisterande bygg med parkering i 1. etasje og kontor i 2.etasje, inngår i reguleringsplanen som kontor/parkering. Det er ikkje tillate å utvide kontor eller parkeringsdelen av bygget.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

a. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

b. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

c. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

d. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på privat bustadareal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan.

§ 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

a. Vegar, fortau og annan veggrunn

I trafikkområde kan det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, fortau, skjeringar og fyllingar (skråningar).

O_V1, o_V2, o_V3, o_V4 og o_V5 er offentlege vegar.

Vegane er dimensjonert for 50 km/t (jf. siktkrav). I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablar. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. Kap 16.

F er offentlege fortau.

G er offentleg gangveg. Det skal utarbeidast situasjonsplan og vegprofilar i målestokk M:100. Plan for opparbeiding skal godkjennast av kommunen.

Rekkverk skal nyttast i samsvar med statens vegvesen si handbok 231 – Rekkverk.

b. Hamn (på land), (H)
H er offentleg fiskerihamn. Innanfor området er kan det leggjast til rette for fiskeriretta og anna maritim retta verksemd. Maksimal tillaten gesims- og mønehøgd skal haldast innanfor ramma av plan- og bygningslova. Løyve til tiltak skal skje etter «Lov om havner og farvann» (Hamnelova). Det må innhentast løyve frå Kystverket før iverksetting av tiltak innanfor formålet.

Hamneområdet skal haldast fritt for utrangert utstyr, søppel og fiskeavfall.

Før eventuell utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljplan.

c. Kai (KAI1-KAI2)
K1 er offentleg kai. Kaien skal ha ei breidde på minimum 5 meter for tilkomst for utrykkingskøyretøy. Det skal vere sikra tilkomst over bakanforliggjande hamneområde på land i samband med bruk/utnytting av fiskerikaiområdet.

K2 er offentleg kai. Det skal vere ope for ålmenn ferdsel innanfor området.
Det er tillate med avgrensa biltrafikk i tilknyting til småbåthamna. Det skal leggjast vekt på å gje området ei estetisk og funksjonell utforming. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd.

Det kan leggjast til rette for benkar og mindre innretningar knytt til kaien
Det skal utarbeidast situasjonsplan i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise materialval, stigningsforhold, møblering og belysning.

d. Parkeringsplassar (PP1-PP3)
Parkeringsplassar (PP1 og PP2) er offentlege parkeringsplassar. Parkeringsplassane skal vere tilgjengeleg for ålmenn bruk og besøkjande i området. Innanfor området skal det vere plassar tilpassa og tilrettelagt for funksjonshemma. Minimum 5 % av kvart parkeringsareal PP1 og PP2 skal tilretteleggast for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved utforming av parkeringsplassane skal det generelt sett leggjast vekt på prinsippa om universell utforming.

PP3 er privat parkering for pumpestasjon P.

e. Anna kombinert område – promenade, PR.

§ 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, NR. 3)

a. Turveg, TV
T omfattar offentleg turveg (til Heid) med tilhøyrande korridor. Innanfor formålet kan det leggjast til rette for trapper/klopper og grusa sti, - i den grad det er mogleg, for å auke tilgjenge for flest mogeleg grupper.

b. Friområde, FRI1-FRI2
FRI-FRI2 er offentlege friområde. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphald. Kommunen krev at det skal utarbeidast situasjonsplan ved opparbeiding av områda. Det skal leggast vekt på universell utforming ved møblering og tiltak innanfor desse areala.

c. Park
P er offentleg park – grøntområde for opphald. Her skal det leggjast til rette for opphaldssoner med enkel møblering i form av benkar, lys og andre mindre innretningar. Innanfor området vert det tillate med etablering av gangsamband/sti mot Gerhard Voldnes veg. Det skal leggjast vekt på universell utforming så langt det let seg gjere for møblering og opparbeiding av arealet.

§ 11 – LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL. § 12-5, nr. 5

Friluftsformål, F (land):
Innanfor områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. I samråd med kommunen kan det etablerast turstiar i området med maks breidde 1,5 meter, samt område for leik og fritidsaktivitetar.

§ 12 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL. § 12-5, nr. 6)

Ferdsel (FE1-FE2)
Innanfor områda er det ikkje tillate med aktivitet som kan vere til hinder for området sin bruk som ferdselsområde. Alle tiltak innanfor området skal skje i samråd med Kystverket og lokalt hamnemynde.

Hamneområde i sjø (HA)
Område merka ”HA” gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og ikringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken.

Alle tiltak innanfor området skal skje etter løyve frå Kystverket. Det må søkjast om løyve etter hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova. Det må liggje føre løyve frå Kystverket for all utfylling i sjø.

Småbåthamn (SH)
Området merka «SH» gjeld småbåthamn. I området kan det etablerast privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar. Det skal utarbeidast situasjonsplan for hamna. Planen skal godkjennast av Kystverket og kommunen.

Friluftsområde i sjø (FO)
Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det kan tillatast utfylling i sjø, som følgje av nødvendig vegfylling med tilhøyrande sikring. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsel og fiske.

Anna kombinert område – kai/promenade (KPR)
Det skal leggjast vekt på å gje kai/promenade ei estetisk og funksjonell utforming. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd, slik at området kan nyttast av alle samfunnsgrupper.

Det skal utarbeidast situasjonsplan/utomhusplan for promenaden i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise materialval, stigningsforhold, møblering og belysning. Det vert stilt krav om perspektivteikningar, som viser utforming av kaifasade mot hamnebassenget. Plan for opparbeiding skal godkjennast av kommunen.

§ 13 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Det kan ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta i frisiktsonene.

§ 14 – STØYSONE (PBL. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)
Støysone (H220):
Gul støysone samsvar med T-1442/2012:
Gul støysone for støy frå vegtrafikk og skip ved kai er vist som omsynssone, kode H220, på tilhøyrande temakart (V1).
Føresegnene nedanfor gjeld all ny bebyggelse og ny- eller re etablering av industri innanfor planen:

1. Alle bygningar, anlegg og tiltak innanfor planområdet, inklusive anleggsarbeid, skal tilfredsstille støykrav i plan og bygningslova og retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442/2012, samt teknisk forskrift TEK 10 / NS 8175 klasse C (2008).

2. Lydnivå frå tekniske installasjonar som tilhøyrer byggverk i planområdet skal for berørte bustader også utanfor planområdet tilfredsstille krava som gjeld til støy frå tekniske installasjonar i NS 8175 tabell 6. Dette gjeld også i bygge- og anleggsfasen.

3. For bygge- og anleggsfasen gjeld følgjande grenser:

Grenseverdiar for gul sone, etter T-1442/2012:

	GUL SONE		
Støykilde	**Utendørs støynivå**	**Utendørs støynivå, lørdagr og søn-dager/helligdager**	**Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23 – 07**
Vei	L_{den} 55 dB		L_{5AF} 70 dB
Øvrig industri	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB $L_{evening}$ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB $L_{evening}$ 45 dB	Uten impulslyd: Lørdag: L_{den} 50 dB Søndag: L_{den} 45 dB Med impulslyd: Lørdag: L_{den} 45 dB Søndag: Lden 40 dB	 L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB

Havner og terminaler	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB		 L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB

Støygrensene utandørs for dag og kveld vert skjerpa når anleggsperioden si lengd overskrid 6 veker i hht. Tabell 6 i T-1442 (2012). Krav til innandørs lydnivå vert ikkje endra. Byggherren er ansvarleg for at dei enkelte entreprenørene følgjer opp krava. Generelt skal T-1442 (2012) leggast til grunn for alle byggje og anleggsarbeid.

§ 15 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Ras- og skredfare (H310):
Område omfatta av fare for skade ved skred er merka med omsynssone på plankartet, kode H310, på tilhøyrande temakart (V2). Innanfor omsynssone som i plankartet er vist som Faresone – Ras- og skredfare, skal det ikkje førast opp nye bygg utan at det er gjennomført ei nærare vurdering av om arealet kan opnast for utbygging, basert på dokumentasjon frå person eller føretak med relevant geologisk kompetanse. I område som er regulert til utbygging, gjeld ikkje dokumentasjonskravet gitt at risikotilhøva er kartlagde som del av detaljregulerings-planprosessen.

Flaumfare (H320):
Område utsett for stormflo er merka med omsynssone på plankartet, kode H320, på tilhøyrande temakart (V3). Dette gjeld areal som ligg under kote 2,79. På temakartet er vist grense etter kote 3 NGO.

Ferdig golv på nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse seg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarhetsvurdering. Konstruksjonar må her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning/stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilfelle.

Naust og mindre bygningar kan også plasserast lågare etter ei konkret vurdering av potensialet for påkjenning frå hav/sjø, terrengtilhøva og bygde omgjevnader.

Ved oppføring av bygg og anlegg som ligg i fareområde for stormflo, skal naudsynte byggje- og anleggstekniske tiltak hindre vasskader på bygning og uteareal i hht. sikringskrav fastsett i TEK § 7-2 og § 7-3 leggjast til grunn.

Høgspenningsanlegg – transformatorkiosk (H370)
Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i transformatorkiosk, er det i planen vist omsynssone, med breidd 5,0 meter frå føremålsgrense.
Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

§ 16 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430):
Omsynssone H430 er vist på plankartet i hht. § 19 a nedanfor.

§ 17 – OMSYNSSONE (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)

Bevaring av kulturmiljø (H570)
H570_1 – H570_4 er regulert til område for bevaring av kulturmiljø.

§ 18 – KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKINGAR (PBL. § 12-7 nr. 12)

a. Før vidare utbygging innan områda FS1, FS2, I og NF1-NF6 skal det utførast nødvendige faglege feltundersøkingar som grunnlag for detaljering av tilstrekkelege sikringstiltak i hht. krava i TEK10, jf. § 7-4. Sikkerheit mot skred.

b. Det skal gjennomførast radonmåling i området i samband med utarbeiding av detaljplanar.

§ 19 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

a. Det er forureina sjøbotn innanfor planområdet. Alle tiltak som omfattar bygge- og anleggsverksemd innanfor forureina område, skal ha tillatelse frå forureiningsmynde (Fylkesmannen i Møre og Romsdal).

b. Før det vert gjort tiltak i grunnen (på land) skal forureiningstilstanden avklarast.

c. o_PP2 og o_V2 skal opparbeidast og ferdigstillast i samband med realisering av o_V1 og o_F1 og o_F4.

d. Før det kan gjevast løyve til tiltak etter PBL innanfor området I (museum), skal areal merka o_V3, o_F3 og «Busslomme» vere opparbeidd og ferdigstilt slik det er vist på plankartet.

e. Før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor område N/T (næring, tenesteyting) skal areala merka o_V4, o_F2 og o_PP1 vere opparbeidd og ferdigstilt slik det er vist på plankartet.

f. Før det kan leggjast ut nye flytebrygger innanfor området SH (småbåthamn) skal arealet merka o_PR1 (promenade) vere opparbeidd og ferdigstilt slik den er vist på plankartet.

g. Ved vidare utbygging/fortetting innanfor FS-områda, som er omfatta av omsynssone knytt til støy, skal nødvendige skjermingstiltak gjennomførast for å sikre tilfredsstillande uteophhaldsareal. Minste uteopphaldsareal (MUA), med tilhøyrande skjermingstiltak skal vere ferdigstilt samtidig med bygning.

§ 20 – OMRÅDE UNNATEKE RETTSVERKNAD (PBL. § 11-16 og § 12-13)

Området på Notaneset som ikkje er fargelagd er teke ut av planen og har ikkje rettsverknad. Kulturavdelinga har reist motsegn til området med bakgrunn i ønskje om vern. Motsegna vert å avklare på eit seinare tidspunkt.

VEDLEGG TIL FØRESEGNENE – JURIDISK BINDANDE:

V1. Temakart - Omsynssone H220: Støysoner

V2. Temakart- Omsynssone H310: Ras- og skredfare

V3. Temakart - Omsynssone H320: Flaumfare

V4. Temakart - Omsynssone H430: Rekkjefølgjekrav infrastruktur

V5. Temakart - Omsynssone H570_1 – H570_4: Bevaring av kulturmiljø

Herøy kommune 2. mars 2015

Herøy kommune, _____

_____
ordførar

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF

PLANOMTALE FOR OMRÅDEPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN

-

HERØY KOMMUNE



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn:	Fosnavåg Hamn
Dokumentet sitt namn:	Planomtale
Saksnr:	2113
Oppdragsgjevar:	Herøy kommune
Oppdragsgjevar sin representant:	Aleksander Tarberg
AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar:	Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)
Medarbeidarar:	Berit Sandvik Skeide (land.ark/planleggar) Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

5	2.3.2015			bss		
4	6.6.2013			bss		
3	22.1.2013			bss		
2	4.9.2012			bss		
1	4.5.2012			bss, kg	kg	
Revisjon nr.	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2113	1	P:prosjekt/2113_Fosnavåg_hamn/Prosjektmappe/Plandata_Tekstdokument/Planomtale.doc

Innhald

1. Samandrag ... 6

2. Nøkkelopplysningar ... 8

3. Bakgrunn ... 9

3.1. Bakgrunn ... 9

3.2. Føremål med planen ... 9

3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold ... 9

3.4. Utbyggingsavtale ... 9

3.5. Krav om konsekvensutgreiing ... 9

4. Planprosessen ... 10

4.1. Oppstartsmøte ... 10

4.2. Forvarsling ... 10

4.3. Folkemøte og møte med særskilde grupper ... 10

4.4 Offentleg ettersyn, avklaring av motsegner, avgrensa høyring ... 10

5. Planstatus og overordna rammer ... 15

5.1 Rikspolitiske retningslinjer ... 15

5.1.1 RPR for samordna areal- og transportplanlegging ... 15

5.1.2 RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga ... 15

5.2 Nasjonal transportplan 2010-2019 ... 15

5.3 Stadsanalyse for Fosnavåg 2007 ... 155

5.4 Gjeldande kommuneplan – kommundelplan for Bergsøy ... 166

5.5 Kommunedelplan for fiskerihamner mv. (Hamneplan for Herøy 2000) ... 16

5.6 Kommunedelplan for avlaup (Hovudplan for avlaup 2000-2004) ... 166

5.7 Reguleringsplanar ... 177

6. Skildring av planområdet ... 18

6.1 Lokalisering ... 187

6.2 Planområde/avgrensing av området ... 188

6.3 Dagens arealbruk ... 199

6.4 Staden sin karakter ... 22

6.5 Landskap ... 22

6.6 Kulturminne og kulturmiljø ... 22

6.7 Naturverdiar ... 23

6.8 Rekreasjonsverdi ... 23
6.9 Landbruk/skogbruk ... 23
6.10 Trafikkforhold ... 23
6.11 Teknisk infrastruktur ... 23
6.12 Grunnforhold ... 23
6.13 Støy ... 23
6.14 Forureining ... 23
6.15 Lokalklimatiske forhold ... 244
6.16 Risiko for havstigning ... 244
6.17 Rasfare ... 244
7 Skildring av planforslaget ... 255
7.1 Planlagt arealbruk ... 255
7.2 Reguleringsføremål ... 255
7.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar ... 266
7.4 Parkering ... 32
7.5 Tilknyting til infrastruktur ... 33
7.6 Universell utforming (UU), tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma ... 33
7.7 Arkitektur ... 33
7.8 Estetikk i området ... 33
7.9 Kulturminnemiljø/kulturminne ... 366
7.10 Naturmangfaldlova ... 366
7.11 Born og unge sine interesser ... 366
7.12 Renovasjon ... 377
7.13 ROS ... 377
7.14 Krav om rekkefølgje ... 41
7.15 Føresegnene ... 41
7.16 Plankart (2113-100) ... 41
8 Innkomne innspel ... 42
8.1 Merknader ... 42

Vedlegg:

Vedlegg A: A1: Vurdering av innspel/merknader
A2: Innkomne skriv

Vedlegg B: Planprogram
Støyrapport

Vedlegg C: Lengdeprofil veg (2113-101)
Standard tverrprofil veg (2113-102)

Vedlegg D: ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga).

Rapport frå Kystverket. Utdjuping av Fosnavåg hamn
Rapport frå NGI. Fosnavåg fiskerihavn. Datarapport

Vedlegg E: Utsendte dokument i samband med forvarsling
Referat frå oppstartsmøte.
Referat frå folkemøte/medverknad særskilte grupper.

Vedlegg F: Reguleringsplanarbeid i Fosnavåg fiskerihamn. E-post med vedlegg frå Kystverket 20.4.2012. Oversikt grunneigarerklæringar og allmenningar.

1. Samandrag

Siktemålet med planarbeidet er å utarbeide ein områdeplan for å avklare framtidig bruk av hamna, samt for å ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn. Fosnavåg hamn skal styrkast som identitetsskapande element for Fosnavåg og kommunen.

Reguleringsplanen vert fremja som ein områdeplan i hht. PBL § 12-2.

Planområdet er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøya lagt ut til byggjeområde (bustader, naust, industri, offentlege bygningar/anlegg) og hamneområde. Kommunedelplanen stiller krav om reguleringsplan før utbygging. Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i høve til gjeldande plan.

Grunnen innanfor planområdet er i delvis offentleg og delvis privat eige.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Forslag til planprogram låg ute til offentleg ettersyn i perioden 11.11.2012 – 6.1.2012. Det kom ikkje inn vesentlege merknader til planprogrammet. Herøy formannskap handsama planprogram og merknader i møte 28.2.2012 (F-sak 96/12), der det vart gjort samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

Tiltakshavar er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Berit Sandvik Skeide (BSS) som planleggar. Eldar Hansen (EH) har assistert KG og BSS i arbeidet.

Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader – frittliggjande småhusbebyggelse	34,6
Sentrumsformål	2,2
Institusjon	2,9
Energianlegg	16 m²
Andre kommunaltekniske anlegg, pumpestasjon	60 m²
Småbåtanlegg i sjø	1,0
Næring	40,9
Næring/tenesteyting	2,9
Anna kombinert område, kontor/parkering	0,3
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	8,4
Fortau	3,2
Gangveg	65 m²
Annan veggrunn – teknisk anlegg	3,9
Annan veggrunn – grøntareal	0,2
Hamn (land)	4,6
Kai	1,7
Parkeringsplassar	1,3
Promenade	0,5
Grøntstruktur	
Turveg	0,9
Friområde	3,3
Park	0,3

Landbruks, natur- og friluftsføremål	
Friluftsformål	28,7
Bruk og vern av sjø og vassdrag	
Ferdsel	3,1
Hamneområde i sjø	61,9
Småbåthamn	1,0
Friluftsområde i sjø	4,4

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Fosnavåg, delplan Bergsøy
Stad/adresse:	6090 Fosnavåg
Forslagstillar:	Herøy kommune
Eksisterande planstatus:	Planområdet er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøya lagt ut til byggjeområde (bustader, sentrumsformål, naust, industri, offentlege bygningar/anlegg) og hamneområde. I reguleringsplan: Ikkje tidlegare regulert. Del av reguleringsplan "Fosnavåg sentrum/vestre del av hamneområde" inngår i planen.
Planområdet sitt areal i daa:	212,9
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Bustader, institusjon, småbåtanlegg, naust, næringsformål, hamneområde. Veg, fortau, gang-/sykkelveg,
Aktuelle problemstillingar:	Bustader, naust, industri, veg, fortau, gang- og sykkelveg, hamn. Forbindelse til turområde på Heid, samt rekreasjonsareal/leikeareal (grøntstruktur).
Kunngjering, dato (avis):	11.11.2011
Varslingsdato berørte partar (brev):	11.11.2011
Frist for innspel:	6.1.2012
Medverknad utover varsling:	J (folkemøte, særskilde grupper)
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

3. Bakgrunn

3.1. Bakgrunn

I «Nasjonal transportplan (NTP) – tiltak 2014-2019», er utdjuping av Fosnavåg hamn gitt prioritet. Ei utdjuping skal gjere det mogleg for større båtar å anløpe og nytte dei fasilitetar som eksisterer i hamna. Hamna har stor aktivitet og har dei fleste funksjonar innan eit totalt fiskerihamntilbod. Prosjektet er kostnadsrekna til ca. 49 millionar kroner. Kystverket krev at det må liggje føre godkjend reguleringsplan som ivaretek fiskeriinteressene i området.

Fosnavåg hamn med tilhøyrande areal er i kommunedelplan for Bergsøy lagt ut til byggjeområde (bustader, naust, industri, offentlege bygningar/anlegg) og hamneområde. Kommunedelplanen krev at det skal utarbeidast reguleringsplan før utbygging.

3.2. Føremål med planen

Siktemålet med planarbeidet er å utarbeide ein områdereguleringsplan for å avklare framtidig bruk av hamna, samt for å ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn. Fosnavåg hamn skal styrkast som identitetsskapande element for Fosnavåg og kommunen.

Reguleringsplanen vert fremja som ein områdeplan i hht. PBL § 12-2.

Grunnen i området er hovudsakleg i privat eige.

3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Herøy kommune. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Berit Sandvik Skeide (BSS) som planleggar. Eldar Hansen (EH) har assistert KG og BSS i arbeidet.

3.4. Utbyggingsavtale

Det vert vist til PBL kap. 17 og til kommunen sine retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar.

3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka. Det er likevel utarbeidd planprogram.

4. Planprosessen

4.1. Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 26.10.2011. I møtet fastsette ein endeleg avgrensing av planområdet. Ein drøfta også kort vegløysing for området. Føresetnader for vidare det vidare planarbeidet var også tema. Det vert vist til vedlegg E.

4.2. Forvarsling

Herøy kommune varsla oppstart av planarbeidet og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til råka partar 11.11.2011, med frist for å kome med innspel sett til 6.1.2012.

Det kom inn 10 merknader/innspel frå offentlege mynde og 5 merknader/innspel frå private/grunneigarar. Det vert vist til punkt 8 i planomtalen.

4.3. Folkemøte og møte med særskilde grupper

Det vart halde folkemøte/samrådingsmøte 31.1.2012 på Herøy rådhus. Det var mange som deltok på møtet, både representantar frå særskilde grupper, grunneigarar, næringsdrivande og andre med interesser i området.

Frå kommunen møtte sakshandsamar/planleggar Aleksander Tarberg, leiar for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller og planleggar Hallvard Rusten. Kjersti Finholt frå Søre Sunnmøre Vassregion tok også del på møtet.

Kjersti Finholt frå Søre Sunnmøre Vassregion orienterte innleiingsvis om hamna, miljøstatus og utfordringar.

AG Plan og Arkitektur AS orienterte deretter om bakgrunnen for arbeidet og om innspel i samband med oppstart av planarbeidet. Ein presenterte deretter førebelse skisser for utnytting av området.

Deltakarane i møtet fokuserte på at det er viktig at også ytre del av hamna/seglingsløpet vert utdjupa. Det vart frå fleire hald uttrykt skepsis mot promenade langs hamna. Roar Aasen frå Fosnavåg Seafood AS peika på at Fosnavåg Seafood og Fosnavåg Notbøteri AS er dei verksemdene som genererer størst aktivitet i hamna i dag. Utdjuping av hamna er avgjerande for deira framtidige aktivitet i hamna. Aasen informerte om at deira kaiområde er ISPS-regulert, noko som vil gjere det vanskeleg å få til ein promenade langs hamna i området.

I etterkant av møtet, vart det gitt ei vekes frist for å kome med innspel/merknader til planarbeidet. Det kom inn 11 innspel/merknader. Det vert elles vist til vedlegg A (Vurdering av innspel/merknader) og vedlegg E (referat frå oppstartsmøte).

4.4. Offentleg ettersyn, avklaringar av motsegner og avgrensa høyring

Formannskapet handsama forslag til reguleringsplan etter offentleg ettersyn 19.2.2013, sak 37/13.

Rådmannen si tilråding til vedtak var å sende saka over til kommunestyret for endeleg godkjenning. Formannskapet gjorde følgjande vedtak i møtet:


«Formannskapet sender saka attende til administrasjonen. Ein ber om at følgjande vert nærare vurdert/avklara:

- *Alternativ lokalisering av busslomme med sikte på å frigi noko areal til bustadformål.*
- *Omgjering av vern av bygningar på Notaneset. Ein ber om at det vert teke kontakt med fylkeskommunen med sikte på omgjering av bygningsvernet for nausta på Notaneset.»*

Med bakgrunn i vedtaket i formannskapet 19.2.2013, har administrasjonen vurdert nærare alternativ lokalisering av busslomme med tanke på frigjeving av areal til bustadføremål på Notaneset og omgjering av vern av bygningar på Notaneset.

Alternativ lokalisering av busslomme

Administrasjonen har sett nærare på alternativ lokalisering av busslomme med sikte på frigjeving av areal til bustadformål. Administrasjonen har etter ei grundig vurdering konkludert med at busslomma bør liggje slik den er foreslått i reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn. Ein har i vurderinga kome fram til at det er rom for ei tomt på om lag 940 m^2, mellom busslomma og området avsett til museum. Arealet er i reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn, lagt ut til friområde.



Utsnitt frå reguleringsplanforslag for Fosnavåg hamn, der forslag til bustadtomt er innteikna.

Forslaget ovanfor, er etter administrasjonen si vurdering ei god løysing. Løysinga medfører ikkje endringar av tilkomstvegen til Vågsholmen og planlagd busslomme på Notaneset. Busslomma med inn- og utkøyring er plassert på gunstigaste punkt i høve til vegen som fører til Vågsholmen (høgde og kurvatur).

Omgjering av vern av bygningar

Representantar frå Utviklingsavdelinga og ordførar gjennomførte synfaring på Notaneset i lag med sakshandsamar frå kulturavdelinga 12. mars 2013. Fråsegn frå kulturavdelinga etter synfaring vart motteken 8. april 2013. Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga viser til deira tidlegare motsegn i saka (datert 22.11.2012) og til synfaringa 12. mars 2013. Kulturavdelinga opprettheld motsegna mot reguleringsplanforslaget. Det vil sei at dei krev at alle nausta (4 stk.) på Notaneset skal vernast.

Kommunen drøfta saka i møte med kulturavdelinga i Ålesund 26. april. I møtet kom det fram at kulturavdelinga er positive til nybygg i form av fortetting på Notaneset. Eventuelle nybygg må underordne seg dei gamle sjøhusa. Dei heldt fast ved kravet om at eksisterande bygningar skal takast vare på.

Med bakgrunn i møtet med kulturavdelinga vart det skissert 3 alternativ til løysing:

1. Ta området på Notaneset ut av reguleringsplanen (unntatt rettsverknad). Godkjenne resten av planen i påvente av vidare saksgong.

2. Leggje inn omsynssone på området – vern av bygningar. Byggjegrenser. Reguleringsføresegner som tillet oppføring av nybygg. Bygg som underordnar ser eksisterande bygg i storleik (høgde) og form. Krav om detaljplan seinare.

3. Kommunen kan be om at saka vert lagt fram for fylkesutvalet, som kan overprøve kulturavdelinga i spørsmålet om «vern» av bygningane på Notaneset.

Referatsak og formannskapet sin konklusjon den 14.5.2013

Det vart lagt fram referatsak i formannskapet 14.5.2013, RS14/13. Formannskapet gjekk inn for at plasseringa av busslomma ikkje vert endra i høve til forslaget som låg ute til offentleg ettersyn.

Utvalet gav i møtet klarsignal til å leggje til rette for ei bustadtomt på Notaneset.

Når det gjeld omgjering av vern av naust på Notaneset, gav formannskapet klart signal om at dei ønskjer å ta området på Notaneset ut av reguleringsplanen no (unntak for rettsverknad).

Det inneber at resten av planen kan godkjennast på vanleg måte. Kommuneplanen sin arealdel vert då gjeldande for dette området inntil anna er godkjent.

Avgrensa høyring

Med bakgrunn i at formannskapet ønskte å endre reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn, gjennomførte ein ei avgrensa høyring i høve til endringa. Grunneigarar og naboar til tomtearealet, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen fekk høve til å kome med merknad innan 3. juni 2013.

Følgjande innspel kom inn i samband med avgrensa høyring:

- Olav Emdal, Gerd Røren Leine og Johanne Røren.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Emdal, Røren og Leine, datert 30.5.2013

Eigarane melder at dersom sjøhusa på Notaneset vert vedtatt teke vare på, som vist i reguleringsplanforslaget, vil dei be om at eigedommen (sjøhus med kai og omkringliggjande areal) deira vert innløyst etter takst.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 29.5.2013

Fylkeskommunen melder at dei ikkje har merknad til endringa eller unntaket av område N1 og N2 frå rettsverknad.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 29.5.2013

Fylkesmannen meiner det er svært uheldig å byggje ned og ytterlegare splitte opp friområdet i tilknyting til museet og hamna. Grønstrukturen bør sikrast med tanke på å utvikle eit heilskapleg museums- og hamneområde med kvalitet, og som kan nyttast til leik og rekreasjon både for fastbuande og tilreisande.

Merknadene som kom inn i samband med den avgrensa høyringa og merknadene som kom inn i samband med offentleg ettersyn, er nærare kommentert i saksframlegget til formannskapet.

4.5 Godkjenning av plan og oppheving av plan

Herøy kommunestyre eigengodkjende områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn i møte 27.6.2013 (sak 78/13). Reguleringsplanen vart påklaga av Gudbjørg Nørvåg Dale og Solveig Thonstad. Klagene vart handsama i kommunestyret og sendt til Fylkesmannen for vurdering.

Fylkesmannen oppheva kommunestyret sitt vedtak i brev datert 2.7.2014. Bakgrunn for opphevinga var at plankartet inneheldt eit kvitt felt utan rettsverknad. Fylkesmannen meiner det ikkje er heimel for det i plan- og bygningslova. Fylkesmannen kommenterte ikkje klagen frå Dale og Thonstad. Kommunen la difor til grunn av klagen frå Dale og Thonstad er godt utgreidd og avklara.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 78/12 vart oppheva og kommunen må handsame saka på nytt. Området unntatt rettsverknad på plankartet må takast inn i reguleringsplanen, med reguleringsføremål og tilhøyrande føresegner, for at planen kan godkjennast.

Administrasjonen utarbeidde framlegg til utnytting av området på Notaneset. Forslag til plankart og føresegner vart lagt fram for formannskapet i møte 3.12.2014, sak 229/14. Materialet vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle høyringsinstansar, berørte grunneigarar og naboar.

Fylkesmannen hadde ikkje merknader til forslaget. Fylkeskommunen kom med synspunkt. Gnr. 33, bnr. 62 kom med synspunkt knytt til biloppstilling/parkering og føringar knytt til eksisterande sjøhus.

5. Planstatus og overordna rammer

5.1 Rikspolitiske retningslinjer

5.1.1 RPR for samordna areal- og transportplanlegging

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa. For ny bustadbebyggelse ser vi ikkje vesentlege konsekvensar i forhold til dette.

5.1.2 RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil være aktuell i denne plansaka.

"Følgjande skal visast spesiell merksemd:

a. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.

b. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:

- *Er store nok og eigner seg for leik og opphald*
- *gir muligheiter for ulike typar leik på ulike årstider*
- *kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne.*

5.2 Nasjonal transportplan 2010-2019

Det overordna målet for regjeringa sin transportpolitikk er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg og sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkje samfunnet sine behov for transport og fremjar regional utvikling. Regjeringa legg vekt på å balansere dei fire innsatsområda; framkomst og regional utvikling, transport-tryggleik, miljø og universell utforming på ein god måte. Mellom anna ønskjer regjeringa å betre tryggleiken og framkome for skipstrafikken i norske farvatn og utvikling av effektive hamner.

Utdjuping av Fosnavåg hamn er gitt prioritet i nasjonal transportplan. Prosjektet er kostnadsrekna til ca. 49 millionar kroner.


5.3 Stadsanalyse for Fosnavåg 2007

Asplan Viak AS har på oppdrag av Herøy kommune utarbeidd Stadanalyse. Stadanalysen består av to delar. Del I inneheld ei stadanalyse, med hovudvekt på sentrum i Fosnavåg. Del II inneheld moment til strategiplan for analyseområdet.

Stadanalysen vert sett på som eit sentralt grunnlagsdokument i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.

5.4 Gjeldande kommuneplan – kommunedelplan for Bergsøy

Planområdet er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøy lagt ut til byggjeområde (bustader, naust, industri, offentlege bygningar/anlegg) og hamneområde. Kommunedelplanen stiller krav om reguleringsplan før utbygging. Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i høve til gjeldande plan.



Utsnitt frå kommunedelplan for Bergsøy

5.5 Kommunedelplan for fiskerihamner mv. (Hamneplan for Herøy 2000)

Målet med planen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Hamneplanen har status som kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Fosnavåg hamn er ei av hamnene i kommunen som er omtala i planen. Utdjuping av Fosnavåg hamn er mellom anna gitt prioritet i planen.

5.6 Kommunedelplan for avlaup (Hovudplan for avlaup 2000-2004)

I kommunedelplan for avløp 2000-2004 er resipienten Fosnavåg hamn skildra som dårleg. Tiltak som er nemnt i delplanen er å samle avløpet kring Fosnavåg hamn til eit utslepp ved Kleivaneset og eit ved Vågsholmen.

Kommunen arbeider med løysing for kloakkeringa. Basert på kommunedelplan for avløp er det sett av areal til og pumpestasjon i planområdet.

5.7 Reguleringsplanar

Planområdet er i all hovudsak ikkje tidlegare regulert. Delar av reguleringsplan for "Fosnavåg sentrum/vestre del av hamneområdet" (RP43, godkjent 2.11.2006), inngår i planområdet.
Elles grensar planområdet til følgjande reguleringsplanar:

- Vågsholmen (RP100)
- Fosnavåg sentrum (RP15)



RP15 Fosnavåg sentrum *RP43 Fosnavåg sentrum/vestre del hamneområdet* *RP100 Vågsholmen*

Planområdet grensar til detaljplan for hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum, godkjend i kommunestyret 26.1.2012, K-sak 9/12. Planområdet grensar også opp til reguleringsendring for delar av «Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet» (RP 43, godkjent 2.11.2006). Planområdet grensar òg opp til forslag til reguleringsplan for innfartsveg til Fosnavåg, alternativ 2. Status for denne planen er at ein kan pårekne nytt offentleg ettersyn. Planområdet grensar også opp til regulerings-endring for delar av «Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet» (RP 43, godkjent 2.11.2006).

6. Skildring av planområdet

6.1 Lokalisering

Planområdet ligg i sentralt i Herøy kommune, ved Fosnavåg sentrum. Fosnavåg er kommunesenteret i Herøy kommune, som er ei av dei største fiskerikommunane i landet. Hamna er ein fin stoppestad før og etter Stadt. Frå planområdet er det kort veg til alle sentrumsfunksjonar.



6.2 Planområde/avgrensing av området

Planområdet omfattar er rekkje eigedommar i og rundt Fosnavåg hamn. Sjå kart ovanfor. Dei fleste eigedommane innanfor planområdet er i privat eige. Planområdet omfattar om lag 213 daa.

Planområde m/ forvarsla plangrense, vist på ortofoto datert 2010:



6.3 Dagens arealbruk

Det meste av arealet innanfor plangrensa er bebygd. Det vert vist til skisse nedanfor med ortofoto. I planområdet er det ei rekkje frittliggjande einebustader (12 og 14). Det er også ein del naust innanfor området. Fem av nausta er i gjeldande reguleringsplan for «Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet (RP 43), lagt ut som spesialområde – bevaringsverdig bygningsmiljø med fiskebruk/maritimt retta aktivitetar (3). Dagens fiskerikai inngår i planområdet (4). Inst inne i hamna er det eit større fiskemottak med stor aktivitet i fiskesesongane (6). Elles er det fleire nedlagde verksemder i området:

sildeoljefabrikk (7), skipsverft (8) og hermetikkfabrikk (10) inne i vågen. Det er også fiskevegnaktivitet i området (9), i tillegg til notbøteri (11). På gnr. 33, bnr. 26, på Notaneset, er det båtslipp (13). Ved innseglinga til inste vågen ved Notaneset ligg det og 4 eldre naust (14).



Oversikt over verksemder og aktivitet innanfor planområdet.

Verksemder/aktivitet ved Fosnavåg hamn:

1. Planlagt hotell
2. Leilegheiter
3. Naust – lagt ut som spesialområde i gjeldande plan (RP 43)
4. Fiskerikai
5. Naust
6. Fiskemottak
7. Nedlagt fiskeoljefabrikk
8. Nedlagt skipsverft – vert i dag nytta til lagring av utstyr og større båtar på vinterstid
9. Fiskevegn

10. Nedlagt hermetikkfabrikk
11. Notbøteri
12. Frittliggjande einebustader
13. Båtslipp
14. Frittliggjande einebustader
15. Naust
16. Sti til turområde på Heid og Tverrfjellet



Panorama over Fosnavåg hamn frå 2009 (Foto: Berit Sandvik Skeide)



Maritimt bygningsmiljø som er regulert til spesialområde i gjeldande reguleringsplan (RP43)

6.4 Staden sin karakter

Fosnavåg er ei naturleg hamn, der ein kan oppleve eit særeige kystmiljø. Fosnavåg har vore ein naturleg samlingsstad for små fiskebåtar i generasjonar. Det er til tider stor aktivitet i området: i samband med levering og transport av fiskeprodukt, service og vedlikehald av båtar. Hamna er også liggehamn for yrkesfiskarar.

6.5 Landskap

Landskapet på Bergsøya er eit strandflatelandskap forma av is og hav. Kystlinja er dominert av bratte svaberg med innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinebusetnaden ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya. Store delar av Bergsøya består av ope lende, med innslag av skogsområde og litt dyrka mark. Sørsida er relativt flat og dominert av eit større våtmarksområde i tilknyting til Myklebustvatnet. Nordsida av øya, kor planområdet er lokalisert er dominert av eit aust/vest-gåande høgdedrag med bratte fjellsider og med fjellplatå på over 200 moh.

Fosnavåg hamn er i aust og i sør tydeleg avgrensa av fjell (Hornseten og Tverrfjellet). Fjella dannar veggar i landskapsrommet. Samstundes er fjella med på å gjere Fosnavåg til ein lun stad, verna mot det verste veret. Samstundes kastar fjella ein del skugge, spesielt inst i vågen. I nord grensar hamna mot fjorden/havet og i vest mot Grønfjellet og Fosnavåg sentrum.

Det skålforma landskapsrommet med vågen i botnen og dei bratte fjellsidene rundt har vore med på å strukturere busetjing og utvikling av staden. Fosnavåg framstår som eit relativt kompakt bysenter på grunn av dei strame rammene som landskapet gir.

6.6 Kulturminne og kulturmiljø

<u>Kulturminne</u>

Etter det vi kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering.

<u>Kulturmiljø</u>

I SEFRAK-registeret er det følgjande registreringar:

- Bennbua, Notanes (Sefrak-id:151500113018). Hus for lagring av utstyr knytt til fiske/sjøbruk. Datering: 1800-talet, tredje kvartal.

- Frimanns Lundbua, Notanes (Sefrak-id:15150013028). Hus for behandling av fisk og fiskeprodukt. Datering: 1800-talet, fjerde kvartal.

- Ruin av Nordstrandbua, Notanes (Sefrak-id:15150013017). Tidlegare hus for lagring av utstyr knytt til fiske/sjøbruk. Datering: 1800-talet, tredje kvartal.

- Mågenbua, Nørvågen (Sefrak-id:151500113037). Hus for lagring av utstyr knytt til fiske/sjøbruk. Datering: 1800-talet, fjerde kvartal.

- Sjøhus på gnr. 34, bnr.14, Fosnavåg (Sefrak-id:15150013040). Hus for lagring av utstyr knytt til fiske/sjøbruk. Datering: 1800-talet, fjerde kvartal.

6.7 Naturverdiar

Så langt vi kjenner til er det ikkje spesielle naturverdiar i planområdet, jf. tilgjengelege databasar.

6.8 Rekreasjonsverdi

Det går sti frå inst i Nørvågen og opp til Hornseten, Tverrfjellet og Heid. Hornseten, Tverrfjellet og Heid er populære turmål for folk i området.

6.9 Landbruk/skogbruk

Det er ikkje jordbruksareal innanfor planområdet. I austre del av reguleringsplanområdet, er det ei vestvendt li med planta sitkagran.

6.10 Trafikkforhold

Frå FV654/Vågsgata, går det veg til Vågsholmen via vegen Nørvågvegen. Del av Nørvågvegen har i dag standard som ikkje samsvarer med den standard kommunen krev med omsyn til trafikktryggleik, drift- og vedlikehaldsomsyn. Skal det kunne byggast meir innan planområdet er det difor nødvendig med ei oppgradering av vegnettet og med eit skilje mellom gåande/syklande og køyrande, så langt det let seg gjere innan dei alminnelege krava til vegstandard.

6.11 Teknisk infrastruktur

Veg: Vegen gjennom området er gitt standard lik Sa1 i hht statens vegvesen si handbok 017. Fortau langs vegen er einsidig. På deler av strekninga (aust om FB4-området og FB3-området) er mulig vegbreidde avgrensa med eksisterande bygningar og betongmur i høgd 6-7 meter. Grunna funksjonskrav knytt til nyttetrafikk og persontrafikk er køyrebane prioritert der tilgjengeleg areal ikkje gjev plass til fullverdig standard. Fortauet er difor på mindre strekk ned i breidd ca. 1,8 m. Kostnaden med full vegstandard på alle punkt vil vere riving av verksemdsbygg i full bruk i produksjon. Det vert sett på som urealistisk.

Vatn: Gjennom området går det 160 mm vassleidning.

Avløp: kommunen har i kommunedelplan for avløp fastsett prinsippa for avløp. Etter arbeidsplanen skal kloakkløysing vere på plass i 2013. Vi har i planen sett av areal til pumpestasjon.

6.12 Grunnforhold

Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis/migmatitt (diorittisk til granittisk) og amfibolitt/glimmerskifer.

6.13 Støy

Området er utsett for støy frå bil- og båtrafikk. Multiconsult AS har utarbeidd strøyrapport som del av ROS-vurderinga. Delar av området ligg innanfor gul sone. Det vert vist til kapittel 7.

6.14 Forureining

Luft

Etter det vi kjenner til er området ikkje utsett for luftforureining.

Vatn

Det er registrert dårleg vasskvalitet i hamnebassenget. Sjå kapittel 7.

Grunn

Det er gjennomført ei miljøkartlegging i hamna, for å få oversikt over om det er forureina grunn i Fosnavåg hamn. Dette som følgje av eventuelt masseuttak i innløp og hamnebasseng. Det er registrert forureina grunn innanfor hamnebassenget. Viser til vedlegg C og kapittel 7.

6.15 Lokalklimatiske forhold

Ingen vesentlege forhold.

6.16 Risiko for havstigning

Området er vurdert som sårbart for ekstremver inkl. havnivåstiging. Sjå kap.7.

6.17 Rasfare

Det har kome ned litt stein i indre del av planområdet (ved tidlegare Herøy hotell) gjennom tidene, mellom anna i 2008 og 2011. I 2008 vart det gjennomført ein del sikringstiltak i form av bolting og montering av steinsprangnett. I kjølvatnet av hendinga i 2011, har kommunen forhøya eksisterande natursteinsmur med om lag 1 meter. Den fungerer som ein fangmur.

Norconsult AS er engasjert av Herøy kommune til å vurdere behov for eventuell meir sikring.

I følgje www.skrednett.no er det registrert potensiell skredfare for snøskred og potensiell skredfare for steinsprang i planområdet. Sjå kap. 7.

7 Skildring av planforslaget

7.1 Planlagt arealbruk

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein områdeplan for å avklare framtidig bruk av hamna, samt for å ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn. Fosnavåg hamn skal styrkast som identitetsskapande element for Fosnavåg og kommunen.

Arealbruken i planen er difor knytt til bruk av hamna og dei funksjonane som høyrer til. Landareala i tilknyting til hamna er i hovudsak lagt ut til næringsføremål (NF) med tilhøyrande kaier og anlegg. Eksisterande bustader bak hamna er lagt ut til byggjeområde – frittliggjande småhus. Det er i planframlegget ikkje lagt til rette for bygging av nye bustader. Med unntak av på gnr. 33, bnr.11.

7.2 Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Ev. kommen.tar
FS	34,6	Frittliggjande bustader. Ein (1) einebustad på kvar tomt.	Utnytting, maks BYA=30%. Tillate utbygd areal (BYA) er definert i samsvar med NS 3940:2007	Gjeld FS1-FS3
Institusjon	2,9	Museum	Utnytting, maks BYA=50%.	Gjeld I.
Energianlegg	16 m²	Trafokiosk		Gjeld E.
Andre kommunal-tekniske anlegg	60 m²	Pumpestasjon		Gjeld P.
Småbåtanlegg	1,0	I sjø		Gjeld SA.
Næringsformål	40,9		Utnytting, maks BYA=50%.	
Næring/teneste-yting	2,9		Utnytting, maks BYA=50%.	Gjeld N/T
Kontor/parkering	0,3			Gjeld K/P
Køyreveg	8,4			Gjeld alle vegar, V1-V5
Fortau	3,2			Gjeld F1-F5
Gangveg	65 m²			Gjeld G.
Annan veggrunn – teknisk anlegg	3,9			
Annan veggrunn - grøntareal	0,2			

Hamn	4,6	Hamneareal på land		Gjeld hameareal på land, H.
Kai	1,1			
Parkerings-plassar	1,3			Gjeld PP1 – PP3.
Turveg	0,9			Gjeld TV.
Friområde	3,3			Gjeld FRI1 – FRI2.
Park	0,3			Gjeld P.
Friluftsformål	28,7			Gjeld F1 – F3
Ferdsel	3,1	Ferdselsområde i sjø		Gjeld FE1 og FE2
Hamneområde	61,9	Hamneområde i sjø		
Småbåthamn	1,0			Gjeld SH.
Friluftsområde i sjø	4,4			Gjeld FO.

7.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhus (FS1-FS3)

Ei rekkje eksisterande frittliggande einebustader inngår i planframlegget. Ein har i grove trekk følgd grensa for bustadformål, som er definert i kommuneplanen sin arealdel frå 2004.

I FS-områda skal bygningar ikkje ha større gesimshøgd enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for FS-områda. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Ved val av takvinkel, skal ein ta omsyn til kringliggjande bustadhus. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning.

Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

Sentrumsformål (S)

Eksisterande sjøhus med tilgrensande areal på Notaneset er lagt ut til sentrumsformål. Eksisterande bygg innanfor S1 og S2 inngår i reguleringsplanen. Bygga skal takast vare på.

Det er ikkje tillate å byggje på bygningane. Restaurering er tillate. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Gesims- og mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

Innanfor område S1 og S2 kan det leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadføremål (leiligheiter).

Det er lagt til rette for oppføring av nybygg innanfor S1 og S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1. For område S1 og S2 er maksimum tillaten BYA 60 %. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor område S2. Ved oppføring av nye bygg innanfor S1 og S2, skal det leggjast vekt på å få til ei god tilpassing til dei eldre sjøhusa på Notaneset.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til biloppstillingsplassar følgjer av kommunen sine parkeringsvedtekter til ei kvar tid.Det er krav om utarbeiding av detaljplan for S1 og S2.

Institusjon (I)
I område merka "I" er det i dag ein eldre slipp med tilhøyrande anlegg. Eksisterande bygg (slipp) innanfor området er registrert i SEFRAK-registeret. Slippen skal så langt det let seg gjere, takast vare på, som eit historieforteljande element. Det er ikkje tillate å byggje på slippen. Ny «slipp» kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av ny «slipp», skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

Det kan førast opp nye bygg innanfor området. Innanfor området skal ikkje bygningar ha større gesimshøgd enn 11 meter og mønehøgd ikkje over 13 meter. Maksimum tillaten BYA er sett til 50 %. Ferdig golv på eventuelle nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse deg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarheitsvurdering. Bygningar og konstruksjonar skal her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve.

Før utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljplan

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal og på areal merka som o_PP1 på plankartet.

Energianlegg (E)
Tre eksisterande transformatorkioskar inngår i planområdet. Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone (kode H370), med breidd 5,0 meter frå føremålsgrense. Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

Andre kommunaltekniske anlegg (pumpestasjon)
Ein har i samråd med anleggs- og driftsavdelinga i kommunen, sett av areal til kloakkpumpestasjon (P).

Småbåtanlegg i sjø (SA1)

Det er lagt ut to område i planen til småbåtanlegg i sjø. I område SA1 er det lagt ut flytebrygger. Desse inngår i planen. SA1 er i privat eige.

Næring (NF1-NF6)
Langs hamna er det lagt ut 6 område til næringsformål, NF1-NF6. Dette er i all hovudsak gjort i samsvar med informasjon om allmenningar og grunneigarerklæringar, innhenta frå Kystverket. Kaifronten til områda følgjer i all hovudsak linja som er sett for formålet i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan før utbygging av områda for næringsformål.

Område NF1 skal nyttast til landbasert foredling/produksjon av fisk- og fiskeprodukt. Herunder inngår også fiskevegn, notbøteri, lager og fryseriverksemd med tilhøyrande kaier. Eksisterande bygg innanfor området inngår i reguleringsplanen.

I område NF1 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal (BYA) er 50 % I nordre del av området, som grensar til område for institusjon/museum, ligg det eit klausulert areal i form av tinglyst grunneigarerklæring (sjå vedlegg F. Oversikt over grunneigarerklæringar og allmenningar).

I område NF2 og NF3 kan det etablerast industribygg. Aktiviteten i området skal vere knytt til næringsretta fiskeriverksemd. I områda NF2 og NF3 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 15 meter i høve til kote 0. Maksimum tillaten BYA for områda er 50 %. Innanfor områda NF2 og NF3 ligg det klausulert areal i form av tinglyste grunneigarerklæringar (sjå vedlegg F). Eksisterande bygg innanfor området inngår i reguleringsplanen, med unntak av lagerbygget på gnr. 33, bnr. 30, som er forutsett fjerna.

Område NF4 kan nyttast til næringsretta fiskeriverksemd i form av produksjonsbedrifter til foredling/produksjon av fisk og fiskeprodukt. Herunder lager/fryseriverksemd med tilhøyrande anlegg og kaier. I område NF4 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal er sett til 70 % Eksisterande bygg innanfor området inngår i reguleringsplanen. Innanfor NF4 ligg det klausulert areal i form av tinglyste grunneigarerklæringar (sjå vedlegg F).

For område NF1-NF4 er parkeringsbehovet føresett dekt på eigen grunn. Det kan etablerast internvegsystem innanfor områda. Før eventuell bygging innanfor områda, skal det utarbeidast detaljplan.

I gjeldande reguleringsplan (RP43. Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet) er det lagt ut eit område til spesialområde – bevaringsverdig bygningsmiljø med fiskebruk/maritimt retta aktivitetar. I planframlegget er dette området delt i to (NF5 og NF6) av ein gangveg, og lagt ut til næringsformål med omsynssone med særlige angitte omsyn – bevaring av kulturmiljø. Eksisterande naust inngår i planen. Bygningane skal takast vare på. Det kan oppførast nye bygg innanfor områda. Ved eventuell oppføring av nye naust, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg. Maksimum tillate bebygd areal for områda er sett til 40 %.

Innanfor områda NF1-NF6 skal ferdig golv på eventuelle nye bygg ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse seg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ein konkret risiko- og sårbarheitsvurdering. Bygningar og konstruksjonar skal her førast opp i material som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning/stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve.

Ubebygde delar av område for næringsformål skal haldast ryddige og reine. Før utbygging innanfor områda NF1-NF4 skal det utarbeidast detaljplan.

Næring/tenesteyting, N/T
I område N/T er det lagt til rette for bygg for næring/tenesteyting. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgde er 11 meter i høve til cote 0. Maksimum tillate bebygd areal er sett til 50%. Det kan etablerast tenesteyting i 1. etasje og næring i 2. etasje.

Ved val av takform skal bygningar førast opp med flatt tak. Det skal leggjast vekt på å gje nye bygningar innanfor formålet eit moderne formspråk med god estetisk kvalitet. Det skal førast opp mur / glidekant mot området o_FE2. Utforming og dimensjon for konstruksjonen skal avklarast med Kystverket og kommunen.

Prinsippa om universell utforming skal gjelde for uteareal, parkering og utforming av bygg. Det skal vere ope for ålmenn ferdsel langs sjøen.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn. Det kan etablerast internvegsystem innanfor formålet. Før bygging innanfor områda N/T, skal det utarbeidast detaljplan.

Anna kombinert område, kontor/parkering, K/P
Eksisterande bygg med parkering i 1. etasje og kontor i 2. etasje, inngår i reguleringsplanen som kombinert område, kontor/parkering. Det er ikkje tillate å utvide kontor eller parkeringsdelen av bygget.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

Køyreveg
Tilkomst til planområdet skjer gjennom gjennom kommunal veg knytt til fylkesveg Fv654.

Utforming av vegar

Køyreveg o_V1 gjennom planområdet er gitt standard lik Sa1 (ÅDT inntil 1500) i hht. statens vegvesen si handbok 017. Fortau langs vegen er einsidig grunna plassmangel. På deler av strekninga er mogleg vegbreidde avgrensa med eksisterande bygningar og betongmur i høgd 6-7 meter. Grunna funksjonskrav knytt til nyttetrafikk og persontrafikk er køyrebane prioritert der tilgjengeleg areal ikkje gjev plass til fullverdig standard. Fortauet er difor på mindre strekk ned i breidd ca. 1,8 m. Kostnaden med full vegstandard på alle punkt vil vere riving av verksemdsbygg i full bruk i produksjon. Det vert sett på som urealistisk. I enden av veg o_V1 er vist snuplass for buss med eiga busslomme og fortau for påstigning. Snuplass med busslomme er dimensjonert for buss. Fortauet er knytt til fortauet langs o_V1 elles. Siktemålet er tilrettelegging for lokalt bussrutenett.

Køyreveg o_V2 er avkøyrsle for ev. framtidig skogsveg. Vegen er teken med så langt at den fungerer som snuplass.

Køyrevegegane o_V3 og o-V4 er tilkomstvegar til offentlege og private funksjonar. Vegbreidda er vist med minste kommunale standard for like vegar – 5 meter. Det er gitt breiddeutviding slik at lastebil kan snu, jf. o_V4.

Køyreveg o_V5 er vist med breidd 7 m. Dette tilsvarer veg med standard Sa2 (ÅDT større enn 1500) med kurveutviding for R200.

Dei interne vegane i område FS2 er ikkje teikna inn. Det er berre vist avkøyrslepunkt i samsvar med noverande avkøyrsler. Det vert lagt til grunn at noverande bustadvegar skal nyttast, men at desse skal halde fram og vere private. Ved seinare detaljplanlegging av FS2-området må vegane visast og då med tilkomst til resterande tomteareal.

Gangveg. Mellom FB5 og FB6 er vist areal til gangveg. Standard må tilpassast på staden. Den skal vere bindeleddet mellom veg o_V5 og promenaden lang sjøen.

Hamn (land), (H)
Hamn på land er offentleg fiskerihamn. Innanfor området kan det leggjast til rette for fiskeriretta og anna maritim næring. Etter særskilt grunngjeven søknad kan det tillatast bygg og flytebryggjeanlegg for fiskerirelatert næring i området. Maksimum tillaten gesims- og mønehøgde skal haldast innanfor ramma for plan- og bygningslova.

Kai (KAI1-KAI2)
Det er i tilknyting til fiskerihamna lagt ut to areal til offentleg kai, KAI 1 (1,1 daa) og KAI 2 (1,0). KAI 1 skal ha ei breidde på minimum 5 meter for tilkomst for utrykkingskøyretøy. Det skal vere sikra tilkomst over bakanforliggjande hamneområde på land i samband med bruk av fiskerikaiområdet.

KAI2 er offentleg kai. Det skal vere ope for ålmenn ferdsel innanfor området.
Det er tillate med avgrensa biltrafikk i tilknyting til småbåthamna. Det skal leggjast vekt på å gje området ei estetisk og funksjonell utforming. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd.

Det kan leggjast til rette for benkar og mindre innretningar knytt til kaien
Det skal utarbeidast situasjonsplan i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise materialval, stigningsforhold, møblering og belysning.

Parkeringsplassar (PP1-PP3)
Det er lagt ut to offentlege parkeringsareal innanfor planområdet, PP1 og PP2 på 0,6 daa kvar. Det eine området ligg sentralt på Notaneset. Det andre området ligg i svingen inne i ura, der turstien til Heid startar. PP3 er privat parkeringsplass i tilknyting til pumpestasjon P.

Anna kombinert område – promenade, (PR)
Langs sørsida av Notaneset er det lagt til rette for offentleg promenade. Det er tillate med avgrensa biltrafikk i område i tilknyting til småbåthamna. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd. Det kan leggjast til rette for benkar og mindre innretningar knytt til promenaden.

Grønstruktur (PBL § 12-5, nr.3)

Turveg (TV)
Frå svingen i ura, er det sett av areal, i form av ein 10 meter brei grøn korridor. Eksisterande tursti til Heid inngår i korridoren. Turvegen skal binde saman Fosnavåg sentrum med det fine turområdet på Heid. Innanfor formålet kan det leggjast til rette for trapper/klopper og grusa sti, i den grad det er mogleg.

Friområde (FRI1-FR2)

Det er sett av to mindre friområde, FRI-FR2, på henhaldsvis 0,6 og 2,3 daa på Notaneset. Friområda er offentlege.Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphald. Kommunen krev at det vert utarbeidd situasjonsplan før opparbeiding av områda. Dette for å få til ein heilheitleg plan for områda.

Park (P)
Det er sett av eitt mindre areal på 0,3 daa til park – grøntområde for opphald mellom NF6 og tilgrensande reguleringsplan i nord. Innanfor området skal det leggjast til rette for opphaldssoner.

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr.5)

Friluftsføremål (F1-F3)
Det er lagt ut tre friluftsområde i planframlegget. Innanfor områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. I samråd med kommunen kan det etablerast turstiar i området med maks breidde 1,5 meter, samt område for leik og fritidsaktivitetar.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

Ferdsel (FE1 og FE2)
Det er lagt ut to ferdselsområde i sjøen innanfor planområdet. Desse grensar til Urholmsundet og Urholmen i nord. Innanfor områda er det ikkje tillate med aktivitet som etter kommunen sitt skjønn, kan vere til hinder for området sin bruk som ferdselsområde. Alle tiltak innanfor området skal skje i samråd med Kystverket og lokalt hamnemynde.

Hamneområde i sjø (HA)
Hamnebassenget i hamna er lagt ut til hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og ikringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken. Det kan leggjast til rette for fortøying og mellombelse hamnerelaterte anlegg. Det må søkjast om tillatelse etter hamne- og farvasslova, og det må liggje føre tillatelse frå Kystverket for all utfylling i sjø.

Småbåthamn (SH)
På sørsida av Notaneset er det lagt ut eitt 1,0 daa stort sjøareal til småbåthamn. I området kan det etablerast privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar. Det skal utarbeidast situasjonsplan for hamna før utbygging. Planen skal godkjennast av Kystverket og hamnemynde i kommunen.

Friluftsområde i sjø (FO)
Sjøarealet aust for vegen/brua som går over til Urholmen, er i planframlegget lagt ut til friluftsområde i sjø. Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det kan tillatast utfylling i sjø, som følgje av nødvendig vegfylling med tilhøyrande sikring. Det er tillate med sjørelaterte aktivitetar, så som bading, roing, segling, alminneleg ferdsel og fiske.

Anna kombinert område – kai/promenade (KPR)
Framom eksisterande naust innanfor område FB5 og FB6 er det lagt til rette for kai/promenade. Dette som ei vidareføring av kai/promenade i tilgrensande plan i nord. Det er knytt eiga føresegn til området.

Sikringssone (PBL § 11.8 a.1, jf. § 12-6) (H140)
Det er lagt inn nødvendig frisiktsone i tilknyting til kryss. Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Støysone (PBL § 11-8 a.2, jf. § 12-6) (H220)
Multiconsult AS har gjennomført støyvurdering innanfor planområdet. Det er lagt inn støysone for gul sone i henhald til T-1442. Det vert elles vist til kap.7.13. Det er lagt inn eiga føresegn til støysona. Det er utarbeidd temakart (V1), som viser støysona.

Faresone (PBL § 11-8 a.3, jf.§ 12-6)
Det er i planframlegget lagt inn 3 faresoner:

- Skred/ras (H310)
- Stormflo (H320)
- Høgspenningsanlegg (H370)

Skred/ras
Innanfor omsynssone som i plankartet er vist som Faresone – Ras- og skredfare, skal det ikkje førast opp nye bygg utan at det er gjennomført ei nærare vurdering av om arealet kan opnast for utbygging, basert på dokumentasjon frå person eller føretak med relevant geologisk kompetanse. I område som er regulert til utbygging, gjeld ikkje dokumentasjonskravet gitt at risikotilhøva er kartlagde som del av detaljreguleringsplanprosessen. Det vert vist til kapittel 7.13 og ROS-skjema.

Stormflo
Område utsett for stormflo er merka med omsynssone på plankartet. Dette gjeld areal som ligg under kote 2,79. På plankartet er vist grense etter kote 3 NGO. Sjå kap. 7 og reguleringsføresegnene.

Det er utarbeidd eige temakart (V2) som viser ras- og skredfare.

Høgspenningsanlegg
Tre eksisterande transformatorkioskar inngår i planområdet. Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone (kode H370), med breidd 5,0 meter frå føremålsgrense. Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

Infrastruktursone (PBL § 11-8 b, jf. § 12-6) (H430)
Det er lagt inn omsynssone – rekkjefølgjekrav infrastruktur på område I og FB1 – FB4, med tanke på forureina grunn. Sjå elles punkt 7.14 – krav om rekkjefølgje.

Sone med angitte særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6) (H570)
Det er lagt inn omsynssone – bevaring av kulturmiljø på område N5 og NF6, delar av I (institusjon/museum).

7.4 Parkering

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast. Det er lagt til rette for offentlege parkeringsplassar innanfor planområdet. Det vert vist til punkt 7.3.

7.5 Tilknyting til infrastruktur

Gjeldande tilkomst er oppretthalden. Den offentlege vegen Nørvågvegen, går vidare til FV654/Vågsgata i aust.

Når det gjeld vatn, vert utbygginga knytt til godkjent vassverk i området. Når det gjeld avløp, vert det å knyte set til det kommunale systemet som er under utbygging.

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til nye trafoar. Tre eksisterande trafoar inngår i planområdet. Det er vist plassering av pumpestasjon. Det er i føresegnene opna for at det innanfor byggjeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til kommunaltekniske og El-tekniske føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

7.6 Universell utforming (UU), tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen.

Hovudutfordringa i bustadområde er at tomter skal kunne byggjast med universell standard og at leikeplassar bør kunne nyttast av alle – heilt eller delvis. For bustad betyr dette at tilkomsten mellom garasje/carport og inngang til hovudplan skal kunne etablerast med universell standard. Ved seinare detaljplanlegging må forhold knytt til UU planleggast nærmare

7.7 Arkitektur

Når det gjeld bustadbygg er det er viktig at tiltakshavar ser samanhengen mellom gammal og ny bebyggelse. Bruk av volum og bygningstype bør vere tydeleg i høve bustaden sin funksjon. Det vert lagt til grunn at estetikkrettleiaren, som kommunen har vore med på å utarbeide og vedteke, vil medverke til dette. Vi legg til grunn at tiltakshavar og den prosjekterande vektlegg dette i hht PBL sin intensjon.

Når det gjeld næringsbygg er det viktig at tiltakshavar ser samanhengen mellom gammal og ny bebyggelse. Bruk av volum og type næringsbygg bør vere tydeleg i høve til næringsverksemda sin funksjon i området.

7.8 Estetikk i området

Store delar av området er allereie utbygt, både når det gjeld einebustader og næringsbygg. Det er viktig at eventuelle nye bygg innanfor området får ei god tilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuelle kvalitet og sikkerheit.

Traseen til eksisterande tilkomstveg i området (Nørvågvegen) er justert noko, for å få plass til fortau på oppsida av vegen.

Langs hamna er det i planen lagt ut 6 område for næringsformål. Kaifronten til områda følgjer i all hovudsak linja som er sett for formålet i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Det er lagt til rette for å etablere promenade på sørsida av Notaneset og framom eksisterande naust vest i planområdet.

Sjå neste sider for visualisering / 3D-bilde av dei ovannemnde nye momenta innanfor hamna.



Foto som viser dagens situasjon i området. Sett frå nord.



Foto av modell som viser ny vegtrase med fortau, ny kaifront og promenade langs hamna. Sett frå nord.



Foto som viser dagens situasjon i området. Sett frå vest.



Foto av modell som viser ny vegtrase med fortau, ny kaifront og promenade langs hamna. Sett frå vest.



Notaneset sett frå sør

7.9 Kulturminnemiljø/kulturminne

Kulturmiljø

I planområdet er det SEFRAK-registrerte bygg som inngår i planframlegget på gnr. 33, bnr. 10,11,14, 26 og 313. Nausta på gnr. 33, bnr. 14 og 26 er lagt ut til naust med omsynssone bevaring. Naustet på gnr. 33, bnr. 11 inngår i NF1. Slippen på bnr. 26 er lagt ut til institusjon - museum.

Kulturminne

Så langt vi kjenner til er det ikkje registrert kulturminne i planområdet.

7.10 Naturmangfaldlova

§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, den samla belastninga på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Vedlagt følgjer sjekkliste for ROS

7.11 Born og unge sine interesser

Målet med reguleringsplanen er å utarbeide ein områdeplan for å avklare framtidig bruk av hamna, samt ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn.

Det vert ikkje lagt til rette for fleire bustadtomter innanfor planområdet, med unntak av ei tomt på gnr. 33, bnr. 11. Eksisterande bustader innanfor området ligg relativt tett og det er lite rom for fortetting. Det er ikkje lagt til rette for leikeareal innanfor området i dag. Ein har i planarbeidet ikkje funne eigna lokalitet for opparbeiding av leikeområde. Det vert vist til at det er lagt til rette for tre friområde på Notaneset, som kan nyttast til leik.

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

7.12 Renovasjon

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall.

7.13 ROS

Radon

Det er ikkje gjennomført radonmåling i området. I tilknyting til utarbeiding av detaljplanar må det gjennomførast radonmålingar for å avklare om det må setjast i verk tiltak utover krava i TEK10. Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om at det skal gjennomførast radonmåling i samband med utarbeiding av detaljplanar.

Støy

Området er utsett for støy frå bil- og båttrafikk. Det er gjennomført støyvurdering som del av planprosessen, viser til rapport utarbeidd Multiconsult AS, dat.2.2.2012, jf. vedlegg B.

Støy frå vegtrafikk:

Rapporten viser at det er ingen overskridingar av grenseverdi for vegtrafikkstøy i planområdet.

Støy frå industri og båttrafikk:

Det vert i støyrapporten vist til ulike støysituasjonar: frå sjølve båttrafikken og frå skip som ligg ved kai. Mest omfattande støysituasjon er støy frå skip om natta opp mot tillatne grenseverdiar på natt.

Det er ingen overskridingar av grenseverdi for støy frå industriverksemd i dag. Men båttrafikk inn og ut av vågen fører til overskridingar for ein del bebyggelse nær seglingsleia. Eventuell ny bebyggelse i gul støysone må vurdere avbøtande tiltak. Tiltak kan vere i form av lokal støyskjerm eller lydisolerande tiltak i fasadar.

Båtar som ligg til kai ved fiskerikaia og som har hjelpemotor i drift, fører til overskridingar av grenseverdi for mange bustader rundt hamna. Det er vanskeleg å utforme støyskjermande tiltak for denne støykjelda. Støykonsulent meiner hamneeigar bør vurdere å tilby landstraum til fartøy som skal liggje over lengre tid. Dette tiltaket vil fjerne støyen heilt. Det vert vist til vedlegg B (støyrapport).

Samla støysituasjon medfører at store deler av planområdet vert omfatta av omsynssone. Ved vidare fortetting må det takast særlege omsyn slik at støy innomhus og på uteopphaldsareal (MUA) er sikra tilfredstillande støysituasjon. Det må takast særlege omsyn ved oppføring av ny bebyggelse. Nye bustader må sikrast tilfredstillande både inne og ute, jf. krav til minste uteopphaldsareal. Det må vidare takast omsyn i samsvar med T-1442 under bygge- og anleggsarbeid.

Det er på plankartet lagt inn omsynssone for område der berekna støysituasjon ligg over tillatne grenseverdiar. I reguleringsføresegnene er det gitt nærmare bestemmingar knytt oppføring av ny bebyggelse.

Rasfare

I følgje www.skrednett.no er det registrert potensiell skredfare for snøskred og potensiell skredfare for steinsprang i planområdet.

I reguleringsføresegnene er det stilt krav om at det før vidare utbygging i området skal utførast nødvendige faglege feltundersøkingar som grunnlag for detaljering av tilstrekkelege sikringstiltak i hht. til krava i TEK 10, jf. § 7-4. Sikkerheit mot skred.

Forureining

Luft

Det er ikkje registrert dårleg luftkvalitet i området.

Vatn

Som nemnt i kapittel 6, er det registrert dårleg vasskvalitet i hamnebassenget. Kjersti Finholt, frå Søre Sunnmøre Vassregion, er i gang med eit prosjekt i Herøy kommune i høve til Vassforskrifta frå 2006, der mellom anna vasskvaliteten i Fosnavåg hamn er tema. I første omgang er det snakk om ei kartlegging av situasjonen i kommunen. Med bakgrunn i kartlegginga, vil det bli peika på aktuelle tiltak.

Vatnet i ytre del av hamnebassenget status som «mogleg risiko» og indre del av hamnebassenget status som «Risiko».

Grunn

NGI har, på oppdrag frå Kystverket, gjennomført miljøundersøkingar i hamna (NGI-rapport 20100182-00-2-R, datert 13.10.2011). Undersøkingane viser at sedimenta har konsentrasjonar opp til tilstandsklasse IV for kopar, kvikksølv, sink og PAH og konsentrasjonar opp til tilstandsklasse III for kadmium, benzo (a) pyren og PCB, samt konsentrasjonar av TBT i tilstandsklasse IV og V. Dette inneber at det er trong for miljøtiltak i samband med mudring av hamna.

Kommunen har i første omgang vurdert denne utgreiinga som tilfredsstillande i forhold til miljøkartlegging av området som skal utdjupast i hamna.

Det er i reguleringsføresegnene teke inn rekkjefølgjekrav, som stiller krav om at alle tiltak som omfattar bygge- og anleggsverksemd innanfor forureina område i sjø, skal ha tillatelse frå foreiningsmynde (Fylkesmannen i Møre og Romsdal).

Det er potensiale for forureina grunn på land også innanfor planområdet. Det er i reguleringsføresegnene, stilt krav om at før det vert gjort tiltak i grunnen på land, skal forureiningstilstanden avklarast. Dersom det vert påvist forureina grunn, skal det hentast inn tillatelse frå kommunen, som er forureiningsmynde på land.

Stormflo

Det vert vist til rapporten «Havnivåstigning i norske kystkommuner i det 21. århundre», utarbeidd av DSB og Bjerknessenteret i 2009.

I rapporten, er kote 2,69 kritisk nivå for 100-års stormflo år 2100 relativt til år 2000.

Estimata for Herøy går fram av rapporten i tabell 1 side 27.

Tidsrom	Landheving (cm)	Beregnet havstigning (cm)	100-års stormflo Relativt NN1954 (cm)
År 2050 relativt år 2000	9	22 (14-36)	215 (207-229)
År 2100 relativt år 2000	18	72 (52-107)	269 (249-304)

For 200 års perspektivet kan ein legge til 10 cm, dvs. minste høgd for golvnivået for nye bygg skal ut frå eit slikt krav vere kote 2,79. På plankartet er kote 3 nytta som omsynssone for havnivå.

Bølgjepåverknad:

Indre hamneområde vil ikkje vere utsett for havbølgjer. Med det avgrensa hamnebassenget vil det heller ikkje kunne bygge seg opp vesentlege bølgjer i ein ekstrem vindsituasjon.

Nordre del av planområdet vil kunne vere utsett for vind i nord/austleg retning. I tilknyting til utbygging av Vågsholmen har Meteorologisk Institutt vurdert bølgjehøgd i 200 års perspektivet (gjenntaksintervall) for brua. Desse vurderingane er relevante for vegen ut til brua og for strandlinja nord/austover i «vårt» planområde. Bølgehøgda er berekna til ca. 1m. Berekninga er ei teoretisk utgreiing både vedkommande vindstyrke og bølgjehøgd. Det finst ikkje registreringar (vind og bølgjer) som kan danne grunnlag for berekningane

I vurderinga frå Meteorologisk Institutt heiter det:

> *«Det er vanskeleg å berekna nøyaktige bølgjehøgder inne ved brua. Når den nye fyllinga er på plass (Vågsholmen) vil den (brua) vera nokså godt skjerma. Det er berre frå ein sektor omkring nordaust det vil komma inn bølgjer av betydning. Rett utanfor fyllinga finn eg ei effektiv strøklengde på ca. 2.5km ved vind frå nordaust. Dersom vi antar at 200 års returverdi for vind er nær 30m/s vert signifikant bølgjehøgd ca. 1.5m. Men bølgjeenergien vert redusert før den når inn til brua sidan det er ein nokså smal opning. Det er derfor rimeleg å rekna med at 200 års returverdi av signifikant bølgjehøgd ikkje er over 1m. På sjøkartet ser det og ut til at det er nokså grunne område utanfor brua som kanskje kan redusera bølgjehøgda meir.»*

Signifikant bølgjehøgde er definert som middelverdien av høgdene til den høgaste tredjedelen av bølgjene. Mest sannsynleg maksimal bølgjehøgde reknar vi med (som anbefalt i Norsk Standard 9415) er 1.9 gonger den signifikante bølgjehøgda. Det vil seie at dei høgaste enkeltbølgjene kan verta ca. 1,9 m.

Bølgjehøgda er avstanden mellom bølgje-topp og -botn. Ein må rekne med at bølgjetoppane går litt høgare opp enn det bølgjedalane går ned i høve til middelvasstanden. Om vi reknar med at forholdet er 60/40 får vi at bølgjetoppane går ca. 1,1m opp og bølgjedalane ca. 0,8 m ned i høve til middelvasstanden.

Stipulerte høgder havnivå og bølgjer nord/austleg del av planområdet:

Nedanfor er sett opp havnivå ut frå ulike situasjonar og korleis situasjonen vert med dimensjonerande bølgjehøgd:
Tab 1:

Registrert havnivå/stipulert havnivå		Bølgjehøgd/netto høgd 60 % av bølgja	Høgd sjø (topp bølgje) sett i forhold til samanfallande maks havnivå og maks bølgje
Registrert maks høgde sjø Fosnavåg	2,04	1,1	3,14
Klimatilpassing Norge for Fosnavåg, 200 års gjentak År 2050 relativt år 2000. 200 års gjenntaksintervall	2,27	1,1	3,37
Klimatilpassing Norge for Fosnavåg, 200 års gjentak År 2100 relativt år 2000. 200 års gjenntaksintervall	2,79	1,1	3,89

Dimensjonering av bølgjevern
Bølgjevern/sikring av anlegg (her veg) må vere dimensjonert slik at vernet toler dei bølgjekreftene som skal dimensjonerast for i hht. gjeldande sikringsklasse etter § 7-2 i TEK. Dette slik at det ikkje oppstår skade på nærliggande anlegg som følgje av at bølgjevernet vert «hiven inn mot anleggsdeler».

I reguleringsplanen er det elles berre byggeområda FS1 og FS2 som ligg i utsett til for bølgjer. FS1 er ferdig utbygd og bustadhuset ligg på kote 9,5. Ved utbygging på FS2-området må naudsynte omsyn takast ved plassering av bygning i forhold til flaum og bølgjesituasjon. Byggegrense er søkt fastsett slik at omsyn til havnivå og bølgjer er tekne omsyn til.

Brann/ulukkesberedskap – sløkjevassforsyning og tilkomst for uttrykkingskøyretøy

Etter det kommunen kjenner til er det ikkje krevjande industri i området som utgjer stor fare i høve til brann.

Etter det vi kjenner til er det tilfredsstillande tilgang til brannvatn i området. Det er ikkje registrert særlege ulykkes punkt tilknyting til tilkomstvegen.

Vassforsyning

Herøy Vasslag BA har hovudleidning V160 gjennom området. Vassforsyninga vert vurdert som tilfredsstillande, men må tilpassast faktisk behov.

Kloakkering

Kommunen arbeider med hovudplan for korleis kloakk/spillvatn skal førast fram til reinseanlegget i Fosnavåg sentrum. Så langt arbeidet har konkludert no, vert kloakken å pumpe ut på Vågsholmen og ført over vågen med pumpeleidning langs sjøbotnen. Dette medfører elles løysing for bebyggelsen i Fosnavåg hamn og på Vågsholmen. Nødvendige areal for pumpestasjon er teke med i planframlegget.

Andre forhold

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C.

7.14 Krav om rekkefølgje

Forureina grunn

Det er forureina grunn innanfor planområdet. Alle tiltak som omfattar bygge- og anleggsverksemd innanfor ureina område, skal ha tillatelse frå forureiningsmynde (Fylkesmannen i Møre og Romsdal)

Før det vert gjort tiltak i grunnen (på land) skal forureiningstilstanden avklarast. I tilfelle forureina grunn, skal tillatelse frå kommunen innhentast.

Støyskjerming

Ved vidare utbygging/fortetting innan FS-områda, som er omfatta av omsynssone knytt til støy, skal nødvendige skjermingstiltak gjennomførast for å sikre tilfredstillande uteopphaldsareal. Skjemingstiltaka skal vere ferdigstilt samtidig med bygning.

7.15 Føresegnene

Føresegnene gir utfyllande bestemmelsar for dei enkelte areala sin bruk. Generelt sett gir føresegnene nokså romslege vilkår for området.

7.16 Plankart (2113-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin veiledar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2012 saman med Novapoint 18.10 (basis, arealplan og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

8 Innkomne innspel

8.1 Merknader

Følgjande merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering:

1) Avinor	dat. 9.11.2011
2) Fiskeridirektoratet	dat. 23.11.2011
3) Søre Sunnmøre Landbrukskontor	dat. 28.11.2011
4) Maritimt utval / hamnestyret	dat. 5.12.2011
5) Noregs vassdrags- og energidirektorat	dat. 9.12.2011
6) Rigmor Voldnes	dat. 9.12.2011
7) Statens vegvesen	dat. 12.12.2011
8) Herøy Kystlag	dat. 15.12.2011
9) Gerh. Voldnes AS	dat. 17.12.2011
10) Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 22.12.2011
11) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 23.12.2011
12) Eiksund Eiendom AS	dat. 30.12.2011
13) Vassregion Møre og Romsdal	dat. 4.1.2012
14) Gudbjørg N. Dale og Solveig Thonstad	dat. 25.1.2012
15) Herøy Fiskarlag	dat. 29.1.2012

Følgjande merknader/innspel kom inn som følgje av folkemøte 31.1.2012:

16) Referat / innspel frå salen i folkemøtet	dat. 31.1.2012
17) Havstein Remøy DA, v/Erling Remøy	dat. 2.2.2012
18) Sævik Invest AS og Sævikon AS	dat. 2.2.2012
19) Herøy kystlag	dat. 3.2.2012
20) Gerh. Voldnes AS	dat. 3.2.2012
21) Eigarar av gnr. 33, bnr. 62	dat. 5.2.2012
22) Eiksund Eiendom AS	dat. 6.2.2012
23)Terje Lindal mfl.	dat. 6.2.2012

24) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne dat. 6.2.2012

25) Fosnavåg Notbøteri AS dat. 7.2.2012

26) Fosnavåg Seafood AS dat. 13.2.2012

Innspel i løpet av perioden med utarbeiding av planframlegg:

27) Sævik Invest AS dat. 28. 3.2012

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Ei rekkje innspel/merknader rettar seg mot problemstillinga knytt til utdjuping av Fosnavåg hamn. Innspela/merknadene vert ikkje nærare kommentert. Det er naturleg at kommunen vidareformidlar desse innspela direkte til Kystverket.

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) viser til at det er planta ein del sitkagrav i den vestvende lia ned mot Fosnavåg. Det må takast omsyn til uttak av skog. Leggjast til rette for tømmerdrift.

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjer merksam på at planområdet er definert som potensielt fareområde for steinsprang og snøskred og at det må gjennomførast ei skredvurdering.

- Rigmor Voldnes (gnr. 33, bnr. 44) ønskjer å føre opp ei større garasje på eigedommen.

- Herøy kystlag ønskjer å utvide kaia. Dei vurderer også å føre opp to nye bygg i området. Kystlaget kjem også med innspel knytt til tilrettelegging av småbåthamn og parkering.

- Gerh. Voldnes (gnr. 33, bnr. 5) ønskjer at det vert lagt til rette for leiligheiter i bygget på gnr. 33, bnr. 5. Tunnelen i fjellet ønskjer Voldnes vert lagt til rette for grotte med musikk/underhaldning eller ev. parkering.

- Fylkesmannen viser til at det er gjennomført grunnundersøkingar i hamna og at resultatet frå undersøkinga må leggjast til grunn for reguleringsplanarbeidet. Fylkesmannen meiner Fosnavåg hamn har eit stort potensiale for positiv utvikling.

- Eiksund Eiendom AS ønskjer at det gnr. 34, bnr. 172 og 454 vert lagt ut til bustad/forretning, med same utnyttingsgrad som for Mohammarbygget.

- Vassregion for Møre og Romsdal viser til at det har vore arrangert eit dialogmøte mellom Kystverket, Herøy kommune, Fylkesmannen og vassregionen sin prosjektleiar. Prosjektleiar rår til at referatet vert sett på som eit innspel til planarbeidet. Elles kjem vassregionen med innspel til plan-programmet. Innspel/merknader til planprogrammet vert ikkje kommentert her. Dei er nærare skildra og kommenterte i kommunen si sakshandsaming ved fastsetting av planprogrammet (F-sak 96/12).

- Eigarane av gnr. 33, bnr. 1 og 11 ønskjer at eigedommen deira på Notaneset vert lagt ut til bustadføremål. Dei informerer vidare om at Mågenbuda vil bli opprusta med skifting av dårleg bordkledning og måling av tak og veggar til sommaren.

- Eigar av gnr. 34, bnr. 10 informerer om at han ønskjer å restaurere/føre opp nybygg på eigedommen. Dersom det er aktuelt med nybygg på eigedommen, ønskjer grunneigar å leggje til rette for leilighet i 2. etasje. 1. etasje skal nyttast til lagerplass for fiskereiskapar. Tiltakshavar ønskjer innspel frå kommunen.

- Sævik Invest AS og Sævikon AS gir uttrykk for at det er viktig med god tilkomst og god djupne i hamneområdet. Grunneigar ønskjer at gnr. 33, bnr. 84, 30, 23 og delar av 5 vert lagt til rette for bustadføremål (leilegheiter) ev. squash-bane, treningsstudio, skytebane, musikklokale.

- Eigarar av gnr. 33 bnr. 62 informerer om at det er tinglyst vegrett mellom partane for Goksøyr sin eigedom, Frantsen sin eigedom og deira eigedom på Notaneset. Vegretten fastsett at tilkomstvegen til eigedommane skal liggje i grenselinja mellom eigedommane. Løysinga som vart vist på folkemøtet vil ikkje bli akseptert av eigar. Eigar meiner at det er uheldig å verne budene og at ein heller bør satse på nybygg.

- Terje Lindal mfl. (bebuarar i området og på vegne av Goksør Eigedom AS) ønskjer at området på Notaneset bør få status som bustad/turistområde. Dei har planar om å utvikle eigedommane i den retning utan at dei på noverande tidspunkt kan vere meir konkrete.

- Fosnavåg Seafood AS informerer om at dei er den mest aktive brukaren av hamna, med mellom 6-700 anløp i året. Det er svært viktig for verksemda at dei får ei djupne i hamna som gjer at alle båtar får ei trygg innsegling utan at det er fare for at dei tek ned i sjøbotnen på veg inn med last.

  Fosnavåg Seafood AS påpeikar at området er lagt ut til industri og ikkje turisme. Fosnavåg Seafood stiller seg kritiske til forslaget som kom fram på folkemøtet, med strandpromenade langs hamna. Dei ønskjer ikkje å ha uvedkommande inn på området sitt. Ev. promenade må gå bak deira anlegg langs eksisterande veg. Det er viktig å legge til rette for fiskerirelatert virksomhet.

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Ein har i planframlegget vist startpunkt, i form av vegstubb (V2), som viser kvar skogsbilveg kan starte. Eventuell planlegging og bygging av skogsbilveg er omfatta av anna lovverk, og er difor ikkje teke med i reguleringsplanframlegget. Dette er gjort i samråd med kommunen.

- I reguleringsføresegnene er det stilt krav om at det før vidare utbygging i området skal utførast nødvendige faglege feltundersøkingar som grunnlag for detaljering av tilstrekkelege sikringstiltak i hht. til krava i TEK 10, jf. § 7-4. Sikkerheit mot skred. Det er i plankartet lagt inn faresone som viser skred (snø og stein)

- Vegen (Nørvågvegen) i området er lagt lenger ned mot sjøen i forhold til dagens situasjon. Dette for å få plass til langsgåande fortau på oppsida av vegen. Det inneber at arealet tilhøyrande gnr. 33, bnr. 44 er mindre enn i dag. Gnr. 33 ,bnr. 44 med tilgrensande areal er i reguleringsplanen lagt ut til næringsformål, der det kun kan leggjast til rette for fiskeriretta næringsverksemd.

- Det er i reguleringsplanen lagt ut eit 2,9 daa stort areal til institusjon – museum med slippen på Notaneset. Vinsjehuset er forutsett fjerna i reguleringsplanframlegget. Det i er i reguleringsplanframlegget lagt inn ny tilkomstveg til gnr. 33, bnr.1/8 og gnr. 33, bnr.4. Desse eigedommane må ha ny tilkomstveg, som følgje av endra formål/bruk av areala elles på Notaneset. Tilkomstvegen skal også tene museumsområdet. Det er elles lagt til rette for bygging av fleire bygg innanfor området. Det er i reguleringsplan-framlegget lagt til rette for utviding av området ut i sjø. På sørsida av Notaneset er det lagt ut eit område for privat småbåthamn. På Notaneset er det også lagt til rette for etablering av busstopp og parkering.

- Gnr. 33, bnr.5 inngår i område lagt ut til næringsformål i reguleringsplan-framlegget. Fiskeri skal ha prioritet i hamna.

- Rapporten utarbeidd av NGI på vegne av Kystverket, er lagt til grunn for planarbeidet. Det er teke inn rekkjefølgjebestemmelsar, som stiller krav om at det skal innhentast løyve frå forureiningsmynde, før eventuelle tiltak vert iverksett.

  Det er lagt til rette for promenade på to strekningar innanfor planområdet. Den eine promenaden ligg på Notaneset. Promenaden bind saman naustområdet på Notaneset og området utlagt til institusjon – museum. Den andre promenaden er lagt framom eksisterande eldre naust i vestre del av hamna. Denne promenaden bind saman ytre og indre allmenning i Fosnavåg.

  Ein har, etter ei grundig vurdering, kome til at det ikkje let seg gjere å leggje til rette for gangareal/promenade på framsida av areal lagt ut til næringsformål i planframlegget. Dette med bakgrunn i krav til tryggleik. Det er lagt til rette for fortau langs tilkomstvegen langs Nørvågvegen.

- Ein har i samråd med kommunen, vidareført formålet park i RP43, i reguleringsplanframlegget. Ein ser det som viktig å halde igjen eit ope område mellom gnr. 34, bnr. 172 og område for næringsformål.

- Kystverket si undersøking av miljøstatus i hamna er omtala både i planomtale og i føresegnene.

- Bustadhuset på gnr. 33, bnr.1/8, er i framlegget lagt ut til bustadformål. Resterande areal, tilhøyrande gnr. 33, bnr.1 på Notaneset, er lagt ut til

friområde og trafikkareal (veg, busstopp og fortau). Ein ser det som viktig at det vert lagt til rette for friområde på Notaneset. Området vil kunne fungere som ei lita «grøn lunge», innanfor eit elles tett utnytta område. Området skal tene alle i nærmiljøet, det vil sei folk som bur innanfor reguleringsplanframlegget sitt, folk på Vågsholmen og elles andre som søkjer til området.

Gnr. 33, bnr.11 er i planframlegget lagt ut til bustadføremål. Mågenbuda inngår i område NF1 – næringsformål.

- Gnr. 34, bnr. 10 inngår i område regulert til næringsformål med omsynssone – bevaring av kulturmiljø. Bygningane innanfor området, skal takast vare på, så langt det let seg gjere. Det kan førast opp nye bygg innanfor området. Ved eventuell oppføring av nye naust, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgd skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg.
- Sævik Invest AS kom i samband med oppstart av planarbeidet med innspel om å få omregulert området, slik at eigedommen deira kan nyttast til bustadformål/leiligheiter (merknad 18).

  I e-post av 28. mars 2012 (merknad 27), trekkjer Sævik Invest AS innspelet. Sævik Invest AS ønskjer at området får status som industriområde. Sævik Invest AS gir klart uttrykk for at dei ønskjer at Fosnavåg hamn skal ha status som fiskeri og industrihamn.

  Eigedommen til Sævik Invest AS er i reguleringsplanframlegget lagt ut til næringsformål, NF3. I føresegnene er det lagt til rette for at det kan etablerast industribygg, så som kontor, lagerbygg, bygg for vedlikehald og reparasjonar av båtar og utstyr. Aktiviteten innanfor området skal vere knytt til næringsretta fiskeriverksemd.
- Gnr. 33, bnr. 62 er i reguleringsplanframlegget lagt ut til naustføremål, friområde, veg og parkering. I reguleringsføresegnene kjem ein med framlegg om av naustet skal takast vare på så langt det let seg gjere og framlegg om at det ikkje er tillate å byggje på naustet. Restaurering er tillate. Nye naust kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Regulerings-føresegnene innehar bestemmingar om høgder og utnyttingsgrad.

  Løysinga som er valt på Notaneset, er etter vår vurdering, med bakgrunn i kommunen sitt ønskje om å leggje til rette for busstopp, friområde og parkering på Notaneset, den beste løysinga for området.

- Notaneset er eit sentral og attraktivt område i Fosnavåg sentrum. Ein har i planen teke omsyn til eksisterande bustadbebyggelse og naust. Desse er tekne i reguleringsplanen. Herøy Kystlag ønskjer å vidareutvikle Slippen med tilhøyrande areal. Slippen er i reguleringsplanforslaget lagt ut til institusjon (museum). I tilknyting til at ein legg til rette for museum ved slippen, er det trong for busstopp i området. Busstopp er plassert på eigna areal på Notaneset. Det er elles lagt til rette for friområde innanfor området. Friområdet skal tene alle i nærmiljøet, både dei som bur langs hamna og på Vågsholmen. Godkjent reguleringsplan for Vågsholmen legg til rette for ei vesentleg utbygging på hamna i framtida. På sørsida av Notaneset er det lagt til rette for ein promenade og ei småbåthamn.

- Området til Fosnavåg Seafood AS er i reguleringsplanframlegget lagt ut til næringsformål – NF4. Det er i reguleringsføresegnene fastsett at området kan nyttast til næringsretta fiskeriverksemd i form av produksjonsbedrifter til foredling/produksjon av fisk og fiskeprodukt. Herunder også lager/fryseriverksemd med tilhøyrande anlegg og kaier. Det er elles lagt til rette for næringsformål på det meste av landarealet i hamna. Det er ikkje lagt til rette for leilegheiter eller promenade innanfor eller i tilknyting til områda for næringsformål.

Berit Sandvik Skeide
Landskapsarkitekt/planleggar

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Fagansvarleg areal-,
infrastruktur- og samferdselsanlegg

Revisjon1, 4-5-2012. Eldar.

Revisjon 2, 4.9.2012. Berit.

Revisjon 3, 22.1.2013. Berit.

Revisjon 4, 5.6.2013. Berit.

Revisjon 5, 2.3.2015. Berit

Møre og Romsdal fylkeskommune

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/118 Saksbeh. BSS
22 JAN. 2015
Ark.kode P 45/90
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 1
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/33	08.12.2014	79352/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland 71 25 82 91	21.01.2015

Herøy kommune - områderegulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn - fråsegn ved avgrensa høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader til nytt forslag om arealbruk, jf avgrensa høyring datert 08.12.2014.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utv.

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
12.01.2015
Dykkar dato
10.12.2014

Vår ref.
2011/7938/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/133 | Saksbeh. BSS
14 JAN. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
Reguleringsplan Fosnavåg hamn - AG Plan og Arkitektur AS
Oppheva vedtak - avgrensa høyring

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til den føreslegne endringa.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 43
Telefax: 71 25 85 10
E-post: postmottak@fmmr.no
Web: www.fylkesmannen.no

(E) 12/33

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 292/33 Saksbeh. DSS
12 JAN. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

10. januar 2015

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Ang. reguleringsplanen for Fosnavåg hamn med svarfrist 15.01.2015.

Vi viser til tidlegare skriv i denne saka og kjem med fylgjande nye merknadar:

Planlagd veg bak sjøhuset må trekkjast lenger bak slik at der vert nok areal til biloppstilling og parkering på den delen av tomta vår som grenser mot sundet.

Vi protesterer på dei føringane som vert sett for sjøhuset vårt.
Grunnen er at det vil vere vanskeleg å få til tenelege funksjonalitetar i bygget.
Når golvet i første etasje skal hevast slik at det vert flodfritt vert ikkje romhøgda stor nok til godkjende opphaldsrom.

Med helsing
Eigarane av gnr. 33 bnr.62

Gerd Røren Leine
Gerd Røren Leine

Olav Emdal
Olav Emdal

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Grunneigarar innanfor området,
tilgrensande naboeigedommar og
offentlege mynde, jf. adresseliste

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/33	L12		UTV / BSS	08.12.2014


OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN - OPPHEVA VEDTAK - AVGRENSA HØYRING

Status:
Herøy kommunestyre eigengodkjende områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn i møte 27.6.2013 (sak 78/13). Melding om vedtak vart sendt til offentlege instansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar. Klagefrist var sett til 26.8.2014.


Innan klagefristen vart det sett fram tre klager. To av klagene vart i seinare trekt. Etter rådmannen si vurdering inneheldt ikkje klagen nye moment i høve til det som låg føre då områdereguleringsplanen for Fosnavåg hamn vart vedteken i møte 27.6.2014. Klagen vart ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheldt sitt vedtak i K-sak 78/13. Saka vart sendt til fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen **oppheva** kommunestyret sitt vedtak i brev datert 2.7.2014. Bakgrunnen for opphevinga var at plankartet inneheld eit kvitt felt/område utan rettsverknad. Fylkesmannen opplyser at det ikkje er heimel for det i plan- og bygningslova. Kommunen må handsame saka på nytt.

Området unntatt rettsverknad på plankartet som vart godkjent i kommunestyret, må takast inn i reguleringsplanen med reguleringsføremål og tilhøyrande føresegner.



Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn




Utstnitt som viser området på Notaneset

Historien bak saka:

Formannskapet vedtok i møte 2.10.2012 å leggje forslag til områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn ut til offentleg ettersyn. I planforslaget var området på Notaneset lagt ut til naustområde (N1 og N2). Område N2 var markert med omsynssone – bevaring av kulturminne.

Eksisterande naust innanfor N1 inngjekk i planforslaget. I føresegnene var det sagt at nausta skal så langt det let seg gjere takast vare på. Det var lagt inn føresegn om at det ikkje er lov til å byggje på nausta, medan restaurering er tillate. Nausta innanfor N2 inngjekk i planforslaget og det vart stilt krav om at dei skal takast vare på. Det var i føresegnene lagt inn krav om utarbeiding av detaljplan.



Utsnitt frå reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn i 2012

Fylkeskommunen (FK) reiste motsegn mot planforslaget (brev datert 22.11.2012). Bakgrunn for motsegna var at FK kravde at dei fire nausta på Notaneset skulle vernast. Formannskapet handsama forslag til reguleringsplan etter offentleg ettersyn i møte 19.2.2013.

Administrasjonen la fram forslag om at alle dei fire bygningane på Notaneset skal takast vare på. Det var lagt inn omsynssone på heile naustområdet på Notaneset.

Ved handsaming av forslaget frå administrasjonen, ba formannskapet om at det vert teke kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling med sikte på omgjering av vernet av naust på Notaneset.


Kommunen gjekk i dialog med fylkeskommunen og det vart gjennomført ei synfaring i lag med Torill Moltubakk hausten 2013. Etter ei grundig vurdering og etter råd frå kulturavdelinga vart område N1 og N2 teke ut av planområdet (unntatt rettsverknad). Saka vart lagt fram for og godkjent av kommunestyret 27.6.2013.

Vegen vidare – avgrensa høyring:
Ettersom det ikkje er høve til å ta ut område (unntatt rettsverknad) i reguleringsplanar, har kommunen søkt etter ei anna løysing. Kystverket stiller krav om godkjent reguleringsplan for Fosnavåg hamn i samband med mudring av hamna. Kommunen må få på plass ei løysing for området på Notaneset så fort det let seg gjere.

Kulturavdelinga har tidlegare stilt seg positive til å få til ein kombinasjon av bruk og vern på Notaneset. Dei har også gitt uttrykk for at dei er positive til ei fortetting innanfor området.

Administrasjonen har utarbeidd forslag til utnytting av området på Notaneset. Forslaget vart lagt fram for formannskapet i møte 2.12.2014, sak 229/4.

Formannskapet gjekk inn for at forslag til plankart og føresegner for området på Notaneset skal sendast ut på avgrensa høyring.



Forslag til utnytting av Notaneset. Området det gjeld er markert med stipla linje.

<u>Plankart</u>
Kommunen kjem med forslag om at området vert lagt ut til sentrumsformål, S1 og S2 (SOSI-kode 1130). Det er lagt til rette for at alle bygningane innanfor sentrumsformåla skal takast vare på (tjukk strekk, jf. SOSI-kode 1210). Det er lagt inn omsynssone – bevaring av kulturmiljø (svart, skråstilt skravur). Det er også lagt inn omsynssone – stormflo (raud skravur) på plankartet. Det er elles lagt til rette for oppføring av to nybygg innanfor området. Desse er markert med byggegrense.

<u>Forslag til reguleringsføresegner</u>

«Sentrumsformål (S1 og S2)
Eksisterande bygg innanfor S1 og S2 inngår i planen. Bygga skal takast vare på. Det er ikkje tillate å byggje på bygningane. Restaurering er tillate. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av nye bygg, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

Innanfor område S1 og S2 kan det leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadføremål (leilegheiter).

Det er lagt til rette for oppføring av nybygg innanfor S1 og S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til kote 0 for nybygg innanfor S1. For område S1 og S2 er maksimum BYA 60 %.

Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor område S2. Ved oppføring av nye bygg innanfor S1 og S2, skal det leggjast vekt på å til ei god tilpassing til dei eldre sjøhusa på Notaneset. Eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil skal leggjast til grunn.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til biloppstillingsplassar følgjer av kommunen sine parkeringsvedtekter til ei kvar tid.

Det er krav om utarbeiding av detaljplan for S1 og S2.»

Høyring:
Forslag til utnytting av området på Notaneset, vert med dette sendt på ei avgrensa høyring til grunneigarar innanfor området, tilgrensande naboeigedommar og offentlege mynde.

Ta kontakt med Utviklingsavdelinga ved planleggar Berit Sandvik Skeide om de har behov for meir informasjon.

Eventuelle uttalar og merknader vert å sende til Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, postboks 274, 6099 Fosnavåg, eller postmottak@heroy.kommune.no innan **15.1.2015.**

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Vedlegg:
Adresseliste

Adresseliste:

Gnr./bnr.	Funksjon	Namn og adresse
33/14	Eigar innafor området	Paul P Sævik, Furmyrhagen 13, 6018 Ålesund Jorunn Antonia Sævik, 6094 Leinøy
33/62	Eigar innafor Området og naboeigedom	Trond Røren Leine, Petter Møllers vei 4 B, 0585 Oslo Anne Grethe Røren Leine, Sibbernesvej 5, Sttv.2500 Valby, Danmark Gerd Røren Leine, Lisjeheida 4, 6091 Fosnavåg Olav Elias Emdal, Reitane 6, 6091 Fosnavåg
33/99	Eigar innafor området	Frantsen Holding AS, 6090 Fosnavåg
33/127	Eigar innafor området	Goksør Eiendom AS, postboks 276, 6099 Fosnavåg
33/1/8	Naboeigedom	Børge Berstad, Nørvågvegen 12, 6090 Fosnavåg Vibeke Berstad, Meiseveien 15, 5097 Bergen Beichmann Joakim Nikolai, Larviksveien 131, 3290 Stavern Jack Harald Berstad, Stavnesvegen 68, 6006 Ålesund Johannes Nørvåg, Nørvågvegen 20, 6090 Fosnavåg Thomas Lindahl, Nørvågvegen 4, 6090 Fosnavåg
33/8	Naboeigedom	Synnøve Liv Goksør, Nørvågvegen 8, 6090 Fosnavåg Jørn Magnussen, Nørvågvegen 8, 6090 Fosnavåg Terje Lindal, Nørvågvegen 4, 6090 Fosnavåg Kari Johanne G Lindal, Nørvågvegen 4, 6090 Fosnavåg
	Offentleg mynde	Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no Statens vegvesen, firmapost-midt@vegvesen.no Kystverket, post@kystverket.no

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/33
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
229/14	Formannskapet	03.12.2014

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN - OPPHEVA PLAN - VEGEN VIDARE

Tilråding frå rådmannen:
Formannskapet går inn for at forslag til plankart og føresegner for Notaneset vert sendt på avgrensa høyring til aktuelle instansar.

Særutskrift:

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2014

Formannskapet går inn for at forslag til plankart og føresegner for Notaneset vert sendt på avgrensa høyring til aktuelle instansar.

Vedlegg:

1. Brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 2.7.2014.

Bakgrunn:

Herøy kommunestyre eigengodkjende områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn i møte 27.6.2013 (sak 78/13). Melding om vedtak vart sendt til offentlege instansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar. Klagefrist var sett til 26.8.2014.

Innan klagefristen vart det sett fram tre klager:

- Ragnvald Vågsholm, datert 28.7.2013.
- Gudbjørg Nørvåg Dale og Solveig Thonstad, datert 22.8.2013.
- Gerd Røren Leine og Olav Emdal, datert 24.8.2013.


Klagen frå Ragnvald Vågsholm og Gerd Røren Leine og Olav Emdal vart trekte etter oppklaringsmøte mellom kommunen og klagarane. Klagene vart lagt fram for kommunestyret i møte 28.11.2013.

Etter rådmannen si vurdering inneheldt ikkje klagen nye moment i høve til det som låg føre då områdereguleringsplanen for Fosnavåg hamn vart vedteken i møte 27.6.2014. Klagen vart ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheldt sitt vedtak i K-sak 78/13. Saka vart sendt til fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen har i brev, datert 2.7.2014, **oppheva** kommunestyret sitt vedtak. Bakgrunnen for opphevinga er at plankartet inneheld eit kvitt felt utan rettsverknad. Fylkesmannen opplyser at det ikkje er heimel for det i plan- og bygningslova. Kommunen må handsame saka på nytt.

Kommunestyret sitt vedtak er oppheva, med bakgrunn i feil på plankartet. Fylkesmannen har ikkje kommentert/vurdert klagen frå Gudbjørg Nørvåg Dale og Solveig Thonstad. Kommunen legg difor til grunn at klagen frå Dale og Thonstad er godt utgreidd og avklara.


Området unntatt frå rettsverknad på plankartet som vart godkjent i kommunestyret, må takast inn i reguleringsplanen, med reguleringsføremål og tilhøyrande føresegner.



Utsnitt frå områdereguleringsplan for Fosnavåg

Historien bak saka:
Formannskapet vedtok i møte 2.10.2012 å leggje forslag til områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn ut til offentleg ettersyn. I planforslaget var området på Notaneset lagt ut til naustområde (N1 og N2). Område N2 var markert med omsynssone – bevaring av kulturminne.

Eksisterande naust innanfor N1 inngjekk i planforslaget. I føresegnene var det sagt at nausta skal så langt det let seg gjere takast vare på. Det var lagt inn føresegn om at det ikkje er lov til å byggje på nausta, medan restaurering er tillate. Det vart stilt krav om utarbeiding av detaljplan .



Utsnitt frå planforslaget som låg ute til offentleg ettersyn hausten 2012

Eksisterande naust innanfor N2 inngjekk også i planforslaget. Av føresegnene gjekk det fram av nausta skal takast vare på.

Fylkeskommunen (FK) reiste motsegn mot planforslaget (brev datert 22.11.2012). Bakgrunn for motsegna var at FK krevde at dei fire nausta på Notaneset vernast.

Formannskapet handsama forslag til reguleringsplan etter offentleg ettersyn i møte 19.2.2013. I planforslaget lagt fram for formannskapet, var alle dei fire bygningane markerte som naust som skal takast vare på. Det var lagt inn omsynssone på heile naustområdet på Notaneset.

Ved handsaming av planforslaget, ba formannskapet om at det vert teke kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling med sikte på omgjering av vernet av nausta på Notaneset.

Kommunen gjekk i dialog med fylkeskommunen. Etter ei grundig vurdering og etter råd frå kulturavdelinga vart område N1 og N2 teke ut av planområdet (unnateke rettsverknad og markert som kvitt på plankartet.


Planforslaget vart godkjent i kommunestyret 27.6.2014.

Vurdering:
Som nemnt ovanfor gjekk kommunen i dialog med kulturavdelinga, for å få til ei god løysing for området på Notaneset. Kulturavdelinga tilrådde av området vart teke ut av planen, slik at ein kunne vurdere området på nytt seinare.

Ettersom det ikkje er høve til å ta ut område – unnta område frå rettsverknad i reguleringsplanar, må ein søkje etter ei anna løysing. Kystverket stiller krav om godkjent reguleringsplan for Fosnavåg hamn i samband med mudring av hamna. Kommunen må få på plass ei løysing så fort det let seg gjere.

Kulturavdelinga stilte seg positive til å få til ein kombinasjon av bruk og vern på Notaneset i samband med dialogen med. Dei stilte seg også positive til ei fortetting innanfor området.

Administrasjonen kjem med bakgrunn i signala frå kulturavdelinga med framlegg om at området på Notaneset vert lagt ut til sentrumsføremål (S1 og S2). Sjå kartutsnitt nedanfor.



Forslag til utnytting av området på Notaneset

Formål: Sentrumsformål (S1 og S2)
Faresone: stormflo (raud skravur)

Omsynssone: Bevaring kulturmiljø (svart skravur) på S1 og S2

Areal: 3.2 daa

BYA: maks 50 %

Det er på plankartet lagt til rette for oppføring av to nybygg innanfor området.

Forslag til føresegner

«Sentrumsføremål (S1 og S2)

Eksisterande bygg innanfor S1 og S2 inngår i planen. Bygga skal takast vare på. Det er ikkje tillate å byggje på bygningane. Restaurering er tillate. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av nye bygg, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg.

I område sentrumsføremål (S1 og S2) kan det leggjast til rette for tenesteverksemd, næring, kontor og bustadføremål (leiligheiter).

Det er lagt til rette for oppføring av nybygg innanfor område S1 og S2. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd er 11 meter i høve til cote 0 for nybygg innanfor S1. For område S1 er maksimum BYA 60 %.

Maksimum tillaten gesims-/mønehøgd skal vere tilsvarande som på eksisterande bygg innanfor område S2. Ved oppføring av nye bygg innanfor S1 og S2, skal det leggjast vekt på å få til ei god tilpassing til dei eldre sjøhusa på Notaneset. Eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil skal leggjast til grunn. For område S2 er maksimum BYA 60 %.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til biloppstillingsplassar følgjer av kommunen sine parkeringsvedtekter til ei kvar tid.

Det er krav om utarbeiding av detaljplan for S1 og S2.»

Administrasjonen ønskjer å få innspel frå formannskapet på forslag til plankart og føresegner, før ein eventuelt sender materialet på ei avgrensa høyring til offentlege instansar, grunneigarar/oppsitjarar og naboar.

Saka vil bli presentert meir i detalj i formannskapsmøtet.

Konklusjon:
Rådmannen rår formannskapet til å gå inn for at forslag til plankart og føresegner for Notaneset vert sendt på avgrensa høyring til aktuelle instansar.

Fosnavåg, 16.10.2014

Erlend Krumsvik	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/165
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
60/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O - SLUTTHANDSAMING.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

01 – Plankart, datert 17.09.2014
02 - Føresegner, datert 17.09.2014
03 - Planomtale, datert 17.09.2014
04 - F-sak 161/14 – Vedtak om offentleg ettersyn av planforslag
05 - Innspel til offentleg ettersyn (samla)

Uprenta vedlegg

- Vedlegg til planomtalen, datert 17.09.2014

Saksopplysningar:

Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavarane Rema 1000 Eiendom Vest AS og Johannes S. Eggesbø, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område på Eggesbøjorda. Området er tidlegare regulert gjennom områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL, med krav om ytterlegare detaljregulering for det området som er vist som F/K/O (forretning, kontor, tenesteyting).

Målet med planarbeidet er mellom anna å legge utvikle og tilby byggjeområder for forretning, kontor og bustader sentralt på Eggesbønes, samt avklare rammer for utbygging av ny Rema 1000 butikk på Eggesbøjorda, med tilhøyrande parkeringsplass og infrastruktur.

Gjeldande flatereguleringsplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL blei godkjent av kommunestyret den 26.04.2012. Oppstart av planarbeid med denne detaljreguleringsplanen blei kunngjort 05.11.2013. Den 02.06.2014 mottok kommunen forslag til detaljreguleringsplan frå Sporstøl Arkitekter AS.

Formannskapet behandla planforslaget i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, der det blei gjort vedtak om sende planforslaget på høyring og legge dette ut til offentleg ettersyn.

Forslag til detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda har vore ute til høyring i seks veker. Det har kome inn 13 innspel til planarbeidet. Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen fremja motsegn av omsyn til detaljhandel og barn- og unge. Etter nærare presiseringar og opplysningar frå Herøy kommune, trekte desse instansane sine motsegn til planforslaget.

Det er ikkje gjort endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei innspela som har kome til offentleg ettersyn. Rådmannen sine vurderingar er vist med kursiv tekst. For meir detaljert informasjon om innspel og innhald i planforslaget, viser ein til vedlegga i saka.

Behandling av innspel til offentleg ettersyn:

Følgjande instansar har ingen merknader til planforslaget:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev av 27.10.2014
- Søre Sunnmøre landbrukskontor (SSL), notat av 28.11.2014

1. Johannes S. Eggesbø, e-post av 24.10.2014:

Viser til at han har blitt pålagt å regulere meir areal enn kva som er hans. Noko som han meiner har ført til at andre har fått byggjeklare tomter og selt desse til føretak. Eggesbø meiner at andre må ta del i utgiftene til oppgradering av Eggesbøvegen og spør om kvifor han skal legge til rette for alle andre? Han meiner at oppgradering av Eggesbøvegen er eit offentleg ansvar, og spør om kven andre som har møtt desse krava rundt i kommunen.

Vurdering av innspel:

Rådmannen vil understreke at det i reguleringsplanar, dersom det er naudsynt for å oppnå ei heilskapleg og framtidsretta arealplanlegging, kan vere med areal som ikkje er eigd av forslagstillar. Dette er ikkje uvanleg og noko som det er heimel til etter plan- og bygningslova. Når det gjeld kommunen sitt lovgrunnlag til å stille rekkjefølgjekrav til oppgradering av vegar, viser ein til plan- og bygningslova § 12-7.
Rådmannen viser til at det er fleire forslagstillarar i Herøy kommune som har blitt møtt med rekkjefølgjekrav om oppgradering av infrastruktur i nyare planar. Ein viser her til reguleringsplanar som; Myklebuståsen, Hjelmeseth, Verket og Nærøya.

2. Statens Vegvesen Region Midt, brev av 03.12.2014:

Vegvesenet har ikkje vesentlege merknader til planutforminga, men saknar av plandokumenta ei nærare drøfting og vurdering av trafikale konsekvensar realiseringa av regulert arealbruk vil føre til på det offentlege vegnettet til og frå reguleringsområdet. Som kjent har kommunen under arbeid eit forprosjekt med sikte på utbetringsløysingar på fylkesveg 654 strekninga Flusundkrysset Kvithaugmyrkrysset, med mellom anna utbetring av krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen.

Statens Vegvesen har ved varsel om oppstart av privat detaljregulering på eigedomen gnr 37 bnr 222 m.fl. (Kiwi) uttalt: «*Vi foreset at varsla regulering vert sett i samanheng med og tilpassa reguleringa av kryssløysinga mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen m.m. Det med sikte på å få på plass ei heilskapleg regulering for området med trafikktrygge og funksjonelle løysingar.»*Etter dette rår Statens Vegvesen til at planforslaget for Eggesbøjorda vert meir heilskapleg drøfta og vurdert i høve til trafikale utfordringar og konsekvensar gjennomføringa av reguleringa vil skape på det offentlege vegnettet til og frå planområdet. Det bør i den samanheng konkret vurderast om det vil vere føremålstenleg om det gjennom reguleringsplanen bør innarbeidast rekkjefølgjekrav om at krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen skal utbetrast før arealbruken i planforslaget som ligg føre vert realisert.

Vurdering av innspel:

Dei trafikale konsekvensane av realisering av skissert arealbruk i høve offentleg vegnett vil i første omgang vere mot kommunalt vegnett (Eggesbøvegen). Denne vegen er tenkt

oppgradert med fortausløysing for mjuke trafikantar, betre veglys og tekniske anlegg m.m.

Når det gjeld fylkesvegen (FV 654) viser rådmannen til at Formannskapet har gjort vedtak om oppstart av planarbeid for deler av FV 654, med bakgrunn i forprosjektet som Statens Vegvesen viser til i sitt brev. Rådmannen føreset at løysingar kring framtidig arealbruk og trafikkmønster for fylkesvegen, samt kryssløysing mot Eggesbøvegen, blir løyst gjennom ein eigen reguleringsplan, og at ein oppnår ei heilskaplege regulering av trafikken for området rundt Eggesbønes gjennom realisering av godkjente reguleringsplanar.

Rådmannen finn det ikkje tilrådeleg å stille rekkjefølgjekrav som omhandlar tiltak på fylkesvegnettet knytt til detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda. Dette vil vere urimeleg tyngjande økonomiske kostnader å legge over på private tiltakshavarar, sett i høve dei konkrete byggjeplanane som er i det området pr i dag. Rådmannen er av den oppfatning av at utbetring av fylkesveg 654 må løysast som eiga sak.

3. Sameige Herøysenteret v/ styreleiar Stig Vestnes, e-post av 19.11.2014:

Sameiget Herøysenteret,Eggesbøvegen2 har i sameigermøte i den 19.11.2014 uttrykt stor bekymring for dei trafikale forhold for inn og utkøyring til Myklebustvegen og til parkeringsområdet rundt Herøysenteret og KIWI bygget. Dei registrerer utbyggingsplaner hjå både KIWI,Rema1000,Eggesbøjorda og generelt auka trafikk i området. Før vidare utbygging forventar dei at det føreligg ny og betre løysing for heile området. Sameigarane på Herøysenteret ønskjer å få presentert Herøy Kommune sine planar for krysset ved Herøysenteret. Samt inn/utkøyring frå Herøysenteret/Coop, Kiwi og nye Rema 1000. Områdeter i dag ikkje eigna for mjuketrafikantar.

Vurdering av innspel:

Trafikkmønsteret i området er i dag regulert gjennom gjeldande reguleringsplanar. Desse planane omfattar både offentlege og private areal. I gjeldande reguleringsplan for Kvithaugsmyra og Herøysenteret er det regulert inn korleis parkeringsforhold, tilkomst m.m skal vere til desse eigedomane. Rådmannen er samd med Sameiget Herøysenteret i at dei trafikale forholda i området ikkje er tilfredstillande slik situasjonen er i dag. Ein vonar at oppgradering av Eggesbøvegen med fortau, opprydding i inn/utkøyring til forretningsområdet Kiwi/Mega via ny tilkomst frå Eggesbøjorda, samt utarbeiding av reguleringsplan for FV654 og evt realisering av den, vil gi ei vesentleg betring av dei trafikale forholda på staden. Dette vil gjelde både for køyremønster og ferdsel til mjuke trafikantar.

I tillegg til tiltak på offentleg vegnett, vil rådmannen oppmode Sameige om å gjere tiltak på sine eigen private parkeringsplassar, slik at desse blir i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Aktuelle tiltak kan t.d vere fysisk avgrensing mellom gangsoner og parkeringsplass for bil, oppmerking av gangfelt inne på parkeringsplassen, oppmerking av køyrefelt for bil, forsterka belysning, skilting m.m. Dersom ein ser dei ulike planane for området på Eggesbønes i samanheng, både løysingar for offentleg veg og parkering, vil ein kunne sjå den heilskaplege løysingane for heile området. Sameige Herøysenteret kan få innsyn i gjeldande planar og pågåande reguleringsplanar gjennom kommunen sitt kartsystem og digitale planarkiv.

4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 09.12.2014 og 05.02.2015:

Reiser motsegn til at reguleringsplanen opnar for forretningsareal inntil 3000 m2. Fylkesmannen har også motsegn til planen då RPR for å styrke barn- og unge sine interesser i planlegginga ikkje er følgt opp i planen. Leikeareal må visast i planen og det må fastsetjast rekkjefølgje- og funksjonskrava til leikeområdet.

Vurdering av innspel:

Herøy kommune har i brev av 14.01.2015 påpeikt følgjande overfor Fylkesmannen:

Detaljhandel:
Når det gjeld dei ulike forretningane Mega, Kiwi og Rema 1000 er desse etablert og planlagt etablert på Myklebust. Forretningane Mega og Kiwi er omfatta av reguleringsplanane BP Kvithaugsmyra og reguleringsendring for Herøysenteret. Planlagt ny Rema 1000 butikk er omfatta av ein anna reguleringsplan Eggesbøjorda området F/K/O. Sistnemnde er eit privat forslag til detaljreguleringsplan heimla i overordna flatereguleringsplan som blei godkjent 26.04.2012. I denne planen låg der eit krav om bebyggelsesplan for området der Rema 1000 no vil etablere seg. Etter samtalar mellom Herøy kommune og juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, blei det bestemt at kravet om bebyggelsesplan skulle tolkast som om det måtte utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter PBL.I planprosessen med flatereguleringsplan for Eggesbøjorda (godkjent i 2012) blei det forhandla fram at det kunne opnast opp for detaljhandel i dette området. Gjennom samtalar mellom Herøy kommune og Fylkeskommunen blei ein samde om at føresegna om avgrensing av detaljhandel, som også ligg i dette planforslaget, skulle takast inn plan.
Føresegna i detaljreguleringsplanen av 2014 er av noko anna ordlyd enn flatereguleringsplanen frå 2012, men føresegna har slik ein vurderer det, same innhald og juridisk avgrensing som i overordna plan.

Detaljhandel for området Myklebust / Eggesbønes og Eggesbøjorda har vore eit tema i planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Ein viser her til den ovannemnde avgrensinga i føresegnene som er i tråd med overordna plan. Når det gjeld planomtalen, viser ein til at detaljhandel er omtala på side 24-25 i planomtale og at det her er gjort vurdering i høve overordna planar.

Detaljreguleringsplanen av 2014 er ei utfylling av flatereguleringsplanen for Eggesbøjorda frå 2012 og har med seg dei same føresegnene knytt til detaljhandel som i overordna flatereguleringsplan. Planforslaget er soleis i samsvar med overordna plan. Desse føresegnene avgrensar grenser for detaljhandel innanfor planområdet til Eggesbøjorda og må ikkje forvekslast med reguleringsplan for Herøysenteret og Kiwi. Rammene for detaljhandel for Eggesbøjorda har ein gjennom tidlegare planprosess blitt samd om med Fylkeskommunen.

Barn og unge:
Det er ikkje vist leikeplass som formål i planforslaget. Det eksisterer regulert felles privat leikeplass utanfor planområdet (Fe.I), i kort avstand til planområdet. Denne leikeplassen blei regulert gjennom overordna flatereguleringsplan som blei vedtatt i 2012 og skal også tene leilegheitene. I flatereguleringsplanen frå 2012 ligg det føresegner som omhandlar leikeplassen, med forhold som tid for utbygging, prioritering av born frå 1-7 år, eigen plan for utforming m.m.

I føresegnene for detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda område F/K/O av 2014 er det teke inn føresegner som regulerer felles uteopphaldsareal på bakkenivå (ikkje mindre enn 100 m2) tilrettelagt etter prinsippa om universell utforming. Det blir vidare vist til

kommunen sine barnetrakkregisteringar og vurderingar i planomtalen som seier at det ikkje er registert spesielle interesser/aktivitetar for barn og unge i dette området.

Med bakgrunn i ovannemnde er ein av den klare oppfatning av at interessene til barn- og unge i området blir ivaretatt gjennom regulert leikeplassen som er lokalisert rett utanfor planområdet. For leilegheitene vil privat leik og opphald bli løyst gjennom MUA – privat areal for kvar enkelt leilegheit og eller gjennom felles privat MUA på bakkenivå. Detaljar kring desse er det føreset går fram av seinare søknader.

Fylkesmannen har i brev av 05.02.2015 trekt motsegna til planforslaget.

5. Advokat Hove på vegne av Barstadklær AS, brev av 09.12.2014:

Advokat Hove hevdar at planforslaget for Eggesbøjorda strir mot «Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre» og gjeldande arealdel av kommuneplan. Hevdar det er etablering av Rema 1000 butikken må sjåast på som utviding av forretningsareal og at det fell under kjøpesenterforskrifta.

Det blir vidare hevda at daglegvareomsetninga i området ikkje opnar opp for ei ytterlegare daglegvarebutikk. Advokat Hove hevdar at det vil vere planfagleg feil at planforslaget skal opne opp for ein ytterlegare daglegvarebutikk når omsetningsgrunnlaget trugar etablerte butikkar. Særleg gjeld dette når dei etablerte er nekta utviding og den nye åleine vert gitt tilgong til like stort areal som dei to etablerte nabobutikkane tilsaman.

Det blir vidare peika på forslag om ny bensinstasjon i området. Hove meiner at bygging av denne vil «ta knekken på» dei to andre bensinstasjonane i området. Det blir her vist til same utfordringar som for butikkane.

Advokat Hove hevdar det er naudsynt med ei konsekvensutgreiing av fleire omsyn, mellom anna dei trafikale tilhøva. Hove påpeikar her eit behov for utbygging og oppgradering av infrastrukturen i området.

Det blir vist til forslag til køyreveg mellom dei to planane. Hove hevdar ei slik løysing vil øydelegge parkeringsplassar på hans part sin eigedom. Noko som ikkje er aktuelt, og meiner forslaget må endrast slik at det ikkje er i strid med vedtatt arealdisponering på naboeigedomen. Advokat Hove sin part aksepterer ikkje etablering av veg innover eige parkeringsområde.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til behandling av innspel frå Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune, der begge har trekt motsegna til planforslaget. Avgrensing av detaljhandel på 3000 m2 i detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda er ei vidareføring av godkjent/fastsett føresegn i flatereguleringsplan. Den flatereguleringsplanen er ein eigen reguleringsplan med eit tidlegare framforhandla «tak» for detaljhandel. Ettersom dei regionale instansane no har trekt motsegna, vil det soleis kunne opnast opp for ny detaljhandel i området F/K/O ved vedtatt detaljreguleringsplan.

Når det gjeld forholdet til reguleringsplan for Kvithaugsmyra er dette ein eigen reguleringsplan som grensar til denne detaljreguleringsplanen for Eggesbøjorda.

I høve forholdet til kommuneplanens arealdel (vedteke 2014), viser rådmannen til at den inneheld ei omsynssone som seier at vedtatt reguleringsplan framleis skal gjelde for området. Dette betyr at reguleringsplane gjeld framfor kommuneplanen i dette tilfellet. Aktuelle føresegner i kommuneplanen som det blir vist til, vil i dette tilfellet gjeld i tillegg til eksisterande reguleringsplanar.

Frå kommunen si side vil ein peike på at ein i tidlegare plansaksbehandling for Kvithaugsmyra og Herøysenteret, ikkje har vore ein part som har nekta desse verksemdene å utvide sine forretningar. Kommunen har heile vegen vore klar på at Fosnavåg sentrum har avgrensa med areal og moglegheiter for plasskrevjande varer (handel) og at området på Eggesbønes må sjåast på som ein del av Fosnavåg sentrum. Kommunen må elles forholde seg til rammevilkår, heimla i andre forskrifter, og som blir handheva andre myndigheiter.

Det som advokat Hove viser til i høve omsetningsgrunnlag for daglegvarebutikkar og bensinstasjon, er forhold av konkurranse- og marknadsmessige tilhøve som plan- og bygningslova ikkje gir kommunen høve til å regulere. Det vil ikkje vere heimel i plan- og bygningslova (PBL) for å kunne gi føresegner for bestemte forretningar på ein måte som verkar konkurransehindrande. Det er ikkje heimel for å gi føresegner som skil ut bestemte typer varegrupper utover dette, eller kva typer forretningar som er tillat eller ikkje i eit område. Kommunen kan og vil soleis ikkje gå nærare inn på desse tilhøva i behandling av reguleringsplanen.

I forhold til KU-utgreiing, viser rådmannen til at reguleringsplanen for området er i tråd med overordna plan (flatereguleringsplan) og soleis ikkje KU-pliktig. Kommunen har heller ikkje motteke krav frå andre myndigheiter om at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for denne reguleringsplanen.

Den innteikna vegløysinga mellom Eggesbøjorda og Mega/Kiwi området er teke med i planforslaget av omsyn til kommunen sine overordna interesser for å oppnå eit heilskapleg og framtidsretta veg- og trafikksystem for forretningsområdet. Rådmannen ser at ei vegtilkopling her vil vere i konflikt med tidlegare innteikna parkeringsplassar. Dette er likevel underordna eit funksjonelt og trafikksikkert vegsystem i området. Det ligg til kommunen sin rett som planmynde og planlegge arealbruken uavhengig av eigedomsforholda i eit område. Rådmannen er av den oppfatning av at det let seg gjere å flytte dei råka parkeringsplassane til ei anna lokalisering med ledig areal i nærleiken. Ein vil også vise til at det ved oppstart av reguleringsendring for Kiwi-butikken, har vore sagt at den planen må ha fokus på parkeringsforhold og trafikksystemet i området.

Når det gjeld trafikksystemet elles i området, vonar ein at oppgradering av Eggesbøvegen med fortau opprydding i inn/utkøyring til forretningsområdet Kiwi/Mega via ny tilkomst frå Eggesbøjorda, vil gi ei vesentleg betring av dei trafikale forholda på staden, både for køyremønster og ferdsel til mjuke trafikantar. Vidare er det planlagt oppstart av reguleringsarbeid for deler av fylkesveg 654, og rådmannen legg til grunn at den planen oppnår ei heilskaplege regulering av trafikken for området rundt Eggesbønes og krysset mot Eggesbøvegen.

6. Barnerepresentanten, e-post av 10.12.2014:
Planen tek i dette området godt omsyn til barna. Her er regulert inn fortau og uteopphaldsareal som er eigna for leik. Det er bra.

Barnerepresentanten vil likevel minne om at dette er eit område med svært stor trafikk og til tider kaos, derfor er dei svake trafikantane svært viktige blir trygga når dette området

skal utviklast endå meir. Dette er derfor eit viktig fokus å ha.

Vurdering av innspel:
Rådmannen viser til at det ligg føre rekkjefølgjekrav om at Eggesbøvegen skal oppgraderast og fortau skal byggjast, før det kan gjevast bruksløyve for nye forretningar innafor planområdet.

7. Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 05.12.2014 og 02.02.2015:

Reiser motsegn til planforslaget av omsyn til at planen opnar opp for detaljhandel inntil 3000 m2. I planområdet for gbnr 37/222 er det allereie etablert detaljhandel, slik at når planen for Eggesbøjorda opnar for nye 3000 kvm, vil dette vere i motstrid mot RPB. Byggesøknad for daglegvare innanfor planområdet er i følgje planomtalen sett på vent av omsyn til planprosessen. Dette prosjektet åleine kan kanskje innpassast sjølv om totalarealet detaljhandel i begge planane skal vere mindre enn 3000 kvm. Planomtalen er ikkje særleg tydeleg på dette, og drøftar heller ikkje samanhengen med tilstøytande areal. Vi kan ikkje finne at konsekvensar av detaljhandel i Eggesbøområdet heller er utgreidd på kommuneplannivået. Vi viser i varsel til oppstart til drøftingar om dispensasjon i nærliggande område. Vi kan heller ikkje finne at dette er drøfta. Vi minner elles om at strid med Rikspolitiske retningsliner utløyser krav om KU etter KU-forskrifta § 3, jamfør § 4 d.

Vurdering av innspel:

Herøy kommune har i brev av 14.01.2015 påpeikt følgjande overfor Møre og Romsdal fylkeskommune:

Når det gjeld dei ulike forretningane Mega, Kiwi og Rema 1000 er desse etablert og planlagt etablert på Myklebust. Forretningane Mega og Kiwi er omfatta av reguleringsplanane BP Kvithaugsmyra og reguleringsendring for Herøysenteret. Planlagt ny Rema 1000 butikk er omfatta av ein anna reguleringsplan Eggesbøjorda området F/K/O. Sistnemnde er eit privat forslag til detaljreguleringsplan heimla i overordna flatereguleringsplan som blei godkjent 26.04.2012. I denne planen låg der eit krav om bebyggelsesplan for området der Rema 1000 no vil etablere seg. Etter samtalar mellom Herøy kommune og juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, blei det bestemt at kravet om bebyggelsesplan skulle tolkast som om det måtte utarbeidast ein detaljreguleringsplan etter PBL.

I planprosessen med flatereguleringsplan for Eggesbøjorda (godkjent i 2012) blei det forhandla fram at det kunne opnast opp for detaljhandel i dette området. Gjennom samtalar mellom Herøy kommune og Fylkeskommunen blei ein samde om at føresegna om avgrensing av detaljhandel, som også ligg i dette planforslaget, skulle takast inn plan. Føresegna i detaljreguleringsplanen av 2014 er av noko anna ordlyd enn flatereguleringsplanen frå 2012, men føresegna har slik ein vurderer det, same innhald og juridisk avgrensing som i overordna plan.

Detaljhandel for området Myklebust / Eggesbønes og Eggesbøjorda har vore eit tema i planprosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplanen. Ein viser her til den ovannemnde avgrensinga i føresegnene som er i tråd med overordna plan. Når det gjeld planomtalen, viser ein til at detaljhandel er omtala på side 24-25 i planomtale og at det her er gjort vurdering i høve overordna planar.

Detaljreguleringsplanen av 2014 er ei utfylling av flatereguleringsplanen for Eggesbøjorda frå 2012 og har med seg dei same føresegnene knytt til detaljhandel som i overordna flatereguleringsplan. Planforslaget er soleis i samsvar med overordna plan. Desse føresegnene avgrensar grenser for detaljhandel innanfor planområdet til Eggesbøjorda og må ikkje forvekslast med reguleringsplan for Herøysenteret og Kiwi. Rammene for detaljhandel for Eggesbøjorda har ein gjennom tidlegare planprosess blitt samd om med Fylkeskommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i brev av 02.02.2015 trekt motsegna til planforslaget.

8. Rema 1000 Eiendomsutvikling Vest AS, e-post av 08.12.2014:

Viser til at kommunen sine krav om rekkjefølgjebestemmelsar i planforslaget, der områda F/K/T 2 og 3 skal sørge for og koste utbetring av Eggesbøvegen utanfor planområdet. Rema 1000 peikar på at dette er urimeleg å pålegge desse to felta utbetring av Eggesbøvegen søraustover utanfor planområdet, og hevdar at det ikkje vere utbygging av desse to felta som eventuelt utløyser behov for oppgradering av vegen.
Rema 1000 viser til at deira syn tidlegare har vore påpeikt overfor kommunen i drøftingsmøte av 28.08.2014. Rema 1000 ser det som naturleg at alle delfelta i reguleringsplanen deltek i oppgradering av Eggesbøvegen innanfor planområdet (o_V1).

I tillegg til at ei slik utbygging ikkje utløyser behov for oppgradering av Eggesbøvegen utanfor planområdet, vil kostnadane knytt til rekkjefølgjekravet vere av ein slik storleik at prosjekta blir vanskelege å realisere økonomisk. Rema 1000 ber om kommunen tek deira merknad til følgje og endrar planforslaget i tråd med dette.

Vurdering av innspel:

For å oppnå intensjonane med løysingane i føreliggjande flatereguleringsplan og for å betre trafikktryggleiken i området, finn rådmannen det rett å halde fast på rekkjefølgjekravet i føresegnene slik dei har vore utforma ved offentleg ettersyn.

Etablering av fleire forretningar og vekst i bustader for Eggesbøjorda, vil generere meir trafikk – både i form av bilar og mjuke trafikantar.
Herøy kommune har motteke fleire innspel til vedtatt (overordna) kommunedelplan for trafikktrygging, som peikar på at Eggesbøvegen må oppgraderast med fortau.
Kommunen har også gjennomført barnetrakkregisteringar i 2012, der barn – og unge også peikar på at dei opplever denne vegen som utrygg.

Rådmannen viser til at rekkjefølgjekravet er fordelt på dei tre delområda for forretning innanfor plangrensa og at intensjonen er at desse skal bere «sin del» av oppgradering av Eggesbøvegen.

Rema 1000 og Johannes S. Eggesbø har vore i møte med Herøy kommune 17.02.2015 der dei har blitt informert om kommunen sitt behov med å grave ned nye leidningar i trase for fortauet langs Eggesbøvegen. Eit behov som vesentleg vil lett kostnader med rekkjefølgjekravet som utbyggar stod overfor ved offentleg ettersyn. Kommunen blir soleis også ein part knytt til nytt fortau og tekniske anlegg langs Eggesbøvegen.

9. Anleggs- og driftsavdelinga, notat av 16.12.2014:
Avdelinga har ikkje merknader til sjølve planen for det avgrensa området. Ved utbygging av området må gangvegar og fortau langs Eggesbøvegen, utanfor det regulerte området, både til krysset med Grønhaugvegen og krysset med FV654 byggast ut samstundes. Avdelinga peikar på at det må avklarast kven som skal stå for og koste desse arbeida.

Vurdering av innspel:
Det ligg føre rekkjefølgjekrav om at Eggesbøvegen skal oppgraderast og fortau skal byggjast, før det kan gjevast bruksløyve for nye forretningar innafor planområdet.

Når det gjeld vidare mot krysset med FV654 blir det stilt rekkjefølgjekrav om oppgradering av Eggesbøvegen med fortau også for pågåande planarbeid med utviding av Kiwi-butikken i området.Det er ikkje heimel for å regulere kven som skal kost kva i reguleringsplanar etter plan- og bygningslova. Dette er noko som må løysast gjennom avtale eller anna regelverk.

Vurdering og konklusjon:

Denne reguleringsplanen er ei detaljert oppfølging av gjeldande flatereguleringsplanen for det arealet som blir kalla F/K/O på Eggesbøjorda. Planforslaget følgjer opp hovudtrekka i overordna plan, men er samstundes ei konkretisering av overordna plan. Denne reguleringsplanen legg rammene for seinare byggjeprosjekt for dette arealet. Tiltakshavar har tatt kostnadane med ei arkeologisk utgraving (frigjeving) av dei tidlegare automatisk freda kulturminna. Universitetsmuseet i Bergen har gjennomført utgravingar og området er no frigitt til utbygging av Riksantikvaren. Arkeologi er soleis ikkje lenger eit tema for dette utbyggingsområdet.

Når det gjeld utbyggingsplanar viser rådmannen til at det pr i dag berre ligg føre konkrete planar for utbygging innafor området F/K/T 1. For å sjå området i eit heilskapleg og framtidig perspektiv i forhold til arealutnytting, har ein sett det som naudsynt at reguleringsplanen omfattar heile området FKO, slik at ein er sikker på at løysingane som blir valt ikkje vil vere til hindre for ei seinare utvikling for resten av Eggesbøjorda.

Plangrepet som er valt i denne reguleringsplanen deler Eggesbøjorda i 3 delar, med plass til nye forretningar, kontor og tenesteyting. Det blir også opna opp for leilegheiter over funksjonane i dette området. Rådmannen vurderer det som positivt at det blir lagt til rette for eit variert og sentrumsnært butilbod i form av leilegheiter på Eggesbønes. Det viktig å fortette og sikre ei god arealutnytting for dei områda som blir utbygd. Nye interne felles private tilkomstvegar og fortau skal sikre tilkomst til området frå Eggesbøvegen (o_V1) og binde området saman. Lengst nord i planområdet er det tenkt at eit bustadhus skal rivast til fordel for ein ny bensinautomat. Det blir lagt opp til ei samankopling av Eggesbøjorda og Kiwi/Mega-området gjennom tilkomstveg f_V2.

Nye forretningar, kontor og bustader på Eggesbønes vil bidra til å generere meir trafikk og gi ei større belastning på eksisterande vegnett. Dette vil stille krav til infrastrukturen i området. Særskilt vil det bli større trafikkbelastning på Eggesbøvegen (V1) ved at det blir etablert ei ny hovudavkøyrsle til planområdet frå denne vegen. I gjeldande områdeplan ligg der vedteke ei planløysing som viser at Eggesbøvegen i framtida skal opprustast og at det skal byggast fortau langs vegen. Basert på korleis vegen er vist i plan og med omsyn til den trafikken som vil kome i området, ser rådmannen det som fagleg rett å nytte heimelen i plan- og bygningslova § 12-7, nr 10, til å tilrå at oppgradering av vegen skjer etappevis og på ein slik måte at oppgraderinga blir fordelt til utbygging av områda

F/K/T 1-3. Rådmannen har difor valt å stille krav til at også F/K/T områda 2 og 3 må bidra til at Eggesbøvegen må oppgraderast etter kvart som desse områda blir utbygt.
Dette vil vere eit krav som kjem i tillegg til at ny infrastruktur må etablerast internt i planområdet, noko som er naturleg som følgje av utbyggingsrekkefølgja i plan.
Grunngjeving for rekkjefølgjekravet til oppgradering av Eggebøvegen, er at ein ser dette som viktig for å kunne oppnå ei funksjonell og sikker trafikkavvikling og bruk av forretningsareala i området.

Når det gjeld moglegheiter for etablering av detaljhandel, følgjer dette planforslaget opp rammene i gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda, som seier at det kan etablerast eit bruksareal på 3000 m2 detaljhandel i F/K/T – områda til saman. Avslutningsvis vil rådmannen peike på at det i planomtalen er gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Både når det gjeld naturmangfald og risiko og sårbarheit. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve som gir grunnlag for ytterlegare utgreingar. Plankonsulent har kommentert og gjor greie for innkomne merknader til oppstart av planarbeid. Rådmannen vurderer denne handsaminga av innspela som tilfredstillande og ein finn difor ikkje grunnlag til å gå nærare inn på desse innspela i denne saksframstillinga. Plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sine framtidige ønskje for utnytting av areala for denne delen av Eggesbøjorda.

Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere ei positiv utvikling av handels- og serviceområdet på Eggesbønes. Planforslaget som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og klar for sluttbehandling.

Konsekvensar for folkehelse:
Nei
Konsekvensar for beredskap:
Nei
Konsekvensar for drift:
Nei
Konsekvensar for økonomi:
Nei

Fosnavåg, 17.02.2014

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



TEIKNFORKLARING

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
- Bustader - fritliggjande småhus
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg
- Energianlegg
- Forretning/kontor/tenesteyting

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)
- Køyreveg
- Fortau
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringshus/-anlegg

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)
- Vegetasjonsskjerm

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)
- Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar)
- Sikringsone - Friskt

Reguleringsplan- Føresegnsområde (PBL2008 §12-7)
- Føresegnsområdepunkt

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008
- Sikringssonegrense

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensing
- Faresonegrense
- Formålsgrense
- Byggjegrense
- Planlagt busetnad
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert kjørefelt
- Regulert fotgjengarfelt
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Eierform: o_ = Offentleg formål f_= Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart: Februar 2015
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000
0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda - område FKO

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID:
201304
Forslagstiller:
Rema 1000 og Johannes Eggesbø
Kartprodusent:
FKB

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:			
2. gongs behandling i Formannskapet			
Offentlig ettersyn fra 16.10.2014 til 08.12.2014.			
1. gongs behandling i Formannskapet	161/14	14.10.14	AZT
Kunngjering av oppstart planarbeidet		05.06.13	AZT

PLANEN UTARBEIDET AV: Sporstøl Arkitekter AS

PLANNR.	TEGNNR.	KONS.

HERØY KOMMUNE – REGULERINGSFØRESEGNER

201304 - DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 M.FL

Planident:	Saksnummer:	Eigengodkjent dato:	Eigengodkjent av:
201304	2013/165	xx.xx.xxxx	XXXXXXXXX

§ 1 - GENERELT

Område og plangrense:
I nord: Grenser mot gnr. 37, bnr. 119, 426 og mot gnr. 38 bnr. 80,135 og 134
I aust: Del av gnr. 38, bnr. 2 og er nabo til gnr. 38, bnr. 273
I sør: Del av gnr. 38, bnr. 2 og er nabo til gnr. 38, bnr. 175, 176, 131 og 188
I vest: Del av gnr.37, bnr. 457, 432 og 456 og grenser til gnr. 37, bnr. 334, 384 og 222.

1.1. Gyldigheitsområdet
Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegna) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:
Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningsloven (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune

1.3. Privatrettslige
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslige avtaler som er i strid med planen.

§ 2 – REGULERINGSFORMÅL

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande formål:

Byggje- og anleggsformål (Pbl. § 12-5 nr. 1):

BF	Bustader – frittliggande - småhus
BA	Bensinautomat
E	Energianlegg -Trafo
F/K/T1 – F/K/T3	Forretning/Kontor/Tenesteyting

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2):

o_V1	Kjøreveg, offentleg.
f_V2 – f_V3	Kjøreveg, felles.
o_F1 – o_F2	Fortau, gangvei, offentleg.
f_F3 – f_F8	Fortau, gangvei, felles.
AV1 – AV2	Annan veggrunn, teknisk
AVG1 – AVG3	Annan veggrunn, grøntareal
f_G/P	Garasje/Parkering, felles.

Grønstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)

f_GS1 – f_GS4	Vegetasjonsskjerm, felles.

Hensynssoner (Pbl § 12-6)

H140-1 – H140-2	Frisikt.
H370-1	Høyspenningsanlegg

§ 3 – FELLESFØRESEGNER

3.1 – Plassering, utnytting og høgde
Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser. Tillate bebygd areal (BYA) skal definerast etter teknisk forskrift (TEK). Gesims- og mønehøgde skal reknast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK).

3.2 – Estetikk, form og utsjånad
Kommunen skal ved behandling av byggjesøknad, sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling og at bygningar i same område får ein heilskapleg og harmonisk utsjånad med omsyn til takvinkel, material og farge. Der ikkje anna er bestemt, kan kommunen fastsette lik takutforming for bygningar i same formålsområde eller innanfor bestemte bygningsgrupper.

3.3 – Utomhusareal
Dei ikkje utbygde delane av tomta skal gjevast ei tiltalande utforming. Skjeringar og fyllingar skal behandlast og plantast med stadeigen vegetasjon. Ved opparbeiding av utomhusareal skal det leggast vekt på å gi materialar og installasjonar høg estetisk kvalitet. Parkeringsplassar skal ha fast dekke. Der det er aktuelt med bruk av murar, skal desse av omsyn til estetikk, førast opp fortrinnsvis i naturstein.

3.4 – Mindre bygningar
Innanfor byggjeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittståande bygg skal tilpassast bygningar og anlegg på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennas av kommunen.

3.5 - Kulturminne
Dersom en under arbeid kommer over noe som kan være automatisk freda kulturminne, plikter en å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.6 - Universell utforming:
Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming / tilgjengelegheit for alle.

3.7 – Dokumentasjon ved byggesøknad
Ved søknad om løyve til tiltak skal det følgje med situasjonsplan i målestokk som viser løysingar for:

- Plassering av nye bygningar i området (inkludert mindre frittliggjande bygg)
- VA- rammeplan for vassforsyning, overvatn og spillvatn, og uttak for brannslokking
- Utforming av utomhusareal og materialbruk
- Opparbeiding av parkeringsplassar, oppmerking og organisering av parkeringsløysing
- Terrenghøgde for nye bygningar, tilkomstveg, parkering og uteareal
- Plassering av belysning i felles uteområde

- Stigningsforhold for tilkomstvegar og gangsamband
- Sol- og skuggeforhold for utomhusareal

Ved søknad om løyve til tiltak skal det følgje med dokumentasjon som viser:

- Vegprofilar for felles private tilkomstvegar og gangsamband

3.8 - Illustrasjonsmaterialet
Illustrasjonsmaterialet som følgjer planforslaget er ikkje bindande, men skal vere retningsgivande for vidare prosjektering og utbygging i planområdet.

3.9 - Vegareal
Dersom detaljprosjektering av vegar og fortau innanfor planområdet viser at det er naudsynt å legge deler av skjering og fylling utanfor formålsgrensa, kan desse leggast på tomtegrunn/tilstøytane areal.

§ 4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

4.1 - Forretning/kontor/tjenesteyting (F/K/T1 til F/K/T3)

4.1.1 Arealbruk
Innanfor områda F/K/T1 til F/K/T3 kan det etablerast kombinerte bygg for forretning, kontor og tenesteyting. Forretning skal fortrinnsvis etablerast i 1.etasje og kontor/tenesteyting kan etablerast i 1, 2 og 3.etg. Lager kan etablerast som del av ovannemnde, men skal ikkje vere vendt mot gang-/ferdselsareal eller hovudinngang til bygget. Varelevering skal etablerast i dei delane av bygget som vender bort frå ferdselsareal eller hovudinngang.
Bustader (leilegheiter) kan etablerast i 2. og 3.etasje.

4.1.2 Høgde og utnyttingsgrad
Bygningar i formålsområda F/K/T1 til F/K/T3 skal ikkje overstige 11 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng kring bygget. Tekniske konstruksjonar på tak som i seg sjølve har eit areal på mindre enn 10 % av det totale bebygde arealet for hovudbygget, kan vere høgare enn maksimal tillate byggehøgde på 11 meter.

Grad av utnytting for kvart av områda F/K/T1 til F/K/T3 er maks BYA%= 50%.

Bygningane skal prosjekterast og byggast for oppføring av 3 etasjer.

Det vert tillate med etablering av nedgraven kjellaretasje for bygga.

Nye bygningar skal ha flate tak og ei utforming som speglar dagens arkitektur.

4.1.3 Byggjegrenser og plassering
Byggegrenser for områda F/K/T1 til F/K/T3 er vist på plankartet og nye bygningar skal plasserast innanfor desse byggjegrensene.

4.1.4 Detaljhandel
Det er ikkje tillate å etablere kjøpesenter(detaljhandel) i byggjeområda F/K/T1 til F/K/T3 med eit samla bruksareal (BRA) på meir en 3000 m2, rekna til dei bruksføremål som «Rikspolitiske retningslinjer om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstadar» fastsett. Dette med bakgrunn i Møre og Romsdal fylke sin

vedtekne fylkesdelplan for senterstruktur (FT-sak 56/2004). Denne avgrensinga gjeld inntil kommuneplan eller fylkesplanen fastsett noko anna.

I området F/K/T1 kan det tillatast eit samla bruksareal på BRA maks 1500 m2 til detaljhandel. I dei to områda F/K/T2 og F/K/T3 kan det tillatast eit samla bruksareal på BRA maks 1500 m2 til detaljhandel .

4.1.5 Parkering
For forretning og kontor i F/K/T1 til F/K/T3 skal det opparbeidast minimum 1 parkeringsplass per 50 m2 forretningsareal brutto golvflate (BRA).

Forretningsbygg skal legge til rette for sykkelparkering i nærleiken av hovudinngang.

Det skal minimum etablerast 2 parkeringsplasser som er tilrettelagd for rørslehemma (HC-parkering) i kvart av områda F/K/T1 til F/K/T3. Desse skal lokaliserast i nærleiken av hovudinngang til bygga.

For nye bueiningar (leilegheiter) innanfor F/K/T1 til F/K/T3, skal det setjast av minst 1,5 parkeringsplass pr. bueining. 1 plass skal vere overbygd. Dersom samla tal på bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 per bueining.

Parkeringsplassar skal ha fast dekkje, belysning og vere fysisk oppmerka.

Det skal setjast av eit eige areal for lagring av handlevogner.

4.1.6 Uteopphaldsareal
Ved etablering av leilegheiter skal det også etablerast felles uteopphaldsareal på bakkenivå, som er eigna for leik og som gir eit variert tilbod til ulike aldersgrupper av barn og unge**.** Felles uteopphaldsareal skal ikkje vere mindre enn 100 m2, ha tydeleg tilkomst frå omkringliggjande bygningar og vere tilrettlagt etter prinsippa om universell utforming.

Det kan etablerast private uteopphaldsareal i form av terrasser/balkongar til kvar av leilegheitene. Krav til minste private uteopphald (MUA) pr. bueining skal ikkje vere under 10 m2. Desse skal vere tilrettlagt for barn og unge.

Generelt for uteopphaldsareala skal desse ha gode solforhold og vere skjerma mot forureining. Støynivå skal vere innanfor krava i rettleiar T-1442.

4.2 - Boligbebyggelse – frittliggande småhusbebyggelse (BF)
I området BF kan det byggjast frittliggjande småhusbebyggesle. Området er tilleggsareal til bustadtomt gnr. 38 bnr.188.

4.3 - Bensinstasjon/vegserviceanlegg(BA)
I område BA kan det opparbeidast bygg og anlegg for automatiske bensinpumper. Bygningar i område BA skal ikkje overstige 6 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

4.4 - Energianlegg (E)
I område E kan det opparbeidast bygg og anlegg for trafostasjon – elektriske anlegg. Bygningar i område E skal ikkje overstige 3 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

§ 5 - SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

5.1 - Veg 1 – Eggesbøvegen – offentleg køyreveg (o_V1)

Vegen skal opparbeidast som vist på plankartet. I regulert veggrunn er det ikkje tillate å føre opp andre innretningar/anlegg enn det som er naudsynt for drift og vedlikehald av veganlegga. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen.

Vegen skal fungere som ein offentleg køyreveg open for allmenn ferdsel.

Ved oppgradering av o_V1 må det førast fram infrastruktur i vegrunnen. Detaljar kring infrastruktur skal avklarast med Anleggs- og driftsavdelinga. Det vert tillate med oppføring av gatelys der dette er naudsynt.

5.2 - Veg 2 og 3 – Felles privat tilkomstveg (f_V2-3)

Vegane skal opparbeidast som vist på plankartet. I regulert veggrunn er det ikkje tillate å føre opp andre innretningar/anlegg enn det som er naudsynt for drift og vedlikehald av veganlegga. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen.

Vegane skal fungere som felles private tilkomstvegar for funksjonar innanfor områda F/K/T1-3.

Det vert tillate med framføring av leidningsanlegg og oppføring av gatelys i veggrunnen der dette er naudsynt.

5.3 - Fortau (F)

Fortau skal opparbeidast som vist på plankartet og samstundes med tilhøyrande vegareal. Gangtilkomst frå f_V3 i retnings Herøysenteret skal opparbeidast i samband med utbygging innanfor F/K/T2.

Fortau o_F1-2 skal vere offentlege areal, opparbeidast etter kommunal standard og vere open for fri ferdsel.

Fortau f_F3- 8 skal vere felles private areal.

Skråningar og fyllingar som følgje av opparbeiding av fortausareal skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming.

5.4 - Annan veggrunn – tekniske anlegg (AV)

Områda er anna veggrunn tekniske anlegg i planområdet. Areal mellom gangveg og byggjeareal skal opparbeidast som grøft og plantast med stadeigen vegetasjon.
Der er her tillate med framføring av leidningar, kummar, slukar og fundament i grunnen.
Innfor området kan det førast opp veglys og støttemurar der dette er naudsynt.

5.5 - Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

Områda er anna veggrunn grøntareal i planområdet. Skjeringar og fyllingar skal her plantast med stadeigen vegetasjon. Der er her tillate med oppføring av støttemurar og veglys.

5.6 - Parkeringshus/-anlegg (P)
Områda f_P er felles garasje- og parkeringsanlegg for eigedomane gnr. 37 og bnr. 222, 373, 432 og 457.

Det er her tillate å føre opp garasje i rekkje innanfor regulerte byggjegrenser.

§ 6 – GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 3)

6. 1 Vegetasjonsskjerm (f_GS1-4)

Innanfor områda GS1 – 4 kan det førast opp vegetasjonsskjerm i form av jordvoll eller planting av vegetasjon, eller som kombinasjon av desse. Endeleg dimensjon og utforming av områda skal godkjennast av kommunen.

Det vert tillate med hogst, fjerning av kratt og likande skjøtseltiltak i desse områda. Ved nyplanting skal brukast stadeigen vegetasjon.

Områda f_GS1 og f_GS2 er felles private område for funksjonar innanfor området F/K/T2.

Område f_GS3 er felles privat område for funksjonar innanfor området F/K/T3.

Område f_GS4 er felles private område for funksjonar innanfor området F/K/T1.

§ 7 - OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

7.1 Frisiktsoner (PBL. § 11 – 8 a.1)
I frisiktsoner H140_1 og H140_2 skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over plan for tilstøytande vegar.

7.2 Høgpenningsanlegg/trafo (PBL. § 11 – 8 a.1)
Område E i plankartet skal nyttast høgspenningsanlegg. Av omsyn til moglig stråling frå trafostasjons er det i reguleringsplan vist omsynssone med bredde på 5 meter frå trafo. Innafor denne sona skal det ikkje førast opp bygning med rom for opphald.

§ 8 – REKKEFØLGJEKRAV (PBL 12-7.)

8.1 Felles for områda F/K/T1 til F/K/T3.

F/K/T1, F/K/T2 og F/K/T3 kan byggast ut trinnvis.

8.2 Rekkefølgje på Infrastruktur (PBL 12-7. nr. 10.)
Gater, fortau med tilhøyrande trafikkareal og grønt struktur som skal være opparbeidd før i områda F/K/T1, F/K/T2 og F/K/T3 nedanfor tillates kan gjevast mellombels bruksløyve for nye tiltak.

Krav om opparbeiding av veier gjelder også for tilhøyrande infrastruktur, gatelys, kantavslutningar, plant til anna trafikkområde grønt, fortau, grøntareal og nytt energianlegg/trafo.

Minimumskrav opparbeiding av områder for felles og offentlig infrastruktur i høve til dei ulike utbyggingsområda (F/K/T1, F/K/T2 og F/K/T3) er vist i matrisa nedanfor:

	Gater/vegar (V)	**Fortau (F)**	**Anna trafikkareal (AV og AVG)**	**Vegetasjons-skjerm (GS)**	**Energianlegg (E)**
Bebyggelses-område					
F/K/T1	o_V1 og f_V2	o_F1, o_F2 og f_F4	AV1 og AVG2	f_GS4	
F/K/T1 med tilkomst frå sør	o_V1, f_V2 og f_V3	o_F1, o_F2 f_F4 og f_F5	AV1 og AVG2	f_GS4	
F/K/T2	o_V1, f_V2 og f_V3	o_F1, o_F2 f_F4, f_F5, f_F6 og tilgrensande f_F7	AV2, AVG1, AVG2 og AVG3	f_GS1, og f_GS2	E
F/K/T3	o_V1, f_V2 og f_V3	o_F1, o_F2 f_V4, f_F5, f_F8 og tilgrensande f_F7	AV2, AVG1, AVG2 og AVG3	f_GS3	E
BA	o_V1 og f_V2	o_F1, o_F2 og f_F3	AVG2		

Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye tiltak innanfor F/K/T1 ska Eggesbøvegen med tilhøyrande fortau og infrastruktur byggast ut og ferdigstillast slik den er vist i plankartet.

Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye tiltak i F/K/T2 skal halvparten av resterande del av Eggesbøvegen med tilhøyrande fortau og infrastruktur byggast ut og ferdigstillast slik den er vist i plan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL

Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye tiltak i F/K/T3 skal attståande del av Eggesbøvegen med tilhøyrande fortau og infrastruktur, byggast ut og ferdigstillast slik den er vist i plan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL.

*Føresegner evidert forslagstiller 01.09.2014.

*Føresegner sist revidert av Utviklingsavdelinga 17.09.2014

*Reguleringsplan godkjend i Herøy kommunestyre, K-sak XX/14 (dd.mm.åååå).

Fosnavåg, (dd.mm.åååå).


_____
Arnulf Goksøyr
Ordfører

Herøy kommune **Dato: 01.09.2014**

Planomtale

«DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA - OMRÅDE F/K/O»

PLANID: 201304



Utarbeidd av:
Sporstøl Arkitekter A/S v/ ing. Bjørnar Sporstøl
For: Rema Eiendom Vest AS og Johannes S. Eggesbø

SPORSTØL
www.sporstol.no

Sist revidert av Herøy kommune 17.09.2014.

Innhald

1 Forord 4
2 Bakgrunn 5
2.1 Formål med planen. 5
2.2 Forslagstiller, eigarforhold 5
2.3 Tidligare vedtak i saken 5
2.4 Utbyggingsavtaler 5
2.5 Krav til konsekvensutgreiing (KU) 5
3 Planprosess, medverknad, varsling. 5
4 Planstatus og rammebetingelser 6
4.1 Forhold til overordna plan (reguleringsplan): 6
4.2 Eksisterande reguleringsplaner som vert råka av detaljreguleringa 6
4.3 Tilgrensande planer 8
4.4 Temaplaner 8
4.5 Statlige retningslinjer/rammer og føringar 8
5 Planområdet, eksisterande forhold. 9
5.1 Områdets lokalisering. 9
5.2 Områdets avgrensing og størrelse 9
5.3 Dagens arealbruk 9
5.4 Staden sin karakter og landskap 9
5.5 Landskap. 10
5.5 Kulturminne i området 10
5.6 Naturverdiar 11
5.7 Rekreasjonsverdiar og – bruk, uteområde 11
5.8 Landbruk 11
5.9 Trafikk og infrastruktur 12
5.10 Barns interesser 12
5.11 Sosial infrastruktur 12
5.12 Universell utforming 12
5.13 Teknisk infrastruktur 12
5.14 Grunnforhold, støy og luftforureining 13
5.15 Støyforhold 13
5.16 Luftforureining 13
5.17 Risiko og sårbarhet (ROS). 13
5.18 Næring 13
5.19 Analyser og utgreiingar 13
6 Omtale av planforslaget. 13
Planlagt arealbruk og reguleringsformål. 14
Bebyggelse og anlegg med plassering og utforming 16
Parkering 18
Trafikkløysning, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklande 18
Skuleveg 18
Miljøtiltak 18
Universell utforming 18
Uteopphald 19
Kulturminne 19
Infrastruktur på VA og avfall 19
Risiko og sårbarhet (ROS) 21
Utbyggingsår - Byggetrinn. 2014– 2019. 21
7 Verknad og konsekvens av planforslaget 22
Overordna planer 22
Landskap, staden sin karakter og estetikk.. 23

Kulturminner. 23
Forhold til naturmangfald. 23
Rekreasjonsinteresser / uteområde 23
Trafikk, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklande 23
Universell tilgjenge 23
ROS. 23
Jordressursar / landbruk. 23
Teknisk infrastruktur. 23
Økonomiske konsekvensar for kommunen 23
Konsekvensar for næringsinteresse 24
Interessemotsetningar 24
Avveging av verknader 24
8 Konsekvensutgreiing 25
9 Innkomne innspel og medverknad 25

1 Forord

PLANFORSLAG	
Plannavn	**DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 - OMRÅDE F/K/O**
Plan ID	1515201304
Planlov (PBL)	Planomtale for detaljregulering etter plan – og bygningsloven (P BL) §§12-3 og 12-8.
Omtale av planen	Planen tek føre seg eksisterande situasjon, bakgrunn, målsetting for planarbeidet, omtale og konsekvens av planforslaget. Hovudmålet med detaljreguleringa er: • Legge til rette for fleksibel utbygging av sentrumsareal i område F/K/O på Eggesbøjorda. • Utvikle og tilby område for forretninger, kontor og bustad med sentral plassering på Eggesbønes. • Avklare rammer for formål, bebyggelse med byggegrenser, infrastruktur, samleveg, fortau, byggjehøgde og bebygd areal BYA%. • Avklare rammer i forhold til detaljhandel
Formål/hensikt/lovgrunnlag	Planarbeidet er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing §2 «Forskrift om konsekvensanalyse»: • Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast • Behovet for naudsynte utgreiingar vert gjort i planomtalen. • Informasjons- og medverknadsstiltak, her særskilte tiltak overfor spesielt berørte grupper vert gjort greie for i planomtalen. Det private planforslaget blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8.
Prosess for behandling av plan	***Oppstartmøte planarbeid:*** ***Februar 2013.*** ***Drøftingsmøter grunnlag varsling:*** ***Desember 2013*** ***Melding/frigiving fra riksantikaver:*** ***Mai 2013.*** ***Kunngjøring/varsling planstart:*** ***Oktober -Desember 2013.*** ***Utarbeidelse av planforslag:*** ***Januar- mai 2014.*** ***Høring av planforslag:*** ***Sept. – okt. 2014.*** ***Egengodkjenning av plan:*** ***Nov. – des. 2014.***
Organisering/kontakt	Arbeidet er organisert som eit prosjekt der Sporstøl Arkitekter AS leier arbeidet fram til utarbeiding av planforslag. Prosjektgruppa/arbeidsgruppa er samansett av forslagstiller, Provar AS og Sporstøl Arkitekter AS. **Forelagstiller:** Kontakt: Petter Hjortland Telefon: 99 23 66 50 - E-post: petter.hjortland@rema.no REMA Eiendom Vest AS Postadresse: Postboks 1116 Sentrum, 5809 Bergen og grunneigar Johannes S. Eggesbø (Eggesbønes) **Plankonsulent:** Er der spørsmål til planarbeidet ber om at det vert retta til vårt kontor med adresse: **Sporstøl Arkitekter AS** - Postboks 301, 6067 Ulsteinvik Org. Nr. : 961 181 488 telefon +47 918 68 794 mail-adr.: bjornar@sporstol.no. WEB: www.sporstol.no Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl

2 Bakgrunn

Det er sidan februar 2013 blitt arbeidd med planlegging og detaljregulering for delar av Eggesbøjorda på Bergsøya.

Med bakgrunn i dette er det gjennomført eit arbeid med detaljregulering som sikrar at forslagstiller får naudsynte rammer for gjennomføring av sitt utbyggingsprosjekt. Eksisterande bebyggelse innanfor området BA er føresett rive.

2.1 Formål med planen.

Hovudmålet med detaljreguleringa er:

- Legge til rette for fleksibel utbygging av sentrumsareal i område F/K/O på Eggesbøjorda.
- Utvikle og tilby område for forretninger, kontor og bustad med sentral plassering på Eggesbønes.
- Avklare rammer for formål, bebyggelse med byggegrenser, infrastruktur, samleveg, fortau, byggjehøgde og bebygd areal BYA%.
- Avklare rammer i forhold til detaljhandel

2.2 Forslagstiller, eigarforhold

FORSLAGSTILLER(FS):

REMA Eiendom Vest AS
Postadresse: Postboks 1116 Sentrum, 5809 Bergen
og grunneigar Johannes S. Eggesbø (Eggesbønes)

GRUNNEIGAR:

Grunneigar - 38/2 og 259	Johannes S. Eggesbø
Grunneigar - 37/432, 456 og 457	Lindor Barstad
Grunneigar- 37/103	Egil Gjerdsbakk
Grunneigar – 37/0	Herøy Kommune - Eggesbøvegen

2.3 Tidligare vedtak i saken

Viser til vedlagt referat frå oppstartsmøte, den 15. februar 2013 på rådhuset i Herøy kommune. I samsvar med plan- og bygningslova § 12-3 og § 12-8 varslet vi oppstart privat forslag til detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2 – Område F/K/O.

Detaljreguleringsplanen er ei utfylling av gjeldande områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det er behov for utbyggingsavtale av omsyn til infrastruktur.

2.5 Krav til konsekvensutgreiing (KU)

Detaljreguleringsplanen vil ikkje utløyse konsekvensutgreiing i høve PBL § 4-2.

3 Planprosess, medverknad, varsling.

Planprosessen er ført på vanlig måte med melding oppstart, kunngjøring i 1 aviser og utlegging av dokument på vår nettside.

Kommunen, aktuelle høyringsinstansar, grunneigarar, naboar fikk tilsendt eigne brev med varslingsdokumenta.

Innspel til planarbeidet går fram av vedlegg til planomtalen. Her har plankonsulent også gjort ei vurdering av innspela som har kome til varsel om oppstart av planarbeid.

Som ein del av offentleg ettersyn / høyring vil kommunen gjennomføre møte med særskilte grupper for å sikre medverknad og deltaking i planarbeidet.

4 Planstatus og rammebetingelser.


Plannavn:
"Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl. – Området F/K/O"
Kommunen ved har tildelt Plan-ID: 201304.

4.1 Forhold til overordna plan (reguleringsplan):

Føresegn kommuneplan:

I kommunedelplanen for Bergsøy har omsøkte område følgende formål:

- Planen ble godkjent 30/11-2004. Planen er under rullering.
- Regulert kombinert bebyggelsesområde: Formål (o/f/k): Forretning/kontor/offentlig - planlagt.



Utsnitt av vedtatt kommunedelplan for Bergsøy med plangrense for detaljreguleringen.

4.2 Eksisterande reguleringsplaner som vert råka av detaljreguleringa.

Nedanfor er en opplisting av areal i plankart og føresegner som kommer i berøring ved detaljreguleringa. Planavgrensing er gjort i samråd med kommunen ved varsel om oppstart.

Planen råkar gjeldande reguleringsplan: områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL, som blei behandla og godkjent i samsvar med plan og bygningsloven (PBL) 1985.

Føresegn i denne planen krever at det vert utarbeidd bebyggelsesplan for heile område F/K/O. Forslaget er utarbeidet som detaljregulering med lovreferanse PBL 2008, og får ei større grad av detaljering med veier, fortau, infrastruktur, byggjeområder, grønstruktur i F/K/O-området. Bruk av detaljregulering i områder som har krav om bebyggelsesplan er i tråd med rettleiing til PBL.

Gjeldande reguleringsplan har følgjande føringar og rammer for F/K/O området:


- Bebyggelesplanen (detaljregulering må omfatte heile F/K/O- område)
- Kan etablere forretning (Maks 3000 m2 BRA detaljhandel) i1. etg (inkl lager)
- Kan etablere kontor eller offentlig formål = 2.etg
- Kan etablere leilegheiter = 3. etg
- Utnyttingsgrad = BYA % = 50 (skal inkludere parkering)
- Utbyggingsgrenser (F/K/O) Forretning/kontor/offentleg tenesteyting.

REGULERINGSPLAN

Planidentifikasjon 201208
Plantype Detaljregulering
Planstatus
Endelig vedtatt arealplan
Plannavn
Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2 m.fl
Ikraftredelsesdato 26.4.2012
Planbestemmelse
Planbestemmelser både kart og tekst
Lovreferanse PBL 1985

Eggesbøjorda har ei sentral lokalisering i forhold til sentrumsområdet på Myklebust - Eggesbønes.
I førehandskonferansen ble det påpekt følgjande:

- *At området F/K/O får ei rasjonell og bærekraftig utnytting av areal.*
- *At ein ved planlegging av området (internt) vil det være aktuelt å tenke gatestruktur med interne vegar og gater med tilhøyrande fortau og belysning.*
- *Funksjoner i 1.etg skal være forretning eller publikumsvennelege element som skaper aktivitet i området.*



Utsnitt av vedtatt reguleringsplan Eggesbøjorda gnr. 38/2 m.fl. med plangrense for detaljreguleringsplan.

4.3 Tilgrensande planer

Området ligg i sin heilskap innanfor reguleringsplanen med ID 201208.

På motsatt side av kommuneveg «Eggesbøvegen» i nordast grenser planområdet til en eldre reguleringsplan: **Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde – vedtatt: 21.11.1986.**

I nordvest grenser planområdet til reguleringsplan med navn: **REGULERINGSENDRING 37/384 MFL. (HERØYSENTERET) – Vedtatt: 25.10.2012, samt og bebyggelsesplan ved namn: BEBYGGELSEPLAN KVITHAUGSMYRA – Vedtatt: 25.4.2000**

4.4 Temaplaner

Det er ingen temaplaner som kommer i berøring med planområdet.

4.5 Statlige retningslinjer/rammer og føringar

- Lov om plandel i plan og byggelov av 1. juli 2009.
- Lov om kulturminne.
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfoldloven) 19.juni 2009.
- RPR areal og transport i planlegging.
- RPR Universell utforming
- Rundskriv T-2/08 fra miljøverndept. (MD) Om barn og planlegging.
- T-1490 - Rettleiar reguleringsplan fra MD.
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre

5 Planområdet, eksisterande forhold.

5.1 Områdets lokalisering.

Områda er lokalisert sentralt på Bergsøya i Herøy kommune.

5.2 Områdets avgrensing og størrelse.

- Området som skal regulerast er vist med plangrense på flybilete nedanfor. Inkluderer del av Eggesbøvegen i nord. Grenser mot parkeringsplass ved eksisterande forretningar i Herøysenteret og Kiwi i nordvest, samt bustadtomt til eigedom 37/103 er inkludert i planområdet. Følgjer delvis eigedomsgrense til 37/432, 456 og 457 i vest og har med en større del av 38/2 i sør og aust.
- Avgrensa område har eit samla planareal på ca. 23,3 dekar (daa).

5.3 Dagens arealbruk

Området sin arealbruk er regulert i gjeldande reguleringsplan:

- Arealet er ikkje utbygd eller tatt i bruk for utbygging, med unntak av garasje og bustadhus.
- Området er for det meste mark etter tidligare landbruksdrift..



Flyfoto over område – Henta frå Sunnmørskart med påført planavgrensing

5.4 Staden sin karakter og landskap.

Området som ligg sør av kommunevegen «Eggesbøvegen» og er i dag ein del av eit etablert forretningsområde på Eggesbønes i Herøy kommune. Topografien i området er tilnærma flatt med helling mot sørvest.

Terrenghøgder varierer frå kotehøgd på ca. +3 meter i sørvest til kote + 8 til 9 meter i nord. Området er vendt mot sør og har godt med tilgong på sol. Klima i området er typisk «Vestlandsklima» og det som for kringliggjande områder.

5.5 Landskap.

Landskapet er småkupert kystlandskap og har tidligare vore nytta til landbruk.



Foto sør av plan mot nord



«Eggesbøvegen» - Foto frå nordaust mot nordvest



Foto nord av plan om sør



Foto nordaust av plan mot vest

5.5 Kulturminne i området

Tidlegare registrerte kulturminne i planområdet med ID 142266 og 142271 har gjennomgått arkeologiske utgravingar i regi av Universitetsmuseet i Bergen og er no frigitt til utbyggingsformål. Viser til brev frå Riksantikvaren av 10.5.2013 (vedlegg 7)
SEFRAK-registrerte bygg ligg like nordaust av planområdet. Dette gjeld stabburet til eigedom gnr 38 bnr 2. Dette er regulert i gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda og fell utanfor plangrensa til detaljreguleringsplan. Det er ikkje SEFRAK-registrerte bygg i vårt planområde.



Utsnitt registrerte kulturminner (rosa områder) og SEFRAK(gul og rød trekant). Kilde: www.gislink.no

5.6 Naturverdiar

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar, raudlista artar, eller andre særskilt viktige naturverdiar i planområdet. Dette er undersøkt i eksisterande databasar og i høve gjeldande kunnskapsgrunnlag, jfr. Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase: http://www.dirnat.no/kart/naturbase/

5.7 Rekreasjonsverdiar og – bruk, uteområde

Det er ikkje registrert særskilte interesser knytt til rekreasjon i planområdet. Området er i gjeldande reguleringsplan regulert til bebyggelsesområde. Området har god tilgang til rekreasjon-, natur- og uteområde i nærområda på Bergsøya og turområder både i fjell og langs strandsona.

Aust for planområdet er det regulert et fellesområde til leik på ca. 1,5 dekar (ikkje utbygd). Nordvest av planområdet er det regulert friluftsområde/parkbelte som del av grønstrukturen i gjeldande områdeplan.

5.8 Landbruk

I planområde har det tidligare vore landbruksareal. Området er i gjeldande områdeplan regulert til bebyggelsesområde. Området er i dag delvis overflatedyrka jord og innmarksbeite. Her er også registrert nokre områder med myr.

Viser til kartbasen til skog + landskap (http://kilden.skogoglandskap.no)



Område: Utsnitt Kilden skog og landbruk

5.9 Trafikk og infrastruktur

Tilkomst og føringar for infrastruktur vert uendra i forhold til prinsippa i gjeldande områdeplan og overordna planer. «Eggesbøvegen» er tenkt rusta opp i ulike byggetrinn.

5.10 Barns interesser

Det er ikkje registrert spesiell interesser/aktivitet av barn- og unge i dette området. Området er i gjeldande områdeplan avsett til bebyggelsesområde og detaljreguleringsplanen er ei oppfølging av denne.

Det vil bli tatt omsyn til barn- og unge sine interesser knytt til leik gjennom krav til opparbeiding av felles private uteopphaldsareal på bakkenivå. Det er også eit felles leikeområde aust for planområdet, som vil kunne få forbindelsar gjennom omkringliggjande grønstruktur. Planforslaget vil i løpet av høyringsrunden blir sendt til kommunen sin representant for barn- og unge.

5.11 Sosial infrastruktur

Det er godt etablert barnehage- og skuletilbod med SFO på Bergsøya.
Området er nabo til legekontor, tannlegekontor, alders- og sjukeheim, skulekontor, PPT, helsestasjon og andre offentlige tenester. Nærleik til FV654 og Sjukeheimsvegen gir også moglegheiter for bruk av kollektivtransport – buss.

5.12 Universell utforming

Området ligg godt til rette for universelt utforma løysingar då topografien i området gir moglegheiter for dette.

5.13 Teknisk infrastruktur


Eggesbønesområdet har godt ubygd kommunal kommunalteknisk infrastruktur.
Dette er drøfta med Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune.

5.14 Grunnforhold, støy og luftforureining

Det er ikkje registrert uheldige grunnforhold, støy eller luftforureining i planområde. Det er på deler av området naudsynt å gjere grunnundersøkingar av myrlendte områder i samband med utbygging.

5.15 Støyforhold

Området er vurdert med omsyn til støy frå fylkesvegen (FV654) nord for planområde. Planområdet kjem utafor raud og gul støysone frå FV 654.



Område: Utsnitt frå gislink.no

5.16 Luftforureining

Det er ikkje aktivitet i område som medfører luftforureining og planen vil ikkje føre til noko vesentlig endring av omsyn til dette.

5.17 Risiko og sårbarhet (ROS).

Området er ikkje utsatt for spesiell forhold knytt til risiko og sårbarhet (ROS). Plankonsulent har gjennomført ei enkle ROS-analyse basert på Fylkesmannen si sjekkliste.

5.18 Næring

Planområde er regulert til næringsområder og forslagstiller vil med detaljregulering få legge rammer for utvikling av området.

5.19 Analyser og utgreiingar

Det er utført registreringar på kulturminne i planområdet.
Viser til brev frå Riksantikvaren. fylkeskonservator.
Det er vidare gjort undersøkingar av eksisterande infrastruktur og VA i og ved planområdet.

6 Omtale av planforslaget.

Detaljregulering sine juridiske dokument omfattar denne planomtalen med vedlegg 1 plankart og reguleringsføresegner.

Vedlagt illustrasjonar og perspektiv som visualiserer planlagt prosjekt er ikkje å sjå på som bindande, men det er ein tanke at desse skal vere retningsgivande for vidare utbygging. Plankart og føresegner er utarbeidet i samsvar med plan- og bygningslova.

I oppstartmøtet blei det peika på at varslinga og planarbeidet må utgreiast inngåande i forhold gjeldande arealplan og reguleringsplan.

1. **Felles trafikk, fortau og parkering i planområdet. Viser til plankart og føresegner og utredning VAR v/ Provar AS. Vedlegg 1 og 5.**
2. **Synliggjer utnyttingsgraden og plassering av planlagt bebyggelse/anlegg. Viser til Illustrasjonar, plankart og føresegner. Vedlegg 1.**
3. **Utgreing i forhold til «Forskrift om rikspolitiske bestemmelse for kjøpesenter». Det er i planforslaget valt å følgje rammer i gjeldande reguleringsplan her.**

Det var ved varsling av planarbeidet planlagt parallell behandling av detaljregulering og rammesøknad for F/K/T 1 (Rema 1000 bygget). Dette er endra og rammeløyve vil bli søkt om etter at planen er vedtatt.

Planlagt arealbruk og reguleringsformål.

Formål i detaljreguleringsplanen vidarefører hovudformål og føringar i kommuneplanens arealdel og gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda. Detaljeringsgrad i formål er vesentleg høgare enn i gjeldande områdeplan for området F/K/O. Denne reguleringsplanen er utarbeidd etter dagens standard for utarbeiding av slike plantyper, jfr. MD's rettleiar T-1490.



Utsnitt plankart.

Plankart og føresegner regulerer (Vedlegg 1):

Plankart M 1:500 (SOSI-fil, pdf og papir):

- Tomtedeling (tomtegrenser)
- Planlagde bygg (juridiske linjer) F/K/T1
- Ny trafo.
- Byggegrenser regulerer plassering av bygg i byggjeområda.
- Tilkomst til de enkelte tomtene med regulert punkt.
- Interne kjøreveger felles f_V2.
- Felles område for fortau, annen veggrunn og vegetasjonsskjerm.
- Parkeringsløysing. Regulerast i føresegner da det er ønskelig med fleksibilitet i forhold til plassering bygg og parkering.

Føresegner regulerer følgjande:

- Universell utforming
- Alle bygningar planleggast dimensjonert for 3 etg.
- Utnyttingsgrad – maks BYA = 50 %
- Minimum uteoppholdsareal per bueining:
  Privat balkong/uteplass min. MUA-p =10m2.
- Byggehøyde – Gesims / mønehøgde = 11 meter – gjennomsnittlig planert terrengnivå
- Maks BRA = 3000 m2 detaljhandel for F/K/T1 til F/K/T3. Detter er fordelt med BRA =1500 m2 i F/K/T 1 og BRA =1500m2 fordelt til områdene F/K/T2 og F/K/T3.
- Alle skjæringar / fyllingar og skråningar skal tilplantes
- Ved bruk av mur skal disse helst føres opp i naturstein (estetikk).
- Bruk av eksisterande (lokal) vegetasjon og stadbundne planter ved ny tilplanting.
- Parkering blir samsvar med kommunen sine parkeringsvedtekter –
- Der vil også bli lagt til rette for HC parkering og sykkelparkering. Begge bør ligge nær inngangen til bygget. Trinnfri tilkomst og ledelinjer i gategolv.
- Parkeringsområde og uteareal må ha belysning (LED)
- Parkeringsplasser skal fysisk merkes opp.
- For butikk: plassering av areal til lagring av handlevogner?
- MUA for leiligheter skal være minimum 10 m2 pr buenhet – skal være tilrettelagd for barn- og unge.
- Estetikk – en vil tillate moderne bygg med flatt tak og med glasfasade.
- Bygningane skal tilpassast terrenget og det skal i randsoner størst mogleg grad ivareta eksisterande vegetasjon – bruk av natursteinsmurer for avgrensing / trappering av terrenget.
- Krav til rekkjefølgje ved opparbeiding – opparbeiding av vegarr og, infrastruktur og uteareal samtidig med bygning og anlegg. Det er gitt moglegheit for trinnvis og feltvis utbygging.

NØKKELDATA/AREALBRUK
Planforslag med føresegner og arealtabell er vist nedanfor og i vedlegg V1 plankart

Område	Størrelse daa	Arealbruk	kotehøgd Maks-BYA%	Ev. kommentar
§ 12-5. nr.1 Bebyggelse og anlegg:				
BF	0,1	Bustader – frittliggjande – småhus bebyggelse	PBL og TEK10 gjeld	I område **BF** er tilleggsareal til bustadtomt gnr. 38 bnr.188
BA	0,6	Bensinautomat	Maks høgd 6 meter over planert terreng.	Område er regulert med byggegrenser.
E	0,01	Energianlegg -Trafo	Maks høgd 3 meter over planert terreng.	Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkjefølgje.
F/K/T1 – F/K/T3	15,7	Forretning/kontor/tenesteyting Moglegheit for garasje i underetasje og leilegheiter i 2. og 3. etasje	Maks høgd 11 meter over planert terreng. BYA %= 50%	Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkefølgje i utbygging. Krav til parkering.
§ 12-5. nr.2 Samferdsel, anlegg og infrastruktur.				
o_V1	0,7	Kjøreveg. Offe|ntlig	-	Eksisterande kommuneveg «Eggesbøvegen»
f_V2 – f_V3	1,6	Kjøreveg. Felles	-	Felles samleveg /tilkomst. Offentleg tilgjengeleg.
o_F1 – o_F2 f_F3- f_F7	1,6	Fortau, gangvei.	-	Offentleg tilgjengelig. Felles privat areal
AV1-AV2	0,2	Annan veggrunn,		Areal infrastruktur og grøfter/mur.
AVG og AV	0,5	Annan veggrunn, grøntareal		Areal grøfter/mur for å ta opp nivåskilnad
f_P	1,4	Parkering, servicetilkomst og fortau/gangareal. Felles	-	Vidareført frå gjeldande plan. felles Garasje- og parkeringsanlegg for eigedomane gnr. 37 og bnr. 222, 373, 432 og 457.
§ 12-5. nr.3 Grønnstruktur.				
f_GS1 – f_GS4	1,0	Vegetasjonsskjerm, felles.		Regulert i føresegner og plankart. Krav om utforming og rekkjefølgje.
Samla areal planforslag	**23,3 daa**			

Bebyggelse og anlegg med plassering og utforming

For detaljregulering har det vore føringar knytt til arbeidet med å få til gode forhold knytt til sol/ skugge, uteopphald og gode tilkomstforhold for forretningar, kontor m.m. Det er viktig at ein får ryddige og attraktive fellesområder for parkering og tilkomst.

Det er lagt vekt på å finne god forbindelse til fellesområder for leik, opphald og etablerte grøntdrag på Bergsøya. Bygningane er planlagt å få eit urbant utrykk med god forbindelse til etablert forretningsområde i nordvest (Kiwi / Mega).

Arealdisponeringar i planområdet er som følgjer:
Planområdet F/K/O i gjeldande plan er ca. 19100 m2. Med BYA% =50% så gir dette eit areal til bygg inkludert parkering i dagen på 9550 m2.
I planforlaget er desse bebyggelsesområda nemnt som F/K/T1 til F/K/T3 med same type bruk. Arealet her er ca. 15100 m2. Med BYA% =50% så gir dette et areal til bygg inkludert parkering i dagen på 7550 m2.

Per i dag er det berre byggjeområdet for Rema 1000 som det konkrete planar for å realisere. Her er det planlagt eit bygg med delvis nedsenka kjellaretasje, butikk i 1 etasje, kontor og/eller leilegheiter i 2 etasje.

Viktige føringar knytt til detaljreguleringa er:


- Hovudprinsippet er moglegheit for 1 etasje nedgravd til parkering, og maks 3 etasjer i dagen. Illustrasjonar viser korleis dette vil ligge i forhold til terreng og eksisterande bebyggelse.

- Det er ønskeleg med fleksibilitet i bruk av areala. I 1 etasje vert det fortrinnsvis forretning. Kontor/tenesteyting kan etablerast i 1., 2 og 3. etasje. Det er opna for leilegheiter/hyblar i 2. og 3. etg..

- Det er planlagt regulert felles og private uteopphaldsareal for bustader. Felles føresegner i gjeldande plan legges til grunn der husvære med mer en to rom skal ha min. 10 m2 (balkong). Felles uteareal for leik skal etablerast på bakkenivå.

- Bebyggelse er regulert med maks BYA =50%. Dette er likt med gjeldande områdeplan.

- Maks bygg høgder for området er planlagt regulert i plan og føresegn med maks 11 meter frå gjennomsnittlig planert terreng rundt bygg. For bygg vil det bli lagt inne10 % for tekn. installasjonar/heissjakt som kan bli høgare. Dette er likt med gjeldande områdeplan.



Utsnitt av illustrasjon for nytt Rema 1000-bygg på Eggesbøjorda (Plassering i område F/K/T 1).


Parkering

For område er det lagt opp til moglegheiter for etablering av felles parkeringskjeller for leilegheiter, kunde-/ gjesteparkering i en blanding av plasser inne og ute. Gjeldande kommunale parkeringsvedtekter er lagt til grunn og innarbeidd i føresegnene.
Vedlagte skisser viser at det bør være mulig å få til god dekning på parkeringsplasser med moglegheiter for parkeringskjeller(innomhus) og utomhus rundt nye bygningar.

Kravet til parkering for leilegheiter er 1, 5 plass per leilegheit. Dersom samla tal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 per bueining.
For områda F/K/T1 til F/K/T3 er det sett krav til minimum to biloppstillings som er tilrettelagd for HC-parkering pr. område.

Trafikkløysning, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklande

Tilkomst frå hovudveg med tilhøyrande fortau er planlagt med godt synlege og forståeleg tilkomstforhold Det er regulert gode forbindelsar gjennom planområdet i nord-aust retning og nord -sør retning. Planarbeidet vil få avklart rammer for tilkomsten til kommunal veg Eggesbøvegen, samt etablering av offentlige interne gangaksar. Viser til illustrasjonar.
Ved byggesøknad vil det vere krav om detaljutforming av interne vegar og fortau.



Utsnitt av illustrasjon – grøntstruktur – traseer for gående/syklende

Skuleveg

Området har gode rammer for sikker skuleveg. Bygg, fortau og gangfelt er vist i planillustrasjon med tilknyting til eksisterande nettverk. Det er i føresegne stilt krav til rekkjefølgje på nytt fortau langs Eggesbøvegen i planområde.

Miljøtiltak

Det blir planlagt god miljøprofil med regulering av felles attraktive uteområdet. Dette er regulert med føresegner i planen.

Universell utforming

Tiltak blir gjennomført etter prinsippa om universell utforming med omsyn til gjeldande lovverk. Dette er regulert med føresegner i planen.

Uteopphald

Område for felles uteopphald/leik er regulert med egne føresegner for formålsområder F/K/T1 til F/K/T3. I tillegg er det regulert gangareal/fortau som er knyttet til eksisterande gangvegnett og vidare til omkringliggjande grøntområder. Føresegner og plankart regulerer dette med rekkefølgjekrav.

Kulturminne

Området er frigitt til utbyggingsformål. Viser til utsnitt av brev frå Riksantikvaren datert 10.05.2013 nedanfor.

«

Melding om ferdigstilte arkeologiske utgravingar
Realisering av reguleringsplan for Eggesbøjorda, gnr 37 og 38, Herøy kommune, Møre og Romsdal

Riksantikvaren er i brev av 6.mai frå Universitetsmuseet i Bergen orientert om at dei arkeologiske utgravingane av id 142266 og 142271 på Eggesbø, gnr 37 og 38 i Herøy kommune er avslutta.


Vi stadfester med dette at dei arkeologiske utgravingane som er heimla i reguleringsplan for Eggesbøjorda, er gjennomført. Vilkåra for løyvet er dermed oppfylt, og området der er søkt om er klargjort for anleggsverksemd.

«


Infrastruktur på VA og avfall

- Avfall blir tatt hand om av interkommunal renovasjonsløysing.
- Avløp vert dimensjonert i forhold til nybygg og etter kommunens regler for tilknyting.
- Vatn til eksisterande leidning i området og etter kommunens regler for tilknyting.
- Det er eksisterande telekabel i området. Dette må tilpassast planlagt bygningsmasse.
- Det er eksisterande straumlinjer og trafo i området. Kapasitet i området vert tilpassa planlagt bebyggelse etter nærare dialog med kraftselskap.

Skisser nedanfor viser hovudlinjer for teknisk infrastruktur.



Utsnitt av illustrasjon med planlagt VA – Vann blå og avløp/drens rød



Planlagt VA i og ved planområdet. Kilde: Herøy kommune og Provar AS

Risiko og sårbarhet (ROS)

Plankonsulent har utarbeidd eiga sjekkliste og ROS-analyse for planområdet.

- Gjennomgang av sjekkliste viser ikkje spesielle vesentleg punkt i høve risiko og sårbarhet (ROS) for planområdet.
- Det er i samband med varsling ikkje kome fram spesielle forhold som krev ytterlegare utgreingar.


Viser til vedlagt sjekkliste og innkomne merknader.

Utbyggingsår - Byggetrinn. 2014– 2019.

Det er i planforslaget lagt opp til moglegheit for trinnvis utbygging av området. Det er i dag mest sannsynlig at første trinn blir som skissert nedanfor. Forslagstiller ønskjer å komme i gang med byggjearbeidet snarast mogleg. I reguleringsplanen sine føresegner er det gitt rekkjefølgebestemmelsar som skal sikre ei naturleg styrt trinnvis utbygging av området, med tilhøyrande infrastruktur. Det er i plan skissert kva fellesområder som vegar, fortau, vegetasjonsskjerm m.m. som skal ferdigstilles samstundes med realisering av dei ulike byggjeområda F/K/T1 til F/K/T 3. Ein viser elles til reguleringsføresegnene.

Prosjekt er planlagt gjennomført i tidsrommet 2014 -2019.

- **Tinn 1: Nytt Rema-bygg og bensinautomat - 2014**
- **Trinn 2 og 3: utbygging på sørlig del av planområdet - 2014-2019**



Skisse utbyggingstrinn

Utbygging Trinn 1 kan omfatte:

Byggjeareal F/K/T1 (områder for nytt REMA-bygg) og BA (Bensinautomat)

- F/K/T1 kan delvis byggast ut og samtidig inkludere oppgradering av o_V1, samt realisering av veger f_V2 , o_ F1, o_ F2, fortau f_F4 og anne veigrunn grøn AVG2.
    - Ved etablering av tilkomst til F/K/T1 frå f_V3, skal en i tillegg vegen f_V3 og fortau f_F4 byggast ut.
- Bensinstasjon og del av f_V2, o_F1 og tilgrensande fortau f_F3 kan bygges som eit trinn.
- Naudsynt opparbeiding av infrastruktur vann og avløp og drens med handtering av overflatevann.
- Etablering vegetasjonsskjerm f_GS4 i 2 meters bredde skal etablerast samstundes med utbygging i F/K/T1.

Utbygging Trinn 2 - eventuelt et trinn 3:
Byggjeareal F/K/T2 og F/K/T3

- Oppgradering av o_V1, samt realisering av veger i f_V2 og f_V3 må vere etablert som tilkomst til område F/K/T2 og F/K/T3.
- Område F/K/T2 og F/K/T3 kan byggjast ut som delområder.
- Gangvei/fortau o_F1, o_F2 f_F4, f_F5, f_F6, tilgrensande f_F7 og f_8 må etableras for tilkomst til område F/K/T2 og F/K/T3.
- Anna trafikkareal AV og AVG
- Naudsynt opparbeiding av infrastruktur vann og avløp og drens med handtering av overflatevann.
- Etablering vegetasjonsskjerm f_GS1 og GS2 skal skje samtidig med F/K/T2, og f_GS3 samtidig med F/K/T3.



Skisse med i byggetrinn. Det er moglegheit for 3 delområdet som viste over.

7 Verknad og konsekvens av planforslaget

Overordna planer

Vi vurderer planen i hovudtrekk til å vere i tråd med prinsipp og rammer i kommunens overordna arealplan og gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda.
Denne detaljreguleringa gir ein meir detaljertplan for kva som er fellesområder trafikkområder, uteopphald og kva som er område for bebyggelse med kombinert formål. Det er lagt vekt på å vise ei utnytting av området som strekkjer seg utanfor F/K/T1, dette for å vise ei heilskapleg utvikling av området. Samstundes som ein ikkje legger for stramme rammer for utbygging av desse områda.

Fleksibilitet med omsyn til areal avsett til forretning/kontor og tal leilegheiter i forhold til fellesfunksjoner, heissystem og etappevis utbygging er vektlagt og vurdert som viktig for å kunne realisere prosjektet og sli at det kan gjennomførast økonomisk.

Planforslaget er også innanfor rammene i overordna planar knytt til detaljhandel.

Landskap, staden sin karakter og estetikk..

Konsekvens for landskapet er i gjeldande plan er utgreidd. Vi ser detaljreguleringa som ei vidareføring av den byggeskikk og utforming som er etablert nord av planområdet. Det blir lagt vekt på å tilpasse bygg og anlegg til å spegle dagens arkitektur.

Kulturminner.

Tidlegare automatiske freda kulturminner er no utgravne og området er frigitt av Riksantikvaren til utbygging.

Forhold til naturmangfald.

I «Naturbase» til Direktoratet for naturforvalting er det ikkje gjort spesielle registreringar innanfor planområdet. Skjerming og vegetasjon i randsoner er regulert med formål og føresegner i planen.

Rekreasjonsinteresser / uteområde

Det er ikkje registeret spesielle rekreasjonsinteresser i planområdet. Det er innarbeidd eigne føresegner som sikrar tilstrekkeleg ute opphaldsareal – både privat og felles private areal. Vidare har planen føresegner om rekkjefølgje som sikrar at område blir etablert og ferdigstilt samstundes med etablering av nye bustader.

Trafikk, tilkomst, tilgjengelige for gåande og syklande

Vi vurderer prosjektet til å være i samsvar med prinsipp og rammer i kommunes overordna arealplan. Hovudføringar i gjeldande plan er vidareført i planforslaget.

Universell tilgjenge

Planforslaget gir moglegheiter for dette – både knytt til bygg, uteområde og infrastruktur. Det blir vist til føresegn i plan som regulerer dette.

ROS.

Vurderinga er at planen ikkje medfører negative konsekvensar av omsyn til risiko og sårbarheit.

Jordressursar / landbruk.

I overordna plan er areal avsett til utbyggingsformål. Ein vurderer planlagt arealbruk som klarert med landbruksmyndighetene og i tråd med gjeldand områdeplan og overordna kommuneplan.

Teknisk infrastruktur.

Det er godt utbygd kommunal infrastruktur i og ved planområdet. Det er eksisterande byggjeområde kring området. Planforslaget vil positivt legge til rette for ny infrastruktur som kan gi kringliggjande areal til planområdet moglegheiter for vidare utvikling.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Plankonsulent ser behov for å drøfte utbyggingsavtale med kommunen i høve:

- Etablering av gang og sykkelveg/fortau mot Eggesbøvegen i nord.
- Etablering av nytt vatn- og avløpssystem gjennom planområdet

Konsekvensar for næringsinteresse

Det vil, etter vårt syn, vere positiv for Eggesbønesområdet og regionen for øvrig at det blir tilrettelagt for eit sentralt, moderne og lett tilgjengelige utbyggingsområde for vidare næringsaktivitet. Planforslaget legg til rette for nye bygningar/lokale knytt til både forretning, kontor, tenesteyting og bustader.

Interessemotsetningar

Det er etter innkomne merknader kome fram interessemotsetningar knytt til etablert næring/butikk nord av planområdet. Dette er omtalt og vurdert i vedlegg 2.
På generelt grunnlag vil vi seie at det er fri konkurranse når det gjelder å etablere bedrifter/butikkar i dette området. Reguleringsplan er vidare i tråd med vedtekne rammer og arealbruk i overordna planar for kommunen. Med bakgrunn i kommentarar til innspel i vedlegg 2, meinar vi at innspela er behandla på ein forsvarleg måte.

Avveging av verknader

Viser til plankart og føresegner med forslaget til detaljregulering.

Forslag til detaljregulering i forhold til gjeldande planar

Vi vurderer verknadar av planen til å vere ei modernisering og tilpassing til dei krav og behov som kommune står overfor i dei neste 5 til 10 åra. Forslag til detaljreguleringsplan følgjer rammer og føringar som er gitt i overordna kommuneplan og gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda.

Vi ser Fosnavåg, Myklebust, Eggesbønes og Mjølstadneset som eitt sentrumsområde.
Ut frå definisjonen er avstanden for lang, men vi meiner at her er rom for handelsbygg på begge områda utan at det skal gå på bekostning av kvarandre. Kommunen har i gjeldande områdeplan vurdert dette og det er gitt rammer for etablering av detaljhandel.
Planen er relativt ny, og det er ikkje kome nye moment som tilsier at grunnlaget er endra.

Området Eggesbønes/Myklebust er definert som avlastingsområdet for Fosnavåg av omsyn til handel.

Nedanfor er det teke inn eitt utdrag frå kommuneplanens samfunnsdel
Denne er vedtatt og trote i kraft 24-10-2013:

«

Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

For samfunnsutviklinga vil det vere viktig for Herøy at ein kan etablere komplementære senter til Fosnavåg. Ein er avhengig av å kunne utvikle Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset som ein naturleg del av Fosnavåg og Myrvåg bør utviklast som ein satellitt til Fosnavåg som kan dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy ved å leggje til rette for sal av detaljhandel og plasskrevjande varer. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Nasjonale føresegn for sentrumsutvikling seier at ein ikkje skal etablere detaljhandel over 3000m² utanfor sentrum og det same seier den regionale delplan for kjøpesenter. Kommunen meiner ein må sjå på kva fysiske omgjevnadar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg areal må leggje føringar for utviklinga.

«

Forslag til detaljregulering og trinnvis utbygging.
Planen viser meir detaljert arealbruk og regulerer ei mogleg trinnvis utbygging.
Sida det per i dag bare er område F/K/T1 som er klart for utbygging, ser vi det som viktig at ein ikkje legg for stramme føringar av omsyn til arealfordeling mellom de ulike byggjeområda i plan. Der er rekkjefølgjekrav til dei ulike utbyggingsområda i føresegner for å oppnå heilskapleg utbygging av infrastruktur, vegar og fortau.

Forholdet til «Forskrift om rikspolitiske bestemmelse for kjøpesentre»
I varslingsdokumenta blei det opplyst at vi ville drøfte moglegheiter for detaljhandel på eit areal som er større en 3000 m2 for planområdet. Etter varslingsrunden, og etter drøfting med kommune, er det valgt å følgje rammer som er gitt i gjeldande områdeplan. Det er difor ingen endring i forhold til gjeldande plan for området når det gjeld detaljhandel.

8 Konsekvensutgreiing

Plandokument er utarbeidd etter Mijøverndept. sin rettleiar T-1490.
Etter vurdering av kommune på oppstartmøte vil ikkje planen utløyse konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Området har over lengre tid vore avsett til utbyggingsområde i overordna planar, og denne planen blir meir tilpassa dagens plansystem og kommunes ønske om utbyggingsmønster for området Myklebust/Eggesbønes.

I planarbeidet er det sett fokus på følgjande forhold i planframstilling:

- Visualisere den nye bygningsmassen og anlegg i forhold til utnyttingsgrad og byggehøgd, nær- og fjernvirkning. Visualisering av arkitektur med verknader av planforslaget.
  Vi meiner planforslaget gir eit godt bilde av planlagt utbygging. Illustrasjonar viser avstand og volum av moglege bygningsmasse i forhold til naboar. Snitt-illustrasjonar viser høgder i forhold til nabobygg. Forslaget er innfor rammer gitt i overordna områdeplan, og føringar gitt i gjeldande reguleringsplan for området.

- Utgreiing av infrastruktur og VA i området.
  Viser til utredning frå Provar AS, j*fr. Vedlegg 5.*

9 Innkomne innspel og medverknad

Viser til vedlagt dokument som har kome i samband med oppstart planarbeid, og kommentarar til innspel/fråsegner. Viser også til vedlegg V2 og V3. Plankonsulent meinar at merknader og innspel er kommentert og ivaretatt på ein forsvarleg måte i planforslaget.

10 Sluttord.

På vegne av tiltakshavar ber vi om rask behandling av planforslaget.
Det vert her søkt om at dette private planforslaget blir tatt opp til behandling i kommunen etter plan- og bygningsloven (PBL) §§12-3 og 12-8.

Med helsing

Ing. Bjørnar Sporstøl

Mobil: 9186 8794
E-Post direkte: bjornar@sporstol.no

Vedlegg: Innspel til oppstart av planarbeid
Behandling av innspel til planarbeidet .
Referat frå oppstartsmøte og varslingsbrev.
ROS sjekkliste.
Utgreiing infrastruktur (VA)
Illustrasjon og Volumstudie

.

Med kopi til: Tiltakshavar

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/165
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/14	Formannskapet	14.10.2014

DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 MFL OMRÅDET F/K/O - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart vedteken mot ei røyst.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl – området F/K/O» sist revidert 17.09.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl – området F/K/O» sist revidert 17.09.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:
Uttaleinstansane i plansaker
Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:
01 – Plankart, sist revidert 17.09.2014
02 - Reguleringsføresegner
03 - Planomtale med tilhøyrande vedlegg

Uprenta vedlegg:

04 - Referat frå drøftingsmøte 20.08.2014.
05 - Brev frå Sporstøl Arkitekter AS på vegne av tiltakshavar, datert 01.09.2014.

Saksopplysningar:
Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavarane Rema 1000 Eiendom Vest AS og Johannes S. Eggesbø, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område på Eggesbøjorda. Området er tidlegare regulert gjennom områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL, med krav om ytterlegare detaljregulering for eit område som er avsett til forretning, kontor, tenesteyting (F/K/O).

Målet med planarbeidet er mellom anna å legge utvikle og tilby byggjeområder for forretning, kontor og bustader sentralt på Eggesbønes, samt avklare rammer for utbygging av ny Rema 1000 butikk på Eggesbøjorda, med tilhøyrande parkeringsplass og infrastruktur.

Planprosess
Gjeldande områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL blei godkjent av kommunestyret den 26.04.2012. Oppstart av planarbeid med denne detaljreguleringsplanen blei kunngjort 05.11.2013. Den 02.06.2014 mottok kommunen forslag til detaljreguleringsplan frå Sporstøl Arkitekter AS. Det er gjennomført naudsynt kontroll av planmateriale og gjort justeringar i både plankart, føresegner og planomtale før saka her er fremja for politisk behandling. Planforslaget er no førebudd og klart til offentleg ettersyn / høyring.

Administrasjonen gjennomførte drøftingsmøte med tiltakshavarar og plankonsulent den 20.08.2014, der forslagstillar gav klart uttrykk for at dei er usamde i kommunen sine krav til rekkjefølgje om å oppgradere Eggesbøvegen slik den er vist i områdeplan 201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL. Ein blei i møtet samde om at forslagstillar skriftleg skulle sende eit brev som synleggjorde deira synspunkt og eit revidert forslag basert på administrasjonen sine tidlegare tilbakemeldingar.

Den 01.09.2014 mottok kommunen revidert forslag til plan frå forslagstillar. Dette forslaget er no blitt gått i gjennom og klargjort for politisk behandling. I tilrådinga har administrasjonen valt å imøtekome forslagstillars ønske om føresegner og formålsavgrensingar knytt til utbyggingsrekkefølgje internt i planområdet.
Ein har ikkje imøtekome ynskje frå forslagstillar knytt til fjerning av kravet om oppgradering av resterande deler av Eggesbøvegen ved utbygging av delområda F/K/T2 og F/K/T3.

Planforslaget
Nedanfor blir det gitt ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen. Sakshandsamar vil gå gjennom planforslaget i presentasjon til Formannskapet.

Forretning/kontor/tenesteyting – F/K/T 1-3
Planforslaget legg til rette for i alt tre formålsområder der det kan etablerast kombinerte bygg for forretning, kontor og tenesteyting. Her kan det etablerast leilegheiter i bygningane sine 3.etasjer. Maks byggjehøgde skal ikkje overstige 11 meter. Utnyttingsgrad for området er BYA% = 50. Det vert tillate med etablering av parkeringskjellar for desse områda. Det er lagt vekt på at bygningar innanfor desse områda skal ha flate takkonstruksjonar og ei utforming som speglar dagens arkitektur.

Innanfor områda F/K/T 1-3 er det ikkje tillate å etablere kjøpesenter(detaljhandel) i byggjeområda F/K/T1 til F/K/T3 med eit samla bruksareal (BRA) på meir en 3000 m2, rekna til dei bruksføremål som *«Rikspolitiske retningslinjer om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstadar»* fastsett. Dette med bakgrunn i Møre og Romsdal fylke sin vedtekne fylkesdelplan for senterstruktur (FT-sak 56/2004). Denne avgrensinga gjeld inntil kommuneplan eller fylkesplanen fastsett noko anna.

Fordeling av areal til detaljhandel mellom formålsområda vert slik maks 1500 m2 til detaljhandel i området F/K/1 og 1500 m2 til fordeling på dei to andre områda F/K/T 2 og 3.

Bensinautomat – BA
I område BA kan det opparbeidast bygg og anlegg for automatiske bensinpumper. Bygningar i område BA skal ikkje overstige 6 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

Energianlegg – E
I område E kan det opparbeidast bygg og anlegg for trafostasjon – elektriske anlegg. Bygningar i område E skal ikkje overstige 3 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

Boligbebyggelse frittliggjande småhusbebyggelse – BF
I området BF kan det byggjast frittliggjande småhusbebyggesle. Området er tilleggsareal til bustadtomt gnr. 38 bnr.188

Grøntstruktur/vegetasjonsskjerm – GS
Innanfor områda GS1 – 4 kan det førast opp vegetasjonsskjerm i form av jordvoll eller planting av vegetasjon, eller som kombinasjon av desse. Endeleg dimensjon og utforming av områda skal godkjennast av kommunen. Desse grøntområda er tenkt for å skape ei «buffersone» avstand mellom næringsareal og kringliggjande bustadbebyggelse. Desse områda skal haldast fri for bygningar og anlegg.

Garasje/parkering – G/P
Områda f_P er felles garasje- og parkeringsanlegg for eigedomane gnr. 37 og bnr. 222, 373, 432 og 457. Det er i dag oppført garasjeanlegg på dette området. Det er her tillate å føre opp nye garasjer i rekkje innanfor regulerte byggjegrenser.

Vegar og sideareal – V og AV
Veg 1 er offentleg køyreveg «Eggesbøvegen» som skal oppgraderast som følgje av den trinnvise utbygginga innanfor områda F/K/T 1-3. Det er i plan knytt rekkjefølgjekrav til oppgradering av denne vegen som følgje av utbygginga i området. Veg 2 og 3 er felles private (interne) tilkomstvegar til dei kombinerte formålsområda. Desse vegane skal opparbeidast i ei naturleg utbyggingsrekkjefølgje som nemnt i reguleringsføresegnene.

Fortau - F
Fortau skal opparbeidast som vist på plankartet og samstundes med tilhøyrande vegareal. Desse areala skal sikre god trafikktryggleik og sikre ferdsel for mjuketrafikantar i området.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen viser til at denne detaljreguleringsplanen er ei «utfylling» av gjeldande områdeplan for det som blir kalla FKO på Eggesbøjorda. Planforslaget følgjer opp hovudtrekka i overordna plan, men er samstundes ei detaljering som legg rammene for seinare byggjeprosjekt. Tiltakshavar har i etterkant av godkjend områdeplan, tatt kostnadane med ei arkeologisk utgraving for dei tidlegare registrerte kulturminna. Universitetsmuseet i Bergen har gjennomført utgravingar og området er no frigitt til utbyggingsformål av Riksantikvaren. Arkeologi er soleis ikkje lenger eit tema i denne reguleringsplanen.

Når det gjeld plangrepet som er gjort i forslaget, viser rådmannen til at det pr i dag berre ligg føre konkrete planar for utbygging av ny Rema 1000 butikk innanfor området F/K/T 1. For å sjå området i eit heilskapleg og framtidig perspektiv, har ein sett det som naudsynt at denne planen no omfattar heile området FKO, slik at ein er sikker på at løysingane som blir valt ikkje vil vere til hindre for ei seinare utvikling av dei delane som blir kalla F/K/T 2 og 3.

Slik rådmannen ser det; vil nye forretningar, kontor og bustader på Eggesbønes generere meir trafikkbelastning på eksisterande vegnett og stille større krav til infrastrukturen i området. Særskilt vil det bli større trafikkbelastning på Eggesbøvegen (V1) ved at det blir etablert ei ny hovudavkøyrsle til planområdet frå denne vegen. I gjeldande områdeplan ligg der vedteke ei planløysing som viser at Eggesbøvegen i framtida skal opprustast og at det skal byggast fortau langs vegen. Det ligg ikkje føre eit rekkjefølgjekrav som direkte seier at vegen skal oppgraderast. Basert på korleis vegen er vist i plan og med omsyn til den trafikken som vil kome i området, ser rådmannen det som fagleg rett å nytte heimelen i plan- og bygningslova § 12-7, nr 10, til å tilrå at oppgradering av vegen skjer etappevis og på ein slik måte at oppgraderinga blir fordelt til utbygging av områda F/K/T 1-3. Rådmannen har difor valt å stille krav til at også F/K/T områda 2 og 3 må bidra til at Eggesbøvegen må oppgraderast etter kvart som desse områda blir utbygt. Dette vil vere eit krav som kjem i tillegg til at ny infrastruktur må etablerast internt i planområdet, noko som er naturleg som følgje av utbyggingsrekkefølgja i plan.

Forslagstillar har i siste brev til kommunen, datert 01.09.2014, gitt klart uttrykk for at dei er sterkt usamde i at det skal vere eit rekkjefølgjekrav for oppgradering av Eggesbøvegen for områda F/K/T 2 og 3.

Grunngjeving for rekkjefølgjekravet til oppgradering av Eggebøvegen, er at ein ser dette som viktig for å kunne oppnå ei funksjonell og sikker trafikkavvikling og bruk av forretningsareala i området.

Ei etablering av nye funksjonar i området vil generere meir trafikk til eit område som i dag ikkje har tilfredstillande løysingar for mjuke trafikantar eller standard på vegareal.Av omsyn til ovannemnde ser rådmannen det som riktig å halde på rekkjefølgjekravet om oppgradering av Eggesbøvegen.

Vidare ser ein det også som planfagleg tilrådeleg at det blir etablert ein tilkomst / kopling mellom handelsareala på Eggesbøjorda og til/frå eksisterande handelsareal Kiwi og Mega. Dette for å sikre ein naturleg samanheng mellom butikkane i området. På denne måten vil ein kunne vidareutvikle eit samla og heilskapleg handels- og servicetilbod på Eggesbønes.

Når det gjeld moglegheiter for etablering av detaljhandel, følgjer dette planforslaget opp rammene i gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda, som seier at det kan etablerast eit bruksareal på 3000 m2 detaljhandel i F/K/T – områda til saman.

Avslutningsvis vil rådmannen peike på at det i planomtalen er gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Både når det gjeld naturmangfald og risiko og sårbarheit. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve som gir grunnlag for ytterlegare utgreingar. Plankonsulent har kommentert og gjor greie for innkomne merknader til oppstart av planarbeid. Rådmannen vurderer denne handsaminga av innspela som tilfredstillande og ein finn difor ikkje grunnlag til å gå nærare inn på desse innspela i denne saksframstillinga. Plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sine framtidige ønskje for utnytting av areala for denne delen av Eggesbøjorda.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen særskilte
Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilte
Konsekvensar for drift:
Ingen særskilte

Fosnavåg, 17.09.2014

Erlend Krumsvik	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/165 L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 MFL OMRÅDET F/K/O - OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl – området F/K/O» sist revidert 17.09.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:
Uttaleinstansane i plansaker
Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:
01 – Plankart, sist revidert 17.09.2014
02 - Reguleringsføresegner
03 - Planomtale med tilhøyrande vedlegg

Uprenta vedlegg:

04 - Referat frå drøftingsmøte 20.08.2014.
05 - Brev frå Sporstøl Arkitekter AS på vegne av tiltakshavar, datert 01.09.2014.

Saksopplysningar:
Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavarane Rema 1000 Eiendom Vest AS og Johannes S. Eggesbø, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område på Eggesbøjorda. Området er tidlegare regulert gjennom områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL, med krav om ytterlegare detaljregulering for eit område som er avsett til forretning, kontor, tenesteyting (F/K/O).

Målet med planarbeidet er mellom anna å legge utvikle og tilby byggjeområder for forretning, kontor og bustader sentralt på Eggesbønes, samt avklare rammer for utbygging av ny Rema 1000 butikk på Eggesbøjorda, med tilhøyrande parkeringsplass og infrastruktur.

Planprosess
Gjeldande områdeplan 1515201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL blei godkjent av kommunestyret den 26.04.2012. Oppstart av planarbeid med denne detaljreguleringsplanen blei kunngjort 05.11.2013. Den 02.06.2014 mottok kommunen forslag til detaljreguleringsplan frå Sporstøl Arkitekter AS. Det er gjennomført naudsynt kontroll av planmateriale og gjort justeringar i både plankart, føresegner og planomtale før saka her er fremja for politisk behandling. Planforslaget er no førebudd og klart til offentleg ettersyn / høyring.

Administrasjonen gjennomførte drøftingsmøte med tiltakshavarar og plankonsulent den 20.08.2014, der forslagstillar gav klart uttrykk for at dei er usamde i kommunen sine krav til rekkjefølgje om å oppgradere Eggesbøvegen slik den er vist i områdeplan 201208 EGGESBØJORDA GNR.38 BNR.2 MFL. Ein blei i møtet samde om at forslagstillar skriftleg skulle sende eit brev som synleggjorde deira synspunkt og eit revidert forslag basert på administrasjonen sine tidlegare tilbakemeldingar.

Den 01.09.2014 mottok kommunen revidert forslag til plan frå forslagstillar. Dette forslaget er no blitt gått i gjennom og klargjort for politisk behandling. I tilrådinga har administrasjonen valt å imøtekome forslagstillars ønske om føresegner og formålsavgrensingar knytt til utbyggingsrekkefølgje internt i planområdet.
Ein har ikkje imøtekome ynskje frå forslagstillar knytt til fjerning av kravet om oppgradering av resterande deler av Eggesbøvegen ved utbygging av delområda F/K/T2 og F/K/T3.

Planforslaget

Nedanfor blir det gitt ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen. Sakshandsamar vil gå gjennom planforslaget i presentasjon til Formannskapet.

Forretning/kontor/tenesteyting – F/K/T 1-3
Planforslaget legg til rette for i alt tre formålsområder der det kan etablerast kombinerte bygg for forretning, kontor og tenesteyting. Her kan det etablerast leilegheiter i bygningane sine 3.etasjer. Maks byggjehøgde skal ikkje overstige 11 meter. Utnyttingsgrad for området er BYA% = 50. Det vert tillate med etablering av parkeringskjellar for desse områda. Det er lagt vekt på at bygningar innanfor desse områda skal ha flate takkonstruksjonar og ei utforming som speglar dagens arkitektur.

Innanfor områda F/K/T 1-3 er det ikkje tillate å etablere kjøpesenter(detaljhandel) i byggjeområda F/K/T1 til F/K/T3 med eit samla bruksareal (BRA) på meir en 3000 m2, rekna til dei bruksføremål som *«Rikspolitiske retningslinjer om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstadar»* fastsett. Dette med bakgrunn i Møre og Romsdal fylke sin vedtekne fylkesdelplan for senterstruktur (FT-sak 56/2004). Denne avgrensinga gjeld inntil kommuneplan eller fylkesplanen fastsett noko anna.

Fordeling av areal til detaljhandel mellom formålsområda vert slik maks 1500 m2 til detaljhandel i området F/K/1 og 1500 m2 til fordeling på dei to andre områda F/K/T 2 og 3.

Bensinautomat – BA
I område BA kan det opparbeidast bygg og anlegg for automatiske bensinpumper. Bygningar i område BA skal ikkje overstige 6 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

Energianlegg – E
I område E kan det opparbeidast bygg og anlegg for trafostasjon – elektriske anlegg. Bygningar i område E skal ikkje overstige 3 meter over gjennomsnittlig ferdig planert terreng rundt bygget.

Boligbebyggelse frittliggjande småhusbebyggelse – BF
I området BF kan det byggjast frittliggjande småhusbebyggesle. Området er tilleggsareal til bustadtomt gnr. 38 bnr.188

Grøntstruktur/vegetasjonsskjerm – GS
Innanfor områda GS1 – 4 kan det førast opp vegetasjonsskjerm i form av jordvoll eller planting av vegetasjon, eller som kombinasjon av desse. Endeleg dimensjon og utforming av områda skal godkjennast av kommunen. Desse grøntområda er tenkt for å skape ei «buffersone» avstand mellom næringsareal og kringliggjande bustadbebyggelse. Desse områda skal haldast fri for bygningar og anlegg.

Garasje/parkering – G/P
Områda f_P er felles garasje- og parkeringsanlegg for eigedomane gnr. 37 og bnr. 222, 373, 432 og 457. Det er i dag oppført garasjeanlegg på dette området. Det er her tillate å føre opp nye garasjer i rekkje innanfor regulerte byggjegrenser.

Vegar og sideareal – V og AV

Veg 1 er offentleg køyreveg «Eggesbøvegen» som skal oppgraderast som følgje av den trinnvise utbygginga innanfor områda F/K/T 1-3. Det er i plan knytt rekkjefølgjekrav til oppgradering av denne vegen som følgje av utbygginga i området. Veg 2 og 3 er felles private (interne) tilkomstvegar til dei kombinerte formålsområda. Desse vegane skal opparbeidast i ei naturleg utbyggingsrekkjefølgje som nemnt i reguleringsføresegnene.

Fortau - F
Fortau skal opparbeidast som vist på plankartet og samstundes med tilhøyrande vegareal. Desse areala skal sikre god trafikktryggleik og sikre ferdsel for mjuketrafikantar i området.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen viser til at denne detaljreguleringsplanen er ei «utfylling» av gjeldande områdeplan for det som blir kalla FKO på Eggesbøjorda. Planforslaget følgjer opp hovudtrekka i overordna plan, men er samstundes ei detaljering som legg rammene for seinare byggjeprosjekt. Tiltakshavar har i etterkant av godkjend områdeplan, tatt kostnadane med ei arkeologisk utgraving for dei tidlegare registrerte kulturminna. Universitetsmuseet i Bergen har gjennomført utgravingar og området er no frigitt til utbyggingsformål av Riksantikvaren. Arkeologi er soleis ikkje lenger eit tema i denne reguleringsplanen.

Når det gjeld plangrepet som er gjort i forslaget, viser rådmannen til at det pr i dag berre ligg føre konkrete planar for utbygging av ny Rema 1000 butikk innanfor området F/K/T 1. For å sjå området i eit heilskapleg og framtidig perspektiv,
har ein sett det som naudsynt at denne planen no omfattar heile området FKO, slik at ein er sikker på at løysingane som blir valt ikkje vil vere til hindre for ei seinare utvikling av dei delane som blir kalla F/K/T 2 og 3.

Slik rådmannen ser det; vil nye forretningar, kontor og bustader på Eggesbønes generere meir trafikkbelastning på eksisterande vegnett og stille større krav til infrastrukturen i området. Særskilt vil det bli større trafikkbelastning på Eggesbøvegen (V1) ved at det blir etablert ei ny hovudavkøyrsle til planområdet frå denne vegen. I gjeldande områdeplan ligg der vedteke ei planløysing som viser at Eggesbøvegen i framtida skal opprustast og at det skal byggast fortau langs vegen.
Det ligg ikkje føre eit rekkjefølgjekrav som direkte seier at vegen skal oppgraderast. Basert på korleis vegen er vist i plan og med omsyn til den trafikken som vil kome i området, ser rådmannen det som fagleg rett å nytte heimelen i plan- og bygningslova § 12-7, nr 10, til å tilrå at oppgradering av vegen skjer etappevis og på ein slik måte at oppgraderinga blir fordelt til utbygging av områda F/K/T 1-3.
Rådmannen har difor valt å stille krav til at også F/K/T områda 2 og 3 må bidra til at Eggesbøvegen må oppgraderast etter kvart som desse områda blir utbygt.
Dette vil vere eit krav som kjem i tillegg til at ny infrastruktur må etablerast internt i planområdet, noko som er naturleg som følgje av utbyggingsrekkefølgja i plan.

Forslagstillar har i siste brev til kommunen, datert 01.09.2014, gitt klart uttrykk for at dei er sterkt usamde i at det skal vere eit rekkjefølgjekrav for oppgradering av Eggesbøvegen for områda F/K/T 2 og 3.

Grunngjeving for rekkjefølgjekravet til oppgradering av Eggebøvegen, er at ein ser dette som viktig for å kunne oppnå ei funksjonell og sikker trafikkavvikling og bruk av forretningsareala i området.

Ei etablering av nye funksjonar i området vil generere meir trafikk til eit område som i dag ikkje har tilfredstillande løysingar for mjuke trafikantar eller standard på vegareal.Av omsyn til ovannemnde ser rådmannen det som riktig å halde på rekkjefølgjekravet om oppgradering av Eggesbøvegen.

Vidare ser ein det også som planfagleg tilrådeleg at det blir etablert ein tilkomst / kopling mellom handelsareala på Eggesbøjorda og til/frå eksisterande handelsareal Kiwi og Mega. Dette for å sikre ein naturleg samanheng mellom butikkane i området. På denne måten vil ein kunne vidareutvikle eit samla og heilskapleg handels- og servicetilbod på Eggesbønes.

Når det gjeld moglegheiter for etablering av detaljhandel, følgjer dette planforslaget opp rammene i gjeldande områdeplan for Eggesbøjorda, som seier at det kan etablerast eit bruksareal på 3000 m2 detaljhandel i F/K/T – områda til saman.

Avslutningsvis vil rådmannen peike på at det i planomtalen er gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Både når det gjeld naturmangfald og risiko og sårbarheit. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve som gir grunnlag for ytterlegare utgreingar. Plankonsulent har kommentert og gjor greie for innkomne merknader til oppstart av planarbeid. Rådmannen vurderer denne handsaminga av innspela som tilfredstillande og ein finn difor ikkje grunnlag til å gå nærare inn på desse innspela i denne saksframstillinga. Plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sine framtidige ønskje for utnytting av areala for denne delen av Eggesbøjorda.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen særskilte
Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilte
Konsekvensar for drift:
Ingen særskilte

Fosnavåg, 17.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

1

Vedtaket i formannskapet 14.10.14 om å legge rguleringa av Eggesbøvegen til mitt areal er ei stor belastning.
Eg har vorte pålagd å regulere meir enn mitt areal.
Det har ført til at fleire no har fått byggeklar tomtene sine og selt dei til eit firma.

Skulle ikkje også desse ta del i utgiftene til bygging av Eggesbøvegen?
Kva med helsesenteret/ kommunen som er "storbrukarar" av Eggesbøvegen?
Det er også observert trailarar frå Marine Harvest som køyrer ut ved Herøysenteret.

Kvifor skal eg legge til rette for alle desse?

Dette er eit offentleg ansvar!

Kven andre enn Lanternen/Jensholmen har utvida offentleg veg (dette er kanskje 20m) ?

Helsing
Johannes S. Eggesbø

(2)

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 27.10.2014
Vår ref.: 201303826-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.10.2014
Dykkar ref.: 2013/165

Sakshandsamar:
Terje Systad

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda GBnr 38/2 mfl området FKO - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 16.10.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Eggesbøjorda. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for meir kontor, forretning og bustader.

NVE har ingen merknader til planen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

3

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr	Arkivkode	Dato
2013/165	L12	28.11.2014

LANDBRUKSFAGELEG UTTALE DETALJREGULERING EGGESBØJORDA

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til planarbeidet.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647 11 04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

(4)

Utv.

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr: 2013/165 Saksbeh. AZT
- 3 DES. 2014
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok nr. 26
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud - <tomt>	2013/142776-004		25.11.2014

Herøy kommune - Reguleringsplan Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m.fl. - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til e-post av 12.11.2014 frå Herøy kommune med vedlegg av forslag lag ut til offentleg ettersyn av privat detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl.

(Kommunen har sendt planforslaget til Vegvesenet, etter oppmoding herifrå, i og med at vi ikkje – etter det vi kan sjå - hadde fått forslaget tilsendt tidlegare. Varselet om oppstart av planarbeidet kan vi heller ikkje sjå er registreret motteke her.)

Vegvesenet har ikkje vesentlege merknader til sjølve den detaljerte planutforminga i forslaget, men vi saknar av plandokumenta/-omtalen ei nærare drøfting og vurdering av trafikale konsekvensar realiseringa av regulert arealbruk vil føre til på det offentlege vegnettet til og frå reguleringsområdet.

Som kjent har kommunen under arbeid eit forprosjekt med sikte på utbetringsløysingar på fylkesveg 654 strekninga Flusundkrysset-Kvithaugmyrkrysset, med mellom anna utbetring av krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen.
Det kan nemnast at til varsel om oppstart av privat detaljregulering på eigedomen gnr 37 bnr 222 m.fl. – naboeigedomen til Eggesbøjorda – uttalte Vegvesenet til utførande planleggingsfirma i brev av 11.d.m; *«Vi føreset at varsla regulering vert sett i samanheng med og tilpassa reguleringa av kryssløysinga mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen m.m. Det med sikte på å få på plass ei heilskapleg regulering for området med trafikktrygge og funksjonelle løysingar.»*

Etter dette rår vi til at planforslaget for Eggesbøjorda vert meir heilskapleg drøfta og vurdert i høve til trafikale utfordringar og konsekvensar gjennomføringa av reguleringa vil skape på det offentlege vegnettet til og frå planområdet. Det bør i den samanheng konkret vurderast om det vil vere føremålstenleg om det gjennom reguleringsplanen bør innarbeidast rekkjefølgjekrav om at krysset mellom fylkesvegen og Eggesbøvegen skal utbetrast før arealbruken i planforslaget som ligg føre vert realisert.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

5

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Stig Vestnes <stig@fokusregnskap.no>
Sendt: 19. november 2014 19:48
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: Reguleringsplan Eggesbøjorda

Innspel til reguleringsplan for Eggesbøjorda.

Sameiget Herøysenteret, Eggesbøvegen 2 har i sameigermøte i dag 19.11.2014 uttrykt stor bekymring for dei trafikale forhold for inn og utkøyring til Myklebustvegen og til parkeringsområdet rundt Herøysenteret og KIWI bygget.

Vi registrerer utbyggingsplaner hos KIWI, hos Rema 1000, Eggesbøjorda og generelt økt trafikk i området.
Før vidare utbygging forventer vi at det foreligger ny og bedre løsning for heile området.

Sameigarane på Herøysenteret ønsker å få presentert Herøy Kommune sine planer for krysset ved Herøysenteret samt inn/utkøyring fra Herøysenteret/Coop, Kiwi og nye Rema 1000.
Området er i dag ikkje egna for mjuke trafikanter.

For Sameiget Herøysenteret

Stig Vestnes
Styreleiar

Fokus Regnskap AS
Stig Vestnes
Daglig leder / Autorisert regnskapsfører
Telefon: 700 81 296 - Telefax: 700 81 291 - Mobil - 950 29 613
stig@fokusregnskap.no - www.fokusregnskap.no
Kvalitet i fokus

Ta miljøhensyn – vurder om du virkelig må skrive ut denne e-posten!

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

13/165 (6)

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
05.12.2014
Dykkar dato
16.10.2014

Vår ref.
2013/7088/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/165 Saksbeh. AFT
- 9 DES. 2014
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 27
Kassasjon

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjorda gnr38 bnr2 m.fl - område F/K/O
Fråsegn ved offentleg ettersyn – motsegn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Detaljhandel
Vi viser til vårt innspel til varsel om oppstart av 04.12.2013. Utviding av areal for detaljhandel har vore tema i fleire saker tidlegare i dette området. Vi vil vise til ei sak som var på høyring i 2012 som omfatta utviding av Herøysenteret og spesielt utviding av Coop-butikken med 400 m^2. I brev av 18.01.2012 går det fram at Fylkesmannen hadde motsegn til denne søknaden. Dette vart sett i samanheng med forretningsareal avsett i bebyggelsesplan for Kvithaugsmyra. Samla forretningsareal for Myklebust/Eggesbønes overstig allereie 3000 m^2som er grensa for detaljhandel i område utanfor sentrum i byar og tettstadar. Vi har også gitt fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid på gnr37/bnr222 på Eggesbø der vi varsla motsegn ut frå at det er ønske om auke i detaljhandel ved utviding av Kiwi-butikken. Alt må sjåast på som eitt område. I denne planen er det planar om ny Rema 1000 butikk med nye 3000 m2 forretningsareal.

Herøy kommune har nyleg vedteke ny kommuneplan. I føresegnene § 2.2 Fosnavåg sentrum går det m.a fram følgjande:
«*Detaljhandel bør avgrensast innanfor ei avgrensing på 500 meter frå Thon Hotel Fosnavåg til Sunnmørsfisk*». Vidare at: «*Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset skal vere avlastningsområde for sentrum for arealkrevjande varer*». Vi tolkar dette slik at eksisterande detaljhandel kan fortsette innanfor dei rammene ein har, men at det ikkje skal vere ei utviding av detaljhandelen i desse områda. Det skal skje i Fosnavåg. Dette er i tråd med den nasjonale arealpolitikken nedfelt i «Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter» og gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur (ny plan på høyring no).

Fylkesmannen ber Herøy kommune få til eit møte med synfaring for å diskutere samla ønske om auke i detaljhandel i området Eggesbønes/Myklebust. Årsaka er at vi er noko usikre på kva som er fastsett i gjeldande reguleringsplanar. Fylkesmannen og fylkeskommunen må delta her, samt Statens vegvesen dersom trafikktryggleik også er eit tema.

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	E-post:	Web:
Fylkeshuset 6404 Molde	71 25 84 43	71 25 85 10	postmottak@fmmr.no	www.fylkesmannen.no

Barn og unge sine interesser
Det er ikkje vist noko leikeareal i reguleringsplanen. Planen viser at på områda F/K/T1, 2 og 3 kan det etablerast leilegheiter i 2 og 3 etasje. I føresegnene § 4.1.6 om uteopphaldsareal, går det fram at eit fellesareal skal vere på minimum 100 m2 som er eigna for leik og vere universelt utforma. Slik leikeplass er ikkje vist i plankartet. Det manglar også funksjonskrav (sandkasse, dissestativ, benkar mv), rekkefølgjekrav og kven som er ansvarleg for å opparbeide og vedlikehalde leikeplassen.

Konklusjon
Fylkesmannen har motsegn til reguleringsplanen som opnar for forretningsareal med inntil 3000 m^2. Vi viser til føresegnene § 4.1.4.

Fylkesmannen har også motsegn til planen då RPR for å styrke barn- og unge sine interesser i planlegginga ikkje er følgt opp i planen. Leikeareal må visast i planen og det må fastsettast rekkjefølgje- og funksjonskrav til leikeområde, jf pbl § 12.7.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ADVOKATENE
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES
I KONTORFELLESSKAP
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

2013/165

7

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr. 2013/165 | Saksbeh. ARI
- 9 DES. 2014
Ark kode P L12
Ark kode S
J nr. | Dok nr 28
Kassasjon

Herøy kommune
v/ utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Ålesund, 8. desember 2014
BKH/nw

Ad Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m.fl. området FKO – Offentleg ettersyn.
Merknader fra Barstad Klær AS.

Jeg viser til kommunens utlegging av ovennevnte Detaljreguleringsplan for offentlig ettersyn med merknadsfrist 08. desember 2014.

Dette idet opplyses at jeg bistår Barstad Klær AS som er huseier til og utleier av lokalene som dagligvarebutikken KIWI er etablert i og således er nabo til planområdet. Min part Lindor Barstad – er også eier av gnr. 37 bnr. 432, 456 og 457 som alle grenser inn til planområdet. Sistnevnte bistås også av undertegnede.

Litt nærmere om min parts interesser og erfaringer.
Innledningsvis skal nevnes at min parts bygningsmasse i over 30 år nå har vært utleiet til dagligvarebutikk. Under KIWIs tid i lokalene er av myndighetene nektet utvidelse av dagligvarebutikklokalene under henvisning til 3.000 m^2-regelen, jf. Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre. En begrensning som for øvrig også er nedfelt i gjeldende arealplan – (BP2 Kvithaugsmyra).

Min part mener å vite at COOP (nabobutikken) også skal ha vært nektet å utvide under henvisning til 3.000 m^2-begrensningen. Tilrettelegging for en ytterligere dagligvarebutikk i dette nærområde vil representere et uakseptabelt anslag mot min parts utleiemuligheter. Det vil dertil fremstå rettstridig å nekte min parts eiendom utvidelse og samtidig vedta tilretteleggelse for annen aktørs tillatelse på naboareal.

ADVOKAT
SVERRE AARSÆTHER
Org.nr. 974 953 935
Mob.tlf.: 415 70 940
E-post: aarsether@wah.no

ADVOKAT
BJØRN KRISTIAN HOVE
Org.nr. 975 683 389
Mob.tlf.: 908 94 668
E-post: hove@wah.no

ADVOKAT
DAGFINN TYNES
Org. nr. 985 323 127
Mob.tlf.: 478 66 130
E-post: tynes@wah.no

Kipervikgt. 10, N-6003 Ålesund
Postboks 815, N-6001 Ålesund
Telefon: 47 – 70 16 10 50
Telefax: 47 – 70 16 10 51
E-post: post@wah.no
Org.nr. 971 448 652

På slik bakgrunn og med slikt utgangspunkt formuleres følgende innsigelser mot det utlagte forslag til plan:

1. Strider mot "Forskrift mot rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre" (FOR-2008-06-27-742) og gjeldende Kommuneplan (areladelen), jf. pbl. § 11-7, pkt. 1.

Jeg viser til kjøpesenterforskriftens § 3, annet ledd og konstaterer at forslaget innebærer tilretteleggelse av ny stor dagligvarebutikk (Rema 1000) og inntil 3.000 m^2 detaljhandel innen planområdet.

Av plandokumentene synes lagt til grunn at en her, i forskriftens kontekst, står overfor nyetablering, ikke utvidelse av alt etablert kjøpesenter i området. Det er feil regelforståelse. Bygging av ny dagligvarebutikk innen planområdet vil være likt å regne med for eksempel utvidelse av COOPs butikk eller utvidelse av butikklokalet innen min parts bygning. Det vil være i strid med kjøpesenterforskriften. Om det hersker ikke tvil. At virksomheten ligger i et annet reguleringsplanområde enn COOP og min parts bygning, er uten enhver betydning i slik sammenheng. Om så ikke var, ville kjøpesenterforskriften være lett å omgå og fremstå uten effekt.

Min parts eiendom (og COOPs) er underlagt "Bebyggelsesplan "Kvithaugsmyrane "Eggesbønes, Herøy kommune" av 25. april 2000- kodifisert ved kommunedelplan for Bergsøy, Arealdelen 16. desember 2004 (og nå nevnt blant godkjente reguleringsplaner, jf. Føresegner § 8 til nylig vedtatt Kommuneplan). Ved planens føresegner § 11, annet ledd heter blant annet følgende:

> *"I areal for "forretning/kontor m.v." er det ikkje tillat å etablere kjøpesenter med bruksareal på meir enn 3.000 m^2 eller å utvide eksisterande kjøpesenter slik at samla bruksareal overstiger denne grensa".*

Arealdisponering av naboareal til fordel for kjøpesenterformål, vi således utover å fordre hjemmel i kommuneplanens arealdel, (jf. pbl. 11-7) – som her mangler – også måtte være "i samsvar med godkjente fylkesplaner eller fylkesdelplaner eller fylkesdelplaner med retningslinjer for lokalisering av varehandel.....", jf. kjøpesenterforskriftens § 3. Slikt samsvar foreligger heller ikke.

Ved Føresegner for Kommuneplanen sin arealdel (Kommuneplan for Herøy 2013-2025) – helt nylig vedtatt – heter ved § 2.2 annet og tredje ledd følgende:

> *"Detaljhandel bør sentraliserast innanfor ei avgrensing på 500m frå Thon Hotel Fosnavåg til Sunnmørsfisk. For bygningar i sentrum bør 1 etg. vere avsett til detaljhandel og tenesteyting.*
>
> *Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset skal vere avlastningsområde for sentrum for arealkrevjande næringar. Dette er ikkje vist som eiga avgrensing i kartet."*

Forslaget strider således både mot kjøpsenterforskriften og nylig vedtatt kommuneplan og skal samsvarende forkastes.

2. Dagligvareomsetningen i dette området åpner ikke for en ytterligere dagligvarebutikk.
En ny dagligvarebutikk med størrelse av den nå varslede, vil ha behov for en årsomsetning rundt ca kr. 70 million. Dagens totalomsetning i dette nærområdet utgjør med utgangspunktet i tilgjengelige (og pålitelige) omsetningstall, i underkant av kr. 140 millioner pr. år (KIWI, COOP og SPAR).

Dette er viktige størrelser planmyndigheten plikter å legge til grunn.

KIWI omsetter nå årlig for ca 47 million kroner.

Den varslede etablering vil måtte ta sin omsetning fra de etablerte. Min parts leietaker – KIWI – er innen samme markedssegment som det foreslåtte og har ikke større omsetning enn nødvendig for driften slik det er nå. Et enkelt regnestykke gir derved svaret. Å åpne for en slik ny dagligvarebutikk vil ramme de etablerte, i slik grad og på slikt vis, at det ved planen ikke skal åpnes for slik etablering. Det er slike aspekter planmyndigheten også skal våke over ved arealplanlegging, jf. pbl. § 1-1 og § 3-1.

Det blir planfaglig galt ved planvedtaket å åpne for en ytterligere dagligvarebutikk når omsetningsgrunnlaget truer etablerte butikker. Særlig gjelder det når de etablerte er nektet utvidelse og den nye alene gis tilgang til like stort areal som de to etablerte nabobutikkene til sammen. Slik skal det ikke være.

3. Bensinstasjon:
I denne delen av kommunen er fra før etablert to bensinstasjoner – hvorav den ene er nyåpnet etter konkurs.

Ved foreslått plan ønskes å etablere en ytterligere bensinstasjon i dette nærområdet. Hva skulle være den planfaglige begrunnelse for et slikt "grep". Å øke driftstofforbruket eller å ta "knekken" på de etablerte bensinstasjoner? Det første er vel lite lett – om ønskelig? – det siste en iboende konsekvens.

En står her overfor akkurat de samme vurderinger og utfordringer som for dagligvarebutikkene. Det pliktes ved planlegging å utrede samt å ta omsyn til konsekvenser ved forslag.

4. Konsekvensvurdering er nødvendig, jf. Forskrift om konsekvensutredningen (FOR-2009-06-26-855), § 2 f (vedlegg I A 1), § 3 a (vedlegg II A 1) og d (jf. pbl. § 11-7 og vedtatt kommuneplan/arealdelen), jf. § 4 d.

Foreslått plan gjelder i de fleste henseende kvalifiserte utbygginger, hvor flere av forskriftens bestemmelser utløses med krav om konsekvensutredning.

Ikke bare ovennevnte forhold tilsier konsekvensutredning:

En så stor utbygging som det foreslåtte medfører, kan **ikke** betjenes ved dagens vegløsninger.

Krysset FV 654/Eggesbøveien er fra før overbelastet. Det er ikke tjenlig for avvikling av dagens trafikk.

Den nå foreslåtte utbygging – sågar med ny bensinstasjon – vil medføre en trafikksituasjon utløsende krav om / behov for rundkjøring i ovennevnte kryss. Dertil vil Eggesbøveien måtte utvides og opprustes for planfaglig forsvarlig å kunne betjene den trafikk det foreslåtte vil generere. All trafikk til og fra aktuelt planområde vil i prinsippet gå langs den trafikkåren.

Slike trafikale løsninger må nedfelles som forutsetninger for og inngå som del av arealplanløsningene her. For F/K/T1 (Rema) må deler av Eggesbøvegen med fortau etableres / oppgraderes. En etablering av en dagligvarebutikk vil resultere i økt trafikk (kjørende og gående) og det vil derfor ikke være tilfredsstillende at de etablerer fortau og oppgraderer vegen bare en liten del. Skal vegen ha kapasitet til å håndtere den økte trafikken bør det etableres fortau og oppgradert veg fram til vegkryss mot vest. (Avkjørselen til Herøysenteret IHHT plan 1515201208). Dette må legges inn i rekkefølgebestemmelsen.

Planområdet må følgelig utvides og med tilhørende rekkefølgekrav utelukkende utbygging før nødvendig infrastruktur er på plass.

5. Rettstridig – såvel privatrettslig som offentligrettslig.
Den varslede planløsning strider dessuten mot gjeldende arealplan innen min parts eiendom, jf. Kommuneplanens område BP2. Jeg viser til aktuell plan med Forskrifter.

Ved forslaget nå er i tilknytning til bensinstasjonområdet foreslått en kjøreveg inn på min parts eiendom. En vegløsning som i seg selv vil ødelegge arealplangodkjente parkeringsplasser innen min parts eiendom i tilknytning til dagligvarebutikken der. Noe slikt er selvsagt **ikke** aktuelt. Forslaget må innrettes slik at det ikke kommer i strid med vedtatte arealdisponeringer på naboeiendommer.

En slik løsning som foreslått fordrer utvidelse av planområdet til også å omfatte videreføring av denne vegen. Det er ikke planfaglig gangbart å avslutte vegen ved plangrensen og så la resten "greie seg i sjøen".

Min part aksepterer ikke etablering av veg innover eget parkeringsområde. (Forslaget og ønsket om sammenbinding understreker for øvrig at det legges til grunn å være samme området, jf. 3000 m^2- kravet).

6. Ovenstående innsigelser / merknader underbygges også av overordnet forvaltningsnivås vurderinger.

I tilknytning til ønske fra KIWI om utvidelse av den dagligvarebutikken, har såvel Fylkesmannen i Møre og Romsdal som Møre og Romsdals Fylkeskommune i tilknytning til oppstartvarselet i den sammenheng, gitt merknader som stadfester at ovenstående innsigelser herfra også samsvarer med såvel Fylkesmannen i Møre og Romsdal som Møre og Romsdals Fylkeskommunes planfaglige / rettslige vurderinger.

Begge nevnte uttalelser følger til orientering vedlagt som

Bilag 1: Fylkesmannen i Møre og Romsdals uttalelse 21. november 2014 stilet Plot Arkitekter AS.

Bilag 2: Møre og Romsdal Fylkeskommunes uttalelse 18. november 2014 stilet Plot Arkitekter AS.

Gitt Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er konsistente i sine tilnærminger – noe en må kunne kreve av aktuelt forvaltningsnivå – antas at begge instanser vil fremme innsigelser mot nå utlagte detaljreguleringsplanforslag ("Eggesbøjorda").

****

Herfra fastholdes under enhver omstendighet slike merknader som inntatt i det ovenstående, idet bes om at planen nektes godkjent slik utlagt. Blant annet Rikspolitiske retningslinjer samt helt nylig vedtatt kommuneplan (Kommuneplan for Herøy 2013- 2025), står til hinder for en ny større dagligvarebutikk i dette området.

Med vennlig hilsen

Bjørn Kristian Hove
advokat

Vedlegg

(8)

Fra: postmottak Sendt: 10. desember 2014 11:57 Til: Arkiv Emne: FW: Reguleringsplan Eggesbøjorda Helsing HERØY KOMMUNE Postmottak 7008 1300 www.heroy.kommune.no Fra: Camilla Storøy Hermansen Sendt: 10. desember 2014 10:48 Til: postmottak Emne: Reguleringsplan Eggesbøjorda

Hei!

(Denne mailen såg eg no i utboksa. Den hadde ikkje blitt sendt laurdag slik eg trudde. Har vore mykje fram og tilbake med VPN-tilkoblinga mi.) Håper denne kan kome med likevel.

Mvh Camilla

UTTALE FRÅ BARNEREPRESENTANTEN: Slik eg les planen er i dette området tatt godt omsyn til barna. Her er regulert inn fortau og uteopphaldsareal som er eigna for leik. Det er bra! Eg vil likevel minne om at dette er eit område med svært stor trafikk og til tider kaos, derfor er dei svake trafikantane svært viktige blir trygga når dette området skal utviklast endå meir. Dette er derfor eit viktig fokus å ha.

Helsing

Camilla Storøy Hermansen,

Barnerepresentanten

(9)

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	16.10.2014	65046/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	05.12.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjorda område F/K/O - offentleg ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering
Vi viser til vår merknad vedrørande oppstartvarsel (Plot Arkitekter) for detaljregulering gbnr 37/222, som vart sendt kommunen i kopi 18.11.2014. Vi varsla der at ein må sjå samanheng mellom desse to planane når det gjeld eventuelt strid med Rikspolitisk bestemming (RPB) om kjøpesenter og tilhøyrande fylkesdelplan.

I planomtalen er vist til delplan for Bergsøy, men også til rullering av kommuneplanen. Sistnemnde vart eigengodkjent 30.10.2014, og er såleis det rettsgrunnlaget som gjeld no, men ikkje då Eggesbøjorda vart sendt ut til ettersyn. Den nye kommuneplanen viser til gjeldande reguleringsplanar for dette området og det er reguleringsstatusen som vert endra.

I planområdet for gbnr 37/222 er det allereie etablert detaljhandel, slik at når planen for Eggesbøjorda opnar for nye 3000 kvm, vil dette vere i motstrid mot RPB. Byggesøknad for daglegvare innanfor planområdet er i følgje planomtalen sett på vent av omsyn til planprosessen. Dette prosjektet åleine kan kanskje innpassast sjølv om totalarealet detaljhandel i begge planane skal vere mindre enn 3000 kvm. Planomtalen er ikkje særleg tydeleg på dette, og drøftar heller ikkje samanhengen med tilstøytande areal. Vi kan ikkje finne at konsekvensar av detaljhandel i Eggesbøområdet heller er utgreidd på kommuneplannivået. Vi viser i varsel til oppstart til drøftingar om dispensasjon i nærliggande område. Vi kan heller ikkje finne at dette er drøfta. Vi minner elles om at strid med Rikspolitiske retningsliner utløyser krav om KU etter KU-forskrifta § 3, jamfør § 4 d.

Med dette som utgangspunkt reiser vi motsegn mot planforslaget. Sidan det tidlegare har vore aksept for Rema 1000 i området, stiller vi likevel gjerne til eit møte i Fosnavåg med sikte på å kome fram til eit planresultat nokså snart. Fylkesmannen bør også vere med på dette møtet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef
(./.)

Johnny Loen
Plansamordnar

10

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Petter Hjortland <petter.hjortland@rema.no>
Sendt: 8. desember 2014 14:12
Til: postmottak
Kopi: Aleksander Zahl Tarberg; Johannes S. Eggesbø (jo-egge@online.no); Bjørnar Sporstøl; REMA 1000 Moa
Emne: Merknad detaljreguleringsplan for Eggesbøgjorda

REMA Eiendomsutvikling Vest AS (tidligere REMA Eiendom Vest AS) er forslagstiller på ovennevnte plan, men finner det like fullt nødvendig å komme med en merknad til planen.

Etter planforslaget ble sendt Herøy kommune har kommunen besluttet å endre rekkefølgebestemmelsene slik at områdene F/K/T 2 og F/K/T 3 skal besørge og bekoste utbedring av Eggesbøveien utenfor planområdet. Det er åpenbart urimelig å pålegge disse to feltene utbedring av Eggesbøveien sørøstover utenfor planområdet da det ikke vil være utbygging av disse to feltene som eventuelt utløser behovet for oppgradering av veien. Dette har vi tidligere påpekt overfor kommunen i drøftingsmøte 20.08.2014. Det naturlige er at alle delfeltene i reguleringsplanen deltar i oppgradering av Eggesbøveien innenfor planområdet (o_V1).

I tillegg til at en slik utbygging ikke utløser behovet for oppgradering av Eggesbøveien utenfor planområdet, vil kostnaden knyttet til rekkefølgekravet være i en slik størrelsesorden at prosjektene blir vanskelig å realisere økonomisk.

Vi ber om at dere tar merknaden til følge og endrer reguleringsbestemmelsene i tråd med dette.

Med vennlig hilsen
Petter Hjortland
Daglig leder

+47 99 23 66 50 | petter.hjortland@rema.no

REMA Eiendomsutvikling Vest AS

+47 55 55 81 80
Torget 7, 5014 Bergen
PB 1116 Sentrum, 5809 Bergen

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2013/165	L12	16.12.2014

DETALJREGULERING GNR 38/2 MFL OMRÅDET F/K/O EGGESBØJORDA - UTTALE FRÅ ANLEGGS- OG DRIFTSAVDELINGA

Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje merknader til sjølve reguleringsplanen for det avgrensa området. Ved utbygging av området må imidlertid gangvegar/fortau langs Eggesbøvegen, utanfor det regulerte området, både til krysset med Grønhaugvegen og krysset med FV654 byggast ut samstundes. Det må avklarast nærare kven som skal stå for, og koste desse arbeida.

Med helsing

Jon Rune Våge

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

(12)

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	14.01.2015	2333/2015/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	02.02.2015

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjorda - utbygging av sentrumsareal område F/K/O - motsegn trekt

Vi viser til motsegn gitt i brev 5.12.14 og orientering frå kommunen i brev 14.1.15

Slik kommunen gjer greie for, er det fleire reguleringsplanar og prosessar i området på Myklebust, og detaljhandel har vore diskutert ved ulike høve i samband med dette. I brev 14.1.15 gjer kommunen greie for samanhengen mellom desse planane/prosessane, og viser til at fylkeskommunen i samband med overordna plan for Eggesbøjorda, har akseptert detaljhandel i samsvar med det ein no detaljregulerer for. Dette kom ikkje tydeleg fram ved høyringa i desember.

Vi står sjølvsagt ved den aksepten vi har gitt tidlegare og seier oss leie for den ekstra tida saken har teke. Motsegna er med dette trekt.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(E) AZT

Saksbehandlar, Innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
02.02.2015
Dykkar dato
14.01.2015

Vår ref.
2013/7088/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

2013/165 AZT
L12

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Eggesbøjorda gnr38 bnr2 - område F/K/O - trekking av motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 14.01.2015 med ein grundig gjennomgang av plansituasjonen på Eggesbønes/Myklebust.

Fylkesmannen vil med dette trekke motsegna til planen.

Med helsing

Sveinung Dimmen(e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	E-post:	Web:
Fylkeshuset 6404 Molde	71 25 84 43	71 25 85 10	postmottak@fmmr.no	www.fylkesmannen.no

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/32
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
61/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

DETALJREGULERING FOR HULDAL AUST - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljreguleringsplan for Huldal aust» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 17.02.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

01 – Plankart, sist revidert 17.02.2015
02 - Føresegner, sist revidert 17.02.2015
03 - Planomtale, datert 28.10.2014.
04 - F-sak 197/14 – Vedtak om offentleg ettersyn av planforslag
05 - Innspel til offentleg ettersyn (samla)

Uprenta vedlegg

- Vedlegg til planomtalen

Saksopplysningar:

Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavar Bergsøy idrettslag, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område i Fosnavåg sentrum. Området er lokalisert i Huldal og areal som inngår i planen er avgrensa slik det er vist med fargebruk i vedlegg 1 (plankart). Storleik på området som inngår i plan er 41,3 daa. Reguleringsplanen er utforma som ei privat detaljregulering etter PBL § 12-3 og består av eit plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Formål med planarbeidet er å utvikle området til bustadføremål og skape eit moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg. I tillegg til at planen skal legge rammer for arealbruk, byggjehøgde, byggegrenser og utnyttingsgrad, er det eit mål at det blir lagt til rette for gode områder for uteopphald og leik som erstatning for grusbana i området.

Det er utarbeidd planprogram og konsekvensutgreiing for reguleringsplanen. Formannskapet behandla planforslaget i møte 18.11.2014, F-sak 197/14, der det blei gjort vedtak om sende planforslaget på høyring og legge dette ut til offentleg ettersyn. Planforslag «Detaljregulering for Huldal aust» har no vore ute til høyring i seks veker. Det har kome inn 7 innspel til planarbeidet.

Det kan nemnast at det parallelt med planarbeidet har gått føre seg ein dialog mellom Bergsøy I.L og Kulturdepartementet i høve omgjering av idrettsbana til bustadområde. Dette blir vurdert til å vere av privatrettsleg karakter og ikkje noko som vedkjem reguleringsplanen.

Som følgje av innspel til planforslaget i høyringsperioden er det gjort følgjande endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn:

<u>Plankart:</u>

- Frisiktslinjer i vegkryss mellom fylkesveg (FV) 20 og Huldalsvegen er teke inn planforslaget. Det same gjeld vegkrysset mellom FV 20 og Djupedalen, der det er teke inn frisiktlinje mot venstre.

<u>Føresegner:</u>

- Reguleringsføresegnene punkt 7.2 har fått endra tekst; med krav om støyfagleg utgreiing ved nye tiltak i BK2 og det er spesifisert kva grenseverdiar for støy som skal gjelde for uteopphaldsareal.

- Nytt rekkjefølgjekrav: Før o_P2 vert ferdigstilt skal offentleg veg «Djupedalen» oppgraderast til slik den vist i reguleringsplan for Huldal Aust og regulering for ny innfartsveg til Fosnavåg.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei innspela som har kome til offentleg ettersyn. Rådmannen sine vurderingar er vist med kursiv tekst. For meir detaljert informasjon om innspel og innhald i planforslaget, viser ein til vedlegga i saka.

Behandling av innspel til offentleg ettersyn:

Følgjande instansar har ingen merknader til planforslaget:

- Søre Sunnmøre landbrukskontor (SSL) 18.12.2014

1. Statens Vegvesen Region Midt, brev av 16.01.2015:
Vegvesenet viser til at det i krysset mellom Igesundvegen (fv.20) og Huldalsvegen ikkje er regulert og vist frisiktsone (H140). Dei føreset at det gjennom planen vert regulert inn frisiktsone i krysset i samsvar med vegnormalen, jamfør elles siktreguleringa i no gjeldande reguleringsplan krysset er omfatta av. Tilsvarande forhold gjeld for krysset mellom Igesundvegen og Djupdalen. Dei føreset at frisiktsone vert regulert gjennom planen slik det er for den delen av krysset som ligg innanfor reguleringsplanen *Ny innfartsveg til Fosnavåg.*

I føresegnene (§ 7.2) er det sagt at det ved nye tiltak innanfor støysona (H220) skal utførast støyskjermingstiltak. Etter det vi forstår er støysona som er lagt inn på plankartet basert på og er samanfallande med avgrensinga i støyvarselkart utarbeidd av Statens vegvesen. Plankartet varslar mogleg støykonflikt i høve til busetnad, og det inneber og føreset at det må gjerast meir nøyaktige støyutrekningar dersom det er aktuelt med støyfølsom utbygging innanfor området.

Vurdering av innspel:
Frisiktslinjer er innarbeidd i planforslaget slik at desse blir kopla saman med siktlinjer i kringliggjande planar for området. Når ein ser planforslaget saman med øvrige planar i området, vil ein sjå korleis den samla situasjonen for frisikt blir ivaretatt.

Reguleringsføresegnene punkt 7.2 er endra med krav om støyfagleg utgreiing for nye tiltak og det er teke med grenserverdiar for uteopphaldsareal slik Vegvesenet viser til i sitt innspel.

2. Jan Erik og Torunn Bjørlykke, Gry og Frode Vike, Beate Sandvik og Arild Igesund, brev av 19.01.2015:
Innspelet gjeld hovudsakleg den planlagde parkeringsplassen med innkøyring via vegen til Djupedalen. Dei meiner at den ekstra trafikkale belastninga som dette vil medføre vil være negativ på fleire plan. Dette går på følgande:

• Det er mange barn som bur og leikar seg i dette området.
• Krysset inn til Djupedalen er svært uoversikteleg, noko som nesten dagleg fører til farlege situasjonar.
• Dette gjeld både mellom kjøretøy - kjøretøy og kjøretøy - mjuke trafikantar.
• Dette er eit problem for oss som bur her og kjenner farene med krysset.

Dei meiner at dette vil bli eit vesentleg større problem med auka trafikk inn og ut, også frå folk som ikkje kjenner til farene.

For å unngå dette problemet, foreslår vi at ein byttar plasseringa av parkeringsplass og innteikna ballbinge i planen (sjå merknad på vedlagt skisse). På den måten kan ein nytte innkøyring via Huldalskrysset, eit kryss med vesentleg betre oversikt.

Fleire mjuke trafikanter vil naturlegvis bruke gangvegen som er innteikna i planen, dette vil medføre ei auka fare for samanstøyt mellom kjøretøy og mjuke trafikantar om parkeringsplassen blir plassert slik den er innteikna per i dag. Det er ikkje innteikna gangfelt i innkøyringa til Djupedalen, samtidig som her heller ikkje er plass for to møtande bilar. I dette krysset har det allereie vore ulykker mellom kjøretøy og mjuke trafikantar, samt fleire nesten- ulykker.

Når det gjeld den totale trafikale belastninga rundt eksisterande leikeplass og det planlagde boligområdet meiner vi ein bør få på plass ein bom i den nye vegen for å unngå at ein får ei «rundkøyring» mellom Huldalsvegen og den nyinnteikna vegen i boligområdet. Forslag til plassering av bom er innteikna på vedlagt skisse.

Vurdering av innspel:

Rådmannen er viser til at eit evt arealbyte mellom parkeringsplass og området for nærleikeplass vil føre til ei vesentleg dårlegare løysing enn det som ligg føre i planforslaget. Dersom ein flyttar arealet som er foreslått regulert til nærmiljø, vil dette føre til ei fragmentering og oppstykking av leik- og opphaldsareala i planområdet. Slik området er regulert i dag, vil ei konsentrering av desse arealformåla med møblert leikeplass, ballfelt, parkområde gi eit samla og variert tilbod for barn- og unge i området. Ved at områda ligg kompakt og i grenser mot kvarandre, vil desse vere i kort rekkevidde for barn med avgrensa mobilitetsradius og vere «riktig» lokalisert i høve prinsippa om universell utforming med kort avstand mellom ulike funksjonar. Realisring av desse areala vil vere ei vesentleg kvalitetsheving av oppvekstvilkåra for barn og unge i området, samt styrke det samla tilbodet for leik og opphald i Fosnavåg sentrum. Ei fragmentering og oppstykking av areala vil etter rådmannen sine vurdering føre til ei samla sett dårlegare løysing enn det som no ligg føre. Denne delen av innspelet vert soleis ikkje teke til følgje i vidare planarbeid.

Når det gjeld vegen i Djupedalen, så er rådmannen samd i at krysset mot Igesundvegen ikkje er optimalt med tanke på siktforhold. Ein er også samd i at dagens opparbeidde vegbreidde ikkje er optimal med tanke på ein forventa vekst i trafikken knytt til ny parkeringsplass o_P2.

For å betre dei trafikale forholda knytt til vegen i Djupedalen, er det teke inn eit punkt i reguleringsføresegnene om at vegen skal oppgraderast til den standarden som er regulert i plan for Huldal Aust og Ny innfartsveg til Fosnavåg. Dette vil medføre ei betring av trafikkforholda for eksisterande eigedomar og nye trafikantar som skal nytte offentleg parkeringsområde o_P2.

Rådmannen er ikkje samd i at det bør setjast opp bom slik det kjem fram i innspelet. Dette av omsyn til beredskap og framkomst for utrykningskøyretøy, samt tilkomst til barnehage og nye bustader i området BB og BK1. Ei stenging av vegen slik det er skissert, vil kunne medføre eit auka behov for rygging med bil i området nær barnehagen og leikeområda til bustadane, noko som ein vurderer å vere negativt i høve barn og unge sine interesser. Rådmannen viser til at det langs ny veg skal byggast fortau som vil betre dei trafikale forholda for mjuke trafikantar.

3. Fosnavågaren Velforeining, brev 26.01.2015:
Velforeininga peikar på behovet for oppgradering av Huldalskrysset. Dette meiner dei må skje før ei storstilt utbygging av Huldalsbana med konsentrert busetnad. Dei peikar på at tilhøva i Huldalskrysset allereie er ei stor trafikal utfordring, og at ein må langt fram i krysset for å få sikt når ein kjem køyrande frå Huldalen. Det blir hevda at trafikken langs Igesundvegen har stor fart og ikkje tek omsyn til vikepliktsregelen. Mangelen på parkeringsplassar for bustadane i området medfører parkering heilt inn i krysset der Huldalsvegen møter Igesundvegen, noko som gjer forholda svært uoversiktlege. Velforeininga meiner dei mjuke trafikantane har dårlege forhold då det ikkje er gangveg langs Huldalsvegen.

Med utbygging av over 50 nye bueiningar vil trafikken til Huldalen auke mykje, og det farlege krysset bli endå meir belasta. For å kunne møte utfordringane som den sterkt aukande trafikken i nærområdet fører med seg, er det etter Velforeininga si meining eit stort behov for å utvide Huldalskrysset og gjere krysset meir oversiktleg.

Velforeininga Fosnavågaren stiller eit ufråvikeleg krav at utbygging av heile Huldalsmyra, som no er foreslått regulert til bypark, ballplass, nye parkeringsplassar, - må sikrast, utfyllast og opparbeidast på ein forsvarleg måte no i første byggesteg. Dei ønskjer planane om utviklinga av Huldal Aust velkomne, men peikar på at dei same flotte planane også må ta med sikring og opparbeiding av grunnforholda i Myra, slik at den kan utviklast vidare. Velforeininga hevdar at eit slikt arbeid er Herøy kommune sitt klare ansvar.

Huldalsmyra har gjennom fleire generasjonar vore peika på som ei svært farleg sekkedikje i umiddelbar nærleik til bustadhus, leikepark, barnehage og fotballbana. Det er på høg tid at noko blir gjort og at ein får sikra myra før ein legg endå fleire bueiningar til området. Det blir peika på vassoverfløyming som eit stort problem, jfr. vedlagte foto som vart knipsa i ein regnsversperiode nyleg, og som dokumenterer vassproblematikken og oppdemmingar i dette området. Når myra ser tørrlagd ut er den ei sekkedikje og kanskje endå farlegare, og må ordnast opp i.

Grusbana i Huldalen har i alle år vore flittig i bruk til leik og ballspel. Barnetalet i Fosnavåg sentrum er i sterk vekst og det nye utbyggingsprosjektet i Huldalen med over 50 nye bueiningar gjer at mange fleire barn vil kome til. Når den store grusbana vert nedbygt er det viktig å erstatte den med å bygge ut uteareal til leik/idrett, nærrniljøanlegg (ballbinge) og friområde, for på den måten å skape eit trygt og godt oppvekstmiljø i området. Velforeininga peikar på at det er nødvendig å få behalde eit område for uorganisert, spontan leik i sentrum av Fosnavåg som erstatning for Huldalsbana. Velforeininga viser til at idrettsparken ved Kulturhuset har ein annan funksjon. Sjølv om det i luftline er kort avstand mellom sentrum og dit, er dei reelle tilhøva utrygge med m.a. den trafikkfarlege Skarabakken. Mangel på farbare og trygge gangvegar / sykkelstiar gjennom sentrum er ein trugsel for barn og unge i Fosnavåg.

Bypark til erstatning for «Parken» i Fosnavåg. Vi er glade for planane med å utvikle det resterande området frå ei farleg myr til eit flott parkområde / grøntområde sentralt i Fosnavåg sentrum, og at det vert sett av rikeleg plass til parkering. Men vi presiserer igjen at utbygginga av parken til friluftsliv og parkering også må skje no, slik at dette ikkje vert ståande som flotte planar berre på papiret. Velforeininga ber

om at dette innspelet med vedlegg og bilde fylgjer saka vidare, og at våre innspel vert teke omsyn til i den vidare prosessen.

Vurdering av innspel:
Oppgradering av Huldalsvegen og krysset mellom Igesundvegen og Huldalsvegen er ikkje ein del av dette planforslaget. I forslag til reguleringsplan for Huldal Aust er Huldalsvegen vidareført i reguleringsplan. Det er ikkje i planforslaget sin intensjon å gjere noko med denne vegen.

Når det gjeld parkering i frisiktsoner i kryss og brot på vikepliktsreglar er dette noko som vedkjem trafikkreglane. Handheving av trafikkreglar er ei oppgåve for politiet og ikkje noko som vedkjem arealbruk i ein reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

I reguleringsplanforslaget for Huldal Aust er det for området «Huldalsmyra» regulert eit område «o_GS1 Bypark». Intensjonen med dette er at området skal vere eit offentleg friområde i sentrum som skal kunne opparbeidast som parkområde. Utover det som ligg i planforslaget, er det ikkje teke stilling til vidare planar for området. Det ligg ikkje i reguleringsplanen rekkjefølgjekrav om at dette området skal opparbeidast ved utbygging av bustadområdet. Rådmannen meiner det vil vere urimeleg krav overfor utbyggjar å måtte opparbeide eit offentleg parkområde i tillegg til det andre som skal byggjast ut av infrastruktur og leikeplassar i området. Rådmannen er samd i at opparbeiding av parkområdet er i offentleg oppgåve. Det ikkje på noverande tidspunkt teke stilling til kommunen si vidare rolle knytt til opparbeiding av «Huldalsmyra» og parkeringsområdet o_P2 i sentrum. Områda er pr i dag ikkje eigd av kommunen og det er heller ikkje prioritert avsett midlar til opparbeiding av desse areala i komande budsjett eller økonomiplan.

Ein er samd i innspelet om at det ved utbygging må gjerast sikringstiltak i høve Huldalsmyra slik dette området ligg i dag. Rådmannen viser til at det i føresegnene ligg eit krav om mellombels sikring i punkt 3.10 som seier følgjande: «Ved utbygging av o_F1, o_V1 og o_GV2 skal det setjast opp gjerde langs formålsgrensa som fysisk sikring av Huldalsmyra». Eit slikt tiltak med oppføring av gjerde som ligg i reguleringsføresegnene, vil fysisk stenge for ferdsel inn på myrområdet – dette inntil Huldalsmyra evt blir opparbeidd.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune, brev 23.01.2015:
Fylkeskommunen peikar på at planarbeidet byggjer hovudsaklig på «eitt» utbyggingsmønster for dei nye byggeområda BK1 og BB, med ulike variantar av intern infrastruktur/køyremønster og utomhusareal. Uavhengig av alternativ vil barnehagearealet og by-parken vere gode uteareal for området.

Det blir vist til at dei andre uteopphald/leikeareala innanfor planområdet kunne ha hatt ein betre kvalitet. Felles leikeplass F_BUL2 og 3, ligg på minimumsgrensa for bredde, mellom intern kjørevegg og høge fasader. Offentleg leikeplass o_BUL1 ligg omkransa av vegar og parkeringsareal. Offentleg nærmiljøanlegg o_NA, ligg i skuggen, på nordsida av ei fireetasjes blokk. Fylkeskommunen saknar at det i prosessen er vurdert andre formar for utbyggingsmønster enn det konseptet som er vald for utbygging av BB, BK1 og BK2. Det kunne ha resultert i betre kvalitet for utomhusområda nemnt ovanfor.

Vurdering av innspel:
Ein viser til at det i planomtalen og konsekvensutgreiinga er gjort grundige vurderingar kring utbyggingsmønster. Det er også gjort vurderingar kring uteopphold og leikeareal.

Rådmannen er samd med fylkeskommunen i at leikeplassane f_BUL2 og 3 med fordel kunne hatt ein betre kvalitet, men tett bebyggelse og lokale forhold gjer det krevjande å oppnå balanse mellom bustad, leik/opphaldsareal og infastruktur i planområdet. Ein vil peike på at dei to leikeplassane f_BUL2 og f_BUL3 er lokalisert i nærleiken av det mest konsentrerte byggearealet (blokk-området) og at det ved oppføring av bygningar vil, gjennom nye fasader, vil ligge skjerma for vær og vind. Ein nærleik til blokkene vil også vere positivt av omsyn til tryggleik, ved at leikeplassen vil ligge i ein kort rekkevidde frå nye bustader. For øvrig viser ein til at det er avsett rikeleg med areal for leik elles i planområdet.

5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev 27.01.2015:
Fylkesmannen viser til at planen er godt gjennomarbeidd med ein god planomtale.

I forhold til barn- og unge sine interesser innafor planområdet, er det ein eksisterande leikeplass (BUL 1) og utearealet i barnehagen kan også brukast på kveldstid og i helgane. I tillegg kjem nærleikeplassar ved BUL2 og BUL 3 og kvartalsleikeplass på NA. Dei som bur i området har i dag ei stor grusbane lett tilgjengeleg. For å nå næraste kunstgrasbane må ein til skuleområdet ved Havila Stadion. Fylkesmannen oppfattar det som ein utrygg veg å dra dit langs vegen for barn.

I føresegnene § 8 med rekkefølgjekrav, er opparbeidinga av ballbingen knytt til når mellombels løyve er gitt for siste bueining i BB. Ut frå dette kan det ta lang tid frå grusbana forsvinn til eit nytt tilbod er på plass. Fylkesmannen ber kommunen vurdere å endre på dette med krav om ferdigstilling tidlegare i utbyggingsprosessen dersom dette praktisk let seg gjennomføre.

Vurdering av innspel:
Rådmannen er samd med fylkesmannen i at det er viktig at det kjem på plass eit tilbod for ballaktivitet når Huldalsbana forsvinne og når det det kjem nye bustader tett inn på dette arealet.

Av omsyn til dette er det i rekkjefølgjekravet sagt at det skal haldast av minimum 1,5 daa av dagens grusbane, inntil området o_NA er opparbeidd. Rådmanne føreset at dette blir følgt opp ved utbygging. Med bakgrunn i dette meiner ein at det ikkje er grunnlag for endre noko på føresegnene, då interessene for ballspel blir ivaretatt ved at deler av arealet for grusbana blir halde ope i byggeprosessen.

6. Anleggs- og driftsavdelinga, notat 01.02.2015:
Anleggs- og driftsavdelinga viser til avkjørsle frå parkeringsplass P2 som er innregulert via Djupedalen til Igesundvegen. Dette er ei uheldig løysing, då det i krysset mellom desse to vegane ikkje finst sikt for køyrety som skal ut på Igesundvegen. Ein kan ikkje sjå at dette er løysbart med enkle midlar pga. eksisterande bygningar. Det bør derfor finnast andre avkjørsleløysingar for denne parkeringsplassen. Om mogleg burde ei slik evt. løysing også omfatte all trafikk frå Djupedalen.

Frå Anleggs- og driftsavdelinga si side vil dei fråråd ei utbygging av området som medfører senking av grunnvasstanden i Huldalsmyra, då dette kan ha konsekvensar for eksisterande bygningar som grensar inn til myra.

Vurdering av innspel:
Når det gjeld vegen i Djupedalen, så er rådmannen samd i at krysset mot Igesundvegen ikkje er optimalt med tanke på siktforhold. Dagens opparbeidde vegbreidde ikkje er optimal med tanke på ein forventa vekst i trafikken knytt til ny parkeringsplass o_P2. Ein finn det ikkje tilrådeleg å leie all trafikken frå o_P2 gjennom området med leikeplass, ballfelt og parkområde. For å betre dei trafikale forholda knytt til vegen i Djupedalen, er det teke inn eit punkt i reguleringsføresegnene om at vegen skal oppgraderast til den standarden som er regulert i plan for Huldal Aust og Ny innfartsveg til Fosnavåg. Dette vil medføre ei betring av trafikkforholda for eksisterande eigedomar og nye trafikantar som skal nytte offentleg parkeringsområde o_P2.

Det ligg inne i føresegnene til reguleringsplanen at det ikkje skal skje ei senking av grunnvasstanden i Huldalsmyra. I geoteknisk rapport som er ein del av plandokumenta, blir det sagt at arealet kan opparbeidast i overflata til parkområde.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget for Huldal aust er i samsvar med overordna arealdel av kommuneplanen og legg til rette for ein vekst i talet på bustader for denne delen av Fosnavåg sentrum.

Det er i planarbeidet gjennomført ei konsekvensutgreiing som tek føre seg ulike utbyggingsalternativ innanfor dette plangrepet. Planforslaget opnar opp for fleire leilegheiter i sentrum gjennom oppføring av bustadblokker i området BB i inntil 4 etasjar og konsentrerte småhus i området BK1 i inntil 3 etasjar. Rådmannen ser det som viktig at det skjer ei rasjonell utnytting av bustadområda i Fosnavåg sentrum. Nye leilegheitsbygg med fleire bueiningar innanfor eit konsentrert område, vil kunne vere ein av fleire plangrep som kan gjerast for å oppnå ei slik utnytting. For området i Huldalen vil ein kunne fortette bustadområdet, samstundes med at det i tilknyting til bustadane blir lagt til rette for kvalitativt gode uteareal – både som private uteareal i tilknyting til kvar enkelt leilegheit og gjennom felles uteareal på bakkenivå. Summen av leikeplassar, nærmiljøanlegg og parkområde vil gi eit variert og kvalitativt gode uteareal og områder for leik til barn og unge.

Rådmannen vil elles vise til at Huldalsmyra, som i denne planen er foreslått regulert til offentleg parkområde. I planarbeidet er det gjort faglege vurderingar som seier at dette området er eigna og kan nyttast til parkområde. Dersom ein skal realisere planlagt innfartsveg til Fosnavåg slik den er regulert i dag, så vil det medføre tap av noko av det arealet som ein i dag nyttar til bypark i Fosnavåg. Med omsyn til større arrangement i sentrum og behovet for grøntareal som opphaldsareal, ser ein det som svært relevant at det blir lagt til rette for meir parkareal i Huldalen. Rådmannen viser til at Huldalsmyra har eit potensiale til å kunne bli ein del av eit parkområde i sentrum, som kan gi grunnlag for både rekreasjon, leik og arrangement.

Når det gjeld barnehagen i Huldalen, viser rådmannen til at det er avdekka skredfare for eit fjellparti aust for barnehagen. Her er det teke inn i føresegnene til plan at det må gjerast tiltak for å sikre areala innanfor omsynssona. I planforslaget ligg det inne

ei større utviding av barnehagen sitt uteareal mot vest, og det er planlagt ei utviding av barnehagen i den retninga det ikkje er registrert skredfare.

Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere ei positiv utvikling av handels- og serviceområdet på Eggesbønes. Planforslaget som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og klar for sluttbehandling.

Konsekvensar for folkehelse:
Nei
Konsekvensar for beredskap:
Nei
Konsekvensar for drift:
Nei
Konsekvensar for økonomi:
Nei

Fosnavåg, 17.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

X 6916753 Y 325221

X 6916753 Y 325795

X 6916352 Y 325221

X 6916352 Y 325795

Igesundsvegen

Nedre Huldalsveg

Huldalsvegen

o_V4

H220

BK2
3.7 daa
%-BYA=40%

o_F1

o_GS1 Bypark
2.8 daa

o_V1

o_BUL1
0.7 daa

o_P1
0.5 daa

o_AT1

o_E1

H370

o_GV2

o_NA
1.5 daa

o_P2 0.8 daa

o_V5

o_GS2 Bypark

o_V6
0.3 daa

o_GV1

H140_2

f_BUL2
0.5 daa

BF2
1.6 daa
%-BYA=30%

BK1
3.2 daa
%-BYA=40%

BB
3.6 daa
%-BYA=50%

BF1
4.2 daa
%-BYA=30%

f_BUL3
0.5 daa

o_GS3 Naturområde
5.8 daa

o_V2

o_F2

BHG Barnehage
3.8 daa
%-BYA=50%

H310

f_P3
0.2 daa

o_AT2

o_V3

H140_4

H140_3

Djupedalen

TEIKNFORKLARING

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Bustader - blokker
- Barnehage
- Anna tenesteyting
- Nærmiljøanlegg
- Energianlegg
- Leikeplass

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)
- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Parkeringsplassar

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)
- Naturområde
- Park

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)
- Faresone - Ras- og skredfare
- Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar)
- Sikringsone - Frisikt
- Støysone - Gul sone etter rundskriv T-1442

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008
- Sikringssonegrense
- Støysonegrense

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008 Reguleringsområde
- Reguleringsområde
- Fareområde
- Formålsgrense
- Eigedomsgrense som skal opphevast
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengarfelt
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Eierform:

o_ = Offentleg formål

f_= Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: Februar 2015

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000

0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Detaljregulering Huldal aust

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201284**

Forslagstiller: **Bergsøy IL**

Kartprodusent: **Sporstøl Arkitekter AS**

	Revisjon av plankart	DATO	SIGN.
A	Frisiktsoner i kryss teke inn planforslaget	17.02.15	AZT
B			
C			

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:			
2. gongs behandling i Formannskapet			
Offentlig ettersyn frå 18.11.2014 til 23.01.2015			
1. gongs behandling i Formannskapet	197/14	18.11.14	AZT
Kunngjering av oppstart planarbeidet		30.11.11	HR

PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
Sporstøl Arkitekter AS	201284	002	AZT

HERØY KOMMUNE – REGULERINGSFØRESEGNER

201284 - DETALJREGULERING HULDAL AUST

Plan ID:	Arkivsak ID:	Eigengodkjent dato:	Eigengodkjent av:
201284	1538.01		

§ 1 - GENERELT

1.1 - Gyldigheitsområdet
Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegna) fastsett.

1.2 - Andre lover og vedtekter:
Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningsloven (PBL) og gjeldande vedtekter for Herøy kommune

1.3 - Unntak
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslige avtaler som er i strid med planen.

Unntak frå plan og reguleringsføresegner kan, der særlige grunner taler for det, tillates av kommunen.

§ 2 – REGULERINGSFORMÅL

Areala innafor plangrensa er regulert til følgjande formål:

1. Byggje- og anleggsformål (Pbl. § 12-5 nr. 1):

BB	Bustader – Blokker
BK1 og BK2	Bustader – Konsentrert - småhus
BF1 og BF2	Bustader – Frittliggande - småhus
BHG	Barnehage
o_BUL1	Leikeplass, offentleg
f_BUL2 og f_BUL3	Leikeplass, felles
o_NA	Nærmiljøanlegg, offentleg
o_AT1 og o_AT2	Anna offentlig og privat tenesteyting, offentleg
o_E	Energianlegg, offentleg

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2):

o_V1 - o_V5	Kjøreveg, offentleg
f_V6	Kjøreveg, felles
o_F1 og o_F2	Fortau, offentleg
o_GV1 og o_GV2	Gangveg/gangareal, offentleg
o_P1 og o_P2	Parkeringsplassar, offentleg
f_P3	Parkeringsplassar, felles
o_AVg1 – o_AVg2	Annan veggrunn – grøntareal, offentleg

3. Grønstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)

o_GS1 og o_GS2	Park, offentlig
GS3	Naturområde - grønnstruktur

4. Hensynssoner (Pbl § 12-6)

H140_1 – H140_5	Frisikt
H220	Støy – gul sone
H310	Ras og skredfare
H370	Høgspenningsanlegg

§ 3 – FELLESFØRESEGNER

3.1 – Plassering, utnytting og høgde
Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser. Tillate bebygd areal (BYA) skal definerast etter teknisk forskrift (TEK). %-BYA angir tillatt bebygd areal i prosent av formålet sitt nettoareal. Parkering på bakkenivå reknast med i utnyttinga. Gesims- og mønehøgde skal reknast etter gjeldande teknisk forskrift (TEK) og reknast i forhold til gjennomsnittleg planert terreng.

3.2 – Estetikk, form og utsjånad
Kommunen skal ved behandling av byggjesøknad sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling og at bygningar i same område får ein heilskapleg og harmonisk utsjånad med omsyn til takvinkel, material og farge. Der ikkje anna er bestemt, kan kommunen fastsette lik takutforming for bygningar i same formålsområde eller innanfor bestemte bygningsgrupper.

3.3 – Utomhusareal
Dei ikkje utbygde delane av tomta skal gjevast ei tiltalande utforming. Skjeringar og fyllingar skal behandlast og plantast med stadeigen vegetasjon. Der det er aktuelt med bruk av murar, skal desse fortrinnsvis oppførast i naturstein. Det bør i størst mogleg grad forsøkast å ta vare på og nytte eksisterande terreng og vegetasjon. Gjerde, hekker og liknande i formålsgrensa langs offentlege veger skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkjørsler. Viser til § 7-1 Frisiktssoner.

3.4 – Drenering og grunnforhold
Innafor kvar tomt må utbygger sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp eller kommunalt/privat ledningsnett etter godkjenning av kommunen. For alle nye byggeområder må det gjerast tilstrekkeleg undersøkelsar av grunnforholda.

3.5 - Universell utforming
Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/ tilgjengelegheit for alle.

3.6 – Automatisk freda kulturminne
Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.7 – Kommunale normer
Offentlege trafikkområder og offentlege avløpsanlegg innafor planområdet skal opparbeidast i samsvar med kommunale normer og retningslinjer. Ved søknad om tiltak skal det leggast fram plan for vassforsyning, overvatn og spillvatn i tillegg til vegprofil for offentleg køyreveg med stigningsforhold.

3.8 – Renovasjonsløysing
Det skal ved byggesøknad leggast fram dokumentasjon på løysingar for renovasjon for bebuarar innafor BB. Det vert tillate med nedgravne avfallsløysingar.

3.9 – Sykkelparkering
Det skal tilretteleggast for sykkelparkering innafor planområdet. Disse skal plasserast nær hovedinngang for bygningar innafor BB og innafor o_NA.

3.10 – Midlertidig sikring
Ved utbygging av o_F1, o_V1 og o_GV2 skal det setjast opp gjerde langs formålsgrensa som fysisk sikring av Huldalsmyra.

§ 4 - BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

4.1 – Bustader – blokker (BB)
Det kan etablerast leilighetsbygg eller fleirmannsbustader på inntil fire etasjer, i tillegg til delvis nedgravd parkeringskjeller. Tilbygg eller mellombygg på maksimalt ei etasje kan byggast frittståande eller mellom leilegheitsbygga. Byggesøknad må innehalde situasjonsplan, situasjonssnitt, fasadeoppriss og perspektivskisser for å sikre heilheitleg utforming.

Situasjonsplanen skal vise arealbruk på bakkeplan knytta til avkjørsle, parkeringsplassar og inngangssoner med eventuelle stigningsforhold. Støttemurer og gjerder innteiknast.

Situasjonssnitt skal vise plassering og høgde på bygningar i forhold til tilstøtande bygningar og terreng.

Fasadeoppriss og perspektivskisser skal vise utforming av planlagde bygg i forhold til eksisterande og planlagde bygningsvolum.

Byggehøgder skal ikkje overstige gesimshøgde 14 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Heissjakt/trapperom kan ikkje overstige gesimshøgde 15 m.

Utnyttingsgrad settast til maks % BYA = 50 og reknast i henhold til TEK 10.

Bustadeiningane skal ha egna uteoppholdsareal i henhold til TEK10. Minste felles uteoppholdsareal er minimum 15 m^2 per bueining innafor f_BUL1 og f_BUL2.

Det skal tilretteleggast for 1,25 parkeringsplassar pr. bueining, der minst ein plass pr. bueining skal vere overdekt. Det skal avsettast 5-10% og minimum 1 parkeringsplass for rørslehemma tilknytt hovudinngang.

4.2 – Bustader – konsentrert småhus (BK1 og BK2)
Det kan etablerast rekke- eller kjedehus og to- eller fleimannsbustader med maksimalt fire einingar i kvar rekke eller kjede med einebustader. For BK2 kan det også etablerast einebustader. Byggesøknad må inneholde situasjonsplan, situasjonssnitt, fasadeoppriss og perspektivskisser for å sikre heilheitleg utforming.

Situasjonsplanen skal vise arealbruk på bakkeplan knytta til avkjørsle, parkeringsplassar og inngangssoner med eventuelle stigningsforhold. Støttemurer og gjerder innteiknast.

Situasjonssnitt skal vise plassering og høgde på bygningar i forhold til tilstøtande bygningar og terreng.

Fasadeoppriss og perspektivskisser skal vise utforming av planlagde bygg i forhold til eksisterande og planlagde bygningsvolum.

Byggehøgder skal ikkje overstige gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget.

Utnyttingsgrad settast til maks % BYA = 40 og reknast i henhold til TEK 10.

Bustadeiningane skal ha egna uteoppholdsareal i henhold til TEK10. For BK1 er det i tillegg felles uteopphaldsareal på minimum 15 m^2 per bueining innafor f_BUL1 og f_BUL2.

Det skal tilretteleggast for 1,5 parkeringsplassar pr. bueining, der minst ein plass pr. bueining skal vere overdekt.

4.3 – Bustader – frittliggande småhus (BF1 og BF2)
Det kan etablerast ein- eller tomannsbustader.

Byggehøgder skal ikkje overstige gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget.

Utnyttingsgrad settast til maks % BYA = 30 og reknast i henhold til TEK 10.

Bustadeiningane skal ha egna uteoppholdsareal i henhold til TEK 10.

Det skal tilretteleggast for 2 parkeringsplassar for einebustader og 1,5 parkeringsplassar pr. bueining for tomannsbustader, der minst ein plass pr. bueining skal vere overdekt.

4.4 – Barnehage (BHG)
Det kan etablerast bygningar og anlegg for bruk til drift av barnehage.

Byggehøgder skal ikkje overstige gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget.

Utnyttingsgrad settast til maks % BYA = 50 og reknast i henhold til TEK 10.

Barnehagen skal ha egna uteoppholdsareal i henhold til veileder for uteopphold i barnehager. Uteareal pr. barn over tre år bør vere 24 m^2 og 33 m^2 for barn under tre år.

Det skal tilretteleggast for 1 parkeringsplass for ansatte og 1 parkeringsplass pr. 5 barn. Det skal avsettast 5-10% og minimum 1 parkeingsplass for rørslehemma tilknytt hovudinngang. Innkjørsel skal skje frå Nedre Huldalsveg.

4.5 – Leikeareal, offentleg (o_BUL1)
Dette er eksisterande offentleg leikeplass. Området skal vere universelt utforma.

Området skal nyttast til nærleikeplass og sosialt samlings- og aktivitetsområde. Terrenget skal ha ei utforming og ei opparbeiding som mogleggjer opphald, rekreasjon, leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr, bord og benker som alle kan bruke. Arealet skal minimum innehalde sandkasse på 10 m² og leikeapparat, benk og fast dekke på minimum 1,6 x 1,6 m. Området kan opparbeidast med beplantning, murer, belysning, gangstier, vannarrangement, sitteplasser og andre parkmessige installasjoner.

4.6 – Leikeareal, felles (f_BUL2 og f_BUL3)
Det skal opparbeidast uteopphaldsareal felles for eigedommane innafor BB og BK1 som er offentleg tilgjengeleg for andre i og utanfor planområdet. Området skal vere universelt utforma.

Området skal nyttast til nærleikeplass og sosialt samlings- og aktivitetsområde. Terrenget skal ha ei utforming og ei opparbeiding som mogleggjer opphald, rekreasjon, leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr, bord og benker som alle kan bruke. Arealet skal minimum innehalde sandkasse på 10 m² og leikeapparat, benk og fast dekke på minimum 1,6 x 1,6 m. Området kan opparbeidast med beplantning, murer, belysning, gangstier, vannarrangement, sitteplasser og andre parkmessige installasjoner.

4.7 Nærmiljøanlegg (o_NA)
Det skal opparbeidast ein offentleg tilgjengeleg kvartalsleikeplass. Området skal vere universelt utforma.

Området skal nyttast av større barn med nærmiljøanlegg som til dømes ballbinge eller bane for anna balleik. Området skal ha god tilgjengelegheit og ei utforming og ei opparbeiding som mogleggjer leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr som alle kan bruke. Det skal etablerast sykkelparkering innafor området.

4.8 – Offentleg og privat tenesteyting (o_AT 1 og o_AT2)
Det kan etablerast kommunaltekniske anlegg, renovasjonsløysingar, sykkelparkering o.l. innafor området.

4.9 - Energianlegg (o_E)
Det skal etablerast trafostasjon innafor området. Bygningar og anlegg skal ikkje overstige 3 m høgde.

§ 5 - SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

5.1 - Offentleg køyreveg (o_V1 og o_V2)
Det skal opparbeidast offentleg køyreveg. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen.

5.2 Offentleg køyreveg (o_V3 - o_V5)
Dette er eksisterande offentlege vegar.

5.3 - Felles tilkomstveg (f_V6)
Dette er ein eksisterande tilkomstveg for eigedommar innafor BF2.

5.4 - Fortau (o_F1 og o_F2)
Det skal opparbeidast fortau samstundes med opparbeiding av o_V1 og o_V2. Fortauet skal vere universelt utforma.

Overflata skal ha fast, jamt dekke og ha taktile og visuelle ledelinjer med markering for kryssingspunkt. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen.

5.5 – Gangveg (o_GV1 og o_GV2)
Det skal opparbeidast offentlege gangvegar. Gangvegen skal ha fast, jamt dekke og vere universelt utforma.

Overflata skal ha fast, jamt dekke og ha taktile og visuelle ledelinjer med markering for kryssingspunkt. Vegskjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon og gjevast ei estetisk god utforming. Planting og opparbeiding skal skje samstundes med ferdigstilling av vegen.

5.6 – Parkeringsplassar, offentleg (o_P1 og o_P2)
Det skal innafor opparbeidast offentlege parkeringsplassar. Det skal avsettast 5-10% og minimum 1 parkeringsplass for rørslehemma innafor o_P1 og minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma innafor o_P2.

5.7 – Parkeringsplassar, felles (f_P3)
Det skal innafor f_P3 opparbeidast felles parkeringsplassar for BB og BK1. Parkeringsplassane skal vere offentleg tilgjengeleg for besøkande i og utanfor planområdet.

5.8 - Annan veggrunn – grøntareal (o_AVg1 og o_AVg2)
Det skal opparbeidast grøntareal samstundes med opparbeiding av o_P2. Skjeringar og fyllingar skal plantast med stadeigen vegetasjon.

§ 6 – GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 3)

6. 1 Bypark (o_GS1 og o_GS2)
Innafor formålsområde kan det opparbeidast eit offentleg parkområde. Det vert tillate med tilplanting, benkar og liknande innafor området. Det er ikkje tillate å gjere tiltak i grunnen som senkar grunnvatnet i området.

6.2 Naturområde (GS3)
Naturområde skal vere ope for alminneleg friluftsliv. Naturleg vegetasjon og terreng skal bevarast. Byggverk og anlegg er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å gjere terrenginngrep og likande som endrar landskapskarakteren. Hogst, fjerning av kratt og likande skjøtseltiltak er tillate.

§ 7 - OMSYNSONER (PBL § 12-6)

7.1 Frisiktsoner j.f PBL. § 11 – 8 a.1 (H140_1 – H140_5)
Innafor frisiktsonene skal det være fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensende vegers nivå. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjoner som kan hindre sikten er ikke tillatt. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplasser kan ikkje etablerast i frisiktsona. Kommunen kan kreve at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

7.2 Støysone – gul sone j.f PBL § 11 – 8 a.2 (H220)
Det skal ved nye tiltak innafor sona utførast støyfagleg utgreiingar og evt støyskjermingstiltak. Innafor området kan det tillatast utbygging basert på ei arealvurdering og som følgje av at kompenserande tiltak vert gjennomført.

Grense-verdiane nemnt i tabell 3 i rettleiar «T-1442/2012 Støy i arealplanlegging» skal leggast til grunn som maksimalt støygrense for uteopphaldsareal.

7.3 Faresone j.f PBL. § 11 – 8 a.3 (H310)
Det skal ikkje iversettast tiltak innanfor faresona før det vert etablert sikringstiltak. Viser til § 8.2 i desse føresegnene.

7.4 Høgpenningsanlegg/trafo j.f PBL. § 11 – 8 a.3 (H370)
Det kan i område o_E kome høgspenningsanlegg. Av omsyn til moglig stråling frå anlegget er det i reguleringsplan vist omsynssone med bredde på 5 meter frå formålet. Innafor denne sona skal det ikkje førast opp bygning med rom for opphald.

§ 8 – REKKEFØLGJEKRAV (PBL 12-7)

8.1 Rekkefølgje på infrastruktur (PBL 12-7 nr. 10)
Ved utbygging av områda BB og BK1 kan det skje trinnvis utbygging utan at alle rekkefølgjekrava vert gjeldande:

-Innan mellombels bruksløyve for første bueining innafor BK1 kan gjevast, må o_V1, o_F1, o_P1, o_AT1, o_E og o_GV1 vere opparbeidd.
- Innan mellombels bruksløyve for første bueining innafor BB kan gjevast, må o_V1, o_F1, o_P1, o_AT1, o_E, o_GV1 og f_BUL2 vere opparbeidd.
-- Innan mellombels bruksløyve for siste bueining innafor BK1 kan gjevast, må o_V2, o_F2, f_P3 og o_AT2 vere opparbeidd.
-- Innan mellombels bruksløyve for siste bueining innafor BB kan gjevast, må o_V2, o_F2, f_P3, o_AT2, f_BUL3 og o_NA vere opparbeidd.
- Innan opparbeiding av o_NA skal det haldast av minimum 1,5 daa av eksisterande grusbane.

Før o_P2 kan takast i bruk, skal o_V5 og o_V14 opparbeidast slik dei er regulert i planane 1515201284 HULDAL AUST og 201246 NY INNFARTSVEG TIL FOSNAVÅG.

8.2 Krav om nærmare undersøking (PBL 12-7 nr. 12)
Geologisk vurdering av skredfare 25.08.14 for H310 forutsett etablering av sikring av barnehagens bygningsmasse og uteareal for å kunne tilfredsstille klasse S3 i TEK10 § 7-3. Det skal nyttast geoteknisk kompetanse for å lage en plan for gjennomføring av sikring av området.

*** Føresegner sist revidert Utviklingsavdelinga 17.02.2014

**Føresegner revidert forslagstiller 28.10.2014.

*Reguleringsplan godkjend i Herøy kommunestyre, K-sak XX/14 (dd.mm.åååå).

Fosnavåg, (dd.mm.åååå).

_____
Arnulf Goksøyr
Ordfører


Planomtale Huldal Aust

Plan ID.: 201284 . Arkivsak ID: 1538.01 Ulsteinvik, 28.10.2014

DETALJREGULERING MED KONSEKVENSUTREDNING

Gnr./Bnr. 34/165-166-185-509 m. fl. - HULDAL I HERØY KOMMUNE

I.H.T. Plan- og byggingsloven (PBL) §§ 12-3 og 12-11.



SPORSTÖL
www.sporstol.no

BERGSØY IDRETTSLAG
BIL
1944

Innhald

1 Samandrag 4
2 Bakgrunn 5
2.1 Formål med planen 5
2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold 5
2.3 Tidlegare vedtak i saka 5
2.4 Utbyggingsavtaler 6
2.5 Krav til konsekvensutreding (KU) 6
3 Planprosess, medverknad, varsling 6
4 Planstatus og rammebetingelsar 7
4.1 Overordna planer 7
4.2 Gjeldande reguleringsplaner 8
4.3 Tilgrensande planer 8
4.4 Statlige retningslinjer/rammer/føringer 8
5 Planområdet med eksisterande forhold 9
5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik 9
5.2 Dagens arealbruk 10
5.3 Stadens karakter 10
5.4 Landskap 11
5.5 Kulturminner 12
5.6 Naturverdier 12
5.7 Rekreasjonsverdi og uteområder 12
5.8 Landbruk 12
5.9 Trafikk og infrastruktur 12
5.10 Barns interesser 12
5.11 Sosial infrastruktur 12
5.12 Universell utforming 12
5.13 Teknisk infrastruktur 12
5.14 Grunnforhold 13
5.15 Støyforhold 13
5.16 Luftforurensing 14
5.17 Risiko og sårbarhet (ROS) 15
5.18 Næring 15
5.19 Analyser og utredningar 15
6 Omtale av planforslaget 18
6.1 Planlagt arealbruk og reguleringsformål 18
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 20
6.3 Bebyggelsens plassering og utforming 22
6.4 Bomiljø og bokvalitet 25
6.5 Parkering 25
6.6 Tilknytning til infrastruktur 26
6.7 Trafikkløsning, atkomst, tilgjengelighet for gående og syklende 27
6.8 Miljøtiltak 28
6.9 Universell utforming 28
6.10 Uteopphold 28
6.13 Støy 28
6.11 Kollektivtilbud 29
6.13 Risiko og sårbarhet (ROS) 29
7 Konsekvensutredning 30
7.1 Innleiing 30
7.2 Metodikk 30
7.3 Alternativ 31
7.4 Naboar og nærmiljø 33
7.5 Barn og unge 37
7.6 Grønstruktur 41

7.7 Trafikk og parkering....45
7.8 Universell utforming....48
7.9 Kulturminner og kulturmiljø....50
7.10 Støy....52
7.11 ROS....54
7.12 Konklusjon med samanstilling av konsekvensar....56
8 Verknader/konsekvensar av planforslaget....57
8.1 Overordna planer....57
8.2 Landskap....57
8.3 Stadens karakter....57
8.4 Byform og estetikk....57
8.5 Uteområder....57
8.6 Trafikkforhold....57
8.7 Sosial infrastruktur....58
8.8 Risiko og sårbarhet (ROS)....58
8.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen....58
8.11 Konsekvensar for næringsinteresser....58
8.12 Interessemotsetningar....58
8.13 Avveging av verknader....58
9 Innkomne innspel....59
10 Sluttord....59

1 Samandrag

<table>
<tr><th colspan="2">PLANOMTALE HULDAL AUST</th></tr>
<tr><td>Plannamn</td><td>DETALJREGULERING MED KONSEKVENSUTREDNING
Gnr./Bnr. 34/165-166-185-509 m. fl. - HULDAL I HERØY KOMMUNE</td></tr>
<tr><td>Arkivsak ID</td><td>1538.01</td></tr>
<tr><td>Plan ID</td><td>201284</td></tr>
<tr><td>Omtale av planen</td><td>Tek føre seg eksisterande situasjon, bakgrunn og målsetting for planarbeidet.
Hovudmålet med reguleringa er:
Legge til rette for eit moderne bustadområde sentralt i Fosnavåg.
Legge rammer for formål, byggehøgd, byggegrenser og utnyttingsgrad.
Legge til rette for gode områder for uteopphald og leik til erstatning for tidlegare grusbane.</td></tr>
<tr><td>Formål/Hensikt/lovgrunnlag</td><td>Planarbeidet er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing, og om det vert fanga opp av § 2 i ”Forskrift om konsekvensanalyse”:
Planframlegget skal konsekvensutgreiast.
Behovet for nødvendige utgreiingar vert avklart i planomtalen.
Informasjons- og medverknadstiltak. Særlege tiltak overfor spesielt råka grupper vert gjort greie for.
Det private planforslaget blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3 og §12-11 .</td></tr>
<tr><td>Prosess for behandling av planforslag</td><td><table>
<tr><td>Handsaming kommunestyret revidert planprogram</td><td>02.07.2013</td></tr>
<tr><td>Kunngjering revidert planprogram</td><td>16.08.2013</td></tr>
<tr><td>Høyringsfrist</td><td>04.10.2013</td></tr>
<tr><td>Arkeologisk registrering</td><td>05.05.2014</td></tr>
<tr><td>Utarbeiding av planforslag</td><td>Juni-oktober 2014</td></tr>
<tr><td>Oversending av planforslag til kommunen</td><td>oktober 2014</td></tr>
<tr><td>Kommunal behandling (12 veker)</td><td>Oktober-november2014</td></tr>
<tr><td>Høring av planforslag (6 veker)</td><td>November-desember 2014</td></tr>
<tr><td>Behandling av ev. merknader og endringar</td><td>januar 2015</td></tr>
<tr><td>Godkjenning av planforslag</td><td>februar 2015</td></tr>
<tr><td>Kunngjering av godkjent plan</td><td>februar 2015</td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>Organisering/kontakt</td><td>Planforslaget er utarbeidet av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller, kommunen og konsulentar innafor geologi. Etter overlevert plan vil det vidare arbeidet bli ledet av planavdelinga i Herøy kommune. Illustrasjonar og visualiseringar er utført av arkitektar ved Sporstøl Arkitekter AS. Spørsmål til planarbeidet bes retta til Plankonsulent.

Forslagsstiller:
Bergsøy IL (BIL) – Boks 12 - 6099 Fosnavåg Nettside: www.bergsoy.no

Kontaktperson : Hallvar Ulfstein
Tlf: 48180010 E-post: hallvar@huconsulting.no

Plankonsulent:
Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik
Org. Nr. : 961 181 488 Nettside: www.sporstol.no

Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl
Tlf: 918 68 794 E-post: bjornar@sporstol.no

Linda Emdal
Tlf: 91544039 E-post: linda@sporstol.no</td></tr>
</table>

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for eit moderne utbyggingsområde på ei tidlegare grusbane sentralt i Fosnavåg. Grusbana er eigd av Bergsøy IL, som no har bestemt seg for å konsentrere idrettsaktiviteten til området rundt Havila Stadion Fosnavåg og Heidbana ved Bendalen. Bergsøy IL tek sikte på å selje området for den tidlegare grusbana, ferdig tilrettelagt for utbygging. Planforslaget omfattar også utviding av leikeområdet til Huldal Barnehage SA og tilrettelegging for ein ny bypark med tilhøyrande offentleg parkering.

Planomtalen gir ei framstilling av dagens situasjon, planforslaget og verknaden av endringane. Planforslaget er basert på eit planprogram som har leda fram til ei konsekvensutredning av ulike alternativ for utbyggingsstrukturen. Her er barn og unge sine interesser eit sentralt tema.

2.1 Formål med planen

Hovudmålet med reguleringa er:

- Legge til rette for eit moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg.
- Legge rammer for formål, byggehøgd, byggegrenser og utnyttingsgrad.
- Legge til rette for gode områder for uteopphald og leik til erstatning for tidlegare grusbane.

2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstiller:	Bergsøy IL v/ Hallvar Ulfstein
Plankonsulent:	Sporstøl Arkitekter AS v/ ingeniør Bjørnar Sporstøl og arkitekt Linda Emdal
Konsulent skredundersøking:	Breiteik Fjordsenter v/ geolog Arne Sandnes
Konsulent grunnundersøking:	Norconsult v/ Magne Bonsaksen
Grunneigar:	Gnr./Bnr. 34/165, 166, 185, 509 – Bergsøy IL Gnr./Bnr. 34/297 – Herøy Kommune Gnr./Bnr. 34/365, 508, 544 – Huldal Foreldreeigde Barnehage BA Gnr./Bnr. 34/1, 8 – Div. arvingar Ulike eigedomar med eksisterande bygg.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Det vart halde oppstartsmøte mellom foredragsstiller, plankonsulent og kommunen 24.05.2011. Det vart her justert plangrense og satt krav om planprogram og konsekvensutredning. Søknad om oppstart vart saman med forslag til planprogram vedteken i møte i Herøy formannskap 22.11.2011. Melding om oppstart og forslag til planprogram vart 19.12.2011 sendt til dei ulike høringsinstansar, grunneigarar og naboar, i tillegg til kunngjering i avisa og utlegging av saka på kommunen og plankonsulentens nettsider. Fristen vart satt til 12.02.2012. I tillegg vart det 19.01.2012 avhalde møte med Huldal Barnehage BA.

I samband med rullering av kommuneplanens arealdel vart det saman med forslagsstiller 25.06.2012 sendt innspel til endring av arealformål for området i Huldalen. Innspelet er innarbeidd av kommunen i nytt forslag til kommuneplanens arealdel 2013-2025. Det vart 17.12.2012 halde møte med kommunen for drøfting av vidare framdrift og rullering av kommuneplanen. Det vart bestemt å gå vidare med planarbeidet som ei detaljregulering. med utarbeiding av revidert planprogram med spesielt omsyn til barn og unge sine interesser. Revidert forslag til planprogram vart vedteken 02.07.2013. Rådmannen vurderer her formålet med planforslaget til å vere i tråd med dei overordna signala frå Miljøverndepartementet, samt gjeldande samfunnsdel for Herøy.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det vil verte behov for utbyggingsavtale for opparbeiding av offentleg parkområde med ballbinge, gangsti og parkering for byparken, i tillegg til offentleg køyreveg, gangveg og offentlig parkering for Huldalsvegen. Areal er avsett til formålet.

2.5 Krav til konsekvensutreding

I oppstartsmøte 24.05.2011 vart det satt krav om konsekvensutredning, ifølge Forskrift om Konsekvensutredning §2 d) - områdereguleringer som inneberer utlegging av nye områder til utbyggingsformål. Det har etter §6 blitt utarbeida eit planprogram der det vart gjort greie for planprosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad. Det vart gjort greie for kva forhold som skal utgreiast i planforslaget, kva alternativ som skal vurderast og kva metodar som vert nytta.

3 Planprosess, medverknad, varsling

Det vart 16.08.2013 sendt ut varsel om revidert forslag til planprogram til dei ulike høringsinstansar, grunneigarar og naboar. Det vart i tillegg kunngjort i avisa og utlegging av saka på kommunen og plankonsulentens nettsider. Frist for innspel vart sett til 04.10.2013. Innkomne innspel har no vorte tekne til følgje og kommenterast i vedlagte merknadsskjema.

Det vart avhalde ope informasjonsmøte i Herøy Rådhus 25.09.2013. Her vart det spesielt drøfta behov for sikring av myrområdet og opparbeiding til ny bypark. Rekkefølgebestemmelser og utbyggingsavtale for dette området må difor avklarast i planprosessen.


Formell saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentlig ettersyn. Det vert i tillegg halde offentleg møte under høringsperioden. Eventuelle merknadar vert teke med vidare i prosessen.

Estimert framdrift:

Handsaming kommunestyret revidert planprogram	02.07.2013
Kunngjering revidert planprogram	16.08.2013
Høyringsfrist	04.10.2013
Arkeologisk registrering	05.05.2014
Utarbeiding av planforslag	Juni-oktober 2014
Oversending av planforslag til kommunen	oktober 2014
Kommunal behandling (12 veker)	Oktober-november 2014
Høring av planforslag (6 veker)	November-desember 2014
Behandling av ev. merknader og endringar	januar 2015
Godkjenning av planforslag	februar 2015
Kunngjering av godkjent plan	februar 2015


4 Planstatus og rammebetingelsar

4.1 Overordna planer



Utsnitt av arealdel til gjeldande kommuneplan for Herøy Kommune frå kommunekart.com.

I arealdelen til tidlegare gjeldande kommuneplan er planområdet vist som friområde. Forslag til Kommuneplanens Arealdel 2013-2025 er no vedteken med endring av friområde til boligbebyggelse og området rundt barnehagen til offentlig eller privat tjenesteyting.



Utsnitt av planforslag til Kommuneplanens Arealdel 2013-2025 for Herøy Kommune frå kommunekart.com.

Kommuneplanens Samfunnsdel 2013-2025 inneheld eit satsingsområde for ei heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling. Fosnavåg skal vere det naturlege sentrum for innbyggjarar i Herøy. Kommunen vil legge til rette for auka bustadbygging i heile kommunen.


4.2 Gjeldande reguleringsplaner

Ein mindre del av planområdet ligg innafor Reguleringsplan for Huldal–Fosnavåg, godkjent i 2006. Denne delen vart regulert med tanke på framtidig ending av Igesundsvegen. Desse planane skrinlagd med den nye Reguleringsplan RV654 Fosnavåg.

4.3 Tilgrensande planer

Området grenser til følgande reguleringsplaner:

GJELDENDE REGULERINGSPLANAR SOM GRENSER TIL PLANOMRÅDET – HERØY KOMMUNE		
Nr.	**Reguleringsplan**	**godkjent**
1	Reguleringsplan Fosnavåg Sentrum	2006
2	Reguleringsplan Huldal - Fosnavåg	2006
3	Reguleringsplan Rv 654 Fosnavåg	2013



Utsnitt frå tilgrensande reguleringsplaner frå kommunekart.com.


4.4 Statlige retningslinjer/rammer/føringer

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 1. juli 2009.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold av 1. juli 2009.
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1. oktober 1983.
- RPR for samordnet areal- og transportplanlegging av 9. oktober 1993.
- RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (T-2/08) av 12. juni 2008.
- RPR for universell utforming av 12. desember 2007

5 Planområdet med eksisterande forhold

5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik

Planområdet ligg sentralt i Fosnavåg med gangavstand til sentrum og er delvis utbygd med bustader, barnehage og ei grusbane som ikkje lenger er i bruk.



Utsnitt av Fosnavåg frå gulesider.no med markering for planområdet.

Planområdet er avgrensa av Igesundvegen i nord, Huldalsvegen i vest, Nedre Huldalsveg i sør og eit berg som naturleg avgrensing mot aust. Arealet er på 41,3 daa.



Utsnitt av Fosnavåg frå gulesider.no med markering for planområdet.

5.2 Dagens arealbruk

Dagens arealbruk i planområdet er friområde og bustadområde delvis bebygd med bustader og ein barnehage. Elles i nærområdet er det bustader.

5.3 Stadens karakter

Planområdet ligger på ei flate omkransa av bustader orientert mot gatene. Det finst ein viss gatestruktur rundt planområdet med rette gateløp og mindre tverrgater, etter ein plan av Sverre Pedersen i 1957. Dei fleste bustadane er frå denne perioden og den vidare utbygginga har følgt planen, bortsett frå eit myrlendt område nord i planområdet som fortsatt står ubygd.



Utsnitt av Pedersen-planen for Fosnavåg frå 1957.



Foto frå 1950-talet

5.4 Landskap

Planområdet er flatt med kotehøgde mellom +4 og +5 m med svak halling mot nordvest. I nord er det eit større myrområde som er særleg vassrikt. Aust for planområdet ligg eit berg med kotehøgde mellom +5 m og +58 m. Planområdet er elles omgitt av berg i aust, sør og delvis i vest. Berga består av Øyegneis med eit tynt humusdekke, godt forankra gjennom vegetasjon av mose, gras, lyng og einer. Viser til vedlegg V6 - Geologisk vurdering.


Foto av område sett fra nord med sikt mot sør


Foto av område sett fra sør med sikt mot nord

5.5 Kulturminner

Det er ikkje registrert kulturminne i planområdet. Viser til vedlegg V5 - Arkeologisk rapport. Konsekvens for kulturminner og kulturmilljø vert vurdert i konsekvensutredning kap. 7.

5.6 Naturverdier

Det er ikkje registrert spesielle økosystem, naturtyper eller arter i planområdet som vert råka av utbygginga. Planområdet er sjekka opp mot rødlista og naturbase.

5.7 Rekreasjonsverdi og uteområder

Innafor planområdet er det ei grusbane som ikkje lenger er i bruk. Verdien av grusbana som ei stor, opa flate vert omtala i kap. 7. Konsekvensutredning. Det er ellers ikkje andre spesielle rekreasjonsverdier i planområdet. Nærområdet har god tilgang på rekreasjons-, natur- og uteområder.

5.8 Landbruk

Det er ikkje landbruksareal i planområdet.

5.9 Trafikk og infrastruktur

Det er god adkomst til planområdet med ein god vegstruktur med gangvegar tilknytta sentrum. Her er det eit godt utbygd kollektivtilbod.

5.10 Barns interesser

Det er eit sentralt tema i konsekvensutredninga å legge til rette for gode områder for uteopphald og leik til erstatning for tidlegare grusbane.

5.11 Sosial infrastruktur

Det er et godt etablert barnehage- og skuletilbod i Fosnavåg med god kapasitet. Huldal Barnehage medverkar til planarbeidet.

5.12 Universell utforming

Topografien i planområdet gir gode moglegheiter for å tilrettelegge for universell utforming av uteområdet.

5.13 Teknisk infrastruktur

Nærområdet har et god utbygd kommunalt avløpsanlegg, i tillegg til eit privat vassledningsnett eigd av Herøy Vasslag BA.



Ortofoto av området med utsnitt av ledningsnettet i området.

5.14 Grunnforhold

Geoteknisk rådgivar har gjort vurdering for moglegheit for å anlegge park i myrområdet og moglegheit for å bygge bustader på den eksisterande grusbana. Viser til vedlegg V4-Geoteknisk vurdering (grunn).

5.15 Støyforhold

Det er registrert uheldige støyverdiar i deler av planområdet. Gjeldande plan for Huldal frå 2006 har gjort berekningar av støysituasjonen som vil verte tilsvarande i dette området. Sjå utsnitt av støyvurderinger frå 2006 nedanfor, i tillegg til Statens Vegvesen sine berekningar for vegstøy. Den planlagte bebyggelsen kjem utanom støysone gul. Eksistende bygg langs Igsundvegen ligger innfor støysona. Konsekvens av støy vert vurdert i konsekvensutredning kap. 7.

Støysituasjon

Støysituasjonen er utrekna i høve "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" – T-1442. Trafikktalet er henta frå "Nasjonal vegdatabank" og viser ein årsdøgntrafikk på 1200 som ÅDT. Berekningsgrunnlaget vert då 1200 pluss 30% i berekningsåret. Dvs ÅDT lik 1560 køyretøy. Som del tungtrafikk er rekna 7%.


Den planlagde bygningsmassen vil ikkje ha verknad for kalkulasjonsgrunnlaget. Vi har utført berekningar i høgd 2 meter og 5 meter over terreng mot fylkesvegen. Dette tilsvarer personhøgd på balkong i 1. etg. og i 2. etg. Avstand frå vegen er sett i byggjegrense. Utrekningane er gjort med NB STOY versjon 6.0.
Som fasadedemping i utrekningane (inngangsverdi) sett til 25 dB.

Fylkesveg, fasade mot nord	Døgntrafikk, ÅDT	Støymengd utgangsnivå, L_{den}	Støymengd nivå ute, L_{den}	Støymengd inne, $_{ekv}$
Pkt. A, H 2 m over terreng	1560	62	61	32,4
Pkt. A, H 5 m over terreng	1560	59,1	57,9	32,2

Støysone etter "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" – T-1442:



Deler av arealet har ei støymengd som ligg innan sone "gul", dvs i området mellom 55L_{den} og 65 L_{den}. Grensa for 55 L_{den} ligg 34.3 meter frå senterlinja til fylkesvegen. Gul sone er ei vurderingssone der kommunen kan tillate utbygging basert på ei arealvurdering og at kompenserande tiltak vert gjennomført.



Utsnitt frå Statens vegvesen sine målingar av vegstøy henta frå gislink.no

5.16 Luftforurensing

Det er ikkje registrert spesielle forurensningskilder i nærområdet.

5.17 Risiko og sårbarhet (ROS)

Noregs vassdrags- og energidepartement (NVE) har kome med innspel til planprogrammet der det blei nemnt potensiell fare for skred for fjellskrent i aust. Dette har blitt vurdert av geolog. Viser til vedlegg V6-Geologisk vurdering (skred).

Under medverknadsmøtet 25.09.2013 kom det merknad om fare for ferdsel over myra nord i planområdet. Dette vert utgreia av geolog. Viser til V4 – Geoteknisk vurdering (grunn).

I tillegg har det kome uttale frå barnehagen om fare for steinsprang ved tunnellsprengning for ny innfartsveg. Dette vert utgreia av geolog. Viser til vedlegg V6-Geologisk vurdering (skred).

Det finst ikkje andre riski i området. Viser til vedlegg V7- ROS-vurdering. ROS-vurderinga inngår i konsekvensutredning kap 7.

5.18 Næring

Einaste næringsinterassa innafor planområdet er Huldal Barnehage SA.

5.19 Analyser og utredningar

Barn og unge
Det har i arbeidet vert nytta data frå Barnetrakkregistreringar for Herøy Kommune 2012, i tillegg til ein nærmare dialog med aktuelle brukergrupper i området. Plassering av nye uteoppholdsområder vil også bli sett opp mot ein analyse av Fosnavåg sentrum utført av Asplan Viak i 2007. Her blir Huldalsmyra pekt på som del av eit grøntdrag som strekker seg frå Vågen og via dagens bypark. Ved utføring av den vedtekne reguleringsplanen om rundkjøring som legg seg over deler av byparken, vil det verte behov for ein ny bypark i tilsvarande størrelse, eller eit mindre areal med ei forbetra opparbeiding. Ein slik bypark må samtidig erstatte noko av funksjonen til dagens grusbane, med til dømes ein ballbinge.


Samordna areal og transport
Intensjonen med planforslaget er i samsvar med RPR for samordnet areal- og transportplanlegging av 9. oktober 1993. Dette er på grunnlag av fortetting av eksisterande bumiljø og utnytting av ikkje tidlegare utnytta sentrumsareal i nærleik til kollektivterminal. Planområdets lokalisering gir gangavstand til resten av Fosnavåg sentrum og legg ikkje opp til auka bruk av privatbil. Det kjem av analysen fram eit behov for fleire parkeringsplassar tilknytta byparken. I tillegg har det vorte uttrykt behov for parkeringsplassar tilknytta Huldalsvegen. Dette kjem i tillegg til eigne parkeringsplassar for dei planlagte bustadane i planområdet og Huldal Barnehage.




Barnetråkkregistreringer 2012 frå Herøy Kommune, med markering for planområdet.



Analyse av landskapsrom og overordna grøntstruktur i Fosnavåg utført av Asplan Viak i 2007.



Analyse av framtidig utviklingsmønster for Bergsøy utført av Asplan Viak i 2007.



Analyse for framtidig parkerings- og trafikkstruktur for Fosnavåg utført av Asplan Viak i 2007

6 Omtale av planforslaget

Planforslaget er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller, kommunen og Huldal Barnehage. Utredningar har blitt utført av arkeolog, geoteknisk konsulent og geolog. Konsekvensanalysa har danna grunnlag for det vidare arbeidet med det valde alternativet 2a. Etter overlevert plan vil det vidare arbeidet bli leia av planavdelinga i Herøy kommune. Illustrasjonar og visualiseringer er utført av arkitektar ved Sporstøl Arkitekter AS. Illustrasjonane er ikkje juridisk bindande.

Planforslaget er ei detaljregulering av eit tidlegare friområde endra til formål bustadområde og område for tenesteyting (barnehage). Planforslaget legger føringar for eit moderne bustadområde, ei utviding av leikeområdet for Huldal Barnehage SA og legger til rette for ein ny bypark med tilhøyrande leikeplassar, gangvegar og offentlig parkering.


6.1 Planlagt arealbruk og reguleringsformål

Dei fire eigedommane gnr./bnr. 34/165, 34/166, 34/185 og 34/509 eigd av Bergsøy IL vil i reguleringa av planområdet slåast saman og eigedomsgrensene mellom desse opphevast. Arealet vert inndelt i ulike formål for bustadbygging. Deler av dette arealet vert seld til Huldal Barnehage SA. Dette arealet vert saman med eigedommane gnr./bnr. 34/365, 34/508 og 34/544 areal for barnehage. Gnr./bnr. 34/1 og 34/8 vert saman med gnr./bnr. 34/297 offentleg areal med ulike formål. Innafor dette området vert det nokre enkle grensejusteringar mot dei nye areala for bustadbygging. Her vil den vidare utbyggingsavtalen seie noko om opparbeiding av areala, kostnadsfordeling og eigarforhold. Herøy Kommune vil etter ferdigstilling overta areal med formål offentlig køyreveg med tilhøyrande fortau og infrastruktur. Areal for bustadbygging med formål felles uteareal og felles parkering vert eigd i fellesskap, men skal vere offentlig tilgjengeleg.

Arealfordeling reguleringsformål		
Bygningar og anlegg – Bustader – Blokker	BB	3,4 daa
Bygningar og anlegg – Bustader – Konsentrert småhus	BK1	3,2 daa
Bygningar og anlegg – Bustader – Konsentrert og frittliggande småhus	BK2, BF1 og BF2	9,5 daa
Bygningar og anlegg –Barnehage	BHG	3,9 daa
Bygningar og anlegg – Leikeplass	o_BUL1	0,7 daa
Bygningar og anlegg – Leikeplass	f_BUL2 og f_BUL3	0,8 daa
Bygningar og anlegg – Nærmiljøanlegg	o_NA	1,5 daa
Bygningar og anlegg – Anna offentleg eller privat tenesteyting og energianlegg	o_AT1, o_AT2 og o_E	0,2 daa
	Sum	23,2 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Køyreveg	o_V1 - o_V2	1,7 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Køyreveg	o_V3 - o_V5	4,1 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Køyreveg	f_V6	0,2 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Fortau	o_F1 og o_F2	1,0 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Gangveg/gangareal	o_GV1 og o_GV2	0,6 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Parkering	o_P1 og o_P2	1,3 daa
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Parkering	f_P3	0,2 daa
Samferdelsanlegg og teknisk inffrastruktur – Annan veggrunn – Grøntareal	o_AVg1 og o_AVg2	0,1 daa
	Sum	9,2 daa

Grønnstruktur –Park	o_GS1 og o_GS2	3,1 daa
Grønnstruktur – Naturområde - Grøntstruktur	GS3	5,8 daa
	Sum	8,9 daa
Totalt areal planområde		41,3 daa

I tillegg til reguleringsformåla kjem omsynsoner og rekkefølgjekrav. Det er grunna fleksibilitet i høve økonomisk gjennomføringsevne lagt opp til at det kan skje ei trinnvis utbygging. Viser til eksempel på situasjonsplan for trinnvis utbygging under kap. 6.14.



Utsnitt av V1-1 Detaljregulering

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bygningar og anlegg – Bustader – Blokker	BB	Legger rammer for leilighetsbygg eller fleirmannsbustader på inntil fire etasjer, i tillegg til delvis nedgravd parkeringskjeller. Byggehøgder skal ikkje overstige gesimshøgde 14 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 50. Minste felles uteopphaldsareal er 15 m^2 pr. bueining og parkeringsplassar er 1,25 pr. bueining.
Bygningar og anlegg – Bustader – Konsentrert småhus	BK1 og BK2	Legger rammer for rekke- eller kjedehus og to- eller fleimannsbustader med maksimalt fire einingar. Gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 40. Parkeringsplassar er 1,5 pr. bueining. For BK1 er minste private uteopphald er 15 m^2.
Bygningar og anlegg – Bustader – Frittliggande	BF1 og BF2	Legger rammer for ein- eller tomannsbustader. Gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 30. Parkeringsplassar er 2 pr. bueining for einebustader og 1,5 pr.bueining for tomannsbustader.
Bygningar og anlegg – Barnehage	BHG	Legger rammer for bygningar og anlegg for bruk til drift av barnehage. Gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 50. Krav om tilstrekkeleg uteopphald og parkeringsareal.
Bygningar og anlegg – Leikeplass	o_BUL1	Legger rammer for offentleg nærleikeplass.
Bygningar og anlegg – Leikeplass	f_BUL2 og f_BUL3	Legger rammer for ein offentleg tilgjengeleg nærleikeplass felles for bebuarar i BB og BK1. Området skal vere universelt utforma.
Bygningar og anlegg – Nærmiljøanlegg	o_NA	Legger rammer for offentleg kvartalsleikeplass med ballbinge eller bane for anna balleik. Området skal vere universelt utforma. Det skal etablerast sykkelparkering innafor området.
Bygningar og anlegg – Anna offentleg eller privat	o_AT1 og o_AT2	Legger rammer for areal som kan brukast til offentlege funksjonar som renovasjon, sykkelparkering og liknande.
Bygningar og anlegg – Energianlegg	o_E	Legger rammer for trafostasjon med byggehøgd på 3 m.
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Køyreveg	o_V1 - o_V5	Legger rammer for offentleg køyreveg i henhold til Herøy Kommune si rettleiing for vegar med 5,25 m kjørebane for adkomstveg A2 (o_V1, o_V2, o_V3 og o_V5) og 5.75 m kjørebane for samleveg S1 (o_V4).
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Køyreveg	f_V6	Legger rammer for ein felles tilkomstveg for eigedommar innafor BF2, i henhold til Herøy Kommune si rettleiing for vegar med 6 m reguleringsbreidde for adkomstveg A1

Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Fortau	o_F1 og o_F2	Legger rammer for universelt utforma fortau i henhold til Herøy Kommune si rettleiing for vegar med 3,25 m breidde for fortau.
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Gangveg/	o_GV1 og o_GV2	Legger rammer for gang- og sykkelveg i henhold til Herøy Kommune si rettleiing for vegar med 3,5 m breidde for gang- og sykkelveg.
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Parkering	o_P1 og o_P2	Legger rammer for offentlig parkering.
Samferdelsanlegg og teknisk infrastruktur – Parkering	f_P3	Legger rammer for felles parkeringsplass for bebuarar innafor BB og BK1.
Samferdelsanlegg og teknisk inffrastruktur – Annan veggrunn – Grøntareal	o_AVg1 og o_AVg2	Legger rammer for grøntareal som leier inn til byparken med beplantning.
Grønnstruktur –Park	o_GS1 og o_GS2	Legger rammer for opparbeiding av eit offentleg parkområde. Det vert tillate med tilplanting, benkar og liknande innanfor området. Det er ikkje tillate å gjere tiltak i grunnen som senkar grunnvatnet i området
Grønnstruktur – Naturområde - Grøntstruktur	GS3	Legger restriksjoner mot varige inngrep innafor området.

6.3 Bebyggelsens plassering og utforming

Bebyggelsen innafor BB plasserast i forhold til den nye gatestrukturen og areal for felles uteopphald, med ei byggegrense på 20 m frå midtlinje veg.


Bebyggelsen innafor BK1 skal plasserast i forhold til den nye gatestrukturen, med ei byggegrense på 10 m frå midtlinje veg.




Situasjonsplan som viser planlagt opparbeidd areal og planlagt bebygd areal.

6.3.1 Bebyggelsens høgde

Byggehøgd for BB skal ikkje overstige gesimshøgde 14 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Det vert tillate med delvis nedgravd parkeringskjellar med 4 etasjer oppå. Med parkering på bakkeplan vert det dermed ikkje meir enn 3 etg oppå.



Snitt øst-vest



Snitt nord-sør

Situasjonsnitt som viser maksimal byggehøgd i forhold til gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget.

Byggehøgd for BK1 skal ikkje overstige gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Det vert tillate med totalt 3 etasjer. Dersom ein vel å bygge i 3 etasjer bør det skje ei forskyvning av volum og/eller variasjon i høgder for bryte opp fasaden.



Illustrasjon frå gaterommet som viser eksempel på variasjon i høgder for dei kjeda einebustadane.


6.3.2 Grad av utnytting

Utnyttingsgrad for BB er 50%. Dette inkluderer areal for parkering. Felles uteopphald er ikkje inkludert i dette arealet.

Utnyttingsgrad for BK1 er 40%. Dette inkluderer areal for parkering. Felles uteopphald er ikkje inkludert i dette arealet.

6.3.3 Antall bygninger, leilighetsfordeling

Innafor BB kan det byggast leilighetsbygg eller fleirmannsbustader på inntil fire etasjer. Det bør vere ei trapping av høgda og/eller frambygg for å bryte opp bygningsmassen. Tilbygg eller mellombygg på maksimalt ei etasje kan byggast frittståande eller mellom leilegheitsbygga.



Illustrasjon frå gaterommet som viser eksempel på variasjon i høgder for blokkene.

Innafor BK1 kan det byggast rekke- eller kjedehus og to- eller fleimannsbustader med maksimalt fire einingar i kvar kjede med einebustader. Dette er for å bevare siktlinjer mellom bygga.



Illustrasjon frå nordvest som viser eksempel på inndeling av bygningskroppane for å bevare siktlinjer mellom bygga.

6.4 Bomiljø og bokvalitet

Området har gode kvalitetar når det gjeld solforhold og utsikt. Dette bør ivaretakast i planlegginga av bustadane når det gjeld orientering av leilegheiter og plassering av bygningane på tomta. For BB ligg forholda til rette for at kvar leilighet kan få privat uteopphald på balkong, i tillegg til krav om felles uteopphald. For BK1 ligg forholda til rette for at kvar bueining kan få privat uteopphald på bakkeplan, i tillegg til krav om felles uteopphald.

For dei eksisterande bustadane vil det verte eit tilskot og ein variasjon i tilbodet for barn med leikeplassar og møtestadar i dei felles uteområda og byparken. Den eksisterande leikeplassen innafor o_BUL1 vert rekna som nærleikeplass for bebuarar i og rundt Huldalsvegen. For dei nye bustadane i BB og BK1 vert det nærleikeplass innafor f_BUL2 og f_BUL3. Det vert ein offentleg kvartalsleikeplass innafor o_NA som skal nyttast av større barn med nærmiljøanlegg som til dømes ballbinge eller bane for anna balleik. I arealplan for Herøy kommune er det krav til kvartalsleikeplass for alle bueiningar innan 250 meter med storleik på minst 1500 m^2 der det skal leggast til rette for aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.



Illustrasjon frå sørvest som viser eksempel på plassering av bygningane for å utnytte solforholda.

6.5 Parkering

For BB og BK1 vert det parkering på eiga tomt, i tillegg til ein felles gjesteparkering f_P3 sør i området. For andre bebuarar og besøkande i området vert det offentleg parkeringsplass (o_P1) nord i området, i tillegg til ein offentleg parkeringsplass (o_P2) tilknytt byparken aust i området. Her er det krav om minimum antall parkeringsplassar for rørslehemma.



Illustrasjon som viser mogleg parkeringsdekning innafor BB og BK1.

6.6 Tilknytning til infrastruktur


Tilknyting til infrastruktur skjer i forhold til kommunen sine normer for tilknyting. Tilknyting til avløpsanlegg og vassanlegg skjer i Igesundsvegen og vert lagt i den offentlege køyrevegen o_V1 og o_V2. For å dekke energibehov må det plasserast ein trafo for området innafor o_E.



Ortofoto av området med utsnitt av ledningsnettet i området og innteikna trafostasjon.


6.7 Trafikkløsning, atkomst, tilgjengelighet for gående og syklende

Den største delen av trafikken vil kome frå Igesundsvegen. Avkøyrsla til området vil skje via Huldalsvegen. Det vil også vere mogleg å køyre inn fra Nedre Huldalsveg i sør. Det er lagt inn ein vendehammar i midten av området. Langs heile vegen gjennom området vil det verte fortau, som også strekker seg inn på Huldalsvegen og og Nedre Huldalsveg. Det vil også verte ein gangveg gjennom byparken, som vil verte snarvegen til sentrum, eit tryggare og mindre støyande alternativ til Igesundsvegen. Den nye køyrevegen gjennom området er dimensjonert utifrå dimensjoneringsgrunnlaget for adkomstveg A2 >50 bueiningar med total reguleringsbreidde på 11 m. Her har formål for køyreveg 5,25 m breidde og fortau 3,25 m breidde.



Utsnitt frå «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal» for Herøy Kommune, vedtatt i kommunestyret 28.11.13.

På tvers av området går det i dag ein gangsti frå Huldalsvegen forbi leikeplassen. Denne vil opparbeidast og sikrast med fotgjengerovergang både i Huldalsvegen og køyrevegen inne på området. Dette er ei strategisk plassering i forhold til kvartalsleikeplassen med nærmiljøanlegget, som uansett vil få mykje gangtrafikk, frå Huldalsvegen og dei nye bustadane i Buråsa. Den andre eksisterande gangstien på tvers mellom g.nr/b.nr 34/210 og 34/137 vil med dette stengast, av hensyn til trafikksikringa i Huldalsvegen der gangstien endar rett ut i vegen, men også inne på området då denne vil kome mot avkøyrsla til BB og skape ein uoversiktleg situasjon. I barnetrakkregistreringa for Herøy Kommune frå 2012 er det ingen registreringar som tilseier at dette er ein mykje brukt sti. Sjå kap. 5.19 Analyser. Den oppgraderte gangstien vil i tillegg til den nye gangvegen på tvers av området vere dimensjonert utifrå dimensjoneringsgrunnlaget for gang-/sykkelveg med total reguleringsbreidde på 5,5 m. Her har formål for gangveg/gangareal 3,5 m.



Utsnitt frå «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal» for Herøy Kommune, vedtatt i kommunestyret 28.11.13.

6.8 Miljøtiltak

Plasseringa i nærleik til sentrum er svært viktig for å få fleire til å gå, sykle eller ta buss. For å også forbetre dette tilbodet vil det vere viktig å auke tettleiken i sentrum, utan at det gjeng utover kvaliteten til offentleg areal som leikeplassar og parkar. Gode uterom er viktig for at folk trivst, i tillegg til private areal for uteopphold tilknytta bustaden. Orientering av bueineingane mot sør/vest vil påverke energiforbruk til oppvarming om vinteren. Når forholda ligg så godt til rette som her, vil det difor vere viktig med høg utnytting av arealet i tillegg til å skape arealeffektive bustader.

Felles renoveringsløysing med innsamling av både papp/papir, plast, glas/metall og matavfall skal gjere det lett for bebuarane å tenke miljø i kvardagen. Lett tilgjengeleg overdekt sykkelparkering på bakkeplan er også tiltak som skal gjere det enklare å bruke sykkel til jobb eller skule og til trening.

6.9 Universell utforming

Området er tilnærma flatt, med unntak av skråninga i sør av området. Det ligg til rette for ei god utforming av uteområda med krav om tilgjengelege leilegheiter i BB og gode moglegheiter for tilgjengelege bustader i BK1.

6.10 Uteopphold

For BB og BK1 vert det minimum 15 m^2 felles uteopphold pr. bueining innafor f_BUL 2 og f_BUL3. I tillegg er det ein offentleg nærleikeplass på o_BUL1, kvartalsleikeplass innafor o_NA og framtidig bypark innafor o_GS1 og o_GS2. I tillegg er det gode moglegheiter for privat uteopphald både for leiligheiter i BB og bueiningar i BK1.

6.11 Støy

Grenseområdet for støy frå Igesundsvegen vert liggande innafor BK2 og kjem ikkje i konflinkt med dei planlagte bustadane i BB og BK1. Det skal ved nye tiltak innafor støysona utførast støyskjermingstiltak. Kommunen kan tillate utbygging basert på ei arealvurdering og at kompenserande tiltak vert gjennomført. Viser til analyse av støysituasjon under kap. 5.15.

6.12 Kollektivtilbud

Det er eit godt utbygd kollektivtilbod i Fosnavåg sentrum, med potensiale for breiare dekning dersom utbygginga og andre utbyggingar fører til auka tilflytting.

6.13 Risiko og sårbarhet (ROS)

Med sikring av fjellpartiet bak barnehagen, og med drenering og opparbeiding av byparken, vil det ikkje vere andre risiki i området.

6.14 Trinnvis utbygging



Situasjonsplan av eit eksempel på trinnvis utbygging som viser 2/3 utbygging av BK1 og ei av to blokker i BB. Ubebygd areal vert då tilgjengeleg til bruk som midlertidig grusbane.

7 Konsekvensutredning

7.1 Innleiing


Plandokumentet er utarbeidd etter Veileder til Reguleringsplan T-1490, utgitt av Miljøverndepartementet i 2008. I henhold til Forskrift om Konsekvensutredning § 4-2 vedlegg I, II og III vurderast reguleringsplanen til å medføre konsekvensutredning. Planomtalen forsøker i tillegg å utrede verknader og konsekvensar på natur, miljø eller samfunn ved gjennomføring av planen. Viser til kap. 8.

Det vert i konsekvensutredninga gjort greie for metoden for utredninga og ei beskriving av ulike alternativ for bebyggelsesstruktur, grønstruktur og infrastruktur. Her vert det først beskrive kva som er felles for dei ulike alternativa.

Tema for konsekvensutredninga er naboar og nærmiljø, barn og unge, grønstrukturer, trafikk og parkering, universell utforming, kulturminner og kulturmiljø, støy og ROS. Planområdet vert beskrive spesielt for kvart tema der verdi, omfang og konsekvens vert vurdert.

7.2 Metodikk

Metoden er basert på Statens Vegvesens Handbok 140 om konsekvensutredningar. Her vert verdien av området vurdert til liten, middels eller stor. Så vert tiltaket vurdert etter kva grad av endring det vil medføre frå stort, middels eller lite positivt omfang til lite, middels eller stort negativt omfang. Samla gir dette ei vurdering av konsekvensen og kan plasserast inn i følgande konsekvensvifte:



Konsekvensvifte sammensatt av områdes verdi og tiltakets omfang henta frå Handbok 140 Statens Vegvesen:2006)»

Kjelder som er nytta i konsekvensutredninga er kommunale planer, analyser og registreringer, statlege retningslinjer, rapporter og informasjon, i tillegg til befaring i området og dialog med brukergrupper i området.

7.3 Alternativ

På bakgrunn av planprogrammet skal det utredast to alternativ 1 og 2 for bebyggelsestruktur, i tillegg til 0-alternativet utan utbygging. For utbygginga vert det sett på to alternativ a og b for grønstruktur og infrastruktur.

Alternativ 0:
-Ingen utbygging. Barnehagen får ikkje utvide sitt leikeareal.
-Grusbane blir som i dag, utan aktivitet. Ingen ballbinge.
-Ingen utbyggingsvtale med kommunen med opparbeiding av bypark i myra, parkeringsplass og gangsti til sentrum.
-Ingen parkeringsplass som avlastar Huldalsvegen.

Felles for alternativa 1a, 1b, 2a, 2b:
-Utnyttingsgrad i planområdet overskrider ikkje 50% BYA.
-Føresegnene legg opp til at området kan byggast ut trinnvis.
-Føresegnene legg opp til eit minste felles uteareal på 15 m^2 pr. bustad.
-Føresegnene legg opp til 1,25 parkeringsplasser pr. bustad i blokkene og 1,5 parkeringsplassar pr. bustad for småhusbebyggelsen.
-Barnehagen får utvida sitt leikeareal mot vest framfor barnehagen.
-Offentleg areal for bypark orienterast i myra nord i planområdet.
-Areal til ballbinge vert sett av mellom byparken og den nye utbygginga.
-Offentlig areal for parkering tilknytta byparken nordøst i planområdet.
-Eksisterande leikeplass ved Huldalsvegen vert bevart.
-Ekstra parkeringsplasser for å betre trafikkforholda i Huldalsvegen.
-Universell utforming av offentlige og felles uteområde.



Alternativ 1:
-Blokk 1 med total eller delvis nedgravd parkeringskjeller og 3 etg. oppå. Byggehøgde 11 m.
-Blokk 2 med total eller delvis nedgravd parkeringskjeller og 4 etg. oppå. Byggehøgde 14 m.
-To- og tremannbustader i 2 etg. Gesimshøgd 8 m og mønehøgd 9 m med moglegheit for flatt tak.

Alternativ 2:
-Blokk 1 med total eller delvis nedgravd parkeringskjeller og 4 etg. oppå. Byggehøgde 14 m.
-Blokk 2 med total eller delvis nedgravd parkeringskjeller og 4 etg. oppå. Byggehøgde 14 m.
-Rekkehus i 3 etg. med moglegheit for utleigedel. Gesims- og mønehøgd 9 m med moglegheit for flatt tak.

Alternativ a:
-Gjennomkjørt tilkomtsveg med adkomst ved eksisterande leikeplass i nord og ved barnehagen i sør.
-Felles uteopphald langs av området framfor blokkene.

Alternativ b:
-Todelt tilkomstveg med adkomst ved eksisterande leikeplass i nord og ved barnehagen i sør.
-Felles uteopphald på tvers av området mellom blokkene.

Situasjonsplan for dei ulike alternativa for utbygging:

<table>
<tr>
<td> 
</td>
<td> 
</td>
</tr>
<tr>
<td>Alternativ 1a - Lav utbygging
- Samanhengande trafikk
- Samanhengande grønt</td>
<td>Alternativ 1b - Lav utbygging
- Oppstykka trafikk
- Oppstykka grønt</td>
</tr>
<tr>
<td> 
</td>
<td> 
</td>
</tr>
<tr>
<td>Alternativ 2a - Høg utbygging
- Samanhengande trafikk
- Samanhengande grønt</td>
<td>Alternativ 2b - Høg utbygging
- Oppstykka trafikk
- Oppstykka grønt</td>
</tr>
</table>

7.4 Naboar og nærmiljø

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ei skildring av eksisterande situasjon for naboar og nærmiljø.
- Influensområdet er barnehagen, leikeplassen og eksisterande bustader innafor planområdet, i tillegg til omkringliggande bustader i Huldalen.
- Verdivurdering er planområdets verknad for trivsel og fysisk aktivitet, identitetsskapande møteplasser og bevegelsen gjennom området. Verknad for barn og unge og vert vurdert som eige tema.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Naboar og nærmiljø	Redusert utsikt og solforhold. Nye møteplassar og bevegelseslinjer	Medverknad og innspel i planprosessen	Visuell vurdering av situasjonsplan og 3D-modell av eksisterande og planlagt bebyggelse.	Lav utbygging langs baksida av Huldalsvegen. Høgare utbygging mot berget.
Gatestruktur	Bygga sin størrelse og plassering.	Tidlegare og gjeldande planer og kart. Plan av Sverre Pedersen frå 1957.	Visuell vurdering av situasjonsplan.	Gatestruktur vidareførast.
Estetikk	Bygga sin utforming og uttrykk.	Befaring og foto. Bygg frå andre halvdel av 1900-tallet.	Visuell vurdering av 3D-modell av eksisterande og planlagt bebyggelse.	Arkitekturen tilpassast området.

Verdi
Planområdet er et område som ligger i bakkant av ei heil rekke bustader langs Igesundvegen, Djupedalen, Huldalsvegen og delvis for Nedre Huldalsveg. Området er delvis ope mot Djupedalen, Huldalsvegen og Nedre Huldalsveg, men skjerma mot Igesundsvegen. Eksisterande leikeplass nordvest i planområdet vert sett på som ein viktig møteplass for bebuarane i området. Barnehagen er også eit viktig element for området og er noko som gjer området til ein attraktiv stad å busette seg. Grusbana har ei viktig historie ved seg, men utan aktivitet på bana har den liten verdi.

Influensområdet har ein stram gatestruktur med ei einsarta bygningsmasse. Barnehagen følger ikkje denne strukturen og er plassert i forhold til berget i bakkant. Strukturen og estetikken i utbygginga må difor dels kunne tilpasse seg den eksisterande, noko som kan bidra til å heve verdien for heile området. Planområdet ligg slik til at det har potensiale for å fungere som ein snarveg mot sentrum for store deler av Huldalen. Dagens situasjon med myra og den store grusbana gjer snarvegen lite attraktiv, sidan det kan vere vått i myra og utriveleg og mørkt om kvelden å krysse grusbana utan den aktiviteten som tidlegare har vore. Ei utbygging vil i tillegg ha stor samfunnsmessig verdi, men det forutset at den nye utbygginga gir noko tilbake for naboar og nærmiljø.

Middels verdi for nærmiljøet

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Aktiviteten på grusbana har allereie vorte flytta og leikeplassen og barnehagen vert som før. Det kan kunne skje ei attgroing av grusbana og i verste fall føre til ei forslumming av området. I tillegg til at befolkninga veks og behovet for bustader aukar, kan dette framstå som negativt for ein tettstad i utvikling, og tilflyttarar vel andre stader å busette seg.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til middels negativt, og konsekvensen vert middels negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1a
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til sol og utsikt. Gatestrukturen vert opprettheldt og både tomannsbustadane og blokkene legg seg parallelt med Huldalsvegen. Begge rekkene vert avslutta på linje med avslutninga av bebyggelsen i Huldalsvegen, og dei to bustadane i Djupedalen. Siktlinja nordover gjennom planområdet vert med dette opprettheldt, det same gjeld siktlinja vestover frå Djupedalen. Det vil med utbygginga skje ei opparbeiding av felles uteområde for bebuarane, i tillegg til ein offentleg tilgjengeleg ballbinge, tilknytta eit areal med moglegheit for å verte ny bypark for heile Fosnavåg.


Omfanget av alternativ 1a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1b
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til sol og utsikt. Gatestrukturen vert opprettheldt, men noko smalare mellom tomannsbustadane og blokkene, noko som innafor planområdet vil gi noko mindre sol og utsikt. Det felles uteområdet vil kunne oppfatta som meir privat, sidan ikkje den offentlege køyrevegen og gangfeltet passerer forbi, men at køyrevegen stoppar og gangfeltet kryssar over.

Omfanget av alternativ 1b vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert liten positiv konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 2a
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til sol og utsikt. Ei høgare utbygging kan gi meir midlar til opparbeidinga av dei felles uteområda og til å bidra til opparbeidinga av dei offentlege uteområda.


Omfanget av alternativ 2a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.




Brei gate med god oversikt. Leikeplass til høgre.

Omfang og konsekvens ved alternativ 2b
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til sol og utsikt. Gatestrukturen vert opprettheldt, men noko smalare. Det felles uteområdet vil kunne oppfatta som meir privat.

Omfanget av alternativ 2b vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert lite positiv konsekvens.



Samla vurdering og avbøtande tiltak
For siktlinjene sin del vil det vere ein fordel med ei breiare gaterom. For naboane og nærmiljøet sin del vil det vere ein fordel med eit meir ope felles uteområde. I det samfunnsmessige perspektivet vil det vere ein fordel med høgare utbygging.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.5 Barn og unge

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ei skildring av eksisterande situasjon for barn og unge.
- Influensområdet er barnehagen og eksisterande leikeplass innafor planområdet, i tillegg til omkringliggande gangstiar.
- Verdivurdering er planområdets verknad for trivsel og leik, leikeplassar og tilgjengelegheita til desse. Flytting av aktivitet ved grusbana er utgangspunktet for konsekvensutredninga og vert ikkje vurdert.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Barn og unge	Endring av uteområde til barnehagen. Opparbeiding av ballbinge og ny felles leikeplass.	Medverknad og innspel i planprosessen. Barnetrakk-registrering frå 2012.	Samtaler med barnehage og grendalag. Visuell vurdering av situasjonsplan.	Planlagte gangstier og leikeplasser tilpasses omkringliggende gangstier.

Verdi
Planområdet er skjerma for trafikk, men grunna myra og den store grusplassen vert adkomsten for leikeplassen og barnehagen direkte frå Huldalsvegen og Nedre Huldalsveg. Dette svekkar tryggleiken skjerminga gir, sidan ein uansett må bevege seg langs Huldalsvegen for å kome til området. Verdien av dagens uteområde for barnehagen er heller ikkje optimal, då deler av uteområdet ligg i bakken opp mot berget, med fare for steinsprang. Uteområdet framfor barnehagen er ikkje eigd av barnehagen og gjer det lite attraktivt for dei å investere i betre utstyr og utforming.

Influensområdet har ein god del trafikk, både i Igesundsvegen og Huldalsvegen, som tek store deler av trafikken inn mot Huldalen og vidare til Bernmarka. Det er ingen gangveg i Huldalsvegen og det er lite parkeringsmoglegheiter for dei eldre husa i Huldalsvegen, anna enn i vegen. Dette gjer området spesielt uoversiktleg for billistar og utrygt for barn. Planområdet har moglegheiter for å anlegge gangstiar som ein alternativ og trygg veg mellom leikeplassen og barnehagen og for å legge ein gangsti via Djupedalen inn mot sentrum.

Middels verdi for barn og unge

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Området vil difor fortsette å vere utrygt.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til middels negativt, og konsekvensen vert middels negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1a
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til den eksisterande leikeplassen og barnehagen. Endringa av uteområdet til barnehagen vil vere positiv og auke tryggleiken for borna. Det vil med utbygginga skje ei opparbeiding av ein leikeplass på tilknytta felles uteområde for bebuarane, i tillegg til ein offentleg tilgjengeleg ballbinge. Det vil verte ein offentleg gangsti på tvers av området, i tillegg til gangveg på langs av området, framfor blokkene.


Omfanget av alternativ 1a vurderast til middels positiv, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1b
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til den eksisterande leikeplassen og barnehagen. Den nye leikeplassen vil ligge nærmare ballbingen og meir i direkte kontakt med gangstien rett inn frå Huldalsvegen. Her vil leikeplassen vere meir trygg innafor området, men adkomsten utanfrå kan verte meir utrygg grunna meir trafikk i Huldalsvegen frå den nedre delen av planområdet.

Omfanget av alternativ 1b vurderast til middels positiv, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 2a
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til den eksisterande leikeplassen og barnehagen. Den auka utbygginga med rekkehus framfor tomannsbustader, vil gjere gangstien inn frå Huldalsvegen noko mindre oversiktleg. Det vil elles verte meir trafikk innafor området. Ei høgare utbygging kan gi meir midlar til opparbeiding av uteområda.


Omfanget av alternativ 2a vurderast til middels positiv, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.



Leikeplassen på langs av området med gangsti inn frå Nedre Huldalsveg.


Omfang og konsekvens ved alternativ 2b
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil gi lite endringar i forhold til den eksisterande leikeplassen og barnehagen. Med ei høgare utbygging vil det ikkje verte meir trafikk i den nedre delen av området der det er mest utrygt..

Omfanget av alternativ 2b vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert liten positiv konsekvens.



Leikeplassen på tvers av området med gangsti inn frå Huldalsvegen

Samla vurdering og avbøtande tiltak
For tryggleiken innafor området vil det vere ein fordel med leikeplass på tvers av området, nærmast ballbingen. For tryggleiken utanfor området vil det vere ein fordel å få all trafikken lengst nord i Huldalsvegen. Her vil den lokale mengda trafikk vere enklare å regulere med tiltak som fartsdumpar og gjere frisiktsoner fri for hindringar.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.6 Grønstruktur

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ei skildring av eksisterande grønstrukturer.
- Influensområdet er eksisterande grønstrukturer i planområdet, i tillegg til omkringliggande grønstrukturer.
- Verdivurdering er planområdets verknad for grønstrukturer, tilgjengelegheita og bruken av desse.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Grønstruktur	Bortfall av grusbane. Opparbeiding av bypark og felles uteområde.	Strategiplan for Fosnavåg sentrum frå 2007. Barnetrakk-registrering frå 2012.	Visuell vurdering av situasjonsplan og 3D-modell i forhold til landskap og grønstrukturer.	Samanhengande grønstrukturer er viktig for biologisk mangfald.

Verdi
Planområdet har lite frodig vegetasjon og består for det meste av grus og myr med mose og gras. Langs randsona mot bustadane finn ein nokre tre og busker, i tillegg til plenar på dei fleste av eigedommane. På berget ved foten av Grønfjellet startar vegetasjonen fjellet består av, med lyng og einer. Slik vil det verte naturleg å ta vare på og vidareføre denne randsona som eit grønt belte, spesielt mot eigedommane langs Huldalsvegen og Igesundsvegen.

Resten av influensområdet består av plenar på bustadeigedommane med nokre tre. Utanfor bustadområdet ligg det fleire fjell som Grønfjellet, med turstiar til nokre av toppane. Den eine turstien startar i enden av Huldalsvegen, ein annan i enden av Djupedalen. Å betre adkomsten til desse turstiane vil difor vere viktig, både innad i området og frå Igesundsvegen. Her vil også parkering vere eit viktig moment, spesielt for Djupedalen der ein rundtur opp Grønefjellet opp til Igesundshetta eller rundt Vikefjellet til Storhornet. På denne turen kjem ein ned att i enden av Huldalen eller i Kleivalia, og ein god gangsti tilbake til Djupedalen vil difor vere viktig, både frå Huldalsvegen og Buråsa.

Stor verdi for grønstruktur.

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar, anna enn at det kan kome til å vekse att meir i randsonene og gjere området mindre framkommeleg.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til lite negativt, og konsekvensen vert liten negativ konsekvens

Omfang og konsekvens ved alternativ 1a
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil få store endringar for grønstrukturen i området. Ein vil no få ei opparbeiding av eit grønt belte i området bak bustadane i Igesundsvegen frå Huldalsvegen til Djupedalen. I tillegg vil det verte eit grønt område rundt blokkene som knyter seg til barnehagen og ballbingen. Mellom barnehagen og blokkene er det ein akebakke som her vil få god plass.

Omfanget av alternativ 1a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens



Grønstrukturen rammer inn blokkene og gir god avstand til barnehagen og ballbingen.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1b
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil få store endringar for grønstrukturen i området. Det grøne beltet vil her verte noko meir oppstykka, men gi ein betre tverrforbindelse frå berget til randsona mellom dei eksisterande bustadane og dei nye tomannsbustadane. Dette kan bidra til at randsona og det felles uteopphalsarealet få meir naturleg tilslag og det biologiske mangfaldet vert auka.

Omfanget av alternativ 1b vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens



Grønstrukturen strekker seg mellom blokkene og knyter seg på randsona mot den eksisterande bebyggelsen.


Omfang og konsekvens ved alternativ 2a
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil få store endringar for grønstrukturen i området. Her vil det verte mindre grøntareal mellom rekkehusa enn for tomannsbustadane.

Omfanget av alternativ 2a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens

Omfang og konsekvens ved alternativ 2b
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil få store endringar for grønstrukturen i området. Her vil det verte noko mindre grøntareal mellom rekkehusa enn for tomannsbustadane.

Omfanget av alternativ 2b vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens

Samla vurdering og avbøtande tiltak
For det biologiske mangfaldet vil det vere ein fordel med ein samanheng på tvers av området for å også nå randsona mellom dei eksisterande bygningane og den nye utbygginga. Her vil det vere ein fordel med minst utbygging. For bruken av grønstrukturen vil det vere ein fordel å gi god plass til adkomst og leik opp mot Grønefjellet både frå barnehagen og ballbingen.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.7 Trafikk og parkering

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ei skildring av framtidig situasjon for bilistar og fotgjengarar.
- Influensområdet er planlagde køyrevegar og gangfelt innafor planområdet, i tillegg til Huldalsvegen og Nedre Huldalsveg.
- Verdivurdering er planområdets verknad for tryggleik og framkommelegheit i Huldalsvegen og Nedre Huldalsveg, parkeringsplasser og innkjøring til felles og private garasjar i planområdet.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Billistar og parkering	Auka trafikk. Opparbeiding av offentleg parkeringsplass.	Rettleiing for dimensjonering av vegar, vedtatt kommunestyret 28.11.13. Medverknad og innspel i planprosessen.	Visuell vurdering av situasjonsplan og 3D-modell i forhold til køyrevegar og gang- og sykkelfelt.	Fleire parkerings-plassar ein fordel
Fotgjengarar og gangfelt	Auka gjennomgangs-trafikk. Opparbeiding av gangfelt.	Rettleiing for dimensjonering av vegar, vedtatt kommunestyret 28.11.13. Medverknad og innspel i planprosessen.	Visuell vurdering av situasjonsplan og 3D-modell i forhold til køyrevegar og gang- og sykkelfelt.	Tiltak som fartsdumpar og frisiktsoner betrar tryggleiken.

Verdi
Planområdet har i dag ingen trafikk eller parkering og har difor ingen verdi for influensområdet.

Influensområdet har mykje trafikk i Huldalsvegen og mangel på parkeringsplassar, noko som fører til parkering i vegen. Sidan den nye utbygginga vil føre til enda meir trafikk, bør sikring av Huldalsvegen vere eit viktig moment.

Stor verdi for trafikk og parkering.

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Området vil difor fortsette å vere utrygt.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til lite negativt, og konsekvensen vert liten negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1a
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil gi ein auke i trafikken for Huldalsvegen. Med ein samanhengande køyreveg gjennom området, vil mesteparten av den genererte trafikken køyre inn på Huldalsvegen i nord. Det vil kome 30 nye parkeringsplassar som kan brukast til gjesteparkering for besøkande både i Huldalsvegen, Nedre Huldalsveg og for den nye utbygginga. Parkering spesifikt for blokkene vil verte i parkeringskjellar. I tillegg har rekkehusa eiga garasje og ein biloppstillingsplass framfor huset. Barnehagen har sin parkeringsplass som før. Det vert også ein stor parkeringsplass i Djupdalen for parkering til byparken og turstien opp Grønefjellet.

Omfanget av alternativ 1a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ 1b
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil gi ein auke i trafikken for Huldalsvegen. Med ein køyreveg som er delt på midten, vil halvparten av den genererte trafikken køyre inn på Huldalsvegen i nord, medan halvparten vil køyre inn på Nedre Huldalsveg og så vidare til Huldalsvegen. I tillegg kan det kome ekstra trafikk her dersom nokon egentlig skal til den andre delen av området og må snu. Det vil kome 25 nye parkeringsplassar i nord, som både er gjesteparkeing for huldalsvegen og besøkande, i tillegg til faste parkeringsplassar for den eine blokka. I sør vil det også kome 15 parkeringsplassar, både for gjesteparkering og faste parkeringsplassar for den andre blokka.


Omfanget av alternativ 1b vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert liten positiv konsekvens

Omfang og konsekvens ved alternativ 2a
Ei utbygging av planområdet med høg utbygging og samanhengande trafikk og grønt, vil generere trafikk frå 7 fleire bustader i forhold til alternativ 1a. Dette er ein auke på 16%. Av dei parkeringsplassane dette vil utløyse vil det vere 2 ekstra av parkeringsplassane som må vere faste. Desse kan plasserast på midten ved innkøyringa til parkeringskjellaren.

Omfanget av alternativ 2a vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens

Omfang og konsekvens ved alternativ 2b
Ei utbygging av planområdet med lav utbygging og oppstykka trafikk og grønt, vil generere trafikk frå 8 fleire bustader i forhold til alternativ 1a. 6 av desse kjem i delen i nord, medan 2 kjem i delen i sør. Dette er ein auke på 18%. Av dei parkeringsplassane dette vil utløyse vil det vere 2 ekstra av parkeringsplassane som må vere faste og plasserast ved parkeringsplassen i nord.
Omfanget av alternativ 2b vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert liten positiv konsekvens

Samla vurdering og avbøtande tiltak
For bilistane i Huldalsvegen er det ein fordel med lett tilgjengelege parkeringsplassar og ei enkel trafikkavløysing. For fotgjengarane er det ein fordel at trafikken vert teken hand om nord i Huldalsvegen.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.8 Universell utforming

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ei skildring av framtidig situasjon for universell utforming.
- Influensområdet er planlagde, offentleg og felles uteområde innafor planområdet, i tillegg til adkomst frå Huldalsvegen, Nedre Huldalsveg og Djupedalen.
- Verdivurdering er planområdets verknad for universell utforming.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Universell utforming (UU)	UU offentlige og felles uteområde.	Veileder for UU, vedtatt av kommunestyret av 23. september 2009.	Visuell vurdering av situasjonsplan og 3D-modell i forhold til gjeldene krav for UU.	Området er tilnærma flatt og ligg godt til rette for UU.

Verdi
Planområdet har i dag ingen universell utforming og har difor ingen verdi for influensområdet.

Influensområdet har som eit alminneleg nabolag behov for universelt utforma bustader og uteområde. Dersom ein skulle få behov for ein universelt utforma bustad, er det difor viktig å ikkje måtte flytte så langt. Slik sett er fortetting eller omforming av alle typar områder ei viktig oppgåve i samfunnet.


Stor verdi for universell utforming.

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Området vil difor fortsette å ikkje vere universelt utforma.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til lite negativt, og konsekvensen vert liten negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ for utbygging
Ei utbygging av planområdet med både lav og høg utbygging og både samanhengande og oppstykka trafikk og grønt vil vere positivt. Likevel kan ein seie at di fleire bustader di betre.

Omfanget av alternativ for utbygging vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.9 Kulturminner og kulturmiljø

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på registreringar i databasar, i tillegg til arkeologisk vurdering utført 29.04.14.
- Influensområdet er eventuelle kulturminneverdier i planområdet.
- Verdivurdering er planområdets verknad for eventuelle kulturminner.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Kulturmiljø	Ingen registrerte kulturmiljø i planområdet	Askeladden og SEFRAK	Gislink database på nett.	
Automatisk freda kulturminne	Moglege automatisk freda kulturminner i planområdet	Arkeologiske vurdering.	Rapport frå undersøkinga	Undersøkinga lot seg ikkje gjennomføre slik at den danner grunnlag for konklusjon.

Verdi
Planområdet har i dag ingen registrerte kulturmiljø eller kulturminner og har difor ingen verdi for influensområdet.

Influensområdet har moglegheiter for å få ein plass i planområdet. Dersom det vert gjort funn som begrensar seg til den planlagde byparken eller nokre av dei felles uteområda, kan det verte ein verdi for området å ta dette med inn i utforminga. Dersom det vert gjort funn i området der bustadane skal stå, er det noko som må vegast opp mot størrelsen og betydinga av funnet. Sidan planen er såpass grov er det fortsatt rom for justeringar, og det er mange moglegheiter for utforming av området rundt eit funn.


Stor verdi for kulturminner og kulturmiljø

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Området vil ikkje ha nokon utgraving og difor fortsette å ikkje ha nokon kulturminner.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til lite negativt, og konsekvensen vert liten negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ for utbygging
Ei utbygging av planområdet med både lav og høg utbygging og både samanhengande og oppstykka trafikk og grønt vil vere positivt. Likevel kan ein seie at di fleire bustader di større sjanse for å finne kulturminner der bustadane skal stå.

Omfanget av alternativ for utbygging vurderast til lite positivt, og konsekvensen vert liten positiv konsekvens.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.10 Støy

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på registreringar i databasar.
- Influensområdet er planområdet.
- Verdivurdering er planområdets verknad av eventuell støy.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Støy	Fylkesveg 20 mot Igesund	Vegdata og vegstøy	Gislink database på nett.	Nye bustader kjem utanfor støysone.

Verdi
Planområdet har i dag registrert støy frå Igesundsvegen, men gul sone delvis dekker over dei eksisterande bustadane og kjem difor ikkje i konflikt med den planlagte bebyggelsen i influensområdet.


Liten verdi for støy

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Området vil ikkje ha nokon auke i trafikken og vil difor fortsette å ikkje ha noko støy.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til ingen betyding, og konsekvensen vert ingen konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ for utbygging
Ei utbygging av planområdet med både lav og høg utbygging og både samanhengande og oppstykka trafikk og grønt kan få auke i trafikken og dermed auke i støy. Plasseringa av bustadane er likevel såpass langt unna Igesundvegen at det ikkje vil ha betyding for desse. Det kan kome til å verte støy i byparken, men dette kan løysast ved å gjere tiltak som støyskjerm eller støyvollar. For potensiell framtidig auke i støyen kan det vere lurt å sette inn tiltak allereie no, men i form av noko fleirfunksjonelt slik at ikkje kostnadane vert eit problem. Støyvollar kan t.d. også nyttast til solingsvollar, sidan hallinga vert i retning sør.

Omfanget av alternativ for utbygging vurderast til liten negativ betyding, og konsekvensen vert liten negativ konsekvens.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.11 ROS

- Verdivurdering av influensområdet baserer seg på ROS-vurdering i henhold til NS 5814.
- Influensområdet er planområdet.
- Verdivurdering er planområdets verknad av eventuelle risiki.

Tema	Mogleg verknad	Eksisterande kunnskap	Datagrunnlag og metode	Merknader
Skred	Fare for steinsprang.	Innspel frå barnehagen om frykt ved sprenging av ny fylkesveg.	Geologisk vurdering av skredfare.	Uteområde for barnehagen flyttast og sikringstiltak opprettast.
Grunn	Ustabile grunnforhold.	Lokal kunnskap om farar ved myra.	Geoteknisk vurdering av grunnforhold.	Ingen bygg plasserast i myrområdet.

Verdi
Planområdet har to potensielle farar, ved steinsprang frå Grønfjellet og ustabile grunnforhold i området ved myra. Faren for steinsprang er i området nærast fjellet og lengst sør. Området bak barnehagen er difor det mest utsette området. Dette kan sikrast ved en jordvoll eller ein steinmur, og ein bør vurdere flytting av leikearealet øvst oppe i bakken. Dei ustabile grunnforholda gjer seg gjeldande i myrområdet lengst nord og begrensar seg til dette området då ein møter fjell di lengre sør og opp mot berget ein kjem. Det tryggaste er då å ikkje anlegge faste anlegg som ballbinge og parkeringsplassar for tunge kjøretøy i dette området. For å anlegge park i myrområdet må ein utføre ei massutskifting og anlegge grøfter for drenering av området. Det vert ikkje anbefalt av geolog å senke grunnvasstanden. Det har vorte bemerka av naboar i området at det luktar frå myra. Dette må ein sjå nærmare på ved oppstart av gravinga og grøftinga.


Stor verdi for risiki

Omfang og konsekvens ved alternativ 0
Ei vidareføring av dagens situasjon vil ikkje medføre nokon endringar. Myrområdet vert ikkje regulert for bypark og vil difor fortsette å vere utrygt. Barnehagen må uansett utføre sikringstiltak for steinsprang og er difor uavhengig utbygginga.

Omfanget av alternativ 0 vurderast til middels negativt, og konsekvensen vert middels negativ konsekvens.

Omfang og konsekvens ved alternativ for utbygging
Ei utbygging av planområdet med både lav og høg utbygging og både samanhengande og oppstykka trafikk og grønt vil medføre behov for opparbeiding av byparken. I tillegg får barnehagen utvida sitt leikeområde og får difor eit meir funksjonelt og trygt område. Antall bustader i utbygginga og plassering av grønstruktur og trafikkområder har ingen betyding.

Omfanget av alternativ for utbygging vurderast til middels positivt, og konsekvensen vert middels positiv konsekvens.



Plassering av dei ulike alternativa i konsekvensvifta.

7.12 Konklusjon med samanstilling av konsekvensar

Tema	Verdi	Konsekvens				
		0	1a	1b	2a	2b
Naboar og nærmiljø	Middels	Middels negativ	Middels positiv	Liten positiv	Middels positiv	Liten positiv
Barn og unge	Middels	Middels negativ	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv	Liten positiv
Grønstruktur	Stor	Liten negativ	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv
Trafikk og parkering	Stor	Liten negativ	Middels positiv	Liten positiv	Middels positiv	Liten positiv
Universell utforming	Stor	Liten negativ	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv
Kulturminner og kulturmiljø	Stor	Liten negativ	Liten positiv	Liten positiv	Liten positiv	Liten positiv
Støy	Liten	Ingen betydning	Liten negativ	Liten negativ	Liten negativ	Liten negativ
ROS	Stor	Middels negativt	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv	Middels positiv

Begge dei to alternativa 1a og 2a har gode resultat. Eit samanhengande grøntområde vil gje kvalitetar til fleire både med nærleik til felles uteområde og i støyreduksjon. Tryggleiken vil verte betre med å samle trafikken øvst i Huldalsvegen. Når konsekvensen for ei høg utnytting av areala er liten, vil det løne seg med ei høgare utbygging. Alternativ 2a er difor det alternativet som vert vald å gå vidare med.

8 Verknader/konsekvensar av planforslaget

Her beskrivast og vurderast verknader og konsekvensar av gjennomføring av planen. Konsekvensar vert beskrive når planen avviker frå vedtatt oversiktsplan, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak beskrivast.

8.1 Overordna planer

Planen er i tråd med Herøy kommunes Arealplan for 2013-2025. Planen vurderast til å være i tråd med Herøy Kommunes langsiktige og overordna ambisjonar om å auke busettinga i alle delar av kommunen. Planen er i tråd med nasjonale mål om fortetting av tettbygde strøk.

8.2 Landskap

Planen legg føringar for ei utbygging av bygningar med god terrengtilpassing utan for store inngrep i grunnen anna enn ved parkeringskjellaren for blokkene. Det vert ingen skjeringar eller fyllingar , anna enn den naturlege skråninga sør i området. Utbygginga er planlagt med tanke på gode solforhold for alle, med liten eksponering for resten av sentrum, og med ein minst mogleg skjemmande silhuett.

8.3 Stadens karakter

Konsekvensen for stadens karakter er positivt for nærområdet med ei oppgradering av bebyggelsen og vegen.

8.4 Byform og estetikk

Konsekvensen for byforma vil vere ei vidareføring av den stramme gatestrukturen og vil bidra til å fremme også den eksisterande planen og gi området eit meir heilheitleg inntrykk. Planen legg føringar for estetikken, at den ikkje skal bryte med dei enkle formene i dei eksisterande bygga og vidareføre noko av uttrykket anten i materialval, vindussetting og gesimshøgd.

8.5 Uteområder

Konsekvensen av utbygginga vil vere et tilskot av møte-, rekreasjons- og lekeplassar for barn, ungdom og vaksne i området. Utstyringa av møte- og lekeplassen vil bestå av ulike element og skape spenning for de som bor i området. Dette vil også gi en moglegheit for å bli kjent med naboar, både for store og små.

8.6 Trafikkforhold

Konsekvensen av utbygginga vil vere noko auke i trafikken, men med eit tilskot av parkeringsplassar vil det betre tryggleiken i området. Ein gangsti både på tvers og på langs gjennom området vil betre framkommelegheita for mange bebeuarar og besøkande til området.

8.7 Sosial infrastruktur

Konsekvensen av utbygginga vil vere at det kan komme fleire born til området, som kan føre til større press på barnehagen og skulen. Det vil vere eit godt oppvekstmiljø med gangavstand til barnehagen.

8.8 Risiko og sårbarhet (ROS)

Med sikring av fjellpartiet bak barnehagen, og med drenering og opparbeiding av byparken, vil det ikkje vere andre risiki i området.

8.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Utbyggingsavtalen for opparbeiding av nærmiljøanlegget, parkeringsplassen og gangvegen vil medføre økonomiske konsekvensar for kommunen. Køyrevegen med fortauet gjennom området vert kosta av utbyggar, men drifta vert overlatt til kommunen. I tillegg kjem opparbeiding av ny bypark med tilhøyrande parkering som konsekvens av den nye rundkøyringa inn til sentrum.

8.11 Konsekvensar for næringsinteresser

Konsekvensen av utbygginga vil vere auka kundegrunnlag for allereie etablerte næringar i Fosnavåg sentrum.

8.12 Statlege midlar

Grusbana har tidlegare motteke spelemidlar med krav til drift av anlegget. Søknad om bruksendring av grusbana er oversendt departementet.

8.13 Interessemotsetningar

Det er ingen vesentlege interessemotsetnader.

8.14 Avveging av verknader

Verknadane av planforslaget vil samla sett vere positivt for området.

For å møte dagens utfordringar med klimagassutslepp og befolkningsvekst vil det vere behov for fortetting av allereie tettbygde områder med et variert butilbod i moderne, energieffektive bygningar med universell tilgjengelige og offentlige areal for uteopphald. Ved å bu tettare kan vi fordele dei stadig meir begrensa ressursane på ein betre måte. Det vil gi et betre tilbod av offentlige funksjonar som helse og utdanning, betre utnytting av energi til oppvarming og samferdsel og ei betre fordeling av areal til landbruk og infrastruktur. Sidan det i denne planen ikkje har store konsekvensar for omgjevnadane ved å bygge tett og høgt vil det frå plankonsulent anbefalast å nytte denne moglegheita for å bygge eit moderne buområde med ein inkluderande bebyggelsestruktur og ein framtidsretta bustadarkitektur.

9 Innkomne innspel

Viser til vedlegg V2-1 Merknadsskjema med kommentarar til innspel til oppstartsmeldinga.

10 Sluttord

På vegne av forslagsstiller ber vi om at dette private planforslaget vert behandla, kunngjort og utlagd til offentleg ettersyn, jamfør PBL § 12-3 og § 12-11.

Ulsteinvik, 28.10.2014

_____

Ingeniør Bjørnar Sporstøl
Arkitekt Linda Emdal

Mobil: 9186 8794
E-Post direkte: bjornar@sporstol.no

Vedlegg:
1-1 Detaljregulering 28-10-14
1-2 Reguleringsføresegner 28-10-14
2-1 Merknadsskjema 25-11-13
2-2 Kopi merknader 1.gongs høyring 12-02-12
2-3 Kopi merknader 2.gongs høyring 04-10-13
3 Vedtak planprogram 02-07-2013
4 Geoteknisk vurdering (grunn) 07-07-2014
5 Arkeologisk rapport 05-05-2014
6 Geologisk vurdering (skred) 25-08-14
7 ROS-vurdering 20-10-14
8-1 Situasjonplan 20-10-14
8-2 Situasjonssnitt 20-10-14
8-3 Illustrasjoner 20-10-14

Med kopi til: Forslagsstiller BIL

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/32
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
197/14	Formannskapet	18.11.2014

REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål. Sambuaren hennar har gjennom sitt tillitsverv i Bergsøy IL arbeidd med planen.
Ho går frå under handsaming av habilitet.
Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40 FVL §6 1. ledd bokstav c
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 18.11.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Huldal Aust» med tilhøyrande vedlegg og konsekvensutgreiing datert 28.10.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Huldal Aust» med tilhøyrande vedlegg og konsekvensutgreiing datert 28.10.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:
Uttaleinstansane i plansaker
Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:
01 – Plankart Huldal Aust, datert 28.10.2014
02 - Reguleringsføresegner Huldal Aust, datert 28.10.2014
03 - Planomtale Huldal Aust, datert 28.10.2014.
04 - Innspel til oppstart av planarbeidet
05 - Plankonsulent sin behandling av innkomne merknader

Uprenta vedlegg:

Andre vedlegg til planomtalen
Planprogram stadfesta 15.01.2014

Saksopplysningar:

Sporstøl Arkitekter AS har, på vegne av tiltakshavar Bergsøy idrettslag, utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for eit avgrensa område i Fosnavåg sentrum. Området er lokalisert i Huldal og areal som inngår i planen er avgrensa slik det er vist med fargebruk i vedlegg 1 (plankart). Storleik på området som inngår i plan er 41,3 daa. Reguleringsplanen er utforma som ei privat detaljregulering etter PBL § 12-3 og består av eit plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Formål med planarbeidet er å utvikle området til bustadføremål og skape eit moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg. I tillegg til at planen skal legge rammer for arealbruk, byggehøgde, byggegrenser og utnyttingsgrad, er det eit mål at det blir lagt til rette for gode områder for uteopphald og leik som erstatning for grusbana i området.

Planarbeidet starta med oppstartsmøte saman med Bergsøy idrettslag og plankonsulent Sporstøl Arkitekter AS den 24.05.2011. Kommunen gav uttrykk for at ein, på visse vilkår, ville tilrå at det blei utarbeidd ein reguleringsplan for området. Vilkåra gjekk mellom anna på justering at den skisserte avgrensinga av planområdet måtte justerast og eit krav om at planforslaget måtte ha eit planprogram og ei konsekvensutgreiing. Dette fordi at planinitiativet ikkje var i samsvar med overordna kommuneplanen frå 2004, og at det då etter forskrift blir krav om konsekvensutgreiing (KU). Det blei også vist til at spørsmål om oppstart av planarbeid måtte leggast fram for formannskapet, saman med eit forslag til planprogram. Forslag til planprogram blei mottatt av kommunen den 22.09.2011.

Formannskapet behandla planprogram for planarbeidet og vedtok at det kunne startast opp arbeid med privat reguleringsplan for området i Huldal. Plankonsulent varsla og annonserte planarbeidet i avis og på nettsida til Herøy kommune. Planprogrammet blei lagt ut på høyring for innspel. Innspel til planarbeidet følgjer som vedlegg til planomtalen, det same gjer også plankonsulenten sin behandling av desse innspela.

Med bakgrunn i dei innspela som kom i høyringsperioden, blei det gjennomført møte mellom utviklingsavdelinga, plankonsulent og representant for Bergsøy Idrettslag. I møte blei ein samde om at planarbeidet skulle halde fram med siktemål om å lage ein privat detaljreguleringsplan for området i Huldalen. Ved høyring av planprogram kom det innspel, særskilt frå Møre og Romsdal fylkeskommune, som gjorde det naudsynt å utarbeide eit revidert planprogram. Dette blei utarbeidd, sendt på ny høyring for å sikre medverknad i planarbeidet frå både offentlege instansar,

private grunneigarar og naboar, samt frivillige lag og organisasjonar. Formannskapet behandla og stadfesta planprogram for Huldal Aust den 02.07.2013.

Herøy kommune mottok planforslag for Huldal Aust frå Sporstøl Arkitekter AS den 08.10.2014. Det blei deretter gjennomført møte og gjennomgang av planforslaget saman med tiltakshavar og plankonsulent. Revidert planforslag blei motteke av kommunen 20.10.2014. Dette blei gjennomgått og kontrollert, og ein såg at det var behov for justeringar / endringar før forslaget kunne fremjast til politisk behandling. Kommunen mottok revidert reguleringsplanforslag den 28.10.2014, og er det som no ligg til grunn som planforslag for offentleg ettersyn.

Nedanfor vil rådmannen gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen. Planforslaget vil også bli presentert i Formannskapet.

Blokkbebyggelse – BB:
I planforslaget blir det lagt til rette for eit tomteareal (BB) for nye leilegheitsbygg (blokker) inntil fire etasjer. Det vert her tillate å føre opp bygg med ei gesimshøgde på 14 meter over gjennomsnittleg planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for tomt til blokkbebyggelse er sett til %BYA = 50. Minste felles private uteopphaldsareal er 15 m2 pr eining. Krav til parkeringsplass er 1.5 pr. bueining. Det blir tillate å bygge parkeringskjellar under bakkenivå for blokkene.

Konsentrerte småhus – BK1 og BK2:
Innanfor områda BK1 og BK2 kan det byggast rekke eller kjedehus og to- eller fleirmannsbustader med maksimalt fire einingar. Her vert tillate å føre opp bygningar med ei maks gesimshøgd på 9 meter og mønehøgd på 10 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for desse tomtene er maks %BYA = 30. Det skal vere 1.5 parkeringsplassar pr bueining. For BK1 er det eit krav om at minste private uteopphaldsareal skal vere på 15 m2.

Frittliggjande småhus BF1 og BF2:
Innanfor desse områda regulerer ein eksisterande bebyggelse. Her blir det tillate med einebustader eller tomannsbustader innanfor kvar tomt. Bygningar kan her førast opp med maksimal gesimshøgde 9 meter og mønehøgde 10 meter over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad er maks % BYA = 30. Parkeringsplassar er 2 pr. bueining for einebustader og 1,5 pr.bueining for tomannsbustader.

Barnehage – BHG:
Arealet legg rammer for bygningar og anlegg for bruk til drift av barnehage. Det vert tillate med bygningar med maks gesimshøgde 9 m og mønehøgde 10 m over gjennomsnittleg ferdig planert terreng kring bygget. Utnyttingsgrad for barnehagetomta er maks % BYA = 50. Det er krav om tilstrekkeleg uteopphald og parkeringsareal i tilknyting til barnehagen.

Leikeplassar – BUL1-3:
Planforslaget legg til rette for totalt 3 leikeplassar, der ein av desse er offentleg leikeplass. Denne er i dag opparbeidd og møblert. Dei to andre vil vere felles private leikeplassar og er lokalisert i kort avstand frå ny konsentrert bebyggelse. Det er knytt føresegner til leikeplassane at dei skal vere universelt utforma.

Det kan innanfor desse områda førast opp sandkasse, leikeapparat, benkar m.m. Leikeplassane er planlagt som nærleikeplassar og sosialt samlings- og aktivitetsområde. Totalt er det avsett 1.7 daa til formålet leikeplass innanfor planområdet.

Nærmiljøanlegg – NA:
Er planlagt som kvartalsleikeplass med ballbinge eller bane for anna leik med ball. Arealet skal vere universelt utforma. Storleiken på arealet er på 1.5 daa. Området er tiltenkt aktivitet for større barn som nærmiljøanlegg. Området skal ha ei opparbeiding som mogleggjer leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr som alle kan bruke. Det skal etablerast sykkelparkering innafor området.

Anna tenesteyting – AT1 og AT2:
Innanfor desse områda kan det førast opp renovasjonsløysingar, sykkelparkering og liknande. Areala er tenkt som offentlege.

Energianlegg - E:
I dette arealet er det tenkt oppført ein trafostasjon med ei samla høgde på 3 meter.

Vegar V1-6:
Vegane V1-5 er tenkt som offentlege køyrevegar opne for fri ferdsel. Desse vegane er utforma etter Herøy kommune sin rettleiar for dimensjonering av vegar.
Veg 6 er felles privat tilkomstveg for bustadeigedomar.

Gangvegar – GV1-2:
Gangvegane er tenkt som offentlege areal og desse er planlagt med ei breidde på 3.5 meter i samsvar med kommunen sin rettleiar for dimensjonering av vegar.

Fortau – F1-2:
Fortau er planlagt i tilknyting til ny planlagt offentleg veg (V1) inn gjennom bustadområdet. Desse areala er tenkt som offentleg og skal binde saman bustad, leikeplassar og barnehage. Dette er areal som skal sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

Parkeringsplassar – P1-3:
Parkeringsplassane P1 og P2 er tenkt som offentlege parkeringsplassar i tilknyting til funksjonane i området og sentrum elles. Parkeringsplass P3 er tenkt som felles privat parkering.

Anna veggrunn:
Desse areala er planlagt som sideareal/rabbatt mellom veg, gangveg og parkeringsplass P2 for å skilje mellom køyrande, gåande og parkerande.

Bypark – GS1 og GS2 (Huldalsmyra):
Dette området er planlagt som eit offentleg parkområde – bypark i Fosnavåg. Det er her tenkt at dette området inngår som ein samla del av grønstrukturen i Fosnavåg sentrum og dette blir sett på som eit naturleg offentlege parkområde. Innanfor dette området vert det tillate med tilplanting, benkar og liknande. Rapport frå grunnundersøkingar for Huldalsmyra tilseier at området ikkje er eigna som byggjeformål, men at det med lettare opparbeiding kan nyttast til parkformål.

Naturområde – GS3:
Naturområde skal vere ope for alminneleg friluftsliv. Naturleg vegetasjon og terreng skal bevarast. Byggverk og anlegg er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å gjere terrenginngrep og likande som endrar landskapskarakteren

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at planforslaget i Huldalen no er i samsvar med arealbruken som er vedtatt i ny kommuneplan for Herøy av 30.10.2014. Her seier kommuneplanen at området området skal nyttast til bustadføremål og at det skal utarbeidast ein reguleringsplan. Planforslaget sitt forhold til overordna plan har difor endra seg vesentleg sidan oppstart av planarbeid, då kommunen planen viste friområde for dette området. Det er laga ei konsekvensutgreiing som ein del av planomtalen. Rådmannen viser til at sjølv om planen no er i samsvar med overordna kommuneplan, vil konsekvensutgreiinga likevel innehalde verdifull informasjon knytt til kva vurderingar som er gjort ved utarbeiding av planforslaget.

Når det gjeld detaljar kring arealbruken i området, ser rådmannen positivt på at planforslaget no har eit balansert forhold mellom utbyggingsformål og grøntstruktur, leik og opphaldsareal.

Planforslaget opnar opp for bustadområder med leilegheiter i sentrum. Ein viser til at det her kan førast opp blokker i området BB i 4 etasjar og konsentrerte småhus i området BK1 i 3 etasjer. Rådmannen ser det som viktig med ei rasjonell utnytting av ledige bustadområda i sentrum og leilegheitsbygg med mange bueiningar innanfor eit konsentrert område, vil soleis vere eit slikt grep. Ein er av den oppfatning av at sjølv om det blir lagt vekt på fortetting, vil ein også kunne få til gode uteareal i tilknyting til bustadane – både som private uteareal i tilknyting til kvar enkelt leilegheit og felles uteareal på bakkenivå.

Rådmannen vil særskilt vise til Huldalsmyra som er foreslått regulert til offentleg parkområde. Her er det gjort vurderingar som seier at dette området er eigna og kan nyttast til parkområde. I lys av at planlagt innfartsveg til Fosnavåg vil medføre tapt parkareal, og med omsyn til større arrangement i sentrum, ser ein det som svært relevant at det blir lagt til rette for meir parkareal i Fosnavåg sentrum. Huldalsmyra har potensiale til å kunne bli eit kvalitativt godt parkområde i sentrum, som kan gi grunnlag for både rekreasjon, leik og arrangement. Det er også planlagt ein større kvartalsleikeplass med rom for ballspel som skal tene behovet for barn og unge i nærområda. Rådmannen vurderer det slik at summen av leikeplassar, nærmiljøanlegg og parkområde vil gi eit variert og kvalitativt godt tilbod for barn og unge i dette området.

Når det gjeld Huldal barnehage, viser rådmannen til at det er avdekka skredfare i området aust for barnehagen. Her er det teke inn i føresegnene til plan at det må gjerast tiltak for å sikre areala innanfor omsynssona. I planforslaget ligg det inne ei større utviding av barnehagen sitt uteaareal mot vest. Her er det planlagt eit utviding av barnehagen i retning det området som det ikkje er registrert skredfare.

Avslutningsvis vil rådmannen peike på at det i planomtalen er gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Både når det gjeld naturmangfald og risiko og sårbarheit. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve som gir grunnlag for ytterlegare utgreingar. Plankonsulent har kommentert og gjor greie for innkomne merknader til oppstart av planarbeid.

Rådmannen vurderer denne handsaminga av innspela som tilfredstillande og ein finn difor ikkje grunnlag til å gå nærare inn på desse innspela i denne saksframstillinga. Plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sin overordna kommuneplan – både samfunnsdel og arealdel.

Rådmannen vurderer det slik at hovudgrepet i planforslaget er i samsvar med kommunen sine framtidige ønskjer om meir busetting og aktivitet i Fosnavåg sentrum.

Konsekvensar for folkehelse:
Positivt. Planforslaget legg til rette for fleire offentleg uteopphaldsareal og fleire offentleg ferdselsårar i form av gangvegar, fortau. Ein legg tilgrunn at dette er positive tiltak i eit folkehelseperspektiv.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilte.

Konsekvensar for drift:
Planforslaget legg til rette for meir offentleg infrastruktur, som på sikt vil kunne påføre kommunen større driftsutgifter ved overtaking.

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 31.10.2014

Erlend Krumsvik	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

(1)

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr	Arkivkode	Dato
2012/32	L12	18.12.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til planforslaget.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11 04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

(2)

(2) 12/32

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/32 Saksbeh. AZT
19 JAN. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr
Kassasign

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud - <tomt>	2011/190357-012		16.01.2015

Fv 20 - Herøy kommune - Reguleringsplan for Huldal Aust - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til e-post av 2.12.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld framlegg til reguleringsplan for Hulda Aust.

Statens vegvesen har slik merknad/kommentar til reguleringsframlegget:

1. Frisikt
   Slik vi forstår plankartet er det i krysset mellom Igesundvegen (fv.20) og Huldalsvegen ikkje regulert og vist frisiktsone (H140). Vi føreset at det gjennom planen vert regulert inn frisiktsone i krysset i samsvar med vegnormalen, jamfør elles siktreguleringa i nogjeldande reguleringsplan krysset er omfatta av.
   Tilsvarande forhold gjeld for krysset mellom Igesundvegen og Djupdalen. Vi føreset at frisiktsone vert regulert gjennom planen slik det er for den delen av krysset som ligg innanfor reg.planen *Ny innfartsveg til Fosnavåg*.

2. Støy
   I føresegnene (§ 7.2) er det sagt at det ved nye tiltak innanfor støysona (H220) skal utførast støyskjermingstiltak.
   Etter det vi forstår er støysona som er lagt inn på plankartet basert på og er samanfallande med avgrensinga i støyvarselkart utarbeidd av Statens vegvesen. Kartet varslar mogleg støykonflikt i høve til busetnad, og det inneber og føreset at det må gjerast meir nøyaktige støyutrekningar dersom det er aktuelt med støyfølsom utbygging innanfor området.
   Nærare konkret avgrensing og omfang av støysone i reguleringsplanen må baserast på ei støyfagleg utgreiing.
   Fylkesveg 110 har ein årsdøgntrafikk på 1970, ifg. nogjeldande trafikktal i NVDB (Vegdatabanken). I støyutgreiinga det vert vist til i planomtalen er det teke utgangspunkt i ein årsdøgntrafikk på 1200.
   Planframlegget bør endrast slik at det vert krav om støyfagleg utgreiing ved nye tiltak innanfor byggeområdet BK2. Og vidare bør det i planen innarbeidast at grenseverdiane i tabell 3 i rettleiar T-1442/2012 skal leggast til grunn i høve til utandørs støy.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Utover dette har vi ikkje særlege merknader/kommentarar til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

3

Herøy Kommune Utviklingsavdelinga

Fosnavåg 19. januar 2015

Merknad Reguleringsplan Huldal Aust.

Vi har nokre merknadar i forhold til den planlagte reguleringa av Huldal Aust. Dette gjeld hovudsakleg den planlagde parkeringsplassen med innkøyring via vegen til Djupedalen. Vi meinar at den ekstra trafikkale belastninga som dette vil medføre vil være negativ på fleire plan. Dette går på følgande:

- Det er mange barn som bur og leikar seg i dette området.
- Krysset inn til Djupedalen er svært uoversikteleg, noko som nesten dagleg fører til farlege situasjonar.
- Dette gjeld både mellom kjøretøy - kjøretøy og kjøretøy - mjuke trafikantar.
- Dette er eit problem for oss som bur her og kjenner farene med krysset. Vi meiner at dette vil bli eit vesentleg større problem med auka trafikk inn og ut, også frå folk som ikkje kjenner til farene.

For å unngå dette problemet, foreslår vi at ein byttar plasseringa av parkeringsplass og innteikna ballbinge i planen (sjå merknad på vedlagt skisse). På den måten kan ein nytte innkøyring via Huldalskrysset, eit kryss med vesentleg betre oversikt.

Fleire mjuke trafikanter vil naturlegvis bruke gangvegen som er innteikna i planen, dette vil medføre ei auka fare for samanstøyt mellom kjøretøy og mjuke trafikantar om parkeringsplassen blir plassert slik den er innteikna per i dag. Det er ikkje innteikna gangfelt i innkøyringa til Djupedalen, samtidig som her heller ikkje er plass for to møtande bilar. I dette krysset har det allereie vore ulykker mellom kjøretøy og mjuke trafikantar, samt fleire nesten- ulykker.

Når det gjeld den totale trafikale belastninga rundt eksisterande leikeplass og det planlagde boligområdet meiner vi ein bør få på plass ein bom i den nye vegen for å unngå at ein får ei «rundkøyring» mellom Huldalsvegen og den nyinnteikna vegen i boligområdet. Forslag til plassering av bom er innteikna på vedlagt skisse.

Helsing

Torunn Torgersen Bjørlykke og Jan-Erik Bjørlykke,	Djupedalen 16
Gry Dragsund-Vike og Frode Vike,	Djupedalen 18
Beate Sandvik og Arild Igesund,	Djupedalen 11

3



REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN

PROSJEKTNUMMER 1538	Huldal
TEGNINGSNUMMER A101	Situasjonsplan
MÅLESTOKK 1 : 1000	SPORSTØL
DATO 20.10.14	

23.10.2014 12:46:41

(4)

(F) 12/32

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg nr: 2012/32 Saksbeh: KAT
26 JAN. 2015
Ark kode P: L12
Ark kode S:
J nr: Dok nr:
Kassasjon

Herøy kommune
v/ Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Innspel vedr. «Reguleringsplan Huldal Aust»

Viser til forslaget til privat detaljreguleringsplan for området «Huldal Aust». Fosnavågaren Velforeining har fylgjande innspel:

Huldalskrysset
Før ein set i gang med ei storstilt utbygging av Huldalsbana med svært konsentrert busetnad i eit stort omfang, er det eit krav at infrastrukturen må vere på plass.
I den samanheng er det heilt nødvendig å først utvide / utbetre det trafikkfarlege Huldalskrysset. Tilhøva i Huldalskrysset er allereie ei stor trafikal utfordring. Ein må langt fram i krysset for å få oversikt når ein kjem køyrande frå Huldalen. Bilane kjem ofte i stor fart over Kleiva langs Igesundvegen, der dei færraste tek omsyn til vikeplikta. Mangelen på parkeringsplassar for bustadane i området medfører parkering heilt inn i krysset der Huldalsvegen møter Igesundvegen, noko som gjer forholda svært uoversiktlege. Trafikken frå Fosnavåg går ofte langt inn i vegbana grunna parkeringa langs Igesundvegen, og bilar frå Huldalen må ofte innom fortauet i svingen for å unngå kollisjon. Dei mjuke trafikantane har dårlege forhold då det ikkje er gangveg langs Huldalsvegen. Med utbygging av over 50 nye bueiningar vil trafikken til Huldalen auke mykje, og det farlege krysset bli endå meir belasta. For å kunne møte utfordringane som den sterkt aukande trafikken i nærområdet fører med seg, er det etter vår meining eit stort behov for å utvide Huldalskrysset og gjere krysset meir oversiktleg.

Myrområdet
Det er eit ufråvikeleg krav at utbygging av **heile** Huldalsmyra, som no er foreslått regulert til bypark, ballplass, nye parkeringsplassar, - må sikrast, utfyllast og opparbeidast på ein forsvarleg måte no i **første byggesteg.**
Vi ønskjer planane om utviklinga av Huldal Aust velkomne, men dei same flotte planane må også ta med sikring og opparbeiding av grunnforholda i Myra, slik at den kan utviklast vidare. Eit slikt arbeid er Herøy kommune sitt klare ansvar.

1. Huldalsmyra har gjennom fleire generasjonar vore peika på som ei svært farleg sekkedikje i umiddelbar nærleik til bustadhus, leikepark, barnehage og fotballbana. Det er på høg tid at noko blir gjort og at ein får sikra myra før ein legg endå fleire bueiningar til området.

2. Vassoverfløyming er eit stort problem. Viser til vedlagte foto som vart knipsa i ein regnsversperiode nyleg, og som dokumenterer vassproblematikken og oppdemmingar i dette området. Fotografia talar for seg sjølv. Vatnet er eitt problem. Når myra ser tørrlagd ut er den ei sekkedikje og kanskje endå farlegare, og må ordnast opp i.

3. Grusbana i Huldalen har i alle år vore flittig i bruk til leik og ballspel. Barnetalet i Fosnavåg sentrum er i sterk vekst og det nye utbyggingsprosjektet i Huldalen med over 50 nye bueiningar gjer at mange fleire barn vil kome til. Når den store grusbana vert nedbygt er det viktig å erstatte den med å bygge ut uteareal til leik/idrett, nærmiljøanlegg (ballbinge) og friområde, for på den måten å skape eit trygt og godt oppvekstmiljø i området. Det er nødvendig å få behalde eit område for uorganisert, spontan leik i sentrum av Fosnavåg som erstatning for Huldalsbana. Idrettsparken ved Kulturhuset har ein annan funksjon. Sjølv om det i luftline er kort avstand mellom sentrum og dit, er dei reelle tilhøva utrygge med m.a. den trafikkfarlege Skarabakken. Mangel på farbare og trygge gangvegar / sykkelstiar gjennom sentrum er ein trugsel for barn og unge i Fosnavåg.

4. Bypark til erstatning for «Parken» i Fosnavåg. Vi er glade for planane med å utvikle det resterande området frå ei farleg myr til eit flott parkområde / grøntområde sentralt i Fosnavåg sentrum, og at det vert sett av rikeleg plass til parkering. Men vi presiserer igjen at utbygginga av parken til friluftsliv og parkering også må skje no, slik at dette ikkje vert ståande som flotte planar berre på papiret.

Vi ber om at dette innspelet med vedlegg og bilde fylgjer saka vidare, og at våre innspel vert teke omsyn til i den vidare prosessen.

Vedlegg 1 + 2: Foto av Huldalsmyra.

Fosnavåg, 21.01.2015

for
Styret i Fosnavågaren Velforeining,

Steinar Eggesbø Hagen

Vedlegg 1 (4)



Vedlegg 2

5

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/32	18.11.2014	77797/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	23.01.2015

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 34/165 m.fl - Huldal Aust - Bergsøy IL - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering
Planarbeidet bygger hovudsaklig på «eitt» utbyggingsmønster for dei nye byggeområda BK1 og BB, med ulike variantar av intern infrastruktur/køyremønster og utomhusareal.

Uavhengig av alternativ vil barnehagearealet og by-parken vere gode uteareal for området. Dei andre uteopphald/leikeareala innanfor planområdet kunne ha hatt ein betre kvalitet. Felles leikeplass F_BUL2 og 3, ligg på minimumsgrensa for bredde, mellom intern kjørevegg og høge fasader. Offentleg leikeplass o_BUL1 ligg omkransa av vegar og parkeringsareal. Offentleg nærmiljøanlegg o_NA, ligg i skuggen, på nordsida av ei fireetasjes blokk.

Vi saknar at det i prosessen er vurdert andre formar for utbyggingsmønster enn det konseptet som er vald for utbygging av BB, BK1 og BK2. Det kunne ha resultert i betre kvalitet for utomhusområda nemnt ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
23.01.2015
Dykkar dato
02.12.2014

Vår ref.
2011/9059/JOEI/421.4
Dykkar ref.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/32 | Saksb. ART
27 JAN. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
Jnr | Dok.nr
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Huldal Aust gnr34 bnr165 m.fl.
Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Planen er godt gjennomarbeidd med ein god planomtale.

Barn og unge

Innafor planområdet er det ein eksisterande leikeplass (BUL 1) og utearealet i barnehagen kan også brukast på kveldstid og i helgane. I tillegg kjem nærleikeplassar ved BUL2 og BUL 3 og kvartalsleikeplass på NA. Dei som bur i området har i dag ei stor grusbane lett tilgjengeleg. For å nå næraste kunstgrasbane må ein til skuleområdet ved Havila Stadion. Vi oppfattar det som ein utrygg veg å dra dit langs vegen for barn.
I føresegnene § 8 med rekkefølgjekrav, er opparbeidinga av ballbingen knytt til når mellombels løyve er gitt for siste bueining i BB. Ut frå dette kan det ta lang tid frå grusbana forsvinn til eit nytt tilbod er på plass. Vi vil ut frå dette be kommunen vurdere å endre på dette med krav om ferdigstilling tidlegare i utbyggingsprosessen dersom dette praktisk let seg gjennomføre.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	E-post:	Web:
Fylkeshuset 6404 Molde	71 25 84 43	71 25 85 10	postmottak@fmmr.no	www.fylkesmannen.no

(7)

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr	Arkivkode	Dato
2012/32	L12	18.12.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til planforslaget.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/1418
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 03.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

01 – Plankart, sist revidert 03.02.2014
02 - Reguleringsføresegner, sist revidert 03.02.2014
03 - Planomtale, sist revidert 03.02.2014
04 - Vedlegg til planomtalen
05 - Innspel til offentleg ettersyn
06 - F-sak 145/14 Offentleg ettersyn av planforslag

Saksopplysningar:

Herøy kommune har utarbeidd forslag til reguleringsplan for område «Myrabakken» på Moltustranda. Planområdet ligg innanfor eit felt som det i kommuneplanen frå 2014 opnar opp for bustadbygging. Det er eit krav i kommuneplan at det skal utarbeidast reguleringsplan for dette området, slik at ein sikrar ei heilskapleg og rasjonell utnytting av dei ubebygde areala.

Oppstart av arbeid med planlegging av nytt bustadfelt blei kunngjort 03.12.2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar, lag og organisasjonar blei varsla om dette i eige brev. I løpet av høyringsperioden har det kome inn totalt 9 innspel frå både offentleg og private, der 2 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet. For å legge til rette for medverknad i planarbeidet, gjennomført Herøy kommune den 22.02.2011 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule. Til dette møtet kom det om lag 26 personar. Dei frammøtte fekk informasjon frå kommunen om planleggingsarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt planarbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.

Som ein del av planarbeidet med nytt bustadfelt på Moltustranda, har kommunen i denne saka først valt å sikre seg areal gjennom kjøp av eigedom frå fleire grunneigarar. Forhandlingar om kjøp av grunn har vore ein omfattande prosess som har teke tid, men ein har heile vegen hatt ein konstruktiv dialog med grunneigarane knytt erverv av areal.

Ved varsel om oppstart av planarbeid mottok kommunen krav frå Møre og Romsdal fylkeskommune om arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i september 2014. Det blei ikkje gjort funn av kulturminne i planområdet. Rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar følgjer som vedlegg til planomtalen.

Forslag til reguleringsplan for Myrabakken har vore ute til høyring i seks veker. Det har kome inn 13 innspel til planarbeidet. NVE fremja motsegn av omsyn til potensiell skredfare for deler av planområdet. Etter nærare presiseringar og opplysningar frå Herøy kommune, trekte NVE motsegna til planforslaget.

Planforslaget for Myrabakken blir sett i samanheng med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV10 på Moltustranda, då desse to planane har samanfallande plangrenser. Som følgje av ei samankopling av dei to planane og at planområdet grenser mot fylkesvegen, har Statens Vegvesen vore ein aktiv uttaleinstans i planarbeidet. Det har det kome merknader frå Statens Vegvesen

Region Midt og Mørenett AS som har medført at det har vore naudsynt å gjere følgjande endringar i planforslaget:

Plankart:
- Nytt arealformål. Plassering av ny nettstasjon med omsynssone i området KS2.
- Nye juridiske linjer rundt bygg med «Bygg som inngår i plan».

Føresegner:
- Endre § 9 om krav til frisiktsoner. Markert med raud tekst i føresegnene.
- Endre § 10 om krav til avkøyrsler. Markert med raud tekst i føresegnene.
- Føresegner knytt til nettstasjon og omsynssone. Markert med raud tekst.

Planomtale:
- Vurderingar kring skredfare og grunnforhold i området er teke inn i planomtalen. Dette er omtala under kapitel for ROS.
- Det er teke inn eige punkt som omtalar avkøyrselsforhold til FV10 i planområdet.

Vedlegg til planomtalen:
- ROS-analyse, utviding av dokument og tekst pga motsegn frå NVE.
- Rapport frå arkeologiske registreringar er teke med som vedlegg til planomtalen.

Dei ovannemnde endringane er vurdert til å vere av mindre vesentleg karakter og vil ikkje, etter rådmannen sine vurderingar, utløyse krav om ny høyring av planforslaget.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon og vurdering av dei innspela som har kome til offentleg ettersyn. For meir detaljert informasjon om planen og innspela viser ein vedlegg til saka.

Innspel til offentleg ettersyn:

1. Mørenett, e-post av 24.09.2014:

Mørenett vil presisere at det i utgangspunktet er det utbyggjar som må koste omlegging av fordelingsnettet, der dette er til hinder for utbygginga. I dette tilfellet er noko av eksisterande nett relativt gamalt og treng fornying og Mørenett vil derfor ta delar av kostnadane ved omlegging av nettet. Fordeling av kostnadar får vi kome tilbake til i samband med detaljprosjektering av bustadfeltet.

Då eksisterande nettstasjon i området truleg må flyttast/fjernast, så må det settast av plass til ny nettstasjon i området. Dette bør vere i KS2 området og ned mot fylkesvegen. Denne nettstasjonen vil då også kunne straumforsyne det nye kloakkanlegget til kommunen. Mørenett har kome med ei skissert plassering av ny nettstasjon som er akseptert av Statens Vegvesen Region Midt.

Vurdering av innspel:

Innspel om omlegging av fordelingsnett er teke til vitande. Ein er samd i at det naturleg å kome attende til dette ved utbygging. Når det gjeld ny nettstasjon er denne innarbeidd i planforslaget som arealformål med tilhøyrande omsynssone og føresegner.

2. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev av 20.10.14 og 23.01.15 :

NVE viser til at deler av planområdet innafor aktsemdskart snøskred. I ROS sjekklista er det kryssa av for at planen ligg innafor skredfare. Det er i planen vist til at ein har gjort ei lokal vurdering av skredfaren, og med bakgrunn i klima, nedbør og topografi har ein konkludert med at området ikkje er utsett for skredfare. Ei nærare utgreiing av denne vurderinga er ikkje lagt ved plandokumenta. Skal ein kunne seie at områder som ligg innanfor aktsemdsområde for skred ikkje er skredutsette, må grunngjevinga vere konkret og kunne etterprøvast. Det må difor kunne grunngjevast betre kva som meinast med at topografien ikkje kan gje grunnlag for skred. I ei skredfarevurdering må ein kunne ta høgde for at det av og til kan komme kalde og snørike vintrar ute ved kysten også.

Planområdet ligg på marine strandavsetningar. I planen er det vist til at det er gjort arkeologiske registreringar, og ein i samband med desse ikkje har fått tilbakemelding på ustabile avsetningar. Som kommentar til den påstanden så melder ikkje arkeologar om ustabile avsetningar.
Arkeologar grev heller ikkje lenger ned der ein kan finne spor av menneskeleg aktivitet. Ei arkeologisk utgraving kan difor ikkje nyttast som dokumentasjon på grunnforholda.

Vurdering av innspel:

På grunn av ein «glipp» fekk ikkje NVE tilsendt ROS-analysen i heile sitt omfang. Herøy kommune sende brev til NVE med fullstendig ROS-analyse og ei ytterlegare vurdering/presisering av dei lokale tilhøva på staden – både i høve skredfare og byggegrunn. I høve risiko og sårbarheit, er det gjort ei utdjuping av dette i planomtalen, ein viser her til avsnitt markert med raud tekst i planomtalen.

NVE har med brev av 23.01.2015 trekt motsegna knytt til skredfare og marine avsetningar, basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.

3. Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 13.11.2014:

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet men utan funn av automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ingen merknad på dette feltet. Planomtalen burde gi signal om kor mange bustadeiningar planen opnar for og kunne såleis vere meir kvantitativ i tilnærminga til verknader. Planen er elles godt gjennomarbeidd og kan for fylket sin del eigengodkjennast.

Vurdering av innspel:

Innspelet frå fylkeskommunen vert teke til vitande. Tal på bueiningar står oppgjeve på side 4 i planomtalen.

4. Frank Roy Moltu og Rolf Bjørnar Moltu, brev av 13.11.2014:

Protesterer på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Moltu hevdar at ein slik trase vil umogleggjere vidare gardsdrift og dyrehald. Det blir hevda at dette vil få verknader i form av nedlegging av gardsbruk og dei andre gardsbruka som Moltu i dag driftar.

Vurdering av innspel:

Ny vegtrase for Nygjerdevegen over Rolf Bjørnar Moltu sin eigedom er ikkje er ein del av dette planforslaget. Det forslaget til ny veglinje som Frank Roy Moltu viser til, er ein del av ein anna reguleringsplan; «Detaljreguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 på Moltustranda» som grenser til dette planområdet. Innspela frå Rolf og Frank Roy Moltu er registert på den sistnemnde reguleringssaka og rådmannen finn det soleis rett å kommentere og vurdere desse to innspela i samband med politisk behandling den planen som gjeld for ny gang- og sykkelveg langs FV10 på Moltu. Planforslag for ny gang- og sykkelveg er ikkje ferdig førebudd for sluttbehandling.

5. Statens Vegvesen Region Midt, brev av 11.11.14, 23.01.15 og 03.02.15:

Viser til også uttale til planforslag for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 på Moltustranda, der det blir peika på at planane med fordel burde ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan, med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering.

Statens Vegvesen viser til at ein av dei viktigaste delane av dei to planforslaga omfattar regulering av avkøyrselsløysingar frå fylkesveg 10. Vegvesenet føreset at avkøyrselsløysingane langs vegstrekninga der dei to reguleringsplanane grenser til kvarandre vert meir gjennomarbeid og avklara i det vidare planarbeidet.

Byggegrensa langs fylkesvegen er i planforslaget tilpassa og opprettheld plasseringa på eksisterande bygningar. Vegvesenet har forståing for reguleringa av byggegrensa, men spør om ikkje det vil vere meir framtidsretta at grensa vert lagt i ein større avstand frå vegen også der det i dag står bygg, og då slik at tiltak på eksisterande bygg må i kvar einskild sak vurderast og avklarast gjennom dispensasjonshandsaming.

Vegvesenet føreset at det i føresegnene vert gjort endringar i høve frisikt etter handbok N100 og at det blir teke inn eit punkt om avkøyrsler.

I brev av 23.01.2015 aksepterer Statens Vegvesen Mørenett sitt ønske om plassering av ny nettstasjon i området, under føresetnad at frisiktsona i krysset mellom Myrabakken og fylkesveg 10 er i samsvar med krava i vegnormalen.

Statens Vegvesen kjem med siste presisering i e-post av 03.02.2015.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til at ein må sjå på intensjonen bak dei to reguleringsplanane som blir fremja. Planforslaget for gang- og sykkelvegen og Myrabakken grensar til kvarandre og har til ei viss grad mange felles interesser og utfordringar som skal løysast. Med bakgrunn i intensjonen bak dei to planforslaga, ynskjer ein soleis likevel at dei to planane vert fremja som to saker. Kommune har gjennom dialog med Statens Vegvesen hatt fokus på avkøyrselsforholda langs fylkesvegne gjennom arbeid med begge planane. I plan for Myrabakken er det gjort endringar i plandokumenta knytt til avkøyrsler og vurderingar kring dette tema. Ein viser her til ovannemnde opplisting og revidert tekst markert med raudt i føresegner og planomtale. Tilbakemelding frå Statens Vegvesen er at desse endringane i plan er tilfredstillande ut i frå deira fagområde. Punkt om frisikt er kontrollert i høve krava i vegnormalen.

Føresegnene om frisikt og avkøyrsler er justert i samsvar med siste e-post frå Statens Vegvesen av 03.02.2015.

6. Svein Arthur Røren, brev av 10.11.2014:

Viser til at han er positiv til planutkast med leikeplass framfor huset og tilhøyrande gangveg. Firmaet Sveisereparatøren AS har hatt forretningsadresse og held til på gnr 60 bnr 380, og har hatt dette sidan 2002. Då firmaet har ein bilpark å ta omsyn til parkeringsmessig, har dette alltid våre eit problem grunna større lengre arbeidsbilar. Han viser difor til behov for meir areal til tomta vestover og nordover, og at han enkelte vintrar har større problem med å få snu arbeidsbilane på tomta på grunn av plassmangel. Han ynskjer å kjøpe 2-3 meter nordover for å få ein rett naturleg kant, der han ynskjer å føre opp ein steinkant. Han ynskjer også å kjøpe frå ytre hjørnet av platået i tre og nordover, dette for eventuelt bygging av garasje til arbeidsbilar på tomta.

Vurdering av innspel:

Rådmannen viser til at ein av omsyn til ny hovudtilkomst til bustadfeltet ikkje kan tilrå at Svein Røren får kjøpe areal av kommunen til sin tomt på vestsida. Ein kan ikkje tilrå løysingar som gjer det meir komplisert med bygging av ny tilkomstveg inn i området frå Nygjerdevegen.

Når det gjeld snumoglegheiter på tomta til Svein Røren, viser rådmannen til at det frå garasje til eigedomsgrense i nord er om lag 9.5 meter. Dette er etter rådmannen sin vurdering tilstrekkeleg areal i høve kommunale krav til parkering og snutilhøve på eigen grunn for småhusbebyggelse. Tomta til Svein Røren inngår i eit bustadområde med småhusbebyggelse og rådmannen legg soleis tilgrunn at det er parkerings- og snutilhøve for slike områder som er dimensjonerande for tomta. Omsyn til større bilar på tomta (utover personbilar) kan ikkje rådmannen tilrå at det blir lagt vekt på ved utarbeiding av reguleringsplan for eit småhusområde.

I nordre del av tomta er det regulert inn leikeplass og i vestre del sti som tilkomst til leikeplassen. Dette for å sikre interessene og behov til barn- og unge i området. Av omsyn til desse interessene og med bakgrunn i ovannemnde vurdering, finn ein ikkje grunn til å kunne tilrå ei endring av formålsgrensen mellom Røren sin eigedom og skissert leikeplass/stiareal.

7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, brev av 20.11.2014:

Ingen merknad til reguleringsplan

Vurdering av innspel:

Innspelet er teke til vitande.

8. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 25.11.2014:

Viser til at planen har ein god planomtale som endar ut i ein balansert reguleringsplan. Fylkesmannen har difor ingen merknader til at planen kan eigengodkjennast.

Vurdering av innspel:

Innspelet er teke til vitande.

9. Geir Moltubakk, e-post av 15.11.2014:

Viser til at han har ein privat brønn saman med Thomas Gjerde på sørsida av Nygjerdevegen. Vassleidninga går frå brønnen og tik Moltubakk sitt hus mellom Nygjerdevegen 10 og 12. Han forventar at det blir tatt omsyn til dette under graving, eventuelt at det blir sørga for anna kostnadsfritt vatn.

Vurdering av innspel:

Etter det rådmannen kan sjå vil ikkje planforslaget vere i strid med Moltubakk sine interesser. Innspelet blir oppfatta til å gjelde infrastruktur (VA), noko som ein må kome attende til ved utbygging. Ein har registrert Moltubakk sitt innspel og vil søke å ta omsyn til interessa under utbygging av området. Detaljar kring vassforsyning må ein kome attende til ved utbygging og anleggsarbeid i området.

Vurdering og konklusjon:

Reguleringsplan for nytt kommunalt bustadfelt på Moltustranda er no klar til slutthandsaming. Planforslaget medfører at det blir lagt til rette for eit variert bustadmønster sentralt lokalisert i bygda. Det blir her opna opp for at det kan byggjast både einebustader og tomannsbustader innanfor områda merka med FS, samt at det blir opna opp for bygging av firemannsbustader i områda som er vist som KS på plankartet. Det er lagt opp til at nye bustader skal ha tilkomst gjennom offentleg veg med tekniske anlegg som kjem inn i det nye bustadfeltet frå Myrabakken og Nygjerdevegen. Ny tilkomstveg inn i området vil også gi eksisterande bustadtomter i sør ein forbetra tilkomst til sine eigedomar. Arealbruken i planforslaget legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareal sentralt lokalisert på Moltustranda. Terrengtilhøva i området gjer det mogleg med bygging av nye bustader med livsløpsstandard og det er gode moglegheiter for løysingar som er universelt utforma. Nye leikeplassar i bustadfeltet vil styrke interessene og oppvekstvilkåra til barn- og unge, og bidra positivt til bumiljøet.

Det er i plandokumenta gjort ei vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtalen og tilhøyrande ROS-analyse. Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere ein berekraftig og framtidsretta arealbruk for denne delen av bustadområdet på Moltustranda. Planforslaget som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og klar for sluttbehandling.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:


Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 03.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



TEIKNFORKLARING

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
- Bustader - fritliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Forsamlingslokale
- Energianlegg
- Leikeplass

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)
- Køyreveg
- Fortau

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)
- Grøntstruktur

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)
- Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar)

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensing
- Faresonegrense
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Målelinje/avstandslinje
- Stenging av avkjørsel
- Avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Eierform:

o_ = Offentleg formål

f_= Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: Februar 2014

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000

0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune
kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201312**

Forslagstiller: **Herøy kommune**

Kartprodusent: **Utviklingsavdelinga**

	Revisjon av plankart	DATO	SIGN.
A	**Endringar etter offentleg ettersyn**	**03.02.15**	**AZT**
B			
C			

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:			
2. gongs behandling i Formannskapet			
Offentlig ettersyn og høyring av planforslag frå 24.09.2014 til 17.11.2014.			
1. gongs behandling i Formannskapet	**145/14**	**16.09.14**	**AZT**
Kunngjering av oppstart planarbeidet		**29.11.13**	**AZT**

PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
Utviklingsavdelinga	201312	02	AZT

HERØY KOMMUNE

Planident:	Saksnummer:	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjent_av:
201312	2013/1418	xx.xx.xxxx	Herøy kommunestyre

DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT
PLAN-ID: 201312

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 – Avgrensing av planområdet
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne
Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturvern mynde skal varslast, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

§ 5 - REGULERINGSFORMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)
- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)
- Leikeplass (LP)
- Forsamlingslokale (Bedehus)
- Energianlegg (E)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)
- Køyreveg (V)
- Fortau (F)

Grønstruktur (PBL. § 12 – 5, nr. 3)
- Grønnstruktur (G)

Omsynssone (PBL §
- Faresone H_370

§ 6 – FELLESFØRESEGNER

a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor FS og KS-område, som følgje av byggjesøknad.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.

g. Innanfor området kan det byggjast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.

h. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggast på tilgrensande grunn.

§ 7 – SITUASJONSPLAN / DETALJAR VED BYGGESØKNAD

Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for alle KS-områda

Situasjonsplan skal handsamast av kommunen i samband med byggesøknad og skal vise:

- Tomtegrenser
- Grense mellom seksjonar
- Parkeringsplassar
- Interne køyrevegar og gangvegar
- Murarar
- Kotehøgder på utvendig terreng
- Plassering av bygningar
- Minste ute opphaldsareal (MUA)

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn.

Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar og felles ute opphaldsareal, jf. TEK.

§ 8 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.
På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 35 %.
- KS - område: maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m^2 pr. bilplass.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0.5 bil pr.buiing til gjesteparkering.

Dersom samla tal bueiningar overstig 10 i KS-områda vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.

b. Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m^2 eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan. Innan KS-område gjeld krav til MUA 15 m^2. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m^2.

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

a. I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. I område merka KS kan det byggjast fleirmannsbustader med inntil fire (4) bueiningar i kvart bygg.

KS-område skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m^2 grunnflate og då berre i ei høgd.
I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m². I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 meter og mønehøgd ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass

Områda merka LP1-LP3 er offentlege og opne for alle.
Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand som gjer det mogleg å opparbeide dei for leik og opphald. Leikeareala kan møblerast. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

4. Bedehus

Eksisterande bedehus inngår i reguleringsplan.

5. Energianlegg

Innanfor området kan det oppførast nettstasjon.

§ 9 UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg vegar skal godkjennast av kommunen før dei kan oppførast.

b. Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

d. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

e. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.

§ 10 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande areal

Avkøyrsler skal ikkje leggast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsel eller avkøyrselspil på plankartet.

Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrsler, skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.

Avkøyrsler som er vist med symbol for stenging på plankartet, skal stengast for biltrafikk når nytt fortau er etablert og opparbeidd langs FV10.

Ved stenging av avkøyrsler skal bustader innanfor området FS4 få ny tilkomst frå sør, gjennom f_V4.

Følgjande vegar er vist som offentlege vegar
- o_V1 (Nygjerdevegen)
- o_V2 (Ny bustadveg)
- o_V3 (Myrabakken)

Fortau er vist som offentleg areal og er tilknytt Nygjerdevegen.

Felles privat veg:
- f_V4 (Ny bustadveg)

Felles privat veg f_V4 skal vere tilkomst for noverande og framtidige bustader i området FS4, gnr. 60 bnr. 441 og området KS1.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.

I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 11 GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

I plan er det vist grøne korridorar gjennom områda o_G. Desse er tilkomst til leikeplassar frå offentleg vegareal. Innanfor desse områda kan det etablerast grusa stiar med belysning.

§ 12 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

a. Før utbygging av nye tomter kan gjennomførast, skal o_V2 med tilhøyrande offentleg infrastruktur, vere opparbeidd og ferdigstilt.

b. Offentlege leikeplassar skal opparbeidast, planerast og setjast i ein slik stand at dei kan møblerast. Dette skal skje samstundes med opparbeiding av infrastrukturen i området. Private eller felles private leikeareal innanfor KS-områda sitt byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med oppføring av bustadhusa.

c. Før utbygging av område kan gjennomførast, skal høgspentluftlinje gjennom området leggjast i jordkabel (i veg- og friluftsareal).

***

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i k-sak xx/xx i møte XXXX/201X

Fosnavåg,_____

_____
ordførar

PLANOMTALE

HERØY KOMMUNE

SEPTEMBER 2014



(Foto: Aleksander Zahl Tarberg, Juli 2014)

DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3

MYRABAKKEN BUSTADFELT

PLAN-ID: 201312

Revidert 03.02.2015.

1. SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET…… 3

2. NØKKELOPPLYSNINGAR……. 4

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET…… 5

4. PLANPROSESS……

5. PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER……

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON… 6

7. PLANFORSLAGET…….. 14

8. KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET….. 17

9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN……

10. VEDLEGG……. 18

1. SAMANDRAG

Planforslaget er ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3. Reguleringsplanen tek føre seg eit område på Moltustranda (bygd) i Herøy kommune. Forslaget består av eit plankart med tilhøyrande reguleringsføresegner, samt denne planomtalen med tilhøyrande vedlegg.

Detaljplanen legg til rette for eit større og variert bustadområde sentralt på Moltustranda. Planområdet er om lag 54 daa. I planforslaget har ein teke sikte på å regulere areal med både eksisterande og nye bygningar og anlegg, der både ny og eldre bebyggelse er teke med.
I plan er det regulert inn nye frittliggjande bustadtomter, konsentrerte bustadområde, køyrevegar, leikeareal og bedehus m.m.

Ein har teke sikte på å skape grunnlag for nye og attraktive bustadtomter på Moltustranda, der det blir gitt rom for bygging av både einebustader og fleirmannsbustader (2-manns og 4-mannsbustader).

Planforslaget viser eit hovudprinsipp med ein ny samleveg som går frå Nygjerdevegen i aust, gjennom planområdet, mot Myrabakken i vest. Samlevegen (V1) er definert som (o_V) offentleg veg etter kommunal standard, og skal tene trafikken internt for dei fleste tomtene innanfor planområdet. Samlevegen er tenkt utforma slik at den ikkje skal medføre til eit høgt fartsnivå internt i bustadfeltet og er lagt slik i terrenget at den får tilført naudsynt kurvatur. Dette er valt med omsyn til trafikktryggleiken og bukvalitet i området.

Tilkomstvegen er definert som felles private vegar (f_V). Denne vegen er plasser slik i terrenget at den skal skape ein ny og betre tilkomst til dei ulike tomtene. Dei fleste av tomtene har tilkomst gjennom felles private vegar. Ein har valt å regulere inn avkøyrsler gjennom piler på plankartet, dette er gjort med tanke på skape betre trafikktryggleik internt i planområdet.

Planforslaget legg vidare sterk vekt på leikeareal og barn- og unges interesser ved etablering av nye bustadområder. Ein har valt å leggje til rette for fire (3) leikeareal innafor plangrensa. Leikeareala er regulert som felles private områder, som skal tene dei ulike FS og KS områda i planen. I tillegg til at det er avsett areal til leik innanfor planområdet, er det også kort veg til skule og barnehage. Dette har vore eit viktig element i planarbeidet.

Når det gjeld dei topografiske forholda i området, viser terrenglinje at ein her legg opp til bebyggelse i eit terreng med svak helling frå sør til nord. Det eksisterar i dag fleire bekkar som renn gjennom planområdet og desse har ein forsøkt teke omsyn til gjennom føresegnene i plan. Bekkane er regulert slik at det i størst mogleg grad skal haldast opne – både av omsyn til kontroll med avrenning og av omsyn til estetikk og bruk av vatnet som ressurs i bustadområdet.

Intensjonen bak den samla planløysinga trur vi kan bidra til eit meir attraktivt og variert bustadmiljø for dei som ynskjer å etablere seg i dette området.

Revidert 03.02.2015

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Bygd:	Moltustranda
Stad/adresse:	Myrabakken
Gnr / bnr:	Gnr 60 bnr 25, 35 m.fl
Gjeldande planstatus:	Bustad i kommuneplan
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Herøy kommune + private
Plankonsulent:	Utviklingsavdelinga
Eksisterande planstatus:	Ikkje eksisterande reguleringsplan
Planområde sitt areal (daa):	65 daa
Nytt reguleringsføremål:	Bustad, leik, veg, bedehus
Grad av utnytting:	BYA% = 35 og 40
Tal på nye bueiningar:	Om lag 44
Aktuelle problemstillingar:	Fortetting, nye og eksisterande bustader
Kunngjering, dato:	28.11.2013.
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei – i samsvar med overordna plan

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1– Bakgrunn

Formannskapet har tidlegare bede rådmannen starte prosess med tilrettelegging av fleire bustadtomter på Moltustranda. Etter fleire alternative områder har Formannskapet valte dette området som aktuelt for utvikling til bustadtomter på Moltustranda, og det er gjennomført prosess og erverv av areal til føremålet.

3.2 – Føremål med planforslaget

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye byggjeklare bustadtomter, med tilhøyrande infrastruktur og naudsynt leikeareal innanfor planområdet. Plangrepet må her sjåast på som ei fortetting av allereie utbygde bustadområde på Moltustranda, og reguleringsarbeidet vil såleis vere ei utnytting av ledige areal til bustadformål innanfor grensene fastsett i kommuneplanens arealdel frå 2004.

Formannskapet har i tidlegare vedtak gjeve rådmannen i oppgåve å starte reguleringsarbeid for nye bustadfelt på Moltu, og administrasjonen har over ei lengre periode vore i dialog med aktuelle grunneigarar for erverv av naudsynt areal til bustadformål og infrastruktur i området. Ein har no kome til semje med grunneigarar om avtalar for kjøp av areal som gir kommunen grunnlag for å starte opp prosessen med utarbeiding av reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Reguleringsplanen skal danne grunnlaget for ei seinare utbygging av infrastruktur i området og skape ny byggeklare kommunale bustadtomter sentralt på Moltustranda.

4. PLANPROSESS

Oppstart av planarbeid blei varsla 03.12.2013. Start på planarbeidet blei kunngjort på kommunen sine nettsider og gjennom annonse i Vestlandsnytt**.** Perm med varslingsdokument blei gjort tilgjengeleg på Herøy rådhus og på den lokale Coop Marknad butikken på Moltustranda. Grunneigarar og naboar til planområdet har vore varsla i eige brev. Det same gjeld offentleg myndigheiter, samt lag og organisasjonar som ein har vurdert kan ha interesse i planleggingsarbeidet.

Utviklingsavdelinga har gjennomført møte om planarbeidet med særskilte grupper.

Det har tidlegare også vore gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule, der innbyggjarane på Moltustranda fekk høve til å kome med sine innspel knytt til planlegging av nye bustadområder i bygda.

5. PLANSTATUS OG AREALBRUK

557.2 **– Planstatus**


Området er pr i dag ikkje regulert gjennom ein rettsleg bindande reguleringsplan. I gjeldande kommuneplan frå 2004, er området sett av til bustadformål med krav om at det vert utarbeidd ein reguleringsplan. Området er tenkt vidareført som bustadområde i forslag til ny arealdel av kommuneplan for Herøy 2013-2025

Planarbeidet for Myrabakken er sett i samanheng og tilpassa det pågåande planarbeidet for

ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Begge desse planane vert utarbeidd av Herøy kommune.

5.2 – Kommuneplan

Planområdet er i gjeldande kommuneplan (2004) sett av til bustadføremål med krav om at det vert utarbeidd ein reguleringsplan.




Utsnitt av gjeldande kommuneplan (2004)

5.3 – Reguleringsplanar

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor plangrensa. Herøy kommune arbeider parallelt med ny reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 som går gjennom Moltustranda.

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

Området er ligg i dag omkransa av eksisterande bebyggelse sentralt på Moltustranda, og er avgrensa av dei offentlege vegareala Fylkesveg 10, Myrabakken og Nygjerdevegen. Dagens situasjon i planområdet viser at dette er innmarksareal (lyng og mindre krattskog), der dei ikkje utbygde areala pr i dag ikkje blir beita eller halde i hevd ved slått. Dette viser seg i form av at mindre krattskog veks opp i klyngjer spreidd utover planområdet.





Bileter som syner dagens situasjon i planområdet (Foto: Aleksander Tarberg – Juli 2014)

Gjennom planområdet går det i dag ein del kablar og leidningar i luftspenn – både tele og kraftforsyning. Lokal kraftleverandør har ståande ein trafostasjon sentralt i planområdet .



Det renn bekkar gjennom planområdet frå sør til nord, der nokre av desse er steinsette veiter frå tidlegare jordbruksaktivitet.




Det er også funne spor etter tidlegare gravarbeid i grunnen, i samband med utbetring av vassforsyninga til området.



Nokre av bustadeigedomane har opparbeidd gjerde, murar og hekkar som avgrensing mot naboareal som pr i dag ikkje er utbygde.

557.2 **– Lokalisering**



Området ligg sentralt plassert i bygda og med kort gåavstand til butikk, skule, barnehage og fylkesveg 10.

6.2 – Avgrensing av planområdet



Utsnitt av planområdet sitt omfang ved varsel om oppstart

Planområdet er avgrensa av fylkesveg 10 i nord, Nygjerdevegen i aust og sør og Myrabakken i vest. Mot nord og aust er planområdet tilpassa parallelt planarbeid for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda.

6.3 – Bruk av naboareal til planområdet

Med unntak av Moltustranda bedehus er den dominerande arealbruken for naboeigedomane til planområdet frittliggjande einebustader, eller bustadhus med sokkelleilegheit. Planområdet inngår som eit mindre område av eit samla og større bustadområde på Moltustranda.

6.4 – Eksisterande busetnad i området





Karakter og særtrekk ved eksisterande busetnad i området er at dette er frittliggjande småhusbebyggelse. Bustadhusa er frå ulike tidsperiodar og har ulike storleikar, utforming og struktur. Eit fellestrekk for alle husa er at dei har saltak, der nokre av takkonstruksjonane har ulike arker og utbygg. Nokre hus i området er oppført i to etasjar, mens andre har tre etasjar.

6.5 – Topografi og landskapstrekk

Planområdet ligg i ei svak helling frå sør til nord, med eit tynt vegetasjonsdekke (myr/torv) og mindre krattskog.

6.7 – Solforhold

Området ligg nordvendt og har best solforhold på sør/vest-sida av bebyggelsen.

6.8 – Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Torvdekke og lyng er den dominerande vegetasjonstypen i området. Ein har ikkje observert at areala er i bruk som beiteområde i dag. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar eller raudlista artar i planområdet, jfr. Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.



Utsnitt av Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.

6.9 – Barn og unge sine interesser

I kommunen sine data frå «Barnetrakkregistreringar 2012», er det ikkje registreringar som viser at barn og unge leikar/oppheld seg innanfor planområdet. Det er heller ikkje registreringar som seier at barn og unge oppfattar vegane i området som utrygge.

Gjennom synfaring i området kom ein over ein stad i planområdet der det var ført opp leikeapparat.





Bilete og flyfoto av leikeapparat i planområdet

Planområdet ligg sentralt i bygda Moltustranda og dei næraste leikeplassane er i enden av Monsplassen, og ved Moltu skule. Begge desse områda har opparbeidde areal som blir nytta av barn og unge, og ligg innanfor ein avstand som kan nåast til fots frå planområdet.

6.10 – Kulturminneverdiar

Det er ingen kjende kulturminneverdiar innanfor planområdet.
Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar i september 2014.

6.11 – Veg og trafikkforhold



Innanfor planområdet er det både offentlege og private vegar. I sør og aust ligg den offentlege ***Nygjerdevegen***, som startar ved Coop S-Marknad med kryss mot Fylkesveg 10. Denne vegen er hovudsamleveg for byggjefeltet på Moltustranda og er i dag opparbeidd med ei vegbreidde på 4 meter. Vegen har ikkje differensiert løysing for gåande og syklande, men har ein blanda funksjon av mjuke trafikantar og køyretilkomst til bustadeigedomar og barnehage.

Frå krysset ved Moltu barnehage, startar vegen ***Monsplassen,*** som er ein offentleg veg innanfor planområdet fram til krysset mot Myrabakken i vest. Dette er ein sekundærveg for Nygjerdevegen og tener færre bueiningar. Vegen er i dag opparbeidd med ei vegbreidde på 3 meter. Vegen har blanda funksjon som køyreveg og gang/sykkelveg for mjuke trafikantar.

Vest for planområdet er ***Myrabakken*** er ein sekundærveg for Monsplassen og tener færre bueiningar. Vegen er i dag opparbeidd med ei vegbreidde på 3 meter.

Vegen har blanda funksjon som køyreveg og gang/sykkelveg for mjuke trafikantar og endar i kryss mot fylkesvegen.

Planområdet grensar i nord mot Fylkesveg 10, som blir omtala og regulert i eigen plan.

6.12 – Støy

Deler av planområdet er i dag utsett for vegtrafikkstøy (gul sone) frå fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Grenseverdiane for støy er her mellom L db 55-60, og råkar i hovudsak eksisterande bebyggelse nord i planområdet.



Utsnitt frå støykart (gul sone = L db 55-60)

6.13 – Offentleg kommunikasjon

Buss er i dag den einaste forma for offentleg kommunikasjon i området. Køyreruta for buss går i dag langs fylkesveg 10.


6.14 – Vatn, avløp og overvatn (drenering)

Vassleidningar til Moltustranda Vassverk (privat vassverk) går i dag gjennom planområde, som vist på kartutsnitt under:



Dreneringssystemet i området fungerer i dag i form av steinsette veiter og bekkar som renn gjennom planområdet frå sør til nord.

Anleggs- og driftsavdelinga arbeider pr i dag med bygging av nytt reinseanlegg for kloakk på Moltustranda. Dette er tenkt lokalisert nord for Fylkesveg 10, slik som vist på skissa under:



Avløpssituasjonen for bebyggelsen i og i nærleiken av planområdet fungerer i dag gjennom private og felles private løysingar. Nokre har eigne private septiktankar, mens andre har løysingar med felles private avløpsleidningar.

Når det kommunale reinseanlegget er tenkt ferdigstilt, skal bebyggelsen på Moltustranda knytast til det kommunale reinseanlegget.

6.15 – Energi- og teleløysingar

Gjennom området går det i dag både høgspentline (22-kv + trafokiosk) og telekablar i luftspenn.

6.16 – Privat og offentlig servicetilbod

I nærleiken av planområdet ligg ein lokal matvarebutikk, skule, barnehage. Bedehuset på Moltustranda inngår i planområdet.

6.17 – Risiko og sårbarheit (ROS)

Området som her er under regulering er i samsvar med overordna kommuneplan. Området er prega av etablert busetnad som omkransar dei ikkje utbygde areala som no skal utviklast til bustadformål.

Snøskred
Det kan visast til vedlagt overordna ROS-analyse som på generelt grunnlag understrekar at det i området ikkje er særskilt fare for snøskred, grunna geografiske, topografiske og meteorologiske forhold. Planområdet har eit vanleg vestlandsk kystklima, prega av mykje milde vintrar frå sørvest (SV) og som gir lite snø og ingen oppsamling av snø i fjellsida. Denne fjellsida ligg i le for austlege vindar, som av erfaring fører med seg lite nedbør. Når det gjeld historiske data, ligg det ikkje føre dokumentasjon i databasar eller tilgjengeleg kjelder som tyder på at det har vore hendingar knytt til snøskred i dette området. Det er ikkje teikn til at det har gått skred i området. Ein finn heller ikkje skildringar eller skredhendingar som nolevande kjenner til, og det er ingen historikk er registeret i skrednett sine databasar.

Marine avsetningar
Når det gjeld forholdet til dei marine avsetningane i planområdet, viser ein til at kommunen i samband med utarbeiding av plan har gjennomført synfaringar i området. Det er her ikkje observert teikn til at det skal vere særskilt risiko knytt til byggjegrunnen i dette området. Desse opplysningane kan stadfestast ved at det den 12.11.2014 er gitt løyve til oppføring av ei større garasje på gnr 60 bnr 441, og at det ved synfaring knytt til dette byggjearbeidet ikkje er avdekka ustabil byggjegrunn i området. Samtalar med tiltakshavar for denne tomta har heller ikkje gitt opplysningar om at det skal vere særskilt risiko knytt til bruk av dei marine avsetningane som byggjegrunn. Med bakgrunn i desse opplysningane så vurderer ein det slik at det er tilstrekkeleg tryggleiksnivå knytt til bruk av grunnforholda til bustadformål i dette området.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderingar og vedlagt dokumentasjon, vurdere ein planområdet til å ha tilstrekkeleg tryggleiksnivå for utbygging til bustadføremål etter TEK10.

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

7. PLANFORSLAG

8.1 Innleiing

Forslag til reguleringsplan for Myrabakken blir sett på som ei naturleg «innfylling» av nye bustader i eit allereie etablert bustadfelt. Areala er foreslått regulert til

køyrevegar, leik, bustadtomter og tomter for fleirmannsbustader. I tillegg inngår tomta til eksisterande bedehus. Leikeareala er samankopla med vegsystemet gjennom grøne korridorar der det kan etablerast grusa stiar.

Planforslaget blir sett i samanheng med reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 på Moltustranda.

8.2 Arealformål

Formål	**Areal**
Bustad – frittliggjande småhusbebyggelse (FS)	41176 m2
Bustad - konsentrert småhusbebyggelse (KS)	7573 m2
Forsamlingslokale (Bedehus)	931 m2
Leikeplass (LEIK)	1945 m2
Køyreveg (V)	10245 m2
Fortau (F)	2234 m2
Grønstruktur (G)	557 m2
Energianlegg (E)	7,5 m2
SUM	**64 669 m2**

8.3 Byggjeareal

I planforslaget er det vist følgjande byggjeareal:

Frittliggjande småhusbebyggelse (FS):

Områda FS2-4 regulerer eksisterande etablert bustader i området. FS5 og FS6 er nye tomter der det vert tillate med bygging av bustadbygg med inntil 2 bueiningar. Grad av utnytting for alle FS-områda er på BYA=35 %.

I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m^2 grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

Konsentrert småhusbebyggelse (KS):
I planen er det sett av to områder for konsentrerte bustadbygg, der det blir tillate med inntil 4 bueiningar pr bygg. Grad av utnytting for alle KS-områda er på BYA=40%.

Bedehus:
Eksisterande bedehus på Moltustranda inngår i planforslaget.

Energianlegg:

Innanfor området kan det førast opp ny nettstasjon.

8.4 Leik og uteareal

Planforslaget har 3 leikeareal som er spreidd utover planområdet. Desse har varierande storleik og ligg sentralt til i høve tilgrensande bustadareal – både eksisterande og planlagt nye bustader. Leikeplassane har tilkomst gjennom grøne korridorar frå offentlege vegareal.

Offentlege leikeplassar skal opparbeidast, planerast og setjast i ein slik stand at dei kan møblerast. Dette skal skje samstundes med opparbeiding av infrastrukturen i området. Private eller felles private leikeareal innanfor KS-områda sitt byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med oppføring av bustadhusa.

8.5 - Parkering/garasje(r)

I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m². I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 meter og mønehøgd ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0.5 bil pr.buiing til gjesteparkering.

Dersom samla tal bueiningar overstig 10 i KS-områda vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.

8.6 - Trafikkareal

Det er planlagt bygging av nye offentlege vegareal i planområdet. o_V2 og f_V4 er nye vegar som skal byggjast etter offentleg

8.7 Støytiltak

For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.

8.8 Renovasjon

Planområdet sine løysingar knytt til renovasjon skal vere i høve reglement for interkommunal renovasjonsordning.

8.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

ROS-analyse følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

8.10 Andre relevante moment i planen

Det er regulert inn faresone i tilknyting til arealformålet «Energianlegg» 5,0 meter frå ny nettstasjon. Denne er vist med raud skravur på plankartet.

8.11 Avkøyrsler

Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt må sjåast i samanheng med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planforslaga tek sikte på å rydde opp i eksisterande avkøyrselsforhold langs fylkesvegen. Det er i plankartet for Myrabakken vist kva avkøyrsler som skal stengast ved realisering av nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Desse avkøyrslene skal stengast når gangvegen er etablert og ny tilkomst til dei eigedomane som får stengt avkøyrsler skal skje gjennom ny bustadveg i Myrabakken bustadfelt frå sør f_V4».

Frisikt i avkøyrsler for planområdet si utstrekning langs fylkesveg 10 skal vere etter Statens Vegvesen sine krav i handbok N100.

8. KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET

9.1 - Overordna planar og vedtak

Planforslaget er i samsvar med overordna kommuneplan.

9.2 – Eksisterande reguleringsplanar

Det er ingen eksisterande godkjende reguleringsplanar som grensar til planområdet. Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt er utarbeidd og sett i samanheng med reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Plangrensene til dei to planane er soleis tilpassa kvarandre for å oppnå ein samanheng i arealbruken.

9.3 – Estetikk

Ingen særskilde.

9.4 - Konsekvensar for naboar og gjenbuarar

Utbygging av bustadfeltet vil medføre auka trafikk og belastning på omgjevnadane. Spesielt på eksisterande infrastruktur, som også er regulert slik at den seinare kan oppgraderast dersom det oppstår behov.

Etablert bebyggelse vil oppleve at det skjer bygging i deira nærmiljø og rundt deira eigedomar.

9.5 - Trafikk- og parkeringsforhold

Det er i planområdet teke med arealløysingar som gir grunnlag for ei framtidig oppgradering av Nygjerdevegen med fortau.

9.6 – Kulturminner

Ingen konsekvens. Viser til vedlagt rapport frå arkeologiske registreringar.

9.7 - Friluftsaktivitet, naturområder

Grøne korridorar vil sikre framkomst til leikeplassar og ferdsel gjennom planområdet. Utbygging av Myrabakken bustadfelt er ikkje vurdert til å ha vesentlege konsekvensar for friluftslivsaktivitet eller naturområder.

9.10 – Privat og offentlege servicetilbod

Det er både barneskule og barnehage i nærleiken. Det er føreset at realisering av planforslaget ikkje vil medføre kapasitetsvanskar for desse funksjonane.

9.11 – Risiko og sårbarheit

Ingen særskilte. Viser til vedlagt dokument og ovannemnde skildring.

9.12 - Infrastruktur (veg/vatn/avlaup, el-anlegg etc)

Det må byggjast nye løysingar for avløp, el/tele og handtering av overflatevatn i området. Dette er føreset gjennomført samstundes med bygging av vegareal som vist i plan. Eksisterande vassleidningar må mest truleg flyttast nokre stader, der desse vil kome i konflikt med planlagt byggjeareal / vegareal.

Detaljar kring dette må ein kome attende til ved endeleg detaljprosjektering av infrastrukturen i Myrabakken.

9.13 – Konsekvensar for næringsinteresser

Ingen særskilte.

9.14 – Juridiske/ økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen vil ha ansvar for drift av offentleg infrastruktur i området.

9.15 - Barn og unges interesser i nærmiljøet

Desse interessene vil få styrka sine rettigheiter og vilkår gjennom at det blir etablert fleire leikeplassar i området. Leikeplassane kan også fungere som sosiale møteplassar og dei kan vere samlingspunkt for dei blir busett i området.

9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Det er tidlegare haldt ope møte om planlegging av nytt byggefelt på Moltustranda. Referat frå dette møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.
Innspel og vurdering av desse går fram av vedlegg til planomtalen.

10. VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Innspel til planarbeidet (samla)
3. Merknadsskjema med vurdering av innspel
4. Temakart med samla plansituasjon for Moltu

5. Referat frå medverknadsmøte av 22.02.2011.
6. Rapport frå arkeologiske registeringar, 11.11.2014.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Regnr. 2013/1418 | Saksnr. 421
13 DES. 2013
Ark.kode P 412
Ark.kode S
Lnr. | Dok nr 2
Klassasjon

Telefon: 70 08 64 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside:www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: AZT | Vår ref: AKL | Dato: 12.12.2013

Uttale til detaljregulering av Myrabakken bustadfelt

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til at planarbeidet.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

(2)

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2013/1418	L12	30.12.2013

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 60 BNR. 35 M.FL - MYRABAKKEN BUSTADFELT - UTTALE FRÅ ANLEGGS- OG DRIFTSAVDELINGA

Anleggs- og driftsavdelinga har i mange år etterlyst regulering av hovudinfrastrukturen på Moltustranda. Ein ser såleis svært positivt på reguleringsarbeidet som no vert igangsett, men ein skulle gjerne sett at planen omfatta heile Moltustranda og ikkje berre ein mindre del. Ein vil elles gi følgjande uttale:

1. Planområdet bør utvidast til å omfatte ny tilkomst frå FV10 då eksisterande tilkomst til tider er uframkomeleg når det er vinter og glatte vegar. Dette er ei stor utfordring. Ikkje minst i beredskapssamanheng dersom det skulle skje noko kritisk med behov for å kome fram med utrykkingskøyrety.
2. Reguleringsarbeidet bør omfatte forbetring av infrastruktur for eksisterande eigedomar ved at det vert innregulert nye felles avkjørsler.

Med helsing

Jon Rune Våge

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11 04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

3

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2013/1418 AZT
- 9 JAN. 2014
Ark.kode P L12
Ark.kode S
Jnr. Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud - <tomt>	2013/143927-002	2013/1418	08.01.2014

Fv. 10 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for gnr. 60 bnr. 35 m.fl. - Myrabakken bustadfelt - Varsel om oppstart av offentleg planarbeid - Uttale

Viser til skriv av des. 2013 frå Herøy kommune med varsel om oppstart av utarbeiding av detaljreguleringsplan for gnr 60 bnr 35 m.fl.

Til det varsla reguleringsplanarbeidet har vi desse merknadane/innspela:

→ Varsla planområde omfattar fleire avkøyrsle direkte frå fylkesvegen. Med sikte på å betre trafikktryggleik bør det leggast opp til reguleringsløysingar der talet på avkøyrsle direkte frå fylkesvegen i størst mogleg grad vert redusert gjennom sanering og samlokalisering, helst med tilkomstløysingar knytt til veg/vegnettet på sørsida av fylkesvegen.

→ Vi føreset at reguleringa vert tilpassa og samordna med utarbeidinga av reguleringsplanen for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. (Jamfør varsel om regulering av juni 2013 frå kommunen.)

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid.

Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

(9)

(t) Ufu

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga



Moltustranda 07.01.14

Viser til brev : Detaljregulering for Myrabakken bustadfelt, datert desember 2013.

Som eigara av gnr. 60 – bnr. 263- 270, har vi stor interesse av å knyte oss på vegen som vert bygd i forbindelse med det nye bustadfeltet Myrabakken.

Med vennleg helsing

Mariann Helleseth og Ståle Nes

Monsplassen 6

6976 Moltustranda

5

Fra: postmottak
Sendt: 23. januar 2014 08:07
Til: Arkiv
Emne: FW: Detaljregulering for Myrabakken bustadfelt

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Camilla Storøy Hermansen
Sendt: 22. januar 2014 18:12
Til: postmottak
Emne: Detaljregulering for Myrabakken bustadfelt

Barnerepresentanten er godt fornøgd med tilrettelegging av godt leikeareal i reguleringsplanen for Myrabakken bustadfelt. Det eg vil på

Helsing Camilla Storøy Hermansen, Barnerepresentant

6

Noregs vassdrags- og energidirektorat
NVE

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2013/1418 Saksbeh AZT
22 JAN. 2014
Arkivkode P 412
Arkivkode S
Dok.nr. 7
Klassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 21 JAN. 2014
Vår ref.: NVE 201400057-2 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Terje Systad

Innspel til oppstart - Detaljreguleringsplan - GBnr 60/35 mfl - Myrabakken bustadfelt - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett desember 2013. Saka gjeld oppstartsvarsel for arbeid med detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt.

I planarbeidet er tryggleik mot skred ei aktuell problemstilling. I skrednett (www.skrednett.no) sine aktsemdkart er planområdet definert som potensielt fareområde for skred. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

I NGU sitt lausmassekart ligg planområdet innanfor marine strandavsetningar. Det kan ikkje utelukkast at det finnest ustabile avsetjingar som til døme leire i grunnen. I ROS- analysen må det gjerast ei vurdering av området kan bestå av avsetningar som potensielt kan rase ut. Dersom det er mistanke om, eller vert påvist ustabile massar må det gjerast ei grundigare geoteknisk undersøking for å eventuelt avdekke fare for utgliding/setningsskadar.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

7

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	09.12.2013	74058/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	24.01.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 60/35 m.fl. Myrabakken bustadfelt - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne
Vi vurderer planområdet til å ha eit potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, jf. fråsegn til reguleringsplan for Fv10 Moltustranda. Vi varslar difor at det vil verte stilt krav om arkeologisk registrering, jf. Kulturminnelova § 9, i samband med planen. Jamfør § 10, same lov, er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved registreringa.

Det vil i områda med dyrka mark i planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter busetnadsaktivitet og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Tiltakshavar må sjølv skaffe gravemaskin med førar til registreringa, jf. Kulturminnelova § 10. Gravemaskina bør helst vere 10-15 tonn, og ha skuff med flatt skjær på minst 1,20 m breidd i tillegg til rotor- og tiltfunksjon. Vi føreset også at tiltakshavar gjer naudsynt påvising av kablar og rør i aktuelt område og varslar alle grunneigarar som vert berørt av tiltaket før registreringa gjennomførast.

Vi reknar at registreringa let seg gjennomføre innanfor rammene av maksimalt to vekeverk feltarbeid, noko som gjev ei økonomisk ramme på 60 000,-. Dette dekkjer løn og administrasjonsutgifter, samt reise- og opphaldskostnadar etter statlege satsar. I tillegg kjem for- og etterarbeid på fem dagsverk. Denne typen arbeid er friteke frå meirverdiavgift. Det kan i samband med registreringa verte aktuelt å datere eventuelle funn, særleg der ein er i tvil om alder og vernestatus. Det vert difor budsjettert med inntil 2 C14-analysar à kr. 4200,- i tillegg til arbeidet.

Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet utgjer etter dette:

2 vekeverk feltarbeid à 30.000,-	60.000,-
5 dagsverk à 3.000,-	15.000,-
2 14C-prøver à 4.200,-	8.400,-
Sum	**83.400**

Vi gjer merksam på at utgiftene kan bli noko reduserte dersom vi kan gjere registreringa samtidig som registreringane langs Fv10 Moltustranda. Tinging av feltarbeid må vere skriftleg, og fakturaadresse må gå klart fram. Vi ber og om å få tilsendt mest mogleg oppdatert kartmateriale ved eventuell tinging.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(8)

(E)

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
27.01.2014
Dykkar dato
06.12.2013

Vår ref.
2013/8142/ASBU/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr: 2013/1418 | Saksbeh. ART
30 JAN. 2014
Ark kode P L12
Ark kode S
J.nr. | Dok.nr. 9
Kassasjon

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan gnr60 bnr35 m.fl Myrabakken bustadfelt
Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader til oppstartsvarslet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	E-post:	Web:
Fylkeshuset 6404 Molde	71 25 84 43	71 25 85 10	postmottak@fmmr.no	www.fylkesmannen.no

9

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Agita Freimane
Sendt: 5. mai 2014 10:46
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: reguleringsplan i Moltustranda

Når eg var på oppmålingsforretning, sa ZAWADZKI SYLWESTER eigar av 60/171 og 60/131 at han vil gjerne utvida eigedomen sin.

Det kan du huske når du skal jobbe med reguleringsplan.

Helsing

AGITA FREIMANE
Kartansvarleg

70 08 13 00/ 70 08 13 75

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

MERKNADSSKJEMA – VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Plannamn	Myrabakken bustadfelt	**Plankonsulent**	Utviklingsavdelinga – Herøy kommune
PlanID.	201312	**Dato**	18.07.2014
Saksnummer.	2013/1418	**Tal på innspel**	9

Følgjande instansar har ingen merknader til planarbeidet:

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor, innspel motteke 13.12.2013.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, innspel motteke 30.01.2014.

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel / merknad	Forslagstillars vurdering
1. Anleggs- og driftsavdelinga (Herøy kommune) 30.12.13	Viser til at dei i mange år har etterlyst regulering av hovudinfrastruktur på Moltustranda, og ser positivt på arbeidet som no vert sett i gong. Dei skulle gjerne sett at planen omfatta heile Moltustranda og ikkje berre ein mindre del. Avdelinga peikar på følgjande: - Plan bør omfatte ny tilkomst frå FV10 – grunna utfordringar i høve beredskap med behov for framkomst av utrykkingskøyrety, då eksisterande tilkomst til tider er uframkomeleg vinterstid med glatte vegar. - Planarbeidet bør omfatte forbetring av infrastruktur for eksisterande eigedomar ved at det vert regulert nye fellesavkøyrsler.	*Planarbeid for bustadområde på Moltustranda har lenge vore eit tema, og spørsmålet har vore behandla i Formannskapet fleire gongar. I samband med prosessen rundt grunnerverv og val av område for kjøp av grunn, kom Formannskapet til at det var dette området ein vil satse på som nytt bustadfelt på Moltustranda. Kommunen har no erverva grunn i dette området med tanke på vidare utbygging.* *I reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg på Moltu er det utarbeidd forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen frå Fylkesveg 10 og fram til planområdet. Dette vert sett på som hovudtilkomsten til dei øvre bustadområda. Veglinja er teikna på ein slik måte at det skal vere mogleg å bygge denne nye vegen, i samsvar med kommunen sin vegnormal, når dette blir aktuelt.* *Innspelet er teke inn i plan og det er vist forslag til stenging av fleire avkøyrsler – både mot fylkesveg og kommunal veg.*

2. Statens Vegvesen Region Midt 09.01.14	Vegvesenet har følgje innspel: - Av omsyn til trafikktryggleik bør det leggast opp til ei planløysing der talet på avkøyrsler direkte til/frå fylkesveg 10 i størst mogleg grad vert redusert gjennom sanering og samlokalisering – helst med tilkomstløysingar knytt til vegnett på sørsida av fylkesvegen. - Det vert føreset at reguleringa vert tilpassa og samordna med utarbeiding av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Statens vegvesen varslar at dei vil kome attende til nærare detaljar når framlegg til reguleringsplan ligg føre.	*Innspelet er teke inn i planforslaget. Det er lagt opp til sanering av nokre avkøyrsler frå fylkesveg 10. Desse er erstatta med ny tilkomst gjennom etablering av nytt vegsystem i bustadområdet sør for fylkesvegen.* *Reguleringsplanen for Myrabakken er koordinert med reguleringsplan for gang- og sykkelvegen gjennom samanfallande plangrense og samanheng mellom element i dei to planane. Av ulike grunnar har ein valt å køyre desse to planen som to ulike saker. Ein likevel strekkje seg etter å samkøyre planprosessane så langt dette er mogleg.*
3. Mariann Helleseth og Ståle Nes 10.01.14	Som eigarar av gnr. 60 bnr. 263-270, har dei stor interesse av å knyte seg på vegen som vert bygd i forbindelse med det nye bustadfeltet Myrabakken.	*Innspelet er ikkje teke inn i plan. Med bakgrunn i det plangrepet og den tomtedelinga som er valt for det nye bustadområdet i Myrabakken, har ein dessverre ikkje funne rom for å imøtekome dette innspelet.*
4. Barnerepresentanten I Herøy kommune 23.01.14	Barnerepresentanten er godt fornøgd med tilrettelegging av godt leikeareal i reguleringsplanen for Myrabakken bustadfelt. Peikar på behovet for gangveg frå der Myrabakken kjem inn på Fylkesvegen og bort til gangvegen som vert avslutta ved butikken. Utviding av bustadfeltet fører til fleire som har dette til skuleveg og for Barnerepresentanten er det svært viktig at det vert lagt til rette for at born og unge skal ferdast trygt langs dei trafikkerte vegane i kommunen. Vonar dette blir tatt med i det vidare planarbeidet.	*Innspelet vert ivareteke gjennom planforslaget for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda. Her er det vist ei løysing for mjuke trafikantar i form av fortau plassert på sørsida av fylkesvegen.*

5. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) 22.01.14	Viser til at I planarbeidet er tryggleik mot skred ei aktuell problemstilling. I skrednett sine databasar er planområdet definert som potensielt fareområde for skred. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. I NGU sitt lausmassekart ligg planområdet innanfor marine strandavsetningar. Det kan ikkje utelukkast at det finnest ustabile avsetjingar som til døme leire i grunnen. I ROS- analysen må det gjerast ei vurdering av området kan bestå av avsetningar som potensielt kan rase ut. Dersom det er mistanke om, eller vert påvist ustabile massar må det gjerast ei grundigare geoteknisk undersøking for å eventuelt avdekke fare for utgliding/setningsskadar.	*I utarbeiding av ROS-analyse for reguleringsplanen er det gjort vurderingar kring NVE sine aksemdskart for skredfare. Her viser aktsemdskarta at det er potensiell fare for snøskred i området.* *Det er gjennomført ei lokal vurdering av området med tanke på fare for snøskred. Konklusjon viser at klima, nedbør og topografi i området ikkje gir grunnlag for ein reell fare for snøskred.* *Det blir her vist til at det i dag alt er oppført bustadhus innafor planområdet og i det området der det er registrert marine strandavsetningar.* *Ein har i samband med arkeologiske registreringar i området, heller ikkje fått melding om det er registert ustabile avsetjingar i dette området.*
6. Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke) 24.01.14	Fylkeskommunen vurderer planområdet til å ha eit potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, jf. fråsegn til reguleringsplan for Fv10 Moltustranda. Vi varslar difor at det vil verte stilt krav om arkeologisk registrering, jf. Kulturminnelova § 9, i samband med planen. Jamfør § 10, same lov, er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved registreringa. Kostander til arkeologiske registreringar er stipulert til kr 83.400,-.	*Arkeologisk registreringar er gjennomført og avslutta.* *Resultatet av desse følgjer i eigen rapport.*
7. Sylwester Zawadzki 05.05.14	Ynskjer utviding av bustadtomt – ber om at det vert teke omsyn til ved utarbeiding av reguleringsplan.	*Det er teke omsyn til at bustadtomta kan utvidast mot nord, sør og aust i det planforslaget som no ligg føre. Innspelet er teke med i planarbeidet.*

UTV, AZT, september.2014.

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2014

Fv10 Moltustranda/Myrabakken bustadfelt

Moltustranda, gnr 60 i Herøy


Kristoffer Rantala



CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12 = -23.1 o/oo : lab. mult = 1)

Laboratory number	**Beta-391746**
Conventional radiocarbon age	**2240 ± 30 BP**
2 Sigma calibrated result 95% probability	**Cal BC 390 to 340 (Cal BP 2340 to 2290)** **Cal BC 325 to 205 (Cal BP 2275 to 2155)**
Intercept of radiocarbon age with calibration curve	Cal BC 360 (Cal BP 2310) Cal BC 265 (Cal BP 2215)
1 Sigma calibrated results 68% probability	Cal BC 375 to 350 (Cal BP 2325 to 2300) Cal BC 295 to 230 (Cal BP 2245 to 2180) Cal BC 220 to 210 (Cal BP 2170 to 2160)



Database used

INTCAL13

References

Mathematics used for calibration scenario

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates, Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2):317-322

References to INTCAL13 database

Reimer PJ et al. IntCal13 and Marine13 radiocarbon age calibration curves 0– 50.000 years cal BP. Radiocarbon 55(4):1869– 1887.

Beta Analytic Radiocabon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2014

Fv10 Moltustranda/Myrabakken bustadfelt

Moltustranda, gnr. 60 i Herøy kommune

Kristoffer Rantala

BETA ANALYTIC INC.
DR. M.A. TAMERS and MR. D.G. HOOD
4985 S.W. 74 COURT
MIAMI, FLORIDA, USA 33155
PH: 305-667-5167 FAX:305-663-0964
beta@radiocarbon.com

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Mr. Kristoffer Dahle

Report Date: 10/7/2014

Møre og Romsdal fylkeskommune

Material Received: 10/1/2014

Sample Data	Measured Radiocarbon Age	13C/12C Ratio	Conventional Radiocarbon Age(*)
Beta - 391746	2210 +/- 30 BP	-23.1 o/oo	2240 +/- 30 BP
SAMPLE : KP1 KRR 2014			
ANALYSIS : AMS-Standard delivery			
MATERIAL/PRETREATMENT :	(charred material): acid/alkali/acid		
2 SIGMA CALIBRATION :	Cal BC 390 to 340 (Cal BP 2340 to 2290) and Cal BC 325 to 205 (Cal BP 2275 to 2155)		

Høeg – Pollen 876 842 262 MVA
Helge Irgens Høeg,
Gloppeåsen 10,
3261 LARVIK

Skaiti, 27/9-14.

Til Kristoffer Dahle, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE.

Analyse av 12 kullprøver fra Møre og Romsdal.

KP 1, KRR, 2014, Dyrkingslag, Moltu, Herøy.
Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 33 *Betula* (bjerk) (1,2 g sendt Beta), 2 *Sorbus* (rogn) (0,1 g) og 5 *Pinus* (furu) (0,3 g).

Prøvene til Beta ble postlagt i dag morges.

Helge Irgens Høeg

Innhald

Innhald 5
Figurliste 6
Forord 7
1.0 Samandrag 8
2.0 Bakgrunn og formål med undersøkinga 9
3.0 Området 9
4.0 Kulturhistorisk riss 11
4.1 Automatisk freda kulturminne 11
4.2 Nyare tids kulturminne 11
4.3 Lausfunn 11
5.0 Strategi og metode 12
5.1 Visuell overflateregistrering 12
5.2 Maskinell sjakting 12
5.3 Manuell prøvestikking 12
6.0 Undersøkinga 13
6.1 Synlege strukturar 13
6.2 Sjakter 14
6.3 Prøvestikk 18
6.4 Dokumentasjon 23
7.0 Resultat 24
7.1 Dyrkingsflate, ID 178218 24
8.0 Konklusjon 26
9.0 Litteraturliste 27
10.0 Vedlegg 28

Figurliste

FIGUR 1: KRONOLOGISKE PERIODER 7
FIGUR 2: PLANOMRÅDE OG GJENNOMFØRT UNDERSØKING. 8
FIGUR 3: BEGGE PLANOMRÅDA SLÅTT SAMAN. 9
FIGUR 4: STRANDLINJEKURVA TIL ISOBASE 7 10
FIGUR 5: SJAKT 8 MED MASKINFØRAR FRANTZ UNDER AVSLUTNING AV SJAKTINGA. FOTO. KRISTOFFER R. RANTALA 13
FIGUR 6: T.V: STEINRUIN FRÅ NYARE TID. 13
FIGUR 7: SJAKT 3 LANG FV10. FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 14
FIGUR 8: HEILE DYRKNINGSLAGET SOM ER SYNLEG I SJAKTA, OPPTRER SOM EITT SORT LAG. FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 15
FIGUR 9: PROFILTEIKNING AV DYRKINGSLAGET I SJAKT 1 15
FIGUR 10: PLANTEIKNING OG ANTATT UTBREDELSE AV DYRKINGSLAGET. 15
FIGUR 11: SJAKT 2, SYNLEG I FIG. 10, MED FYLT MASSE OG FORSTYRRA UNDERGRUNN. FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 16
FIGUR 12: EITT AV DEI MANGE NEGATIVE PRØVESTIKKA. FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 18
FIGUR 13: DYRKNINGSLAG, OPPTRER SOM EITT SORT LAG. TATT MOT S. FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 24
FIGUR 14: SJAKT 1 MED DYRKNINGSLAG. DETTE ER SYNLEG I DEN SØRE PROFILVEGGEN (T.H.). FOTO: KRISTOFFER R. RANTALA 25
FIGUR 15: SJAKT 1 MED DYRKNINGSLAG SYNLEG I DEN SØRE PROFILVEGGEN. FOTO. KRISTOFFER R. RANTALA 25



151.JPG
Filstørrelse: 3.61 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2013:08:29 11:02:28
Pixelstørrelse: 4608 x 3072
Oppløsning: 300.00

Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø

Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



150.JPG
Filstørrelse: 3.45 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2013:08:29 10:57:29
Pixelstørrelse: 4608 x 3072
Oppløsning: 300.00

Bildetekst:

Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8260010.JPG
Filstørrelse: 2.74 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:32:17
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot NV
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



P8260009.JPG
Filstørrelse: 2.55 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:07:18
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord: KULTURMINNER FRÅ NYERE TID FUNDAMI



P8260008.JPG
Filstørrelse: 2.52 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:04:24
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord: KULTURMINNER FRÅ NYERE TID FUNDAMI



P8260007.JPG
Filstørrelse: 2.61 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 09:44:20
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



P8260005.JPG
Filstørrelse: 2.64 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 09:24:14
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot NØ
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



P8260004.JPG
Filstørrelse: 2.29 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 09:18:37
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



P8260003.JPG
Filstørrelse: 2.47 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 09:17:38
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



P8260002.JPG
Filstørrelse: 2.58 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 09:16:56
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



154.JPG
Filstørrelse: 3.50 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2013:08:29 11:08:40
Pixelstørrelse: 4608 x 3072
Oppløsning: 300.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



153.JPG
Filstørrelse: 3.51 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2013:08:29 11:06:48
Pixelstørrelse: 4608 x 3072
Oppløsning: 300.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:



152.JPG
Filstørrelse: 3.54 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2013:08:29 11:06:05
Pixelstørrelse: 4608 x 3072
Oppløsning: 300.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori: **Tilleggskategorier:**
Nøkkelord:

Forord

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. Kulturminneloven § 3, 4 og 6. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. Kulturminneloven §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. Plan og bygningsloven § 11-8.

HOVEDPERIODE	UNDERPERIODAR	14C-ÅR (før notid)	KALENDERÅR
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10000 – 8500 b.p.	9200 – 7500 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8500 – 7500 b.p.	7500 – 6400 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7500 – 5200 b.p.	6400 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5200 – 4600 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4600 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p	2300 – 1700 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1700 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jarnalder	Førromersk jarnalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	2010 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jarnalder	Merovingertid	1500 – 1210 b.p.	570 – 800 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	800 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1: Kronologiske perioder

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesakar, jf. Kulturminneloven §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søkar anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

1.0 Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke langs strekninga Moltu skule til grensa mot reguleringsplan «FV10 Tarberg – Moltumyr» og på området til Myrabakken bustadfelt, gnr 60, på Gurskøy i Herøy kommune, i samband med oppretting av ny gang- og sykkelveg og utviding av Myrabakken bustadfelt.

Feltarbeidet blei utført av Kristoffer Rantala i perioden 25. august – 5. september 2014, og rapporten blei ferdigstilt 17. oktober 2014. Totalt blei det nytta 112,5 timar på saken.

Av metodar blei det nytta visuell overflateregistrering, prøvestikking og maskinell sjakting. Det blei påvist ein lokalitet, bestående av eitt kulturminne:

- Dyrkningslag, ID 178218



Figur 2: Planområde og gjennomført undersøking.

P8260022.JPG
Filstørrelse: 2.89 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 11:04:49
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260021.JPG
Filstørrelse: 2.48 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 11:00:06
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260020.JPG
Filstørrelse: 2.44 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:58:12
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260019.JPG
Filstørrelse: 2.73 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:54:31
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot Ø
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260018.JPG
Filstørrelse: 2.41 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:38:48
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot N
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260016.JPG
Filstørrelse: 2.53 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:36:50
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260015.JPG
Filstørrelse: 2.89 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:36:41
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot V
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260014.JPG
Filstørrelse: 2.87 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:36:29
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot N
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260013.JPG
Filstørrelse: 2.65 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:36:21
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot N
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260012.JPG
Filstørrelse: 2.84 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:32:45
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot N
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

P8260011.JPG
Filstørrelse: 2.64 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 10:32:35
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot N
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280039.JPG
Filstørrelse: 2.52 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 13:04:44
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS14
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280037.JPG
Filstørrelse: 2.13 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 12:24:53
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS16
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280036.JPG
Filstørrelse: 2.68 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 12:24:35
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS18
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280035.JPG
Filstørrelse: 1.86 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 10:59:20
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS13
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280033.JPG
Filstørrelse: 1.91 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 09:22:09
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS12
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8280030.JPG
Filstørrelse: 2.29 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 08:52:33
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS11
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8270028.JPG
Filstørrelse: 2.26 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:27 10:26:31
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS3
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8270026.JPG
Filstørrelse: 2.73 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:27 08:58:21
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS1
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8260025.JPG
Filstørrelse: 2.63 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 11:11:34
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot SØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8260024.JPG
Filstørrelse: 2.51 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 11:11:07
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot S
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:




P8260023.JPG
Filstørrelse: 2.53 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:26 11:10:02
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Oversiktsbilde tatt mot SV
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

2.0 Bakgrunn og formål med undersøkinga

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa var i samband med oppretting av ny gang- og sykkelveg langs traséen FV10 Tarberg- Moltumyr og utvidelse av Myrabakken bustadfelt.

Før tiltaket kunne godkjennast blei det stilt krav om arkeologisk registrering, med formål å undersøke forholdet mellom planområdet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf § 9 i kulturminneloven av 9. juni 1978. Bakgrunnen for kravet var å undersøke området for funn av hittil ukjente kulturminne knytt til busetjing og gardsdrift i forhistorisk tid.



Figur 3: Begge planområda slått saman.

3.0 Området


Den aktuelle traséen strekkjer seg frå Moltu skule i øst til grense mot reguleringsplan «FV10 Tarberg – Moltumyr» i vest, og området mellom Nygjerdevegen og Myrabakken på Moltustranda, Herøy kommune. Vegtraseen måler nærmare 435 m og bustadfeltet måler om lag 58,5 daa. Frå Moltu skule går traséen mot vest-sørvest og svingar rett vest ca. midt på traséen. Vegen ligg på om lag 9 m.o.h. Planområdet for Myrabakken bustadfelt strekker seg frå FV10 og opp til 45 m.o.h. ved Nygjerdevegen.

Begge planområda ligg i eit bustadområde der det også er beitemark og brakkmark. Hovudsakleg har gang- og sykkelstien rørt områda med beitemark. Mellom husa i bustadfeltet

er det våte parti der det renn fleire bekkar. Vegetasjonen på området er delvis tett barskog og opne parti med lauvvegetasjon. Rett sør for Moltu skule er eit myrlendt terreng midt i beiteområdet. Grunnen består hovudsakeleg av morenemassar, men også enkelte parti med myr og elve- og strandavsetningar.

Som følgje av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom heile forhistoria. Då isen byrja å smelte etter sist istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet blei ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinjene difor høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida et program som gjer det mulig å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvene er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om ein føresett at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinjekurver både nyttast til å vurdere funnpotensial og til å datere eventuelle funn.



Figur 4: Strandlinjekurva til isobase 7 (Simpson 2001).


P9010059.JPG
Filstørrelse: 2.18 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 16:14:35
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 1 dyrkningslag. Tatt mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: JORDBRUK FØRROMERSK JERNALDER


P9010058.JPG
Filstørrelse: 1.95 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 16:14:24
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 1 dyrkningslag. Tatt mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: JORDBRUK FØRROMERSK JERNALDER


P9010057.JPG
Filstørrelse: 2.36 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 15:48:43
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 2 tatt mot V
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P9010056.JPG
Filstørrelse: 2.14 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 15:48:20
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 1 tatt mot V
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: FØRROMERSK JERNALDER JORDBRUK


P9010055.JPG
Filstørrelse: 2.32 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 15:47:47
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 1 tatt mot Ø
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: FØRROMERSK JERNALDER JORDBRUK


P8290054.JPG
Filstørrelse: 2.00 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 14:17:17
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS23
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P8290053.JPG
Filstørrelse: 2.22 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 13:00:51
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS22
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P8290052.JPG
Filstørrelse: 2.30 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 12:25:17
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS21
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P8290050.JPG
Filstørrelse: 1.97 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 11:05:19
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS20
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P8290049.JPG
Filstørrelse: 2.07 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 10:31:29
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS19
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:


P8280040.JPG
Filstørrelse: 2.53 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:28 13:05:03
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS15
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050070.JPG
Filstørrelse: 1.93 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:09:18
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 7 sett mot ØNØ
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050069.JPG
Filstørrelse: 1.92 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 09:29:48
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 3 sett mot Ø
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050068.JPG
Filstørrelse: 1.91 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 09:29:05
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 3, kloakkrør. Sett mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050067.JPG
Filstørrelse: 1.98 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 09:28:52
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 3, grøft. Sett mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050066.JPG
Filstørrelse: 1.91 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 09:28:24
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 3 sett mot Ø
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050065.JPG
Filstørrelse: 1.98 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 09:27:26
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 3 sett mot V
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050064.JPG
Filstørrelse: 2.36 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 07:47:43
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 9 sett mot VNV
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9050063.JPG
Filstørrelse: 468.4 KByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 07:46:15
Pixelstørrelse: 1920 x 1080
Oppløsning: 160.00
Bildetekst: Sjakt 9 sett mot ØSØ
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord:



P9010062.JPG
Filstørrelse: 468.6 KByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 16:36:44
Pixelstørrelse: 1920 x 1080
Oppløsning: 160.00
Bildetekst: Sjakt 1 dyrkningslag. Tatt mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: JORDBRUK FØRROMERSK JERNALDER



P9010061.JPG
Filstørrelse: 433.5 KByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 16:36:25
Pixelstørrelse: 1920 x 1080
Oppløsning: 160.00
Bildetekst: Sjakt 1 dyrkningslag. Tatt mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: JORDBRUK FØRROMERSK JERNALDER



P9010060.JPG
Filstørrelse: 1.81 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:01 16:14:51
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 1 dyrkningslag. Tatt mot S
Kategori:
Tilleggskategorier:
Nøkkelord: JORDBRUK FØRROMERSK JERNALDER

4.0 Kulturhistorisk riss

Moltu er ein gard (gnr. 60) som stammar frå førreformatorisk tid. I 1520 vart den skriven både som *Molthe* og *Mwlte*. Seinare som *Moltunn, Moldtuen* og *Moldthuun.* Gardsnavnet er bygd av to delar: *moldi* og *tun*. Fyrstnemnte er eit gamalt ord for fjell og pekar sannsynligvis på fjellkollen *Moltusteinen* (Rabben 1963, s.222). Bruksnummera 5, 35 og 54 har vore i drift henholdsvis sida 1633, 1919 og1935 (Rabben 1963, s. 246, 292, 299). Dei andre involverte bruksnummera har komme til i nyare tid.

Det har vore ein kyrkjegard innafor Moltugarden si tomt. Denne skal ha stått på «flata ovafor Moltusanden», og skal ha vore i drift før 1760-åra (Rabben 1963, s. 229). Det er antatt at kyrkja har stått innafor planområdet for denne undersøkinga.

4.1 Automatisk freda kulturminne

Ein oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som wms-teneste i ein andre nettportalar (t.d. www.gislink.no).

Det er inga tidlegare påviste automatisk freda kulturminne innanfor undersøkelsesområdet. Rett i overkant av 400 m vest for undersøkelsesområdet er det registrert ein gravhaug (ID 16213) med datering frå jernalder. Vidare tre km mot vest på nordsida av vegen er det fleire gravminner. Derav eit større gravfelt (ID 55147) på Løsethammaren bestående av 19 objekt, flesteparten gravrøysar.

4.2 Nyare tids kulturminne

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som wms-teneste, mellom anna på www.gislink.no.

Det er ikkje registrert SEFRAK-registrerte bygg i konflikt med undersøkelsesområdet.

4.3 Lausfunn

Ein oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på www.unimus.no/arkeologi. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert.

Det er gjort eit lausfunn på Moltustranda. Dette er ein tverrøks av bergart (B6426) som blei funne på garden Moldtu. Kartfestinga på denne er noko usikker.

Ei lokal person medela underteikna under feltarbeidet at det vart funne ei øks i forbindelse med graving til eitt nytt hus på 70-tallet. Dette huset ligg om lag 20 m rett aust for dyrkingslaget som vart funne i forbindelse med denne undersøkinga. Informasjon om kva slag øks eller eksakt plassering vart ikkje gjeven.

5.0 Strategi og metode

Ut frå ei vurdering av potensialet i området, blei det føreteke ei visuell overflateregistrering av heile traseen, og deretter satt prøvestikk på aktuelle område og til slutt sjakta i område med beitemark og brakkmark.

5.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminner, dyrkingsspor osb. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor (jordbor), ei omlag 1 meter lang metallstang der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el.l., avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

5.2 Maskinell sjakting

Metoden inneber at ein nytter gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege rett i overkant av den sterile grunnen under. Sjaktene har ei bredde på om lag 2,5 - 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10-15 meter.

5.3 Manuell prøvestikking

Metoden inneber at ein nytter spade og fjernar torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massen blir grave opp mekanisk, bøtte for bøtte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldinga fjernar jord, sand, o.l. og gjer det mogleg å påvise steinredskapar som øksar og pilespillar, eller avfall frå tilverking av slike, som t.d. flintavslag. Uttaksstaden for kvart bøttelag vert markert i profilen for kvart bøttelag, for eventuelt å kunne relatere funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk vert kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokalitetar.



P8290046.JPG
Filstørrelse: 1.66 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 09:43:28
Pixelstørrelse: 2976 x 3968
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS18
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P8290043.JPG
Filstørrelse: 1.85 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:08:29 08:38:07
Pixelstørrelse: 2976 x 3968
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: PS17
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050079.JPG
Filstørrelse: 1.91 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:15:16
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 4 sett mot ØNØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050078.JPG
Filstørrelse: 1.80 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:14:10
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 4 sett mot VSV
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050077.JPG
Filstørrelse: 1.76 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:13:42
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 5 sett mot ØNØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050076.JPG
Filstørrelse: 2.15 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:13:01
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 5 sett mot VSV
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050075.JPG
Filstørrelse: 1.90 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:11:35
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 6 sett mot ØNØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050074.JPG
Filstørrelse: 1.77 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:10:54
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 6, dreneringsgrøft. Sett mot S
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050073.JPG
Filstørrelse: 1.89 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:10:40
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 6 sett mot ØNØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050072.JPG
Filstørrelse: 1.70 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:10:02
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 7 sett mot ØNØ
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:



P9050071.JPG
Filstørrelse: 2.07 MByte
Fildato: 20141014
Kameradato: 2014:09:05 10:09:48
Pixelstørrelse: 3968 x 2976
Oppløsning: 314.00
Bildetekst: Sjakt 7, dreneringsgrøft. Sett mot VSV
Kategori:
Nøkkelord:
Tilleggskategorier:

10.0 Vedlegg

1. Fotoliste
2. Treartsbestemming
3. C14-datering

6.0 Undersøkinga

Registreringsarbeidet blei utført av Kristoffer Rantala i perioden 25. august til 5. september 2014. Totalt utgjorde feltarbeidet 75 timar. Maskinførar var Frantz Mårk frå firmaet Aurvoll & Furesund som stilte med ei 8 tonns Kobelco Grand Beetle 70SR med 130 m breitt pusseskjær.

Feltarbeidet blei gjennomført i opphaldsvær og hadde ingen innverknad på resultatet av verken undersøkinga eller dokumentasjonen.



Figur 5: Sjakt 8 med maskinførar Frantz under avslutning av sjaktinga. Foto. Kristoffer R. Rantala

Dei områda der det ikkje har vore bruka maskin eller grove prøvestikk er undersøkt visuelt og samman med jordbor. Desse områda har eit terreng og ein undergrunn som ikkje visar seg egna for å finne automatisk freda kulturminne.

6.1 Synlege strukturar

Området blei først undersøkt visuelt for å påvise hittil ukjente kulturminne som var synlege på overflata.



Figur 6: T.v: Steinruin frå nyare tid.

Eit steinfundament vart påvist ca. 30 m aust for Myrabakken. Flyfoto frå 1965 gjennom tenesta til http://kart.finn.no/ visar at det då stod eit hus der, og fundamentet er derfor rekna å være frå nyare tid

Det ble observera fleire steingardar. Desse følgde nyare eigedomsgrenser, og er rekna til å være frå nyare tid.

6.2 Sjakter

Under registreringa vart det opna i alt åtte sjakter, fire sjakter i forbindelse med FV10 Moltustranda gang- og sykkelveg og fire sjakter i forbindelse med Myrabakken bustadfelt. Berre den første sjakta var positiv.



Figur 7: Sjakt 3 lang FV10. Foto: Kristoffer R. Rantala

Sjakter som er omtala *postive* inneheld funn eller strukturar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakter som er omtala *negative* har ikkje fått påvist funn eller strukturar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

9.0 Litteraturliste

Bondevik, Stein, John Inge Svendsen og Jan Mangerud 1998: Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine transgression in coastal basin deposits of western Norway. *Journal of Quaternary Science*, 13(6):529-537.

GISLink kartteneste: http://www.gislink.no/gislink/index.jsp

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden: http://askeladden.ra.no

Rabben, B. 1963: *Herøyboka. Gardar og folk III.* Herøy Sognelag. Førde.

Simpson, David 2001: Excel spreadsheet prepared March 2001.

Svendsen, John Inge og Jan Mangerud 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross section of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113-132.

Universitetsmuseenes arkeologiske gjenstandssamlinger: http://www.unimus.no/arkeologi

.

8.0 Konklusjon

Heile området med traseén langs FV10 og Myrabakken bustadfelt er registrert jf. Kulturminneloven § 9 Av metodar blei det både nytta visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting, og det blei påvist eitt automatisk freda kulturminne:

- Dyrkingslag, ID 178218

Kulturminnet er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden med id 179218 og er tilgjengeleg for publikum som wms-teneste og via nettstaden www.kulturminnesøk.no. Jamfør kulturminneloven § 6 har kulturminnet fått ei sikringssone på fem meter utanfor kjent ytterkant.


Det er ennå ikkje kjente bosetningsspor i nærområdet, men dette dyrkingslaget, saman med gravminna og lausfunna rundt, forteljar at det har vore menneskelig aktivitet i området over ei lengre periode i vår forhistorie.

Sjakt 1: positiv


Lengde:	21 m	Breidde:	3 m	Djubde:	50-85 cm	Retning:	V-Ø
Lag nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	30 cm	Matjord: Mørkare brun					
2	8 cm	Dyrkningslag. Svart, sandholdig og kullspetta. Nokre stader er ei tynn myrdanning synleg over laget.				KP1	ID 178218-1
3	22 cm	Raudbrun myrjord					
4	13 cm	Mørk grå sand					



Figur 8: Heile dyrkningslaget som er synleg i sjakta, opptrer som eitt sort lag. Foto: Kristoffer R. Rantala



Figur 9: Profilteikning av dyrkingslaget i sjakt 1



Figur 10: Planteikning og antatt utbredelse av dyrkingslaget.

Sjakt 2: negativ

Lengde :	18 m	**Breidde:**	2,5 m	**Djubde :**	100-120 cm	**Retning:**	V-Ø
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	20 cm	Matjord					
2		Torv og grus					Gjenfyllt masse



Figur 11: Sjakt 2, synleg i fig. 10, med fylt masse og forstyrra undergrunn. Foto: Kristoffer R. Rantala

Sjakt 3: negativ

Lengde :	99 m	**Breidde:**	2,5 m	**Djubde :**	30-75 cm	**Retning:**	V-Ø
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	10-20 cm	Matjord					
2	30-55 cm	Stor stein med laus raudbrun sand					
3		Aur og lys oransje sand med nevestor stein					To rør og ein dreneringsgrøft innafor austre halvdel.

Sjakt 4: negativ

Lengde :	29 m	**Breidde:**	3 m	**Djubde :**	25-40 cm	**Retning:**	NØ-SV
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	25-40 cm	Torv					
2		Raudbrun sand med stein i sørvest, grå sand med stein i nordaust.					Ein dreneringsgrøft

Sjakt 5: negativ

Lengde :	40 m	**Breidde:**	2,5-3 m	**Djubde :**	15-40 cm	**Retning:**	NØ-SV
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	25-40 cm	Torv					
2		Raudbrun sand med stein. Eit lite parti med grå sand med stein i heilt i nordaust.					Fire dreneringsgrøfter



Figur 14: Sjakt 1 med dyrkningslag. Dette er synleg i den søre profilveggen (t.h.). Foto: Kristoffer R. Rantala



Figur 15: Sjakt 1 med dyrkningslag synleg i den søre profilveggen. Foto. Kristoffer R. Rantala

7.0 Resultat

Undersøkinga resulterte i funn av eitt automatisk freda kulturminne:

7.1 Dyrkingsflate, ID 178218

Lokaliteten består av eitt dyrkingslag som ligg om lag 16 m inn på eit beiteområde rett nord for FV 10. Beiteområdet på gbnr 30/6 strekk seg frå fylkesvegen i sør og nordover på ei flate, før den skrånar ned til vasskanten. Det høgaste partiet er på 8 m.o.h. Heile dyrkingsflata ligg på det øvste, flate partiet.

Dyrkingslag, ID 178218-1

Eit dyrkingslag er eldre, fossil dyrka mark. Dyrkingslaget visas kun i den eine profilveggen i sjakt 1 og er om lag 7 m langt og har ei breidde på om lag 10 cm. Laget er svart, sandhaldig og kullspetta. Nokre stader er ei tynn myrdanning, i form av lilla jordmasse, synleg over laget. Det kan antyde at den tidlegare dyrka marka har vore brakk over ei lengre periode. Sidan dette sporet er tilstede er det mogleg å anta at dyrkingslaget ikkje har vore forstyrra i seinare tid.



Figur 13: Dyrkningslag, opptrer som eitt sort lag. Tatt mot S. Foto: Kristoffer R. Rantala

Det vart tatt ut ei kolprøve (KP1KRR) av dyrkingslaget som vart sendt til ein ^{14}C-analyse. Dyrkingslaget vert datert til 390-340 f. Kr (2210 +/- 30 BP, Beta 391746) (førromersk jarnalder). Ein treartsanalyse visa at det har vore bruka furu, bjørk og rogn som brensel.

Laget har si nordre avgrensing i sjakt 1 da det kun er synleg i den søre profilkanten. I sør er dyrkingslaget avgrensa av sjakt 2, som var negativ. Altså ikkje funnførande.

Sjakt 6: negativ

Lengde :	46 m	**Breidde:**	3 m	**Djubde :**	25-50 cm	**Retning:**	NØ-SV
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	25-40 cm	Torv					
2		Raudbrun sand med stein. Ein flekk med grå sand og stein i midten. Dei siste 16 m i sørvest er særs omrota masser i forbindelse med drenering					Tre dreneringsgrøfter

Sjakt 7: negativ

Lengde :	40 m	**Breidde:**	2,5 m	**Djubde :**	15-50 cm	**Retning:**	NØ-SV
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	15-50 cm	Torv					
2		Blanding mellom raudbrun sand med stein og grå sand med stein. Flekkvis aur					To dreneringsgrøfter. Den sørvestre er 4 m brei.

Sjakt 8: negativ

Lengde :	38 m	**Breidde:**	2,5 m	**Djubde :**	70-85 cm	**Retning:**	
Lag nr.	**Tjuknad**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	70-85 cm	Torv med stor stein					
2		Fin blå sand, kompakt					Tre dreneringsgrøfter
Kommentar:	Området er tidlegare planert og gjenfyllt.						

6.3 Prøvestikk



Figur 12: Eitt av dei mange negative prøvestikka. Foto: Kristoffer R. Rantala

Det blei totalt grove 26 prøvestikk innafor planområdet. Fleire av desse prøvestikka vart grove der det seinare var sjakta. Ved prøvestikk har man moglegheit for å finne spor etter steinalderen. Desse spora er fort å oversjå ved maskinell sjakting. Difor er det grove prøvestikk på dei områda og høgdene som visa seg potensielle for å finne spor etter steinalderen, i forkant av maskinell sjakting. Alle prøvestikka var negative.

Prøvestikk som er omtala *positive* inneheld funn av gjenstandar eller lag som vert tolka som automatisk freda kulturminne.

I prøvestikk som er omtala *negative* har det ikkje blitt påvise funn av gjenstandar eller lag som vert tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk 1: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	55 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	7 cm	Torv					
2	11 cm	Grusblanda humus					Bl. 1-2
3	23 cm	Torv					Bl. 3-4
4		Store steinar					

Prøvestikk 2: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	38 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	7 cm	Torv					
2	2 cm	Grusblanda humus					Bl. 1
3	23 cm	Torv med litt sand					Bl. 1-3
4		Store steinar					

Prøvestikk 23: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	48 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	30 cm	Torv					
2	25 cm	Svart sandgrus med stein					Bl. 1-2
3		Minerogene masser					

Prøvestikk 24: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	70 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	20 cm	Torv					
2	35 cm	Blågrå sandgrus med stein					Bl. 1-2
3	10 cm	Mørk grå sand					Bl. 3
4		Grå kompakt fin sand					

Prøvestikk 25: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	30 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	73 cm	Sjakt 1					
2	30 cm	Rødbrun jord med stein					Bl. 1-2
3		Mørk grå sand					

Prøvestikk 26: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	30 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	73 cm	Sjakt 1					
2	30 cm	Rødbrun jord med stein					Bl. 1-2
3		Mørk grå sand					

6.4 Dokumentasjon

Sjakter og strukturar blei fotografert og kartfesta. Det blei nytta eit Olympus μ Tough-6010 digitalt kompaktkamera, og teke 80 bilete. Bileta er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation (sjå vedlegg 1). Kartfestinga blei gjort av Kristoffer R. Rantala, ved bruk av Altus CPOS og bearbeida ved hjelp av ArcMap 10.2. Reinteikningar vart også utførd i ArcMap 10.2.

Prøvestikk 18: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde:**	40 cm	**Djubde :**	63 cm	**Bøttelag**	2
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	40 cm	Torv					
2	13 cm	Grå sand med stein					Bl. 1
3	10 cm	Grå grus med stein					Bl. 2
4		Stor stein					

Prøvestikk 19: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	60 cm	**Bøttelag**	2
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	20 cm	Torv, sandblanda nederst i laget					
2	35 cm	Grå sand med stein					Bl. 1-3
3	5 cm	Leire					Bl. 3
4		Stor stein					

Prøvestikk 20: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	55 cm	**Bøttelag**	1
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	30 cm	Torv, sandblanda nederst i laget					
2	25 cm	Mørk grå sand med stein					Bl. 1
3		Stor stein					

Prøvestikk 21: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	40 cm	**Bøttelag**	1
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	25 cm	Svart matjord					
2	15 cm	Mørk grå sandgrus					Bl. 1
3		Kompakt sand og stein					

Prøvestikk 22: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	50 cm	**Bøttelag**	2
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	29 cm	Torv					
2	21 cm	Blågrå sand med stein					Bl. 1-2
3		Minerogene masser					

Prøvestikk 3: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	36 cm	**Bøttelag**	2
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	19 cm	Torv					
2	14 cm	Grå sand					Bl. 1-2
3	3 cm	Torv					Bl. 2
4		Store steinar					

Prøvestikk 4: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	45 cm	**Bøttelag**	2
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	20 cm	Torv					
2	20 cm	Blanda masser, torv og brun sand					Bl. 1-2
3	5 cm	Mørk brun sandgrus					Bl. 2
4		Store steinar og kompakt leire					

Prøvestikk 5: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	58 cm	**Bøttelag**	3
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	17 cm	Torv					
2	32 cm	Grå sandgrus, mye stein. Linse med torv ca. midt i laget					Bl. 1-2
3	9 cm	Grå fin sand, steril					Bl. 3

Prøvestikk 6: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	55 cm	**Bøttelag**	4
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	55 cm	Torv					Undersøkte med jordbor, fortsetter nedover

Prøvestikk 7: negativ

Lengde:	40 cm	**Breidde :**	40 cm	**Djubde :**	50 cm	**Bøttelag**	
Lag Nr.	**Tjuknad:**	**Skildring**				**Prøve**	**Kommentar**
1	50 cm	Torv og større stein					
2		Stor stein					

Prøvestikk 8: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	55 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	20 cm	Matjord					
2	35 cm	Mørk raudbrun sand, kompakt nevestor stein. Gradvis mørkare lenger ned.					Bl. 1-2
3		Tettpakka stein					

Prøvestikk 9: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	45 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	25 cm	Matjord					
2	20 cm	Mørk raudbrun sand, kompakt nevestor stein					Bl. 1-2
3		Tettpakka stein					

Prøvestikk 10: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	50 cm	Bøttelag	
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	50 cm	Matjord					
2		Tettpakka stein					

Prøvestikk 11: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	55 cm	Bøttelag	1
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	33 cm	Torv med stein					
2	22 cm	Mørk brun jord med mykje stor stein					Bl. 1
3		Aur					

Prøvestikk 12: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	42 cm	Bøttelag	1
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	24 cm	Torv med stein					
2	18 cm	Mørk brun jord med mykje stor stein					Bl. 1
3		Tettpakka stein					

Prøvestikk 13: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	56 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	34 cm	Grå grus med steiner					Bl. 1-2
2	22 cm	Torv med sand					Bl. 3-4
3		Stor stein					

Prøvestikk 14: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	55 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	15 cm	Sandblandet torv					
2	30 cm	Svart grus med stein					Bl. 1-2
3	10 cm	Torv					Bl. 3
3		Stor stein					

Prøvestikk 15: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	80 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	20 cm	Torv					
2	15 cm	Grå sandgrus					Bl. 1-2
3	45 cm	Torv med stor stein					
4		Store steinar					

Prøvestikk 16: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	40 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	25 cm	Torv					
2	15 cm	Mørk grå grus med stein					Bl. 1-2
3		Stor stein					

Prøvestikk 17: negativ

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djubde :	67 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad:	Skildring				Prøve	Kommentar
1	37 cm	Torv med stein					
2	30 cm	Grå sandgrus					Bl. 1-3
3		Stor stein					

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Gradering	Dato
2010/950	L12		02.03.2011

REFERAT FRÅ MØTE OM BUSTADFELT PÅ MOLTUSTRANDA.

Referat frå møte om bustadfelt på Moltustranda 22.02.2011.

Tilstades frå administrasjonen:
Ole Magne Rotevatn, Jarl Martin Møller, Aleksander Tarberg, Jon Rune Våge, Robert Myklebust.

Dato: 22.02.2011 - Kl. 18.00 – 20.00
Stad: Gymsalen på Moltu skule.
Frammøtte: omlag 26 personar i salen.

Møte kan delast inn i to delar. Første del inneheldt ein kort presentasjon frå administrasjonen i Herøy kommune. I andre del vart det lagt opp til at dei frammøtte skulle få høve til å seie si meining om framtidig utvikling av Moltustranda.

Del 1 – Presentasjon

Møte vart opna med at representantar frå utviklingsavdelinga heldt ein kort presentasjon på ca. 20-30 min. Presentasjonen inneheldt informasjon om bakgrunnen for møte, dagens plansituasjon, plansystemet og medverknad i planprosessen.

Jarl Martin (utviklingsleiar) opna møte med å presentere kven som var tilstades frå Herøy kommune. Utviklingsleiaren presenterte dagens arealstatus og føremålet med den vidare planlegginga. Aleksander (planleggjar) snakka litt om det kommunale plansystemet, og skilnaden mellom områderegulering og detaljregulering. Ole Magne Rotevatn (planleggjar) fortalde om planprosessen og når innbyggjarane hadde høve til å kome med innspel i ein slik prosess.

Del 2 – Diskusjon

Etter ein kort presentasjon frå administrasjonen gjekk møte over i ein annan fase. Utviklingsleiar (Jarl Martin Møller) la opp til at dei frammøtte fekk legge fram sine synspunkt og innspel. Utviklingsleiaren fungerte som ordstyrar for resten av møtet.

Dei forhold som vart opptekne under møtet kan ein stikkordsmessig oppsummere som følgjer:

- Første innspel for kvelden kom frå Idar Tarberg. Han påpeika at administrasjonen burde ha nemnt meir om det vedtaket som vart fatta i Formannskapet, og at administrasjonen burde ha starta med å presentere alternativa som blei lagt fram for formannskapet. Det vart også påpeika at det hastar med å få ferdig byggjeklare tomter i bygda, og at administrasjonen burde starte regulering for å få ferdig 15 – 20 byggjeklaretomter, dvs ein mindre detaljplan. Det blei samtidig framheva behovet for ein større områdeplan for Moltustranda.

- Fleire av dei frammøtte stilte spørsmål ved tidsperspektivet i ein planprosess. Utviklingsleiaren svarte at ein reguleringsplanprosess kan vare i opp til 1 år avhengig av problemstillingar i planarbeidet. Det blei poengtert at ei områderegulering vil ta lenger tid enn detaljplanlegging pga større omfang og arbeidsmengd.

- Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte om infrastruktur med fokus på eksisterande veg- og avløpsnett, og poengtert at det er svært viktig at ein ikkje øydelegg for framtidig utvikling av infrastrukturen på Moltustranda. Anleggs- og driftsleiaren viste vidare til at terrenget er bratt fleire stader på Moltustranda, og at ein til tider har hatt problem med overflatevatn på markane som følgje av terrenghelling og jordsmonn. Det blei framheva behovet for ein større plan som kan løyse dei tekniske problemstillingane i høve eksisterande og framtidig infrastruktur. Anleggs- og driftsleiaren orienterte litt om dagens og framtidige planar for infrastruktur på Moltu. Det blei nemnt litt om samling av avløp i felles slamavskiljar og ønske om å byggje ut kloakkplanane som ligg ferdig prosjektert. Det vart stilt fleire spørsmål angåande kloakkanlegg og tilkopling. Anleggs- og driftsleiaren poengterte av kommunen har oversikt over kven som ikkje er tilkopla offentleg leidningsnett og at desse vil få eit pålegg om å knyte seg på det nye avløpssystemet. Det kom også fleire spørsmål om konkrete enkeltsaker. Anleggs- og driftsleiaren poengterte vidare at det er viktig med ei større områderegulering for å få på plass dei overordna rammene, dette med tanke på seinare detaljregulering og utbygging på Moltustranda.

- Utviklingsleiaren stilte spørsmål til dei frammøtte i salen. Kva områder på Moltu bør kommunen regulere til nytt bustadfelt ?

- Det kom fleire innspel om at folket vil busetje seg ”opp i bygda” i området rundt og over ”Kalvegjerdet”, og at kommunen må vere med på å finansiere tomter. Fleire av dei frammøtte hadde konkrete spørsmål om utbygging.

- Utviklingsleiaren viste til at avtale om utbygging må fremjast som eiga politisk sak. Det blei nemnt at ein først og fremst må få på plass ein reguleringsplan på Moltustranda. Det kom fleire innspel om vegløysing inn mot ”Kalvegjerdet”, der ein av dei frammøtte presentert ei løysing som gjekk på skrå inn mot kalvegjerdet frå vest. Idar Tarberg poengterte at det var viktig å få på plass ein reguleringsplan, og at ein bør halde på ”Kalvegjerdet” som alternativ til nytt bustadfelt.

- Det kom eit innspel på at kommunen bør tenkje større og framtidsretta. Enkelte hevda at det skisserte planområde for det øvste feltet var for lite i omfang. Her meinte ein av dei frammøtte at planområdet burde utvidast mot aust / sør aust og at ein burde fokusere på tilkomsten til det øvste feltet (over ”Kalvegjerdet”). Det blei illustrert ei tilkomstløysing frå eksisterande vegnett lenger ned i bygda, der vedkomande meinte at tilkomsten burde strekkje seg frå nord til sørvest. Kommunen blei bedt om å lage ein overordna plan (ei områderegulering) som viser hovudlinjene til eit framtidig vegsystem. Det kom fleire innspel på at kommunen burde fokusere på det øvste feltet (lengst sør). Sterke signal frå dei frammøtte på at ”folket” ønskjer å busetje seg i området rundt ”Kalvegjerdet”.

- Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte litt om utbyggingskostnader og meinte at utbygging av det øvste feltet vil vere ei dyr løysing. Han stilt eit ope spørsmål til dei frammøtte. Det blei spurt om kva aktuelle tomtekjøparar på Moltu er villige til å betale for ei tomt i feltet. Anleggs- og driftsleiaren meinte at ein evt burde sjå føre seg ei stegvis utbygging.

- Robert Myklebust (eigedomsleiar) og Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte litt om grunnprisar i andre bygder.

- Jarl Martin Møller (utviklingsleiar) orienterte alternativ for områderegulering og detaljregulering på Moltustranda. Det blei nemnt at ønskjer å sjå på eksisterande vegløysing frå butikken og oppover mot eksisterande bustadfelt. Jarl og Jon Rune orienterte om ei tidlegare ”tenkt” endring for delar av denne vegstrekninga. Spesielt fokus på svingen over butikken. Det blei nemnt at ein alternativ veg frå Steinar Moltu (vidare bak huset til Reidulf Moltu) kunne vere ei aktuell løysing.

- Innspel om eit fjerde alternativ til bustadfelt. Spørsmål om området mellom eksisterande byggjefelt og Torgeir Hide kan vere eit alternativt bustadområde for framtida. Utviklingsleiaren poengterte at fleire mindre områder på Moltu kan takast med som ledd i ein fortettingsstrategi, og at dette bør avklarast gjennom områderegulering. Det er ikkje teke stilling til om det fjerde alternativet kan vere aktuelt å regulere.

- Utviklingsleiaren la fram prioriteringa for det vidare planarbeidet. Her blei det understreka at ein tek sikte på å utarbeide ein detaljplan for å løyse ut byggjeklare tomter, samtidig som ein vil gjennomføre ei områderegulering for å fastsette dei overordna rammene for vidare detaljplanlegging.

Kort oppsummert kan ein seie at det var bra oppslutning og engasjement rundt møte den 22.02.2011. Administrasjonen sit igjen med inntrykk av at eit slikt møte både var konstruktivt, nyttig og informativt for både Herøy kommune og dei frammøtte. Møte gav administrasjonen ei tilbakemelding på interessa og behovet for vidare planarbeid. Dei fleste innspela viser også at dei frammøtte såg behovet for både områderegulering og detaljregulering på Moltustranda.

Referat av:

Aleksander Tarberg, 02.03.2011

Postadr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Gateadr.: Rådhusgata 5 6090 Fosnaväg Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

ROS- ANALYSE FOR REGULERINGSPLAN


MYRABAKKEN BUSTADFELT (PLAN-ID: 201312)

1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av planar for utbygging stiller plan- og bygningslova krav til at det skal vere utarbeidd ROS-analyse for planområdet. (§4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse.) Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbyggingsplanane og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Målet er at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneskjer, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen.

2. Metode

Metoden i denne analysen er basert på rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen.» (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2010.) Skjematisk kan arbeidet og metoden framstillast slik:



Gjennom dette arbeidet med ROS-analysen er det nytta fleire kjelder for innhenting av faktaopplysningar. Analysen byggjer soleis på eksisterande kunnskap frå ulike databaser, synfaringar i felt og lokal kunnskap om området.

Som ein del av arbeidet med utarbeiding av ROS-analyse, er det gjennom www.skrednett.no avdekka at området ligg innanfor NVE sine aktsemdskart for potensielt utløpsområde for snøskredfare. Dette grunna området ligg i skuggen av fjelltoppen Storehanen på 471 m.o.h.

Uønska hendingar knytt til ras
I forbindelse med utvalget av uønskede hendelser som inngår i risiko og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) understrekes det at denne analysen går utelukkende mot steinsprang.

Konsekvensanalyse
Konsekvensanalysen er utført først slik at den etterfølgende sannsynlighetsvurderingen beskriver sannsynligheten for at en hendelse med en gitt konsekvens skal forekomme. Det er i analysen benyttet en inndeling av konsekvensklasser som skiller mellom skader på personell og materiell slik dette er gjengitt i tabell 1.

Tabell 1: Inndeling i konsekvensklasser

Eit snøskred frå Storehanen (471 m.o.h) vil, med omsyn til dei lokale forholda i dette området, få ubetydelig skade på personell, miljø og materiell.

Sannsynsanalyse

Sannsynsanalysen baserer seg på årsak til at hendinga inntreff og forutseier frekvens av hendingar med konsekvens gitt frå konsekvensanalysen. Dei valte frekvensane er basert på tal av hendingar sett i eittårs-, tiårs-, hundreårs- og tusenårsperspektiv.

Med ei slik inndeling kan ein samanlikne deler av ROS-analysen direkte mot dei kvantifiserte krava i Plan- og bygningslova der blant anna tusenårsskredet er dimensjonerande for bustader med tilhøyrande utomhus areal mens hundreårsskredet er dimensjonerande for garasjar og lagerskur.

Analysen nyttar sannsynsklassar slik dei er gitt i tabell 2. Desse er uavhengige av om konsekvensen gjelder skader på personell eller materiell.

Konsekvenskategori	Konsekvensklasse	Skader på personell	Skader på materiell
K1	Ubetydelig	Ubetydelige	Ubetydelige
K2	Liten	Få og små	Få og små
K3	Farlig	Alvorlige skader	Alvorlige skader
K4	Alvorlig	Alvorlige skader / noen døde	Materielle ødeleggelser
K5	Katastrofal	Store skader / mange døde	Store materielle ødeleggelser

Tabell 2: Inndeling i sannsynsklassar

Sannsynlighets-kategori	Grad av sannsynlighet	Frekvens (predikert antall hendelser pr tidsrom)
S1	Lite/minst sannsynlig	Mindre enn én hendelse på 1000 år
S2	Mindre sannsynlig	Mellom én hendelse pr 100 år og én hendelse pr 1000 år
S3	Sannsynlig	Mellom én hendelse på 10 år og én hendelse pr 100 år
S4	Meget sannsynlig	Mellom én hendelse på ett år og én hendelse pr 10 år
S5	Svært/mest sannsynlig	Mer enn én hendelse pr ett år

Ei heilskapsvurdering gir S1 for sannsynlighet:

- Ein har ikkje observert snøskred i området og ein kjenner ikkje til slike hendingar
- Vi snakkar om låge mengder snø med lite omfang
- Topografi med stein og skog gir stor friksjon mot underlaget
- Utspringshøgde gir liten bevegelsesenergi og kort utløpsdistanse
- Ikke gått snøskred som dagens bebuarar i området kjenner til
- Ikke funne dokumentert hending i Skrednett sin database
- Ingen spor i terrenget etter nyare snøskred
- Topografien flater ut gjennom planta skog, bebyggelse og vidare mot planområdet
- Vegetasjon; kystlyng, mindre krattskog og noko planta sitkagran
- Klimatiske forhold gir svært låg risiko for snøskred i dette området

Risikodiagram

Etter vurdering av konsekvens og sannsyn kan risiko definerast ut fra ei systematisering av kategoriane. Denne analysen nyttar eit risikodiagram som vist i tabell 3.

Tabell 3: Risikodiagram

RISIKODIAGRAM FOR UØNSKEDE HENDELSER, SKRED					
SANNSYNLIGHET	**KONSEKVENS**				
	K1 Ubetydelig	**K2 Liten**	**K3 Farlig**	**K4 Alvorlig**	**K5 Katastrofalt**
S5 – Svært/mest sannsynlig					
S4 – Meget sannsynlig					
S3 – Sannsynlig					
S2 – Mindre sannsynlig					
S1 – Lite sannsynlig	Myrabakken bustadfelt				

Låg risiko

Avbøtende tiltak gjennomføres bare når kost/nytte-vurderingen tilseier det.

Middels risiko

Akseptabel risiko. Avbøtende tiltak iverksettes dersom effekten er stor og ulempene/kostnadene små.

Høy riskiko

Uakseptabel risiko. Avbøtende tiltak er nødvendig.

Kombinerer vi sannsynlighet og konsekvens S1 og K1, ser vi at vi kjem på låg risiko i diagrammet. Avbøtande tiltak gjennomførast berre når kost/nytt-vurderingane tilseier det.



Avgrensing av planområde

Risikoevaluering

Sammenligning av identifisert risiko med kriterier for akseptabel risiko.

Risikoen er vurdert som låg og ein vurderer det difor ikkje som aktuelt å gjennomføre tiltak utanfor planområdet i eit kost/nytt-perspektiv.

Oppsummering

Planområdet er alt bebygd i sør og i dei områda som er omfatta av aktsemdskarta.
Det er ikkje spor etter snøskred i planområdet. Steinmateriale som er observert ligg på marine avsetningar og stammer frå lokalt fjell.

Utløpsområde har ur, steinmateriale, lyng og skog som vil ha preventiv verknad på lengde av utløpsdistanse for eit evt snøskred. I dette området er deler av utspringsområde og øvre deler av utløpsområde planta med tett sitkagran-skog som vil ha svært preventiv verknad på utløpsdistanse.

Klimatiske forhold:

Stasjonen ligger i Herøy kommune, 38 m o.h. Den er nærmeste offisielle målestasjon, 0,2 km fra punktet Svinøy. Stasjonen ble opprettet i juni 1955. Stasjonen måler temperatur og vind. Det mangler normaler for nedbør. Det kan mangle data i observasjonsperioden.

Siste 30 døgn: *Snittemperaturen var 12,0 grader, 0,9 grader over normalen. Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. juli), og laveste var 7,1 grader (21. juni). Høyeste vindhastighet var 17,8 m/s (7. juli).*

Siste 12 hele måneder: *Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. jul. 2014) og laveste -3,1 grader (13. jan. 2014).*

Utspring av snøskred frå Storehanen 471 m.o.h og til planområdet vurderer ein ikkje representerer nokon fare av omsyn til dei lokale klimatiske og topografiske forholda på staden. Låg fallhøgde, steinur og planta skog gjer at ein vurderer evt utspring ikkje representerar noko fare i planområdet.


Med bakgrunn i ovannemnde vurderer ein det nominelle sannsynet for snøskred (farenivået) mot byggverk og tilhøyrande uteareal til å vere under grenseverdien 1/1000 pr år. Etter denne vurderinga tilfredsstiller lokaliteten sikkerheitsklasse S1 i TEK 10 § 7-3.

Konklusjon

Denne vurderinga omfatter fare for snøskred ved Myrabakken bustadfelt på Moltustranda.

Konklusjonen byggjer på vurdering av aktsomhetskart snøskred, lausmassekart, topografisk kart, flybilder, synfaring i området og lokal kunnskap.

Risikovurdering viser at prosjektet ut fra ei geofagleg vurdering har ein akseptabel risiko. Nominelle sannsynet for steinsprang (farenivået) mot byggverk og tilhørende uteareal vurderes til å være under grenseverdien 1/1000 pr år, slik at sikkerhetsplanområdet tilfredsstiller klasse S1 i TEK 10 § 7-3.



Utsnitt av NVE sine aktsemdskart. Utløpsområde snøskred.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?		X
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum/flaumskred?	X	
	e	Er det registrert radon i grunnen?	X	
	f	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	g	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo?	X	
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulykkes-beredskap	a	Har området utilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	X	
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet ? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det vassforsyning/drikkevatn i området	X	
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 17-7-14 av sign: Aleksander Zahl Tarberg

(1)

Fra: postmottak
Sendt: 24. september 2014 13:34
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: FW: Reguleringsplan Myrabakken

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Norleif Nordal [mailto:Norleif.Nordal@Morenett.no]
Sendt: 24. september 2014 13:13
Til: postmottak
Emne: VS: Reguleringsplan Myrabakken

Viser til e-post under og vil legge til følgjande:

Då eksisterande nettstasjon i området truleg må flyttast/fjernast, så må det settast av plass til ny nettstasjon i området. Dette bør vere i KS2 området og ned mot fylkesvegen.
Denne nettstasjonen vil då også kunne straumforsyne det nye kloakkanlegget til kommunen.

Vennleg helsing

Bilde

Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Fra: Norleif Nordal
Sendt: 24. september 2014 12:21
Til: 'postmottak@heroy.kommune.no'
Emne: Reguleringsplan Myrabakken

I Reguleringsplan for Myrabakken står det følgjande:

9.12 - Infrastruktur (veg/vatn/avlaup, el-anlegg etc)

Det må byggjast nye løysingar for avløp, el/tele og handtering av overflatevatn i området. Dette er føreset gjennomført samstundes med bygging av vegareal som vist i plan. Eksisterande vassleidningar må mest truleg flyttast nokre stader, der desse vil kome i konflikt med planlagt byggjeareal / vegareal.
Detaljar kring dette må ein kome attende til ved endeleg detaljprosjektering av infrastrukturen i Myrabakken.

Dette er vi samde i, men vil likevel presisere at det i utgangspunktet er det utbyggjar som må koste omlegging av fordelingsnettet, der dette er til hinder for utbygginga. I dette tilfellet er noko av eksisterande nett relativt gamalt og treng fornying og Mørenett vil derfor ta delar av kostnadane ved omlegging av nettet. Fordeling av kostnadar får vi kome tilbake til i samband med detaljporsjektering av bustadfeltet.

Vennleg helsing

Bilde

Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 20.10.2014
Vår ref.: 201400057-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.09.2014
Dykkar ref.: 2013/1418

Sakshandsamar:
Terje Systad

Motsegn til reguleringsplan for Myrabakken - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 17.9.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Myrabakken. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader.

I Skrednett (www.skrednett.no) ligg store deler av planområdet innanfor aktsemdskart snøskred. I ROS sjekklista er det kryssa av for at planen ligg innanfor skredfare. Det er i planen vist til at ein har gjort ei lokal vurdering av skredfaren, og med bakgrunn i klima, nedbør og topografi har ein konkludere med at området ikkje er utsett for skredfare. Ei nærare utgreiing av denne vurderinga er ikkje lagt ved plandokumenta. Skal ein kunne seie at områder som ligg innanfor aktsemdsområde for skred ikkje er skredutsette, må grunngjevinga vere konkret og kunne etterprøvast. Det må difor kunne grunngjevast betre kva som meinast med at topografien ikkje kan gje grunnlag for skred. I ei skredfarevurdering må ein kunne ta høgde for at det av og til kan komme kalde og snørike vintrar ute ved kysten også.

Planområdet ligg på marine strandavsetningar. I planen er det vist til at det er gjort arkeologiske registreringar, og ein i samband med desse ikkje har fått tilbakemelding på ustabile avsetningar. Som kommentar til den påstanden så melder ikkje arkeologar om ustabile avsetningar. Arkeologar grev heller ikkje lenger ned der ein kan finne spor av menneskeleg aktivitet. Ei arkeologisk utgraving kan difor ikkje nyttast som dokumentasjon på grunnforholda.

Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar* skal den reelle skredfaren vere avklart på reguleringsplannivå. Til dette arbeidet bør det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Skredfaren må avklarast for framtidige og eksisterande byggområde. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før planen kan godkjennast. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at ovanforliggande skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår vi til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen.

NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5 -4) til reguleringsplan Myrabakken. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er utført kartlegging av skredfaren som kan dokumentere at planområdet er tilstrekkelege trygge for skred jamfør tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK10) § 7-3.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

3

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/1418	17.09.2014	59943/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	13.11.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 60/35 m.fl. - Myrabakken bustadfelt - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne
Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet men utan funn av automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ingen merknad på dette feltet.

Planfagleg vurdering
Planomtalen burde gi signal om kor mange bustadeiningar planen opnar for og kunne såleis vere meir kvantitativ i tilnærminga til verknader. Planen er elles godt gjennomarbeidd og kan for vår del eigengodkjennast.

Konklusjon
Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, 71 25 89 03

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

4

Reguleringsplan Myrabakken!

Som aktiv gardbrukar vil eg på det sterkaste protestere på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Med ein slik trase vill det vere umogleg med vidare gardsdrift og dyre-hald. Og kommunen vill da tvinge igjennom en nedlegging av mitt gardsbruk, samt att de andre gardsbruka som eg drifter vill bli liggande brakk. Det er med stor skuffelse eg registrerer att utviklingsavdelinga i Herøy har starta dette arbeidet utan og ha hatt dialog med dei aktive næringsdrivande i dette området.

På sen vinteren og på Hausten har eg dyr på beite i fjellet, driftsbygningen mi vill da bli omringa av veger på alle kantar, utan tilgong til ute område ved driftsbygningen. Dette vill umuleggjere blant anna klipping av Sauder og har man sjuke dyr er der ikkje tilstøytande uteområde i tilknyting til driftsbygningen. Så den vanlege praksisen med og sleppe ut sjuke dyr og små lam med tilgang til og komme seg under tak blir borte. Om dette presses igjennom har Herøy Kommune aktivt tatt del i og legge ned gardsdrifta og tatt frå meg som privatperson en del av mitt inntekts grunnlag.

Eg har for framtida planer om og forlenge driftsbygningen austover, samt og bygge en traktor/reiskapshus i tilknyting til gardstunet. Den traseen som er foreslått, passerer rett over dette området.

Det att dette skal komme frå utrykkings køyretøy stiller eg meg undrandes til. Att denne veg stubben skal være Problemet på Moltu virka litt rart på meg som bor ved denne vegen. Eg opplever ikkje att biler og fotgjengarar har problem her. Om utrykkings køyretøya sliter her så sitt folk utrykt i husa rundt om i heile Herøy.

Det som er spesielt merkeleg ved den traseen er att man seier man skal sikre skolevegen på Moltustranda, men denne traseen slik den er planlagt vil forsette og sluse trafikken ned og knyte seg på hovudvegen slik att trafikken må passere skulen. Skal man gjøre skulevegen sikrare må den nye traseen knyte seg på hovudvegen lenger øst. Da slipp trafikken frå bygda som skal til og frå Fosnavåg og Ulsteinvik og passere skulen.

Forslag til Løysing!

Der vegskilet er ved den nåverande Nygjerdevegen er der en veg som fører til eigedomane 60/285 og 60/292, den vegen er eigd av meg. Skal man unngå og stykke opp området mitt med stikkvegar så vill det være naturleg og forsette innover med denne vegen, for så og knyte seg på hovudvegen austafor skulesvingen. På denne måten vill ikkje hovud trafikken frå bygda passere skolen, og skulevegen blir tryggare. Det og omskape inngangs porten til Moltu Skule til Moltustrandas knytepunkt vill ha motsatt effekt på den trygge skulevegen. Aust om skulen er alle gardsbruka nedlagde. Der blir det ingen konflikt med drift av gardsbruk. En veg slik eg beskriver det vill opne opp området innover i fjellet. Bergtor Moltu som er grunneigar lenger aust, har for framtida hatt planer om utbygging av eigedomen sin 60/1 i utmarka vidare austover. En slik veg eg beskriver vill løyse på sikt tilkome til dette området, samt gi en tryggare skoleveg.

Det att Herøy Kommune no er grunneigar på Moltu med planar om utbygging av dette området skal ikkje gå på tvers av interessene til dei andre grunneigarane. Det kan bli fort saman blanding av uheldige roller i denne samanhengen. Ei synfaring med involverte grunneigarar i området samt tilstøtande grunneigarar burde vært gjort før ein startar slike store prosessar.

MVH

Rolf Bjørnar Moltu

5

13/1418

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. Saksbeh. ACT
13 NOV. 2014
Ark.kode P
Jnr. Dok.nr.
Klassasjon

Innspill til "Reguleringsplan Myrabakken"!

Som aktiv gardbrukar vil eg på det sterkaste protestere på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Med ein slik trase vil det vere umogleg med vidare gardsdrift og dyre-hald. Og kommunen vill da tvinge igjennom en nedlegging av mitt gardsbruk, samt att de andre gardsbruka som eg drifter vill bli liggande brakk. Det er med stor skuffelse eg registrerer att utviklingsavdelinga i Herøy har starta dette arbeidet utan og ha hatt dialog med dei aktive næringsdrivande i dette området.

På sen vinteren og på Hausten har eg dyr på beite i fjellet, driftsbygningen mi vill da bli omringa av veger på alle kantar, utan tilgong til ute område ved driftsbygningen. Dette vill umuleggjere blant anna klipping av Sauder og har man sjuke dyr er der ikkje tilstøytande uteområde i tilknyting til driftsbygningen. Så den vanlege praksisen med og sleppe ut sjuke dyr og små lam med tilgang til og komme seg under tak blir borte. Om dette presses igjennom har Herøy Kommune aktivt tatt del i og legge ned gardsdrifta og tatt frå meg som privatperson en del av mitt inntekts grunnlag.

Eg har for framtida planer om og forlenge driftsbygningen austover, samt og bygge en traktor/reiskapshus i tilknyting til gardstunet. Den traseen som er foreslått, passerer rett over dette området.

Det att dette skal komme frå utrykkings køyretøy stiller eg meg undrandes til. Att denne veg stubben skal være Problemet på Moltu virka litt rart på meg som bor ved denne vegen. Eg opplever ikkje att biler og fotgjengarar har problem her. Om utrykkings køyretøya sliter her så sitt folk utrykt i husa rundt om i heile Herøy.

Det som er spesielt merkeleg ved den traseen er att man seier man skal sikre skolevegen på Moltustranda, men denne traseen slik den er planlagt vil forsette og sluse trafikken ned og knyte seg på hovudvegen slik att trafikken må passere skulen. Skal man gjøre skulevegen sikrare må den nye traseen knyte seg på hovudvegen lenger øst. Da slipp trafikken frå bygda som skal til og frå Fosnavåg og Ulsteinvik og passere skulen.

Forslag til Løysing!

Der vegskilet er ved den nåverande Nygjerdevegen er der en veg som fører til eigedomane 60/285 og 60/292, den vegen er eigd av meg. Skal man unngå og stykke opp området mitt med stikkvegar så vill det være naturleg og forsette innover med denne vegen, for så og knyte seg på hovudvegen austafor skulesvingen. På denne måten vill ikkje hovud trafikken frå bygda passere skolen, og skulevegen blir tryggare. Det og omskape inngangs porten til Moltu Skule til Moltustrandas knytepunkt vill ha motsatt effekt på den trygge skulevegen. Aust om skulen er alle gardsbruka nedlagde. Der blir det ingen konflikt med drift av gardsbruk. En veg slik eg beskriver det vill opne opp området innover i fjellet. Bergtor Moltu som er grunneigar lenger aust, har for framtida hatt planer om utbygging av eigedomen sin 60/1 i utmarka vidare austover. En slik veg eg beskriver vill løyse på sikt tilkome til dette området, samt gi en tryggare skoleveg.

Det att Herøy Kommune no er grunneigar på Moltu med planar om utbygging av dette området skal ikkje gå på tvers av interessene til dei andre grunneigarane. Det kan bli fort saman blanding av uheldige roller i denne samanhengen. Ei synfaring med involverte grunneigarar i området samt tilstøtande grunneigarar burde vært gjort før ein startar slike store prosessar.

MVH

Rolf Bjørnar Moltu

Rolf Bjørnar Moltu

F13/1418

G

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/1418 Saksbeh. A2T
14 NOV. 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud - <tomt>	2013/143927-009		11.11.2014

Herøy kommune - Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Moltustranda - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 17.9.2014 frå Herøy kommune. Jamfør elles samtale av 6. d.m. med planleggar Aleksander Zahl Tarberg.

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt på Moltustranda.

Statens vegvesen har m.a. desse merknadane/kommentarane til planforslaget:

1. I uttale til planforslag for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 på Moltustranda har vi peika på at planane for bustadfeltet Myrabakken og gang- og sykkelvegplanen med fordel burde ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan, med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering. Ein viktig del av dei to planforslaga omfattar regulering av avkøyrselsløysingar frå fylkesvegen. Vi føreset at avkøyrselsløysingane langs vegstrekninga der dei to reguleringsplanane grenser til kvarandre vert meir gjennomarbeid og avklara i det vidare panarbeidet, jamfør uttalen til gang- og sykkelvegplanen i brev herifrå av 11.11.2014.

2. Byggegrensa langs fylkesvegen er i planforslaget tilpassa og opprettheld plasseringa på eksisterande bygningar. Vi har i og for seg forståing for reguleringa av byggegrensa, men det vil kanskje vere meir framtidsretta - sett i høve til føremålet med byggegrense langs ein offentleg veg - at grensa vert lagt i ein større avstand frå vegen også der det i dag står bygg, og då slik at tiltak på eksisterande bygg må i kvar einskild sak vurderast og avklarast gjennom dispensasjonshandsaming.

3. I § 9 g i føresegnene vert det vist til *føresegnene vedkomande frisiktlinjer*. Er det vegnormalen – handbok N 100 – det vert vist til her?

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

4. I § 10 i føresegnene står det m.a. at *«Avkøyrsler skal som hovudregel ikkje leggast ...»* Orda *som hovudregel* bør strykast, slik at reguleringa vert presis og eintyding, og på det vis må eventuell endring/avvik i høve regulert avkøyrselsløysing handterast som dispensasjonssak.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

(6) 13/14 FB

(7)

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/1418 Saksbeh. AKT
14 NOV. 2014
Ark.kode T: 10.11.2014
Ark.kode S:
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

Svein Artur Røren

Nygjerdevegen 8

6076 MOLTUSTRANDA

Herøy Kommune v/Utviklingsavdelinga

Postboks 284

6099 FOSNAVÅG

Reguleringsplan Myrabakken

Vi har tomt nr. 60/380 på Moltustranda. Ut ifrå foreløpig utkast ser vi at det er tiltenkt leikeplass i front nedafor huset og med tilhøyrande gangveg mellom 60/380 og 60/131

Vi er i utgangspunktet positive til at der blir ein leikeplass. Dersom planane blir forandra i forhold til det utkastet som foreligg pr i dag frå kommuna vil vi forbeholde oss retten til innspell som naboar.

Firmaet Sveisereparatøren AS har hatt forretningsadresse og tilholds plass på 60/380 sidan 2002.

Då firmaet har ein bilpark å ta hensyn til parkeringsmessig, har dette alltid våre eit problem grunna store lange arbeidsbilar. Vi har derfor behov for meir areal utover og nedover. Vi har enkelte vintera store problem med å få snu arbeidsbilane nedanfor huset grunna plass mangel og då med bakke mot hovedveg.

Då Endre Moltu Grønnhaug var på Moltustranda i forbindelse med utsendt brev (Oslo 1 juli 2009) tok vi kontakt med han og han var her og såg på tomtearealet. Han gav uttrykk for at han såg problemstillinga og var positiv til at vi kunne få kjøpe areal utover og nedover slik vi yngste. Pris var då estimert til kr 35,- pr kvadratmeter. Han skulle kome tilbake med ein reguleringsplan for alle sine areal på Moltu og ville ta kontakt når det var klart. Han sa til oss at det kunne ta noko tid og meir kunne han ikkje seie då. Vi sa då uttrykkelig i frå at vi ville ha tilbakemelding på dette då det var viktig for oss. Meir veit vi ikkje før Herøy Kommune var eigar av tilstøytande område.

VI har då ønske om å få kjøpe nedover 2-3 meter for å få en rett naturlig kant. Vi ser for oss seinare å sette opp en steinkant i ein eller anna form som naturlig. Vi har også eit ønske om å få kjøpe frå ytre hjørnet av platået i tre og nedover, dette for eventuelt bygging av garasje til arbeidsbilar. (Sjå bilde)

Håper på eit raskt og positivt tilbakemelding.

Moltustranda 10.11.2014

Svein Artur Røren

Svein A Røren

2 vedlegg

Svein Røren

6076 Moltustranda

Oslo 1. juli 2009

Jeg gjør denne henvendelsen i egenskap av å være eier av tilstøtende jord (gnr. 60, bnr. 35) mot deres eiendom på Moltustranda.

Etter en sjekk av flyfoto mot tomtegrenser og befaring, ser jeg at enkelte nabotomter med årene har strukket seg inn på min eiendom. Mellom flere nabotomter har jeg også arealer som ikke er egnet for utskillelse til selvstendige boligtomter.

Med dette som bakgrunn vil jeg tilby dere å kjøpe tilstøtende arealer, for å skape mer naturlige tomtegrenser - samt å tilby dere større hageareal.

Til uken er jeg på ferie i Herøy, og kan da treffes på Moltustranda for å diskutere tilbudet.

Vennlig hilsen

Endre Moltu Grønnhaug

Olav Nygards veg 172
0688 Oslo

Mobil 93 48 02 57
Epost groennh@online.no

Vedlegger flyfoto


60/236
60/293
60/233
HERØY KOMMUNE
19.05.2011 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
0
5
20 m

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
25.11.2014
Dykkar dato
17.09.2014

Vår ref.
2013/8142/JOEI/421.4
Dykkar ref.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2013/1418 Saksbeh ART
28 NOV. 2014
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr 31
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Myrabakken bustadfelt
Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Denne planen har ein god planomtale som endar ut i ein balansert reguleringsplan. Vi har difor ingen merknader til at planen kan eigengodkjennast.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 43
Telefax: 71 25 85 10
E-post: postmottak@fmmr.no
Web: www.fylkesmannen.no

10

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 17. november 2014 08:41
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: VS: Reguleringsplan Myrabakken

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: postmottak
Sendt: 17. november 2014 08:07
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: FW: Reguleringsplan Myrabakken

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]
Sendt: 15. november 2014 17:23
Til: postmottak
Emne: Reguleringsplan Myrabakken

Jeg har privat brønn (sammen med Thomas Gjerde) på sørsiden av Nygjerdevegen. Vannledning går fra brønnen og til mitt hus mellom Nygjerdevegen 10 og 12. Jeg forventer at det blir tatt hensyn til dette under graving, eventuelt at det blir sørget for annet og kostnadsfritt vann.

Mvh
Geir Moltubakk
Moltuvegen 357
Gards- og bnr. 60/114

(11)

(T) 18/1418

Noregs vassdrags- og energidirektorat
NVE

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Løpenr. 2013/1418 Saksbeh. AZT
23 JAN. 2015
Ark.kode P LT2
Ark.kode S
J.nr Dok.nr 34
Kassasjon

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 23.01.2015
Vår ref.: 201400057-6
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.01.2015
Dykkar ref.: 2013/1418

Sakshandsamar:
Terje Systad

Trekking av motsegn til detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Moltustranda - Herøy kommune (MR)

Vi syner til Dykkar brev dagsett 06.1.2015. Herøy kommunen ber NVE om å trekke motsegna som gjeld Myrabakken bustadfelt. Bakgrunnen for motsegna var at planområdet låg innanfor utløpsområdet til dei landsdekkande aktsemdskarta for snøskred i Skrednett (www.skrednett.no). Ved offentleg ettersyn av planen låg det ikkje ved tilstrekkeleg dokumentasjon på skredfaren.

Generelt rår NVE til at ein nyttar skredkyndige personar til å vurdere skredfaren. Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 "*Flaum- og skredfare i arealplanar*" kan ein i nokre tilfelle på reguleringsplannivå kunne avkrefte potensielle fareområde. Dette kan skje når ein har opplysningar som tilseier at det aktuelle området ikkje er fareutsett. Det må i tilfelle givast ei konkret grunngjeving for dette som kan etterprøvast.

Herøy kommune har no sendt inn meir detaljert opplysingar på kvifor dei ikkje reknar planområdet som utsett for snøskred. I grunngjevinga legg dei vekt på forhold som klima, topografi og vegetasjon. Slik NVE vurderer saka er grunngjevinga til Herøy kommunen innanfor det handlingsrommet kommunen har til å kunne avkrefte potensiell skredfare, jamfør NVE sine retningslinjer. Vi vil likevel understreke at NVE ikkje kvalitetssikrar konklusjonane i ei skredvurdering.

Med bakgrunn i Herøy kommune si vurdering av skredfaren vel NVE å trekkje motsegna til Myrabakken bustadfelt.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

(12)

LTV

(6) 13/1418

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2013/1418 Saksbeh KT
28 JAN. 2015
Ark.kode P L12
Ark.kode S
Dok.nr 35


Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud - <tomt>	2013/143927-013		23.01.2015

Fv 10 - Herøy kommune - Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Plassering av ny nettstasjon - Uttale

Viser til e-post av 19.1.2015 frå Herøy kommune ved planleggar Aleksander Zahl Tarberg.


Saka gjeld plassering av nettstasjon innanfor området til reguleringsplanen som er under utarbeiding for Myrabakken bustadfelt på Moltustranda.



Utsnitt reg.framlegg

Slik plasseringa av nettstasjonen er skissert frå Mørenett AS si side vert den liggjande utanfor frisiktsona i framlegget til reguleringsplanar vegkrysset er omfatta av.

Når det gjeld siktkrav i forkøyrsregulerte kryss er det i fig. E.8 i vegnormalen – handbok N100 – vist slik:



./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Etter tabell E.3 i vegnormalen er L2 6 m ved fartsgrense på primærvegen 50 og 60 km/t og ÅDT i primærvegen mellom 100 og 500.

I reguleringsframlegget Herøy kommune har utarbeidt for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 på Moltustranda er det, etter det vi kan sjå, lagt opp til ei køyrebanebreidde på 2 x 3 m på fylkesvegen.

Ser vi på fylkesvegen som ein tilnærma lik ein Sa2 veg etter vegnormalen – samleveg mellom bygder med fartsgrense 50 km/t og ÅDT < 1500 – er stoppsikta 45 m, jamfør tab. C2 i vegnormalen. Basert på nemnde føresetnad vil dermed L1 verte 54 m i eit forkøyrsregulert kryss.

Under føresetnad av frisiktsona i krysset mellom fylkesvegen og kommunevegen vert dimensjoner og utforma i samsvar med siktkrav nedfelt i gjeldande vegnormal - handbok N100 – kan vi frå Statens vegvesen si side akseptere plasseringa av nettstasjonen i tråd med skisserte løysing frå Mørenett AS, dvs. ei plassering i god avstand frå siktsona. Og i tillegg føreset vi at plasseringa av nettstasjonen ikkje vil vere til hinder og ulempe for drifta og vedlikehaldet av dei offentlege vegane i krysset.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

for Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

(13)

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Sæverud Hallvard <hallvard.saverud@vegvesen.no>
Sendt: 3. februar 2015 11:26
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: SV: Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Herøy kommune - Presisering / justering i plandokumenta før sluttbehandling av planforslaget

Viser til e-posten frå deg.

Etter det eg kan sjå her og no er endringa og presiseringa du legg opp til i planføresegne i all hovudsak ok, men med unntak av:

- § 9 g
  Det bør presiserast at det er i frisiktsoner i kryss/avkøyrsle det skal vere frisikt over 0,5 m høgde.

- § 10
  Fylgjande setning må strykast: «Det må søkjast Statens Vegvesen om løyve til utvida bruk av avkøyrsler eller etablering av ny avkøyrsle mot fylkesvegen.»
  I og med at det er snakk om avkøyrsle innanfor ein reguleringsplan er det plan- og bygningslova sine reglar som er styrande og som må leggast til grunn for behandlinga av endra arealbruk, herunder avkøyrselssaker, og då slik at det ved eventuell dispensasjonsbehandling eller omreguleringssak vil Statens vegvesen vere part med uttalerett, jf. m.a. § 19-1 i pbl.

Som kjent uttale vi i brev herifrå av 11.11.14 m.a. dette til reg.planframlegget for gs-veg på Moltustranda:

> «Med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering i høve til avkøyrselsløysingar m.m. bør planområdet utvidast langs sørsida av gs-vegen, slik at planen omfattar meir av tilgrensande arealbruk utanfor regulert vegføremål. Det inneber at planen bør femne om areal som ligg innanfor reguleringsforslaget for Myrabakken bustadfelt (jf. brev av 17.9.14 frå kommunen). Sett frå Vegvesenet sin ståstad burde reguleringsforslaga gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfelt Myrabakken med fordel ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan.»

I høve interessene knytt til fylkesveg 10 rår vi framleis til at dei to planframlegga vert samordna og fremja gjennom ein felles plan, jf. uttalane herifrå til planframlegga.

Mvh
Svv v/ Hallvard Sæverud

Fra: Aleksander Zahl Tarberg [mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no]
Sendt: 28. januar 2015 08:58
Til: Sæverud Hallvard
Emne: Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Herøy kommune - Presisering / justering i plandokumenta før sluttbehandling av planforslaget

Hei.

Viser til tidlegare telefonsamtale vedk planforslaget, dykkar brev (vedlagt) og forholdet til avkøyrsler langs Fylkesveg 10 gjennom Moltustranda.

Med bakgrunn i dialog med dykk har ein gjort endringar i planomtalen og føresegnene for planforslaget og bearbeida dette noko i høve tema om avkøyrsler langs fylkesvegen. Eg legg ved forslag til reviderte føresegner (raud

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/1418
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
145/14	Formannskapet	16.09.2014

DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for Myrabakken bustadfelt, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.09.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for Myrabakken bustadfelt, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg:
01 – Plankart, datert 05.09.2014
02 - Reguleringsføresegner, datert 05.09.2014
03 - Planomtale med vedlegg, datert 05.09.2014

Saksopplysningar:
Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området blir kalla «Myrabakken» og er lokalisert innanfor eit felt som i kommuneplanen frå 2004 er sett av til bustader. Det er eit krav i kommuneplanen at det skal utarbeidast reguleringsplan for dette området.

Oppstart av arbeid med planlegging av nytt bustadfelt blei kunngjort 03.12.2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 9 innspel frå både offentleg og private, der 2 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune har gjennomførte 22.02.2011 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for nytt bustadfelt i bygda. Til dette møte kom det om lag 26 personar. I møtet informerte kommunen om arbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.

Som ein del av arbeidet med nytt bustadfelt på Moltustranda, har kommunen i første omgang vore nøydd til å sikre seg areal gjennom grunnerverv. Dette har vore ein omfattande prosess som har teke tid, mellom anna på grunn av grunnforhandlingar med fleire grunneigarar, eigedomsoverdraging etc.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i slutten av august, byrjinga av september 2014. Ein har ikkje motteke rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar.

Planforslaget for Myrabakken må sjåast i samanheng med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV10 på Moltustranda, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget
Bustad
Planforslaget legg til rette for 2 KS-område (konsentrert småhusbebyggelse) og 6 FS-område (frittliggjande småhusbebyggelse). 2 av FS-områda er nye byggjeområder med totalt 8 nye tomter. Innanfor KS-områda vert det tillate med bygging av inntil fire bueiningar pr bygg. I FS-området vert det tillate med bygging av inntil to bueiningar pr tomt.

Leik
Det vert i planforslaget lagt til rette for 3 nye leikeplassar, spreidd rundt i planområdet. Totalt er det avsett areal til leik på 2.0 dekar. Det er i føresegnene sagt at leikeplassane skal planerast i samband med utbygging av infrastrukturen i området, og setjast i ein slik stand at dei seinare kan møblerast. Ein har lagt tilgrunn at leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

Grønstruktur
Leikeområda er kopla saman med vegsystemet gjennom grøne korridorar. Innanfor desse korridorane legg ein til grunn at det opparbeidast grusa stiar.

Vegar
I planforslaget er regulert ny offentleg veg gjennom bustadområdet o_V2. Vegen er tenkt som offentleg tilkomst (o_V2) til regulerte bustadareal og er samankopla med Nygjerdevegen (o_V1) i aust og Myrabakken (o_V3) i vest. F_V4 er tenkt som felles privat tilkomst veg for tilgrensande bustadareal.

Fortau
Nygjerdevegen (o_V1) er regulert utvida i breidde, og planlagt med nytt fortau på sørsida av vegbana.

Bedehus
Moltu bedehus er regulert i planforslaget slik eigedomen framstår i dag. Ein legg ikkje opp til nokon endringar her.

Vurdering
Området er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Som følgje av planen sitt innhald kjem ikkje planarbeidet inn under reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere ein berekraftig og framtidsretta arealbruk for denne delen av Moltustranda.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:
Positivt.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilte.

Konsekvensar for drift:

Planforslaget legg til rette for utbygging av offentlege vegar, leikeplassar m.m. Det er på noverande tidspunkt ikkje teke stilling til driftsutgifter for ny infrastruktur, noko ein ser på som meir relevante opplysningar i sak om utbygging av området.

Konklusjon:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for Myrabakken bustadfelt, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Fosnavåg, 08.09.2014

Erlend Krumsvik	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE

Skatteavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2015/261
		Arkiv:	203

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
63/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

SKATTEREKNESKAPEN 2014

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2014 til vitande.

Særutskrift:

Skatteoppkrevjaren i Herøy
Kontrollutvalet i Herøy
Skatt Midt-Norge, Postboks 2060, 6402 Molde

Vedlegg:

1 Herøy kommune, Kontrollutvalet. Uttale i sak 09.2015
2 Skatt Midt-Norge. Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Herøy kommune
3 Skatteoppkrevjaren i Herøy. Årsmelding 2014 og årsrekneskap 2014
4 Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Årsmelding interkommunal arbeidsgjevarkontroll 2014

Saksopplysningar:

Skatterekneskapen for 2014 syner ein total skatteinngang i Herøy kr 1.241.495.863. Dette er ein reduksjon med kr 139.797.831 samanlikna med 2013.

Det vart innbetalt skatt frå personlege skattytarar kr 770.094.470. Dette er ein reduksjon med kr 17.066.208 eller 2,2 % samanlikna med 2013.
Skatt frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten) vart kr 108.389.919, ein reduksjon med kr 124.740.596 eller 53,5 % samanlikna med 2013.
Det vart innkravd arbeidsgjevaravgift kr 363.424.745, ei auke med kr 4.397.784 eller 1,2 % frå 2013.

Herøy kommune sin del av skatteinngangen i 2014 er kr 231.215.893. Dette er ein reduksjon med kr 7.451.882 eller 3,1 % frå 2013.

Skatteinngangen vart i 2014 mykje lågare enn kommunen hadde budsjettert med i sitt budsjett for 2014. Kommunen hadde budsjettert med ein skatteinngang på 253,5 mill.kr, og resultatet er 22,3 mill.kr eller 8,79 % under budsjett.

Restanseutviklinga er svært positiv pr 31.12.2014. Samla restanse er kr 13.665.996. Dette er ein reduksjon med kr 17.033.188 samanlikna med 2013. Det var spesielle årsaker til den store restansen i 2013, og dersom ei ser vekk i frå den, så er utviklinga i 2014 i samsvar med restanseutviklinga ein har hatt dei siste åra med sterkt fallande restansar.

Det er i 2014 halde arbeidsgjevarkontroll hjå 3,2 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er betre enn i 2013, då 2,0 % av arbeidsgjevarane vart kontrollert. Kravet til kontrollfrekvens er sett til 5,0 %.

Det vert synt til skatteoppkrevjar si årsmelding 2014 for meir detaljerte opplysningar.

Vurdering og konklusjon:

Skatterekneskapen er ført og framlagt etter gjeldande regelverk.

Kommunesektoren har i 2014 opplevd ein skattesvikt på om lag 2,7 mrd.kr samanlikna med forventa skatteinntekter. Dette medførte at kommunesektoren sine skatteinntekter vaks med 2,1 % samanlikna med 2013 (kommunane vaks med 1,9 % og fylkeskommunane med 2,9 %).
Skatteinngangen til Herøy kommune syner ein reduksjon med 3,1 % samanlikna med førre år. Samanliknar ein med den generelle veksten i skatteinntektene til kommunane som var 1,9 %, er den justerte nedgangen i skatteinntektene på 5,0 %.

Herøy kommune har tradisjonelt vore ei skattesterk kommune, og ein har i 2014 ein skatteinngang som er på 103,6 % av landsgjennomsnittet.

Skatteinngangen syner ein vekst i innbetalinga av arbeidsgjevaravgift, medan ein opplever ein reduksjon på dei andre store skatteartane; skatt frå personlege skattytarar, og skatt frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten). For kommunen er det utviklinga i skatteinnbetalingane frå personlege skattytarar som er viktig, då det er frå denne skattearten at kommunen får det aller meste av sine skatteinntekter. Ein reknar med at endringa i skatteprosenten på alminneleg inntekt frå 28 % til 27 % er ei årsak til den reduserte skatteinngangen.

Restanseutviklinga er svært positiv, og har hatt ei positiv utvikling over fleire år, med unntak for 2013. Skatteoppkrevjaren i Herøy hadde ved årsskiftet utestående krav kr 13.665.996. Når det gjeld effektiviteten i innkrevjinga, så er alle resultatkrava som er sett av Skatt Midt-Norge oppfylt.

Arbeidet med arbeidsgjevarkontrollen oppfyller heller ikkje i 2014 kravet til kontroll av 5,0 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Det vart i 2014 halde kontroll hjå 3,2 % av arbeidsgjevarane i kommunen, ei auke samanlikna med 2013, då resultatet vart 2,0 %. I 2012 var resultatet 3,4 %.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Herøy kommune kjøper kontroll-tenester tilsvarande 0,5 årsverk frå denne kontrollordninga. Ein har som ei målsetjing å klare kravet med dei ressursar ein er tildelt, og ein er ikkje nøgd med resultata som er levert i 2014. Det er signalisert inn til ordninga at ein ønskjer eit sterkare fokus på korleis ein skal kunne utnytte ressursane maksimalt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen.

Fosnavåg, 02.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Driveklepp
Skatteoppkrevjar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

U T S K R I F T

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	09/15	232	23.02.2015

SAK 09/15 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2014 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Vedlegg:
- Kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten, av 16.02.2015
- Årsmelding 2014 Skatteoppkrevjaren, av 28.01.2015
- Årsrekneskap 2014 for skatterekneskapen, av 28.01.2015
- Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll 2014, av 27.01.2015

Saksopplysning/saksutgreiing:
Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsrmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:
- Overordna intern kontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:
- Det er ikkje utført arbeidsgivarkontroll i tilstrekkeleg omfang. Det var utført 3,2% kontrollar mot ei krav på 5%. I 2013 var det utført 2% mot eit krav på 5%. Viser til Årsmelding 2014 Skatteoppkrevjaren, pkt 4.4.

Innkrevjinga/skatteinngangen:
- Det vert vist til Skatteetaten sin kontrollrapport, pkt. 3. og
- Årsmeldinga frå Skatteoppkrevjaren pkt. 3, samt skatterekneskapen.
- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2014 var kr 231.215.893. I 2013 var den kr 238.667.775. Dvs. ein tilbakegang på kr 7.451.882. Dvs 3,1% i tilbakegang. Viser til Årsmelding for Skatteopppkrevjaren pkt 1.3.2. Kommunen hadde

budsjettert med 253,5 mill i skatteinngang og fekk 231,2 mill. Dvs. 22,3 mill eller 8,8 % under det budsjetterte.

Samrøystes vedtak/uttale:
Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmeldinga interkommunal arbeidsgiverkontroll vedkomande Herøy kommune for 2014.

Rett utskrift
Åram, 2. mars 2015

Ida B. Marholm
Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Utskrift til: **Skatteoppkrevjar**
Rådmann

R-

Ok

Skatteetaten

Saksbehandlar	Dykkar dato	Vår dato
Ragnar Høyland		16.02.2015
Direkte tlf	Dykkar referanse	Vår referanse
73 86 57 35		2014/95080

KOMMUNESTYRET I HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2015/261 Saksbeh
17 FEB. 2015
Ark kode P
Ark kode S
J nr Dok nr
Kassasjon

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Herøy kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
1,6	1,5	1,9

Arbeidsgjevarkontrollen er utført av kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor. I 2014 er det kjøpt kontrolltenester frå ordninga tilsvarande 0,5 årsverk.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Herøy kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 241 495 860 og utestående restansar[2] på kr 13 665 996. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 28. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Herøy kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultat-krav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012:	26,0	99,6 %	97,0 %	98,3 %	94,8 %
Arbeidsgjevaravgift 2013:	356,8	100,0 %	99,9 %	99,9 %	99,8 %
Forskotskatt personlege skatteytarar 2013:	66,2	99,8 %	99,5 %	99,5 %	99,4 %
Forskotstrekk 2013:	838,0	100,0 %	100,0 %	99,9 %	99,9 %
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2013:	123,4	100,0 %	99,9 %	99,8 %	100,0 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2012:	68,4	99,9 %	99,9 %	99,9 %	99,1 %

Ein kan sjå at resultatet er svært godt samanligna med resultatkrava og resultata i regionen.

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Herøy kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund.
Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar 2014:	Utført kontroll 2014 (i %)	Utført kontroll 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
442	22	14	3,2 %	2,0 %	3,4 %	4,8 %

Skatteoppkrevjar er ikkje nøgd med at resultatmålet på 5% ikkje er nådd. I følgje skatteoppkrevjar og kontrollordninga har det vært utfordringar knytta til innføring av dataverktøyet KOSS, sjukefråvær, permisjonar og nytilsetjingar.

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane
[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 18. juni 2014.

Skattekontoret har i 2014 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

- ***Intern kontroll***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avleggingа av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjing***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 3,2 % kontroller mot eit krav på 5 %.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2014 ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar, jf. rapport av 25. juni 2014.

Venleg helsing

Stein-Ove Hjortland
fung. avdelingsdirektør
Skatt Midt-Norge

Ida Moen

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Herøy kommune
- Skatteoppkrevjaren for Herøy kommune
- Riksrevisjonen

SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

ÅRSMELDING 2014



Frå øya Herøy imot Stadt

Foto: Wenche Moltu

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

INNHALD

DEL 1:	**GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID**	**Side 3**
1.1	**Skatteoppkrevjarkontoret**	**Side 3**
1.1.1	Ressursar	Side 3
1.1.2	Organisering	Side 3
1.1.3	Ressursar og kompetanse	Side 3
1.2	**Intern kontroll**	**Side 4**
1.3	**Vurdering av skatteinngangen**	**Side 4**
1.3.1	Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	Side 4
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	Side 7
1.4	**Skatteutval**	**Side 8**
DEL 2:	**SKATTEREKNESKAPEN**	**Side 8**
2.1	**Avlegging av skatterekneskapen 2014**	**Side 8**
2.2	**Margin**	**Side 9**
2.2.1	Margin for inntektsåret 2013	Side 9
2.2.2	Margin for inntektsåret 2014	Side 9
2.2.3	Kommentar til marginavsetnaden	Side 9
DEL 3:	**INNKREVJING AV KRAV**	**Side 10**
3.1	**Restanseutviklinga**	**Side 10**
3.1.1	Totale restansar og berostilte krav	Side 10
3.1.2	Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	Side 10
3.1.3	Restansar eldre år	Side 12
3.1.4	Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år	Side 12
3.2	**Innkrevjinga sin effektivitet**	**Side 13**
3.2.1	Vurdering av kontoret sine resultat pr 31.12.2014	Side 13
3.2.2	Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	Side 13
3.2.3	Omtale av spesielle tilhøve	Side 13
3.2.4	Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	Side 13
3.3	**Særnamskompetanse**	**Side 14**
DEL 4:	**ARBEIDSGJEVARKONTROLL**	**Side 14**
4.1	**Organisering av arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 14**
4.2	**Planlagde og gjennomførte kontrollar**	**Side 14**
4.3	**Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 14**
4.4	**Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen**	**Side 14**
4.5	**Samarbeid med andre kontrollaktørar**	**Side 15**
4.6	**Gjennomførte informasjonstiltak**	**Side 15**
Vedlegg:	**Årsrekneskap 2014**	**Side 16**
	Forklaring til årsrekneskapen	**Side 17**

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

DEL 1: GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID

1.1. SKATTEOPPKREVJARKONTORET

1.1.1. Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Antal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre vert nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen, inklusiv arbeidsgjevarkontroll	1,60	100,0 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	----------	----------
Skatterekneskap	0,20	12,5 %
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	0,80	50,0 %
Kontroll av arbeidsgjevarar. Vart utført av interkommunal kontrollordning lokalisert i Ålesund.	0,50	31,3 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige samt rekneskapsførarar/revisorar	0,05	3,1 %
Skatteutval	0,00	0,0 %
Administrasjon	0,05	3,1 %
Sum	1,60	100,0 %

1.1.2. Organisering

Avdelinga er lokalisert i økonomiavdelinga på rådhuset i Fosnavåg. Servicetorget i kommunen står for skranketeneste og resepsjonsfunksjonar medan fellessekretariatet har postfunksjonen. Administrativt går avdelinga inn under kommunen si økonomiavdeling, med økonomileiaren som næraste administrative overordna. Til 31.07.2006 hadde økonomileiaren og skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen. Frå 01.08.2006 er det oppnemnt eigen skatteoppkrevjar i Herøy kommune.

Skatteoppkrevjar førar sjølv skatterekneskapen og står for innkrevjing av skattar og arbeidsgjevaravgift. Skatteoppkrevjar arbeidar i 100 % stilling der omlag 90 % vert nytta til arbeid vedkomande skatt. Skatteoppkrevjar har 10 % konsulentstilling og 10 % sekretærstilling tilgjengeleg i tillegg til eiga stilling. I tillegg kan økonomileiar vikariere ved behov.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av interkommunal kontrollordning som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy kom inn i denne kontrollordninga 15.september 2011. I følgje Nordre Sunnmøre kemnerkontor er det i 2014 kjøpt kontrolltenester tilsvarande 0,50 årsverk.

Skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt Skattedirektoratet, med regionkontoret Skatt-Midt i Trondheim som næraste faglege overordna.

Skatteoppkrevjar har i tillegg ansvaret for innkrevjing av kommunale krav.

Det har i 2014 vore eit lavt sjukefråvær blant dei tilsette ved skatteoppkrevjarkontoret i Herøy. Arbeidsmiljøet vert vurdert å vere godt.

1.1.3. Ressursar og kompetanse

Frå 03.12.2007 nyttar Skatteoppkrevjaren i Herøy "SOFIE" som skatterekneskap. "SOFIE" er eit landsomfattande skatterekneskap som er utvikla etter bestilling av Skattedirektoratet, og som alle skatteoppkrevjarane i Norge nyttar. SOFIE er eit svært godt verktøy i arbeidet med skatterekneskapen, og har medført ein sterk reduksjon i kostnadene til skatteinnkrevjing for Herøy kommune. Kompetansen i bruk av SOFIE vert i dag vurdert som svært god.

1. Skatterekneskapen

Kompetanse vedkomande føring av skatterekneskapen vert vurdert som god. Det er få feil i skatterekneskapen, og skatterekneskapen vert korrekt ført og avstemt.

Ressursane til føring av skatterekneskapen er knappe, og ein er avhengig av ekstraarbeid for å vere ajour i periodar. Særleg gjeld dette i tida januar – mars. Dette ekstraarbeidet vert utført innan kommunen sitt fleksitidsreglement, og har ikkje medført ekstra kostnader til overtid.

2. Innkrevjing

Kompetanse vedkomande innkrevjing av skatt og avgift vert vurdert som god. Ein deltek på dei kurstilbod som Skatt Midt tilbyr. Dette er kurs som er tilnærma gratis for kommunen. Kursa har god fagleg kvalitet, og gjev og høve til å møte kollegaer i andre kommunar.

3. Arbeidsgjevarkontroll

Kompetanse vedkomande arbeidsgjevarkontroll vert vurdert som god. Denne personalressursen vert kjøpt av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Frå 15.09.2011 deltek skatteoppkrevjaren i Herøy i ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor lokalisert i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy sin del av ressursane i 2014 var 0,50 årsverk.

1.2. INTERN KONTROLL

Internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret vert vurdert som god. Arbeidsfordelinga fungerer greitt, og krav til attestasjon/tilvising vert følgt. Dokumentasjon vert produsert og følgt opp i samsvar med regelverk og retningsliner.

Skatteoppkrevjar sin rutinar vart sist ajourført 01.08.2014. Rutinane vil bli ajourført våren 2015.

1.3. VURDERING AV SKATTEINNGANGEN

1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Skatterekneskapen for 2014 syner følgjande totale skatte- og avgiftsinngang:

Skatteart	År 2014	År 2013
Arbeidsgjevaravgift	363 424 745	359 026 961
Kjeldeskatt	1 375 647	1 040 832
Personlege skattytarar	770 094 470	787 160 678
Selskapsskatt	108 389 919	233 130 515
Renter	- 750 427	707 603
Gebyr/innkrevjingsutgifter	- 1 038 491	227 106
Total sum	**1 241 495 863**	**1 381 293 694**

Tabellen syner ein auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift og kjeldeskatt, medan innbetalte skattar frå personlege skattytarar, selskapsskatt, renter og gebyr/innkrevjingsutgifter syner ein reduksjon.

Arbeidsgjevaravgift

Innbetalt arbeidsgjevaravgift syner ei auke med 1,2 % eller om lag 4,4 mill.kr i 2014 samanlikna med 2013. I 2013 var auken 6,7% (22,4 mill.kr), og i 2012 var auken 14,6 % (43,0 mill.kr).

Ei auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift på 1,2 % syner ein redusert vekst i innbetalingane samanlikna med den veksten ein har hatt dei siste åra. Ein har, med unntak for 2010, vore vand med vekst i innbetalingane med 15-20 % årleg. Ei brot i denne trenden såg ein i 2013, då veksten vart redusert til 6,7 %, og det er denne nedgangen som held fram i 2014.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Når ein samanliknar utviklinga i innbetalt arbeidsgjevaravgift med innbetalt skatt frå personlege skattytarar, så er ein redusert vekst forventa. Dette ettersom innbetalt skatt frå personlege skattytarar syner ein nedgang både i 2013 og 2014.
Herøy kommune er framleis ei stor fiskerikommune, og ettersom fiskeria i hovudsak er fritekne frå arbeidsgjevaravgift, så gjev utviklinga i innbetalt arbeidsgjevaravgift ein god indikasjon på utviklinga innan andre næringar enn fiske og fangst.

Nokre større arbeidsgjevarar har flytta frå kommunen, og betalar arbeidsgjevaravgift til andre kommunar i 2014. Dette kan være ei forklaring på den svake veksten, men ein har ikkje føreteke noko analyse av nettoeffekten av utflytting / innflytting / nyetablering av arbeidsgjevarar i 2014.

Herøy kommune er plassert i avgiftssone 1a, og har ikkje endra avgiftssone i 2014.

Utviking i innbetalt arbeidsgjevaravgift frå arbeidsgjevarar

År	Innbetalt arbeidsgjevaravgift	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	238 764 074	+ 43 199 769	+ 22,3
2009	279 893 860	+ 41 129 786	+ 17,2
2010	256 754 646	- 23 139 214	- 8,3
2011	293 651 639	+ 36 896 993	+ 14,4
2012	336 618 504	+ 42 966 865	+ 14,6
2013	359 026 961	+ 22 408 457	+ 6,7
2014	363 424 745	+ 4 397 784	+ 1,2

Arbeidsgjevaravgifta er ein viktig del av finansieringa av Folketrygda, og innbetalt arbeidsgjevaravgift vert i si heilheit overført til Folketrygda.

Kjeldeskatt
Kjeldeskatt er ein skatt på utbytte frå selskap til utanlandske aksjonærar. Innbetalt kjeldeskatt i 2014 syner ei kraftig auke med 32,2 % eller 0,3 mill.kr samanlikna med 2013.
All kjeldeskatt vert overført til Staten.

Personlege skattytarar
Skatteinngangen i 2014 frå personlege skattytarar, syner ein reduksjon med 17,1 mill.kr eller 2,2 % samanlikna med 2013. I 2013 hadde ein og ein reduksjon i skatteinngangen frå dei personlege skattytarane med 1,7 % eller 13,4 mill.kr samanlikna med 2012. Dette i motsetnad til den sterke veksten ein hadde i skatteinngangen i 2012 då den auka med 15,0 % eller 104,2 mill.kr, og i 2011 då veksten var 9,8 % eller 62 mill.kr.

Ein har no hatt to samanhangande år med nedgang i innbetalt skatt frå personlege skattytarar. Tida med sterk vekst i skatteinngangen synast å vere over, og lav eller negativ vekst kan bli den nye trenden.

Utviking i innbetalt skatt frå personlege skattytarar

År	Skatteinngang personlege skattytarar	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	595 426 432	+ 49 953 300	+ 9,2
2009	637 113 423	+ 41 686 991	+ 7,0
2010	634 342 324	- 2 771 099	- 0,4
2011	696 321 254	+ 61 978 930	+ 9,8
2012	800 515 942	+104 194 688	+ 15,0
2013	787 160 678	- 13 355 264	- 1,7
2014	770 094 470	- 17 066 208	- 2,2

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Det er ikkje gjennomført nokon grundig analyse av årsaka til nedgangen i innbetalt skatt frå dei personlege skattytarane, men følgjande moment kan være forklaringsvariablar:

- Ein antek at reduksjon av skattesatsen på alminneleg inntekt frå 28 % til 27 % er ei årsak, saman med andre skatteletter. Ein reknar og dette som årsaka til at til gode beløpa etter skatteavrekninga for 2013 har auka sterkt. Gjennomsnittleg tilbakebetalt beløp har auka frå 15.944 kr i 2013 til 18.094 kr i 2014.
- Fiskeria syner betre lønsemd i 2014, med ein auka fangstverdi på om lag 10 % etter det ein har fått opplyst. I kva grad dette gjev utslag i auka skatteinntekter frå personlege skattytarar er førebels usikkert.
- Andre årsaker kan være; fleire på trygd, høgare gjeldsgrad og rentekostnader som gjev større skattefrådrag, innbyggarar som skattar til andre kommunar / utland, auka skatteunndraging, feil i skatterekneskapet, m.m.

Innbetalt skatt frå personlege skattytarar vert fordelt til alle dei fire skattekreditorane etter bestemte fordelingstall. Fordelingstala ved utgangen av 2014 var: Kommunen 30,43 %, Fylket 6,14 %, Folketrygda 26,34 % og Staten 37,09 %.

Skatteavrekninga i 2014, som gjeld inntektsåret 2013, syner at 6.749 personar i Herøy fekk utlikna skatt og trygdeavgift totalt 763,7 mill.kr. Av dette beløpet så utgjorde 288,6 mill.kr kommuneskatt og fylkesskatt, statsskatt var kr 64,0 mill.kr, fellesskatt 250,5 mill.kr, og trygdeavgifta var 202,6 mill.kr. Samla pensjonsgjevande inntekt for 5.964 skattytarar var 2.288 mill.kr. Ved likninga vart det lagt til grunn ei formue, for personar med formuesskatt ved kommunelikninga, med 5.163 mill.kr for 1.131 personar. Likningsmanntalet for inntektsåret 2013 var 8.222.

Skatteavrekninga i 2014, som gjeld inntektsåret 2013, syner at 5.790 personar fekk til gode 104,8 mill.kr ved avrekninga. Dette utgjorde 18.094 kr i gjennomsnitt pr. person. 961 personar fekk restskatt med til saman 28,8 mill.kr eller gjennomsnittleg 30.019 kr pr. person. 7.076 personar var omfatta av skatteoppgjeret.

Selskapsskatt

Skatteinngangen frå selskapa (upersonlege skattytarar) syner ein nedgang med 53,5 % eller 124,7 mill.kr samanlikna med 2013. I 2013 var nedgangen 38,6 % eller 146,7 mill.kr samanlikna med toppåret 2012. Selskapsskatten er skatt på overskotet i selskapa, og er den skattearten som syner størst variasjon.

Utviking i innbetalt skatt frå selskapa (upersonlege skattytarar)

År	Skatteinngang upersonlege skattytarar	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	221 186 964	+ 119 088 992	+ 116,6
2009	142 503 553	- 78 683 411	- 35,6
2010	114 110 650	- 28 392 903	- 19,9
2011	301 797 021	+ 187 686 371	+ 164,5
2012	379 781 486	+ 77 984 465	+ 25,8
2013	233 130 515	- 146 650 971	- 38,6
2014	108 389 919	- 124 740 596	- 53,5

Ein antek at delar av nedgangen i innbetalt skatt skuldast lågare lønsamheit innan oljerelatert verksemd, samt store avskrivingar på investeringar innan både oljerelatert og fiskerirelatert verksemd.

Innbetalt selskapsskatt vert i si heilheit overført til Staten.

Likninga for 2013 syner at det vart rekna statsskatt av eit samla skattegrunnlag på 476 mill.kr, medan det ved likninga for 2012, vart rekna statsskatt av eit skattegrunnlag på 911 mill.kr

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Renter
Skattearten renter består av forseinkingsrenter grunna betaling av krav etter forfall, samt renter ved avrekninga. Desse avrekningsrentene omfattar både renter som vert utbetalt til skattytarar som får til gode ved avrekninga, og renter som vert innkravd frå skattytarar som får restskatt.

I 2014 syner skattearten renter ei netto utgift kr 750.427, medan skattearten renter i 2013 synte ei netto inntekt kr 707.603. Hovudårsaka til at ein i 2014 har netto utgifter på renter, er ei tapt rettssak som vart ført av Skatteetaten som medførte store tilbakebetalingar vedkomande skatteåret 2005. Dette medførte og krav på store rentebeløp på tilbakebetalt beløp.

Alle renteinntektene vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.

Gebyr/innkrevjingsutgifter
Skattearten gebyr/innkrevjingsutgifter syner ei netto utgift kr 1.038.491, medan ein i 2013 hadde ei netto inntekt kr 227 106. Årsaka til utgifta er at ein måtte dekke prosesskostnader i samband med rettssak som skatteetaten tapte i Lagmannsrett og Høgsterett.

Alle gebyr/innkrevjingsutgifter vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.

*

Dette gjev følgjande fordeling til dei fire skattekreditorane; Folketrygda, Staten, Fylkeskommunen og Kommunen.

Fordelt til:	**År 2014**	**År 2013**
Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	363 424 742	359 026 963
Folketrygda – medlemsavgift	207 707 017	190 278 753
Fylkeskommunen	47 165 242	47 497 928
Herøy kommune	231 215 893	238 667 775
Staten	391 951 685	545 823 062
Krav som er ufordelt	3	- 2
Overføring mellom kommunar	31 281	- 784
Total sum	**1 241 495 863**	**1 381 293 694**

Fordelinga syner ei auke i skatte- og avgiftsinngangen til Folketrygda med 4,0 % (+ 3,8 % i 2013).

Fylket får ein nedgang i skatteinngangen med 0,7 % (- 1,92 % i 2013).

Herøy kommune får ein nedgang i skatteinngangen med 3,1 % (- 1,4 % i 2013).

Staten får den største nedgangen i skatteinngangen med 28,2 % (- 22,1 % i 2013).

1.3.2. Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Herøy kommune sin del av skatteinntektene i 2014 er 231.215.893 kr. Dette er ein nedgang med 7.451.882 kr frå 2013 då skatteinntektene utgjorde kr 238.667.775. I prosent utgjer dette ein nedgang med 3,1 % i frå 2013 rekneskapen.

Skatteinntektene til Herøy kommune syner denne utviklinga i høve til budsjett sidan år 2000.

År	**Budsjett**	**Rekneskap**	**Endring (+ auke/-nedgang i høve til budsjett)**	**Endring i %**
2000	105 340	98 653	- 6 687	-6,35
2001	113 000	153 036	40 036	35,43

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

2002	130 000	127 166	- 2 834	- 2,18
2003	139 300	135 139	- 4 161	- 2,99
2004	134 100	131 890	- 2 210	- 1,60
2005	141 000	144 029	3 029	2,15
2006	160 000	179 145	19 145	11,97
2007	170 000	179 682	9 682	5,70
2008	187 500	189 363	1 863	1,00
2009	200 000	203 778	3 778	1,89
2010	210 670	208 407	- 2 262	- 1,07
2011	215 000	214 089	- 911	- 0,42
2012	240 000	242 141	2 141	0,89
2013	243 200	238 668	- 4 832	-1,86
2014	253 500	231 216	- 22 284	-8,79

Alle beløp i 1000 kr.

Skatteinngangen vart i 2014 lågare enn kommunen hadde budsjettert med i sitt budsjett for 2014. Kommunen sitt budsjettanslag er ikkje blitt endra gjennom året 2014.

For 2015 har kommunen ved årsstart budsjettert med ein skatteinngang 258,2 mill.kr.

1.4. SKATTEUTVAL

Grunna endringar i skattebetalingslova, var 2008 det siste året Herøy kommune hadde eige skatteutval. Frå 01.01.2009 er skatteutvalet regionalt, og ligg under Skatt Midt-Norge i Trondheim.

Skatteoppkrevjaren har i 2014 ikkje motteke søknader til skatteutvalet.

Resultatet av søknadshandsaminga dei siste åra, er som følgjer:

	Tal søknader	Saker ettergjevne	Ettergjeve i % av tal	Søknads-summar	Ettergjevne summar	Ettergjeve i %
2006	4	3	75,0	434	211	48,6
2007	0	0	0	0	0	0
2008	2	1	50,0	26	10	38,5
2009	1	1	100	131	131	100
2010	1	0	0	31	0	0
2011	0	0	0	0	0	0
2012	1	0	0	9	0	0
2013	0	0	0	0	0	0
2014	0	0	0	0	0	0

Alle beløp i 1000 kr.

DEL 2: SKATTEREKNESKAPEN

2.1. AVLEGGING AV SKATTEREKNESKAPEN 2014

Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med lov, gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar av 8.april 2014 § 3-3 nr.2, og gjev eit korrekt uttrykk for rekneskapen til Skatteoppkrevjaren i Herøy pr. 31.12.2014.

Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføringa, rapportering eller avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrolleining.

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Årsrekneskapen for 2014 følgjer som vedlegg til årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjar.

2.2. MARGIN

Det vert kvar månad avsett margin for å dekke det ansvar som skatteoppkrevjaren har ved avrekningane i perioden juni - oktober. Etter at avrekningane er gjennomført, skal det gjennomførast eit oppgjer av avsett margin.

2.2.1. Margin for inntektsåret 2013

Det er marginoppgjeret for 2013 som er gjennomført i 2014. Oppgjer av margin gav følgjande resultat:

Tekst	Beløp	
Innestående margin for inntektsåret 2013 pr. 31.10.2014	Kr	0
For lite avsett margin for inntektsåret 2013	Kr	- 3.882.638

Marginprosent

Prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

2.2.2. Margin for inntektsåret 2014

Innestående margin som vil bli nytta ved marginoppgjeret for 2014 i 2015.

Tekst	Beløp	
Innestående margin for inntektsåret 2014 pr. 31.12.2014	Kr	83.722.020

Marginprosent

Gjeldande prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

2.2.3. Kommentar til marginavsetnaden

Underskotet på marginavsetnaden for 2013 førte til at kommunen vart belasta om lag 1,16 mill.kr.

Marginavsetnad siste 3 år

		2013	2013	2012
Margin over-/underskot	Sum	- 1 165	2 053	3 678
Marginavsetnad	Prosent	12	12	12

Alle beløp i 1000 kr – kommunen sin del.

Kommunen hadde i åra fram til skatteåret 2005 ein marginavsetnad på 10 %. Dette førte til ein negativ marginavsetnad, og kommunen måtte innbetale negativ marginavsetnad til skatteoppkrevjaren. Kommunestyret endra i 2004 marginavsetnaden frå 10 % til 12 % for å redusere den negative marginavsetnaden. Dette har medført at marginavsetnaden frå 2006 har vore positiv. 2014 er det første året med negativ marginavsetnad sidan 2005.

Skatteavrekninga som er gjennomført i 2014, syner at gjennomsnittleg til gode beløp har auka frå kr 15.944 i 2013, til kr 18.094 i 2014. Denne sterke auken i til gode beløpa, har ført til ein negativ marginavsetnad for 2014.

Ein er usikker på om denne sterke auken i til gode beløp vil halde fram i 2015. Marginprosenten er allereie 12 %, og regelverket kring marginavsetnad tilseier at ein ikkje bør ha ein marginprosent på over 12 %.

Ein finn på det noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å auke marginprosenten ytterlegare, og held fast på dagens sats på 12 %.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

DEL 3: INNKREVJING AV KRAV

3.1. RESTANSEUTVIKLINGA

3.1.1. Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Av dette berostilt restanse 31.12.14	Restanse 31.12.2013	Av dette berostilt restanse 31.12.13	Endring i restanse Minke (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse
Sum restanse pr. skatteart	**13 664 276**	**0**	**30 699 184**	**0**	**- 17 034 908**	**0**
Arbeidsgjevaravgift	861 072	0	920 980	0	- 59 908	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	2 249 890	0	2 332 053	0	- 82 163	0
Forskotsskatt	0	0	318 582	0	- 318 582	0
Forskotsskatt – person	1 214 529	0	1 832 228	0	- 617 699	0
Forskotstrekk	1 193 700	0	1 466 918	0	- 273 218	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	137 870		143 343	0	- 5 473	0
Inntekt frå summarisk fellesoppgjer	0	0	0	0	0	0
Kjeldeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	1 093 155	0	15 162 027	0	- 14 068 872	0
Restskatt – person	6 914 060	0	8 523 052	0	- 1 608 992	0
Sum restanse diverse krav	**1 720**	**0**	**0**	**0**	**+ 1 720**	**0**
Diverse krav	1 720	0	0	0	+ 1 720	0
Sum restanse pr skatteart inkl.div.krav	**13 665 996**	**0**	**30 699 184**	**0**	**- 17 033 188**	**0**

3.1.2. Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Arbeidsgjevaravgift
Av restansen på kr 861.072, er det kr 263.675 som gjeld arbeidsgjevaravgift 2014. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen er kr 416.867 krav som er meldt i konkursbu, og kr 23.449 gjeld NUF (Norsk Utlandsregistrert Føretak) som er sletta, men der restansen ikkje er avskrive.

Forseinkingsrenter
Dette er forseinkingsrenter for alle skattearter. Restansen er redusert med kr 82.163 samanlikna med 2013 til kr 2.249.890. Krav på forseinkingsrenter vert kalkulert løpande fram til hovudstolen som kravet er knytt til er betalt. Først når hovudstolen er betalt vert forseinkingsrenter bokført som ein eigen restanse. Restansen på forseinkingsrenter må derfor sjåast i samanheng med andre skattartar, og då særleg restansen på restskatt. Det aller meste av desse krava gjeld forseinkingsrenter restskatt og forseinkingsrenter forskotsskatt. Mesteparten av krava gjeld skuldnarar som og har andre restansar, og desse hovudstolane vert prioritert før renter ved oppdekking.

Skatteoppkrevjar varsla i årsmeldinga for 2013 at restansen ville auke i 2014 før den ville bli gradvis redusert frå 2015. Ein meiner no at dette at knekkpunktet, der restansane går frå å auke til å bli gradvis

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

redusert, vart passert i 2014. Ein ser derfor føre seg ein gradvis reduksjon i restansen vedkomande forseinkingsrenter framover.

Forskotsskatt
Restansen er kr 0. I 2013 var restansen kr 318.582. Av denne restansen vart kr 235.918 innkravd, medan resten vart avskrive som tap etter konkurs og sletting av NUF.

Forskotsskatt person
Restansen er kr 1.214.529. Dette er ein reduksjon med kr 617.699 samanlikna med 2013. Ein er godt nøgd med nedgangen på 33,7 %, særleg ettersom det i førre årsmelding var varsla at ein forventa ei stabillisering kring dåverande nivå. Dei 3 siste åra har denne skattearten synt auka restansar.

Av restansen gjeld kr 303.760 skatteåret 2014. Gjenståande eldre restansar er vanskelege å krevje inn, og ein ventar ei stabillisering kring dagens restansenivå.

Forskotstrekk
Restansen er kr 1.193.700. Dette er ein vesentleg reduksjon samanlikna med 2013 då restansen var kr 1.466.918. Av restansen på kr 1.193.700, er det kr 399.225 som gjeld skattetrekk 2014. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen gjeld kr 432.595 krav som er meldt i 4 konkursbu. Kr 7.168 gjeld krav vedkomande sletta NUF.
Konkursbu med skuldig skattetrekk vert prioritert ved arbeidsgjevarkontroll. Dette for å kunne gjere styreleiar/dagleg leiar personleg ansvarleg for skattetrekket. Det vert levert politimelding og kravd erstatning i dei sakene der det er grunnlag for dette. Ein er i 2014 tilkjent kr 309.115 i erstatning frå ein dagleg leiar etter anmelding/erstatningskrav grunna manglande betaling av skattetrekket. Ein har førebels ikkje lukkast å krevje inn dette beløpet frå den daglege leiaren.

Innkrevjingsinntekter
Restansen er kr 137.870. Restansen er redusert samanlikna med 2013 då restansen var kr 143.343. Restansen gjeld ubetalte gebyr for varsla / haldne utleggsforretningar av skatteoppkrevjar. Det vart i 2014 varsla 56 utleggsforretningar, og 40 utleggsforretningar vart halde. Dette gav kommunen direkte inntekter kr 89.096, noko som er ein reduksjon samanlikna med 2013 då kommunen fekk overført kr 93.869.

Restskatt
Restansen restskatt selskap er kr 1.093.155. Dette er ein kraftig reduksjon samanlikna med 2013, då restansen var kr 15.162.027. Den store restansen i 2013 skuldast eit omstridd krav mot eit selskap. Betalingsutsetjing på dette kravet vert akseptert av Skatt Midt i påvente av klage/rettssak, og restansen vart innbetalt av selskapet i januar 2014.
Av restansen gjeld kr 945.025 restskatt 2013. Av dette beløpet er det varsla klage på kr 944.624. Alle krav på restskatt som gjeld eldre år enn 2013, er krav i konkursbu. Desse vil bli avskrivne som tap i 2015.

Restskatt person
Restanse er kr 6.914.060. Dette er ein reduksjon med kr 1.608.992 samanlikna med 2013, då restansen var kr 8.523.052. I 2013 auka restansen med kr 607.101 samanlikna med 2012, medan restansen i 2012 vart redusert med kr 3.166.816 frå 2011.

Ein har i 2013 i tillegg til ordinært innkrevjingsarbeid, hatt mykje arbeid med å få retta likningar/avrekningar for 2012 som var feilaktige. Desse feillikningane utgjorde store beløp ved førre årsskifte. Ein har hatt eit brukbart samarbeid med skattekontoret i desse sakene, men det hadde vore ønskjeleg med eit enno betre samarbeid, då både skatteoppkrevjar og arbeidsgjevarar har måtte nytte mykje tid og ressursar på å følgje opp desse sakane mot skattekontoret. Ein stor takk til tålmodige arbeidsgjevarar.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Det har blitt arbeida mykje med innkrevjing av restskattar siste åra, og restansevolumet har blitt redusert gradvis. Restanseutviklinga for dei siste åra er positiv, og innkrevjinga syner svært gode resultat. Ein har ei utfordring på gamle restskattar for perioden 1992-2005. Hovuddelen av restansane gjeld eit fåtal personar med høge restansar.

Skatteoppkrevjar har i tidlegare årsmeldingar vurdert restansevolumet på restskatt som «høgt, men under kontroll». Frå 2012 vert restansevolum vurdert som normalt for ei kommune som Herøy med den storleik og næringsstruktur som kommunen har. Det vert sjølvsagt arbeidd med å få restansevolumet ytterlegare ned i åra som kjem..

Diverse krav
Restansen for diverse krav er kr 1.720. I 2013 var restansen kr 0. Restansen gjelder krav på gebyr som skatteoppkrevjar må betale til namsmann ved tvangsrealisasjon.

Utvikling totale restansar
Totalrestansen pr. 31.12.2014 er kr 13.665.996. Dette er i samsvar med den gode trenden ein har hatt, med unntak for 2013, med reduksjon av restansane. Årsaka til den høge restansen i 2013 er forklart under restskatt for selskap.

Sum restanse alle skatteartar	Beløp	
Total restanse pr. 31.12.2007	Kr	35 845 063
Total restanse pr. 31.12.2008	Kr	26 658 606
Total restanse pr. 31.12.2009	Kr	26 233 448
Total restanse pr. 31.12.2010	Kr	18 851 902
Total restanse pr. 31.12.2011	Kr	17 453 913
Total restanse pr. 31.12.2012	Kr	14 872 481
Total restanse pr. 31.12.2013	Kr	30 699 184
Total restanse pr. 31.12.2014	Kr	13 665 996

Avskriving / ettergjeving 2014
Det er i 2014 avskrive/ettergjeve kr 643.829. I 2013 vart det avskrive kr 1.020.772.
Avskriving av krav skjer normalt i samband med konkursar og gjennomførte gjeldsordningar. I 2014 vart det avskrive krav i 2 konkursar og 1 gjeldsordning. I 2014 har det og blitt avskrive 1 krav grunna insolvent dødsbu, og 3 krav vedkomande sletta NUF.

Personar som er skuldig restskatt eldre enn 3 år, får nedsett pensjonspoeng for desse krava. Ubetalte krav vert nedsett med den del av kravet som gjeld pensjonsdelen. I 2014 vart det ikkje nedskrive pensjonspoeng grunna ubetalte restansar i Herøy.

3.1.3. Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse	Av dette skatteart Restskatt - person
2012	889 345	106 540
2011	926 816	489 003
2010	185 222	70 181
2009-1992	7 588 152	4 548 304

3.1.4. Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år
Skatteoppkrevjaren har ingen restansar der innkrevjinga berre vert passivt følgt opp, men følgjer opp alle restansar aktivt med innkrevjingstiltak. Vi nyttar heile spekteret i vår innkrevjing av desse restansane, frå betalingsavtalar til konkurs.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Dei eldste restansane som vi krev inn er frå 1992, og den eldste restskatten som vert kravd inn er frå 1992. Det er omlag 10 personar som er skuldig det aller meste av desse gamle restskattane. Av desse får vi inn pengar frå om lag halvparten. Alle krava vert sikra mot forelding, men det er lite å hente hjå desse skattytarane. Nokre vil bli avskrive som ei følgje av gjeldsordningar, medan andre viser ingen evne/vilje til å gjere opp for seg.

Forelda krav
Skatteoppkrevjaren har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" pr. 31.12.2014 og sikra at krav ikkje vert forelda utan at fristavbrytande tiltak er utført.

Tal på forelda krav pr. 31.12.2014: 0 stk.
Samla beløp på krav forelda pr. 31.12.2014: 0 kr.

3.2. INNKREVJINGA SI EFFEKTIVITET

3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2014.

Oppfylling av resultatkrav fastsett av Skatt-Midt

Skatteart \ år	**2014 Herøy**		**2014 Region**	**2014 Norge**	**2013 Herøy**		**2012 Herøy**	
	Krav	**Resultat**	Resultat	Resultat	Krav	**Resultat**	Krav	**Resultat**
Restskatt person	97,0 %	**99,6 %**	94,8 %	94,1 %	97,0 %	**98,3 %**	97,0 %	**99,7 %**
Innkravd restskatt person	80,0 %	**95,2 %**	67,3 %	64,6 %	80,0 %	**73,2 %**	80.0 %	**98,3 %**
Forskotsskatt person	99,5 %	**99,8 %**	99,4 %	99,2 %	99,5 %	**99,5 %**	99,5 %	**99,9 %**
Arbeidsgjevaravgift	99,9 %	**100 %**	99,8 %	99,8 %	99,9 %	**99,9 %**	99,9 %	**99,9 %**
Forskotstrekk	100 %	**100 %**	100 %	99,9 %	100 %	**99,9 %**	100 %	**100 %**
Restskatt føretak	99,9 %	**99,9 %**	99,1 %	97,5 %	99,9 %	**99,9 %**	99.9 %	**100 %**
Forskotsskatt føretak	99,9 %	**100 %**	100 %	99,9 %	99,9 %	**99,9 %**	99,9 %	**100 %**

Resultatet vert vurdert som svært godt. Alle krav er oppfylt. Særleg innkrevjinga av restskatt person og forskotsskattar syner særs gode resultat. Resultatet for 2014 er i samsvar med dei gode innkrevjingsresultata som skatteoppkrevjaren i Herøy har hatt siste åra.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat
Skatteoppkrevjaren nyttar heile spekteret av innkrevjingsaktivitetar i vår innkrevjing av skattar og avgifter. Ei aktiv oppfølging av våre restansar har gitt gode resultat. Val av innkrevjingsaktivitet vert tilpassa den enkelte skattytar/bedrift. Nokre skattytarar vel å ikkje betale før tidsetjing av konkurssak i Tingretten ligg føre, medan andre følgjer lojalt opp ei inngått betalingsavtale. Erfaring og kunnskap om våre skattytarar/bedrifter er svært viktig. God service og raske tilbakemeldingar til våre kundar har og positiv effekt på restanseutviklinga.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve
Det har i 2014 vore få nye konkursar i kommunen.

Næringslivet i kommunen er tungt eksponert mot oljeservice, men ein har førebels ikkje merka negative ringverknadar på restansane grunna lågare aktivitet i denne bransjen. Det vert spennande å sjå om ein unngår negative følgjer av den reduserte aktiviteten på skatteinntekter og restansenivå i 2015.

3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga
Kontoret har i dag god effektivitet i innkrevjingsarbeidet. Det vert ikkje vurdert som naudsynt å treffe spesielle tiltak for å betre effektiviteten. Ein arbeider kontinuerleg med ei målsetjing om å yte tenester som er kostnadseffektive og av god kvalitet.

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

3.3. SÆRNAMSKOMPETANSE

Skatteoppkrevjaren har særnamskompetanse, og nyttar denne aktivt. Tildelte ressursar vert vurdert som tilstrekkeleg til å kunne utnytte særnamskompetansen på ein god måte.

DEL 4: ARBEIDSGJEVARKONTROLL

4.1. ORGANISERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Skatteoppkrevjaren i Herøy er frå 15.09.2011 med i ei interkommunal kontrollordning. Den interkommunale kontrollordninga er plassert i Ålesund, og er ein del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Vedtak om innmelding i kontrollordninga vart gjort i K-sak 62/2011. Det er Nordre Sunnmøre kemnerkontor som har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i denne kontrollordninga. Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester tilsvarande 0,5 årsverk i denne kontrollordninga. I 2014 har vi fått opplyst at det er utført kontrolltenester tilsvarande 0,50 årsverk. I 2013 vart det utført kontrollar tilsvarande 0,32 årsverk.

4.2. PLANLAGDE OG GJENNOMFØRTE KONTROLLAR

Antal planlagde kontrollar for 2014: 23
Som utgjer: 5,0 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2014: 14
Som utgjer: 3,2 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2013: 9
Som var: 2,0 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen

4.3. RESULTAT FRÅ ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Det er gjennomført 12 formalkontrollar og 2 avdekkingskontrollar i 2014. Av dei 2 avdekkings-kontrollane som vart halde, så vart det avdekt beløp i begge kontrollane (100 %). Endringsforslag som følgje av kontroll er kr 292.608 i inntektsgrunnlag og kr 292.608 i arbeidsgjevaravgiftsgrunnlag.

4.4. VURDERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Aktiviteten innan arbeidsgjevarkontrollen oppfyller ikkje dei resultatkrav som er sett av Skattedirektoratet om å gjennomføre kontrollar av 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen årleg.

Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Dette har vi gjort sidan 15.09.2011. Det er i 2014 utført kontrollar tilsvarande 0,5 årsverk i Herøy.

Vi hadde ved årsstart ei klar målsetjing om å klare resultatkravet på 5 %. Vi meinte at denne målsetjinga var realistisk, ettersom ein i 2014 kunne gjennomføre kontroll av personallistar, og rekne dette som ein kontroll. Ein personallistekontroll krev få dagsverk, og burde soleis føre til mange kontrollar i 2014. Av 14 kontrollar i 2014 er 5 personallistekontrollar, og 3 er etterkontrollar på desse personallistekontrollane.

Skatteoppkrevjar er godt nøgd med kvaliteten på dei kontrollane som er utført. Rapportane er oversiktelege og innehald dei opplysningar som vi treng til vidare handsaming av kontrollane.

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Skatteoppkrevjar er ikkje nøgd med at ein ikkje har nådd resultatmåla i 2014. Det har vore utfordringar kring innføring av nytt dataverktøy for kontrollørane, men ein ønskjer å være klar på at måloppnåinga ikkje er god nok.

I følgje årsmelding for den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, så har det og i 2014 vore utfordringar kring sjukefråvær, permisjonar og tilsetjing av nye kontrollørar. Ein har måtte nytte mykje tid til kurs, og då særleg kurs relatert til det nye dataverktøyet KOSS.
Kompetansen til dei tilsette vert vurdert som god, og med ein fagleg variert og god bakgrunn.

4.5. SAMARBEID MED ANDRE KONTROLLAKTØRAR

Skatteoppkrevjaren har ikkje delteke i aksjonar saman med andre kontrollinstansar i 2014.

4.6. GJENNOMFØRTE INFORMASJONSTILTAK

Det har blitt halde ein kursdag i desember 2014 for bedrifter, rekneskapsførar og revisorar. Tema for kursdagen var lønsområdet. Kurset vart halde av interkommunal kontrollordning.

Det er utarbeida eit orienteringsskriv til nye arbeidsgjevarar. Dette inneheld informasjon om kva pliktar dei har som arbeidsgjevarar vedkomande skatt og avgift, m.m. Dette er blitt sendt til 26 nye arbeidsgjevarar i 2014. Alle arbeidsgjevarar som har vore i kontakt med skatteoppkrevjar, har motteke informasjon om levering av oppgåver, ansvar, m.m.

Stad: Fosnavåg **Dato: 28 januar 2015**

Skatteoppkrevjar sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2014. Signert av skatteoppkrevjar.
Forklaring til årsrekneskapen

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

ÅRSREKNESKAP 2014

		Valt år	Førre år
	Likvidar	86 880 944	86 488 467
	Skyldig skattekreditorane	- 3 168 346	- 3 612 921
	Skyldig andre	9 426	- 30 909
	Innestående margin	- 83 722 020	- 82 844 636
	Udisponert resultat	- 3	0
Sum		**0**	**0**
	Arbeidsgjevaravgift	- 363 424 745	- 359 026 961
	Kildeskatt	- 1 375 647	- 1 040 832
	Personlege skattytarar	- 770 094 470	- 787 160 678
	Selskapsskatt	- 108 389 919	- 233 130 515
	Renter	750 427	- 707 603
	Innkrevjing	1 038 491	- 227 106
Sum		**- 1 241 495 863**	**- 1 381 293 694**
	Fordelt til Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	363 424 742	359 026 963
	Fordelt til Folketrygda – medlemsavgift	207 707 017	190 278 753
	Fordelt til Fylkeskommunen	47 165 242	47 497 928
	Fordelt til kommunen	231 215 893	238 667 775
	Fordelt til Staten	391 951 685	545 823 062
	Krav som er ufordelt	3	- 2
	Overføring mellom kommunar	31 281	- 784
Sum		**1 241 495 863**	**1 381 293 694**
Sum		**0**	**0**

Fosnavåg 28.01.2015

Jan Driveklepp
-skatteoppkrevjar-

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Forklaring til årsrekneskapen

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen syner skattar og avgifter m.m. som er innbetalt innan rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter m.m. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvidar**
  Likvidar i skatterekneskapen består av bankbehaldning for skatt og eventuelt kontantbehaldning.

- **Skuldig skattekreditorane**
  Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember , står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjeret til skattekreditorane seinast 10.januar.

  Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ein fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20.januar.

- **Skuldig andre**
  Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalingar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

- **Udisponert resultat**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**
  Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetnad, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.

- **Fordelt til skattekreditorane**
  Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.

- **Krav som er ufordelt**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Interkommunal samarbeidsgruppe

Arbeidsgiverkontroll

Et samarbeid mellom kommunene
Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda og Ørskog

ÅRSMELDING INTERKOMMUNAL ARBEIDSGIVERKONTROLL

ÅR 2014

ARBEIDSGIVERKONTROLL

1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor er et samarbeider mellom flere kommuner. Tilknyttet kommuner i 2014 er Giske, Hareid, Haram, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Ørskog, Stordal, Sande, Volda, Ulstein og Ålesund.

1.2 Formål

Hovedformål for arbeidsgiverkontrollen er kontroll av rett arbeidsgiver til rett tid.
Arbeidsgiverkontrollen er og et virkemiddel for å hindre skatt og avgiftsunndragelse, således er det også et formål å fremme bedre etterlevelse og bidra til preventivt virkning.
Formålet med samarbeidet er å styrke, effektivisere og bedre arbeidsgiverkontrollen, gjennom et større faglig miljø i.

1.3 Arbeidsgiveransvar / kontorkommune

Ålesund kommune som vertskommune har arbeidsgiveransvaret. Interkommunal arbeidsgiverkontroll er en egen seksjon, organisert som en del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren er seksjonens nærmeste overordnet. Kontorkommunen foretar ansettelse og stiller nødvendig kontor og utstyr til disposisjon mot forholdsmessig refusjon av utgiftene.

1.4 Kontrollvirksomheten

Seksjonen skal i hovedsak stå for den stedlige kontrollen i kommunene. Seksjonen driver sin virksomhet i nært samarbeid med skatteoppkreverne i den enkelte kommune, og har også et godt samarbeid til AGK – gruppa (arbeidsgiverkontrollgruppa) i Skatt Midt- Norge som gjør vedtak i forhold til våre rapporter. Kontrollvirksomheten foregår reelt og formelt på vegne av skatteoppkreveren i vedkommende kommune og under dennes ansvar.

1.5 Styringsgruppa

Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner. Funksjonstid er to år. Teamleder deltar på møtene i styringsgruppen. Valg av nytt styre ble gjennomført i februar 2011.

Medlemmer 2014 jf årsmøte den 13.2.2014 har vært:

Kemner i Nordre Sunnmøre	Lindis Skeide Nyland
Skatteoppkrever i Volda	Ove Bjerkvik
Skatteoppkrever i Herøy	Jan Driveklepp (ny valgt ved årsmøte)

Det har ikke vært avholdt et møte i styringsgruppen i år

1.6 Ressurs fordeling

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter en fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Registrert effektiv kontrolltid var 837 DV. Til sammenligning var år 2013 registrert med 856 DV brukt til kontrolltid.
I dette inngår også blant annet teamleders beregnet tid ved kvalitetssikring. Reisetid utgjør 21dagsverk og 101 dager er registrert som kursdager. Reisetid og tid til opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene. Total kursdager er iberegnet dager som medgår til de kurs vi arrangerer for arbeidsgivere, regnskapsførere. De ansatte som ikke har vært direkte involvert, deltar da ved ene kursdag som tilhører. Økt kursdager er i stor grad grunnet innfasing av hjelpesystemet KOSS. Der vi har hatt både interne kursdager og kurs hos skatteetaten.

Vi har og i 2014 en større andel dagsverk som må beregnes som opplæringstid idet en ny lønnsrevisor ble tilsatt på høsten 2013 og en ny på høsten 2014.
Kontrollgruppa i Interkommunale arbeidsgiverkontrollen har i snitt hatt ca 6,6 årsverk i 2014, inkludert teamleders administrative del. Reelt årsverk vil være lavere når en tar hensyn til sykefravær og permisjoner.

2. Organisering

2.1 Personalet 2014

Ved full bemanning er vi 7 stykker. Marianne Leithe har vært vikar ca 80 % i fra 1. januar til 1.august. Sykefravær, permisjoner og nyansettelse preger 2014. Siste ansatt er Kim Andrè Fevang Kolstad.

Teamleder:
Sigrun Andersen

Lønnsrevisorer i 2014 :
Eldrid Smogeli
Marita Nogva
Kay Robert Brastad
Asbjørn Martin Fiedler Rørvik
Trude Grindvik
Kim Andrè Fevang Kolstad
Marianne Leithe, vikar

Det var i årsplan lagt til grunn totalt dagsverk (DV) på 1345, effektiv kontrolltid på 1100 DV ved full bemanning. DV ble da beregnet i henhold til regionen beregning av årsverk, 210 d. pr år.

2.2 Kompetanse

De ansattes kompetanse må kunne beskrives som meget god. Det at vi er flere i gruppa er en styrke for den faglige vurdering i flere av kontrollene, spesielt i tunge saker. Kontrollgruppa er sammensatt med følgende bakgrunn:

Faglig
Høgskolekandidat med tillegg innfor revisjon og ledelse.
Høgskole innen økonomi med autorisasjon som regnskapsfører.
Bachelorgrad i revisjon, 4 stykker.
Skatteetatskolens saksbehandlerutdanning

Yrke, utenom praksis som regnskapskontrollør:
Regnskapsfører/regnskapsansvarlig, praksis som selvstendig næringsdrivende.

2.3 Opplæring / etterutdanning

Registret kurstid er
57 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.
43 dager intern arbeidsgiverkontroll (eget kurs + KOSS).

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:

NARF kurs 1 stk.(2 d)
Landskonferansen i Oslo med 2 stykker. (4 d)
Skatt Midt- Norge 2 fagdager for arbeidsgiverkontrollen 7 stk (13 d)
Skatt Midt – Norge Koss kurs 6 stk (18 d)

Skatt Midt – Norge, personallistekontroll 5 stk (5 d)
Koss – opplæring instruktør (6 d)
Koss - instruktørkurs (9 d)

3. Arbeid og resultatoppnåelse

3.1 Resultat pr 31.12.2014

Kommune	Antall lev. rapp. til SKM pr 31.12.14	Planlagt kontroller, jf årsplan	Gj. ført kontroller	Resultat i prosent av lev. Pr 31.12.14
NSK*	**2800**	**139**	**104**	**3,7**
Haram	**303**	**15**	**15**	**5,0**
Hareid	**164**	**8**	**7**	**4,3**
Herøy	**442**	**23**	**14**	**3,2**
Sande	**101**	**5**	**10**	**8,9**
Stranda	**238**	**12**	**9**	**3,8**
Sula	**241**	**12**	**15**	**6,2**
Ulstein	**319**	**16**	**8**	**2,5**
Volda	**342**	**17**	**12**	**3,5**
SUM	**4950**	**247**	**194**	

*Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) og står da for syv kommuner samlet.

Utfordringer i 2014 har vært å holde produksjon best mulig oppe samtidig som vi skulle fase inn KOSS hjelpesystem. Innføringen krevede både økt kursdager og en innlæringsprosess for alle. Asbjørn Martin Fiedler Rørvik har i 2014 vært instruktør i KOSS, noe dagsverk har dermed gått på bekostning av kontroll tid. Samtidig har vi i gruppen hatt goder av hans dypere kompetanse på KOSS, og hatt god støtte i innlæringsfasen. Det har også i 2014 vært utfordringer med sykefravær, en del permisjoner.n ansatt sluttet med derpå følgende søkeprosess for nyansettelse. Også i 2014 har det vært avholdt infodagene av oss.

Krav til antall kontroller var 247 for 2014, vi har oppnådd 194 kontroller, avviket på 53 stk.
Til sammenligning hadde vi 165 kontroller i 2013 med et avvik på 85 stk.

Årsak for våre avvik tilskrives at vi i utgangspunkt mangler ressurser sett til antall pålagte kontroller. Krav til antall rapporter tilsier 8 stillinger som ren lønnsrevisor, mot våre 6 i tillegg vil administrativ del tilkomme. Med vår gruppe størrelse og ved eventuell økning, slik samarbeidet er organisert, utfylles de administrative oppgaver en stilling. Med knappe ressurser er vi og sårbare ved lengre fravær.
Det legges stor vekt på kvalitet. Kontrollen med etterfølgende rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning, og for eventuelle anmeldelser. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollene og å få til gode fakta beskrivelser. Vi har fortsatt et forbedringspotensial i det å begrense tid pr kontroll jamfør vesentlighetsnivå og vurdert risiko.

3.2 Strategi for år 2014 var

Mål administrativ og faglig :
Følge opp administrative rutiner, der iblant ajourholde fremdriftsplan.
Rutinebeskrivelsen og andre skriftlige rutiner skal påses oppdatert for endringer
Påse at gruppens rutiner følges, nye rutiner for KOSS implementeres ved oppstart
Bedre dokumentasjon på kvalitet sikring av rapportene.

Rutinebeskrivelsen ble delvis oppdater. Koss kontrollrutine ble implementert.

Fremdriftsplan er ajourholdt. Dokumentasjonen av kvalitetssikringen for rapportene er gjennomført.

Mål kontroll
Det skal planlegges stedlige kontroller i samsvar med Skatteoppkreverinstruksen § 5-2 nr 3.
Kontrollene skal fastsettes og utføres i henhold til gjeldende kontrollbegrep fastsatt 1.1.2012.
Kontrollene skal gjennomføres med vekt på kvalitet, rettsikkerhet og likebehandling.

Innsatsplan for 2014 og skatteetatens styringsbrev har ligget til grunn.

Aktuelle kontroller var
Objekter i henhold til lister og beskrivelse sendt av R. Høyland, analysegruppen
Objekter etter revisors manglende underskrift på kontrolloppgave.
Impulskontroller – i henhold til manglende innberetning av oppgavepliktige ytelser. Her i konkurser, og tips fra eksterne.
Personallistekontroller

Oppnåelse:

Vi sier oss fornøyd med resultatet i år sett hen til antall. Vi mener kvaliteten på gjennomføring av kontrollene, fakta beskrivelser og rapportene er god. Forbedringspotensial vil det allikevel være da vi samtidig har samfunnsmessige endringer som og gir nye utfordringer tidvis.
Vi har hatt flere kontroller etter konkurs. Det har vært kontroller innenfor bygg-bransjen. Vi har avholdt 84 personal-listekontroller, der det var planlagt 79 kontroller. Noen objekter har da hatt også oppfølgingskontroll.

Det har ikke vært det store år med avdekning, det forklares delvis med brukt ressurser til personallister kontroller og vi har en større andel enkle kontroller, sett mot tidligere år.

Det er å bemerke at prosent kontrollert er økt for de fleste kommunene. For Ulstein og Volda er det en reduksjon i prosent sett mot 2013.

3.3 Tidsforbruk

Antall dagsverk i snitt pr kontroll har vært ca 4,42 DV. Dette må anses å ligge på samme nivå som i fjor fjorårets 4,46 DV.

3.4 Resultat av kontrollarbeidet 2014

For inntektsåret 2014 er dette telt;
Endringsforslag arbeidsgiveravgift.
Endringsforslag inntektsgrunnlag
Rettinger(egenrettinger) ved at vi sender lønns og trekkoppgaver.
Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år:

antall kontroller 194
antall rapporter med avdekning er 48 stk, av disse er,
antall AK rapporter med beløp (endringsforslag) 41 stk
antall FK rapporter med avdekning 7 stk
antall kroner foreslått endring - sak inntektsgrunnlag kr 17 091 021 (inkl. egenrettinger)
antall kroner foreslått endring - sak AGA kr 10 910 169 (inkl. egenrettinger)
antall kroner forslag egenretting for AGA 1 868 764
antall kroner forslag egenretting for inntekt 1 976 622

Interkommunal arbeidsgiverkontroll	2014	2013 *	2012
Endring inntekt ansatte	kr 17 091 021	kr 29 184 711	kr 22 213 333
Endring arbeidsgiveravgiftsgrunnlag:	kr 10 910 169	kr 33 147 299	kr 17 305 090

* Et større forslagsbeløp 15 000 000 i NSK ble ikke vedtaksbehandlet.

Vedtak: vi er målt på:
Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO
Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.

For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:
Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)
Det er et krav at 50 % av avdekning på avdekningskontrollene

Sum totale antall vedtak for AGA er 19 fra skattekontoret.
Rett vedtak på 13 stk. Gir korrekt treff med 68,4 %.
Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 87. Rette vedtak av de foreslåtte 65, gir riktig 74,7 %.
Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 21,1 %, dette er en reduksjon på 15,9 % fra fjorårets.
Det er registrert 19 kontroller som har avdekt mulig straffbare forhold.

For NSK er det i 2014 sendt inn 3 anmeldelser mot 9 i 2013. Reduksjon skyldes at vedtak bør foreligge før anmeldelse sendes.

	2014 antall	2014 beløp	2014	Avdekn.	2013 antall	2013 Beløp	2013
	Vår / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp	vår / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak
Vedtak inntekt	65 / 87	9 376 121	8 761 282	93,4 %	119/129	18 912 684	18 578 993
Vedtak AGA	13 / 19	3 378 237	2 821 659	83,5 %	55 /60	8 477 386	8 178 650

* Antall, «vårt tall» er antall rette sett til vedtak.

Vi har 11 rapporter pr 31.12.14 som ikke er vedtaksbehandlet.
Personallistekontrollene, proveny resultat vedtatt pr 31.12.14, sum kr 251 120,-. Våre forslag på disse var sum 268 320,- . Gir riktig treff prosent på 93,6 %.
Gjenstående kontroller som ikke er behandlet pr 31.12.14, foreslått med sum 106 640,-

3.5 Informasjonstiltak

Informasjons – dagene våre trakk 205 deltagere. Det ble i år gjennomført informasjons dag i Ålesund, Ørskog og Ørsta.

4. Regnskap 2014.

Regnskap for år 2014 er ferdigstilt og er innfor det budsjetterte.

5. Konklusjon

Seksjonen har i 2014 ferdigstilt 194 bokettersynsrapporter. Dette er 53 kontroller mindre enn hva vi i utgangspunkt hadde som mål. Dette til tross for økt grad av enkle, formal kontroller. Dette bekrefter knappe ressurser etter endret krav og føringer, og viser vår sårbarhet ved lav bemanning.
Vi har i 2014 en nedgang i endringsforslag, sum avdekning spesielt innfor AGA endring. Dette skyldes mange konkurser og større vesentlighetsgrense for endringsforslag. Mindre avdekning skyldes også ressursene som har vært lagt til personalliste kontroller. Proveny av disse kontrollene fremkommer ikke tall for avdekning. Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode, selv om det til sammenlikning til 2013 er en reduksjon av riktig treff både på vedtak og beløp.

Følgende dagsverk føres over til 2015.

Kommune	Overført DV til neste år
Ålesund	- 47
Giske	47
Haram	-10
Hareid	5
Herøy	-22
Norddal	8
Sande	6
Sandøy	-5
Skodje	-18
Stordal	-1
Stranda	-8
Sula	-10
Ulstein	35
Volda	16
Ørskog	5

Ålesund, den 27.01.2015

_____

Sigrun Andersen
teamleder

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/871
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/15	Plan og byggenemnd	24.02.2015
64/15	Formannskapet	17.03.2015
	Kommunestyret	26.03.2015

NY BRANNSTASJON I INDRE HERØY - OMBYGGING AV KOMMUNENS EIGEDOM NEDRE DRAGSUND 2

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 24.02.2015

1. Kommunestyret godkjenner Rådmannens forslag til ombygging av deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til brannstasjon for Herøy brannvern.

2. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde investeringsmidlar for Myrvåg omsorgssenter på kr. 250 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.

3. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar for brannstasjon i indre Herøy på kr. 300 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.

4. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

5. Kommunestyret opphevar formannskapets vedtak i F-sak 95/14 om utbygging av brannstasjon på gnr. 45 bnr. 110 og gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen i tråd med gjeldande retningsliner for sal av næringstomter.

Tilråding frå rådmannen:

6. **Kommunestyret godkjenner Rådmannens forslag til ombygging av deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til brannstasjon for Herøy brannvern.**

7. **Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde investeringsmidlar for Myrvåg omsorgssenter på kr. 250 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.**

8. **Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar for brannstasjon i indre Herøy på kr. 300 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.**

9. **Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.**

10. **Kommunestyret opphevar formannskapets vedtak i F-sak 95/14 om utbygging av brannstasjon på gnr. 45 bnr. 110 og gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen i tråd med gjeldande retningsliner for sal av næringstomter.**

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga
Anlegg- og driftsavdelinga
Herøy brannvern
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Prenta vedlegg
1. Tilbod om leige av brannstasjon – Moldskred Renovasjon AS
2. Nedre Dragsund 2 – planskisse
3. Nedre Dragsund 2 - utomhusplan

Uprenta vedlegg
1. K-sak 168/13
2. F-sak 95/14
3. K-sak 129/14
4. K-sak 166/14
5. F-sak 234/14

Saksopplysningar:

Saka gjeld etablering av ny brannstasjon i indre Herøy.

Bakgrunn
Kommunestyret løyvde i budsjett 2014 kr. 500 000 i planleggingsmidlar for ny brannstasjon og driftsbase i Fosnavåg og ny brannstasjon i indre Herøy, sjå K-sak 168/13 i uprenta vedlegg 1.

Formannskapet godkjente i F-sak 95/14 kommunens eigedom gnr. 45 bnr. 110 i Myrvåg som utbyggingstomt for prosjektet, sjå uprenta vedlegg 2. Kommunestyret vedtok i K-sak 129/14 funksjons- og arealanalyse for ny brannstasjon, sjå uprenta vedlegg 3.

Eigedomsavdelinga tilrådde i budsjettprosessen 2015 ei løyving på kr. 11,5 mill. til utbygging av ny brannstasjon i indre Herøy i tråd med ovannemnde funksjons- og arealanalyse.

Ved kommunestyrets handsaming av budsjettet vart bygging av ny brannstasjon utsett til 2016. Det er såleis avsett kr. 300 000 i planleggingsmidlar i budsjett 2015 og kr. 11,5 mill. i økonomiplanen for 2016, sjå uprenta vedlegg 4.

Det er i budsjett 2015 også løyvd kr. 250 000 over investeringsbudsjettet til ombygging av Nedre Dragsund 2. Desse løyvingane var opphavleg meint for naudsynt tilrettelegging av bygget for utleige til næringsaktørarar. Det er likeins løyvd kr. 250 000 i planleggingsmidlar for Myrvåg omsorgssenter.

Utgangspunkt
Herøy brannvern disponerer to brannbilar. Mannskapsbilen er stasjonert ved Fosnavåg brannstasjon på Eggesbønes. Tankbilen er stasjonert ved kommunens eigedom Nedre Dragsund 2.

Tankbilen har tidlegare vore stasjonert i leigde lokale hos Mesta AS i same område, men denne avtalen vart sagt opp i 2013 fordi utleigar trengde lokala til eigne formål. Brannvernet har i tida etterpå flytta bilen rundt i kommunens bygg Nedre Dragsund 2, alt etter kva som har vore ledig av areal.

Brannvernet får ny mannskapsbil og tankbil i april 2015. Den nye tankbilen får ikkje plass i den del av Nedre Dragsund 2 som i dag vert nytta som stasjon fordi takhøgda er for lav. Lokala stetter heller ikkje krava til arbeidslokale for dei tilsette i brannvernet. Det er difor behov for ombygging av lokala for å stette krava til ny brannstasjon, alternativt finne andre løysingar for brannvernet.

Utbyggingsalternativ

Eigedomsavdelinga fekk i budsjettprosessen i oppdrag å vurdere alternative måtar å realisere brannstasjonprosjektet på. Dette vart også påpeika ved kommunestyrets handsaming av budsjett 2015.

Avdelinga har i sin argumentasjon for ny brannstasjon i indre Herøy, tilrådd nybygg på kommunal grunneigedom i kommunal regi. Dette fordi avdelinga ikkje har vurdert eksisterande kommunal bygningsmasse som eigna til formålet. I tillegg har kommunens strategi for Nedre Dragsund 2 vore uavklart inntil Formannskapet i F-sak 234/14 gav rådmannen i mandat å inngå langsiktige leigeavtalar med eksisterande og nye leigetakarar til bygget.

Eit alternativ til utbygging i kommunal regi er å leige inn eigna lokale frå private aktørar. Eigedomsavdelinga fekk såleis i november 2014 tilbod frå Moldskred Renovasjon AS om innleige av lokale under prosjektering, sjå prenta vedlegg 1. Ein slik avtale om innleige av lokale kan imidlertid ikkje aksepterast direkte, men må konkurranseutsettast i tråd med lov om offentlege anskaffingar. Innleige av lokale er etter avdelinga si oppfatning heller ikkje ønskeleg når behovet er av langsiktig karakter og innanfor kommunens primære tenesteproduksjonsområde.

Eigedomsavdelinga har også vurdert innleige av andre lokale i indre Herøy, men har ikkje funne lokale som kan eigne seg til formålet.

Særleg om Nedre Dragsund 2

Kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 (Fristadbygget) er pr i dag delvis utleigd til næringsformål, dels vert eigedomen nytta som mellombels tankbilgarasje for Herøy brannvern.

Forhandlingane med ulike næringsaktørar om leigekontrakter for bygget har ført til at mesteparten av bygget vert utleigd i løpet av våren 2015. Samstundes vert delar av høghallen og tilgrensande lager- og garderobeareal ledig for alternativ bruk. Desse areala eigner seg som lokale for ny og permanent brannstasjon.

Eigedomsavdelinga har på denne bakgrunn, og i samarbeid med Herøy brannvern, utarbeid ei skisse til korleis dette arealet kan byggast om til permanent brannstasjon for tankbilen i indre Herøy, sjå ideskisse i prenta vedlegg 3 og førebels forslag til utomhusplan i prenta vedlegg 4.

Ovannemnde inneber at deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 kan byggast om til brannstasjon i tråd med dei krav som vart stilt i funksjons- og arealanalysa som kommunestyret vedtok i K-sak 129/14.

Ombygging kan gjennomførast i 2 faser. I innleiande fase må det settast inn port i høghallen slik at tankbilen kan stasjonerast på forsvarleg vis innandørs. For å få dette til, må også rubbhallen på baksida av bygget nedmonterast og tilkomsten til bygget utbetrast. Likeins må brannstasjonfløya avgrensast mot øvrige eksisterande leigetakar i bygget med tilfredsstillande brannskiller.

I fase 2 må brannstasjonsområdet byggast om for å stette dei lovpålagde krava til garderober mm.

Eigedomsavdelinga vil difor, gjennom allereie løyvde midlar til ombygging av Nedre Dragsund 2, søke å løyse det prekære behovet for lokale til den nye tankbilen. Det er likevel all grunn til å tru at kr. 250 000 til slik ombygging ikkje er tilstrekkeleg. Avdelinga rår difor til at løyvde planleggingsmidlar for Myrvåg omsorgssenter vert omdisponert til formålet og at løyvde planleggingsmidlar for ny brannstasjon i indre Herøy aksepterast disponert til ombyggingsformål.

Ombygging til permanent brannstasjon bør gjennomførast, seinast i 2016, slik at ein får løyst dei behov som Herøy brannvern har i indre Herøy for både garderobefasilitetar for dei tilsette og lager for brannvernutstyret. Eigedomsavdelinga kjem attende med forslag til budsjettløyving for dette i budsjettprosessen for 2016.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne ombygging av deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til brannstasjon for Herøy brannvern.

Ombygging av kommunens eksisterande eigedom har fleire fordelar. Kommunens eigedom gnr. 45 bnr. 110 kan fristillast som næringstomt og selgast på det opne marknaden som opphavleg tenkt. Forslaget inneber også at kommunen kan nytte Nedre Dragsund 2 til kommunal tjenesteproduksjon i tråd med den strategi Formannskapet har vedteke for bygget om langsiktig eigarskap. Forslaget er også løysbart sett opp mot dei behov øvrige leigetakarar i bygget har.

Det er behov for tilleggsløyvingar til ombygggingsprosjektet, anten for å gjennomføre naudsynte tiltak i fase 1 eller for å gjennoføre ombygging fullt ut allereie i 2015. Rådmannen rår difor til at mellombelse tiltak vert finansiert i tråd med det forslag som eigedomsavdelinga skisserer.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:
Vedtak i tråd med tilrådinga er viktig for å sikre ein forsvarleg brannberedskap.

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 19.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Eiged.

MOLDSKRED

SUPERSUGER OG STORBLÅSER

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/1904 Saksbeh. RmY
25 NOV. 2014
Ark.kode P 614
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 1
Kassasjon

Herøy Kommune
Eiendomsavdeling/Brannvesenet
P.b 274
6099 Fosnavåg

mandag, 24. november 2014

Tilbud på leie av brannstasjon i Dragsundmarka

Moldskred Eiendom AS har i lengre tid hatt planer om å bygge industribygg i Dragsund.
Nå har vi kommet så langt i prosessen at vi ønsker å tilby andre muligheten for å kunne leie areal i et nytt bygg

Conplan har utarbeidet tegninger med brannstasjon i vårt kommende bygg. Planene kan endres etter deres ønsker og behov.
Bygget inneholder kontor/administrasjonsareal, garasje/verkstedanlegg, innendørs vaskehall for storbil og en evt. brannstasjon.

Det er kalkulert som betongelementbygg og opparbeidet uteområde.
Opparbeidet tomt vil være ca 7000m2. Området kan brukes til øvelser om Brannvesenet har behov for dette.

Priskalkylen tilsier en m2 leiepris på 950,- pr. m2, ved langtidsleie
Felleskostnader er ikke inne i denne prisen, siden de ikke er klare pr. dags dato.
Disse vil vi komme tilbake til senere. Dette innebærer brøyting, belysning, vedlikehold og lignende som er vanlig i felleskostnader.

Moldskred Eiendom AS

Lars Ivar Moldskred

åpning bxh=4600x3000
åpning bxh=4600x3000
åpning bxh=4600x3000

Kaldlager - spilevegger - høyde innvendig=4,6m
126 m2

20 19 18 17 16 15 14 13

5000 5000 5000 5000 5000 5000 5000 5000

175 175 175

portåpning bxh=4400x5000
portåpning bxh=4400x5000
portåpning bxh=4400x5000

UK drager h= 6,1m

Port
bxh=3500x3000

5000 5000 5000

Rom nr
Kontor Møte Opphold
103 m2

Rom nr
Lager
75 m2

Rom nr
Garasje / Oljevernlager
335 m2

Rom nr
Fingaderobe
22 m2

Rom nr
Trimrom
52 m2

Rom nr
HC/WC
3,2 m2

Rom nr
Rengjøring
9,1 m2

VM
VVB
TT
VM

Rom nr
Dusj
8 m2

Rom nr
Toalotter
12,4 m2

Rom nr
Toalotter
11,0 m2

Rom nr
Garderobe - Vaskerom
35,5 m2


Rom nr
Inngang/trappehus
58,8 m2

OMRÅDE 4 BRANNSTASJON

1:500

06.02.2015

N



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Port: gjerde: Brannstasjon:

Referatsaker

Referatsaker

Ordf.
Ref. fra

DET KONGELIGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Statsråden

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
- 5 MARS 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Alle kommuner
(egen adresseliste)

Tidl. ref.

Vår ref.
2014/01839-3/FD V 2/mbb/kis/032

Dato 0 3 MAR 2015

JUBILEUMSÅRET 2015 - MARKERINGER KNYTTET TIL ANDRE VERDENSKRIG

Kjære ordførere,

Vi er allerede godt inne i året 2015, som betyr at det er 75 år siden angrepet på Norge og 70 år siden frigjøringen i 1945. Regjeringen har tidligere besluttet at året 2015 skal markere dette tydelig. Det jeg ønsker med dette brevet er å beskrive hovedfokus for markeringene med hovedvekt på fem nasjonale arrangement, formidle en felles overordnet budskapsplattform som dere kan trekke på ved de lokale markeringene, og informere om Regjeringens minnemedalje.

Hovedfokus for markeringene
Fjorårets D-dagsmarkeringer viser at selv 70 år etter verdenskrigens slutt, er det klare forventninger om et tydelig uttrykk for anerkjennelse og ettertanke. Jeg mener det er viktig at vi gjennom markeringene setter fokus på vår felles krigshistorie, også for å forstå samtiden. Regjeringen har bestemt at ambisjonsnivået for sentrale markeringer skal være nøkternt, men at det bør stimuleres til gode lokale arrangementer spesielt for gjenlevende deltakere fra motstandskampen. Mitt departement koordinerer arrangementene i samarbeid med øvrige departementer og kommunene.

Postadresse: Postboks 8126 Dep, 0032 Oslo
Besøksadresse: Glacisgata 1 • Telefon: 23 09 60 01 • Telefaks: 23 09 60 50
Org.nr.: 972 417 823

Fem nasjonale arrangement
27. januar. Holocaustdagen.
[Arrangementet er gjennomført som planlagt.]

9. april. Angrepet på Norge 1940.
Forsvaret vil ha oppstilling i stridsantrekk ved alle militære avdelinger og markere dagen ved flaggheis, dette for å minnes 9. april og det ansvar alle har for å verne om Norges frihet. Lokale arrangementer bør ha fokus på hendelser i nærområdet og sette dette i et helhetlig lys.

8. mai. Frigjøringsdagen og den nasjonale veterandagen, og 70 år siden frigjøringen av Norge.
Regjeringens hovedarrangement vil finne sted på Akershus festning i Oslo. Regjeringens mål er at frigjørings- og veterandagen skal være en profilert markering av innsatsen til veteranene og samfunnet for øvrig. I 2015 rettes et spesielt fokus på krigsveteraner fra 1940 – 45. Frigjøringsdagen er offisiell flaggdag, og alle offentlige bygg flagger derfor denne dagen. Oppfordring om flagging bør også gis til alle innbyggere.

28. mai. Frigjøringen av Narvik 1940.
Hovedarrangementet vil foregå i Narvik men også andre kommuner som var berørt av kampene oppfordres til å markere dagen.

7. juni.
Dette er en dato som flere ganger vært sentral i norsk historie. Den 7. juni 1905 vedtok Stortinget erklæringen som opphevet den 91 år gamle unionen med Sverige.
7. juni 1940 forlot konge og regjering landet etter to måneders krig og den 7. juni 1945 vendte kong Haakon tilbake til landet etter fem års utlendighet. Oslo og Balsfjord er naturlige vertskommuner for markering av henholdsvis hjemkomst og avreise. Regjeringen og Forsvaret vil kunne støtte arrangementene med tilstedeværelse og materiell/personell.

Overordnet budskapsplattform
Som støtte til de lokale arrangementer har jeg godkjent den vedlagte overordnede budskapsplattform, som er utarbeidet i Forsvarsdepartementet. Budskapsplattformen fokuserer på tre hovedområder, og innenfor hvert av hovedområdene er det utarbeidet tematiske støttebudskap.

Hovedområder:
1. Frigjøringen etter andre verdenskrig. Bidra til økt anerkjennelse av alle som deltok i kampen for frigjøringen av Norge, både militær og sivil innsats.
2. Ivareta og videreformidle samfunnets kunnskap og felles erindring om hendelsene i Norge under andre verdenskrig, slik at det hendelsene og befolkningens lidelser ikke blir glemt.

3. Hedre de få veteraner fra andre verdenskrig som fortsatt lever, ikke minst de som ofret mye og tok stor risiko gjennom sivil innsats, blant annet ved utdeling av Regjeringens minnemedalje.

Minnemedalje

Jeg vil kort utdype bakgrunnen for regjeringens beslutning om å innføre en minnemedalje for innsats under andre verdenskrig.

Det er en utbredt oppfatning at mange av dem som gjorde en viktig innsats under krigen ikke har fått den oppmerksomheten og anerkjennelsen de fortjener. Dette gjelder ikke minst de som bidro på sivil side. Mange typer motstandsarbeid faller utenfor kriteriene for tildeling av eksisterende krigsdekorasjoner.

Derfor har Regjeringen i anledning markeringen av frigjøringsjubileet laget en minnemedalje, «Takk for din innsats 1939 – 45». Minnemedaljen kan tildeles norske og utenlandske militære og sivile som anerkjennelse for innsats under andre verdenskrig. Lokale myndigheter (kommunene) gis i oppdrag å identifisere om det er innbyggere som i henhold til kriteriene bør tildeles medalje. Innsatsen må bekreftes ved dokumentasjon, tidsvitner eller lokalkunnskap. Kommunens innstilling oversendes deretter fylkesmannen som på vegne av staten beslutter overrekkelse. Forsvarsdepartementet fremskaffer minnemedaljene og sender dem ut til kommunene.

Jeg ber ordfører i kommunen overrekke medaljen, i tilknytning til Frigjørings- og den nasjonale veterandagen 8. mai, eller ved en annen egnet anledning, til de av kommunens innbyggere som deltok i motstands- og holdningskampen under okkupasjonsårene.

De lokale arrangementene blir svært viktige. Arrangementene må vise at krigen berørte hele befolkningen og omfattet alle samfunnssektorer. Sivil motstand og holdningskamp var en viktig del av grunnlaget for frigjøringen i 1945. Jeg håper min oppfordring til kommunene om lokale markeringer vil bli fulgt opp på en god måte, og ønsker dere lykke til med markeringene og verdige arrangement.

Med hilsen

Ine Eriksen Søreide

Ine Eriksen Søreide

Kopi:
Statsministerens kontor
Departementene
Forsvaret
Fylkesmenn
Fylkeskommunene
Arbeidstaker- og veteranorganisasjoner

Vedlegg:
Budskapsplattformen
Kriterier for tildeling av minnemedaljen
Regjeringens representasjon 8. mai

Kommunikasjonsplan for markeringer i 2015

Bakgrunn

Siden 2011 har det blitt gjennomført en verdig og profilert markering av frigjørings- og veterandagen 8. mai. Regjeringen ønsker at tradisjonene som er knyttet til denne dagen skal videreføres og forsterkes i 2015. Den 8. mai hedres veteranene både fra andre verdenskrig og de senere internasjonale operasjonene. I 2015 vil imidlertid fokus i størst grad være rettet mot frigjøringen og veteranene fra andre verdenskrig.

I 2015 vil det foregå en rekke markeringer knyttet til angrepet på Norge i 1940 og frigjøringen i 1945 rundt om i landet. Til tross for at Norge erklærte seg nøytralt ved krigens utbrudd i 1939, ble vi trukket inn i krigen ved tyskernes angrep i 1940. Vårt viktigste bidrag til motstandskampen var handelsflåten og krigsseilernes innsats. Det var likevel våre allierte som bar de største byrdene og slik sørget for Norges frigjøring. Fra krigens utbrudd i september 1939 til august 1945 ble i gjennomsnitt 30 000 mennesker drept hver eneste dag. Omkring 10 000 nordmenn mistet livet som følge av krigshandlinger. Markeringene i 2015 vil vise at krigen omfattet alle samfunnssektorer og berørte hele befolkningen.

Sivil motstand og holdningskamp var en viktig del av grunnlaget for frigjøringen i 1945. Det er en utbredt oppfatning at mange av dem som gjorde en viktig innsats under krigen ikke har fått den oppmerksomheten og anerkjennelsen de fortjener. Ikke minst gjelder dette de mange sivile som gjorde en risikofylt innsats. Markeringene i 2015 vil være en anledning til å løfte fram nettopp dette. Mange typer motstandsarbeid faller utenfor kriteriene for tildeling av krigsdekorasjoner. Det innføres derfor en regjeringens minnemedalje for innsats under andre verdenskrig. Den kan tildeles gjenlevende norske og utenlandske militære og sivile som anerkjennelse for innsats under andre verdenskrig, uavhengig av den historiske gjennomgangen av dekorasjonssaker som nå pågår.

Fakta

1. Frigjørings- og veterandagen 8.mai er en merkedag for å hedre alle veteranene fra andre verdenskrig og frem til dagens internasjonale operasjoner. Alle som har gjort tjeneste for Norge kan med stolthet kalle seg veteran. Dette gjelder tjeneste i krig, i internasjonale operasjoner og i beredskap i Norge. Alle som har gjort sin verneplikt har bidratt til å trygge landet.
2. Hovedarrangementet for frigjørings- og veterandagen 8. mai vil foregå på Akershus festning. En rekke kommuner vil også markere denne dagen med lokale arrangementer.
3. Gjennom året vil det holdt ulike arrangementer i forbindelse med markeringen av okkupasjonen i 1940 og frigjøringen i 1945. De fem prioriterte markeringene vil være:

- 27. januar. Holocaustdagen. Frigjøringen av Auschwitz i 1945. Hovedmarkering på Akershuskaia i Oslo.
  Hovedansvarlig: HL-senteret.
- 9. april. Angrepet på Norge 1940. Arrangementer lokalt og på Akershus festning. Hovedansvarlig: Forsvarsdepartementet.
- 8. mai. Frigjørings- og veterandag med fokus på frigjøringen i 1945. Hovedprogram i Oslo etter etablert mønster, med styrket lokalt engasjement over hele landet.
  Hovedansvarlig: Forsvarsdepartementet
- 28. mai. Frigjøringen av Narvik 1940. Arrangement i Narvik.
  Hovedansvarlig: Narvik kommune.
- 7. juni. Kongen og regjeringen måtte forlate landet i 1940, og returnerte samme dato 1945. Hovedarrangementer i Oslo og Balsfjord.
  Hovedansvarlige: Oslo kommune og Balsfjord kommune.

De ansvarlige arrangørene vil også være ansvarlig for gjennomføring av kommunikasjonstiltak

4. Det er en utbredt oppfatning at mange veteraner fra den andre verdenskrig ikke har fått den heder og anerkjennelse de fortjener. Dette kommer blant annet til uttrykk i krav om dekorasjoner. For å vise samfunnets anerkjennelse til gjenlevende veteraner fra andre verdenskrig, innfører regjeringen en minnemedalje for innsats under den andre verdenskrig som kan gis til veteraner ved arrangementer og markeringer. Minnemedaljen vil bli administrert og utdelt i de respektive kommunene.

5. Økt forståelse og anerkjennelse av vår krigshistorie er noe regjeringen prioriterer høyt. Dette synliggjøres blant annet gjennom markeringer nasjonalt og lokalt i 2015, etablering av et gaveprofessorat og samarbeid med skolene. Det pågående Krigsdekorasjonsprosjektet har også en viktig rolle. Prosjektet skal identifisere grupper og enkeltindivider som det på grunn av manglende kunnskap, hemmelighold eller politiske forhold kan reises tvil om tidligere har mottatt fortjent anerkjennelse, og som bør vurderes for krigsdekorasjon.

Mål

1. Bidra til økt anerkjennelse av alle som deltok i kampen for frigjøringen av Norge under andre verdenskrig, både med militær og sivil innsats.
2. Ivareta og videreformidle samfunnets kunnskap og felles erindring om hendelsene i Norge under andre verdenskrig, slik at det som skjedde og befolkningens lidelser den gangen ikke blir glemt.
3. Hedre de veteraner fra andre verdenskrig som fortsatt lever, ikke minst de som ofret mye og tok stor risiko gjennom sivil innsats, blant annet ved utdeling av Regjeringens minnemedalje.

Kommunikasjonsmål
1. Øke kunnskapen i befolkningen om hendelsene i Norge under andre verdenskrig og om betydningen av den innsatsen veteranene gjorde for å frigjøre landet vårt fra den tyske okkupasjonen. 2. Skape økt bevissthet om okkupasjonen av Norge som en del av verdenskrigen, og behovet for å se det som skjedde her i sammenheng med det som skjedde rundt oss. Allianseperspektivet og koalisjonen for å bekjempe nazistene må komme klart fram i nasjonale markeringer og i nasjonal historiefortelling som dette er en del av. 3. Prioritere barn og unge som målgruppe for kommunikasjonstiltakene. Det er viktig at de unge får kunnskap om verdiene som våre veteraner og sivile sloss for under krigen og om de lidelsene nordmenn i alle sektorer og samfunnslag måtte gjennomleve. I tillegg til at dette er viktig i seg selv, vil det også kunne ha betydning for framtidig rekruttering til Forsvaret. 4. Øke kunnskapen om den sivile innsatsen og den personlige risikoen som svært mange nordmenn tok, blant annet gjennom fokus på gjenlevende krigsvitner og utdeling av Minnemedaljen. 5. Bidra til økt kunnskap og bevissthet om hendelsene i Nord-Norge knyttet til blant annet nedbrenningen av Finnmark og Nord-Troms og partisanenes virksomhet i nord.
Etterlatt inntrykk
1. Takket være innsatsen fra våre veteraner under andre verdenskrig kan vi i dag leve i et fritt samfunn, tuftet på de verdier og idealer vi holder så høyt; frihet, menneskerettigheter og demokrati. Denne kunnskapen må samfunnet forvalte på en god måte og bringe videre til nye generasjoner. 2. Den sivile innsatsen var viktig både for det endelige utfallet av krigen og for å holde håpet levende i befolkningen. Samfunnet hedrer alle dem som gjorde en viktig innsats og spesielt dem som ikke tidligere har fått den anerkjennelsen de fortjener.
Kommunikasjonsutfordringer
1. Tilrettelegge for at de enkelte arrangementene gis både et lokalt og et nasjonalt fokus. 2. Skape engasjement om et budskap som de fleste kjenner godt, gjennom å formidle hendelsene på en ny måte. Særlig er det viktig å nå fram på en måte som appellerer til de unge. 3. Sørge for at Norges bidrag i dagens internasjonale operasjoner også får oppmerksomhet.
Håndtering
De respektive hovedarrangørene for de enkelte arrangementene ivaretar kommunikasjonstiltak på sitt område, med bidrag fra FD der dette er hensiktsmessig.

Hovedbudskap

1. Frigjørings- og veterandagen gir Norge som nasjon anledning til å hedre dem som har vært villige til å ofre alt for Norge hjemme og ute, nå og tidligere, for de verdiene vi som nasjon forsvarer.
2. Det er særlig viktig at de unge blir bevisst på verdiene som våre veteraner og befolkningen for øvrig kjempet for den gangen, og som er bakgrunnen for at vi lever i et trygt og fritt land i dag.
3. Vi skal sikre at kunnskapen lever videre, blant annet ved å etablere en minnemedalje for innsats under andre verdenskrig, et gaveprofessorat og et utvidet samarbeid med skolene. Det er etablert et Krigsdekorasjonsprosjekt, som skal identifisere personer og grupper som bør vurderes for dekorasjon. Dette vil også kunne bidra til økt oppmerksomhet om veteranenes innsats under andre verdenskrig.

Tematiske støttebudskap

- **Innledning**
  2015 er et historisk år. Vi markerer at det er 75 år siden Norge ble okkupert av Tyskland og 70 år siden frigjøringen. Våre veteraners innsats var viktige i kampen for å gjenvinne vår suverenitet. Norge deltok i krigen med alle tre forsvarsgrener. Over 1 000 nordmenn falt under alliert overkommando. Til dette tallet må man legge de flere enn 4 000 sjøfolkene som mistet livet i den norske handelsflåten, som var Norges viktigste bidrag til den allierte seieren.

  Andre verdenskrig involverte de fleste av verdens nasjoner, alle stormaktene inkludert. Det var den mest omfattende krigen i historien, med mer enn 100 millioner mobiliserte soldater. Preget av hendelser med massedød av sivile, inkludert Holocaust, strategisk bombing og de eneste tilfeller av atombomber brukt i krig, resulterte konflikten i 50 – 70 millioner døde.

- **Norges allierte**
  Under felttoget i Norge deltok styrker fra Storbritannia, Frankrike og Polen. Etter hvert ble det tydelig at Norge, selv med alliert støtte, ikke kunne motstå de tyske troppene. Da nederlaget var et faktum på norsk jord, kunne Kongen, regjeringen og våre soldater fortsette kampen fra Storbritannia. Herfra ledet og koordinerte eksilregjeringen norsk motstand de neste fem årene. Sammen med inntektene fra handelsflåten gjorde dette det mulig å anskaffe skip, fly og annet krigsmateriell. Dermed kunne Norge bidra også militært i de alliertes kamp mot aksemaktene. Med angrepene på Sovjetunionen og USA fikk vi mektige allierte. Sovjetunionen utkjempet de største slagene og led de største tapene, USA produserte den største andelen krigsmateriell. Dette, sammen med britenes standhaftighet i en kritisk fase av krigen, var de avgjørende faktorene i seieren.

- **Den norske motstanden**
  For det store flertallet av nordmenn handlet hverdagen under krigen om å skaffe det

nødvendige til seg og sine. Samtidig økte den sivile motstanden mot okkupasjonsmakten fra år til år. Et stort antall kvinner og menn deltok i aktiv motstand under trussel om dødsstraff for sin aktivitet. Over 44 000 ble arrestert og satt i fangenskap. Alle som gjorde motstand mot okkupasjonsmakten var delaktige i den endelige seieren. Holdningskampen og den sivile motstanden var basert på demokratiske frihetsidealer og en ideologisk avvisning av nasjonalsosialismen med alle dens forgreninger i det okkuperte Norge. Viktige arenaer i holdningskampen var skole, kirke og idrett. Også den illegale presse spilte en viktig rolle. De flere tusen norske kvinner og menn, som med stor personlig risiko produserte og distribuerte undergrunnsaviser, bidro vesentlig i kampen for de verdier som det norske samfunn er tuftet på.

Omkring 10 000 nordmenn mistet livet under den andre verdenskrig. Nasjonalmonumentet for krigens ofre 1940-45 på Akershus festning er reist til deres minne. Nasjonalmonumentet bekranses ved nasjonale merkedager og utenlandske statsbesøk. I tillegg omkom svært mange sovjetiske og jugoslaviske krigsfanger i tysk fangenskap i Norge, også i leire med norske fangevoktere.

- **Holocaust**
  Den internasjonale Holocaustdagen 27. januar er viet minnet om ofrene for nazistenes masseutryddelsespolitikk. Dette var planlagte, systematiske drap på jøder og en rekke andre minoriteter som roma, funksjonshemmede, psykisk syke, homofile, Jehovas vitner og andre trossamfunn.

  I Norge markeres Holocaustdagen hvert år ved Minnesmerket over deporterte norske jøder ved Akershuskaia i Oslo. Det var herfra de norske jødene ble deportert til konsentrasjons- og dødsleire i Tyskland og Polen. Den største gruppen av norske jøder ble deportert fra Oslo 26. november 1942. Over 500 personer ble fraktet med skipet Donau til Tyskland. Mer enn 300 kvinner, barn og eldre ble drept i gasskamre. Resten ble satt i slavearbeid. Svært få av disse overlevde krigen. Rettsoppgjøret dokumenterte mange tilfeller der nordmenn deltok aktivt i gjennomføringen av deportasjonen. Rettsprosessen har i ettertid blitt kritisert for å være for unnfallende overfor de som var involvert i aksjonene.

- **Krigsseilerne**
  Mange av våre krigshelter fikk den heder og ære de fortjente ved krigens slutt. Andre har måttet vente helt opp til vår tid på å få den anerkjennelsen vi skylder dem. Krigsseilerne fra den norske handelsflåten var vårt viktigste bidrag til de alliertes seier. De betalte en høy pris. Av mer enn 35 000 krigsseilere var det over fire tusen som aldri kom hjem. Nortraship talte ved krigsutbruddet mer enn 1 000 skip. Nesten halvparten av flåten gikk ned.

  Påkjenningene var enorme. For mange kom den største belastningen likevel da krigen var over og freden et faktum. Fortellingen om hvordan våre krigsseilere ble behandlet etter andre verdenskrig er et trist og uverdig kapittel i norsk etterkrigshistorie. Det er en historie om et samfunn som ikke var godt nok forberedt på å ta vare på noen av de største krigsheltene. I stedet for anerkjennelse og respekt, ble svært mange møtt med avvisning og fornektelse. I 2013 ba

forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen på vegne av den norske stat om unnskyldning for den behandlingen krigsseilerne ble utsatt for etter krigen. Denne unnskyldningen ga hun på vegne av oss alle. Forsvarsminister Ine Eriksen Søreide gjentok denne unnskyldningen i en tale ved Minnehallen i Stavern høsten 2014.

- **Finnmark**
  I oktober 1944 startet den sovjetiske offensiven mot vest. Den 25. oktober 1944 var Kirkenes frigjort. I forbindelse med tilbaketrekningen besluttet tyskerne at alt de passerte skulle legges øde. Hele befolkningen øst for Lyngen skulle evakueres med tvang og alle hus ødelegges. Sovjetrusserne skulle ikke gis anledning til å utnytte Finnmarks infrastruktur eller lokalkjente, og nordmenn skulle ikke få etablere seg i tomrommet etter tyskerne. De siste trefningene mellom tyske og sovjetiske styrker fant sted 6. november. Mer enn 2 000 sovjetiske soldater ble drept eller såret i Øst-Finnmark under frigjøringskampen.

  Tvangsevakueringen og nedbrenningen av Finnmark og Nord-Troms i 1944 var en av de største katastrofer i norsk historie og en viktig del av norsk krigshistorie. Hendelsene har fått dramatiske konsekvenser for titusener av mennesker i mange år. Av Finnmarks befolkning på 60 000 – 70 000 mennesker ble om lag to tredjedeler drevet ut. De som motsatte seg evakuering måtte gå i dekning. Det er vanskelig å forestille seg de lidelsene som disse menneskene måtte gjennomleve. Mer forskning og økt kunnskap vil gi et bidrag til at erindringen om motstandskampen og de store lidelsene i Finnmark, holdes levende.

- **Partisanene**
  Partisanene i Finnmark var nordmenn som sammen med sovjetere skulle drive etterretning og sabotasje i Finnmark og Nord-Troms. De første gruppene ble satt inn høsten 1940. Fra høsten 1941 til virksomheten ble rullet opp av tyskerne i 1943, opererte flere radiogrupper i Finnmark. Man vet ikke med sikkerhet hvor mange norske statsborgere som lot seg verve og utdanne til partisaner. Tallet spriker fra 45 til omkring 100. Det er også uenighet om hvor stor effekt partisanenes virksomhet fikk på krigen. Flere mener imidlertid at partisanene hadde en indirekte påvirkning på krigen, ved å binde opp tyske ressurser som ellers kunne vært benyttet andre steder.

  De overlevende partisanene fikk umiddelbart etter krigen ingen norsk anerkjennelse for sin innsats. Fra sovjetisk hold mottok flere høye dekorasjoner for sin illegale virksomhet. Etterkrigstiden ble tung å bære for mange av de gjenlevende og deres familier. Mistanken om fortsatt tjeneste for Sovjetunionen hang ved under den kalde krigen. Behandlingen av partisanene, Sovjet-farerne og deres familier etter andre verdenskrig har påført dem en betydelig belastning.

  Det er gjort lite forskning på partisanenes innsats. Det er fortsatt mye vi kan lære om dem. Dette er vel på lang sikt den beste anerkjennelse vi kan gi disse tapre menn og kvinner som sto opp for Finnmark og Norges frihet.

- **«Tyskerjentene»**
  Behandlingen av de såkalte tyskerjentene er et mørkt kapittel i norsk historie. Norske kvinner som hadde innlatt seg med tyske soldater – eller ble urettmessig beskyldt for dette - ble i frigjøringsdagene trakassert både av privatpersoner, soldater, politi og Hjemmestyrker. Kvinner som hadde omgang med tyske soldater hadde ikke brutt noen norsk lov, men ble allikevel dømt for landssvik i opinionen. Den behandlingen disse kvinnene fikk var uverdig, og preget av et kvinnesyn som vi heldigvis har forlatt. De ble stilt til ansvar for å ha fratatt nasjonen sin ære. Dette var en meningsløs generalisering av skyld og skam. Slik oppførsel kan ikke forsvares uansett hva den enkelte kvinne hadde gjort. Noen steder fikk ansvarsbevisste myndighetspersoner stanset overgrepene. Andre steder rådet likegyldigheten. Flere tusen norske kvinner ble fratatt statsborgerskapet og utvist fra landet fordi de var gift med tyske menn. Handlingene og passiviteten kan ikke gjøres om. Vi må ta sterk avstand fra den behandlingen kvinnene ble utsatt for, og oppfordre til at kunnskapen om dette ikke blir glemt.

- **Landssvikoppgjøret**
  Selv om det norske folkeflertallet fulgte motstandslinjen, var det mange som tok okkupantens parti eller samarbeidet med fienden på ulike vis. Landssvikoppgjøret omfattet mer enn 90 000 saker, hvorav nærmere 60 000 resulterte i fengselsstraff eller forelegg. Sammenlignet med andre okkuperte land var det norske landsvikoppgjøret rettsstaten verdig.

- **Internasjonale operasjoner**
  Våre veteraner fra internasjonale operasjoner spiller en viktig rolle i Norges utenriks- og sikkerhetspolitikk. De skal ha sin del av æren for den fred og frihet vi nyter godt av i dag. Deres innsats er i mange land avgjørende for sivilbefolkningens trygghet og sikkerhet, og for at utvikling kan skje. De er Forsvarets veteraner. De er våre soldater.

KRITERIER/RETNINGSLINJER FOR TILDELING OG OVERREKKELSE AV REGJERINGENS MINNEMEDALJE FOR INNSATS UNDER ANDRE VERDENSKRIG

- Minnemedaljen kan tildeles norske og utenlandske militære og sivile som anerkjennelse for innsats under andre verdenskrig.
    - Norske og utenlandske militære, samt handelsflåten.
    - Sivile; Personer som gjorde en innsats i motstandsbevegelsen, holdningskampen eller under farefullt/belastende redningsarbeid ifm. ulykker/ødeleggelser som følge av krigshandlinger.

- Det kreves at vedkommende bidro i kampen mot aksemaktene eller til støtte for sivilsamfunnet. Redningsarbeid som omfattet fiendens styrker eller norske medløpere kan også regnes med dersom rent humanitære hensyn tilsier det og man selv ikke har deltatt på fiendens side.

- Lokale myndigheter (kommunene) gis i oppdrag å identifisere innbyggere som i henhold til kriteriene bør tildeles minnemedaljen. Innsatsen må bekreftes ved dokumentasjon, tidsvitner eller lokalkunnskap.

- Kommunens innstilling oversendes deretter fylkesmannen som på vegne av staten beslutter tildeling.

- Overrekkelse skal skje på seremonier som avholdes av norske myndigheter eller der norske myndigheter er representert og forestår overrekkelsen. Med norske myndigheter menes primært kommunen (ved ordfører eller bydels leder) eller utenrikstjenesten (ved ambassadør eller stedfortreder). Det er ønskelig at Forsvaret er representert.

- Mottakere av norske eller allierte dekorasjoner for innsats mot aksemaktene er automatisk kvalifiserte mottakere av minnemedaljen.

- Minnemedaljen skal overrekkes deltakeren personlig. Medaljen tildeles ikke post mortem.

- Minnemedaljen kan ikke bæres på uniform.

- Melding med navn, adresse og fødselsdato på mottakere og hvilken innsats de tildeles medaljen for, sendes straks etter overrekkelsen til Forsvarsdepartementet, slik:

- Fylkene må innen 15. april 2015 sende bestilling på antall medaljer til epost-adresse nevnt under.

Forsvarsdepartementet
FDV 2,
Postboks 8126 Dep,
0032 Oslo.
Kontaktperson i FD ved spørsmål om medaljen eller kriteriene mv er;
Tom.Botngard@fd.dep.no
Mobil: 48 89 14 25 Jobb: 23 09 61 47

LISTE TIL HJELP FOR FYLKER OG KOMMUNER VED UTVELGELSE AV KANDIDATER SOM KAN BLI TILDELT REGJERINGENS MINNEMEDALJE.

I anledning markeringen av frigjøringsjubileet har regjeringen laget en minnemedalje, «Norge takker deg for din innsats 1939 – 45». Mange typer motstandsarbeid faller utenfor kriteriene for tildeling av krigsdekorasjoner. Minnemedaljen kan tildeles gjenlevende norske og utenlandske militære og sivile som anerkjennelse for innsats under andre verdenskrig. Forsvarsdepartementet ber ordførerne i kommunene overrekke medaljen til de av kommunens innbyggere som deltok i motstands- og holdningskampen under okkupasjonsårene. Fordelingen av medaljene til kommunen skjer via fylkesmannen, som også kan gi utfyllende retningslinjer/fortolkninger i forbindelse med tildelingene. Forsvarsdepartementet fremskaffer minnemedaljene.

Som hjelp kan noen av kandidatene falle inn under vedlagt liste. Listen er ment som hjelp ifm utvelgelse av kandidater som kan bli tildelt Regjeringens minnemedalje under jubileumsåret 2015, og er ikke uttømmende.

Hvilken type deltakelse?	**Hvilken type bekreftelse?**
Krigsdeltakelse	Deltakermedaljen eller høyere norske dekorasjoner samt allierte dekorasjoner
Motstandsbevegelsen	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur
Kirkeaksjoner	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur
Politiske fanger	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur http://www.nb.no/nbsok/nb/963f3a1edcf62d730306623008f3374e?index=15#80 Under Nordmenn i fangenskap 1940-45 er det alfabetisk liste.
Holdningskampen	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur
Farefullt/belastende redningsarbeid ifm ulykker/ødeleggelser som følge av krigshandlinger	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur
Redningsarbeid som omfattet fiendens styrker eller norske medløpere kan også regnes med dersom rent humanitære hensyn tilsier det og man selv ikke har deltatt på fiendens side	Lokalhistoriker/Tidsvitner/Litteratur

En navneliste kan se ut slik:


Hordaland

Fødselsdato	Navn	Innsatskategori	Hendelser/perioder	Dokumentasjon
121220	N...N...	Milorg	1944-45	Deltagermedaljen/diplom
310319	Y...Y...	Brannmann	Sprengningsulykken 20.april 1944	Tidsvitne og avisartikkel
140423	X...X...	Sivilforsvaret	Bombingen av Holen skole 1944	Takkebrev fra kommunen
201127	O...O...	Sivil motstand	Hjalp Shetlandsgjengen, arrestert av tyskerne	Tidsvitner, lokalhistorie
160620	V... V...	Frivillig soldat	Kampene på Voss 1940	Deltagermedaljen
170721	J... J...	Krigsseiler	Flyktet til England 1941, seilte i handelsflåten	Krigsmedaljen
180824	G...G...	Motstandsbevegelsen	Støttet SABORG og leverte illegale aviser	Tidsvitne, litteratur
190934	D...D...	Offer for represalier	Telavåg. Internert. Faren døde i Sachsenhausen.	Tidsvitner, lokalhistorie

Sistnevnte eksempel er en liten pike som fikk ødelagt hus og hjem av okkupasjonsmakten. Her må det utvises skjønn, hun tilfredsstiller strengt tatt ikke kriteriene, men alle i Hordaland vil vite hva denne jenta har gjennomgått. Fylkesmannen kan gå dypere inn i denne saken og se det opp mot f eks de som ble berørt av bombingen av Holen eller sprengningsulykken på Bergen havn. Hva som er fasit, må det bli opp til Fylkesmannen å avgjøre. En slik avdømming vil ikke ta lang tid.

Det må ikke fokuseres for mye på utfordringene, men på mulighetene. Fylkeskommunen bør ikke gå gjennom den enkelte sak, men gjøre en skjønnsvurdering av navnelister og begrunnelser. Dersom det synes å være store ulikheter i hva kommunene har lagt til grunn for heder, må det søkes å utjevne praksis i fylket.

Regjeringens minnemedalje for innsats under andre verdenskrig



18. februar 2015

Disponering av regjeringsrepresentanter under markeringer – 8. mai 2015

Kontaktpersoner fra Forsvaret er ennå ikke rapportert inn

Departement	Regjerings-representant	Arrangement	Kontaktinfo
Statsministerens kontor	Statsminister Erna Solberg	Akershus festning Tale ved Nasjonalmonumentet	Sen.rådg. Tor Herman Hagen, FD V, tlf: 916 55 757, e-post: tha@fd.dep.no
Statsministerens kontor	Statssekretær	Til disposisjon	
Forsvarsdepartementet	Forsvarsminister Ine Eriksen Søreide	Akershus festning Tale (Minnelunden)	Sen.rådg. Tor Herman Hagen, FD V, tlf: 916 55 757, e-post: tha@fd.dep.no
Nærings- og fiskeridepartementet	Fiskeriminister Elisabeth Aspaker	Narvik	
Kulturdepartementet	Statssekretær Bjørgulv Vinje Borgundvaag	Akershus festning, Oslo - Tale og vert lunsj i Fanehallen/ Artilleriloftet	Sen.rådg. Tor Herman Hagen, FD V, tlf: 916 55 757, e-post: tha@fd.dep.no
Klima- og miljødepartementet	Klima- og miljøminister Tine Sundtoft	Bardufoss/Bardu/Sør-reisa	
Forsvarsdepartementet	Statssekretær Øystein Bø	Måløy	Sen.rådg. Kjetil E. Henriksen, FD V, Tlf: 959 76 985 E-post: keh@fd.dep.no
Barne-, likestillings- og inkluderings-departementet	Barne-, likestillings- og inkluderingsminister Solveig Horne	Stavanger/Vatneleiren	
Nærings- og fiskeridepartementet	Næringsminister Monica Mæland	Bergen H.K.H. Kronprinsen	Oberst (p) Gunvald Øyna, FD V, Tlf: 950 20 267 gunvald.oyna@go4itconsulting.no
Finansdepartementet	Finansminister Siv Jensen	Bodø	Ikke bekreftet
Kommunal- og moderniserings-departementet	Kommunal- og moderniserings-minister Jan Tore Sanner	Kirkenes	
Arbeids- og sosialdepartementet	Arbeids- og sosialminister Robert Eriksson	Kongsvinger/Bæreia Forsvarets veteransenter	Oblt. John Petter Bachke Tlf: 488 99 662 E-post: jbachke@mil.no
Landbruks- og matdepartementet	Statssekretær Hanne Maren Blåfjelldal	Lillehammer/Jørstad-moen	
Justis- og beredskapsdepartementet		Kirkenes	

Justis- og beredskapsdepartementet	Statssekretær Hans J. Røsjorde	Rundelen i Lunner kommune	
Kunnskapsdepartementet	Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen	Tromsø	
Helse- og omsorgsdepartementet	Helse- og omsorgsminister Bent Høie	Lundehøgda, Ringsaker kommune	
Samferdselsdepartementet	Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen	Elverum/Rena	
Utenriksdepartementet	Utenriksminister Børge Brende	Oslo Krigsseilermonumentet på Bygdøynes	Sen.rådg. Tor Hernes, FD V Tlf: 930 34 093 E-post: the@fd.dep.no
Olje- og energidepartementet	Olje- og energiminister Tord Lien	Trondheim/ Kristiansten	

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/594	Q12		UTV / JMM	09.02.2015

FV 654 SKARABAKKEN - STRAKSTILTAK - BUDSJETTVEDTAK

Viser til korrespondanse i saka.

Tiltaket gjeld breddeutviding og fortau i Skarabakken og planane er i tråd med kommunestyresak 51/12, jfr. sak 12/594. Kommunen har fått dei første skissene av prosjektet med statens vegvesen og har hatt kontakt med grunneigarar som er berørte. Så langt har det vore positive tilbakemeldingar frå grunneigarane på planane som er framlagde. Eit vidare arbeid mot grunnerverv og dialog kan ta til straks ein har eit betre teikningsmateriell frå Statens vegvesen. Kommunen ønskjer å å vere med på den vidare prosessen med grunneigarane.

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram på programområde **mindre utbetringar** med kr 18 700 000. Det er planlagd oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 10 000 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23.
Tiltaket har kome fram to plassar på investeringsprogrammet og står no med prioritet 4.

Administrasjonen si tilråding til ny økonomiplan frå 2015 var at kommunen burde vurdere å søkje om å forskottere prosjektet med kr 500 000 i planleggingsmidler i 2015, kr 8 200 000 i 2016. Fullfinansiering med fylket si bevilgning på kr 10 000 000 i 2017. Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018. Tilrådinga frå administrasjonen vart vedtatt av kommunestyret i si budsjettbehandling i desember 2014.

Kommunen har ikkje pr.dato søkt om forskottering, men vil gjere det i dialog med fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Ein ber om at fylkeskommunen kallar inn til eit oppstarsmøte.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Kopi:
Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 Molde

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Statens vegvesen Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/911	Q80		UTV / JMM	09.02.2015

FORSKOTTERING AV UNDERGANG FRØYSTADTOPPEN - BUDSJETTVEDTAK

Viser til korrespondanse i saka.

Den planlagte undergangen er lokalisert på Frøystad, Fv 654. Undergangen vert vurdert til å vere viktig med omsyn til legge til rette for ein sikker skuleveg frå dei ulike bustadområda på Frøystad og Espeset mot Einedalen skule.

I økonomiplan for Herøy kommune er Frøystadtoppen lagt inn med totalt kr 15 000 000 (kr 500 000 i 2014, kr 13 000 000 i 2015 og restløyving kr 1 500 000 i 2016)

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram med kr 22 300 000. Det er planlagd oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 4 700 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23. Tiltaket er inne på programområde **trafikktryggingstiltak** med prioritet 5.

Fylkestinget har handsama forskotteringsaka med følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak i fylkestinget - 14.10.2013
Fylkestinget tilrår at Herøy kommune får forskotere planfri kryssing av Frøystadtoppen, i tråd med vilkår gjeve i retningslinjer for forskotering, sak T-32/10.

Tilråding frå administrasjonen i budsjettbehandlinga var at ein rådde til at det vert satt av planleggingsmidlar for prosjektet i 2015 med kr 500 000, utbygging med 18 800 000 kroner i 2016 og fullfinansiert med fylkeskommunen si bevilgning i 2017. Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018. Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret desember 2014.

Ein ber om at fylkeskommunen kallar inn til eit oppstartsmøte for prosjektet.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar